



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Utgiftskapittel: 1400–1474 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2013–2014) frå Miljøverndepartementet består av fire delar:

Del I presenterer hovudutfordringane i miljøpolitikken og hovudprioriteringar innanfor Miljøverndepartementets budsjett i 2014. Vidare er det gitt eit kort oversyn over miljøpolitiske satsingar i andre departement. Her er òg omtalt oppfølging av oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar. I årets proposisjon er det gjennomført fleire endringar på postnivå for å sikre at økonomiregelverket er overhalde.

I Del III er det presentert ei utfyllande omtale av alle verkemidla og resultatområda med konkrete mål og indikatorar, samt påverknad og politikk. Proposisjonen inneheld ei heilskapeleg omtale av det einskilde resultatområdet og rapporteringa er knytt opp til det einskilde målet med vekt på indikatorane.

Det er eit skilje mellom verkemiddel og dei miljøpolitiske resultatområda. Verkemidla gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda, og dei er eit viktig grunnlag for å kunne oppnå resultat i miljøpolitikken. Verkemidla er delt inn i tre bolkar:

- Kunnskap og staddata
- Regelverk og samfunnsplanlegging
- Internasjonalt samarbeid.

I praksis inneber dette at eksempelvis infrastrukturtiltak i regi av Statens kartverk er omtalt under kunnskap og staddata, og regional planlegging under regelverk og samfunnsplanlegging.

Strukturen og inndelinga i verkemiddel og resultatområde dekkjer breidda i miljøpolitikken på ein heilskapeleg måte. Ein kan lese om utfordringane som marin naturforvaltning, akvakultur, taeskog, oljeforureining og strandsona samla under Resultatområde 1 Levande hav og kyst. Samstundes kjem det fram korleis plan- og bygningslova er nytta for å unngå unødig nedbygging i strandsona.

Av dei elleve resultatområda tek resultatområda 1-5 utgangspunkt i den inndelinga av naturen

som vi òg finn i Naturindeks for Noreg. Resultatområde 6 dekkjer kulturminne og kulturlandskap. Område 7 Godt bymiljø, og 8 Aktivt friluftsliv, dekkjer levestandard og naturretta aktivitetar for menneske, mens dei tre siste tek føre seg forureining og annan påverknad både på menneske og natur. Dei elleve resultatområda er som følgjer:

1. Levande hav og kyst
2. Livskraftige elvar og innsjøar
3. Frodige våtmarker
4. Mangfaldige skogar
5. Storslått fjellandskap
6. Verdifulle kulturminne og kulturlandskap
7. Godt bymiljø
8. Aktivt friluftsliv
9. Giftfritt miljø
10. Rein luft
11. Stabilt klima

Inndelinga i verkemiddel og resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte. Inndelinga i resultatområde legg òg til rette for ein effektiv struktur for formuleringar av mål og resultatoppfølging, både i høve til andre sektorar og internt i miljøforvaltninga. Det enkelte verkemiddel og resultatområde synleggjer Regjeringas miljøpolitiske satsing. Dette speglar seg i nasjonale mål og indikatorar

- *Nasjonale mål* er fastsette på bakgrunn av Regjeringas politikk anten i stortingsmeldingar, proposisjonar eller andre politiske dokument. Dei skal vere målbare og vise kva resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå.
- *Indikatorar* er knytte til dei nasjonale måla og er utvald reiskap i resultatoppfølginga for å seie noko om miljøtilstanden og utviklinga. Indikatorane skal kunne samanliknast frå år til år og, der det er relevant, i høve til andre land. Utvikling på indikatorane og status på dei nasjonale måla finst òg på Miljøstatus.no.

Del IV gir ei oversikt over organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga.

Innhald

Forord	3	Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning ..	97
		Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning ..	99
Del I Innleiing	11	<i>Programkategori 12.30</i>	
1 Om miljøutfordringane	13	<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	100
2 Resultat for Regjeringa i perioden 2005 til 2014	17	Kap. 1429 Riksantikvaren	103
3 Hovudprioriteringar i Miljøverndepartementets budsjett for 2014	21	Kap. 4429 Riksantikvaren	110
		Kap. 1429 Riksantikvaren: Rekneskap og rapport for 2012 iht. poststruktur i Prop. 1 S (2012–2013).	110
4 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område	23	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	119
5 Oversiktstabellar	29	<i>Programkategori 12.40</i>	
5.1 Merknader til budsjettframlegget	29	<i>Klima og forureining</i>	121
5.2 Utgifter	29	Kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet	121
5.3 Inntekter	31	Kap. 4441 Klima- og forureiningsdirektoratet	122
6 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget	35	<i>Programkategori 12.50</i>	
Del II Miljøverndepartementets budsjettforslag for 2014	37	<i>Kart, geodata og eigedomsinformasjon</i>	123
7 Omtale av kapittel og post	39	Kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	123
<i>Programkategori 12.10</i>		Kap. 2465 Statens kartverk	124
<i>Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	39	Kap. 4465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	128
Kap. 1400 Miljøverndepartementet	40	<i>Programkategori 12.60</i>	
Kap. 4400 Miljøverndepartementet	52	<i>Nord- og polarområda</i>	130
Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart	52	Kap. 1471 Norsk Polarinstitut	131
Kap. 1407 Miljøhensyn i offentlige innkjøp ...	53	Kap. 4471 Norsk Polarinstitut	133
Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	54	Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	133
Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking	55	Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	134
<i>Programkategori 12.20</i>		Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	134
<i>Klima, naturmangfald og forureining</i>	59	Del III Omtale av Miljøverndepartementets resultatområde og verkemiddel	137
Kap. 1420 Miljødirektoratet	60	8 Oversikt over resultatområde og verkemiddel	139
Kap. 4420 Miljødirektoratet	86	9 Kunnskap og staddata	141
Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	88	10 Regelverk og samfunnsplanlegging	160
Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	92		
Kap. 1426 Statens naturoppsyn	96		
Kap. 4426 Statens naturoppsyn	97		

11	Internasjonalt samarbeid	181	20	Resultatområde 9	
				Gifffritt miljø	288
12	Resultatområde 1		21	Resultatområde 10	
	Levande hav og kyst	199		Rein luft	308
13	Resultatområde 2		22	Resultatområde 11	
	Livskraftige elvar og innsjøar ..	212		Stabilt klima	319
14	Resultatområde 3		Del IV	Organisasjonsendring,	
	Frodige våtmarker	221		fornyingsarbeid og	
15	Resultatområde 4			likestilling	343
	Mangfoldige skogar	227	23	Organisasjonsendring,	
16	Resultatområde 5			fornyingsarbeid og	
	Storslått fjellandskap	237		likestilling	345
17	Resultatområde 6		23.1	Organisering	345
	Verdifulle kulturminne og		23.2	Oversikt over fornyingsarbeidet ...	345
	kulturlandskap	249	23.3	Samfunnstryggleik og	
18	Resultatområde 7			beredskap	346
	Godt bymiljø	271	23.4	Informasjonstryggleik	346
19	Resultatområde 8		23.5	Rapport om likestilling og	
	Aktivt friluftsliv	281		mangfold i miljøforvaltninga	347
			23.6	Likestillingsvurdering på	
				fagbudsjettområda	351
			23.7	Oppfølging av IA-avtala	352
				Forslag	354

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Miljøtiltak i statsbudsjettet for 2014 (i mill. kroner)	24	Tabell 7.10	Tiltak for å sikre og ta vare på kunnskap om automatisk freda kulturminne 2010–2012	111
Tabell 7.1	Fordeling av tilskot	46	Tabell 7.11	Aktivitet og tilstand knytt til freda bygningar og anlegg innanfor bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige	112
Tabell 7.2	Type senter	85	Tabell 7.12	Istandsetjingstiltak for automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen	112
Tabell 7.3	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2014 (tal i heile kroner)	93	Tabell 7.13	Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av bergkunst i bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) 2011 og 2012	113
Tabell 7.4	Berekning av kapital i Viltfondet i 2014	93	Tabell 7.14	Brannsikringstiltak	116
Tabell 7.5	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2014	94	Tabell 7.15	Fartøyvern 2012	117
Tabell 7.6	Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2014	95	Tabell 7.16	Verdiskapingsprosjekt som har motteke støtte frå post 77 i 2011 og 2012	118
Tabell 7.7	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2014	96			
Tabell 7.8	Samanhengen mellom føreslått ny poststruktur og gammal poststruktur under kap. 1429 Riksantikvaren	101			
Tabell 7.9	Rekneskap 2012 Post 72	111			

Tabell 7.17	Tiltak for å sikre og forvalte arkeologiske kulturminne 2010–2012	119	Tabell 17.3	Talet på kommunar med plan med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø.	263
Tabell 7.18	Aktivitet til vern og utvikling av verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø 2011 og 2012	120	Tabell 17.4	Storleiken på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova.	263
Tabell 7.19	Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel	121	Tabell 17.5	Årleg tap av og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalde område og etter årsaksforhold.	263
Tabell 7.20	Statens kartverks driftsinntekter	126	Tabell 17.6	Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon	264
Tabell 7.21	Statens kartverks kapitalbalanse	127	Tabell 17.7	Næringsvis fordeling av freda bygningar og anlegg	265
Tabell 7.22	Statens kartverks gjeld og eigenkapital1	128	Tabell 17.8	Tidsfordeling av freda bygningar og anlegg	266
Tabell 10.1	Reguleringsplanar	172	Tabell 17.9	Freda bygningar i privat eige ...	266
Tabell 10.2	Del av kommunane i 2012 med gjeldande plan for viktige plantema	173	Tabell 17.10	Utviklinga i ordinært vedlikehaldsnivå for teknisk og industrielle kulturminne, ruinar og stavkyrkjer 2010–2011	267
Tabell 10.3	Omdisponering av dyrka og dyrkbar mark (avrunda til næraste 50 daa)	175	Tabell 17.11	Talet på freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigar om vern og som er sette i stand.	267
Tabell 10.4	Utbygging i strandsona	176	Tabell 20.1	Definisjonar	290
Tabell 10.5	Regionale planar fordelte på plantema	178	Tabell 20.2	Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar	295
Tabell 10.6	Utbygging av fritidsbustader ...	179	Tabell 20.3	Utvalde farlege kjemikaliar handterte ved oppryddings- tiltak frå 2004 til 2012	300
Tabell 12.1	Miljøkvalitetsstandardar for prioriterte stoff vart i 2012 spesifiserte i vassforskrifta ved gjennomføring av eit underdirektiv til vassdirektivet. Miljøkvalitetsstandardane konkretiserer miljømåla for kjemisk tilstand i vatn for 33 prioriterte stoff. Det vil ofte vere meir føremålstenleg å overvake miljøgifter i sediment og/eller organismar fordi denne typen overvaking gir eit betre bilete av belastninga av stoff som hopar seg opp i næringskjeda og utgjer eit problem over tid. Det blir derfor arbeidd med å utvikle miljøkvalitetsstandardar for organismar og sediment.	207	Tabell 21.1	Definisjonar	310
Tabell 13.1	Oversikt over risiko for ikkje å tilfredsstille miljømåla i vassforskrifta	214	Tabell 21.2	Del av Noregs areal der tolegrensene for forsurening av overflatevatn er overskridne (pst.)	315
Tabell 17.1	Definisjonar	253	Tabell 23.1	Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2013 under Miljøverndepartementet	345
Tabell 17.2	Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalde område.	262	Tabell 23.2	Oversikt over del kvinner i pst.	347
			Tabell 23.3	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månadlege gjennomsnittslønn	347
			Tabell 23.4	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn	348

Figuroversikt

Figur 7.1	Tilskot til vedlikehald og istandsetjing av tekniske og industrielle kulturminne i 2011 og 2012	114	Figur 20.1	Utsleppsindikatorer for utslepp av farlege stoff 2002–2011, relativt til utslippsnivået i 2002, fordelt på fareklassar. Indeks (2002=1).	298
Figur 7.2	Tilskot for å sikre og setje i stand dei norske verdsarvstadene, 2010–2012.	115	Figur 20.2	Utslepp til vatn frå IFE Halden til Tista og Iddefjorden	301
Figur 7.3	Utviklinga i talet på tilsegner og talet på slutførte prosjekt frå 2003 fram til 2013, og prognose. Det er ein auke på slutførde prosjekt samstundes med at talet på tilsegner går ned.	120	Figur 20.3	Radioaktivitet i villrein 2001–2011	302
Figur 8.1	Miljøpolitiske resultatområde ...	139	Figur 20.4	Deponert mengde (kg) radioaktivt avfall i Gulen 2008–2012.	303
Figur 8.2	Budsjett fordelt på resultat- og verkemiddelområde	140	Figur 20.5	Utvikling i avfallsmengde og BNP frå 1995 til 2011	304
Figur 9.1	Bromerte flammehemmarar i lagesild	142	Figur 20.6	Andel avfall til gjenvinning	305
Figur 10.1	Viktige lover	161	Figur 20.7	Farleg avfall til godkjent og ukjent handtering 2003–2011. ...	306
Figur 10.2	Plansystemet – samanhengen mellom plannivåa	165	Figur 21.1	Utslepp av langtransporterte gassar (tonn)	317
Figur 11.1	Figur over dei viktigaste internasjonale konvensjonane på miljøområdet.	185	Figur 22.1	CO ₂ utslepp i 2011	321
Figur 17.1	Geografisk fordeling av freda bygningar og anlegg.	265	Figur 22.2	Globale utsleppstal	323
			Figur 22.3	Noregs utslepp av klimagassar frå 1990 til 2012	338
			Figur 22.4	Klimagassar etter kjelde	340
			Figur 22.5	Utslepp av klimagassar frå 1990 til 2012 med framskriving til 2030	340

Oversikt over bokser

Boks 9.1	Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og grunnlag for tiltak	142	Boks 17.3	Kulturminne i kommunen	256
Boks 9.2	Naturindeks for Noreg	145	Boks 17.4	Flyboren laserskanning og arkeologi	258
Boks 9.3	Definisjon av omgrepet truga arter	145	Boks 18.1	Prinsippa for berekraftig by- og tettstadutvikling går fram av St.meld. nr. 23 (2001–2002) Bedre miljø i byer og tettsteder: .	275
Boks 9.4	Felles global referanseramme	152	Boks 18.2	Satsinga i Groruddalen	278
Boks 9.5	Tinglysingsgebyret	156	Boks 18.3	Dei nasjonale gatene og plassane våre	278
Boks 10.1	Planlegging i tal	165	Boks 20.1	Kvikksølv – ei ny global avtale	290
Boks 10.2	Kommunale planar til avgjerd i Miljøverndepartementet	166	Boks 21.1	Avgifta på utslepp av NOx og Miljøavtale om reduksjon av NOx-utsleppa	314
Boks 10.3	Areal til bustadbygging	166	Boks 22.1	Klimagassutslepp og klimaendringar	321
Boks 10.4	Retningslinjer for motsegn etter plan- og bygningslova	171	Boks 22.2	Kva er skilnaden mellom kvotesystemet og CO ₂ -avgifta? ...	327
Boks 10.5	Planar for bustadbygging i byane	174	Boks 22.3	Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge	332
Boks 17.1	Jordvern og endringar i kulturlandskapet	252			
Boks 17.2	Byens kulturarv – Bra for klimaet!	254			



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Utgiftskapittel: 1400–1474 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

*Tilråding frå Miljøverndepartementet 20. september 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiing

1 Om miljøutfordringane

Miljøutfordringane våre kan synast små samanlikna med andre land. Vi har god plass, eit rikt naturmangfald og eit velutvikla forvaltningsapparat til å gjennomføre miljøpolitikken og til overvaking av miljøtilstanden. Sjølv om vi har fått god kontroll over fleire tradisjonelle miljøproblem, slik som industriutslepp til luft og vatn, står mange utfordrande oppgåver att. Nye problemstillingar kjem òg til. Dei største utfordringane framover er knytt til klima, til bruk og utslepp av miljøgifter og til truslar mot naturmangfaldet. I fleire byar og tettstader er det til tider dårleg luftkvalitet, særleg vinterstid. Desse miljøutfordringane går på tvers av samfunnsområda og er knytt til produksjons- og forbruksmønstra i samfunnet. Auka inntektsnivå er ein driver til auka forbruk. Meir fritid gir auka pågang etter fleire og lengre reiser. Ei veksende befolkning fører til større etterspurnad etter dei fleste typar varer og tenester. Endringane i verdsøkonomien dei siste tiåra har i tillegg sett nye miljøproblem og utfordringar på dagsordenen.

Miljøutfordringane er i stor grad internasjonale, og løysingane ligg i eit tettare samarbeid landa imellom. Miljøutfordringane i vårt land er på denne måten ein del av dei samla globale utfordringane. Vi gir våre bidrag til dei internasjonale problema, og vi blir utsette for mange av dei same miljøverknadane som andre land. Derfor må vi òg ta del i arbeidet for å løyse dei. Vårt land er ikkje ein isolert plass på jorda.

Noreg har lenge hatt som mål å vere i fremste rekkje i det internasjonale miljøarbeidet. Som eit rikt og velutvikla land kan og bør vi vere ambisiøse på vegner av miljøet, både her heime og i samarbeidet mellom landa. I utlandet ser mange på Noreg som eit miljøpolitisk føregangsland. Skal vi lukkast i miljøpolitikken, må vi framleis følgje dei prinsippa og retningslinjene vi lenge har bygd på: Vi skal leggje til grunn «føre-var-prinsippet» som inneber at mangel på kunnskap skal komme naturen til gode, prinsippet om at forureinaren skal betale, og prinsippet om samla belastning, som inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både økosystem og arter, når planar skal utformast og vedtak fat-

tast. Gjennom forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og plan- og bygningslova er desse prinsippa omsette i gode lov- og regelverk til sikring av natur og miljø.

Miljøpolitikken må vere forankra i solid fagleg kunnskap. Forsking og systematisk overvaking av natur- og miljøtilstanden dannar grunnlaget for utvikling av miljøpolitikken og utforming av verkemiddel. Det er viktig at vi nyttar miljøvennleg teknologi, og at vi utformar skattar og avgifter slik at dei stimulerer til miljøvennleg åtferd og ressursbruk.

Miljøproblema oppstår i dei ulike økonomiske sektorane i samfunnet: i transportsektoren, i landbruket, i industrien, og i offshoresektoren, for å nemne nokre av dei viktigaste. Det betyr at det er i dei same sektorane løysingane må finnast. Alle samfunnssektorane har eit sjølvstendig miljøansvar på eige område.

Klimaendringar og global oppvarming er den største utfordringa i vår tid. Regjeringa har sett ambisiøse mål om å redusere klimagassutsleppa og å omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn fram mot 2050. Noreg arbeider saman med ei rekke andre land for å hindre ei global oppvarming ut over 2°C samanlikna med førindustrielt nivå. Sjølv ein slik temperaturauke vil skape følbare endringar og nye problemstillingar. Alvorlege flaumar og skred dei seinare åra, både her heime og i andre land, gir oss ein peikepinn på kva vi kan vente oss meir av. Nedbørmangel og tørke er òg eit aukande problem fleire stader på jorda. Noreg har betre føresetnader for å tilpasse seg konsekvensar av klimaendringar enn mange andre land. Dei globale økonomiske, sosiale og økologiske konsekvensane av eit endra klima vil derimot vil òg få merke.

Kampen mot klimaendringane må førast parallelt med at vi utformar tiltak for å tilpasse oss dei endringane som vi ser kjem. Bustadområde, vegar, jernbaner og andre viktige samfunnsfunksjonar må sikrast mot auka påkjenningar frå vær og vind. Klimapolitikk er såleis ikkje berre ei miljøsak men ei samfunnssak. Klimaendringane er òg ei global økonomisk utfordring. Det er samfunnsøkonomisk lønsamt å setje inn effektive og

ambisiøse tiltak no, samanlikna med å vente og å ta større kostnader seinare.

Den observerte temperaturstiginga i Arktis og svekkinga av sjøisen har lenge gitt grunn til uro. I følgje delrapporten frå FN sitt klimapanel som blei lagt fram i september, kan havet fra Arktis bli nærast isfritt i periodar mot midten av århundre om ein ikkje reduserar utsleppa frå dagens nivå.

Den minkande sjøisen i Arktis vil truleg føre til auka økonomisk aktivitet i området. Nye sjøruter er i ferd med å bli opna, og det vil òg bli mogeleg å hente ut naturressursar i større omfang enn hittil. Frå å vere ein fjern og lite brukt utkant i verda, vil Arktis etter kvart få ei langt viktigare rolle i internasjonal politikk og økonomi. Sjølv om det kan hentast ut økonomiske gevinstar frå Arktis når havisen trekkjer seg tilbake, er slike gevinstar truleg små samanlikna med dei globale økonomiske kostnadane og miljøproblema som vil kunne oppstå som følgje av klimaendringane i desse områda. Særleg land og regionar lenger sør vil kunne bli hardt råka av vidare global oppvarming, havnivåstiging og endra vêrmønster. Dei fordelane som enkelte land kan oppnå, vil ikkje kunne vege opp for dei globale ulempene som issmeltinga fører med seg.

For vårt land er utviklinga i nord av stor betydning. Nordområda og Arktis er blant våre viktigaste satsingsområde. For Noreg er det eit overordna omsyn å hindre negative miljøkonsekvensar av den nye interessa for Arktis. Vi skal vere ein langsiktig og truverdig forvaltar av miljøverdiene i nord. Det internasjonale miljøsamarbeidet innanfor Arktisk Råd er i så måte svært viktig og høgt prioritert frå norsk side.

Naturmangfald. Om lag 2500 arter er klassifisert som truga på *Norsk rødliste for arter 2010*. Vidare er om lag 40 naturtypar klassifiserte som truga på *Norsk rødliste for naturtypar 2011*. Arealbruksendringar er framleis den viktigaste årsaka til tapet av naturmangfald. Mange arter og naturtypar vil òg vere sterkt utsette for endringar i temperatur og klima. I Arktis vil eit mildare klima og mindre is endre livsvilkåra for ei rekkje arter og økosystem. På same tid vil klimaendringane òg føre til at arter og organismar spreier seg til nye område. Langs delar av norskekysten står tareskogen i fare for å bli borte. Klimagassen karbondioksid gjer havet surare, noko som trugar mange økosystem og livsformer. Endringane i økosystema vil òg kunne få konsekvensar i form av dårlegare grunnlag for matproduksjon, spreiing av dyre- og plantesjukdomar og nye helseutfordringar. Mangfaldet i naturen er med på å halde oppe både økonomiske og sosiale struktu-

rar. Blir naturmangfaldet svekt, fører det òg til at økonomi og samfunn blir svekte. For å medverke til å sikre naturmangfaldet i landet vårt, er det oppretta ulike kategoriar verneområde som til saman dekkjer nesten 17 prosent av Noregs landareal.

Naturens mangfald og dei tenestene naturen gir oss – økosystemtenestene – har stor økonomisk verdi. Det internasjonale prosjektet «The Economics of Ecosystems and Biodiversity» (TEEB) har konkludert med at utnyttinga av naturen no har gått så langt at økosystema si evne til å levere slike tenester globalt sett er redusert. Dei sosiale og økonomiske kostnadane vil komme til å vekse stadig raskare dersom vi ikkje reduserer belastninga på miljøet. Dette krev mellom anna at vi i langt større grad greier å integrere omsynet til økosystem og miljøverdiar i dei politiske og økonomiske avgjerdsprosessane i samfunnet.

Helse- og miljøfarlege kjemikalier utgjør ei stor utfordring både nasjonalt og internasjonalt. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning og helse for kommande generasjonar. Kjemikalier finst i produkt og inngår i dei fleste industriprosessane. Helse- og miljøverknadene av mange kjemikalier på marknaden er ukjende. Det trengst derfor meir kunnskap på dette feltet.

Langtransportert luftforureining fører til vassforsuring og til overgjødning av vegetasjon og til høge konsentrasjonar av bakkenært ozon og partiklar som kan skade både helse, vegetasjon og materialar. Ei lang rekkje land har påteke seg forpliktingar om å redusere sine samla utslepp av luftforureiningar, sist i 2012 gjennom revisjon av Gøteborgprotokollen av 1999 om reduksjon av forsuring, overgjødning og bakkenært ozon. Hovudinnsatsen framover innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er å redusere utsleppa av NO_x og ammoniakk i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen.

Miljøvern der folk bur og arbeider. Mange store miljøutfordringar finn vi i òg omkring dei større byane, mellom anna knytt til transport og luftkvalitet, bu- og bustadmiljø og område for rekreasjon og friluftsliv. Den sterke auken i folketalet i byane gjer slike problemstillingar ekstra aktuelle. Det er særleg viktig å få til samordna løysingar, som til dømes at byutvikling og bustadbygging skjer i tilknytning til miljøvennleg, skinnegåande transport. Vi må syte for at byutviklinga skjer på ein måte som sikrar gode bumiljø, som løysar transportutfordringane gjennom meir og betre kollektivtra-

fikk og som ikkje går på kostnad av bynære natur- og rekreasjonsområde. Prosjektet «Framtidas byar» har her gitt oss gode erfaringar som vi må byggje vidare på. Regjeringa ønskjer òg å følgje opp erfaringane med områdesatsingar i utsette byområde og vil rette innsatsen mot nye område i Oslo og Drammen.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer vårt kollektive minne om samfunn og levkår i tidlegare tider. Dei gir kontinuitet og karakter til dei fysiske omgjevnadene og skapar tilhøyrsløse. Kulturminne og kulturmiljø er mange stader også viktige for reiseliv og turisme og kan nyttast som ein ressurs i nærings- og distriktsutviklinga. I ei tid med raske endringar og omstillingar på mange felt er det ekstra viktig å ta vare på verdiane kulturarven representerer. Mellom anna er det viktig å forvalte dei kulturhistoriske verdiane og ressursane i dei store byane på ein god måte, for å sikre gode bymiljø og ei berekraftig utvikling.

Målsetninga er at ein skal ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping, både for dagens og framtidens generasjonar. Endringar i klima, næringsstruktur, busetjingsmønster og livsstil er faktorar som skapar store utfordringar i arbeidet med å ta vare på desse miljøverdiane.

Miljø og samfunn

Eit miljøvennleg samfunn er eit betre samfunn: Mindre forureining av luft og vatn gir betre folkehelse. Ein meir effektiv og miljøvennleg kollektivtransport gir enklare og lettare arbeidsreiser. Mindre biltrafikk i byane gir meir innbydande fysiske omgjevnader. Initiativ for ein grøn økonomi og grøn vekst viser korleis ei omlegging av økonomien kan sikre langsiktig vekst og velferd gjennom ei stadig meir effektiv utnytting av miljø- og naturressursar innanfor naturens tolegrensar. Rein og urørd natur blir stadig meir etterspurd. Vi må nytte naturen både til auka livskvalitet, kunnskapshenting og verdiskaping, men på ein slik måte at vi ikkje reduserer eller skader viktige naturverdiar. Naturen skal brukast på ein berekraftig måte, ikkje forbrukast.

I utforminga av miljø- og klimapolitikken kjem vi av og til opp i dilemma. Korleis skal vi skaffe fornybar energi samstundes som vi tek omsyn til urørd natur? Kor mykje tilrettelegging trengst det i friluftsområda? Kor mange rovdyr skal vi ha, og kvar skal dei vere? Er det rett å samle fleire miljøbelastningar på eitt, mindre område, eller bør dei spreiest? Slike spørsmål har ikkje alltid enkle svar.

Val som blir gjort og vedtak som blir fatta, får følgjer både for einskildmenneske og for organiserte interesser og vil ofte ha langvarige verknader. Derfor er det viktig at alle syn kan komme fram i avgjerdsprosessane og at alle partar blir høyrde og tekne omsyn til. Miljø saker skapar ofte stor merksemd og debatt, og dette gjer det ekstra viktig at vedtak er godt forankra i demokratiske prosessar. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige støttespelarar som i mange tilfelle har sett miljøproblem på dagsorden. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom miljøstyresmaktene, næringslivet og miljøorganisasjonane.

Internasjonalt samarbeid og ansvar

Dei største miljøproblema i vår tid er globale og må løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Noreg skal vere ein pådrivar og arbeide for ambisiøse og forpliktande internasjonale miljøavtaler. Internasjonalt samarbeid og betre teknologi har medverka til at vi har klart å redusere tilførslene av sur nedbør og utslepp av ozonskadelege gassar. Fleire av dei største miljøproblema, slik som klimaendringane, har opphav i den rike og industrialiserte delen av verda, som Noreg er ein del av. Våre land har derfor eit særskilt ansvar for å finne gode løysingar og effektive verkemiddel.

Dei internasjonale klimaforhandlingane har vist at det er vanskeleg å bli einige om felles bindande mål og tiltak. Derfor må vi samarbeide med land og organisasjonar som kan og vil gå saman om å finne løysingar, også utanfor dei formelle FN-forhandlingane. Alle land kan gjere meir på eiga hand. Mange land kan bli flinkare til å samarbeide internasjonalt. Vi må vise at rike industriland kan omstille seg til grønne økonomiar, med høg livskvalitet og auka velferd innanfor naturen sine tolegrensar, slik at andre land lettare kan følgje etter. EUs satsing på ressurs effektivitet er eit forsøk på å realisere dette. Fleire land veljer no ein grønare utviklingsstrategi med blant anna større vekt på nasjonale, fornybare ressursar. Dette har vist seg å gi både lettare tilgang på investeringar frå ulike kjelder og betre makroøkonomisk balanse. Veksten i globale utslepp av klimagassar skriv seg no frå raskt vaksande økonomiar, spesielt utviklingsland i Asia. Løysinga på klimautfordringa krev nytenking der alle land tek ansvar i tråd med den reelle kapasiteten og styrken landa har. Vi må samarbeide med utviklingslanda og støtte dei landa som har vilje, men ikkje kapasitet til å gjere grønne val. Dette vil på same tid medverke til å løyse miljøutfordringar og til ei berekraftig utvikling. Det norske klima- og skoginitiativet er eit døme på slikt samarbeid, saman med det brei-

are miljøsam arbeidet med India, Kina, Sør-Afrika og Brasil. Noreg støttar fleire internasjonale initiativ for å hjelpe u-landa med kompetanse og erfaringar og søker på ulike vis å oppnå meir berekraftig produksjon og forbruk i eige land. Oppfølging av vedtaka frå Rio+20-konferansen handlar om å løyse desse utfordringane saman. FNs miljøprogram spelar ei sentral rolle i mange av desse tiltaka.

Noreg har eit særleg ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard. Aktivitetane i nord

må tilpassast det naturen kan tole og ta omsyn til at naturen i Arktis kjem under stadig sterkare press, mellom anna som følge av klimaendringar. Arbeidet med å hente inn meir og betre kunnskap om tilhøva i nord er eit viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Dei globale miljøutfordringane krev at miljøomsyn blir innarbeidde òg i andre delar av det internasjonale samarbeidet, til dømes internasjonal handel.

2 Resultat for Regjeringa i perioden 2005 til 2014

Den raudgrøne Regjeringa har i perioden 2005 til 2014 gjennomført eit betydeleg løft for norsk miljøpolitikk.

Det er lagt eit godt grunnlag for framhaldne reduksjonar i klimagassutsleppa, for å ta vare på naturmangfaldet og kulturminna. Ein viktig del av dette grunnlaget er dei nye lovene naturmangfaldlova og markalova, og den nye plan- og bygningslova - ei lov som er heilt sentral for å sikre berekraftig arealpolitikk og reduserte utslepp av klimagassar. Ny lov om geografisk infrastruktur er sentral for å sikre tilgang til og deling av data for miljø- og arealforvaltning.

I denne budsjettproposisjonen er det føreslått ei løyving på 6 004,1 mill. kroner til Miljøverndepartementet. Det er ein auke på 119 prosent frå Bondevik II-regjeringas budsjett for 2005. Miljøprofilen i statsbudsjettet har òg auka med meir enn det dobbelte frå 19,2 mrd. kroner i 2005 til 49 mrd. kroner i 2014.

Regjeringa har lagt fram to klimameldingar – i respektive 2007 og 2012 – som begge la grunnlaget for breie klimaforlik i Stortinget. Klimameldingane la fram ei rekkje nye verkemiddel og tiltak i klimapolitikken både internasjonalt og nasjonalt, og sikrar ein langsiktig klimapolitikk. Nokre av dei viktigaste tiltaka i klimameldinga frå 2012 er eit nytt klima- og energifond, auka CO₂-avgift og satsing på kollektivtrafikk. Klimamåla slik dei vart nedfelte i det første klimaforliket, står fast.

Regjeringas klima- og skoginitiativ (regnskogsatsinga) vart lansert under klimatoppmøtet på Bali i 2007. Sidan starten i 2008 er det løyvd inntil 3 mrd. kroner årleg til arbeid for å redusere avskoging i utviklingsland. Initiativet har gitt gode resultat både ved å medverke til reduserte utslepp frå avskoging i utviklingsland og til at slike utslepp blir omfatta av ei ny internasjonal klimaavtale. Satsinga medverkar òg til kampen mot fattigdom og berekraftig økonomisk utvikling. Det er inngått ambisiøse og innovative partnerskap med strategisk viktige skogland, under dette nøkkellanda Brasil og Indonesia som til saman står for meir enn 50 prosent av årlege utslepp frå avskoging. Noreg var den første og er den største internasjonale bidragsytaren for Brasils reduserte

avskoging. Nedgangen i avskoging i Brasil er det største enkeltstående klimatiltaket verda har sett. Regjeringa har òg medverka til at meir enn 40 utviklingsland no er i gang med førebuingar for å redusere avskoging.

Noreg har vore ein aktiv og offensiv aktør i dei internasjonale klimaforhandlingane. Vi medverka blant anna aktivt til å få på plass ei vidareføring av Kyoto-avtala. Noreg har òg gitt eit avgjerande bidrag for å få på plass ei avtale om redusert avskoging under klimakonvensjonen.

Våren 2013 la Regjeringa fram stortingsmeldinga *Klimatilpasning i Norge*. Meldinga gjer greie for konsekvensar av klimaendringar for Noreg og legg overordna, felles rammer og verkemiddel for at sektorar, fylke, kommunar og andre aktuelle aktørar kan ivareta behovet for å tilpasse verksemda si til eit endra klima.

Miljøvernministeren er òg planminister. Gjennom å handheve plandelen av plan og bygningslova blir det lagt føringar for ein langsiktig berekraftig arealpolitikk. Ny plan- og bygningslov vart sett i verk i 2009 og la grunnlaget for ei betre arbeidsdeling mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Regjeringa samordna i 2011 dei arealpolitiske føringane sine i dokumentet Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging. Regjeringa har vidare gitt føringar for kommunane si planlegging gjennom statlege planføresegner for kjøpesenter og gjennom fleire statlege planretningslinjer, blant anna for tema klima- og energiplanlegging og differensiert strandsoneforvaltning.

Det er teke initiativ for fleire tiltak for å effektivisere kommunale planprosessar, blant anna ved innskjerping av motsegnordninga og krav til at statlege og regionale styresmakter må delta aktivt og tidlig i prosessane. Det er sett i gang forsøk i seks fylke med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar.

Regjeringa har satsa sterkt på byutvikling, og gjennomfører fleire utviklingsprogram i samarbeid med dei største bykommunane. *Groruddalsatsinga* har gått føre seg i heile åtteårsperioden og *Framtidas byar* vart starta i 2008, eit breitt samarbeidsprogram mellom fire departement, Kom-

munanes Sentralforbund, 13 byar og tre næringslivsorganisasjonar. Ei lang rekkje tiltak er gjennomført i tråd med måla. Den særskilte plansatsinga for dei store byområda vart starta i 2013 og har særleg fokus på bustadbygging og samordna areal- og transportplanlegging. I august 2013 vart dokumentet *Den bærekraftige byen* lansert, ei samla framstilling av Regjeringas bypolitikk.

Med løyvingar frå Miljøverndepartementet er ein i gang med å byggje eit nytt geodetisk observatorium i Ny Ålesund på Svalbard. Observatoriet medverkar gjennom målingar og fastsetjing av jordas posisjon og endringar til eit felles, stabilt utgangspunkt for målingar av klima, havnivå, flaum, ras, jordskjelv og issmelting.

Ein strategi for opne kart- og eigedomsdata vart lagt fram av Miljøverndepartementet i 2013 og legg opp til at dei viktigaste nasjonale kartdata blir opna og gratis tilgjengelege som eit første steg for betre tilgang til og deling av kart- og eigedomsdata til bruk i offentleg forvaltning og for næringsutvikling.

Den raudgrøne Regjeringa har sytt for at Noreg som første industriland ratifiserte Nagoya-protokollen om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling av inntektene som stammar frå utnyttinga av slike ressursar. Protokollen vil kunne medverke til ei meir rettferdig fordeling av inntektene frå genressursane i verda. Mesteparten av genressursane finst i utviklingsland, mens det er i-landa som i hovudsak har den teknologiske kapasiteten til å gjere seg nytte av dei.

I 2009 vart naturmangfaldlova vedteken og sett i verk. Naturmangfaldlova gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen. Med lova har Noreg fått nye verkemiddel for å kunne ta vare på natur og utanfor verneområda. Berebjelken i naturmangfaldlova er at Noreg skal ha ei kunnskapsbasert forvaltning av naturen. Dei siste åra er det sett i gang mykje innhenting av ny kunnskap, blant anna Artsprosjektet og Artsobservasjonar, Mareano, Seapop og Rovdata. Samanstillinga og systematiseringa av kunnskap er òg betra, gjennom blant anna Naturindeks, Norsk raudliste for arter, Norsk raudliste for naturtypar, Framande arter i Noreg – med norsk svarteliste. Også kvalitetsnorma for villaks, vedteken med heimel i naturmangfaldlova, er eit godt eksempel på eit verktøy for eit omforeina kunnskapsgrunnlag.

I 2009 vart òg markalova for naturområde i Oslo og nærliggjande kommunar vedteken og sett i kraft. Markalova lovfestar grensene til Marka som 1,2 millionar menneske har som næraste, større turområde. Formålet med lova er å fremje og leggje til rette for friluftsliv, naturoppleving og idrett.

Sidan regjeringsskiftet i 2005 er det verna eit areal på ca. 15 000 km². Det svarar til storleiken på Buskerud fylke. Det er oppretta tolv nye nasjonalparker: Reinheimen, Varangerhalvøya, Seiland, Hallingskarvet, Lomsdal/Visten, Ytre Hvaler, Breheimen, Sjunkehatten, Rhokunborri, Fulufjellet, Láhko og Færder. I tillegg er to eksisterande nasjonalparker utvida: Langsua/tidlegare Ormtjernkampen og Øvre Dividalen. Det er oppretta sju store landskapsvernområde: Naustdal/Gjengedal, Ålfotbreen, Sylane, Skardsfjella og Hylingsdalen, Sølen, Kvænangsbotn og Navitdalen. I tillegg ei rekkje mindre naturreservat og landskapsvernområde i tilknytning til nasjonalparkane.

Ein ny modell for lokal forvaltning av verneområde er etablert. Lokal forvaltning gir auka lokalt eigarskap og ansvar til dei aktuelle kommunane. Det er no etablert 41 lokale nasjonalpark-/verneområdestyre som har forvaltningsmynde for nasjonalparkane og dei andre store verneområda våre. Det er òg tilsett ca. 39 nasjonalparkforvaltarar som har sekretariatsansvar for styra og som medverkar til at vi forvaltar områda i samsvar med regelverket og nasjonale målsetjingar slik at verneverdiane blir tekne vare på.

Dei tre første marine verneområda i landet - Tauteryggen, Framvaren, Saltstraumen – vart oppretta i 2013.

Det er oppretta over 350 naturreservat. 214 av dei oppretta naturreservata er skogreservat, og det er her verna totalt 567 km² produktiv skog. Blant skogreservata er Trillemarka – Rollagsfjell i Buskerud. Med sine 147 km² er dette Noregs største skogreservat. Området inneheld store naturverdiar, bl.a. viktige område med svært gammal og lite påverka naturskog, ei rekkje truga og sårbare arter og kjerneområde med bl.a. bekkeløfter og sørboreal blandingsskog. Dette er ei av dei mest konfliktfylte vernesakene som er gjennomført. Det vart gjennomført ein omfattande dialog med kommunane om utforming av verneføsegnene, og verneområdet blir forvalta av lokale styresmakter.

I dag skjer skogvern i all hovudsak gjennom frivillig vern av privateigd skog og vern av offentleg eigd skog. Om lag 2,5 prosent av produktiv skog er verna, mens ulike faglege tilrådingar om skogvern ligg betydeleg høgare. Det er brei politisk semje om å auke skogvernet i Noreg. Løyvinga til skogvern var på 231,1 mill. kroner i 2013. For 2014 er det foreslått ei ytterlegare styrking på 100 til 331,1 mill. kroner. Regjeringa legg opp til at auken held fram med 100,0 mill. kroner årleg fram til 2017.

For å medverke til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir ein viktigare ressurs i

samfunnsutviklinga har Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet i perioden 2009-2013 gjennomført verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskaper*. Det har resultert styrking av eksisterande bedrifter og etablering av nye rundt verneområda. Prosjektet har òg medverka til auka gjensidig forståing mellom forvaltarane av naturen og næringsliv og lokalbefolkning. Av same grunn har Regjeringa dobla satsinga på Nasjonalpark- og naturinformasjonssentra og autorisert ni nye senter.

Arbeidet med å ta vare på dei fire store rovdyra ulv, bjørn, jerv og gaupe er styrkt, samtidig som det er gjennomført fleire tiltak for å redusere konfliktnivået. Eit uavhengig overvakingsorgan for rovvilt, Rovdata, vart oppretta i 2010. I 2011 vart det vedteke eit rovviltforlik der alle partia på Stortinget for første gong er samde om å sikre overlevinga til alle dei store rovviltartene i norsk natur.

For å beskytte villaksen er det gjennomført ein kraftinnsats mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. I Vefsn-regionen er verdas største rotenonbehandling gjennomført til ein pris av 150 mill. kroner. Det er òg innført strenge reguleringar i fiske etter laks i sjø og elv og oppretthalde ein stabil og føreseieleg innsats på kalking.

I 2007 implementerte Noreg EUs vassdirektiv. Dette er eit viktig verktoy for å fastsetje og nå miljømål for vatn, vassdrag og kystvatn. Det er sidan då lagt ned eit stort arbeid for å vurdere miljøtilstanden i heile 30 000 elvar, innsjøar og fjordar over heile landet. Dette skal ligge til grunn for vassforvaltningsplanane som blir utarbeidde fram mot 2016. Kvar region skal i dette arbeidet fastsetje mål og tiltak for å betre vassmiljøet. Det har i løpet av denne perioden blitt sett i gang og utført ei heil rekkje tiltak for å betre vassmiljøet.

Den raudgrøne Regjeringa har sytt for at alle norske havområde er omfatta av heilskaplege og økosystembaserte forvaltningsplanar. Planane balanserer omsynet til verdiskapning og behovet for å ta vare på økosystema i havet. Dei heilskaplege rammene for petroleumsverksemda blir fastlagde i forvaltningsplanane. Særleg verdifulle og sårbare havområde som områda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Mørebankane, rundt Bjørnøya, ved iskanten og polarfronten og langs Finnmarkskysten skal det ikkje setjast i gang petroleumsverksemd. Det same gjeld Skagerrak. Det er heller ikkje opna for petroleumsverksemd ved Jan Mayen.

Det er dei siste åra gjennomført oppryddings tiltak i ei rekkje norske hamneområde, blant desse Oslo hamn, Kristiansandsfjorden, Tromsø

hamn, Harstad hamn og Drammen hamn. Regjeringa føreslår å auke fullmakta på oppryddingspostane til 182,2 mill. kroner for 2014 for å gi rom for planlagde oppryddingstiltak, blant anna i Trondheim hamn.

Ei stortingsmelding med tiltak for å redusere utsleppa av miljøgifter vart lagt fram i 2006. Dette er følgt opp gjennom konkrete reguleringar og internasjonalt arbeid for å stanse bruk og utslepp av miljøgifter. Blant anna har Noreg gått føre internasjonalt ved å forby miljøgifta PFOA.

I 2013 la Regjeringa fram ein avfallsstrategi med fleire nye tiltak. Kommunane skal no få høve til å bruke avfallsgebyr til å rydde opp i parkar og på strender. I strategien er det òg tiltak for å ta hand om kasserte fritidsbåtar, redusere matavfall og samle inn meir plast frå næringslivet. Det skal òg bli enklare å byggje ut røyrbasert infrastruktur for å samle inn avfall – såkalla avfallssug – ved at kommunane kan påleggje næringslivet å knyte seg til ordninga.

Ein nasjonal strategi for friluftsliv vart lagt fram av Miljøverndepartementet i 2013. For at fleire skal drive aktivt friluftsliv er det ein ambisjon at dei som bur i byar og tettstader skal ha maksimalt 500 meter frå bustaden til eit samanhengande nettverk av ferdselsårer. Barn, unge, folk med innvandrarbakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og personar som er lite fysisk aktive er dei viktigaste målgruppene i statens arbeid med friluftsliv i åra framover.

Den raudgrøne Regjeringa har styrkt arbeidet med å sikre friluftsområde og å leggje dei til rette for friluftsliv. I alt har Regjeringa medverka til å sikre ca. 350 nye friluftslivsområde i perioden frå 2006 til 2013. I 2013 la Miljøverndepartementet fram ein nasjonal handlingsplan for statleg sikra friluftslivsområde. Eit viktig tiltak i handlingsplanen er å stimulere til å kartleggje og verdsetje friluftslivsområde i alle kommunar i landet. På den måten vil det bli lettare å sikre dei viktigaste friluftslivsområda. I tillegg legg handlingsplanen føringar om at område i og ved byar og tettstader skal prioriterast for sikring i åra fram mot 2020. Allemannsretten er styrkt gjennom endringar i friluftslova som tredde i kraft frå januar 2012.

Regjeringa la i 2013 fram kulturminnemeldinga *Framtid med fotfeste*. Meldinga legg vekt på faste kulturminne som ein del av ei samla miljø- og ressursforvaltning og verdifull ressurs i by- og tettstadsutvikling. Meldinga legg vekt på kunnskap og kompetanse. Gjennom prosjektet *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen* skal det bl.a. utviklast gode register, rapporterings- og saksbehandlingsverktøy som skal medverke til

likebehandling, standardiserte og forenkla arbeidsprosessar på tvers av forvaltningsnivåa. Dei ti etablerte bevaringsprogramma er den viktigaste satsinga for å nå 2020-måla. Arbeidet innanfor programma blir ført vidare.

Den raudgrøne Regjeringa har auka løyvingane til kulturminne og kulturmiljø frå 250,3 mill. kroner i 2005 til 620,1 mill. kroner i budsjettforslaget for 2014. Eit av satsingsområda har vore tekniske og industrielle kulturminne der tilskota er auka frå 14,7 mill. kroner i 2005 til 58,8 mill. kroner i budsjettforslaget for 2014.

Fire nye kulturmiljøfredingar er gjennomførte av den raudgrøne Regjeringa: Sogndalstrand i

Rogaland (2005), Birkelunden i Oslo, som er det første byområdet som er freda (2006), Sør-Gjøellingan (2010) og Bygdøy i 2012.

Norske miljø-, friluftslivs- og kulturminneorganisasjonar gjer ein viktig jobb for å auke medvitnet på området, medverke til konkrete idear, prosjekt og resultat, og ved å vere eit korrektiv til styresmaktene. For å sikre organisasjonane føreseieleg støtte har Miljøverndepartementet innført ei eiga forskrift for grunnstøtte til allmenntillegte organisasjonar. Støtta er auka frå 30,0 mill. kroner i 2005 og til 58,0 mill. kroner i forslaget til budsjett for 2014.

3 Hovudprioriteringar i Miljøverndepartementets budsjett for 2014

Regjeringa styrkjer miljøsatsinga ytterlegare i 2014. Det er Regjeringas ambisjon at dette budsjettet skal medverke til å nå miljø- og klimamåla i Soria Moria-erklæringa. Prioriteringane i Miljøverndepartementets budsjett for 2014 speglar dette. I tillegg til den sterke miljøsatsinga over Miljøverndepartementets eige budsjett, er det mange og viktige miljøtiltak på budsjetta til andre departement. Regjeringas miljøpolitikk vert såleis gjennomført på brei front, i tråd med prinsippet om sektorane sitt ansvar for å medverke til at miljømåla kan bli nådde, jf. kapittel 3.

Budsjettforslaget for Miljøverndepartementet i 2014 er på 6 004,1 mill. kroner, mot 5 452,7 mill. kroner i 2013. Dette er ein auke på 10,1 prosent. Veksten på Miljøverndepartementets budsjett i 2014 kan vi særleg sjå igjen mellom anna i arbeidet med å sikre naturmangfaldet, auka innsats til klima- og klimatilpassingstiltak, og vern av kulturminne og kulturmiljø. Det blir òg auka innsats for planarbeid i byområda.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving i 2014 på 2 902,7 mill. kroner til programområdet Klima, naturmangfald og forureining. Ei av dei største satsingane er ei ny CO₂-kompensasjonsordning for industrien. Ordninga skal kompensere auka kraftprisar som følgje av EUs klimavotesystem. Ordninga gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 243 mill. kroner til dette tiltaket. Regjeringa gjer òg framlegg om auka løyving på 25 mill. kroner til klimatilpassing og reduksjon i utslepp av kortliva klimadrivarar.

Klimaendringane utgjer ei av dei aller største internasjonale utfordringane i vår tid. Er vi ikkje i stand til å stoppe den globale oppvarminga vil miljøkonsekvensane globalt og nasjonalt vere formidable. Av den grunnen ønskjer Regjeringa å vere ein pådrivar for å heve ambisjonsnivået i den internasjonale klimapolitikken. Klima- og skogprosjekt er Noregs viktigaste satsing på dette feltet. Klima- og skoginitiativet har blant anna medverka til svært gode resultat i land som Brasil og Indonesia og i FN's klimaforhandlingar. Initiativet byggjer

opp under ein klimapolitikk der alle land tek ansvar, men der vi i den rike delen av verda tek på oss ei større finansiell bør. Dette gjer mogleg ei breiare internasjonal deltaking i dei felles utfordringane verda står overfor. Måla for satsinga er ambisiøse og krevjande, like fullt viser resultatane så langt at det er mogleg å sikre ein heilskapleg og integrert klimapolitikk samstundes som omsynet til utviklingslanda sine behov blir teke vare på. Budsjettet for satsinga er føreslått ført vidare i 2014, og Regjeringa rår Stortinget til å slutte seg til intensjonen om at klima- og skogprosjektet blir ført vidare på minst dette budsjettnivået fram til 2020. På den måten sikrar vi initiativet på lengre sikt, noko som gjer det mogleg å integrere det fullt ut i dei samla klimapolitiske initiativa våre over tid.

Regjeringa føreslår vidare å auke løyvinga til nytt skogvern med 100 mill. kroner opp til 331,1 mill. kroner i 2014. Satsinga gjer det mogleg å fatte vernevedtak for mange område der det alt er inngått avtaler om frivillig vern. Basert på behovet for auka skogvern i åra framover, vil regjeringa trappe opp løyvingane til frivillig skogvern med 100 mill. kroner i året fram mot 2017. Løyvinga til arbeidet med nasjonalparker- og naturinformasjonssenter er føreslått auka med 25 mill. kroner. Vidare er det føreslått ei satsing på friluftsliv og folkehelse med 15,8 mill. kroner. Ein aktiv friluftslivspolitik er den beste investeringa i ei god folkehelse. Særleg prioriterte er aktivitetstiltak retta mot barn, unge, barnefamiliar, personar med innvandrarbakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og lågtterskeltilbod for grupper som ikkje allereie er aktive.

Regjeringa gjer framlegg om ei auka løyving på samla 8 mill. kroner knytta til endringar i regulering av bruk av snøskuter. Av dette er 3 mill. kroner budsjettert under Miljøverndepartementet si budsjetttramme og 5 mill. kroner under Justisdepartementet.

Som oppfølging av St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid og Handlingsplan for opprydding i*

forurenset sjøbunn foreslår Regjeringa å auke fullmakta på oppryddingspostane til 182,2 mill. kroner. Dette vil gi rom for å setje i verk fleire planlagde oppryddingstiltak. Det største oppryddingsprosjektet er Trondheim hamn.

I revidert nasjonalbudsjett 2013 løyvde Stortinget 32,5 mill. kroner ekstra for å heve vrakpanten på bilar med 500 kroner frå 2 500 kroner til 3 000 kroner frå 1. juli 2013. Heilårsverknaden av dette tiltaket i 2014 er på 65 mill. kroner.

Miljøpolitikken må byggje på kunnskap om naturtilstanden og om kjeldene for miljøproblema. Regjeringa satsar difor vidare på miljøforskning og på kunnskaps- og datainnhenting. Regjeringa foreslår at dei samla løyvingane under Miljøverndepartementet til klima- og miljøforskning vert auka med 43 mill. kroner i 2014. Mellom anna vert det foreslått ein auke på 12 mill. kroner til klimaforskning, samt ei særskilt styrkt norsk miljø- og klimaforskning i nord- og polarområda med 19 mill. kroner. Resten av løyvinga vil gå til miljøforskning på ulike område.

Regjeringa har vedteke at nytt Framsenter skal byggjast og gjer framlegg om 25 mill. kroner i oppstartsløyving under budsjettet til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Regjeringa foreslår òg ei ny områdesatsing retta mot utsette byområde i Oslo og Drammen der fysiske og sosiale levekår har vorte forverra dei seinare åra. Viktige grep i satsinga er stadsutvikling, forbetring av bustader og bustadområde, og tiltak for vanskelegstilte, oppgradering av grønne uteområde, folkehelseiltak og andre tiltak retta mot barn og unge og betre tilhøve for gang-, sykkel og kollektivtransport. Regjeringa legg fram forslag om ei løyving på til saman 20 mill. kroner til tiltak i indre Oslo Aust på Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeidsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sine budsjett, samt 15 mill. kroner til tiltak i Fjell i Drammen. I tillegg vil 5 mill. kroner av spelemidlane som Kulturdepartementet har ansvar for, gå til idrettstiltak i Oslo Indre Aust.

Regjeringa foreslår vidare å auke innsatsen på programområdet Kulturminne og kulturmiljø

til 620,1 mill. kroner i 2014. Dette er ein auke på om lag 49,6 mill. kroner, eller 8,7 prosent frå 2013. Det er foreslått ein auke på til saman 20 mill. kroner til satsingane *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga* og *Bevaringsprogramma*. Vidare er det oppretta ein ny post 80 Tilskotsordning for avgiftskompensasjon på 7,0 mill. kroner, som skal kompensere for bortfall av fritak for utsleppsreducerande avgifter.

Til området Kart, geodata og eigedomsinformasjon foreslår Regjeringa ei løyving på 790,3 mill. kroner i 2014. Dette er ein auke på 57,3 mill. kroner, eller om lag 7,8 prosent frå 2013. Regjeringa foreslår ei kostnadsramme til bygging av jordobservatoriet i Ny-Ålesund på 355 mill. kroner. For 2014 foreslår Regjeringa ei løyving på 65 mill. kroner til dette tiltaket. Vidare vart det i samband med revidert nasjonalbudsjett 2014 løyvd 10 mill. kroner til å frigi enkelte sentrale kartdata med særleg tanke på betre tryggleik og beredskap. Heilårsverknaden av dette tiltaket er 25 mill. kroner. Regjeringa gjer framlegg om å redusere tinglysingsgebyr for fast eigedom ytterlegare, slik at inntektene vert reduserte med 310 mill. kroner ned til 320 mill. kroner. Då er gebyret på nivå med dei utgiftene som må dekka for å drive ordninga. Vidare gjer Regjeringa framlegg om å auke løyvinga med 6,8 mill. kroner til frivillige miljøorganisasjonar. Regjeringa foreslår òg ein auke på 4 mill. kroner til enkelte spesifikke miljøtiltak.

Store miljørelaterte løyvingar som til dømes karbonfangst og lagring ligg på budsjettet til Olje- og energidepartementet. Dei store løyvingane til jernbane og annan kollektivtrafikk ligg på Samferdselsdepartementets budsjett. Løyvinga til skog- og klimatiltak på Utanriksdepartementets budsjett er eit anna døme. Løyvinga til statlege kjøp av klimakvotar ligg på Finansdepartementets budsjett. Framlegg til endring i dei miljørelaterte avgiftene blir presenterte av Finansdepartementet i skatte- og avgiftsproposisjonen. Under kap. 3 vert miljøpolitiske satsingar under andre departement omtala.

4 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område

Dette kapitlet omtalar Regjeringas samla miljøpolitiske satsingar slik dei kjem til uttrykk i departementa sine budsjett, sjå tabellen på neste side. Tabellen er basert på departementa sine vurderingar av kva som reknast som miljøtiltak, jamfør definisjonen nedanfor. Det er ikkje enkelt å avgrense miljøtiltak eller utgifter til slike tiltak på ein god måte. Mange tiltak kan grunnleggjast på fleire måtar og skal medverke til å nå ulike mål. Miljøtiltaka er òg svært ulike; her finn ein både førebyggjande tiltak i form av til dømes kystvakt-oppgåver, klassisk naturvern slik som etablering av verneområde, opprydding i forureina grunn og satsingar som gir størst effekt saman med andre typar tiltak, slik som jernbaneutbygging og støtte til kollektivtrafikk. Nokre tiltak er langsiktige, slik som forskning, mens andre har meir direkte verknader. Endra definisjonar eller endringar i arbeidsdelinga mellom departementa vil òg kunne føre til at nokre tal ikkje fullt ut kan jamførast frå eitt år til det neste. Ein bør òg vere merksam på at tiltaka her ikkje vert vekta mot kvarandre, tiltak der alle utgiftene går til miljøtiltak blir vekta likt med tiltak som ikkje fullt ut er miljømotiverte. Tabellen må difor tolkast med varsemd og bør sjåast som ei omtrentleg oversikt over Regjeringa sine samla miljøpolitiske løyvingar. Miljøtiltak er her definerte og avgrensa slik:

- utgiftene må fullt ut nyttast til miljøforbetringar, eller
- miljøomsynet må vere avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført, eller
- utgiftene skal motverke negative miljøeffektar av sektorpolitiske tiltak elles (førebyggjande tiltak)

Det er òg viktig å vere klar over at miljøpolitikk ikkje først og fremst handlar om løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar òg avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdier for forureining. Vidare er skattar og avgifter på miljøskadeleg produksjon, forbruk o.a. eit heilt vesentleg verkemiddel som ikkje kjem fram i tabellen over Regjeringas utgifter på

miljøvernområdet. Endringar i skatt og avgifter for 2014 med verknad på miljøvernområdet er gjennomgått til slutt i dette kapitlet.

Sektoransvaret ligg til grunn for Regjeringas miljøpolitikk

Regjeringas miljøpolitikk byggjer på at alle samskapssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei nasjonale miljøpolitiske måla kan bli nådde. Forureinar betaler-prinsippet er ein viktig del av sektoransvaret. Både miljøvern- og sektorstyresmaktene på sentralt hald, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i tillegg til private aktørar skal medverke til at miljøomsyn blir tekne vare på.

Vidare har sektorstyresmaktene ansvar for å gjennomføre tiltak innanfor eige område som trengst for å kunne nå måla i miljøpolitikken. Dei har òg ansvar for å rapportere om miljøutviklinga i sektoren og om resultat av, og kostnader ved verkemiddelbruk og gjennomførte miljøtiltak.

Sektoransvaret medfører eit krav til alle departementa at dei skal ta miljøomsyn når dei utformar planar og politikk på sine ansvarsområde. Dette gjeld både den økonomiske politikken generelt og politikken i dei einskilde sektorane. Miljøomsyn inneber både å førebyggje miljøbelastningar og å rydde opp der ein har skada miljøet.

Dei miljøpolitiske løyvingane

I 2014 er dei samla miljøpolitiske løyvingane anslagsvis 49,0 mrd. kroner, som er ein auke på om lag 4,7 mrd. kroner frå 2013. Det har vore ein betydeleg auke over tid til dei samla miljøpolitiske løyvingane. Til samanlikning var det i statsbudsjettet for 2006 ei samla miljøpolitisk løyving berekna til 20,6 mrd. kroner. Samanlikna med 2014 er dette ein auke på 28,5 mrd. kroner.

Blant miljøtiltaka som blir førde vidare og prioriterte i 2014 er:

- tiltak mot avskoging og øydelegging av skog i utviklingsland
- kollektivtrafikk og jernbaneutbygging
- fornybar energi og energieffektivisering

Tabell 4.1 Miljøtiltak i statsbudsjettet for 2014 (i mill. kroner)

Departement	2013	Forslag 2014
Arbeidsdepartementet	-	-
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	6,2	6,9
Finansdepartementet	632,0	522,0
Fiskeri- og kystdepartementet	1 530,5	1 534,0
Forsvarsdepartementet	1 161,3	1 144,6
Helse- og omsorgsdepartementet ¹	-	-
Justis- og beredskapsdepartementet	133,0	177
Kommunal- og regionaldepartementet	95,0	95,0
Kunnskapsdepartementet	300	300
Kulturdepartementet	1 067,8	1 120,6
Landbruks- og matdepartementet	5 493,2	5 597,1
Miljøverndepartementet ²	5 122,7	5 892,8
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ³	212,1	260
Nærings- og handelsdepartementet	762,2	507,9
Olje- og energidepartementet ⁴	4 950,0	4 165,0
Samferdselsdepartementet	15 595,1	20 300,0
Utanriksdepartementet ⁵	7 300,0	7 400,0
Sum alle departementa	44 361,1	49 022,9

¹ Helse- og omsorgsdepartementets miljørelaterte tiltak går ikkje direkte fram av budsjettoppstillingane. Budsjettal er derfor utelatne i tabellen.

² Miljøverndepartementets budsjettal her omfattar berre halvdelen av utgiftene til Statens Kartverk. Årsaka til dette er at denne etaten tener ei rekkje føremål i tillegg til dei miljøfaglege.

³ Denne posten omfattar utgifter til Fylkesmannens miljøvernnavdeling og er basert på ressursrapportering i ettertid. Det oppgitte budsjettalet er derfor eit overslag og svært usikkert. MD har for 2014 rammeoverført 46 mill. kroner til Fylkesmannen.

⁴ Løyving til TCM DA knytt til tilbakebetaling av lån er inkludert her.

⁵ Norsk bistandspolitikk byggjer på standardar som er fastsette i OECD/DAC. Definisjonen av miljøtiltak avvik noko frå Miljøverndepartementets definisjon.

Tabellen over viser at mange departement nyttar store økonomiske midlar til miljøgrunngitte tiltak, i tråd med sektoransvarsprinsippet. Miljøverndepartementets budsjett utgjer ein viktig, men avgrensa del av dei samla miljøløyvingane, slik desse er definerte her.

Nedanfor er nokre av departementa sine miljørelaterte tiltak kort omtalte. Ein viser elles til departementa sine eigne budsjettproposisjonar for ein nærare gjennomgang. Her finn ein òg ei omtale av:

- utfordringar knytte til miljø- og ressursforvaltning på departementa sine ansvarsområde
- mål for departementa sitt arbeid med desse utfordringane

- oppnådde resultat i 2012
- ressurs- og miljøtiltak i budsjettforslaget for 2014.

På *Olje- og energidepartementet* sitt budsjett vert det føreslått 4 165 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2014, mot 4 950 mill. kroner i 2013. Endringa samanlikna med 2013 heng i hovudsak saman med Regjeringa si avgjerd om å avslutte planlegginga av fullskala CO₂-handtering på Mongstad. Regjeringa si satsing på CO₂-handtering held likevel fram. Regjeringas samla framlegg til løyving til CO₂-handtering over Olje- og energidepartementets budsjett er i overkant av 2,4 mrd. kroner, av dei er i overkant av 2 mrd. kroner knytte til drift

og vidare utvikling av teknologisenteret på Mongstad (TCM). Regjeringa føreslår å investere inntil 450 mill. kroner i TCM i perioden 2014–2017, av dei 150 mill. kroner i 2014. Investeringane skal gå til modifikasjonar på eksisterande anlegg og vidareutvikling av ledig areal. Regjeringa føreslår vidare at CLIMIT-programmet styrkast med 100 mill. kroner i 2014 og 2015, av dei 30 mill. kroner i 2014. Regjeringa føreslår òg 38 mill. kroner til CCS moglegeheitsstudie og 1 mill. kroner til internasjonalt CCS-arbeid over Olje- og energidepartementets budsjett. Regjeringa si satsing på energi- og klimateknologi gjennom Enova og Energifondet vert ført vidare. Samla framlegg til løyving til Energifondet i 2014 er på vel 1,2 mrd. kroner. Løyvinga er ei overføring av avkastinga frå Fondet for Klima, fornybar energi og energi- og klimategnologi gjennom Enova og Energifondet vert ført vidare. Det er føreslått å auke fondskapitalen i sistnemnde fond med 5 mrd. kroner i 2014. Dette gir ein samla fondskapital på 40 mrd. kroner og vil auke overføringane til Energifondet frå 2015. Til forskning på miljørelevante teknologi blir det gjort framlegg på om lag 400 mill. kroner over Noregs forskingsråds budsjett. I denne summen inngår òg 234 mill. kroner til forskingsprogrammet ENERGIX, som er Noregs forskingsråds nye hovudaktivitet innan miljøvennleg energi. Programmet overtok prosjektporteføljen etter forløparen RENERGI. Vidare blir det gjort framlegg om 9,4 mill. kroner knytt til Noregs deltaking i Nordisk energiforskning og 10 mill. kroner til å dekke forpliktingar knytte til Noregs deltaking i Intelligent Energy Europe som er eit forskingsprogram i regi av EU. Olje- og energidepartementet vil medverke i samarbeidsprogrammet Framtidas byar også i 2014..

Samferdselsdepartementets oppgåver omfattar både tiltak for å endre transportstrukturen i miljøvennleg retning og tiltak som i seg sjølve kan ha negative miljøkonsekvensar som må reduserast. Det er eit hovudmål i Nasjonal transportplan 2014–23 at transportpolitikken skal medverke til å avgrense klimagassutsleppa, redusere miljøskadelege verknader frå transport og medverke til å nå nasjonale mål og innfri internasjonale plikter Noreg har på miljøområdet.

Samferdselsdepartementet legg opp til å nytte om lag 20,3 mrd. kroner til miljørelaterte tiltak i 2014, Dette er ein auke på 4,7 mrd. kroner frå saldert budsjett 2013. Til investeringar, vedlikehald og drift i jernbanenettet vil det bli løyvd 15 577,8 mill. kroner i 2014, mot 11 372,7 mill. kroner i saldert budsjett 2013. Desse tiltaka skal auke kapasiteten for togframføring, betre driftsstabiliteten i trafikkavviklinga og på den måten

leggje til rette for å føre over meir gods- og persontransport til jernbane. I 2014 går det føre seg to store nybyggingsprosjekt på Vestfoldbana: Det gjeld det omlag 14 kilometer lange dobbeltspor-anlegget Holm-Nykirke med ny Holmestrand stasjon inne i fjellet, og arbeidet med det 23 kilometer lange dobbeltsporet Farriseidet (ved Larvik)-Porsgrunn. Arbeidet med Fellesprosjektet E6-Dovrebanda, med dobbeltspor for jernbana frå Langset (Minnesund) og 17 kilometer nordover langs Mjøsa til Kleverud, vil gå for fullt i 2014 med sikte på driftsstart i 2015. Ei rad med infrastrukturtiltak for å gjennomføre eit nytt og betre togtilbod på Austlandet med nye tog, held fram med sikte på å setje i verk ruteendringa i desember 2014. Planlegginga av og førebuarande arbeid med nytt dobbeltspor Oslo S-Ski (Follobana) held fram neste år. Det blir òg starta opp to nye jernbaneprosjekt i 2014: Ny Ulriken tunnel mellom Bergen og Arna og dobbeltspor Hell-Værnes mellom Trondheim og Stjørdal. Løyvinga til persontransport med tog aukar med 126 mill. kroner til 3047 mill. kroner. Det er vidare føreslått ei løyving på 441 mill. kroner til gang- og sykkeltiltak langs riksvegnettet, og 73,8 mill. kroner til kollektivtiltak på vegområdet. Påskjøningsordninga for auka kollektivtrafikk i dei større byområda får ei løyving på 945,3 mill. kroner, som er ein auke på 272,2 mill. kroner. *Samferdselsdepartementet* vil medverke i samarbeidsprogrammet Framtidas byar også i 2014.

Det er berekna at *Justis- og beredskapsdepartementet* vil nytte 177 mill. kroner til ulike miljørelaterte tiltak i 2013. For departementet er det ei prioritert oppgåve å motverke miljøkriminalitet. Omfanget av miljøkriminalitet er venta å auke i tida framover sidan presset på naturen aukar i takt med den økonomiske velstanden. I Økokrim blir miljøkriminalitet føljt opp av eit eige miljøteam og av eigne miljøkoordinatorar i politidistrikta. Justis- og beredskapsdepartementet har òg det administrative ansvaret for Sysselmannen på Svalbard. Den faglege styringa på miljøområdet skjer direkte frå Miljøverndepartementet. Sysselmannen sine oppgåver endrar seg som følgje av veksande aktivitet på øygruppa og fordi Longyearbyen blir meir likt eit vanleg lokalsamfunn. Sysselmannen prioriterer førebygging, informasjonsarbeid, rettleiing og tilsyn med ferdsel og anna verksemd. For 2014 føreslår Regjeringa å auke løyvinga med 8 mill. kroner til auka kontroll med motorferdsel i utmark. 5 mill. kroner av desse blir løyvde over Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjett, jf. omtale under resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. I svalbardbudsjetta for 2012

og 2013 er det løyvd midlar til reinseanlegg ved kolkraftverket i Longyearbyen. Etter anbudsrunnen har det vist seg at anlegget er blitt ein del dyrare enn tidlegare berekna, og Regjeringa føreslår at det i 2014-budsjettet vert løyvd ytterlegare 42 mill. kroner som ei sluttfinansiering av anlegget. Reinseanlegget skal etter planen stå ferdig i 2015.

På *Fiskeri- og kystdepartementets* budsjett blir det gjort framlegg om 1 534 mill. kroner til ulike miljøtiltak i 2014, mot 1 531 mill. kroner i 2013. Departementet sine budsjettmidlar som i hovudsak er grunnlagt med miljøomsyn, omfattar mellom anna: Ressursforskning og forvaltning for berekraftig forvaltning av fiskeressursane, tiltak for berekraftig havbruk, kartlegging av biologisk mangfald og beredskap mot akutt forureining.

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort framlegg om å auke løyvinga til Havforskningsinstituttet med 4 mill. kroner for å styrkje arbeidet med overvaking av lakselus og rømt oppdrettslaks. Det blir òg fremja forslag om å auke løyvinga til Veterinærinstituttet for å styrkje arbeidet mot lakselus og spreing av lakselus mellom fisk i oppdrett og ville bestandar. For å følgje opp Kystverkets miljørisiko- og beredskapsanalyse blir det føreslått å auke løyvinga til oljevern med 20 mill. kroner. Slepebåtkapasiteten i Nord-Noreg blir redusert frå tre til to fartøy.

Kommunal- og regionaldepartementet vil nytte om lag 95 mill. kroner på miljørelaterte tiltak i 2014, det meste relatert til bustader, bumiljø og bygg. Dette er det same som i 2013-budsjettet. I tillegg gir Husbanken grunnlån til oppføring og utbetring av bustader og bygg med miljøkvalitetar. God byggjeskikk og auka kunnskap om stadsutvikling skal medverke til attraktivt bygde omgivelser med eit godt miljø. Områdesatsing skal fremje gode bumiljø og levekår i byane. I 2014 vil også Direktoratet for byggkvalitet styrkjast. Noko av styrkinga vil bli innretta mot miljøtiltak. Regjeringa følgjer opp tiltak i Meld. St. 28 (2011–2012) *Gode bygg for eit betre samfunn – Ein framtidretta bygningspolitikk* og Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Oppfølging av meldingane krev både forskning, utvikling og informasjonsarbeid. Viktige tiltak er at Regjeringa vil skjerpe energikrava i byggt teknisk forskrift til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenerginivå i 2020 og innføre komponentkrav for eksisterande bygningar. Krav til energiforsyning og -effektivitet medverkar til reduksjon i bruk av energi og til mindre bruk av fossilt brensel i bygg. Vidareutvikling av energikrava blir gitt høg prioritet. *Departementet* vil medverke i samarbeidsprogramma Framtidas

byar og FutureBuilt også i 2014. Videre har *Kommunal- og regionaldepartementet* det statlege finansieringsansvaret for Lågenenergiprogrammet.

På *Utanriksdepartementet* sitt budsjett er anslagsvis 7 400 mill. kroner føreslått til miljørelaterte tiltak i 2014. Noreg skal vere ein langsiktig og troverdig forvaltar av miljøverdiane i nordområda.

Noreg har eit omfattande tosidig samarbeid med Russland for å møte felles miljøutfordringar, for kompetanseheving i miljøforvaltninga og for å fremje russisk deltaking i internasjonale miljøvernavtaler. Arbeidet vil bli ført vidare i eit treårig samarbeidsprogram med særleg vekt på vern av havmiljøet, samarbeid i grenseområda, naturmangfald og tiltak mot forureining. Atomtryggleikssamarbeidet med Russland skal blant anna medverke til å redusere risikoen for ulukker og forureining, hindre at radioaktivt materiale kjem bort, og styrkje russisk forvaltning på området. Hovudprioriteringar i 2014 vil framleis vere å sikre og å fjerne brukt kjernebrensel frå den nedlagde marinebasen i Andrejevbukta, 60 kilometer frå norskegrensa. Vidare vil vi styrkje myndighets-samarbeidet om tilsyn, varsling, beredskap og miljøovervaking. Prosjekt for auka tryggleik ved russiske kjernekraftverk går vidare. Det norske engasjementet på dette viktige miljøfeltet har eit langsiktig perspektiv.

Då Arktisk råd vart etablert i 1996 var hovudoppgåva samarbeid om forureining i nord. Etter kvart har samarbeidet også omfatta klimaendring og klimatilpassing. Noreg vil vere ein pådrivar for at havforsuring, naturmangfald og reduksjon av kortliva klimadrivarar blir prioriterte i arbeidet i Arktisk råd. Kortliva klimadrivarar som sot og metan er partiklar og gassar med kort atmosfærisk levetid og står for heile 30-40 pst. av dei menneskeskapte klimaendringane. Tiltak for å redusere slike utslepp vil gi positiv klimaeffekt, også på kort sikt. Dette vil spesielt vere viktig i Arktis, der temperaturen stig dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Noreg vil arbeide for at medlemslanda i Arktisk råd skal bli samde om ei avtale som forpliktar medlemslanda til å redusere utsleppa sine av kortliva klimagassar.

Regjeringa fører vidare innsatsen mot avskoging og skogforringing i utviklingsland, på om lag 3 mrd. kroner i 2014, som er same nivået som saldert budsjett 2013. Innsatsen for rein energi og klimatilpassing med særleg vekt på mattryggleik aukar. Satsinga på klima i utviklingssamarbeidet skal både medverke til å redusere klimaskadelege utslepp og å lette dei fattige landa si tilpassing til klimaendringane. Noreg prioriterer òg å hjelpe utviklingslanda med å utnytte fornybare ener-

giressursar (vasskraft, sol og vind) i staden for å auke bruken av fossile energikjelder. Det norske initiativet *Rein energi for utvikling* og det internasjonale energi- og klimainitiativet *Energy+* utgjør sentrale delar av den samla norske politikken på klima- og energiområdet. Noreg støttar òg FN's initiativ *Sustainable Energy for All (SE4ALL)*; Berekraftig energi for alle. Noreg aukar òg satsinga på tiltak retta mot kortliva klimadrivarar.

I tillegg til klima- og miljøsatsinga innanfor bistandsbudsjettet, vil Regjeringa gjennom EØS-midlane 2009–2014 styrkje arbeidet med miljø, klima og karbonfangst og lagring. EØS-midlane er totalt på 1 788,5 mill. euro. Samla sett vil om lag 645 mill. euro bli nytta til desse formåla i programperioden 2009–2014.

På *Forsvarsdepartementets* budsjett er det rekna at vel 1 145 mill. kroner går til ulike miljøtiltak i 2014. Kystvaktas oppgåver i samband med miljø- og ressurovervaking utgjør om lag halvdel av denne summen. Gjennom mange år har Forsvarets skyte- og øvingsaktivitetar medført belastningar på naturmiljøet. Opprydding i tidlegare skyte- og øvingsfelt og andre eigedommar som blir avhenda, mellom anna det store Hjerkinns skytefelt på Dovrefjell, blir ført vidare i 2014. Prosjektet for tilbakeføring av Hjerkinns skytefelt til sivile føremål vil venteleg vere til 2020. Og området skal då kunne tilfredsstille krava til vern etter naturmangfaldlova og bli ein del av tilgrensande verneområde. Tidlegare forsvarsområde blir mange stader tekne i bruk til friluftsliv. Ombygging av varmesentralar frå olje- og elektrisitet til fornybar energi og tiltak for meir effektiv bruk av energi i Forsvarets bygg og anlegg blir ført vidare i 2014.

Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og Stortingets handsaming synleggjer miljømåla i jordbrukspolitikken. På *Landbruks- og matdepartementets* område vert det gjort framlegg om 5 597,1 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2014. Den langt største delen av desse midlane (90 pst.) går over Jordbruksavtala. Verkemidlane på Jordbruksavtala på miljøområdet er knytte til Nasjonalt miljøprogram. Det nasjonale miljøprogrammet inneheld ei verkemiddelpakke bestående av areal- og kulturlandskapstilskot (AK-tilskotet), tilskot til økologisk produksjon, tilskot til dyr på utmarksbeite, tilskot til dyr på beite, tilskot til bevaringsverdige storferasar, midlar over Klima- og miljøprogrammet og miljøplankrav. Vidare er miljørelaterte tiltak over jordbruksavtala knytt til Regionale miljøprogram (RMP). RMP får ei auka løyving på 20 mill. kroner. RMP med tilliggjande tilskotsordningar skal gi ei betre samordning av miljøinnsatsen i jordbruket utover det

som kan gjerast gjennom nasjonale ordningar. Det er egne program i kvart fylke som omfattar ei lang rekkje miljøområde. Kulturlandskap, kulturminne, biologisk mangfald, redusert plantevernbruk, reduksjon av næringsstoffavrenning og erosjon er hovudområda i programma. Over Jordbruksavtala høyrer òg miljøverkemiddel over Landbrukets utviklingsfond (LUF). Der finn ein mellom anna ordninga SMIL (Spesielle miljøtiltak i jordbrukets kulturlandskap), drenering, investeringsstøtte til organisert beitebruk, utvalde kulturlandskap og verdsarvområda.

På *Nærings- og handelsdepartementets* områder blir det foreslått 507,9 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2014, mot 762,2 mill. kroner i 2013. Hovuddelen av denne summen går til ulike tiltak innanfor området forskning, nyskaping og internasjonalisering. I tillegg løyver Nærings- og handelsdepartementet midlar til opprydding og forureiningsavgrensande tiltak i tidlegare gruveområde. Noreg deltek blant anna i EUs Competitiveness and Innovation Programme (CIP). CIP består av tre ulike delprogram som alle skal fremje berekraftig innovasjon. Nærings- og handelsdepartementet har koordineringsansvaret for CIP i Noreg og ansvaret for å ivareta innovasjons- og entreprenørskapsdelen av programmet. Store delar av Nærings- og handelsdepartementets miljørelaterte løyvingar er kanaliserte gjennom Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd. Desse midlane blir blant anna nytta til å forske på, utvikle og implementere nye løysingar og produkt som er meir miljøvennlege. Løyvingane er blant anna retta mot berekraftig energi og miljøteknologi.

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv ressursforvaltning. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag. Direkte miljøløyvingar på Finansdepartementets eige driftsbudsjett i 2014 er rekna til 2 mill. kroner. I tillegg har Finansdepartementet det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Avgifter utgjør, saman med omsetjelege utsleppskvotar og direkte reguleringar, dei mest aktuelle verkemidla styresmaktene har mot miljøproblema. Rett utforma miljøavgifter gir tildriv til å minke utsleppa der det er billegast og sikrar at forureinarane betalar. Det vert lagt stor vekt på miljø- og energirelaterte avgifter. I alt har slike avgifter auka med om lag 1,8 mrd. kroner frå 2005 til 2013. For endringar i skatte- og avgiftsopplegget med verknader på miljøområdet viser ein til oversikta under. Finansdepartementet har òg ansvar for Noregs handel med klimavoter. Det er

vedteke at Noreg skal overoppfylla Kyoto-avtala for perioden 2008–2012 med 10 pst., noko som tilsvarer 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg. I tillegg har Regjeringa valt å overoppfylla med 1,5 mill. tonn CO₂ årleg gjennom å avstå frå å bruke kvotar som kjem av skogtilvekst. På denne måten fører statens kvotekjøp til ein netto reduksjon i dei globale utsleppa av klimagassar. På FN-klimakonferansen i Doha i 2012 vart det vedteke ein ny periode under Kyoto-protokollen. For 2014 føreslår departementet ei løyving på 520 mill. kroner til kjøp av klimakvotar og ei fullmakt til å gjera avtaler om kjøp av utsleppskvotar innanfor ei samla ramme på 2 000 mill. kroner.

På *Helse- og omsorgsdepartementet* sitt område er Nasjonalt folkehelseinstitutt ein pådrivar for å betre folkehelsa. Instituttet har mellom anna eit ansvar for beredskap mot akutte helsetruslar. Instituttet arbeider òg med luftforureining og støy, vasshygiene, og verknader av forbrukarkjemikalier. Statens strålevern er fagstyresmakt på områda strålevern og atomtryggleik. Statens strålevern har ansvar for forvaltning og tilsyn og overvakar naturleg og kunstig stråling i miljø og yrkesliv. Statens strålevern arbeider for å auke kunnskapen om førekomst, risiko og effekt av stråling.

Kunnskapsdepartementets løyvingar til miljørelatert forskning i 2014 blir om lag på same eller noko høgare nivå enn i 2013, det vil seie i storleiksortering 300 mill. kroner. Midlane går til forskning på blant anna fornybar energi og karbonfangst og -lagring og til klima- og polarforskning i regi av Noregs forskingsråd. Mykje av forskinga inneber internasjonalt samarbeid.

For 2014 blir det på *Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet* føreslått løyvd 6,9 mill. kroner til Stiftelsen Miljømerking (Miljømerking). Stiftelsen forvaltar Svana, den fellesnordiske ordninga for frivillig positiv miljømerking av varer og tenester, og er ansvarleg organ i Noreg for miljømerkeordninga til EU (EU Ecolabel).

Endringar i skatte- og avgiftsopplegget med verknader på miljøområdet

- CO₂-avgifta på mineralolje til fiske og fangst i nære farvatn blir auka til 98 kroner pr. tonn CO₂.
- Dei generelle satsane i CO₂-avgifta på mineralolje og gass og avgifta på HFK/PFK blir auka til 330 kroner pr. tonn CO₂-ekvivalentar. Satsane i CO₂-avgifta for innanriks luftfart blir auka med om lag 50 kroner pr. tonn CO₂. Mineralolje som er pålagt vegbruksavgift på drivstoff er ikkje omfatta av avgiftsauken.
- Verneverdige fartøy, museumsjernbaner og tekniske anlegg og kulturminne med stor kulturhistorisk verdi er i dag fritekne for CO₂-avgift, svovelavgift, grunnavgift på mineralolje, smøreoljeavgift, el-avgift og NO_x-avgift. Friket blir oppheva frå 2014, som kompenserande tiltak blir det oppretta ei tilskotsordning over Riksantikvarens budsjett.
- Eingongsavgifta på køyretøy blir justert frå 2014. Det blir lagt meir vekt på miljø og mindre vekt på motoreffekt i avgifta. Innslagspunktta i CO₂-komponenten blir reduserte med 5 gram pr. km frå og med 110 gram og oppover, mens dei to høgaste satsane for CO₂-utslepp blir auka. Satsen for NO_x-utslepp i eingongsavgifta blir auka med 30 pst. For varebilar aukar CO₂- og NO_x-delen av eingongsavgifta frå 25 pst. av avgifta på personbilar til 30 pst., med unntak av den høgaste CO₂-satsen som blir halden uendra. Vidare blir dei to høgaste satsane for CO₂-utslepp frå drosjer reduserte ned til nivået med tredje høgaste sats. Dette for ikkje å hindre eit godt tilbod av drosjer som er eigna for rørslehemma og større grupper personar. Alle endringane i eingongsavgifta blir gjennomførte innanfor ei provenynøytral ramme ved å redusere effektkomponenten.
- Den miljødifferensierte delen av vektårsavgifta på køyretøy over 7 500 kg blir auka med 25 pst.
- Biodiesel som er pålagt redusert sats i vegbruksavgifta må frå 2014 oppfylle berekraftskriteria som følgjer av EUs fornybardirektiv(2009/28/EF) som skal innarbeidast i norsk rett frå 1. januar 2014.

5 Oversiktstabellar

5.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Miljøvern-
departementet på 6 004,115 mill. kroner på utgifts-
sida og 670,932 mill. kroner på inntektssida.

5.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1400	Miljøverndepartementet	608 038	596 332	662 654	11,1
1406	Miljøvennleg skipsfart			4 132	
1407	Miljøhensyn i offentlige innkjøp			10 000	
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø			12 599	
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	550 361	621 253	661 042	6,4
	Sum kategori 12.10	1 158 399	1 217 585	1 350 427	10,9

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1420	Miljødirektoratet			2 817 997	
1425	Vilt- og fisketiltak	84 713	85 400	84 700	-0,8
1426	Statens naturoppsyn	224 794	209 197		-100,0
1427	Direktoratet for naturforvaltning	1 355 330	1 514 492		-100,0
	Sum kategori 12.20	1 664 837	1 809 089	2 902 697	60,5

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1429	Riksantikvaren	268 453	509 050	556 519	9,3
1432	Norsk kulturminnefond	59 480	61 440	63 590	3,5
	Sum kategori 12.30	327 933	570 490	620 109	8,7

Utgifter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet	745 569	784 969		-100,0
1445	Miljøvennleg skipsfart	3 807	4 132		-100,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp	17 545	14 000		-100,0
1448	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	11 363	12 512		-100,0
	Sum kategori 12.40	778 284	815 613		-100,0

Utgifter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	625 040	720 994	775 033	7,5
2465	Statens kartverk	17 555	12 000	15 288	27,4
	Sum kategori 12.50	642 595	732 994	790 321	7,8

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1471	Norsk Polarinstitut	259 390	257 334	275 943	7,2
1472	Svalbard miljøvernfond	14 701	12 320	12 320	0,0
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	42 801	37 253	52 298	40,4
	Sum kategori 12.60	316 892	306 907	340 561	11,0

5.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4400	Miljøverndepartementet	5 093	1 893	1 959	3,5
	Sum kategori 12.10	5 093	1 893	1 959	3,5

Inntekter under programkategori 12.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4420	Miljødirektoratet			102 671	
4426	Statens naturoppsyn	1 396	664		-100,0
4427	Direktoratet for naturforvaltning	24 551	18 190		-100,0
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	88 400	93 900	93 200	-0,7
	Sum kategori 12.20	114 347	112 754	195 871	73,7

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4429	Riksantikvaren	7 211	4 800	5 159	7,5
4432	Norsk kulturminnefond	59 480	1 400 000		-100,0
	Sum kategori 12.30	66 691	1 404 800	5 159	-99,6

Inntekter under programkategori 12.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4441	Klima- og forureiningsdirektoratet	80 524	76 529		-100,0
	Sum kategori 12.40	80 524	76 529		-100,0

Inntekter under programkategori 12.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4465	Statens kartverk, arbeid med tinglysning og nasjonal geografisk infrastruktur	1 105 009	663 000	377 900	-43,0
5465	Statens kartverk	367			
	Sum kategori 12.50	1 105 376	663 000	377 900	-43,0

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4471	Norsk Polarinstittutt	83 269	75 095	77 723	3,5
4472	Svalbard miljøvernfond	2			
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet	14 699	12 320	12 320	0,0
	Sum kategori 12.60	97 970	87 415	90 043	3,0

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
01-01	Driftsutgifter	1 502 079	1 550 913	1 580 810	1,9
11-25	Varer og tenester	1 255 453	1 253 177	1 294 743	3,3
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	540 175	647 226	700 238	8,2
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	438 162	488 733	520 965	6,6
60-69	Overføringer til kommunar	86 014	104 750	129 345	23,5
70-89	Overføringer til private	1 067 057	1 407 879	1 778 014	26,3
	Sum under departementet	4 888 940	5 452 678	6 004 115	10,1

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
01-29	Sal av varer og tenester m.v.	1 303 829	835 873	565 412	-32,4
50-91	Skattar, avgifter og andre overføringer	165 805	1 510 518	105 520	-93,0
	Sum under departementet	1 469 634	2 346 391	670 932	-71,4

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Miljøverndepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49:

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2013	Forslag 2014
1400	61	Framtidas byar og bærekraftig byutvikling		37 000
1400	65	Områdesatsing i byar		47 000
1400	74	Tilskot til AMAP		4 000
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak		36 050
1400	81	Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming		12 557
1420	69	Oppryddingstiltak		39 845
1420	70	Tilskott til vassmiljøtiltak		20 800
1420	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga		64 600
1420	78	Friluftsmål		103 588
1420	79	Oppryddingstiltak		1 264
1420	81	Verdensarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv		24 100
1420	82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar		28 089
1420	85	Nasjonalparksenter og andre naturinformasjonssenter		52 700
1425	70	Tilskot til fiskeformål		11 500
1425	71	Tilskot til viltformål		27 600
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne		30 005
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap		120 402
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		58 821

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2013	Forslag 2014
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring		41 997
1429	74	Tilskot til fartøyvern		51 712
1429	75	Tilskot til fartøyvernsenter		6 726
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde		8 264
1429	79	Tilskot til verdsarven		49 202
1465	21	Spesielle driftsutgifter		487 334
1471	21	Spesielle driftsutgifter		69 542
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		20 000
1474	70	Tilskot til private mottakarar		28 000

6 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget

Vedtak nr. 665, 20. juni 2013

«Stortinget ber Regjeringa vurdere korleis friluftsliv i større grad kan prioriterast for å oppfylle Statens mål i folkehelsepolitikken og dei idrettspolitiske måla om «idrett og fysisk aktivitet for alle»»

Miljøverndepartementet uttaler i brev 22. august 2013:

«Regjeringen vil legge fram «Nasjonal strategi for aktivt friluftsliv» og «Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder» Hovedpunktene vil bli omtalt i Prop. 1 S (2013–2014) under resultatområde 8 – Aktivt friluftsliv.»

Del II
Miljøverndepartementets
budsjettforslag for 2014

7 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Miljøverndepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til forskning og overvaking. Delar av løyvingane kan bli stilt til disposisjon for etatane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2014 er på 1 350,4 mill. kroner. Dette er ein

auke på om lag 132,8 mill. kroner, eller 10,9 pst. samanlika med saldert budsjett for 2013.

I samband med opprettinga av Miljødirektoratet, jf. Prop. 149 S (2012–2013) Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i Statsbudsjettet 2013, og samlinga av budsjettkapittel for dette under kap. 1420, blir programkategori 12.40 lagt ned i 2014-budsjettet. Kap. 1445, 1447 og 1448 har blitt flytta til programkategori 12.10 og til respektive kap. 1406, 1407 og 1408.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1400	Miljøverndepartementet	608 038	596 332	662 654	11,1
1406	Miljøvennleg skipsfart			4 132	
1407	Miljøhensyn i offentlige innkjøp			10 000	
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø			12 599	
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking	550 361	621 253	661 042	6,4
	Sum kategori 12.10	1 158 399	1 217 585	1 350 427	10,9

Kap. 1400 Miljøverndepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	253 983	255 387	265 914
21	Spesielle driftsutgifter	150 220	105 203	130 875
22	Spesielle driftsutgifter knytte til lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overføres</i>	927		
61	Framtidas byar og berekraftig byutvikling, <i>kan overføres</i>	21 160	37 000	37 000
62	Den naturlege skulesekken	7 000	3 500	3 500
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overføres</i>	30 233	32 000	47 000
70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	49 577	51 213	58 005
71	Internasjonale organisasjonar	46 835	50 783	52 760
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overføres</i>	4 000	4 000	4 000
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overføres</i>	27 757	31 150	36 050
79	Tilskot til kulturminneforvaltning	4 000	11 539	14 993
80	Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, <i>kan overføres, kan nyttast under post 22</i>	656		
81	Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overføres</i>	11 690	14 557	12 557
	Sum kap. 1400	608 038	596 332	662 654

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Miljøverndepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. Talet på tilsette har variert i løpet av den siste 10-årsperioden, frå nedgang i perioden 2001 til 2005 (frå 256 årsverk til 223 årsverk) og ei styrking opp til 265 årsverk i 2013 som følgje av auka innsats innanfor områda klima og naturmangfald.

Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei

største. Departementet har òg høge reiseutgifter grunna det internasjonale miljøarbeidet.

Løyving er føreslått styrkt med om lag 10,5 mill. kroner. Det er lagt inn 1,9 mill. kroner i auka lønnskompensasjon og 3 mill. kroner i auka driftskostnader grunna departementet si flytting i 2013. Innanfor løyvinga vil departementet nytte eit beløp til kjøp av klimavotar. Beløpet vil tilsvare dei inntektene departementet tek inn ved parkering på departementet sitt område. Desse inntektene blir førte under kap. 4400, post 02.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Lønn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast

over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøvernforvaltningas ansvarsområde.

Miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Miljøverndepartementet har tilstrekkelege ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

I 2014 foreslår Regjeringa å auke posten med 25,7 mill. kroner. Av dette vil 5 mill. kroner av auken gå til samordning av motsegner.

Løyving på posten er styrkt med 11 mill. kroner til arbeidet med klimatilpassing. Midlane skal nyttast til høvesvis 4 mill. kroner til «Overvannsutvalget» sitt arbeid i 2014, 3 mill. kroner skal nyttast til å utvikle nasjonale klimatenester med betre informasjon til kommunar og næringsliv om klimaendringar lokalt, gjennom ei auka løyving til senter for klimatenester og 4 mill. kroner til å styrkje og følgje opp det tverrgåande kunnskapsgrunnlaget innan arbeidet med tilpassing.

Det er òg løyvd 4 mill. kroner til arbeidet med å redusere utslepp av kortleva klimadrivarar og 1 mill. kroner til biocider og det europeiske kjemikaliebyrået ECHA som er tillagt oppgåver knytta til teknisk gjennomføring av den nye biocidordninga.

Løyvingane som er foreslått på posten vil mellom anna bli nytta til satsingane Framtidas byar og Groruddalen, og til styrkje plan- og miljøkompetansen både regionalt og kommunalt. Oppbygginga av kompetanse i kommunane på naturmangfaldlova held fram. Det er avsett midlar til satsing på vassforvaltning, havforvaltning og forvaltning av verneområde på posten. Midlar til desse satsingane er òg plasserte under andre kapittel og postar.

Vidare er 2 mill. kroner avsett til vidareføring av Miljødirektoratets nærmiljøsatsing. Posten finansierer òg eit prosjektsamarbeid med Kina, India, Brasil og Sør-Afrika (dei store veksande økonomiane) for å ha ei plattform for politisk dialog om globale miljøutfordringar og dei globale miljøkonvensjonane. Det er òg avsett 2 mill. kroner til vidare utvikling og oppfølging av strategi for beregningsverktøy.

Post 61 Framtidas byar og berekraftig byutvikling, kan overførast

Midlane under posten er knytte til resultatområde 7 Godt bymiljø. Midlane omfattar mellom anna satsinga på Framtidas byar med 19 mill. kroner og skal nyttast av 13 byar som saman utgjer dei største

byområda i Noreg. Av den foreslåtte løyvinga er det òg avsett 9,5 mill. kroner under kap. 1400 post 21 og 6 mill. kroner under post 81 til Framtidas byar, slik at Regjeringas samla innsats er 34,5 mill. kroner årleg. Post 61 finansierer òg 18 mill. kroner til planarbeid i byar. Saman med 7 mill. kroner på post 21 og 5 mill. kroner på kap 1410 post 51 gjennomfører Regjeringa òg eit program for meir berekraftige byar, auka bustadbygging og effektive planprosessar for dei viktigaste pressområda.

Framtidas byar

Framtidas byar er eit samarbeidsprogram for perioden 2008–2014 mellom staten, dei 13 kommunane som utgjer dei største byområda og næringslivet for å få ned klimagassutsleppa, møte klimaendringane og sikre eit godt bymiljø. Programmet er eitt av tiltaka i Klimameldinga og er starta fordi det er naudsynt med felles innsats og politisk vilje både frå kommunar og stat for å nå klimamåla.

Mål

Hovudmålet er å redusere dei samla utsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk, forbruk og avfall i dei største byområda. Det skal òg gjennomførast tiltak for å møte klimaendringar no og i framtida. Samtidig må byane halde fram med å utvikle eit godt fysisk miljø, betre helse for innbyggjarane og gode føresetnader for næringslivet.

Kriterium for måloppnåing

Kommunane har utarbeidd handlingsprogram saman med regionale styresmakter og i dialog med staten. Også næringslivet, organisasjonar og innbyggjarane er trekte med. Handlingsprogramma er grunnlag for forpliktande samarbeidsavtaler mellom byane, staten og næringslivet. Avtalene skal sikre at planar og tiltak som det er semje om, blir gjennomførte av partane.

Rapport for 2012

Midlane vart i 2012 nytta under post 61 og 81 og gjekk primært til å støtte bykommunanes deltaing i programmet. Mesteparten av effekten vil ikkje vise seg frå år til år, men gjennom langsiktige resultat i byutviklinga. Av meir konkrete resultat av løyvingane i 2012 er utviklinga av såkalla Business Improvement Districts i Noreg. Smart City Bærum er inne i ein driftsfase med eit tett samarbeid mellom kommune og næringsliv. Ein prosjektdatabase med informasjon om tiltak

og samarbeidsprosjekt i Framtidas byar vart lansert med versjon 1 i 2012. Ein rapport om bymiljøindikatorar for Framtidas byar blir utarbeidd annakvart år i samarbeid med Statistisk sentralbyrå. Indikatorane fortel om utviklinga for mellom anna arealbruk, transport, energibruk, klimagassutslipp, avfallshandtering og miljøvenleg praksis.

Tildelingskriterium

Regjeringa ønskjer i første rekkje avtaler med dei byane som vil gripe tak i klima- og miljøutfordringane på ein grunnleggjande ny måte, og er innstilte på å bruke verkemidla sine slik at dei byggjer opp under felles visjonar, mål og strategiar. Midlane på denne posten kan nyttast til kompetansebygging og andre tiltak og pilotprosjekt som er nyskapande, går på tvers av fagområda eller som utløyser andre ressursar, til dømes i næringslivet. Det er ein føresetnad at kommunane går inn med egne midlar.

Oppfølging og kontroll

Ved sida av bruk av informasjonssystem og indikatorar, sjå ovanfor, blir det lagt opp til årleg rapportering av oppnådde resultat og ressursbruk innan dei prioriterte miljøområda. Prosjektdata-basen som vart etablert i 2012 er nytta til rapportering om status og framdrift for dei enkelte tiltaka og prosjekta. Arbeidet vil bli følgt opp fortløpande både fagleg og økonomisk, blant anna gjennom faglege samlingar og bruk av fagkoordinatorar på kvart innsatsområde.

Plansatsing mot store byar

Folketalet i Noreg er venta å auke sterkt dei neste tiåra, hovudsakeleg i byar og tettstader. Dette gir utfordringar for bustadforsyning, transport, arealbruk, klimagassutslipp, helse og livskvalitet. Ei ny satsing frå 2013 til 2017 retta mot dei største byområda med den sterkaste veksten, skal medverke til framtidsetta byplanlegging, betre bymiljø og tilrettelegging for auka bustadbygging. Viktige grep i satsinga er styrkt kompetanse og kapasitet, og meir samarbeid på tvers av sektor og kommunegrensene. Satsinga inneber tilskotsmiddel på 18 mill. kroner pr. år.

Mål

Målet med tilskotet er at veksten i byane skal møtast med betre regional planlegging for byområda, betre kollektivtransport på tvers av kommunegrensene, utvikling av gode bysenter og auka

bustadbygging. Betre bruk av areal vil gi høgare livskvalitet i form av lettare tilgjengelege bustader, mindre nedbygging av natur og landsbruksareal, betre bymiljø, og mindre reisetid og forureining.

Kriterium for måloppnåing

Miljøverndepartementet legg vekt på at kommunane i pressområda må løyse denne oppgåva på ein måte som både sikrar ei berekraftig utvikling og samstundes nyttar det eksisterande potensialet for bustadbygging og byutvikling.

Tildelingskriterium

Miljøverndepartementet vil støtte kommunar som aktivt vil følgje opp måla for by- og bustadpolitikken.

I 2014 yter Miljøverndepartementet 6 mill. kroner i tilskot til plansamarbeid i dei tre store byområda rundt Bergen, Trondheim og Stavanger. Gjennom plansamarbeid kan vi oppnå meir heilskapleg lokalisering av busetjing, handel og arbeidsplassar saman med effektive areal- og transportløyser. Det er eit ønske om å yte støtta i ytterlegare fire år føresett budsjetgodkjenning.

12 mill. kroner pr. år vil bli brukt som tilskot til kommunar som aktivt vil følgje opp måla for ein berekraftig bypolitikk. Det blir lagt særleg vekt på prosjekt som kan brukast som eksempel for andre byar. Det er ønskeleg å få prøvd ut tiltak for å styrkje dei urbane kvalitetane i byane. Dette gjeld blant anna gang- og sykkelveggar, kollektivaksar og urbant friluftsliv. Det gjeld vidare offentlege og private uterom, grøntområde og kulturminne som ressurs. Ein ønskjer òg å prøve ut tiltak for å oppnå betre samarbeid mellom kommunane og dei næringsdrivande for å styrkje handel og annan aktivitet i sentrum av byane.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 62 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til resultatområde 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslått fjellandskap, 8 Aktivt friluftsliv og 11 Stabilt klima.

Den naturlege skulesekken er eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Mål

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftorganisasjonar med faglege ressursar skulen har nytte av. Det støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande pedagogisk omgrep er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I den naturlege skulesekken er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sentralt. Skular skal i samarbeid med aktørar i nærmiljøet utvikle undervisnings- og arbeidsmetodar som inneber at elevane og lærarar oppsøker miljø utanfor klasserommet og brukar desse miljøa regelbunde som læringsarena. Opplevingar og erfaringar skal elevane ta med seg tilbake til skulen for å arbeide vidare med dei. Målet er å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda, og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd. Den naturlege skulesekken skal medverke til å utnytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena og bruk av ulike regionale og nasjonale ressursar, i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Rapport 2012

Våren 2009 deltok 11 skular. 78 skular fekk tildelt midlar hausten 2009 for å delta i Den naturlege skulesekken skuleåret 2009/2010. 109 skular fekk tildelt midlar våren 2010 for å delta i DNS skuleåret 2010/2011. For skuleåret 2012/2013 har 155 skular fått midlar til undervisningsopplegg. 21 eksterne aktørar har fått midlar for 2012/2013. Midlane til desse skulane vart tekne frå andre postar på Miljøverndepartementets budsjett.

Skuleåret 2013/2014 har 178 skular og 19 eksterne aktørar fått midlar. Til den naturlege skulesekken er det i tillegg til tilskotet på denne posten foreslått ei løyving på 4,5 mill. kroner på

kap. 1400 post 21 og 2 mill. kroner på kap. 1400 post 76 slik at samla prosjektmidlar frå Miljøverndepartementet er 10 mill. kroner i 2014.

Tildelingskriterium

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og famne om 2 eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag og skulane blir bedne om å samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle elevane og lærarane si nyfikne, kunnskapen deira om natur og samfunn, og medvit om berekraftig utvikling. Undervisningsopplegga skal famne om 2 eller fleire fag, slik at det blir fleirfaglege undervisningsopplegg. Det skal leggjast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande arbeidsmåtar (Forskarspiren) skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret. Undervisningsopplegga vil bli vurderte for publisering på nettstaden www.naturesekken.no slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå Naturfagsenteret.

Post 65 Områdesatsingar, kan overførast

Midlane under denne posten er i hovudsak retta mot resultatområde 7 Godt bymiljø.

Områdesatsing for indre Oslo Aust

Det blir sett i verk ei områdesatsing i indre Oslo Aust i 2014. Oslo kommune har sett av 25 mill. kroner i sitt budsjett for ein særleg innsats for indre Oslo Aust. Det er lagt fram forslag om at staten medverkar med 25 mill. kroner til denne satsinga. Løyvinga er fordelt på budsjetta til fleire departement. Miljøverndepartementet vil medverke med 4 mill. kroner i 2014 til nærmiljøtiltak og stadutvikling.

Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeidsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet medverkar òg i satsinga. Sjå budsjettproposisjonane hos desse

departementa for omtale av deira del av satsinga. Ein viser dessutan til nærare omtale av satsinga under Resultatområde 7 Godt bymiljø.

Mål

Målet med satsinga er at dei delane av byane med særlege utfordringar skal få bistand til å snu utviklinga. Erfaringane frå andre områdesatsingar skal nyttast til ei god organisering som gjer byområdene betre i stand til å utnytte lokale ressursar.

Kriterium for måloppnåing

Satsinga skal drivast i eit breitt samarbeid mellom departementa og Oslo kommune. Departementa legg vekt på at Oslo kommune medverkar med kjennskap til lokalmiljøet. Det skal utviklast samarbeidsformer og tiltak som går på tvers av alminneleg forvaltning allereie tidleg i satsinga. I arbeidet vil det bli lagt vekt på nærmiljøtiltak, oppgradering av dei grønne uteområda, betre tilhøve for gang-, sykkel- og kollektivtransport og stadutvikling.

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad frå Oslo kommune.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Områdesatsing på Fjell i Drammen

Det blir sett av 15 mill. kroner til områdesatsing i Fjell på Miljøverndepartementets budsjett for 2014. Satsinga skal utformast av Miljøverndepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet, Arbeidsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i fellesskap. Arbeidet blir leia av Miljøverndepartementet.

Mål

Målet med tilskotet er å medverke til at Fjell snur ei negativ levekårsutvikling.

Dei statlege tilskota skal stimulere til eit samarbeid på tvers av forvaltningsnivå som legg grunnlag for langvarige effektar og gode eksempel til nytte for byar over heile landet.

Kriterium for måloppnåing

Miljøverndepartementet legg vekt på at Drammen kommune medverkar med kjennskap til lokalmiljøet. Arbeidet skal drivast i eitt breitt samarbeid mellom dei involverte partane, både på statleg, kommunalt og bydelsnivå. Tilskotet skal stimulere til lokal brukarmedverknad. Det skal utviklast samarbeidsformer og tiltak som går på tvers av alminneleg forvaltning allereie tidleg i satsinga.

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad frå kommunen til Miljøverndepartementet som forvaltar statens tilskot.

Miljøverndepartementet legg vekt på at dei statlege midlane inngår i ei heilskapleg områdesatsing på tvers av sektorar. Det vil bli lagt særleg vekt på prosjekt som kan nyttast som eksempel for andre utsette byområde i landet. Formidling av resultat og utveksling av erfaringar i nettverk skal skje med jamlege mellomrom. Aktuelle tiltak er:

- Tiltak retta mot barn og unge
- Oppgradering av uteområde, gang- og sykkel-samband
- Sosialt entreprenørskap
- Folkehelseiltak
- Integreringstiltak
- Stadutvikling

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Områdesatsing i Groruddalen

Midlane skal nyttast til å styrkje innsatsen for eit betre miljø i Groruddalen og nyttast av etatar i Oslo kommune og bydelane i Groruddalen.

Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007–2016.

Mål

Det langsiktige hovudmålet er ei berekraftig byutvikling, synleg miljøopprusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande samarbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar. Arbeidet blir følgt opp med dokumentasjon av

tilhøve ved oppstart, evaluering undervegs og midvegs, samt avsluttande rapport.

Miljøverndepartementet har ansvar for programområde 2, Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Målet for dette programmet er å styrkje den blågrøne strukturen og naturmangfaldet i Groruddalen, og gi betre forhold for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Kulturminne skal vernast og brukast, og forståinga for historia skal styrkjast.

Kriterium for måloppnåing

Planarbeidet skal drivast i eit breitt samarbeid mellom partane innan program 2 Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø og føre fram til fysiske forbetringar.

I arbeidet er det lagt vekt på tre hovudstrategiar:

- Utvikle samanhengande grønstrukturar og turveggar på langs og tvers av dalen og sjå ulike tiltak i samanheng i utvalte geografiske innsatsområde.
- Vidareutvikle Akergardane og andre kulturminne som har potensial som møtestad med ulike tenester og kulturaktivitetar.
- Utvikle ein bydelspark i kvar bydel som kan gi attraktive møtestader i det grøne og vere arena for både organiserte og uorganiserte aktivitetar.

Rapport for 2012

Groruddalsatsinga har i 2012 i stor grad handla om ferdigstilling og vidareføring av påbegynte tiltak.

Størstedelen av midlane innan program 2 er brukt til etablering av samanhengande grønstruktur og turvegssystem på langs og tvers av Groruddalen, til bydelsparkar og attraktive møteplassar, opning av Alnaelva og til Bydelsrusken Groruddalen. Som oppfølging av tilrådingar frå midtvegsevalueringa, starta ein i 2012 arbeidet med å revidere satsinga sine delmål og å utgreie erfaringar med overføring av arbeidsmetodar brukt i satsinga.

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad og handlingsprogram for program 2. Etatane og bydelane kjem med forslag til tiltak og samarbeider om dette i programgruppe 2.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk. Kvart tertial blir det utarbeidd rekneskapsrapportar. Det blir

utarbeidd årlege rapportar og handlingsprogram for kvar programgruppe.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjengelige miljøstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Mål

Formålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljø saker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for frivillige organisasjonar og allmenntilgjengelige stiftelsar med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde.

Tilskotsordninga for grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjonar vart lagt om i budsjettet for 2012 ved fastsetjing av føresegn om tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjengelige miljøstiftelsar av 29. september 2011, jf. Prop. 1 S (2011–2012). Løyvinga dekkjer etter dette grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjengelige miljøstiftelsar.

Tildelingskriterium

Føresegna inneber at 70 pst. av grunnstøtta blir fordelt etter:

- om tilskotsmottakaren er ein frivillig organisasjon, ein barne- og ungdomsorganisasjon, ei samanslutning av organisasjonar (paraplyorganisasjon) eller ein allmenntilgjengelig stiftelse,
- talet på personlege medlemmer og medlemssinntekter frå personlege medlemmer,
- talet på personlege givarar etter skattelova sine reglar for frådrag for gaver til visse frivillige organisasjonar m.m. og givarinntektene får desse personane,
- talet på lokallag,
- talet på fylkes-/regionlag.

Dei resterande 30 pst. blir fordelte etter ei vurdering av den betydninga organisasjonane og stiftelsane har i samfunnet.

Det gjeld ei overgangsordning over tre år slik at reglane i føresegna først får full verknad frå 2014 i høve til den tidlegare ordninga.

Etter gjennomgang av dei mottekne søknadene og vurdering av dei i høve til føresegna vil løyvinga for 2014 bli fordelt som vist i tabellen nedanfor. *Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja* blir teken inn i ordninga etter føresegna.

Tabell 7.1 Fordeling av tilskot

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2012	Løyving 2013	Forslag 2014
<i>Miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforeining	5 249 000	5 555 000	5 934 000
Forbundet Kysten	2 823 000	3 813 000	4 981 000
Fortidsminneforeininga	3 952 000	3 652 000	3 892 000
Framtida i våre hender	3 100 000	3 364 000	3 770 000
Noregs Jeger- og Fiskarforbund	7 140 000	8 010 000	9 069 000
Noregs miljøvernforbund	770 000	1 290 000	1 883 000
Noregs naturvernforbund	7 384 000	7 400 000	7 496 000
Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja			2 389 000
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 217 000	1 427 000	1 708 000
Kulturvernforbundet	1 101 000	1 367 000	1 708 000
Grøn kvardag	5 507 000	3 502 000	1 400 000
Regnskogfondet	811 000	1 130 000	1 547 000
<i>Barn- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	1 978 000	2 437 000	3 625 000
Miljøagentane	1 241 000	1 252 000	1 293 000
<i>Miljøstiftelsar</i>			
Idébanken	2 640 000	1 655 000	621 000
Miljøstiftelsen Bellona	1 338 000	1 550 000	1 863 000
Norsk kulturarv	398 000	708 000	1 083 000
WWF Noreg	1 775 000	1 932 000	2 505 000
Zero	1 153 000	1 169 000	1 237 000
<i>Sum</i>	<i>49 577 000</i>	<i>51 213 000</i>	<i>58 005 000</i>

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Løyvinga er foreslått auka med prisjustering.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt eit frivillig bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale hydrografiske organisasjon (IHO)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnvaltala (oljeforureining)

- Interimssekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Vassfuglavgift under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossavtala under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavtala under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FN's klimapanel (IPCC)
- FN's Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC) Kyotoprotokollen
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)
- Rotterdamkonvensjonen om notifikasjon og førehandssamtykke ved eksport av kjemikalier
- Århuskonvensjonen om miljøinformasjon Århuskonvensjonsprotokoll om forureina utslepp og utsleppsregister (PRTR)
- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)
- FN's naturpanel (IPBES)
- Minamata-konvensjonen om kvikksølv (interimfasen)

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå måla under Internasjonalt samarbeid.

Mål

Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre vidareføring av programmet for arktisk miljøovervaking (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftelsen AMAP.

Stiftelsen AMAP vart oppretta av Miljøverndepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk råd. Miljøovervåkingsprogrammet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

Rapport for 2012

Det har vore god drift av AMAP-sekretariatet i 2012, med fortløpande oppfølging av oppgåver sette i gang av Arktisk råd. Oppgåvene er først og fremst knytte til overvaking, vurderingar og samanstilling av informasjon om miljøpåverknad og klimaendringar i Arktis.

AMAP-programmet har dei siste åra fått nye og prioriterte oppgåver frå Arktisk råd, og AMAP-sekretariatet har på bakgrunn av dette styrkt kapasiteten sin. Dette gjeld i første rekkje utvikling og drift av eit nettverk av forskings- og overvåkingsstasjonar i Arktis (SAON), der AMAP er gitt ei sentral utøvande og koordinerande rolle for Arktisk råd. Vidare har AMAP fått ei sentral rolle i utviklinga av ein større studie om endringar i Arktis (Adaption Actions for a Changing Arctic – AACA) som vart vedteken av Arktisk råd.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Post 75 Miljøvennleg byutvikling, kan overførast

Posten ble lagt ned frå og med 2013 og midlane frå 2012 er overførte til post 65.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Midlane under denne posten gjeld alle resultatområda.

Mål

Posten sitt mål er todelt og skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld biologisk mangfald, klima og forureiningar, og nasjonale mål, innanfor alle resultatområda.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Posten omfattar både øyremerkte og frie midlar.

Rapport for 2012**Nasjonalt**

Det er gitt tilskot på 1,5 mill. kroner til prosjektet ForMat som er drive av NHO. ForMat-prosjektet er næringslivet si satsing for å redusere det vi kastar av mat. Målet er å redusere svinnet av mat i heile verdikjeda (næringsmiddelbedrifter, daglegvarehandelen og forbrukar) med 25 pst. innan 2015.

Det er og tilskot til Ren Marina, som fokuserer på avfallshandtering frå fritidsbåtar og tiltak for mottaksordningar for avfall i marinaer gjennom mellom anna informasjonstiltak.

Stiftelsen Miljømerking fikk i 2012 550 000 kroner til prosjekt for å synleggjere Svanen som eit effektivt verktøy for miljøforbetring i næringslivet. I 2013 fikk Stiftelsen Miljømerking 300 000 kroner for å forsterke arbeidet med bygg og bustad. Standard Norge fikk både i 2012 og 2013 100 000 kroner i støtte for å sikre norsk ekspertdeltaking på møter i den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO på området miljøstyring.

Avfall Norge har motteke tilskot til kampanjen *Hold Norge Rent*.

Internasjonalt

På det internasjonale området er det gitt driftsstøtte til Grid Arendal, Forum for miljø og utvikling og Conservation of the Arctic Flora and Fauna

(CAFF). Støtta til GRID Arendal er eit generelt basistilskot til drifta, og utgjer knapt 10 pst. av GRIDs samla inntekter. GRIDs hovudformål er å yte tenester som styrkjer FN's miljøprogram UNEP, gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon.

ForUMs verksemd i 2012 er i tråd med Strategi og fleirårig rammeplan 2010–2013 og omfattar sentrale saksområde for Miljøverndepartementet, under dette deltaking og innspel i tilknytning til førebuingane av Rio+20 i juni 2012 og klimaforhandlingane. ForUMs aktivitet på desse områda medverkar til å setje fokus på saksfelt av sentral betydning for Miljøverndepartementet nasjonalt og støttar arbeidet med å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Miljøverndepartementet har medverka til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Det er vidare gitt tilskot til IPCCs arbeid med FN's femte hovudrapport. Tilskotet er knytt til resultatområde 11 og formålet med rapporten er å gi sikrere data om klimaendringane.

Bellona har motteke 1,4 mill. kroner i tilskot til prosjektet BEST+ som er eit samarbeidsprosjekt på CCS.

Vidare er det gitt tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor departementets resultatområde. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining og Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Tilskotet for 2012 er nytta til å vidareutvikle EMEP-modellen som vert nytta til å analysere spreining, konsentrasjonar og avsetningar av luftforureiningar. Slike modellanalyser vert nytta som grunnlag for forhandlingar om internasjonale avtalar om reduksjon i utslepp av luftforureiningar, til dømes *Gøteborgprotokolten*. *Norsk institutt for luftforskning (NILU)* arbeider som European Topic Centre on Air Quality and Climate Change Mitigation under *The European Environment Agency (EEA)*. *Norsk institutt for vassforskning (NIVA)* har ei tilsvarande rolle under EEA som European Topic Center for Water. Begge desse institutta er valde ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere deler av kostnadane som Topic Centre nasjonalt. Til-

skota frå Miljøverndepartementet dekkjer delar av kostnadene ved institutta sitt arbeid for EEA.

Norsk forskingsråd har fått tilskot til samarbeid med EU om strålevernforskning. Bidraget til EUs strålevernsprogram sikrar norske forskarar tilgang på midlar og eit felles europeisk forskingsmiljø med fokus på verknaden av radioaktiv forureining av miljøet og grunnlag for å etablere rammeverk for vern av miljøet. Programmet fører saman nøkkelaktørar innan radioøkologisk forskning i Europa og har stor meirverdi for norske aktørar og den kunnskapsbaserte statsforvaltninga.

NEFCO Nordisk sektorinitiativ har motteke tilskot på 2 mill. kroner til arbeid med eit prosjekt på avfallshandtering i Peru.

Det er òg utbetalt kontingent til Climate Technology Initiative, som mellom anna stimulerer til bruk av betre klimateknologiar i utviklingsland.

Det vart òg gitt reisestøtte til ulike organisasjonar. Naturvernforbundet, Natur og ungdom, Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn og Bellona fekk midlar til å dekkje utgifter i samband med deltaking i dei internasjonale klimaforhandlingane i Doha. Tilskotet til Bellona dekkja òg støtte til samarbeidet *Sahara Forest Project* under COP 18.

Bjerknessenteret fikk tilskot til å avhalde ein jubileumskonferanse med hovudfokus på klimaforskning. Vidare har *Lofoten mot Sellafield* motteke støtte til ein Sellafield-konferanse i Oslo. To personar har fått reisestøtte til UNEPs styremøte og tre personar til Green Week i Brussel.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat Regjeringa ønskjer å oppnå i det nasjonale miljøarbeidet og dei pliktene Noreg har teke på seg i det internasjonale miljøsambeidet.

Øyremerkte midlar

På det nasjonale området blir det i 2014 føreslått å gi tilskot til:

- Opplæring i naturmangfaldlova (1 mill. kroner).
- «Den naturlege skulesekken» (2 mill. kroner).
- Framande arter (1,5 mill. kroner)
- Medverke til oppfølging av avfallsstrategien (1 mill. kroner)

På det internasjonale området blir det i 2014 gitt tilskot til:

- Noregs bidrag til reduserte utslepp av kortleva klimadrivarar gjennom eit styrkt internasjonalt

engasjement, støtte til CCAC sitt arbeid (8 mill. kroner).

- Noregs bidrag til klimapanelet (IPCC) sitt arbeid med femte hovudrapport (5 mill. kroner).
- Kontingent til *Climate Technology Initiative* (CTI) (125 000 kroner).
- FN-organet Grid Arendal (4,5 mill. kroner).
- Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (CAFF) (0,2 mill. kroner).
- ForUM for utvikling og miljø (0,45 mill. kroner).
- EUs strålevernforskning (1 mill. kroner).
- Det internasjonale arbeidet til:
 - *Norsk Institutt for Luftforskning* (NILU) (1,421 mill. kroner),
 - *Norsk institutt for vassforskning* (NIVA) (0,45 mill. kroner)
 - *Meteorologiske institutt* (0,3 mill. kroner)
- Bidrag til *International Maritime Organization* (IMOs) arbeid med klimagassreduksjonar 0,5 mill kroner)
- Reisestøtte i samband med internasjonale møter (0,2 mill. kroner).

Frie midlar

Av den føreslåtte løyvinga er 8,4 mill. kroner opne for søknader. Dette er ei reduksjon av løyva frå 2013. Desse midlane vil departementet mellom anna prioritere mot søknader som gjeld miljømerking og miljøsertifisering, arbeid for å fremje CO₂-fangst og lagring (CCS), prosjekt som er relaterte til opprydding og førebygging av miljøgifter, avfallsrelaterte prosjekt, prosjekt som medverkar til auka bruk av miljøvennlege transportformer og redusert transportbehov og prosjekt som medverker til å oppfylle Aichi-måla om naturmangfald.

Søknader som gjeld klimatilpassing, utvikling og dokumentasjon av berekraftig skogforvaltning, og samarbeid med andre nordiske land om prosjekt retta inn mot dei internasjonale klimaforhandlingane vil òg bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturminneområdet, jf. Resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Posten var tidlegare øymerkt Den nordiske verdsarvstiftelsen, men er utvida til å omfatte fleire kulturminnetiltak. Posten er foreslått auka med 3,3 mill. kroner i 2014. Auken inkluderer 300 008 kroner til Kulturminnedagen, som tidlegare har vore belasta Riksantikvarens kap. 1429 post 21.

Mål

Bidra til måloppnåing på kulturminneområdet.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om kulturminnetiltak som mottok tilskot frå post 79.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde 6.

14,993 mill. kroner blir fordelte til følgjande tiltak:

- Den nordiske verdsarvstiftelsen (5,312 mill. kroner)
- Verdsarvsenter (5,175 mill. kroner)
- Freda (214 000 kroner)
- Bygg og bevar (2,018 mill. kroner)
- Klimapark 2469 (0,466 mill. kroner)
- Etter- og vidareutdanning (EVU), (1,500 mill. kroner)
- Kulturminnedagen (308 000 kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Post 81 Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming, kan overførast

Midlane under posten er hovudsakleg knytte til resultatområde 7 Godt bymiljø. Midlane omfattar satsinga på Framtidas byar med 6 mill. kroner. Det er òg foreslått midlar under kap. 1400 post 21 og 61 til Framtidas byar. Sjå omtale av post 61 for ei detaljert skildring av programmet Framtidas byar.

Framtidas byar

Mål

Hovudmålet er å redusere dei samla utsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk, forbruk og

avfall i dei største byområda. Det skal òg gjennomførast tiltak for å møte framtidige klimaendringar. Samtidig må byane halde fram med å utvikle eit godt fysisk miljø, betre helse for innbyggjarane og gode føresetnader for næringslivet. Tilskot frå posten skal støtte partnarar i programmet utanom byane og elles sikre viktig kompetanse om byutvikling i dei aktuelle fagmiljøa i Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Med bakgrunn i dei nasjonale måla og kommunane sine eigne mål for reduksjon av energibruk og klimagassutslepp, vil det bli utarbeidd informasjonssystem og indikatorar for å kunne følgje utviklinga. Det blir lagt vekt på utvikling og formidling av gode eksempel, slik at kommunane både i og utanfor programmet kan få kunnskap og inspirasjon til å gjennomføre gode og effektive tiltak. Ei samordning av tiltak og ressursar gjennom partnarsskap vil venteleg føre til meir effektiv ressursbruk og raskare løysingar. Miljøverndepartementet vil leggje vekt på at midlane blir nytta på ein måte som best mogleg sikrar dei nasjonale måla, samstundes som kompetanse om byutvikling blir formidla til deltakarane i programmet.

Rapport for 2012

Sjå post 61.

Tildelingskriterium

Midlane på denne posten kan nyttast til kompetansebygging og andre tiltak og pilotprosjekt som er nyskapande, går på tvers av fagområda eller som utløyser andre ressursar, til dømes i næringslivet. Det er ein føresetnad at kommunane går inn med eigne midlar for at det skal tildelast midlar til lokale prosjekt. Aktuelle mottakarar er samarbeidspartnarar i programmet og andre organisasjonar som arbeider med utviklinga av betre og meir kunnskapsbasert bypolitikk og -utforming.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Lokal plan- og miljøkompetanse

På mange miljøområde rår kommunane sjølve over ei rekkje av dei viktigaste verkemidlane, så som plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og lov-

verka knytte til vatn, klima, forureining, støy og kulturminne. Kommunane sin nærleik til innbyggjarane, næringsliv og lokale organisasjonar gir gode høve til å skape forankring for miljøpolitikken. Det vil vere eit stort bidrag til den samla måloppnåinga på dette området om alle kommunar, både i rolle som produsent av tenester, utøvar av myndigheit og samfunnsutviklar, nyttar handlingsrommet fullt ut. Miljøverndepartementet støttar derfor organisasjonar, stiftelsar, faglege nettverk og interkommunale nettverk med til saman 3 mill. kroner over post 81 for å sikre betre plan- og miljøkompetanse lokalt.

Mål

Regjeringa vil sikre kommunane sin kapasitet og kompetanse for å handtere dei nye plan- og miljøoppgåvene. Med erfaring frå programmet Livskraftige kommunar (2006–2011) vil ein mellom anna jobbe vidare med å utvikle lokale indikatorar, rettleiing, verkøy og arbeidsformer med særleg vekt på nettverkslæring og interkommunalt samarbeid. Det skal uarbeidast ein strategi som grunnlag for det vidare arbeidet på dette feltet.

Kriterium for måloppnåing

Departementet vil komme attende med meir konkrete kriterium for måloppnåing når arbeidet med strategien er avslutta.

Rapport for 2012

Ordninga vart først etablert i 2013.

Tildelingskriterium

Ein vesentleg del av midlane er knytt til arbeid med læringsnettverk, interkommunalt samarbeid og erfaringsformidling. Det er ein føresetnad at kommunar medverkar med betydeleg eigeninnsats. Departementet vil komme attende med meir konkrete kriterium for måloppnåing når arbeidet med strategien er avslutta.

Oppfølging og kontroll

Det skal utviklast meir eigna indikatorar som seier noko om utviklinga av plan- og miljøkompetansen i kommunane. Oppfølging av tiltak og prosjekt vil skje gjennom det ordinære plan- og styringssystemet. Det blir lagt opp til rapportering av oppnådde resultat innan dei prioriterte miljøområda bl.a. gjennom vidare utvikling av KOSTRA. Arbeidet vil bli

følgd opp fortløpande både fagleg og økonomisk. Det vil bli lagt opp til ei evaluering av dei tiltaka og prosjekta som får tilskot frå denne ordninga.

Erfaringane og resultatane vil gå inn i det ordinære konsultasjonsarbeidet mellom staten og KS og i andre relevante samhandlingsfora med kommunesektoren. Erfaringane skal nyttast til å vidareutvikle rammevilkår og verkemiddel for ein berekraftig praksis lokalt.

Universell utforming

Midlane under programmet er hovudsakleg knytte til resultatområde 7 Godt bymiljø og skal ta hand om oppfølginga av St.meld. nr. 40 (2002–2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer og føremålet universell utforming* i ny plan- og bygningslov. Midlane er knytte til departementet sine tiltak som fylge av ny handlingsplan frå 2014. Løyvinga er på 600 000 kroner årleg.

Bruken er samordna med stimuleringsmidlar frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, knytte til handlingsplanen og særleg retta mot kommunesektoren.

Mål

Ordninga skal støtte mål, strategiar og prioriterte tiltak i tråd med den nye plan- og bygningslova si styrking av universell utforming, dei handlingsplanane som gjeld på området og gjennomføring av gode føremoner i slike samanhengar. Målgrupper er kommunale og regionale forvaltningsnivå, organisasjonar og offentlege og private instansar.

Kriterium for måloppnåing

Ordninga skal stimulere til nytenking i planlegging og utforming av byggverk og uteområde slik at alle, utan omsyn til funksjonsevne, kan nytte dei på ein likestilt måte. Ordninga legg til grunn at det skal vere aktiv brukarmedverknad og formidling av resultatane.

Rapport for 2012

Midla er nytta til informasjon og gjennomføring av ein regional og ein internasjonal konferanse.

Oppfølging og kontroll

Det vert rapportert fagleg og økonomisk på tildelte midlar. Departementet følgjer i tillegg aktivitetane gjennom konferansar og seminar.

Miljøvern nær folk

Mål og målgruppe for ordninga

Ein stor del av den norske befolkninga har eit høgt miljømedvit, men ikkje så stor miljøhandlingsvilje. Utfordringa er å gjere miljøvenlege val til løysingar som folk vil vere med på, og gjere miljøinformasjon lett tilgjengeleg for folk.

Føremålet er å informere og engasjere enkeltmenneske til miljøvennleg åtferd.

Målgruppa for ordninga er organisasjonar, stiftelsar og faglege nettverk.

Det er planlagt å bevilge 2 mill. kroner under denne ordninga i 2014.

Tildelingskriterium

Midlane kan nyttast til tiltak og prosjekt som er nyskapande og skal òg medverke til å gjere miljøinformasjon og miljøkunnskap tilgjengeleg. Det er viktig å nå breitt ut til befolkninga.

Rapport 2012

Midlar er nytta til ei rekkje prosjekt som til dømes publikasjonar, utstillingar, konferansar, debattmøte, markeringar i det offentlege rom.

Oppfølging og kontroll

Det vert rapportert fagleg og økonomisk på tildelte midlar.

Kap. 4400 Miljøverndepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
02	Ymse inntekter	106	370	383
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	1 524	1 523	1 576
16	Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar	1 974		
18	Refusjon av sjukepengar	1 489		
	Sum kap. 4400	5 093	1 893	1 959

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, blant anna avgift for parkering på området til Miljøverndepartementet. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka i tråd med venta inntekter.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 1,5 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
21	Spesielle driftsutgifter			4 132
	Sum kap. 1406			4 132

Kapittel og post er flytt frå tidlegare programkategori 12.40 til 12.10.

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Miljøverndepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FNs sjøfartsorganisasjon IMO, EU, Nordsjøsam arbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og ope-

rasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. Direktoratet skal óg medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje lønn til fast og mellomtids tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreieing av framande arter i ballastvatn. Konvensjonen om sikker og miljømessig forsvarleg opphugging av skip, skipsopphuggingskonvensjonen, er vedtatt i IMO (Internasjonal Maritime Organisation) i 2009. Noreg tiltrådde sommeren 2013. Vidare dekkjer posten midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Kap. 1407 Miljøhensyn i offentlige innkjøp

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
21	Spesielle driftsutgifter			10 000
	Sum kap. 1407			10 000

Kapittel og post er flytt frå tidlegare programkategori 12.40 til 12.10.

Miljø og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar

Det er utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, der tiltak knytte til klima og energi, helse- og miljøfarlege kjemikaliar og biologisk mangfald har fått høg prioritet. Det er utarbeidd rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper. Statlege verksemder skal ha eit miljøleingsystem som er godt integrert i dei andre styringssystema i verksemda. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har ansvaret for å følgje opp handlingsplanen på nasjonalt nivå både når det gjeld miljømedvitne innkjøp og miljøleing.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sine hovudarbeidsområda vil vere å leggje til rette for samfunnsstenlege, kostnadseffektive og kvalitetsretta offentlege innkjøp og å arbeide for at miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp blir mini-

mert. Miljøbevisste offentlege nyskaffingar vil vere hovudarbeidsområdet til direktoratet innafør Miljøverndepartementets ansvarsområde. Det vil vere heilt sentralt for direktoratet å sikre at miljøomsyn blir integrerte som ein naturleg del av den generelle innkjøpspolitikken i all offentleg verksemd.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten skal medverke til å dekkje lønn til faste stillingar og driftsutgifter for Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sitt arbeid med miljøbevisste offentlege anskaffingar og miljøleing. Dette vil omfatte ansvar for å vidareutvikle verkemiddel og sikre at handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar blir gjennomført i praksis, under dette å fremje og følgje opp bruken av miljøleingsystem i staten med fokus på effektivisering og synleggjering av resultat, særleg når det gjeld miljøansvarlege offentlege nyskaffingar. Krav til miljøomsyn i offentlege bygningar er

ein del av handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar. Her er det høve til store miljøforbetringar, dersom dei riktige krava vert stilte, til dømes krav til energibruk, miljøfarlege stoff, livsløpfokus med meir. Direktoratet for forvaltning og IKT vil styrkje innsatsen på dette området, blant anna gjennom satsing på kompetansefremjande tiltak, rettleiing, portal for bygg, anlegg og eigedom, verktøy for livsløpskostnader med meir. Posten skal vidare dekkje drifts- og utgreiingsmidlar, informasjon, faglege råd til Miljøverndepartementet som grunnlag for politikktutforming, bistand til Miljøverndepartemen-

tet i internasjonalt arbeid på området og formidling relatert til miljøspørsmål. Direktoratet skal setje i verk Regjeringas politikk på områda miljøansvar ved offentlege nyskaffingar og miljøleiingssystem.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for miljø- og samfunnsansvarlege offentlege nyskaffingar. Kompetansefremjande tiltak og arbeidet med miljøleiing i statlege etatar blir ført vidare. Direktoratet skal stimulere til innovative, offentlege nyskaffingar, deriblant å auke det offentlege sin kompetanse på metodikk og tiltak for å gjennomføre nyskaffingar som fremjar utvikling av miljøteknologi.

Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	Saldert budsjett 2013	
01	Driftsutgifter			12 599
	Sum kap. 1408			12 599

Kapittel og post er flytt frå tidlegare programkategori 12.40 til 12.10.

Rolle og oppgaver for Statens strålevern:

Statens strålevern er Miljøverndepartementets direktorat på området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet. I 2011 vart forureiningslova og eit nytt kapittel i avfallsforskrifta gjort gjeldande for radioaktivt avfall og radioaktive utslepp. Dette inneber ei tydeleggjeriing av Strålevernet som forureiningsmyndigheit og miljødirektorat på dette området. Arbeidet med å utarbeide nye løyver til verksemder som er omfatta av det nye regelverket vert ferdigstilt i 2013. Verksemder som er omfatta av Strålevernets forvaltningsmyndigheit er blant anna petroleumsvirksomheit, sjukehus og forskning, avfallsdeponi, forskingsreaktorane på Kjeller og i Halden og noko prosess- og mineralindustri.

Strålevernet har òg ansvar for fagleg utgreiingsvirksomheit og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet. Dette blir gjennomført i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. Strålevernet deltek òg i arbeidet med forvaltningsplanane og leiar arbeidet i radioaktivitetskomiteen til OSPAR (RSC), i

tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norskrussiske miljøvernkommisjonen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 9 Giftfritt miljø.

Statens strålevern si fremste oppgåve er å styrkje forvaltning og rådgivingsvirksomheit under Miljøverndepartementets ansvarsområde. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar. Arbeidet med å bidra til at utslepp av radioaktive stoff blir unngått eller minimert frå dei ulike kjeldene er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfylling av OSPARs mål, og formidling.

Midlane i 2014 vil mellom anna verte brukte til oppfølging og tilsyn med verksemder, som har løyve etter avfallsforskrifta om radioaktive utslepp etter forureiningslova. Vidare skal Strålevernet undersøke om også andre verksemder treng tilsvarende løyver – dette gjeld blant anna prosessindustri og gruvedrift. Posten dekkjer utgifter som Statens strålevern har til løn og godtgjersler for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til opp-

dragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til etaten si samla utgreiings- og rådg-

ivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
21	Miljøovervaking og miljødata	172 633	176 671	182 171
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	158 759	163 998	169 738
51	Forskningsprogram m.m.	167 518	190 718	214 718
53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	6 548	6 564	6 794
54	Artsprosjektet m.m.		30 000	30 000
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	21 083	29 288	34 288
72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	14 900	14 900	13 900
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstituttene	8 920	9 114	9 433
	Sum kap. 1410	550 361	621 253	661 042

Kap. 1410 Miljøvernforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda og verkemiddelkapitlet kunnskap. Regjeringa legg vekt på å vidareføre løyvinga til forskning og overvaking på eit høgt nivå i 2014.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Posten er styrkt med til saman 5,5 mill. kroner i 2014. Av dette er 3 mill. kroner lagt inn til innføring og gjennomføring av SEATRACK som ein ny del av SEAPOP-programmet. SEATRACK vil på ein kostnadseffektiv måte gi ny kunnskap om arealbruk for sjøfuglbestandane som hekkar i norske koloniar eller som vandrar til norske farvatn. Det er òg lagt inn ein auke på 2,5 mill. kroner til samordning av eksisterande data frå reindrifta og overvaking av rovvilt i ei felles plattform, og vidareutvikling av dette til eit styrings- og forvaltningsverktøy.

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda. Finansiering av dei lange overvakingstidsseriane er framleis prioritert, men finansiering av nokre av dei lange tidsseriane er lagt på kap 1410 post 70, Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta, fordi det er ei sentral nasjonal oppgåve å sikre viktige overvakingssdata for forskning.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og arbeidet med standardisering på miljøområdet. Posten dekkjer òg formidling av resultata som blir oppnådde, blant anna utvikling og drift av Miljøstatus for Noreg på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeresursar som kan haustast, er dekte over andre postar på Miljøverndepartementets budsjett.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøvernpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøvernpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingssprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvakingssprogramma derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er nødvendig å underbygge argumenta for til-

tak med eit godt kunnskapsunderlag, blant anna utslepp av næringsstoff til vassdrag og fjordområde, sur nedbør og ozon.

Det er i hovudsak forskingsinstitutt og andre som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvakingsdata.

Situasjonen for tareskogen med tilhøyrande økosystem langs kysten er framleis alvorleg. Kunnskapen vi no har om årsaker til situasjonen gir grunnlag for å setje i verk tiltak. Den vil gi grunnlag for meir målretta tiltak for tareskogen.

Posten dekkjer òg overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av data frå det kommunale kartleggingsprogrammet, bestands- overvaking av rovvilt, sjøfuglprogrammet SEAPOP og auka overvaking av truga og nær truga arter, og naturtypar, blant anna tareskog.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforsking sinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat- områda.

Løyvinga i 2014 er foreslått auka med 5,7 mill. kroner til 169,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2013, for å styrkje den langsiktige kompetanseoppbygginga i sektoren. Posten dekkjer grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Bioforsk, Jord og miljø på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

I 2014 vil 5 pst. av grunnløyvinga bli omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular (avlagte doktorgrader og bistillingar), internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer *Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)*, *Norsk institutt for luftforskning (NILU)*, *Norsk Institutt for naturforskning (NINA)*, *Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU)*, *Norsk Institutt for Vassforskning (NIVA)*, *Senter for klimaforskning (CICERO)*, *Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center)* og *Transportøkonomisk institutt (TØI)* som er sentrale institutt innanfor sine område av miljøvern- forskinga. Dei skal fungere som nasjonale kompe-

tansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøvernforvaltninga, og skal innanfor sine område tilfredsstille samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Norsk forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskingsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltnin- gas kunnskapsbehov.

Post 51 Forskingsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingspro- gram innanfor alle resultatområde.

Løyvinga er foreslått auka med 24 mill. kroner til 214,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2013. Forsking på kulturminne, miljøgifter og klima er foreslått styrkt med høvesvis 2, 5 og 12 mill. kro- ner. Det er sett av 2 mill. kroner til forskning på kon- geørn og sørsamisk reindrift som Miljødirektoratet administrerer. Dei andre midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd. Admini- strative utgifter og nasjonale forskingsaktivitetar ved dei europeiske fellesprogramma (Joint Pro- gramming Initiatives – JPIar) på områda vassfor- valtning, kulturminne og byforskning er foreslått styrkt med 4,75 mill. kroner.

Mål for miljøvernforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt mil- jøvernarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplan- legging. Miljøvernforskninga skal gi eit godt kunn- skapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgå- ver, for avgjerder i politikkkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøvern samarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaend- ringar, under dette forskning på biologiske og sam- funnsvise effektar av klimaendringar. Marin for- sking og forskning om biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg priori- tert. Miljøverndepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Forsking er nærare omtalt under dei enkelte resultatområda i Del III i denne proposisjonen. Det blir framleis arbeidd for å betre integreringa av miljøvernforskning i alle relevante delar av verk- semda til Noregs forskingsråd.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøvernforvaltninga valde inn i programstyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd forvaltar tilskot frå i alt 16 departement. Det er utvikla eit felles mål- og resultatstyringssystem (MRS) for departementa sine tildelingar av midlar til Noregs forskingsråd. Systemet vart teke i bruk frå og med budsjettåret 2010. Målstrukturen består av eit overordna mål som er operasjonalisert i tre mål med tilhøyrande delmål. Basert på desse måla er det utvikla eit sett med styringsparameter som vil vere grunnlaget for Forskingsrådets rapportering til departementa. Departementa samarbeider med Forskingsrådet for å utvikle det nye MRS-systemet vidare.

Måla for departementa sine tildelingar er som følgjer:

Overordna mål:

Forskingsrådet skal medverke til at Noreg utviklar seg som kunnskapssamfunn. Noreg skal vere blant dei fremste samfunna i å utvikle, dele og ta i bruk ny kunnskap. Forskinga skal framskaffe kunnskap som kan auke verdiskaping og velferd, svare på samfunnsutfordringane og utvide grensene for vår erkjenning.

Mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet

Mål 2: God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet

Mål 3: Resultata av forskinga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning i heile landet.

For nærare omtale av systemet og måla, sjå Prop. 1 S (2013–2014) Kunnskapsdepartementet.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 54 Artsprosjektet m.v.

Mål

Det norske Artsprosjektet vart etablert i 2009. Det finst truleg rundt 55 000 arter i Noreg. Så langt er vel 41 000 av desse funne. For svært mange av artene har vi likevel mangelfull og dårleg grunnleggjande kunnskap. Samtidig er det eit sterkt behov for å styrkje kunnskapen om arter (biosystematikk). Artsprosjektet er oppretta for å fylle desse kunnskapshola og å bygge opp vitskapeleg kompetanse slik at vi i framtida er betre rusta til å kartlegge artsmangfaldet vårt. Artsdatabanken er ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet og samarbeider nært med det svenske Artprosjektet ved ei bilateral samarbeidsavtale underteikna hausten 2009.

Denne løyvinga låg tidlegare på kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter.

Oppfølging og kontroll

Mandatet for Artsprosjektet er vedteke av Miljøverndepartementet. Artsdatabanken har ansvaret for gjennomføringa av Artsprosjektet, og Artsprosjektet får årleg budsjett- og styringssignal av departementet via Miljødirektoratet. Artsdatabanken er ansvarleg for å rapportere planar, budsjettforslag og årsrapportar til Miljøverndepartementet, og for å halde departementet fortløpande orientert om arbeidet.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Posten er foreslått auka med 5 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2013. Auken skal gå til finansiering av lange overvakingstidsseriar ved NINA.

Mål

Målet er å syte for at alle miljøinstitutta har ressursar til fagleg rådgiving til miljøvernforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøvernforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitetssikring av data, vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m.

Løyvinga inkluderer 3,2 mill. kroner til driftsstøtte for luftmålestasjon NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund.

Det ligg òg inne 4 mill. kroner i driftsstøtte til CIENS som har fått ansvar for å drifte ny miljøprøvebank. Vidare ligg det 1,15 mill. kroner til CICERO.

Rapport for 2012

I 2012 vart løyvinga mellom anna nytta til delta-king og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ, databasetenester, oppretthalding av algesamling som nasjonal referansesamling, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av ville laksebestandar, nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, driftsstøtte for målestasjonen på Zeppelinfjellet, Ny-Ålesund, referanselaboratorium for målingar av luftforureining og atmosfærisk korrosjon, og til kompetansesenter for planlegging og konsekvensutgreiningar etter plan- og bygningslova.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Miljøverndepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Posten er redusert med 1 mill. kroner til 13,9 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2013.

Mål

Løyvinga skal sikre utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Rapport for 2012

I 2012 var løyvinga mellom anna nytta til fagleg rådgiving til, og møtedeltaking for, miljøvernforvaltninga, rapportar til Direktoratet for Naturforvaltning om GMO-høyringar og vurdering og rådgiving om GM-vaksine, og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurde-

ring av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem, og samfunnsvitskaplege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at instituttet drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet. Det blir motteke rapport og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med instituttet for å drøfte prioriteringar.

Post 73 Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta

Posten er auka med 0,3 mill. kroner til 9,4 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2013.

Mål

Løyvinga skal sikre drift av NINAs forskingsstasjon på Ims som blir nytta til overvaking av villaks, med 3 mill. kroner, og skal òg støtte andre naudsynte infrastrukturtiltak i institutta.

Rapport for 2012

I 2012 vart løyvinga mellom anna nytta til maskinvare for berekning av klimaprosessar og lagring av vitskapelege data, elementanalyse av materialar i kulturminne, vidareutvikling av databasen for den nasjonale reisevaneundersøkinga, vidareutvikling av feltstasjon på Langtjern i Buskerud til ein nasjonal overvåkingsstasjon for klimaeffektar i vatn, ekkolodd til fiskeforskning, og utstyr for måling og overvaking av lang- og kortliva kjemiske klimapådrivarar.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for bruken av infrastrukturtiltaka i samband med drøftingane av dei nasjonale oppgåvene.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld alle resultatområda.

I samband med opprettinga av Miljødirektoratet 1. juli 2013 vart det gjort endringar under programkategori 12.20 og 12.40, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013*. Kap. 1427/4427 Direktoratet for naturforvaltning, kap. 1426/4426 Statens naturoppsyn og kap. 1441/4441 Klima- og forureiningsdirektoratet vart lagde ned og midlane flytt til nytt kap. 1420/4420 Miljødirektoratet under programkategori 12.20. Kap. 1425 held fram som tidlegare. Programkategori 12.20 fekk samtidig ny nemning Klima, naturmangfold og forureining. I 2014-budsjettet er programkategori 12.40 lagt ned og postane under tidligare kap. 1445, kap. 1447 og kap. 1448 flytta til kap. 1406–1408 under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging og internasjonalt arbeid.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på 2,903 mrd. kroner i 2014. Tabellen under syner at dette er ein auke på 60,5 pst. samanlikna

med saldert budsjett for 2013. Men tabellen tek ikkje omsyn til at midlane under kap. 1441–1448 låg utanfor programkategorien i 2013. Når ein inkluderar midlane under kap. 1441, men held utanfor midlane under kap. 1445, kap. 1447 og kap. 1448, er det ein auke på 309 mill. kroner eller 11,9 pst. samanlikna med saldert budsjett 2013.

Den største auken innanfor kategorien er på 243 mill. kroner og gjeld CO₂-kompensasjonsordning for industrien. Derneft kjem ein auke på 100 mill. kroner til skogvern og 65 mill. kroner til utbetaling av pant for bilvrak.

Dei største reduksjonane er at løyvinga til nasjonalparkerstatningar går ned med 57,5 mill. kroner i takt med at erstatningsoppgjera går mot slutten, og at 46,4 mill. kroner til verneområdeforvaltarane er flytta til kap. 1510 under Fornyings, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Budsjettmidlar til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjektet og liknande) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1420	Miljødirektoratet			2 817 997	
1425	Vilt- og fisketiltak	84 713	85 400	84 700	-0,8
1426	Statens naturoppsyn	224 794	209 197		-100,0
1427	Direktoratet for naturforvaltning	1 355 330	1 514 492		-100,0
	Sum kategori 12.20	1 664 837	1 809 089	2 902 697	60,5

Kap. 1420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter			719 049
21	Spesielle driftsutgifter			163 224
22	Statlege vassmiljøtiltak			174 700
25	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar			430
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast			44 080
31	Tiltak i verneområder, kan overførast			60 693
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast			164 528
35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast			331 091
39	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79			19 558
69	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79			39 845
70	Tilskott til vassmiljøtiltak, kan overførast			20 800
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving			150 755
73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast			64 600
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien			243 000
75	Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving			346 320
76	Refusjonsordningar, overslagsløyving			57 000
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.			7 149
78	Friluftsmål, kan overførast			103 588
79	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69			1 264
81	Verdensarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, kan overførast, kan nyttast under post 21			24 100
82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21			28 089
84	Internasjonalt samarbeid			1 434
85	Nasjonalparksenter og andre naturinformasjons-senter, kan overførast			52 700
Sum kap. 1420				2 817 997

Kap. 1420 er nytt og vart oppretta i samband med at Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet var slått saman 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013*.

Midlane under budsjettkapitlet er retta mot alle resultatområde.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Miljøverndepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan klima-, naturforvaltning og forureining. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, samt hindre forureining. Dette betyr mellom anna å leggje til rette for beskyttelse av naturen, men òg for berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljøvernmåla, jf. del III av denne proposisjonen, gir hovudrama for arbeidet i Miljødirektoratet. Viktige funksjonar for etaten er å utøve mynde, gi faglege råd til departementet, rettleie regionalt og kommunalt nivå, overvake miljøtilstanden og skaffe fram og formidle kunnskap, gjennomføre naturoppsyn/føre tilsyn, samarbeide med aktuelle sektorstyresmakter og medverke i internasjonalt miljøarbeid.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal politikk og få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med klimagassrekneskapen, under dette utsleppsrekneskapen, og overvaking av klimaendringar. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FN's klimapanel og koordinerar alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

På naturforvaltningsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med etablering og forvaltning av verneområde samt forvaltning av truga arter og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte arter og utvalte naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovdyr, vassforvaltning, marin naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk og haustbart vilt. På same måte som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjonen om biologisk mangfald. Eit delsekretariat for kapasitetsbygging under det internasjonale

naturpanelet (etter modell av klimapanelet) er under etablering i Miljødirektoratet.

Tilrettelegging for friluftsliv og sikring av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver. Etaten medverkar vidare til at omsynet til langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ei avdeling i Miljødirektoratet og har ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden og med at reglane i miljølovgivinga blir følgde.

På forureiningsområdet er arbeidet med å redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikalier, arbeidet for å reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre overgjødsling og nedslamming i vassdrag og langs kysten og å førebyggje og hindre oljeforureining viktige oppgåver. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid om strengare regulering av miljøgifter og betre forvaltning av kjemikalier og farleg avfall. Direktoratet er òg ansvarleg nasjonal styresmakt med koordineringsansvar for oppfølging og gjennomføring av EU-forordninga REACH (Registrering, evaluering, godkjenning av kjemikalier) i Noreg. I tillegg medverkar etaten til å auke ressursutnyttinga og å redusere miljøproblemet knytte til avfall og har viktige oppgåver i arbeidet med å redusere luft- og vassforureining. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobasert tilsyn.

Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg, og rapporterer dette fortløpande til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og allmenta mellom anna gjennom Miljøstatus.no. Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavdelingane hos fylkesmannen. Dei konkrete miljømåla som Miljødirektoratet arbeider for er omtalte under resultatområdet og verkemiddelområda i del III.

Gevinstrealiseringsplan for Miljødirektoratet

I tida framover vil oppgåver og organisering i det nye direktoratet bli gjennomgått. Det vil fram mot sumaren 2014 bli utarbeida ein gevinstrealiseringsplan.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda og består av 01-postane som tidlegare låg under kap. 1426 Statens naturoppsyn, kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet.

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til verksemda ved direktoratets to hovudkontor i Trondheim og Oslo og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten lønn til faste og mellombels tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon/formidling og drift av miljøinformasjonssystem og nettstader som Miljøstatus i Noreg, Miljøkommune.no, kvoteregisteret og produktregisteret. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjonsordninga, jf omtale under post 74. For ei vidare utgreiing om kva slags føremål løyvinga går til, viser vi til omtala under «Miljødirektoratets rolle og oppgåver» i innleiinga til dette budsjettkapitlet.

Midlar til lønn og drift av verneområdeforvaltarane på 46,4 mill. kroner er flytta frå posten til kap. 1510 Fylkesmannsembeta under Fornyings, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Det er lagt inn 10 mill. kroner til nye naturrettleiarstillingar ved nasjonalparksentra; 0,5 stilling knytt til kvar av sentra Stabbursnes naturhus og museum, Norsk Bremuseum i Fjærland og Breheimsenteret i Luster, ei stilling knytt til kvar av sentra Øvre Pasvik Nasjonalparksenter, Halti Nasjonalparksenter, Nordland Nasjonalparksenter, Femundsmarka Nasjonalparksenter på Røros, Jostedalbreen Nasjonalparksenter, Stryn, Norsk Fjellmuseum, Lom, Folgefonna Nasjonalparksenter, Rosendal, og det nye nasjonalparksenteret ved Færder nasjonalpark i Vestfold.

Vidare er posten auka med 6 mill. kroner som blant anna skal nyttast til utvikling av statleg planretningslinje, og følgje opp lokale styresmakter og fylkeskommunar.

Grunna auka husleigeutgifter og investeringsutgifter i samband med at den delen av Miljødirektoratet som ligg i Oslo flytter til nye lokale i 2014, er det lagt inn 6 mill. kroner.

Posten er auka med 5 mill. kroner til å styrkje tilsyns- og kontrollfunksjonen hos fylkesmennenes miljøvernavdelingar.

Det er lagt inn 3 mill. kroner til oppfølging, kontroll og evaluering i samband med forslaget til nye reglar for motorferdsel i utmark og den nye forsøksordninga for 40 kommunar. Til same formål er det lagt inn 5 mill. kroner til Politiet under Justisdepartementet. Til lønn og administrative utgifter i samband med igangsetjing av eit prosjekt for å stimulere til kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde, er det lagt inn 0,5 mill. kroner, jf. òg omtale under kap. 1420 post 78.

Posten er auka med 2,5 mill. kroner til utvikling og implementering på REACH regelverk og 0,9 mill. kroner til klimagassregnskap.

Til kompensasjon for lønnsoppgjeret i staten i 2014 er det lagt inn 6,9 mill. kroner.

Om lag 103 mill. kroner av løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet får oppdragsmidlar frå andre instansar for. Mellom anna utfører direktoratet med heimel i fleire forskrifter oppgåver som er gebyrfinansierte i samsvar med prinsippet om at forureinar betaler. Utgiftene til desse oppgåvene er budsjetterte til om lag 30 mill. kroner og inntektene blir førte under kap. 4420 post 04.

Vidare dekkjer posten utgifter på 27 mill. kroner til fylkesmennene sitt arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. inntekter under kap. 4420 post 06. Inntektene blir tilbakeførte til fylka ved at Miljødirektoratet utferdar belastningsfullmakt på denne posten til fylkesmennene.

Posten dekkjer òg utgifter på om lag 29 mill. kroner ved internasjonale oppdrag som direktoratet får refunderte over kap. 4420 post 09.

Til utgiftene på 10,6 mill. kroner til kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemder er det i samsvar med EUs reglar knytt gebyr som er førte under kap. 4420 post 07.

Kostnadene på 4,3 mill. kroner ved drifta av jegerprøveordninga og kontrollen med merkje- og registreringspliktig dødt vilt er dekt av gebyr over kap. 4420 post 08.

Utgifter knytt til oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Stat-skog, er òg dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 01, 04, 06, 08 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda, og er sette saman av løyvingane på dei tidlegare 21-postane under kap. 1426 Statens naturoppsyn, kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt som direktoratet utfører, mellom anna i samband med skogvern, marin verneplan, tematiske verneplanar, nasjonalparkar og drift av forvaltningsordningar, inkludert utgifter til drift av tilsynsutval og verneområdestyre. Vidare er direktoratets utgifter i samband med verdsarvområda finansierte frå posten, likeins oppfølging av norske forpliktingar i Ramsarkonvensjonen, norsk implementering av det europeiske verneområdenettverket Emerald Network, oppfølging av vassforskrifta, verneplan

for vassdrag og juridisk bistand til kommunar til arbeid med strandsona. I løyvinga ligg òg midlar til heilskapleg forvaltning av norske havområde.

Posten finansierer òg arbeidet med prioriterte arter og utvalde naturtypar og andre truga og verdifulle arter, arbeidet med naturindeks, oppfølging av strategi mot framande og skadelege arter, norsk oppfølging av det globale naturpanelet, og arbeidet med genmodifiserte organismar. I samband med rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for overvaking av rovvilt og møtegodtgjersle for dei regionale rovviltnemndene.

Andre oppgåver som er dekte av posten er spesielle prosjekt knytte til lokalt klimaarbeid, arbeidet med internasjonalt kjemikaliearbeid, arbeidet med å stanse bruk og utslepp av miljøgifter og til oppfølging av forslag i stortingsmeldingane om helse- og miljøfarlege kjemikalier. Løyvinga skal elles nyttast til å styrkje internasjonal regulering av miljøgifter og kartlegging av miljøgifter.

Posten dekkjer òg utgifter direktoratet får ved å måtte fjerne spesielle typar avfall slik som eigarlaus farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller

farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Delar av tenestekjøpet som Statens naturoppsyn gjer hos Fjellstyra blir dekt over posten. Tenestekjøpet frå Statens naturoppsyn til Fjellstyra omfattar mellom anna oppsynstenester, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområde, skadedokumentasjon i samband med rovdyrtpap, naturovervaking m.v. og blir dekt frå fleire postar under Miljøverndepartementets budsjett. Samla tenestekjøp skal i 2014 vere på minst 7 mill. kroner.

Posten er styrkt med 1 mill. kroner til fellestiltak, utarbeiding av felles informasjonsmateriale og andre prosjekt for nasjonalpark- og naturinformasjonssentra. Det er vidare lagt inn 1 mill. kroner til arbeidet mot mårhund og 1 mill. kroner til oppfølging av arbeidet med vass-skuter. Posten er redusert med 5 mill. kroner av midlane til utarbeiding av faggrunnlaget for prioriterte arter og utvalde naturtypar for å gjere mogleg andre prioriteringar i budsjettet.

I tillegg er posten redusert med 3 mill. kroner til utvikling av REACH-regelverk.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
22.1	Kalking			71 000
22.2	Anadrome laksefisk			73 500
22.3	Generell vassforvaltning			30 200
	Sum post 22			174 700

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 22. Posten rettar seg primært mot resultatområde Livskraftige elvar og innsjøar, men er elles relatert til resultatområda 1 Levande hav og kyst og 8 Aktivt friluftsliv.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, under dette midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til same føremål blir dekte over post 70.

Underpost 1 dekkjer kjøp av kalkingstenester. Ein gjer framlegg om å redusere beløpet med 10 mill. kroner for å gjere det mogleg med andre prioriteringar i budsjettet.

Underpost 2 dekkjer tiltak, samt forskning og utvikling knytt til forvaltning av anadrom lakse-

fisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, bevaring i genbank og styrking av kunnskapsgrunnlaget. Underposten er styrkt med 1,5 mill. kroner.

Underpost 3 inneheld midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna vassforvaltning. Frå post 70 er det flytt 9,7 mill. kroner for utgiftene til vassregionstyresmaktene.

Fleire av bestandane av laks og sjøaure med tilknytning til Hardangerfjorden er truga eller svært sårbar. For å sikra desse bestandane skal det etablerast ein genbank. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2013 vart det vedteke ei bestillingsfullmakt på 40 mill. kroner til føremålet. Det gjenstår noko arbeid før ein kan konkludere med forslag til ei konkret løyving i saka, og Regje-

ringa gjer derfor framlegg om å vidareføra fullmakta i 2014, jf. forslag til vedtak V nr. 1.

Post 25 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 22. Midlane rettar seg mot resultatområde 11 Stabilt klima.

Miljødirektoratet har ansvaret for ei statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar. Formålet med ordninga er å gi verksemdar og privatpersonar høve til å kompensere for egne utslepp ved at dei betaler for utsleppsreduksjon ein annan stad. Ordninga gir publikum høve til å kjøpe og få sletta godkjente klimakvotar på ein enkel måte. Kvar kvote som blir sletta, inneber ein utsleppsreduksjon på 1 tonn CO₂. Miljødirektoratet skal prioritere sal mot private bedrifter.

Kvotane skal seljast med eit påslag som skal dekkje administrative kostnader inkludert etablerings- og investeringskostnader. Miljødirektoratet gjer nødvendige justeringar av administrasjonspåslaget slik at sjølvkostprinsippet blir teke vare på, og tilpassar påslaget til ressursbruken knytt til ulike avtaler om sal av klimakvotar. Det er lagt til grunn ein pris (pr. 30.07.2013) på EUA-kvotar på 42 kroner og CER-kvotar på 7 kroner eksklusive gebyr. Prognosane tilseier eit sal av 10 000 kvotar for 2014. Prisane endrar seg kvar dag og er styrt av marknaden. Kvoteprisen er den siste tida redusert og prognosane tilseier lågare sal av kvotar enn tidlegare. Løyvinga er foreslått redusert til 0,43 mill. kroner.

Posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4420 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapportering for 2012

I 2012 selde Klima- og forureiningsdirektoratet totalt 13 828 kvotar, der 4 284 var EUA-kvotar og 9 544 var CER-kvotar.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 30, og er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Midlane på posten vil bli nytta til statleg sikring av nye friluftslivsområde, ved anten offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Noko av midlane på posten kan nyttast til enkelte opparbeidings- og tilretteleggingstiltak,

til dømes oppføring av toalettbygningar eller opparbeiding av tilkomst i samband med nye sikringar av friluftslivsområde. Noko av midlane kan òg nyttast til nødvendig vedlikehald og rehabilitering av statleg eigde bygningar. Staten bidrar økonomisk til sikring av viktige friluftslivsområde av både nasjonal, regional og lokal verdi. For område av nasjonal og regional verdi kan staten bidra med inntil 100 pst. av kostnadane, for område av viktig lokal verdi med inntil 50 pst. av kostnadane. Det er særleg viktig at område i og ved store befolkningskonsentrasjonar og landfaste område i kystsona med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala blir sikra. Sentrale område ved innlandsvassdrag er òg prioriterte. Staten har sterkt fokus på friluftsliv i nærmiljøet, og viktige friluftslivsområde både i og ved byar og tettstader er prioriterte. Å kunne gjere nye strandområde i befolkningstette område tilgjengelege, er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar. Område i kystsona med landfast samband skal prioriterast framfor område som berre har tilgang med båt.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak gjeld bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftslivsammenheng i området.

Sikringa blir gjennomført ved erverv eller ved servituttavtale med grunneigar, helst på frivillig grunnlag, men i enkelte tilfelle ved ekspropriasjon. I tillegg til sikring av friluftslivsområde skal midlane dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene, til dømes transaksjonskostnader.

Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at statens vilkår er oppfylte.

På posten ligg det 2 mill. kroner til vern etter markalova.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak VI.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1426 post 30. Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap.

Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i verneområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgifter til informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstil-

taka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge til verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Tiltaka kan òg omfatte etablering av parkeringsplassar i tilknytning til verneområda. 8 mill. kroner av løyvinga er tiltaksmidlar til verneområdestyra. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Regjeringa foreslår til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) ei bestillingsfullmakt under posten på 3 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V nr. 1.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 32. Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen). Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane.

Det er planlagt at Verne kloster og Tyrifjorden blir verna i 2013, mens Herdla blir verna i 2014. Hovudparten av utgiftene til desse vil komme i 2015 eller seinare. Posten blir fremja utan løyving fordi eventuelle utbetalingar i 2014 vil bli dekte av overført beløp frå 2013.

Ut frå kostnadsoverslaga medfører dette behov for ei tilsegnfullmakt på til saman 3,9 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 34. Posten er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen).

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–1992) *Ny landsplan for nasjonalparkar og andre*

større verneområde i Noreg i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtaler mens nokre få saker går til rettsleg skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen.

I tråd med venta erstatningsutbetalingar i 2014 gjer ein framlegg om å redusere løyvinga med 57,5 mill. kroner i høve til løyvinga under kap. 1427 i 2013. I takt med at ein ventar at dei fleste erstatningsoppgjera vil vere avklarte og erstatningar utbetalte i 2014 er det ikkje bruk for tilsegnfullmakta for posten.

Post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 35. Posten er retta mot resultatområde 4 Mangfaldige skogar. Dette gjer det mellom anna mogeleg å fatte vernevedtak for mange område der det allereie er inngått avtaler om frivillig skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Ein gjer framlegg om å styrkje posten med 100 mill. kroner til skogvern.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 116,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 39. Posten er knytt til resultatområde 9 Gift-

fritt miljø. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med miljøfarlege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til å føre vidare arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Fokus for opprydding i forureina sjøbotn er på 17 prioriterte område.

Løyvinga har blitt redusert dei siste åra fordi dei fleste oppryddingsprosjekta var i planleggingsfasen og det økonomiske behovet var derfor avgrensa. Pr. i dag er fleire av prosjekta for opprydding i forureina sjøbotn ferdig kartlagde og vedtekne gjennomført lokalt med lokal delfinansiering slik at gjennomføringsfasen kan begynne.

Vidare dekkjer posten utgifter til opprydding frå enkelte forureina lokalitetar der staten ved miljøforvaltninga er eigar.

Prinsippet om at forureinar betalar ligg til grunn for arbeidet med opprydding av forureina sjøbotn, og så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sjøbotn. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten forskotter oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og vil krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene.

I revidert nasjonalbudsjett for 2012 vart løyvinga på post 39 teknisk justert. Løyvinga vart i tillegg til 39-posten fordelt på to nyoppretta postar; 69 og 79. Prinsippet om at forureinar skal betale ligg til grunn for alle postane. Forslaget om å dele opp løyvinga på denne måten er ei oppfølging av Riksrevisjonens merknader i Dokument 1 (2011–2012)

og Innst. 211 S (2011–2012) frå Kontroll- og konstitusjonskomiteen om utbetaling av tilskot over rett post. Resultata frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2012 er samla under post 79. Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Etersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det viktig at finansieringa er føreseieleg. Det er foreslått at Miljøverndepartementet i 2014 kan inngå forplikningar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forplikningar og gammalt ansvar ikkje overstig 182,2 mill. kroner. Fullmakta til å inngå forplikningar kan nyttast til innkjøp av både tenester og materiell og å til å gi eventuelle tilsegner om tilskot, jf. vedtak VII.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningsssituasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeidet og anna kunnskapsoppbygging.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79.

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 69. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområde 9, Giffritt miljø.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med helse- og miljøfarlege stoff.

Kriterium for måloppnåing

For forureina sjøbotn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Sediment skal ikkje føre til alvorlig forureining» og indikatoren «Mengd utvalte helse- og miljøfarlege stoff som er handtert ved mudring/tildekking slik at dei ikkje lenger utgjør kjelde til alvorlege forureiningsproblem» (sjå òg resultatområde 9.4).

For forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Miljøgifter frå forureina grunn skal stansast» og indikatoren «Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining» (sjå òg resultatområde 9.3).

Rapport for 2012

Resultata frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2012 er samla under post 79.

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi, og der fleire aktørar er med på å

finansiere tiltaket. Kommunen må normalt også sjølv medverke med midlar. Sjå òg omtale under kap. 1420 post 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgd opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Post 70 Tilskott til vassmiljøtiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	Saldert budsjett 2013	
70.1	Kalking			7 000
70.2	Anadrome laksefisk			6 000
70.3	Generell vassforvaltning			7 800
Sum post 70				20 800

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 70. Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same vis som post 22 er delt inn i midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrome laksefisk og heilskapleg vassforvaltning, er post 70 delt inn etter tilskotsmidlar for desse føremåla. Frå underpost 3 er det i samband med utgifter til vassregionstyresmaktene flytta 9,7 mill. kroner til post 22.

I høve til resultatområdeinndelinga, er tilskotsordningane under posten primært retta mot resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar, men er elles relaterte til resultatområda 1 Levande hav og kyst og 8 Aktivt friluftsliv.

Kalking

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på naturmangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalkingsverksemda.

Rapport for 2012

Tilførsla av sur nedbør er sterkt redusert dei seinaste åra, men den positive utviklinga har flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 10 pst. av arealet i Noreg forsuringsskadd og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen. Arbeidet med revisjon av denne protokollen er fullført og nye utsleppsforpliktingar for 2020 vart vedtekne i mai 2012.

Totalt blir 21 lakseførande elvar i Noreg kalka. I dei elvane der laksen har gått tapt grunna sur nedbør, er det etablert nye laksestammer. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 45-50 tonn (10-12 pst. av all laks fanga i norske elvar). Optimaliseringsprosjekt er planlagt i Rogaland eller Aust-Agder (heilt eller delvis). Lokale kalkingsprosjekt er i rute. Rapportar om kalkavslutning i lokale prosjekt – Oslo/Akershus og Hordaland i år – blir følgde opp.

Innafor resultatområde Livskraftige elvar og innsjøar er tilskotsordninga særleg retta mot dei nasjonale måla 2.2, 2.5, 2.6 og 2.7, jf statusrapportering under desse.

Tildelingskriterium

Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden. I tillegg vil bl.a. førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsureing bli vurderte ved prioritering av prosjekt. Prosjekt som er inkluderte i forslag til nasjonal handlingsplan for kalking for perioden 2011–2015 og/eller fylkesvise planar for kalkingsverksemda, blir prioriterte. Tilskot kan bl.a. bli gitt til kjøp, transport og spreing av kalk og nødvendige installasjonar. Det blir òg gitt tilskot til fiskekultivering og utprøving av alternative kalkingsmetodar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Anadrom laksefisk

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å leggje til rette for betre forvaltning og bevaring av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing å medverke til dei nasjonale måla for viltlevande anadrom laksefisk.

Rapport for 2012

Posten finansierte berre kalkingsverksemd i 2012, og resultatrapporten tek berre føre seg denne, jf. omtale over.

Tildelingskriterium

Det kan gis tilskot for t.d. informasjon om og bevaring av viltlevande anadrom laksefisk. Praktisk nytta forskings- og utgreiingsverksemd, overvaking og tiltak for å betre tilgangen til fiske for allmenta kan òg få tilskot. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fiske i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjareren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid,

kultiveringstiltak o.a. Tilskotsmottakarar er t.d. fiskarlag, grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar, landsdekkjande organisasjonar og kommunar søkje om tilskot.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgd opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Generell vassforvaltning

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er eit godt økologisk og kjemisk vassmiljø. Hovudtiltaket er arbeid i utvalde vassområde med særskilte utfordringar.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta.

Rapport for 2012

Posten finansierte berre kalkingsverksemd i 2012, og resultatrapporten tek berre føre seg denne, jf. omtale over.

Tildelingskriterium

Det kan ytast tilskot til instansar som har ansvar i den regionale vassforvaltninga. Til desse blir det gitt tilskot til arbeid i vassområda. Det kan òg ytast tilskot til organisasjonar for å sikre medverknad og informasjon i planarbeidet, og til kommunar i utvalde vassområde med særskilte utfordringar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	Saldert budsjett 2013	
72.1	Erstatning for husdyr			75 378
72.2	Erstatning for tamrein			75 377
	Sum post 72			150 755

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 72. Posten er retta mot resultatområda 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslåtte fjellandskap. Posten omfattar erstatningar for dokumentert og sannsynleggjort tap av husdyr og tamrein som følgje av rovdyrangrep. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving.

Frå underpost 1 er det innafor løyvinga flytta 13,2 mill. kroner til underpost 2 i tråd med faktiske utbetalingar for respektive husdyr og tamrein dei siste åra.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Rapport for 2012

Erstatningsoppgjeret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldane reglar. I 2011 vart det òg gjennomført ei utgreiing av endringar i ordningane. Forslaga vart sende på høyring i 2012, og det er venta at tilpassingar og justering for husdyr får verknad for 2014. Endringane skal leggje til rette for betre datasamordning med landbrukssida, og eit klårare definert ansvarsområde for dyreeigarar og styresmakter. For å kunne setje i verk endringar i erstatningsreglar for rein trengst det betre underlag som kan identifisere andre tapsårsaker. Resultat av oppgjeret blir som

rutine rapportert gjennom ei nettside, der ein kan sjå på erstatning for dei aktuelle reindriftsåra eller for beitesesongen for sau. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå let det til å vere ein god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak, og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje ein tilsvarande samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beitegrunnet o.a.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 4.6 og 5.6.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 2. juli 1999 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjonen av skadane er betra mykje dei to siste åra som følgje av at innsatsen med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp. Det er Statens naturoppsyn som gjennomfører skadedokumentasjonen.

Post 73 Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 73. Posten er retta mot resultatområda 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslåtte fjellandskap. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, under

dette godtgjering til lokale fellingslag og tilskot til Rovviltkurscenteret i regi av Norges Jeger- og Fiskerforbund.

I 2013 vart ordninga omarbeidd, slik at vilkår og prioriteringar knytte til behandling av søknader vart regulerte i ei føresegn. Dette vil føre til betre nasjonal styring og heilskapelege vurderingar hos rovviltnemndene og fylkesmannsembeta.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikhtar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak.

Rapport for 2012

I 2012 vart det behandla i alt 580 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 223 søknader om tiltak for å dempe konflikhtar kring rovvilt. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade/tap av sau, sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjon i tapsomfanget kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekomst og prioritering av tiltak. Det er ikkje gjennomført evaluering av ordninga basert på enkelttiltak. På overordna nivå kan ein likevel sjå at det truleg er større verknad av tiltak som blir sette inn mot bjørne- og ulveskadar, enn mot jerv og gaupe. Ein viktig konsekvens av dette er at det vil vere målretta regulering av rovviltbestandane som i størst grad påverkar jerv og gaupe-skadar.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 4.6 og 5.6 Ettersom det

har vore sær gode erfaringar med eit system der brukarar sender søknad elektronisk, er det no òg lagt til rette for at alle rapportar kan sendast inn på same vis. Dette vil føre til ei betre oversikt over oppnådde resultatet og brukarane si vurdering av måloppnåinga ved dei einiskilde tiltaka. Resultata vert publiserte på ei nettside slik at alle kan ta del i vurderingane.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013. Det er utarbeidd ei eiga nettside for bl.a. å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdempande tiltaka meir tilgjengeleg for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber bl.a. at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltningsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidde.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er ny og vert foreslått med ei løyving på 243 mill. kroner.

Mål

Ordningas mål er å kompensere norsk industri for auka kraftpriser som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Kompensasjonen skal minke faren for karbonlekkasje og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga vart godkjent av EFTA sitt overvåkingsorgan ESA: september 2013. Ordninga er i tråd med retningslinjer EU har vedtatt for statsstøtte knytt til CO₂-kompensasjon.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga minker faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemder i alle 15 sektorar som i høve til EUs retningslinjer har muligheit for støtte. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling.

Ordninga vil ikkje gjelde for langsiktige kraftavtaler inngått før 2005. Vidare skal industrien sin eigen kraftproduksjon komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga skal gjelde for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020.

Utbetaling av kompensasjonen skjer etter skotsvis. Dette inneber at det for støtteåret 2013 må løyvast pengar for utbetalingar i samband med statsbudsjettet for 2014.

Rapport for 2012

Posten er ny i 2014 og det er derfor ikkje noko å rapportere for 2012.

Oppfølging og kontroll

Ordninga vil administrerast av Miljødirektoratet, som i handsaming av søknadane kontrollerar om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det vil rapporterast om bruken av midler til EFTA sitt overvåkingsorgan og til Stortinget i samband med budsjettet.

Post 75 Utbetaling for pant av bilvrak, overslagsløyving

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 75. Ordninga rettar seg mot resultatområde

9, Giffritt miljø. Posten er auka med 65 mill. kroner for 2014. Talet på innleverte bilvrak har ligge stabilt på om lag 120 000 bilvrak årleg, men har auka i 2013. Anslag på antall vrak ligg no på 140 000, og innsamlingsnivået kan óg auke i 2014.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av kapittel 4 i avfallsforskrifta om kasserte køyretøy. Sjølv om ansvaret er lagt på produsentar og importørar, vil Regjeringa inntil anna er avgjort vidareføre dagens statlege avgifts- og panteordning.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga bidrar til å auke innlevering av bilvrak slik at de i kan tas hand om på en forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling.

Ordinær vrakpant for 2014 er sett til 3 000 kroner, same nivå som i siste halvår av 2013 jf. Prop. 150 LS (2012–2013).

Rapport for 2012

I 2012 vart det samla inn 120 000 bilvrak, som er ein auke på 3,5 pst. frå 2011, då det vart samla inn 116 000 bilvrak. Dette skuldast truleg ei aukiing i nybilsalet.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 9.1, 9.2, 9.3, 9.7 og 9.8.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant blir vrakmeldinga kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 76. Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområde 9, Giffritt miljø, 10 Rein luft og 11 Stabilt klima. Posten dekkjer dessutan utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøstyresmaktene har behov for i samband med administrering av ordningane.

Det har vist seg vanskeleg å stipulere utbetalingar til ordninga og overslaga har variert.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.Prop. nr. 1 (2007–2008) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte i forhold til førehandstilsegna.

Rapport for 2012

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) er i dag i underkant av 90 pst. og har vore stabil dei siste åra. I 2011 vart det totalt samla inn 38 426 m³ der 25 125 m³ hadde rett til refusjon. I 2012 vart det samla inn 40 618 m³ spillolje, der 25 581 m³ hadde rett til refusjon. Det vart utbetalt om lag 49,3 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,11 kroner pr. liter. Differansen mellom refusjon og innlevert mengde skuldast i stor grad at innsamla mengde inneheld ein del vatn.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 9.7 og 9.8. Refusjonen har gjort det attraktivt å levere inn spillolje som eigareren elles måtte betale for å levere, og har derfor medverka til å gi oss ein høg innsamlingsgrad

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir teken vare på gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstaterert mange brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Refusjon av avgift på Trikloretten (TRI)

Mål

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og den er eit verkemiddel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloretten (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utslepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løsemiddel som først og fremst blir brukt til avfeiting i industrien, vart frå 1. januar 2000 pålagt avgift, jf. St.Prop. nr. 1 (1999–2000) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga. Det har dei siste åra vore svært få utbetalingar gjennom ordninga som følgje av at bruken av ny TRI er kraftig redusert, og det er ikkje venta vesentlege endringar i framtida.

Tildelingskriterium

TRI-haldig avfall skal leverast til godkjent mottak eller behandlingsanlegg for farleg avfall, og ein vil få delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjonssatsen sett til 25 kroner pr. kilo, noko som utgjer under halvparten av avgiftssatsen.

Rapport for 2012

I 2011 vart ein søknad om utbetaling av refusjon motteken og innvilga. I 2012 var det ingen søknadar om refusjon.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 9.7 og 9.8.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga skjer gjennom statistikk over årleg innsamla mengd TRI. Anlegg som tek imot farleg avfall og gjenvinningsverksemda skal vere godkjende av Miljødirektoratet.

Avgifta har medverka til ein kraftig reduksjon i etterspørselen etter ny TRI. På grunn av dei små mengdene som er i bruk og som er omfatta av refusjonssystemet, vil ein vurdere om det er føremålstenleg å vidareføre refusjonsordninga eller om ein kan sikre innlevering av TRI-haldig avfall på andre måtar.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkarbon (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmepumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlege hjelpemiddel og mindre bruk av dei mest skadelege HFK/PFK-gassane, stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for ordninga er aktørar som har HFK- og PFK-haldig avfall.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er leverte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Rapportering 2012

I 2011 vart ingen tankar med HFK/PFK sende til destruksjon. Det vart samla inn fire tankar i 2012.

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, då PFK-gassar er svært lite brukt i Noreg.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 10.9 og 11.2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3. Mengd HFK/PFK som blir samla inn og sendt til destruksjon varierer mykje frå år til år. Grunnen er at gassen blir innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir den sendt til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir sendt til destruksjon utløyser om lag 3-5 mill. kroner til utbetaling i refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m. m.

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 83 og kap. 1441 postane 71 og 74. Posten er tredelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot alle resultatområda.

Tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntillegte stiftelsar innanfor forureiningsområdet.

Ordninga låg tidlegare under kap. 1441 post 71. Tilskotsordningane til frivillige miljøorganisasjonar og tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk er sett i samanheng og vart lagt om i statsbudsjettet for 2012. Ein del av omlegginga innebar at frivillige organisasjonar og allmenntillegte stiftelsar med ei utprega forureiningsfagleg avgrensing vart flytta til denne ordninga.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstallet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til:

- Norsk vannforening
- Norsk forening mot støy
- Tilskot til LOOP
- Avfall Norge sin «Hold Norge Rent»-kampanje

For 2014 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2013. Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot.

Det blir fortløpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillir kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Ordninga låg tidlegare under kap. 1441 post 74.

Mål

Miljømerking er eit viktig ledd i ein førebyggjande miljøvernpolitikk og gir informasjon til og bevisstgjering av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemdar om miljøvennlege val. Miljømerking er òg viktig for å fremje miljøtiltak langs heile produktkjeda, frå uttak av råvarer til produktet blir avfall. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagte krav. Ordningane er nærare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon.

Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking.

Kriterium for måloppnåing

Miljøverndepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med utvikling av

miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggast vekt på å utvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning, slik at forbrukarane får betre høve til å gjere miljørette val. Dette vil blant anna vere produktgrupper der innhald av helse- og miljøfarlege stoff og utslepp av klimagassar er eit problem. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på Stiftelsen Miljømerking sitt resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Naturfaglege organisasjonar

Ordninga låg tidlegare under kap. 1427 post 84.

Mål

Ordningane under posten skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innan natur- og forureiningsområda for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstallet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreininga Våre Rovdyr
- Norsk Biologforeining
- Norsk Botanisk Foreining
- Norsk Entomologisk Foreining
- Norsk Ornitologisk Foreining

- Noregs Sopp- og nyttevekstforeining
- Norsk Zoologisk Foreining

For 2014 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2013. Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 postane 74 og 78. I budsjettet for 2014 er det lagt inn ei styrking på 15,3 mill. kroner. Posten er retta mot resultatområde 8 Aktivt friluftsliv, spesielt dei nasjonale måla 8.1, 8.2, og 8.3. Det er behov for ei tilsegningsfullmakt på 18 mill. kroner på posten, der 15 mill. kroner er til aktivitetar og tiltak i samband med Friluftslivets år 2015 og 3 mill. kroner er til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjergardstenesta, jf. forslag til vedtak VI.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtala under.

Tilskot til friluftaktivitet

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga, med vekt på særskilte grupper slik det framgår under tildelingskriterium.

Tilskotsordninga er styrkt med 7,6 mill. kroner, og har ei økonomisk ramme på 29,29 mill. kroner.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane.

Rapport for 2012

Totalt vart det i 2012 gitt 16,6 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med

aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 10,3 mill. kroner direkte frå Direktoratet for naturforvaltning, mens lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 6,2 mill. kroner frå fylkeskommunane. Totalt søkte omkring 500 søkjarar om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var 68 mill. kroner. Midlane frå posten dekte berre 30 pst. av det totale søknadsbeløpet.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, t.d. personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminnevern. Eksempel på tiltak er DNTs prosjekt «Skolens naturpartner», Kristen Idrettskontakt «Aktivitet under open himmel», Noregs Jeger- og Fiskarforbund sine prosjekt «Friluftsliv i skuleverket», «Fiskesommer», Noregs Klatreforbund sitt prosjekt «Bredde i høyden», Noregs Orienteringsforbunds prosjekt «Turorientering med kulturminneposter», Noregs Padlarforbund sitt prosjekt «Et inkluderende padtermiljø», Noregs Turmarsjforbunds prosjekt «Norgeslekene», Skiforeininga sitt prosjekt «Friluftsglede for alle», Norsk Kennel Klub sitt prosjekt «Barn og ungdom aktive med hund» og Syklistanes Landsforeiningss prosjekt «Alle barn sykler». Miljødirektoratet vil òg trekkje fram Friluftsrådas Landsforbund sitt prosjekt «Læring i friluft» som er retta mot tilsette i skule og barnehagar og Landsforeininga for fysisk fostring som har fått støtte til «Kompetanseheving for å fremme friluftsliv i skolen». Elektronisk søknadssenter er no teke i bruk fullt ut, og frå neste år vil truleg rapporteringa skje fullt ut elektronisk.

Arbeidet med Nærmiljøsatsinga, som starta i 2011, vart vidareført i 2012. 7 lokale prosjekt, geografisk spreidde i landet, er knytte til satsinga som pilotar. Desse har fått økonomisk støtte på til saman 2,5 mill. kroner, og tett oppfølging og fagleg hjelp i 2012. Vidare er samarbeid og koordinering med andre statlege aktørar og frivillige organisasjonar sentralt i Nærmiljøsatsinga. Eit eksempel på dette er prosjektet Aktiv i Friluft i regi av Friluftslivets Fellesorganisasjon, som òg fekk økonomisk støtte. Den Norske Turistforeining har òg i 2012 vore ein viktig samarbeidspartnar både lokalt gjennom nokre av pilotprosjekta og gjennom sentralorganisasjonen. Dialogen med andre statlege etatar har vore vidareført som del av Nærmiljøsatsinga. Helsedi-

rektoratet, Husbanken og Statens Vegvesen har vore viktige samarbeidspartar i 2012.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt støtte til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til materiell og utstyr, som for eksempel telt, fiskestenger og liknande. Barn, unge, barnefamiliar, personar med nedsatt funksjonsevne, personar med innvandrarbakgrunn og grupper som ikkje allereie er fysisk aktive er særleg prioriterte. Det er vidare eit mål med ordninga å fremje innlandsfiske som fritidsaktivitet, og tilskot til aktivitet i samband med Sportsfiskets år 2014 skal prioriterast. Videre skal tiltak som medverker til å gjere synlege og formidle kulturminne som opplevingsverdi i friluftsliv og IKT-baserte produkt og tenester som kan medverke til at fleire blir aktive og tek del i friluftsliv prioriterast. Tiltak som blir gjennomførde i nærmiljøet, med særleg vekt på byar og tettstader, er særleg prioriterte. Primær målgruppe er lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Tilskot til friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarbakgrunn

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn. Det er vidare eit mål med ordninga å auke integreringa av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.

For å styrkje arbeidet med å få fleire personar med innvandrarbakgrunn til å begynne med friluftsliv, blir ordninga auka med 2 mill. kroner i 2014, slik at samla ramme blir 5 mill. kroner.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslivorganisasjonane.

Rapport for 2012

Som eiga ordning er denne ny frå 2013. Det vart då avsett midlar til tiltak og aktivitetar med føremål å styrkje integreringa av personar med innvandrarbakgrunn i friluftsliv. For omtale av midlar som blant anna er retta mot personar med innvandrarbakgrunn i 2012, visar vi til rapport under ordninga Tilskot til friluftslivstiltak og ordninga Interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt støtte til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til utstyr og materiell som medverkar til å fremje friluftslivsaktivitetane. Tiltak som fremjar friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn er målgruppa. Innanfor målgruppa er barn, unge, barnefamiliar og personar som er lite fysisk aktive prioriterte. Tiltak som blir gjennomførde i nærmiljøet, med særleg vekt på byar og tettstader, er særleg prioriterte, saman med tiltak som medverkar til å auke integreringa av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles. Vidare er tilskot til å utarbeide informasjon om friluftsliv, som kan nyttast av organisasjonar og kommunar i deira arbeid med personar med innvandrarbakgrunn prioritert, saman med tilskot til oversetjing av informasjon om friluftsliv og turhøve på nettbaserte løysingar og appar.

Sentralleddet til lag og organisasjonar med etablerte lokallag og aktivitet i tre eller fleire fylke kan søkje på ordninga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Driftsstøtte til Friluftsrådenes landsforbund, Interkommunale friluftsråd, Friluftslivets fellesorganisasjon og Forum for natur og friluftsliv

Mål

Ordinga har ei økonomisk ramme på 20,82 mill. kroner. Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmenta sine interesser for deltaking i friluftsliv gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store

friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreiningar.

Friluftsrådernes Landsforbund (FL) er paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda, og har i dag 22 tilslutta interkommunale friluftsråd. Det blir gitt administrasjonsstøtte til FL og dei interkommunale friluftsråda. Det er et mål at flest mulig kommuner er med i et interkommunalt friluftsråd.

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) er paraplyorganisasjon for 15 friluftslivsorganisasjonar med til saman nesten 722 000 medlemsskap. FL, FRIFO og Samarbeidsrådet for naturvern (SRN) har etablert fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). Frå posten blir det gitt administrasjonsstøtte til FRIFO og til FNF.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane og friluftsråda sitt arbeid med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde.

Rapport for 2012

Totalt vart det i 2012 tildelt 8 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd. Midlane er nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FLs engasjement geografisk. Det er ein markert auke i interessa for interkommunalt samarbeid om friluftsråd. I 2012 auka talet på friluftsråd frå 20 til 22 og i tillegg er det nye kommunar som melder seg inn i eksisterande friluftsråd. Det er no totalt 196 kommunar som er medlem i friluftsråd, og som omfattar 70 pst. av landet si befolkning.

Samla har friluftsråda hatt rekordhøg omsetning i 2012 på om lag 100 mill. kroner. Arbeidet har blant anna resultert i etablering av 342 km nye turstigar og 45 km turvegar der arbeidet er gjort i eigen regi av friluftsråda og i samarbeid med andre. Friluftsråda har etablert 11 nye toalett og 17 utstyrsbasar. I 2012 har friluftsråda hatt spesielt fokus på folkehelseutfordringar knytte til inaktivitet. Friluftsråda har medverka til friluftaktivitet ved å arrangere opne turar for 16 500 deltakarar, og i tillegg medverka til turar med omkring 60 000 deltakarar. Det er arrangert kurs for 4 600 lærarar, barnehagetilsette m. fl. Det er òg gjennomført særskilte tiltak for folk med minoritetsbakgrunn (3 800 deltakarar) og funksjonsnedsetjingar (2 000 delta-

karar). Friluftsråda har vidare uttalt seg i 226 høyringssaker. Friluftsråda har i tillegg fortløpande forvaltningsansvar for omkring 500 sikra friluftsområde, 1000 km med turstigar, 150 km skiløyper og 130 km turvegar. Fleire friluftsråd har òg stort fokus på å kunne tilby allmenta eit friluftstilbod gjennom kystleihytter.

Når det gjeld Forum for Natur og friluftsliv (FNF) har sentralgruppa nytta stønaden til å gjennomgå og revidere styringsdokument for drift av FNF. Styringsdokumentet tydeleggjer oppgåver, roller, ansvar og rutinar for samarbeidet i FNF. Det er litt over halvparten av fylka som har fulle koordinatstillingar (80-100 pst. stilling), men fylka har likevel gjort eit betydeleg arbeid for natur- og friluftinteressene i dei enkelte fylka.

Tildelingskriterium

Ordninga skal gi grunnstøtte til FL, dei interkommunale friluftsråda, FNF og FRIFO.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med FL, FNF og FRIFO.

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Mål

Ordninga gir økonomisk tilskot til naturvennlig skjøtsel og opparbeiding av statleg sikra friluftslivsområde, med mål at disse blir tilgjengelige og attraktive. Ordninga har ei økonomisk ramme på 23,07 mill. kroner.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde.

Rapport for 2012

Budsjett for 2012 var 24,5 mill. kroner. Av budsjettet vart fylkeskommunane tildelt 20,96 mill. kro-

ner for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. I tillegg gjorde Miljødirektoratet en direkte tildeling av 3,54 mill. kroner til Malvik og Stjørdal kommune for grunnleggjande istandsetjing av dei tidlegare forsvarseigedomane Midtsand og Håmmårsbukta.

Det er ulik tildeling av budsjettmidlar mellom fylka, og fordelinga vart utført på grunnlag av fylka sitt totale tal statlege friluftslivsmidlar, og om det låg føre forvaltningsplanar for friluftslivsområda som dokumenterer behov for tiltaksmidlar. I gjennomsnitt vart fylka i 2012 tildelt 1,1 mill. kroner.

Totalt mottok fylkeskommunane i 2012 omkring 250 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 56 mill. kroner. Tiltaka var totalt kostnadsberekna til 100 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med eigne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2012 gitt statleg støtte til omkring 200 tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging, for eksempel turveg og badebrygge i Kroksand friluftslivsområde i sentrum av Hvaler kommune, badebrygge med landgang i Sjøvollbukta friluftslivsområde i Asker kommune, brygge for ilandstiging og turveg i Austre Randholmen friluftslivsområde i Kristiansand kommune, rullestolstig i Vikaengene friluftslivsområde i Selbu kommune og utrullingsmatter for rørslehemma i Sørvika i Lenvik kommune. I tillegg vart det gitt statleg støtte til tiltak som generelt betrar tilgjenge til friluftslivsområda, som parkering, tilkomstvegar og bruer, og til tiltak som kan stimulere til aktivitet, som for eksempel turvegar, kyststigar og badebrygger.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til ulike praktiske tiltak og skjøtsel i statleg sikra friluftslivsområde, jf. omtale av slik sikring under kap. 1420 post 30. Statleg eigd areal som har fått ny bruk som sikra friluftslivsområde er òg omfatta av ordninga. Både kommunar og friluftsråd kan søkje om midlar. Prioriterte vert naturvennlige tiltak for opparbeiding, skjøtsel og anna praktisk tilrettelegging med grunnlag i godkjend forvaltningsplan for å kunne betre tilhøva for mange brukarar og ulike brukargrupper. Prioriterte er òg tiltak som gjer synleg kulturminne på dei statleg sikra friluftslivsområda, tiltak som fremjar fritidsfiske og auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjen-

nomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Skjergardstenesta

Mål

Ordninga gir statlege budsjettmidlar til drift av skjergardstenesta, inkludert kjøp og vedlikehald av båtar knytte til tenesta. Ordninga har ei økonomisk ramme på 19,7 mill. kroner.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Måloppnåinga blir vurdert ut frå aktiviteten til skjergardstenesta.

Rapport for 2012

Skjergardstenesta hadde i 2012 eit relativt normalt driftsår, og gjorde ein god jobb og oppnådde gode resultat i alle driftseiningar. Det vart teke i bruk flotte nye arbeidsbåtar i tre område i 2012 (Hvaler, Larvik/Sandefjord og Færder driftseining) som gir betre grunnlag for å oppnå gode resultat også i åra framover.

Tildelingskriterium

Midlane skal dekkje utgiftene til den praktiske drift og forvaltning av skjergardsparkar og andre offentleg sikra friluftslivsområde langs kysten, knytt til drift av skjergardstenesta i Oslofjorden, Skjergardsparkane på Sørlandet og Vestkystparken. Tilskot blir gitt både til friluftsråd og kommunar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkesmannen og skjergardstenesta i dei tre regionområda.

Andre tilskot frå posten

2,5 mill. kroner frå posten skal i 2014 overførast FRIFO til arbeidet med dagleg leiing og planleg-

ging av Friluftslivets år 2015. Midlane skal gå til lønn, administrative utgifter og informasjonsarbeid.

Det er sett av 3,2 mill. kroner i tilskotsmidlar til eit nytt prosjekt for å stimulere til kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde i heile landet. Til leing av prosjektet er det sett av midlar under kap. 1420 post 01.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1441 post 79. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under post 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområde 9 Giftfritt miljø.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunale og interkommunale selskap/verksemdar, private verksemdar og privatpersonar har til å undersøkje og gjennomføre oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med miljøfarlege stoff.

Kriterium for måloppnåing

For forureina sjøbotn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Sediment skal ikkje føre til alvorleg forureining» og indikatoren «Mengd utvalte helse- og miljøfarlege stoff som er handtert ved mudring/tildekking slik at dei ikkje lenger utgjør kjelde til alvorlege forureiningsproblem» (sjå òg resultatområde 9.4).

For forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Miljøgifter frå forureina grunn skal stansast» og indikatoren «Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining» (sjå òg resultatområde 9.3).

Rapport for 2012

Det blir her rapportert samla for oppryddingsarbeidet finansiert frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn er godt i gang. Fram til no er undersøkingar gjennomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstiltaka starta. Oppryddinga i Tromsø vart avslutta i 2012 og i Oslo hamn vil dei mindre gjenståande arbeida bli ferdige i 2013. I Kristiansand er dei viktigaste tiltaka gjennomførte og i Trondheim er opprydding ved Killingdal gruver ferdigstilt, mens opprydding i hamneområdet er planlagt gjennomført i perioden 2012–2015.

Gjennom å samkøyre oppryddingsprosjekt med andre planlagde aktivitetar sikrar ein framdrift, og ein oppnår ei heilskapleg gjennomføring med både miljøvise og økonomiske fordelar. I Harstad skal for eksempel miljøoppryddinga samkøyrast med Kystverkets mudring av farleier, som er ein del av Nasjonal transportplan. Oppryddingsprosjektet starta sommaren 2012 og er planlagt ferdigstilt ved årsskiftet 2013/2014. I Sandefjord blir det arbeidd med ein finansieringsplan for opprydding av fjorden. Også i dei andre av dei 17 prioriterte områda blir det arbeidd aktivt, både med kartlegging av forureining og gjennomføring av tiltak i delområde. I tillegg har Miljødirektoratet pålagt ei rekkje trafikk- og industrihamner å undersøkje kva hamneverksemda medfører av forureining, og fylkesmenn har bede skipsverft om å utgreie tiltaksplanar dersom undersøkingar har vist at det er oppryddingsbehov – noko det så langt har vist seg å vere dei fleste stadene.

Ressursbruken under ordninga har i hovudsak samanheng med nasjonalt mål 9.4. I dei fleste områda stammar forureininga frå gamle synder, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane er derfor ofte nødvendige for at oppryddinga av forureina sjøbotn skal bli gjennomført.

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av utgreings- og oppryddingskostnader. Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn ved vurdering av om det skal givast tilskot.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Post 81 Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 71 og 81. Posten gir tilskot til tre føremål: Forvaltningstiltak i verdsarvområde (9,6 mill. kroner), utvalde kulturlandskap (7 mill. kroner) og verdiskaping basert på naturarven (7,5 mill. kroner). Midlane under posten er retta mot resultatområda

1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen).

Forvaltningstiltak i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap.

Rapport for 2012

Oppfølging av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftelsar på staden som mottok tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sett i forvaltningsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2012 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap. Desse omfattar blant anna forvaltningsplanlegging og utarbeiding av skjøtselsplanar. Det er utarbeidd miljøanalysar og gjennomført vegetasjonskartlegging for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for naturovervaking og målretta skjøtsel. Forpliktingane knytte til formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og utvikla vidare gjennom tiltak retta mot barn og unge og besøkande. Initiativ med målsetjing å utvikle betre besøkshandtering, redusert forureining og miljøsertifisering er sette i gang eller førte vidare.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyan som vart tekne inn på UNESCOs verdsarvliste i 2004, og det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftingane Vegaøyan Verdensarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Midlane må sjåast i samanheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til Verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Utvalde kulturlandskap

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap med særskilt høge verdiar knytte til naturmangfald, med vekt på utvalde kulturlandskap i jordbruket og i tillegg dei prioriterte områda i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket og prioritering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap.

Rapport for 2012

Midlane til kulturlandskap er delt i to ordningar: ei til utvalde kulturlandskap i jordbruket og ei til område prioritert i nasjonal kartlegging av kulturlandskap eller som seinare er kome til som svært viktige kulturlandskap etter den nasjonale kartlegginga. Midlane til utvalde kulturlandskap inngår i ei spleiseordning med landbruk til ein pott på til saman 14 mill. kr. Midlane i begge ordningane inngår ofte som delfinansiering med tilskotsordningar innan miljø eller landbruk. I 2012 vart det innvilga støtte til i alt 37 tiltak i område prioriterte i nasjonal kartlegging av verdifulle kulturlandskap. I begge ordningane bidreg midlane til å hindre attgroing, gjennomføre skjøtsel av biologisk viktige areal og gjennomføre heilt naudsynte tiltak for å ta vare på nokre av verdiane knytte til heilskaplege kulturlandskap. Ordningane er såleis viktige for å nå miljømåla 6.6 og 6.7, og til dels og 6.1.

Tildelingskriterium

Om lag 6 mill. kroner av kulturlandskapsmidlane skal nyttast i utvalde kulturlandskap i jordbruket. Eit nasjonalt sekretariat leia av Statens landbruksforvaltning, med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer opp arbeidet med identifisering og for-

valtning av områda i samarbeid med fylka som har ansvaret for praktiske tiltak. Prosjektet er samfinansiert over jordbruksavtala og Miljøverndepartementets budsjett. Områda som er utvalte (22 område i 2012) blir tildelt midlar via Fylkesmannen og sekretariatet for ordninga. til å halde oppe natur, kultur og landskapsverdiane. Midlane blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltningsplanar. I tillegg blir det nytta om lag 1 mill. kroner frå posten til tiltak i område prioritert i nasjonal kartlegging av kulturlandskap.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Verdiskaping naturarv

Mål

Verdiskaping basert på naturarven har som hovudmål å medverke til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga. Arbeidet byggjer på erfaringane frå verdiskapingsprogrammet «Naturarven som verdiskapar». Tilskotet skal medverke til at verdien av naturområda blir auka med kvalitetsheving av infrastruktur, informasjonsskilt, innfallsportar, tilrettelegging, betre samarbeid og kunnskap om verneområda og andre prosjekt for verdiskaping i koplinga mellom naturforvaltning, næring og lokalsamfunn som mange kan ha nytte av. Tilskotet skal mellom anna gå til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker, under dette nasjonalparksenter, nasjonalparklandsbyar og kommunar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Rapport for 2012

Verdiskapingsprogrammet «Naturarven som verdiskapar» går over ein 5-årsperiode 2009–2013.

I 2009 vart det etter utlysing valt ut 10 prosjekt. Rammene vart auka i 2010 og etter ny utlysing vart 6 nye prosjekt utpeikte, mens eitt falt frå. Eit prosjekt var 3-årig og vart avslutta i 2012. Programmet består derfor av 14 prosjekt som går ut 2013. Årleg blir det generert resultatrapport for verdiskapingsprogrammet. Resultata indikerer ei positiv utvikling, spesielt gjeld dette talet på bedrifter som har utvida verksemda si som følgje av programmet. Dei prosjekta som byggjer vidare på tidlegare satsingar har komme lengst når det gjeld økonomisk verdiskaping. Det er eit krav om 50 pst. eigenfinansiering i prosjekta. Dei viktigaste finansieringskjeldene er kommunar og fylkeskommunar. Fleire finansieringskjelder har blitt involverte, bl.a. reiselivsbedrifter, andre næringsaktørar og Innovasjon Noreg, eit teiken på auka lokal involvering og medverknad. Miljøvis og økonomisk verdiskaping har blitt høgt prioritert i prosjekta. Kulturell og sosial verdiskaping har òg høg prioritet, men noko lågare enn den økonomiske og miljøvise.

Tildelingskriterium

Tilskot blir tildelte konkrete tiltak knytte til verdiskaping med utgangspunkt i naturarven, og til leing av prosjekta som får støtte. Prosjekta skal ha potensial for miljøvis, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping. Prosjekta skal medverke til at måla for ordninga blir nådde. Døme på utviklingsprosjekt og tiltak er tilrettelegging av stigar for korte turar, attraksjonar som kanaliserer ferdsl, naturfagleg kompetanseheving for reiselivsbedrifter, sykkelstigar, fotoskjul og nasjonalpark som merkevare for stadutvikling. Prosjekta skal ha ein overføringsverdi slik at kunnskap om korleis naturarven kan medverke til verdiskaping blir bygd opp og spreidd. Prosjekt som får tilskot må stille med 50 pst. lokal innsats eller finansiering.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot og gjennom at Fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta, der det vert fatta avgjerder bl.a. om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende projektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Post 82 Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2012	budsjett 2013	2014
82.1	Tilskotordning – prioriterte arter			16 627
82.2	Tilskotordning – utvalde naturtypar			11 462
	Sum post 82			28 089

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 82. Posten er oppretta som følgje av naturmangfaldlova og er retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap (kulturlandskapsdelen). Posten er delt i to underpostar, ein for prioriterte arter og økologiske funksjonsområde for prioriterte arter, og ein for utvalde naturtypar. Tiltak for bevaring av hubro er òg inkludert i posten med fokus på tiltak mot elektrokusjon. Posten er redusert med 5 mill. kroner i høve til tilsvarende løyving i 2013 for å gjere mogleg andre prioriteringar i budsjettet.

Prioriterte arter, inkludert hubro

Mål

Målet med tilskotsordninga er å ta vare på dei plante- og dyrearter i Noreg som blir valde ut som prioriterte arter. Målet er òg å ta vare på dei økologiske funksjonsområda til prioriterte arter. Når det gjeld hubro, er målet å gjennomføre naudsynte tiltak for hindre at hubro døyr som ei følge av at dei nyttar straumstolpar som sitjeplass, og kjem i kontakt med straumførande luftleidningar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til prioriterte arter og økologiske funksjonsområde. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Rapport for 2012

Det vart gitt 4,6 mill. kroner i tilskot til 105 søknader om tiltak for prioriterte arter i 2012 (unnateke

hubro). Midlane er gitt til konkrete tiltak, som f. eks. skjøtsel av lokalitetar med svartkurle, raud skogfrue og honningblom. Vidare er det gitt tilskot til biotopforbetrande tiltak som f. eks. salamanderdammar, overvintringsplassar for flaggermus og styrking av bestandar av elvemusling og edelkreps, gjerding og informasjon.

Tiltaka er sette i verk innanfor utarbeidde handlingsplanar og faggrunnlag, noko som skal styrkje artene sine høve til å overleve i lokalitetane.

Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 1.5, 2.4, 3.3, 4.4, 5.3 og 6.8.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tiltak som sikrar prioriterte arter og til aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som medverkar til å ta vare på eller gjenopprette økologiske funksjonsområde for prioriterte arter. Midlane til hubro skal i hovudsak gå til konkrete tiltak som å isolere straumleidningar, få fortgang i arbeidet med å flytte transformatorstasjonar ned på bakken, byggje plattformar som hubro kan sitje på, og andre tiltak som vil medverke til å redusere den generelle belastninga på hubro i samanheng med kraftlinjer. Noko av midlane kan òg nyttast til å kartleggje stolpekonstruksjonar som utgjør ein fare for hubro. Det blir lagt opp til eit nært samarbeid med netteigarar, og det skal normalt stillast krav om medfinansiering frå aktuell samarbeidspart.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Utvalgte naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å ta vare på utvalde naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til førekomstar av utvalde naturtypar.

Rapport for 2012

Det vart i 2012 gitt 23,7 mill. kroner i tilskot til 300 søknader for utvalte naturtypar.

I løpet av 2012 kom alle fylke i landet med i oppfølgingsarbeidet for kulturmark. Ved utgangen av 2012 var rundt 380 verdifulle A eller B lokalitetar av slåttemark (D01), slåttemyr (D02) og lauveng (D17) under oppfølging. Av ulike årsaker er ikkje rapporteringa fullstendig på korleis dette fordelar seg på A- og B-område, men i 2012 vart dette oppgitt for 160 A-område og 129 B-område. Rundt 150 lokalitetar kom med i oppfølging gjennom handlingsplanar i 2012. Tilskotsmidlane har gått til skjøtsel, restaurering, kursverksemd og skjøtelsplanarbeid. Handlingsplanarbeidet så langt viser at både tilbakeføring av slåtteenger under gjengroing, og framhalden hevd på lokalitetar som er i god hevd frå før gir gode resultat med omsyn til å bevare ein god tilstand av naturtypen.

Vel 40 område med kystlynghei har fått tilskot til skjøtsel, restaurering, planlegging, informasjon og investeringar i tråd med tilskotsreglane i 2012. Rogaland er det fylket som har flest kystlyngheilokalitetar i skjøtsel.

2 område med haustingsskog har motteke tilskot til restaurering og til informasjon i 2012. Talet på haustingsskoglokalitetar under restaurering og skjøtsel er venta å auke i 2013.

Det er gjennomført trepleie og skjøtsel etter 25 søknader for hule eiker, det er gitt tilskot til ni kalksjøar for reetablering av algar og tiltak mot forureining, og til ein kalklindeskog for skjøtsel. Det er òg starta eit større prosjekt med skjøtsel av ein lokalitet med ålegraseng.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som medverkar til å ta vare på førekomstar av utvalde naturtypar. Det kan blant anna givast tilskot til skjøtsel, som t.d. rydding, hogst, slått, brenning, trepleie, ringbarking, lauving og styving, forynging av tresjiktet, inkludert plan for dette, tilpassa drifts-

form i jord- og skogbruk, tilpassa beiting, restaurering, som t.d. rydding av buskoppslag og tre, tilbakeskjering av styvingstre, gjerding, informasjon og kartlegging i samband med tiltak.

Målgruppene for ordninga er grunneigarar, lag og foreiningar på lokalt og regionalt nivå. I tillegg kan privatpersonar, landsdekkjande organisasjonar, kommunar og institusjonar (for eksempel museum, universitet, landbruksføretak, forskingsinstitusjonar) søkje om tilskot. Fylkesmannen kan krevje at søknaden er basert på ein godkjend skjøtelsplan, eller stille som vilkår at plan blir utarbeidd.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Post 84 Internasjonale avtaler og medlemskap

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 75. Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 6 Verdifulle kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjær.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)

Posten skal dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Post 85 Nasjonalparksenter og andre naturinformasjonssenter, kan overførast

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 76. Tilskotsordninga på posten er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap, 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap og 8 Aktivt friluftsliv. Løyvinga er auka med 9 mill. kroner til utstillingar og informasjonssar-

beid samt til autorisering av nye sentra. I tillegg er det løyvd 10 mill. kroner over post 01 til nye naturretteiarstillingar ved nasjonalparksentra og 1 mill. kroner over post 21 til fellestiltak for alle sentra.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av nasjonalparksenter og naturinformasjonssenter. Sentra sin hovudfunksjon er å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar og medverke til ei god forvaltning av natur- og verneområde. Enkelte senter er i tillegg knutepunkt for den nye forvaltningsmodellen for verneområde.

Hovudmålet er at sentra skal spreie kunnskap og skape merksemd om naturmangfaldet. Dei skal medverke til lokal berekraftig verdiskaping gjennom måten dei blir drivne på. Sentra skal inspirere folk til å ville lære meir om naturmangfaldet og skape auka engasjement. Sentra skal òg leggje til rette for godt samspel med lokale interessentar for å utvikle berekraftige aktivitetar utanfor og i verneområde.

Sentra skal vere spydspissar i kvalitetsformidling av kunnskap om nasjonalparker, villrein, våtmark, rovdyr og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentra viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Rapport for 2012

Det er i 2012 gitt grunntilskot til autoriserte nasjonalparksenter og etter søknad gitt tilskot til fornying av utstillingar og informasjonstiltak, og tilskot til opparbeiding og tilrettelegging av forvaltningsknutepunkt. Det vart i 2012 starta ei autorisasjonsordning for rovviltsenter og våtmarkssenter. I 2012 vart det autorisert fem våtmarkssenter; Nordre Øyeren våtmarkssenter, Holmen våtmarkssenter, Ørland våtmarkssenter, Jæren våtmarkssenter og Oslo våtmarkssenter. To rovviltsenter; Bjørneparken i Flå og Namskogan familiepark vart òg autoriserte. Det er vidare gitt tilskot til senter for laks, villrein og til informasjonstiltak gjennom Klimapark 2469 med fokus på klimaendringar og naturfaglege aspekt og verneverdiar i Jotunheimen nasjonalpark. Sentra som fekk tilskot i 2012 var Norsk Villreinsenter, Kunnskapssenter for laks og vassmiljø, Namskogan familiepark, Bjørneparken i Flå, Breheimsenteret,

Femundsmarka nasjonalparksenter, Folgefonna nasjonalparksenter, Halti Nasjonalparksenter, Hardangervidda nasjonalparksenter, iNasjonalparker, Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Lierne nasjonalparksenter, Nordland nasjonalparksenter, Norsk Bremuseum, Norsk Fjellmuseum, Stabburnes naturhus og museum, Ytre Hvaler Nasjonalparksenter, Øvre Pasvik nasjonalparksenter, Balsfjord Våtmarkssenter – Midt-Troms Museum, Holmen Natursenter, Oslo våtmarkssenter, Jæren våtmarkssenter, Nordre Øyeren Naturinformasjonssenter, Kjerringøy våtmarkssenter, Ørland Våtmarkssenter, Gjesværstappan – informasjonssenter for sjøfugl, Runde Miljøsender, Bunova i Vingelen.

Ressursbruken under ordninga har sammenhengen med nasjonalt mål 3.6, 5.4, 4.9 og 5.9.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til forprosjektering og etableringskostnader, drift, informasjonsformidling og kompetanseutvikling ved sentra.

Autorisasjonsordninga for nasjonalparksenter, rovviltsenter og våtmarkssenter som vart utvikla i 2012, held fram i 2014. I autorisasjonen ligg krav sentra må oppfylle og retningslinjer dei bør følgje, men som ikkje er absolutte krav. Miljødirektoratet har ansvaret for å autorisere og kvalitetssikre sentra. Autorisasjonen gjeld for fem år om gongen og kan fornyast. Miljøstyresmaktene kan krevje reautorisasjon tidlegare enn føresett dersom det blir gjort endringar i krava i perioden. Utvikling av felles kjenneteikn (identiteten) for autoriserte senter vil bli sett i samanheng med kommunikasjonsstrategi for nasjonalparker.

Senter som er autoriserte som nasjonalpark-, rovvilt- eller våtmarkssenter kan søkje om eit årleg grunntilskot. Tilskotet skal dekkje fortløpande aktivitet ved sentra knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, drift av utstilling i sesongen, naturrettleiing osv. Grunntilskotet i 2014 er 800 000 kroner pr. senter. Alle kan søkje om tilskot til nye utstillingar og informasjonstiltak. Det kan òg søkjast om midlar for ekstra publikumstilbod til senter som har størst potensial for å treffe mykje publikum og til å samarbeide med reiselivet, og kompetansetilskot til oppgåver som nøytrale kunnskapsformidlarar/kompetansesenter ikkje kan dekkje innanfor det generelle grunntilskotet.

Tilskotsordninga omfattar òg drift av dei to informasjons- og kompetansesentra for villrein på Skinnarbu i Tinn kommune og på Hjerkin i Dovre

kommune. Villreinsentra sin hovudfunksjon er å formidle kunnskap om villrein, livsvilkåra den har, krav til leveområde m.v., og på denne måten medverke til ei god forvaltning av villreinen i Noreg. Tilskot til stiftelsen Kunnskapsenter for laks og vassmiljø i Namsos er omfatta av posten. Det same er støtte til Klimapark 2469, der tilskot blir gitt til Norsk Fjellmuseum som er autorisert nasjonalparksenter for Jotunheimen. Etablering av infrastruktur og bygg til forvaltningsknutepunkt for nasjonalparker er òg dekt av posten.

Tabell 7.2 Type senter

	(i 1000 kr)
Type senter	
Autoriserte nasjonalparksenter	23 700
Forvaltningsknutepunkt, nasjonalparker	6 600
Villreinsenter	6 600
Autoriserte naturinformasjonssenter, våtmark	7 000
Autoriserte naturinformasjonssenter, rovvilt	6 700
Klimapark 2469	1 100
Laksesenter, Namsos	1 000
Sum	52 700

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer årsmelding og revidert rekneskap, og budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentra rapporterer tal på besøkande, aktivitetar og naturrettleiing, sal av logoprodukt, resultat frå brukarundersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret, og på andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt knytt til nasjonalparksenter på 2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	Saldert budsjett 2013	
01	Oppdrag og andre diverse inntekter			1 363
02	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar			567
04	Gebyr, forureiningsområdet			29 759
06	Gebyr, fylkesmannsembetas miljøvernnavdelingar			27 000
07	Gebyr, kvotesystemet			10 600
08	Gebyr, naturforvaltningsområdet			4 298
09	Internasjonale oppdrag			29 084
	Sum kap. 4420			102 671

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter

Løyvinga er satt saman av løyvingane på 01-postane under kap. 4426 og 4427, og 05-posten under kap. 4441.

På posten er det budsjettert med enkelte ulike oppdragsinntekter og leigeinntekter som direktoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og sitt konferansesenter i Oslo. Oppdragsinntektene er hovudsakeleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir òg ført ymse inntekter, som frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 02 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 4441 post 02. På posten blir ført inntekter frå frivillig kjøp av klimavotar. Posten har ei løyving på kroner 430 000 i budsjettet for 2014, ein reduksjon frå 2,161 mill. kroner i budsjettet for 2013.

Ein viser òg til omtale under kap. 1420 post 25 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 4441 post 04.

Posten er redusert med 5,5 mill. kroner bl.a. i samband med nedjusterte overslag for F-gassforordninga. I samsvar med prinsippet om at forurenaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet. Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå utferding av sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluorerte klimagassar (forskrift om fluorerte gassar). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna lekkasjetesting og kvalifikasjonar til teknisk personell
- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- gebyr for tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking m.v. av farlege kjemikalier
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kjøp av tenester ved drift av systemet
- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. Alle som omset elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar anten å ha eit eige retur-

system som tek seg av desse produkta når dei blir avfall, eller å melde seg inn i eit kollektivt retursystem som tek seg av desse forpliktingane på deira vegner.

- gebyr for eksport og import av avfall. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepiktig avfall må ha løyve til dette.

I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel:

Gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt. Biociddirektivet vart ein del av EØS-avtala i 2003 og har blitt implementert i norsk lovverk gjennom biocidforskrifta. Biociddirektivet krev at nasjonale styresmakter etablerer gebyrordningar som dekkjer dei kostnadene styresmaktene har ved gjennomføring av direktivet.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingar

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 4441 post 06. Forureiningsforskrifta vart frå 2007 endra slik at Fylkesmannen kan krevje gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll. Fylkesmannens gebyrinntekter er førte under denne posten.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemder som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i kvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved dette arbeidet finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Det er ikkje knytt meirinntektsfullmakt til denne posten. Som følgje av endringar i kvotesystemet som fører til lågare kostnader knytte til godkjenning av utsleppsrapportar og tildeling av klimakvotar, vil det bli sendt på høyring eit forslag om lågare gebyrsatsar.

Miljødirektoratet har òg ansvaret for å etablere og drifte det elektroniske kvoteregisteret. Utslepp av CO₂ frå luftfart er òg omfatta av kvoteplikta.

Post 08 Gebyr, naturforvaltningsområde

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, til utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr. Gebyret blir ført vidare på 280 kroner. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter til å drive eksamensordninga.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret er sett til 400 kroner pr. individ. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1420 post 01.

Miljødirektoratet tok i 2012 i bruk sin heimel til å krevje refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57-58 og den enkelte konsesjon.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten låg tidlegare under kap. 4427 post 09 og kap. 4441 post 09.

Inntektene under posten kjem frå Utanriksdepartementet, Norad og andre, og skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 01 til internasjonalt miljøsamarbeid og bistandsarbeid, for eksempel institusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli utvikla vidare og trappa opp. I samband med dette er posten i 2014 foreslått styrkt med 9 mill. kroner. Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2012	budsjett 2013	
01	Driftsutgifter	28 260	15 000	15 000
21	Spesielle driftsutgifter		32 100	30 600
70	Tilskot til fiskeformål, kan overførast	8 919	9 800	11 500
71	Tilskot til viltformål, kan overførast	47 534	28 500	27 600
	Sum kap. 1425	84 713	85 400	84 700

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområda 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslått fjellandskap, men involverer òg resultatområde 8 Aktivt friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet, post 71 Jeger- og fellingsavgifter og post 72 Fiskaravgifter. Samla sett er løyvingane reduserte med 0,7 mill. kroner i høve til 2013. Mens løyvingane knytte til Statens fiskefond aukar med 1,7 mill. kroner, vert løyvingane knytte til Viltfondet reduserte med 2,4 mill. kroner. For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 1420, 5578 og inntektene til dei to fonda, viser vi til omtale under kap. 5578.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

Både løyvingsforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingsforslaget under post 21 går til føremål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga. For at det skal vere ei tydeleg og kontrollert deling mellom tilskot som blir løyvde til enkeltpersonar og organisasjonar over 70-postar på den eine sida, og på den andre sida spesielle driftsutgifter der ein regionalt eller sentralt set ut oppdrag til andre, vart det oppretta ein ny post 21 i 2013.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Føremålet med drøftingane er å sikre at midlane blir nytta på ein kostnadseffektiv måte og i tråd med

måla innan vilt- og fiskeforvaltninga. Dette må sjåast i nær samanheng med arbeidet for å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på bl.a. driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå ei samla målsetjing.

Store delar av dei midlane som blir løyvde til vilt- og fisketiltak blir nytta ved at brukarar, organisasjonar og lag søker om midlar til konkrete tiltak. Frå 2009 har ein kunna søkje om tilskot til vilttiltak og fisketiltak i eit nettbasert søknadssenter i regi av det tidlegare Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet). Føremålet har vore å sikre lik behandling og betre utnytting av resultat frå tiltaka som blir utførte. Det er no obligatorisk for søkjarar å sende inn søknad til dette søknadssenteret.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområda 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar og 5 Storslått fjellandskap og 8 Aktivt friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til lønn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga slik som det nasjonale jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, og utgifter til utvikling og drift av betalingstenesta for jeger- og fiskaravgiftene, under dette trykking, porto og informasjonstiltak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslåtte fjellandskap og 8 Aktivt friluftsliv.

Posten vart oppretta i 2013 for å etablere ei tydelig deling mellom på den eine sida tilskot som blir løyvde til enkeltpersonar og organisasjonar over 70-postar, og på den andre sida spesielle driftsutgifter som blir sette ut som oppdrag til andre eller utførte av statlege verksemder. Til posten vart det i 2013 tilført midlar frå post 01, post 70, og post 71.

Posten skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av direktoratet eller fylkesmenn. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene posterast på post 21. Dette gjeld mellom anna nasjonale overvåkingsprogram, forskning og utgreiing. Ein gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner grunna lågare disponible midlar frå Viltfondet, jf. omtale under kap. 5578 post 71.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar, nasjonalt mål 2.6 og 8 Aktivt friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak.

I 2014 er posten foreslått auka med 1,7 mill. kroner. Dette skuldast auka inntekter frå fiskaravgiftene, og bruk av opparbeidd kapital i Statens fiskefond. Ein viser til nærare omtale av fiskaravgiftene og fondet under kap. 5578 post 72 Fiskaravgifter.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at produktivitet og mangfald i dei anadrome bestandane av laksefisk blir teke vare på, og dermed sikre eit haustingsverdig overskot til beste for fiskarar og rettshavarar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidreg til målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Rapport for 2012

I 2012 er det sentralt frå Direktoratet for naturforvaltning gitt tilskot til ei rekkje tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon om og tiltak for anadrom laksefisk. Det er òg ytt tilskot til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske. Det er vidare gitt tilskot til FoU-verksemd og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av fylkesmennene for å støtte tiltak som informasjon, forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanlegging. Det er totalt gitt tilskot til 189 lokale tiltak i 2012. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye, og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Løyvingane til tilskot i 2012 og behandlinga av den einskilde søknaden skal samla sett underbygge det nasjonale målet 2.6. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatata har eigeninteresse i å medverke til å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde hausting.

Tildelingskriterium

Målgruppe for ordninga er organisasjonar og lag, t.d. fiskarlag, grunneigarlag og jeger- og fiskarforeiningar. I tillegg kan forskingsinstitusjonar, landsdekkjande organisasjonar og kommunar søkje om tilskot. Tiltak som kan få tilskot er t.d. kultiveringstiltak, driftsplanlegging, praktisk nytta forskning og overvaking, og informasjon. Tiltak for å betre tilgangen til fiske for allmenta og moglichkeiten for fiske kan òg få tilskot. Tiltak kan vidare vere direkte retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsyns-kontroll av rapportane og rekneskapane.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning			Forslag 2014
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	
71.1	Hjortevilttiltak	8 848	3 250	3 250
71.2	Villreintiltak	2 757	2 850	2 850
71.3	Lokale vilttiltak m.v.	29 259	17 900	17 000
71.4	Viltovervaking	6 670	4 500	4 500
	Sum post 71	47 534	28 500	27 600

Midlane under posten er retta mot resultatområda 3 Frodige våtmarker, 4 Mangfaldige skogar, 5 Storslått fjellandskap og 8 Aktivt friluftsliv. Under desse resultatområda er det særleg måloppnåinga under nasjonale mål 4.3 og 5.3 som er viktigast ved vurdering av tildeling av tilskot under post 71. Av desse måla går mellom anna fram at alle bestandar som det blir hausta av skal vere forvalta økosystembasert og haustast berekraftig. Dette inneber derfor at tilskot skal kunne medverke til måloppnåinga anten ved å verke direkte på bestandar eller ved å påverke korleis vi haustar av bestandane. Samla vil informasjonen frå tiltak eller prosjekt som får tilskot under posten kunne skaffe styresmaktene eit godt grunnlag for å vurdere status og utvikling i høve til måloppnåinga.

Utgifter knytte til tiltak der Miljødirektoratet eller fylkesmenn kjøper oppdrag frå andre er flytta til ein ny post 21 frå 2013. Utgifter knytte til tiltak der fylkeskommunane er ansvarlege er framleis budsjetterte under post 71. Samstundes vert det streka under at post 21 og post 71 må sjåast i samanheng dersom ein vil ha heilskapen i løyvingane til vilttiltak. På same måten må ein sjå løyvingar frå fylkeskommunar, fylkesmenn og Miljødirektoratet samla, ettersom desse forvaltar ulike delar av artsomgrepet. Samla sett er løyvingane til vilttiltak baserte på inntekter frå avgiftene, jf. omtale under kap 5578 post 71.

Ein gjer framlegg om å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner grunna mindre disponible midlar frå Viltfondet, jf. omtale under kap. 5578 post 71.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet og at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på nasjonalt og regionalt. Dette skjer gjennom støtte til

viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisasjonar. Støtte blir gitt til tiltak som har ein regional, interkommunal eller nasjonal karakter.

Etter endringane i viltlova i 2001 krev kommunane inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort som ein del av eit kommunalt viltfond. Det er derfor føresett at søknader om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansierte med fellingsavgifter, og eventuelt eigne kommunale midlar. Tiltak av regional karakter er føresett tekne hand om ved at fylkesmennene/fylkeskommunane forvaltar delar av løyvinga etter tildeling frå Miljødirektoratet.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på. Tiltaka som blir sette i verk skal medverke til å gi eit betre kunnskapsunderlag om artar og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis, i tråd med dei nasjonale måla 4.3 og 5.3.

Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Rapport for 2012

Løyvingane er i 2012 nytta omtrent som tidlegare år. For 2012 vart det levert 784 søknadar om vilttiltak i søknadssenteret. Av desse behandla direktoratet 132 søknadar, fylkesmennene 347 søknadar, og fylkeskommunane 305 søknadar.

Det har vore ytt tilskot til dei fleste aktørar og grupper som arbeider med viltforvaltning. Ord-

ninga har gitt støtte til tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag, og medverkar i relevante større prosjekt der andre har hovudfinansieringa. Ordninga er òg nytta til å støtte studentprosjekt, der dette inneber at det blir gjennomført fagleg relevante undersøkingar.

Ordninga er med på å auke tiltaksvolumet, stimulere ungdom og andre til friluftsliv og uteaktivitet, og gir eit utvida kunnskapsgrunnlag både for økosystem og arter.

Det er eit mål at resultatane frå bruken av tilskotsmidlane skal verte tilgjengelege for alle interesserte, og slik auke kunnskapen om og spreinga av vellykka former for tiltak. For 2013 vil alle rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat bli lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter. Då vil òg oppnådde resultat kunne lesast av alle via nettbaserte løysingar.

Løyvingane til tilskot i 2012 og behandlinga av den einskilde søknaden skal samla sett underbygge dei nasjonale måla for området. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar vil det vere ei stor breidd i type tiltak, og i kva ein kan oppnå på eit enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betalar avgift som nyttar høvet til å søke tilskot, eller nyttar resultatane. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Det er vidare slik at ressurstilgangen samla sett er vurdert å vere god nok i forhold til dei prioriterte tiltaka. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatane har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde haustinga, og ha eit tilstrekkeleg godt kunnskapsunderlag for forvaltninga

Tildelingskriterium

Det blir gitt tilskot til regionale utviklingsoppgåver som støttar opp om kommunale og interkommunale prioriterte tiltak. Under dette blir det gitt tilskot til tiltak som stimulerer til eit større engasjement i arbeidet med driftsplanar blant rettshavarane, og som støttar opp under betre tilrettelegging av jakttilhøva for allmenta.

Organisasjonar, lag og foreiningar, kommunar og i visse tilfelle enkeltpersonar kan få tilskot til tiltak som tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jakttilhøve, kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, kartlegging av viltinteressene i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteressene i kommunale planar etter plan- og bygningslova, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, og til forskings- og studentoppgåver.

Fordeling av midlane på dei ulike fylka skjer etter nøklar baserte på bl.a. innbetalt jegeravgift, talet på jegerar i fylket, felt vilt m.m.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. I 2012 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Riksrevisjonen for desse ordningane. Dei manglane som vart påpeika der vil bli retta.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeføres til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak m.v.

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltningsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskot til overvakingsopp-gåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1

eller underpost 71.2. Overvakingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2012	budsjett 2013	2014
71	Jeger- og fellingsavgifter	73 600	77 600	75 200
72	Fiskaravgifter	14 800	16 300	18 000
	Sum kap. 5578	88 400	93 900	93 200

I tillegg til å finansiere utgifter under kap. 1425, dekkjer kap. 5578 postane 71 og 72 òg noko av utgiftene til vilt- og fiskeforskning under kap. 1410 post 50, og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01.

Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til fonda i 2013 og 2014, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 71 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir innbetalte til Viltfondet er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

I dette framlegget er løyvinga redusert med 2,4 mill. kroner i høve til 2013. Det er venta same nivå på innbetalingane i 2014 som i 2013, men i 2013 var løyvingane ekstra høge grunna oppspart kapital i fondet etter uventa stort tal innbetalingar i tidlegare år. Når 2013 er omme er denne oppsparte kapitalen venteleg brukt opp, og løyvingane må i 2014 derfor ned på nivå med inntektene.

Nærare om Viltfondet**Mål**

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.

Den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

I 2001 vart det gjennomført ei omfattande omlegging av viltforvaltninga, der kommunane i staden for staten krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Omleggingsarbeidet blir følgd opp fortløpande av Direktoratet for naturforvaltning. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For

dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein er det etablert ei tilsvarende ordning, der midlar frå innbetalte avgifter føregåande år blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2013. Ein gjer ikkje framlegg om å auke desse for 2014. Satsane for dei ulike avgiftene er oppgitte i tabell 7.3.

For oversikta sin del er dei økonomiske konsekvensane for kommunane i 2014 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 7.3 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2014 (tal i heile kroner)

Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2014	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
				(i 1000 kr)
Jegeravgift generelt:	307	200 000	61 400 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	82	105 000	8 610 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk:	190	20 000	3 800 000 ¹	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	62	2 000	124 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	271	3 000	813 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	159	1 200	190 800	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			74 937 800	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	496	25 000	12 400 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	292	12 000	3 504 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	379	20 000	7 580 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	230	6 100	1 403 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			24 887 000	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskotsvis i 2014 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2012/2013. Talet er vurdert til om lag 20 000.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 7.4.

Tabell 7.4 Berekning av kapital i Viltfondet i 2014

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.12:	5 198
Budsjettert innbetalt i 2013 ¹ :	75 337
Budsjettert refusjon i 2013 (utbetalingar frå fondet):	-77 600
Budsjettert saldo pr. 31.12.13:	2 935
Budsjettert innbetalt i 2014 ² :	75 237
Budsjettert refusjon i 2014 (utbetalingar frå fondet):	-75 200
Budsjettert saldo pr. 31.12.14:	2 972

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,3 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5578 post 71 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1425 postane 01 og 71, kap. 1420 post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50. I budsjettet for 2014 gjer ein framlegg om at 5,14 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysundregistra for drifta av Jegerregisteret. Planlagt bruk av inntektene går fram av tabell 7.5.

Tabell 7.5 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2014

Formål	(i 1000 kr)
Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentlig jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap.1425.01):	14 140
Prosjekt, FoU, overvakingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.v. (kap. 1425.21):	27 177
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	3 250
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	2 850
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	17 000
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	4 500
Sum under kap. 1425:	68 917
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	3 000
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap 1420 post 01):	3 283
Totalsum:	75 200

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølv om kommunane har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgåver innan desse felte som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artene der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, har Direktoratet for naturfor-

valtning i 2011 starta å omsetje skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Spesielt om lisensfelling av rovvilt

Lisensfelling av rovvilt vart innført i 2005. I 2006 vart det innført ei ordning slik at dei som deltek i lisensfelling registrerer seg særskilt i Jegerregisteret. Det er førebels ikkje lagt opp til at denne gruppa jegerar skal betale særskilde avgifter slik som hjorteviltjegerar.

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskerfond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten er foreslått auka med 1,7 mill. kroner i høve til 2013. Endringa skuldast auka inntekter frå fiskaravgiftene, og bruk av fondskapital.

Nærare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrom laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med fastståande reiskap i sjøen. Det er innført visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrom laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn

mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember og vart sist justerte i 2013. For 2014 gjer Regjeringa ikkje framlegg om å endre avgiftene.

Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag er 240 kroner for enkeltpersonar, mens familieavgifta blir 383 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Fiske med fastståande reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli har ei årsavgift på 598 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli er på 363 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettet med ein kapitalstraum i Statens fiskefond som vist i tabell 7.6.

Tabell 7.6 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2014

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.12:	4 405
Budsjettert innbetalt i 2013 ¹ :	16 968
Budsjettert refusjon i 2013 (utbetalingar frå fondet):	- 17 800
Budsjettert saldo pr. 31.12.13:	3 573
Budsjettert innbetalt i 2014 ¹ :	16 968
Budsjettert refusjon i 2014 (utbetalingar frå fondet):	-18 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.14	2 541

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 01, 21 og 70) og kap. 1420 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50.

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabell 7.7.

Tabell 7.7 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2014

	(i 1000 kr)
Formål	
Administrasjon m.v. (kap. 1425.01):	860
Prosjekt, utgreiingar (kap. 1425.21)	3 423
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	11 500
Sum under kap. 1425:	15 783
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 217
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50, jf. kap. 4410.50):	1 000
Totalsum	18 000

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område,

eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Kap. 1426 Statens naturoppsyn

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	125 741	134 207	
21	Spesielle driftsutgifter	9 008	9 297	
30	Tiltak i verneområder, kan overførast	22 411	65 693	
31	Tiltak i naturreservat og utvalde kulturlandskap i jordbruket, kan overførast	42 374		
32	Skjergardsparkar o.a., kan overførast	25 260		
	Sum kap. 1426	224 794	209 197	

Som følge av at Miljødirektoratet vart oppretta 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet*

2013, er midlane under kap. 1426 flytta til kap. 1420.

Kap. 4426 Statens naturoppsyn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	60	664	
02	Oppdragsinntekter	47		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	681		
18	Refusjon av sjukepengar	608		
	Sum kap. 4426	1 396	664	

Som følge av at Miljødirektoratet vart oppretta 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013), er midlane under kap. 4426 flytta til kap. 4420.

Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	201 252	212 715	
21	Spesielle driftsutgifter	336 243	167 827	
22	Statlege vassmiljøtiltak		173 500	
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast	34 375	44 080	
31	Tiltak i friluftsområde, kan overførast	24 362		
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast	13 024	9 600	
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast	145 250	222 000	
35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast	165 929	231 091	
60	Tilskot til lokalt utviklingsfond	6 000	6 000	
65	Handlingsplaner for friluftslivet	2 000		
70	Tilskot til vassmiljøtiltak, kan overførast	87 454	30 500	
71	Forvaltningstiltak i verdsarvsområde, kan overførast	9 563	16 600	
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving	137 748	150 755	
73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast	69 137	64 600	
74	Tilskot til friluftslivstiltak, kan overførast	19 043	21 693	
75	Internasjonale avtaler og medlemskap	1 106	1 144	

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
76	Nasjonalparksentra og andre naturinformasjons- sentra, kan overførast	39 588	43 700	
78	Friluftsområde, interkommunale friluftsråd og landsomfattande samarbeidsorgan for friluftsliv, kan overførast	17 075	66 595	
79	Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg	4 500		
81	Verdiskapingsprogram for naturarven, kan overførast, kan nyttast under post 21	8 761	15 330	
82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21	29 475	33 089	
83	Naturfaglege organisasjoner	3 445	3 673	
	Sum kap. 1427	1 355 330	1 514 492	

Som følge av opprettinga av Miljødirektoratet 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013*, er midlane under kap. 1427 flytta til kap. 1420 Miljødirektoratet.

Post 60 Tilskot til lokalt utviklingsfond

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1427 post 60. Tilskotsordninga under denne posten rettar seg mot resultatområde 4 Mangfaldige skogar.

Det er over fem år løyvd til saman 30 mill. kroner til eit utviklingsfond for dei tre kommunane Rollag, Sigdal og Nore og Uvdal i samband med Regjeringas avgjerd om vern av Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat. 2013 var det femte og siste året med statleg løyving og posten er derfor lagt ned.

Rapport for 2012

Miljøverndepartementet fastsette vedtekter for fondet i brev av 18.09.09.

Aktiviteten i 2012 har vore slutføring av «VER-DI»-prosjektet (sjå under), behandling av to søknader om støtte og endringar i plassering av midlane med sikte på auka avkastning. Styret i fondet har i 2013 diskutert vidare strategi for fondet sitt arbeid. Aktivitetar knytte til fondet sitt formål om utvikling av Trillemarka-Rollagsfjell-regionen er i 2012 òg sett i samband med aktivitetar i prosjektet «VER-DI» («Vern og verdiskaping – naturvernomsråde som ressurs i haldbar økonomisk

utvikling»). «VER-DI» er ein del av EUs Interregionale program 4A og består av kommunar, fylkeskommunar, regionar, turistorganisasjonar og universitetsmiljø som gjennom grenseoverskridande samarbeid skal utvikle aktivitetar og strategiar for å utnytte naturvernomsråde som ein ressurs for næringsutvikling og økonomisk utvikling i Kattegat/Skagerrak-regionen. Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat er eitt av fem verneomsråde som inngår her. Det er gitt 0,9 mill. kroner frå utviklingsfondet til VER-DI, fordelt over tre år. Arbeidet i prosjektet vart avslutta i 2012. Gjennom prosjektet er det gitt tilskot til ca. 40 prosjekt i området med tema tilrettelegging for friluftsliv, informasjon og næringsutvikling innan reiseliv og lokal mat. Styret i fondet konkluderer med at det er skapt stor aktivitet, og prosjektet har medverka til større medvit og felles forståing for potensialet som ligg i det å forvalte eit verneomsråde. Styret ønskjer ein diskusjon med kommunane om vidareføring og oppfølging av arbeid som er sett i gang, og korleis utviklingsfondet sitt arbeid kan integrerast tettare mot anna næringsutvikling i kommunane. Ressursbruken under ordninga har samband med nasjonalt mål 4.2., 4.8 og 4.9.

Post 79 Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Levande hav og kyst og 2 Livskraftige elvar og innsjøar. I samband med opprettinga av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vedtok Stortinget at

enkelte nasjonale laksefjordar skal vere oppdrettsfrie innan 2011, jf. Innst. S. nr. 134 (2002–2003). Stortinget vedtok at det skal bli gitt «rimelig kompensasjon» for verksemdar som må flytte ut av nasjonale laksefjordar som følgje av vedtaket. Dette gjaldt tre oppdrettskonsesjonar.

To av konsesjonshavarane fekk i 2012 utbetalt kompensasjon på kvar 2,25 mill. kroner, jf. Prop. 17 S (2011–2012) *Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Miljøverndepartementet*. Den siste konsesjonshavaren har ikkje søkt. Posten er ikkje foreslått med løyving eller tilsegnfullmakt for 2014.

Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Ymse inntekter	192	642	
09	Internasjonale oppdrag	15 464	13 250	
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	3 134		
18	Refusjon av sjukepengar	2 537		
54	Gebyr	3 224	4 298	
	Sum kap. 4427	24 551	18 190	

Som følgje av opprettinga av Miljødirektoratet 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet*

2013, er midlane under kap. 4427 flytta til kap. 4420 Miljødirektoratet.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde 6 *Verdifulle kulturminne og kulturlandskap* og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2014 på om lag 620,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 49,6 mill. kroner netto, samanlikna med saldert budsjett for 2013. Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*. I sistnemnte melding, som ble lagt fram av Regjeringa i juni 2013, er både ambisjonsnivået og måla som Stortinget vedtok i 2005 oppretthaldne og vidareførte. Målsetninga er å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det er også eit mål at eit utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde skal ha varig vern innan 2020, ved freding. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til vidareføring av arbeid med verdiskaping knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Foreslått endra poststruktur under kapittel 1429 Riksantikvaren

Foreslåtte endringar i poststruktur i kap. 1429 Riksantikvaren er resultatet av ein prosess med opprydding av tilskotsordningane til Riksantikvaren, og eit ønske om å få ei tydelegare tilknytning mellom postar/tilskotsordningar og nasjonale mål. Den nye poststrukturen vil gjere samanhenget mellom måleindikatorar for tilskotsordningar (tilskotspostane sine mål og kriteria for måloppnåing) og måleindikatorar knytte til nasjonale mål tydelegare. Det blir dermed enklare å sjå samanhenget mellom tildelte pengar (statsbudsjett) og status i arbeidet med å nå dei nasjonale måla.

Forslaget inneber ingen endringar i innhald, dvs. kva Riksantikvaren gir tilskot til, berre ein reduksjon i talet på postar/underpostar frå 14 til åtte, jf tabell 7.8. Når fleire postar er slått saman er innhaldet frå alle tidlegare postar vidareført i den nye posten. Eit hovudgrep i forslaget er at budsjettet under gammel post 72 (med underpostar) blir fordelt ut på fleire postar slik at det blir enklare å sjå kva midlane går til.

Tabell 7.8 Samanhengen mellom føreslått ny poststruktur og gammel poststruktur under kap. 1429 Riksantikvaren

Post	Postnemning i ny poststruktur	Består av følgjande postar i gammel poststruktur	Kommentar
01	Driftsutgifter	post 01 Driftsutgifter	Inga endring
21	Spesielle driftsutgifter	post 21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 72 og 73</i> post 75 Internasjonalt samarbeid, <i>kan overførast</i>	Løyvinga under gammel tilskotspost 75 Internasjonalt samarbeid er spesielle driftsutgifter, og ikkje tilskotsmidlar, og er derfor foreslått flytta til post 21 Spesielle driftsutgifter
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid	Inga endring
60	Kulturminnearbeid i kommunane		Ny post
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	post 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak post 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne post 78 Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	Tilskotspostar relaterte til revidert nasjonalt mål 6.2 er slått saman: <i>eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020</i>
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	post 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige post 72.4 Kystkultur post 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap	Fleire tilskotspostar relaterte til nasjonalt mål 6.4 er slått saman: <i>Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020</i>
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	post 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne	Flytt frå underpost til eigen post og noko endra postnemning, elles inga endring Relatert til nasjonalt mål 6.4 (sjå post 71)
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	post 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen post 73 Brannsikring og beredskapsarbeid, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	Relatert til revidert nasjonalt mål 6.2 og nasjonalt mål 6.4 (sjå post 70 og 71)

Tabell 7.8 Samanhengen mellom foreslått ny poststruktur og gammel poststruktur under kap. 1429 Riksantikvaren

Post	Postnemning i ny poststruktur	Består av følgende postar i gammel poststruktur	Kommentar
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overføres</i>	post 74 Fartøyvern, <i>kan overføres</i>	Noko endra postnemning, elles inga endring Relatert til nasjonalt mål 6.4 (sjå post 71)
75	Tilskot til fartøyvernssenter, <i>kan overføres</i>	post 72.7 Fartøyvernssenter	Flytt frå underpost til eigen post og noko endra postnemning, elles inga endring Relatert til nasjonalt mål 6.4 (sjå post 71)
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, <i>kan overføres</i>	post 77 Verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	Noko endra postnemning, elles inga endring
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overføres</i>	post 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgåver	Flytt frå underpost til eigen post og endra postnemning, ellers inga endring. Relatert til revidert nasjonalt mål 6.1: <i>Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på</i> , og revidert nasjonalt mål 6.2 og nasjonalt mål 6.4 (sjå post 70 og 71)
80	Tilskotsordning for avgiftskompensasjon		Ny post

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1429	Riksantikvaren	268 453	509 050	556 519	9,3
1432	Norsk kulturminnefond	59 480	61 440	63 590	3,5
	Sum kategori 12.30	327 933	570 490	620 109	8,7

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	120 820	126 029	135 348
21	Spesielle driftsutgifter	75 520	36 935	41 735
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 093	3 195	3 307
60	Kulturminnearbeid i kommunane			2 000
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>			30 005
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>			120 402
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>			58 821
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>			41 997
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	45 712	48 712	51 712
75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>			6 726
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, <i>kan overførast</i>	4 102	8 264	8 264
78	Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	8 738	8 500	
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>			49 202
80	Tilskotsordning for avgiftskompensasjon			7 000
	Sum kap. 1429	268 453	509 050	556 519

Rolle og oppgåver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Miljøverndepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel er særleg knytte til gjennomføring av 10 bevaringsprogram for nasjonalt viktige kulturminne, til prosjektet Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga og til verdiskaping på kulturminneområdet. Riksantikvaren skal stimulere eigarar og næringsliv til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøvar mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet til fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimuleringsiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivnader. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Posten dekkjer òg driftsutgifter for Nasjonalt Pilegrimssenter. Senteret er finansiert av Miljøverndepartementet, Fornyrings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Posten er auka med 9,319 mill. kroner. Auken består av lønnskompensasjon og ei foreslått rammeoverføring frå Kulturdepartementet på 5,682 mill. kroner. Sistnemnde utgjer ein del av arbeidet med den nasjonale pilegrimssatsinga, og midlane skal nyttast til drift av fem regionale pilegrimskontor/-senter som vart etablerte i 2010.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429, post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane skal gå til å føre vidare arbeidet innanfor Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2015). Dette omfattar mellom anna modernisering av den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, digitalisering av arkiv i Kulturminneportal, styrking av kommunal kompetanse og registrering av automatisk freda samiske bygningar.

Midlane på posten blir elles nytta til kjøp av vedlikehald- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltaransvar for.

Løyvinga under gammal tilskotspost 75 Internasjonalt samarbeid er spesielle driftsutgifter, og ikkje tilskotsmidlar, og er foreslått flytt til post 21 Spesielle driftsutgifter. Riksantikvaren har eit ansvar for å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som ein viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre. Post 21 inkluderer prosjektmidlar til å handtere faglege samarbeidsprosjekt med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i kon-

servering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne posten.

300 000 kroner til Kulturminnedagen, som tidlegare har vore belasta denne posten, er foreslått overført til kap. 1400 Miljøverndepartementet, post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Midlane er stilte til disposisjon for Sametinget, og skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål frå kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Å setje i stand og synleggjere samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane under post 50 er relaterte til dei nasjonale måla 6.1-6.4.

Kriterium for måloppnåing

- Opplysningar om registrerte freda, samiske kulturminne i privat eige i kulturminnedatabasen Askeladden
- Opplysningar om tiltak retta mot freda, samiske kulturminne
- Opplysningar om freda, samiske bygg i privat eige med ordinært vedlikehaldsnivå

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar av samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane blir tildelte etter søknad til Sametinget til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid, men òg til skjøtsel, sikring, istandsetjing og formidling.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skal skje overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle kan det vere aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Posten er ny. Midlane på posten er tilskot til kommunar for å sikre kulturhistoriske verdier.

Mål

Sikre at kommunane har kunnskap om, og gode oversikter over kulturhistoriske verdier i eigen kommune, og planar for og kompetanse til å ta vare på dei på ein god måte.

Midlane på posten er relaterte til revidert nasjonalt mål 6.1: *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.*

Kriterium for måloppnåing

- Opplysningar om talet på/kva kommunar som har ferdigstilt arbeidet med registrering og verdivurdering av verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og status i dei andre kommunane sitt arbeid med dette
- Opplysningar om talet på/kva kommunar som har kommunale kulturminneplanar/planar med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø, og status i dei andre kommunane sitt arbeid med slike planar

Tildelingskriterium

Målgruppa er kommunar. Tilskot blir gitt til registrering og verdivurdering av verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og til å utarbeide kommunale kulturminneplanar/planar med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane skal rapportere om bruken av midlane til Riksantikvaren.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Posten erstattar post 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak m.m., 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne og 78 Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne i gamal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne (BARK).

Mål

Medverke til forvaltning og sikring av kunnskapen om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Midlane under posten er relaterte til revidert nasjonalt mål 6.2: *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*

Kriterium for måloppnåing:

- Opplysningar om tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne i bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne (BARK)
- Opplysningar om tiltak retta mot sikring av kunnskap om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne

Tildelingskriterium

Målgruppa for tilskotet er tredelt:

Ei målgruppe er private tiltakshavarar. Staten dekkjer som hovudregel utgiftene til registreringar og utgravingar av arkeologiske kulturminne i samband med mindre private tiltak.

Ei anna målgruppe er eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne. Tilskota blir i hovudsak nytta til oppfølging av bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) og bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG). Tilskot kan mellom anna gå til skjøtsel, restaurering og formidling, og til tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrense slitasten på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdier er knytte til kulturminna skal prioriterast. Midlane blir tildelte etter søknad til Riksantikvaren.

Den siste målgruppa er forvaltingsinstusjonar med ansvar for arkeologiske kulturminne etter gjeldande forskrift. Midlane kan nyttast til nødvendig fagleg assistanse til fylkeskommunane og Sametinget i forvaltningssaker. Midlane skal òg dekkje nødvendig fagleg assistanse frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i samband med forvaltning av oppgåver der Riksantikvaren er rett mynde. Midlane skal vidare nyttast til å dekkje utgifter til nødvendige undersøkingar for å sikre det vitskaplege kjeldematerialet og til anna arbeid for å sikre kulturminnet på staden, og til hjelp i kulturminnekriminalitetssaker ved dei

arkeologiske forvaltningsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea.

Posten dekkjer òg finnarløn som blir fastsett etter skjønn av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal kontrollere at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av registreringar og utgravingar. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltningsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskotterte midlar og etter framlagt sluttfaktura.

Eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne leverer sluttrapportar på utført arkeologisk arbeid til Riksantikvaren som kontrollerer at arbeidet er utført i samsvar med dei aktuelle vilkåra. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Forvaltningsinstitusjonar rapporterer om bruk av tildelte midlar.

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, kan overførast

Posten erstattar post 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige, 72.4 Kystkultur og 72.5 Vern og sikring av freda og særleg verdifulle kulturmiljø og landskap i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Delar av midlane under posten er retta mot Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige.

Det er foreslått å auke løyvinga med 7,2 mill. kroner på post 71 i budsjettet for 2014 for å erstatte tilskot som tidlegare har blitt øyremerkte freda bygningar på Norsk kulturminnefond sitt budsjett.

Mål

Freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 6.4: *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

- Opplysningar om tiltak retta mot freda bygningar og anlegg i privat eige

- Opplysningar om tiltak retta mot freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten
- Opplysningar om tiltak retta mot freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Ei målgruppe er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Kulturminna må vere heilt eller delvis i privat eige. Tilskot skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, som er i samsvar med fredingsføremålet. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

2 mill. kroner er øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Midlane vil bli utbetalt av Riksantikvaren etter oppmoding frå Sametinget. Riksantikvaren vil gi nærare føringar for bruken av tilskotet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. I arbeidet med kystkulturen skal det leggjast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til dei åtte freda kulturmiljøa, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til fylkeskommunen/Sametinget som skal sjå til at arbeidet er utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen/Sametinget skal rapportere til Riksantikvaren.

Når det gjeld siste målgruppa og tilskot til dei åtte freda kulturmiljøa, og til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, skal tilskotsmottakaren levere sluttrapportar på utført arbeid til

Riksantikvaren som skal sjå til at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen/Sametinget.

I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, kan overførast

Posten erstattar post 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane skal rettast mot arbeidet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.

Mål

Dei 10 opphavlege anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan utgangen av 2015, mens dei fire anlegga som nyleg er inkluderte i programmet, skal vere sette i stand i løpet av tre til fem år. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 6.4. *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

- Opplysningar om tiltak retta mot prioriterte tekniske og industrielle kulturminne.

Tildelingskriterium

Midlane på posten skal gå til bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne og blir primært brukte til sikring, vedlikehald og istandsetjing av anlegga. Det kan òg bli løyvd midlar til andre anlegg som representerer og dokumenterer Noregs tekniske og industrielle historie.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar. Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med å setje i stand anlegga skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det kan òg ytast tilskot til vedlikehald. Det skal leggjast vekt på at kulturminna skal kunne gi grunnlag for verdiskaping gjennom ny bruk.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som ser til at arbeida er utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer

gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå middelalderen og brannsikring, kan overførast

Posten erstattar post 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen og 73 Brannsikring og beredskapsarbeid i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Tilskotsordninga er knytt til bevaringsprogrammet for stavkyrkjene, bevaringsprogrammet for ruinar, bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige og bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

Mål

Dei 28 stavkyrkjene skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2015. Prioriterte ruinar og profane bygningar frå mellomalderen skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Branntilløp og brann i stavkyrkjer, og brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø, skal unngåast. Midlane under posten er relaterte til revidert nasjonalt mål 6.2 *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020* og nasjonalt mål 6.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

- Opplysningar om tiltak retta mot stavkyrkjer, profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen, og opplysningar om tilstandane til desse kulturminna.
- Opplysningar om brannsikringstiltak i tette trehusmiljø og stavkyrkjer
- Opplysningar om eventuell brann eller branntilløp i stavkyrkjer og om tilfelle av brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen, og av utvalde tette trehusmiljø. Midlane skal gå til vern, sikring og beredskapsarbeid. Dette inkluderer brannsikringstiltak, istandsetjing av stavkyrkjene og sikring og konservering av verdifull kyrkekunst i disse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalder-

bygningar og mellomalderruinar. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Istandsetjingstiltak skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgaver og tiltak på særleg viktige prosjekt.

I medhald av St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal 45 av ruinane inkludert dei 12-15 største anlegga takast vare på. Vidare skal ruinar som engasjerer lokalmiljøet prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren som òg omfattar ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Post 74 Tilskot til fartøyvern, kan overførast

Posten er vidareført frå gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane skal gå til bevaringsprogrammet for fartøy.

Mål

Freda fartøy og eit utval fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern, skal vere sette i stand innan 2020. Tilskotsordninga er relatert til nasjonalt mål 6.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*.

Kriterium for måloppnåing

- Talet på freda og verna fartøy som er sette i stand.
- Opplysningar om aktivitet knytt til restaurering og istandsetjing av verna og freda fartøy.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy, og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern. Riksantikvaren fordel midlane etter søknad til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prio-

ritere og initiere oppgaver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt. Grunntilskotet til Norsk Foreining for Fartøyvern som er på 1,7 mill. kroner blir utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: allmenn interesse, offentleg tilgjengelege, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement, særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartøyet. I tillegg skal tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og fartøy som det finst få av prioriterast. Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av omfattande og kompliserte istandsetjingstiltak skal det i startfasen gjerast ei god planlegging og prioritering av tiltaka.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar leverer sluttrapport på utført arbeid, som også omfattar ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Oppfølging på staden er aktuelt, og viktig for å sikre at arbeidet vert utført etter antikvariske retningslinjer.

Post 75 Tilskot til fartøyvernssenter, kan overførast

Posten erstattar post 72.7 Fartøyvernssenter i gamal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for fartøy.

Mål

Hjelpe dei tre utvalde fartøyvernssenter i deira funksjon som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av freda og verna fartøy, jf. nasjonalt mål 6.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak der det er ytt tilskot til fartøyvernssenter.

Tildelingskriterium

Målgruppa er Nordnorsk Fartøyvernssenter og Båtmuseum, Hardanger Fartøyvernssenter og Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter.

Tilskot kan ytast som driftstilskot for å dekkje sentra sine kostnader med fellestenester knytte til forskning, dokumentasjon og fagleg rådgiving. Tilskotet skal primært medverke til å finansiere stillingar knytte til dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjingsarbeid på fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Noko av tilskotsmidlane kan nyttast til investeringar i anlegga.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra, for å sikre til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernssenter.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Posten er vidareført frå gamal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013).

Mål

Kulturminne og kulturmiljø skal takast i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling. Tilskotsordninga er relatert til dei nasjonale måla 6.1 – 6.4.

Kriterium for måloppnåing

- Verdiskapingsresultat for næringsliv og lokalsamfunn.
- Talet på kommunar og fylkeskommunar som deltek i verdiskapingsprosjekt med støtte frå post 77.
- Talet på kulturminne, kulturmiljø og landskap som er involverte, og kva prosjekta betyr for desse.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional

utvikling og som samstundes siktar mot ei koordinert og langsiktig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Det skal leggast vekt på prosjekt som ser kulturarv og naturverdiar i samanheng og som involverer eigarar, bedrifter, frivillige, styresmakter og institusjonar for utvikling lokalt og regionalt. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane og kommunane er aktive deltakarar. Arbeidet med Pilegrimsleia og Kultur- og naturreise vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

I tillegg til gjennomgang av årlege prosjektrapportar og revisorstadfesta årsrekneskapar, vil prosjekta bli følgt opp i prosjektåret, både med sikte på bistand til nødvendig koordinering av verkemiddel frå fleire sektorar og for å synleggjere og formidle effektar for verdiskaping.

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overførast

Posten erstattar post 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgåver i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane under posten skal nyttast i bevaringsprogrammet for verdsarven, og er relaterte til dei nasjonale måla 6.1 – 6.4.

Mål

Stadene på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unesco verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene frå Unesco.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verdsarvstader i Noreg.

Tildelingskriterium

Målgruppa er stadene i Noreg som står på Unescos verdsarvliste. Det er for tida sju stader. Tilskot skal ytast i tråd med forpliktingane som følgjer av Unescos verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco.

I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll

av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 80 Tilskotsordning for avgiftskompensasjon

Posten er ny. Stortingets vedtak om avgiftsfritak, nærare regulert i *Forskrift om særavgifter* av 11. september 2001, kap. 4–1 blir oppheva. Vedtaket inneber refusjon for innbetalt forbruksavgift på elektrisk kraft, CO₂-avgift på mineralolje og kol og koks, grunnavgift på fyringsolje m. v., svovelavgift og avgift på smøreolje m. v. på avgiftspliktige produkt som blir leverte til bruk i drifta av verneverdige fartøy, museumsjernbaner, tekniske og industrielle kulturminne og tekniske anlegg på museumssektoren med sikte på formidling. Som kompensierende tiltak blir det oppretta ei tilskotsordning på Riksantikvarens budsjett.

Kap. 4429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	Saldert budsjett 2013	
02	Refusjonar og diverse inntekter		3 700	4 020
09	Internasjonale oppdrag		1 100	1 139
	Sum kap. 4429		4 800	5 159

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det òg budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt og inntekter frå det mellombelse nasjonale pilegrimssenteret. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Mål

Stimulere til formidling og aktivitet/bruk knytt til utvalte tekniske og industrielle kulturminne og verneverdige fartøy m. v.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om formidling og aktivitet/bruk av kulturminne m. v. som har motteke tilskot frå post 80.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar av utvalde tekniske og industrielle kulturminne og verneverdige fartøy m. v. Midlane på posten skal kompensere for den tidlegare ordninga med refusjon for innbetalt forbruksavgift på avgiftspliktige produkt.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane skal rapportere om bruk av midlane til Riksantikvaren.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1429 Riksantikvaren: Rekneskap og rapport for 2012 iht. poststruktur i Prop. 1 S (2012–2013).

Her følgjer rekneskap og rapport for 2012 for postane 72, 73, 74, 75, 77 og 78 iht. gammel poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013).

Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast, kan nyttast under post 21

Tabell 7.9 Rekneskap 2012 Post 72

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
72.1	Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak	4 679
72.2	Vern og sikring av freda bygningar og anlegg	63 899
72.3	Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen	29 537
72.4	Kystkultur	17 547
72.5	Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap	4 260
72.6	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	9 611
72.7	Fartøyvernsenter	6 550
72.8	Tekniske og industrielle kulturminne	30 529
72.9	World Heritage List, nasjonale oppgåver	60 351
	Sum post 72	226 962

Underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak m.m.

Mål

Å sikre og ivareta kunnskap om automatisk freda arkeologiske kulturminne.

Rapport 2012

Tabell 7.10 Tiltak for å sikre og ta vare på kunnskap om automatisk freda kulturminne 2010–2012

Tilsegn til	Tal på tilsegner i 2010	Tal på tilsegner i 2011	Tal på tilsegner i 2012
Mindre private tiltak	22	22	25
Særlege grunnar	5	5	4
Finnarlønn	0	2	13
Anna	1	18	1

Underpost 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige

Mål

Målet er at alle freda bygningar i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Rapport for 2012

Tabell 7.11 Aktivitet og tilstand knytt til freda bygningar og anlegg innanfor bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige

Freda bygningar og anlegg i privat eige	Tal 2011	Tal 2012
Bygningar og anlegg som er omfatta av programmet	ca. 3200	ca. 3200
Tilstandsvurderte	2435	2670
Prosjekt som er sette i gang	118	99
Ferdigstilte prosjekt	42	83
Ordinært vedlikehaldsnivå		ca. 51%

Underpost 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen

Mål

Målet for tilskotsordninga er å verne og sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå mellom-

alderen, slik at dei har oppnådd eit ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. Under dette skal eit utval ruinar sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum innan 2020, og dei 28 stavkyrkjene skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2015.

Rapport 2012

Tabell 7.12 Istandsetjingstiltak for automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen

Per 31.12.2012	Stavkyrkjer	Prioriterte ruinar	Profane hus frå mellomalderen
Total	28	45	248
Tilstandsvurderte	27	25	234*
Istandsette	21	14 (ferdig konservert)	22

* For dei 248 profane husa frå mellomalderen som er omfatta av bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige har om lag 13 pst. behov for store utbetringar og 63 pst. har behov for moderate utbetringar.

Arbeida på stavkyrkjene er i rute og vil bli avslutta i 2015. Det bør likevel reknast med eit år med etterarbeid, ferdigsynfaringar og innsamling av dokumentasjon, slik at stavkyrkjeprogrammet vil bli endeleg avslutta i 2016. Følgjande stavkyrkjer er sette i stand: Gol, Uvdal, Nore, Rollag, Flesberg, Rødven, Eidsborg, Hegge, Høre, Lomen, Hedalen, Lom, Urnes, Reinli, Kaupanger, Torpo, Hopperstad, Øye, Grip, Garmo og Borgund. I 2012 er det utført større konserveringsarbeid på kyrkjekunst i Kvernes stavkyrkje.

Underpost 72.4 Kystkultur

Mål

Å sikre og setje i stand freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.

Underpost 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap

Mål

Å verne og sikre freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Rapport 2012

Tilskot til freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap går primært til skjøtsel av landskapet for å ta vare på heilskapen i kulturmiljøa. Midlane bidreg òg til at kunnskap om gamle driftsmåtar blir halden ved lag. Tildelinga frå posten er sett i samanheng med dei andre postane under post 72 Vern og sikring av freda kulturminne og kulturmiljø.

I 2012 har fem av dei åtte freda kulturmiljøa motteke tilskot etter søknad til fylkeskommune. Dei fem er Birkelunden, Havråtunet, Sogndalstrand, Sør-Gjeslingan og Bygdøy kulturmiljø.

Andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap har fått tilskot til skjøtsel, mellom anna

Kaupanger i Sogn og Fjordane, Lyngheisenteret i Hordaland, Dyrøy kystgard i Nordland og Falstadsenteret i Nord-Trøndelag. 2 mill. kroner er tildelt Mortensnes/Ceavccageadgi områdefreding og til prosjektet utvalde kulturlandskap i jordbruket i 2012.

Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Mål

Eit utval automatisk freda arkeologiske kulturminne og bergkunstlokalitetar skal dokumenterast, sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum innan 2020 gjennom skjøtsel og tilrettelegging.

Rapport 2012

Tabell 7.13 Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av bergkunst i bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) 2011 og 2012

År	Skjøtselstiltak	Tilrettelegging	Dokumentasjon	Ordinært vedlikehald pr. 31.12.2012 innan BERG-programmet
2011	99	18	76	
2012	80	23	40	49

Mange av tiltaka går over fleire år og er førte vidare i 2013

Bevaringsprogrammet for bergkunst vart starta opp i 2011 og omfattar alle lokalitetar, registrerte i Askeladden til ei kvar tid. Pr. 12.01.2013 er det registrert 1 656 bergkunstlokalitetar, med 2 449 enkeltminne som er automatisk freda. Talet på registreringar aukar årleg.

Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne (BARK) omfattar 450 utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø. I 2011 vart det gjennomført tilstandsregistrering og utarbeidd prioriteringslister i fylka innanfor programmet. I 2012 vart 143 tilretteleggingstiltak sette i gang, og av desse var 46 avslutta pr. 31.12.2012, mens resten er førte vidare i 2013.

Underpost 72.7 Fartøyvernsenter

Mål

At dei tre utvalde fartøyvernsentra kan fungere som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av fartøy.

Rapport 2012

Nordnorsk Fartøyvernsenter og Båtmuseum, Hardanger Fartøyvernsenter og Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernsenter har motteke tilskot på 2 183 333 kroner kvar. Midlane er brukte til bl.a. å føre vidare arbeidet med «faktaark» som er gjort tilgjengelege på Internett, hjelpe eigarar av forskjellige typar fartøy med å utarbeide dokumentasjonsgrunnlag for tryggleiks- og vedlikehaldssystem og –rutinar, utarbeide mal for dokumentasjon og tilstandsvurdering, delta i planlegging og avvikling av kurs i vedlikehald og antikvarisk arbeid med meir og bistand til eigarar av freda fartøy i utarbeiding av forvaltningsplan for fartøya.


Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Mål

Å setje i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegg innan 2015.

Rapport 2012

Pr. 1. januar 2013 omfatta bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne 14 prioriterte anlegg.




Figur 7.1 Tilskot til vedlikehald og istandsetjing av tekniske og industrielle kulturminne i 2011 og 2012

Underpost 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgaver

Mål

Sikre og setje i stand dei norske stadene på Unesco verdсарvliste

Rapport for 2012



Figur 7.2 Tilskot for å sikre og setje i stand dei norske verdsarvstadene, 2010–2012.

Av dei 36,5 mill. kroner som vart tildelte Bryggen i Bergen vart ca. 13 mill. kroner nytta til restaurering av grunnvatn. Resten gikk til å setje i stand bygningar, brannsikring og ulike overvakingsprogram.

På Røros har Uthusprosjektet utvida verkeområdet sitt i samsvar med utvidinga av verdsarvområdet. Aktiviteten i 2012 har vore større enn nokon gong, og godt og vel 30 enkeltprosjekt vart fullførte dette året med 6,7 mill. kroner i tilskot frå Riksantikvaren. Statens verneverdige og freda bygningar på Røros blir tekne vare på av Røros-museet. Det er elles tildelt midlar til verneverdige bygningar i Røros, til skjøtsel av kulturlandskapet i Småsetran, til registrering av Femundhytta, til å ta vare på lasskøyeringstradisjonen og til ei koordinatorstilling for verdsarvarbeidet med Røros bergstad og Circumferensen.

Det vart gitt 2,5 mill. kroner til tiltak for bergkunsten i Alta i 2012. I løpet av året vart det gjennomført vegetasjonsskjøtsel og vedlikehald på 11 lokalitetar med eit større tal enkeltminne. Skog er rydda og gangvegar er oppgraderte i Hjemmeluft.

Gammal maling er fjerna ved to lokalitetar. Det vart halde eit tverrfagleg arbeidsseminar for diskusjon av vidare sikring av lokaliteten Kåfjord. Arbeidet med digitalt bergkunstarkiv og dokumentasjon av bergkunst i verdsarvområdet er ført vidare, og det er òg utført ulike formidlingsprosjekt.

På Vegaøyen har prosjekt «ærfuglarkitektur» med registrering, reparasjon og bygging av nye ehus for hekkande ærfugl gått føre seg i fem år med godt resultat. Ein del planlagde istandsetjingsarbeid er forseinka på grunn av startvanskar.

For Vestnorsk fjordlandskap (delområde sør) vart det i 2010 sett i gang arbeid med ein restaureringsplan for bygningar i Nærøyfjorden. Restaureringsplanen er ferdigstilt, og sendt på høyring i 2. kvartal 2013.

På Urnes er arbeidet med ein forvaltningsplan for Ornes fullført og vedteken av fylkestinget. Planen inneheld forslag til buffersone.

Direktoratet for naturforvaltning har i tillegg medverka med 16,6 mill. kroner til støttetiltak til verdsarvområda for å ta vare på kulturlandskapa.

Post 73 Brannsikring og beredskap, kan overføres, kan nyttast under post 21

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
73	Brannsikring og beredskap	9 707
	Sum post 73	9 707

Mål

Tilskotsordninga skal sikre et utval trehusmiljø og de 28 stavkyrkjene mot brann.

Rapport 2012

Tabell 7.14 Brannsikringstiltak

Tiltak	Total	Beløp 2011 (i 1 000 kr)	Beløp 2012 (i 1 000 kr)
Brannsikring tette trehusmiljø	66	1 000	0,0
Brannsikring stavkyrkjer	28	10 983	18 780
Anna		105	
Sum		12 089	12 089

I 2012 er det utarbeidd eit program for brannsikringstiltak i dei 66 mest brannutsette tette trehusmiljøa i Noreg, innan bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer. I programmet er det ein føresetnad at eigarar og kommunar tek ein vesentleg del av kostnadene. I 2012 vart det ikkje gitt tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø. Alle disponible midlar gjekk til brannsikring av stavkyrkjene.

Ein gjennomgang av branntryggleiken i stavkyrkjene har avdekt behov for omfattande oppgradering og utskifting av eksisterande brannsikringsanlegg. I tillegg til ordinær løyving på 10,95 mill. kroner vart det ved nysaldering i desember 2012 avsett ytterlegare 7,83 mill. kroner, slik at det samla vart brukt 18,78 mill. kroner til brannsikring av stavkyrkjene i 2012.

Post 74 Fartøyvern, kan overføres

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
74	Fartøyvern	45 712
	Sum post 74	45 712

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand eit utval av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern.

Rapport 2012

Tabell 7.15 Fartøyvern 2012

	Den norske verneflåten pr. 31.12.2012	Istandsette pr. 31.12.2012	Motteken støtte i 2012
Freda fartøy	10	6	10
Verna fartøy	204	90	47
Sum	214	96	57

Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overføres

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
75	Internasjonalt samarbeid	761
	Sum post 75	761

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre.

Rapport

Riksantikvaren var i 2012 første gong ansvarleg for heile det administrative og faglege arbeidet med gjennomføringa av det 15. internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology), som vart

arrangert hos Riksantikvaren i Oslo 23. mai – 29. juni 2012. Som i tidlegare år er hovuddelen av 75-posten tilskot til dette vidareutdanningskurset, der ICCROM er ein sentral partnar. Kurset inngår i UNESCOs internasjonale kursportefølje, og er det einaste internasjonale etterutdanningstilbodet retta mot bevaring av bygningar og konstruksjonar i tre. Kurset har i stor grad markert – og markerer – Noreg som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre og som viktig medspelar for nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet. Mange av dei tidlegare deltakarane har høgare stillingar i sine respektive heimland og initierer tettare samarbeid med Noreg og RA på dette området. Også UNESCO brukar jamleg den norske særkompetansen under prosjektilplementering i fleire land.

Post 77 Verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overføres, kan nyttast under post 21

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
77	Verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet	4 102
	Sum post 77	4 102

Mål

Stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling.

Rapport 2012

Kultur- og naturreise er eit nasjonalt prosjekt for å forbetre tilgangen til offentleg informasjon om kultur og natur. Med ein smarttelefon eller elektronisk lese Brett skal alle få tilgang til aktuelle fakta og forteljingar om kultur og natur der dei er. Innhaldet i dei nasjonale basane skal takast i bruk, og utviklast vidare av andre til nye tenester, for eksempel av nærings- og reiseliv, innanfor friluftsliv og undervisning.

Innsatsen for Pilegrimsleia er gjort gjennom Nasjonalt pilegrimssenter (NPS). Nasjonalt Pilegrimssenter har sidan 2010 hatt status som eit mellombels senter. Hausten 2012 vedtok Regjeringa at NPS skulle etablerast som eit permanent senter. Tiltaka er sikta inn mot arbeidsfelte miljø, næring, kyrkje og kultur. Talet på vandrarar har

auka monaleg og fleire overnattingsplassar er etablerte. Ei ny nettside og ein ny vandringsplanleggjar for mobil er utvikla.

Næring i verneverdige byområde er eit nettverk der byane Bergen, Fredrikstad, Hamar, Kongsberg, Røros, Stavanger, Tønsberg og Ålesund deltek. Formålet er å utveksle erfaringar og setje i gang utgreiings- og utprøvingstiltak for å initiere ny aktivitet i verneverdige byområde.

I tillegg er det gitt støtte til 11 andre prosjekt for verdiskaping, mellom anna knytt til tilrettelegging av kulturminne som besøksattraksjonar, produksjon av tilbod om opplevingar med grunnlag i lokale historiske forteljingar og kulturminna sin rolle for utvikling av stader og lokalsamfunn. Mange prosjekt inviterer befolkning, eigarar, næringsliv, og forvaltning til diskusjon om kulturarven si rolle i bygginga av framtidens lokalsamfunn. Prosjekta er som oftast leia av eigarane, fylkeskommune, kommune, museum eller frivillige institusjonar. Prosjekta er spleiselag. Tilskot frå post 77 utgjer maksimum 50 pst. av totalbudsjettet, som oftast ein mindre del.

Tabell 7.16 Verdiskapingsprosjekt som har motteke støtte frå post 77 i 2011 og 2012

Tiltak/område	2011 (i 1000 kr)	2012 (i 1000 kr)	Kommentar
Mellombels Pilegrimssenter		1 518	
Pilegrimsleia elles	1 536		
Andre verdiskapingsprosjekt	244	3 702	
Informasjonstiltak	737	38	
Kultur- og naturreise			Prosjektet vart i 2011 1 000 finansiert over post 21
Næring i verneverdige byområde		437	
Anna	50	66	Nettverk o.a. prosjektoppfølgning
Sum	2 567	6 761	

Post 78 Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne, kan overførast, kan nyttast under post 21

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012 (i 1 000 kr)
78	Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne	8 738
	Sum post 78	8 738

Mål

Sikre og styrkje forvaltninga av arkeologiske kulturminne.

Rapport 2012

Tabell 7.17 Tiltak for å sikre og forvalte arkeologiske kulturminne 2010–2012

Tilsegn til	Tilsegner 2010	Tilsegner 2011	Tilsegner 2012
Arkeologiske museum	5	5	5
Sjøfartsmuseum	5	5	5
NIKU	1	0	1

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	59 480	61 440	63 590
	Sum kap. 1432	59 480	61 440	63 590

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond vart lagt om i 2012 gjeldande frå 2013. Det er no eit forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Miljøverndepartementet har tydeleggjort rollefordelinga mellom Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond slik at fondet nå i hovudsak har ansvaret for verneverdige kulturminne og Riksantikvaren for freda kulturminne.

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige og freda kulturminne og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Midlane under posten er relaterte til revidert nasjonalt mål 6.1: *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over vernever-*

dige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på, revidert nasjonalt mål 6.2: eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020, og nasjonalt mål 6.4: Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Kriterium for måloppnåing


Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Rapport for 2012

Kulturminnefondet har hatt auka aktivitetsnivå i 2012. Det vart brukt 14 mill. kroner til forvaltning av Kulturminnefondet. 217 søknader med tilsegner på til saman inntil 39,171 mill. kroner vart gitt. Det vart utbetalt meir midlar, og avslutta fleire prosjekt enn i 2011. Talet på avkorta tilsegner auka betydeleg.

Tabell 7.18 Aktivitet til vern og utvikling av verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø 2011 og 2012

	Tal 2011	Kroner 2011	Tal 2012	Kroner 2012
Utestående tilsegner pr. 01.01	671	94 154	797	107 048
Tilsegner gitt pr. 31.12	316	61 284	217	39 171
Tilsegner utbetalte og avslutta	185	19 893	271	30 634
Tiltak trekte/tilbakekalla	5	0	54	0
Tilsegner utbetalte og ikkje avslutta		16 026		16 450
Avkorta/tilbakeførte tilsegner		12 472		5 530
<i>Sum Utestående tilsegner pr. 31.12.2012</i>	<i>797</i>	<i>107 048</i>	<i>689</i>	<i>93 604</i>
Rekneskapsført/utbet. 31.12.2012		35 918		47 085



Figur 7.3 Utviklinga i talet på tilsegner og talet på slutførte prosjekt frå 2003 fram til 2013, og prognose. Det er ein auke på slutførde prosjekt samstundes med at talet på tilsegner går ned.

Den nettbasert database Lykillinn gir viktig informasjon om kva tiltak som blir støtta og korleis tilskota fordeler seg i forhold til satsingsområde og til geografisk spreing.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad i hovudsak til den primære målgruppa som er dei private eigarane. Tilskot blir nytta til tiltak som fører til vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø, og til å hindre tap av kulturminne. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet er prioriterte. Det er òg pro-

sjekt som gir synergieffektar, som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på staden for å sikre at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Midlane frå fondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål.

Programkategori 12.40 Klima og forureining

I samband med opprettinga av Miljødirektoratet, jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013*, og samlinga av budsjettkapittel for dette under kap. 1420, blir

programkategori 12.40 lagt ned i 2014-budsjettet. Kap. 1445, 1447 og 1448 har blitt flytta til programkategori 12.10 og respektive kap. 1406, 1407 og 1408.

Tabell 7.19 Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet	745 569	784 969		-100,0
1445	Miljøvennleg skipsfart	3 807	4 132		-100,0
1447	Miljøomsyn i offentlege innkjøp	17 545	14 000		-100,0
1448	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	11 363	12 512		-100,0
	Sum kategori 12.40	778 284	815 613		-100,0

Kap. 1441 Klima- og forureiningsdirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	347 510	370 594	
21	Spesielle driftsutgifter	19 980	19 473	
22	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	646	2 025	
39	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79	47 777	17 162	
69	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79	19 621	26 250	
71	Grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjonar og informasjon og kompetanseformidling om produksjon og forbruk	2 117	2 188	
74	Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbruksinformasjon		1 120	

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
75	Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving	242 684	281 320	
76	Refusjonsordningar, overslagsløyving	64 087	50 000	
79	Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69	97	14 837	
80	Miljømerking, miljøvennlig forbruk og forbruksinformasjon	1 050		
Sum kap. 1441		745 569	784 969	

Som følge av opprettinga av Miljødirektoratet 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013), er midlane under kap. 1441 flytta til kap. 1420 Miljødirektoratet.

Post 80 Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Posten vart i 2013-budsjettet flytta til kap. 1441 post 74.

Kap. 4441 Klima- og forureiningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
02	Inntekter, statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	673	2 161	
04	Gebyr	35 617	35 259	
05	Leigeinntekter	207	354	
06	Gebyrer, fylkas miljøvernnavdelingar	19 290	22 000	
07	Gebyrinntekter (Kvotesystemet)	7 786	10 600	
09	Internasjonale oppdrag	10 249	6 155	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	373		
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	3 768		
18	Refusjon av sjukepengar	2 561		
Sum kap. 4441		80 524	76 529	

Som følge av opprettinga av Miljødirektoratet 1. juli 2013, jf. Prop. 149 S (2012–2013), er midlane

under kap. 4441 flytta til kap. 4420 Miljødirektoratet.

Programkategori 12.50 Kart, geodata og eigedomsinformasjon

Løyvingane under programkategori 12.50 høyrer inn under verkemiddelområde Kunnskap og stad-data. Programkategorien omfattar verksemda i Kartverket, som er det nasjonale fagorganet for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartver-

ket har under dette ansvar for å etablere, forvalte og gjere tilgjengeleg nasjonale kartseriar og halde register oppdaterte. Programkategori 12.50 omfattar også tinglysing i burettar og fast eigedom.

Utgifter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap		Forslag	Pst. endr.
		2012	Saldert budsjett 2013		
1465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur	625 040	720 994	775 033	7,5
2465	Statens kartverk	17 555	12 000	15 288	27,4
	Sum kategori 12.50	642 595	732 994	790 321	7,8

Kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag	
		2012	Saldert budsjett 2013		
01	Driftsutgifter	217 597	224 504	222 699	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	405 585	450 890	487 334	
30	Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund, <i>kan overførast</i>	1 858	45 600	65 000	
	Sum kap. 1465	625 040	720 994	775 033	

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftskostnader knytte til rettsregistreringar av burettar og tinglysing i fast eigedom, under dette inntil 2 mill. kroner til arbeid i Miljøverndepartementet. Løyvinga blir for Kartverket sett på som ei inntekt, slik at tilsvarende beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter. Utgiftene dekkjer mellom anna lønn, pensjon, drift av tinglysingssystemet Regina og andre utgifter som er naudsynpte for å

gjennomføre tinglysing i burettslag og fast eigedom.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekkjer lønn og andre driftskostnader knytte til etablering og drift av den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon. Dette blir mellom anna nytta til flyfotografering, føring av matrikkel, sikring av geodetisk grunnlag for Noreg, sjøkartlegging og ei rekkje andre aktivite-

tar som byggjer og held ved like ein nasjonal geografisk infrastruktur. Løyvinga blir sett på som ei inntekt for Kartverket, slik at tilsvarende beløp blir inntektsført under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter.

Posten er foreslått auka med 36,5 mill. kroner i 2014. Dette omfattar mellom anna 25 mill. kroner for frigjeving av dei viktigaste nasjonale kartdata, og pris- og avgiftsjustering som utgjer ein auke på 2,75 pst.

Det er foreslått ei fullmaktsramme i 2014 på 50 mill. kroner for å kunne bestille kartgrunnlag, under dette bestille kartleggingstenester og inngå avtaler om kartleggingssamarbeid som går over fleire år, jf. forslag til vedtak V nr. 2.

Post 30 Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund, kan overførast

Arbeidet med å byggje nytt geodesiobservatorium i Ny-Ålesund starta i 2012 etter løyving i revidert

nasjonalbudsjett. Den nye post 30 skal dekkje dette arbeidet, som vil halde fram til den gamle antenna blir riven i 2021. Nytt observatorium skal stå ferdig innan utgangen av 2017. Fram til 2021 vil det nye og det gamle anlegget bli samkøyrde for den gamle antenna blir riven.

Observatoriets VLBI antenne (VLBI – Very Long Baseline Interferometry) tek imot signal frå verdsrommet. Dette gjer det mogleg å kartleggje rørsler i jordoverflata, kor fort jorda roterer og jordas nøyaktige plassering i verdsrommet. Kartlegginga er nødvendig for å kalkulere bana til jordobservasjonssatellittane. Presise satellittbaner er naudsynt for nøyaktig klimaovervaking og all satellittbasert verksemd.

Etableringa av observatoriet er handtert som eit sjølvstendig prosjekt «Jordobservatorium i Ny-Ålesund» med ei kostnadsramme på 355 mill. kroner. Dette inngår ikkje i Kartverkets kapitalbalanse. I 2014 vil vegdelen av prosjektet vere fullført slik at bygginga av fundamenta kan ta til same sommar.

Kap. 2465 Statens kartverk

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
24	Driftsresultat:			
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	17 555	12 000	15 288
	Sum kap. 2465	17 555	12 000	15 288

Midlane under kapitlet er i hovudsak retta mot verkemiddelområde Kunnskap og staddata.

Rolle og oppgåver for Kartverket

Miljøverndepartementet legg vekt på at Kartverket skal vere eit tydeleg nasjonalt fagorgan for kart og eigedomsinformasjon. Fleire av oppgåvene er regulerte i spesiallov. Kartverket skal utøve rolla som:

- nasjonal geodatakoordinator
- offisiell sjøkartstyresmakt
- sentral matrikkelstyresmakt
- tinglysingsstyresmakt

Kartverket har to hovudoppgåver:

- byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og syte for at brukarane får enkel og effektiv tilgang til geografisk informasjon (geodata)
- ansvaret for tinglysing i fast eigedom og burettar

Kartverket skal delta i forskning og utvikling av geografisk informasjonsteknologi, og samarbeide med norsk industri og kartbransje, bl.a. om eksportretta tiltak. Kartverket skal syte for tilgang og forvaltning av geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket har ansvar for å samordne standardar og regelverk med andre land. Kartverket har ei rolle i digital utvikling og det er eit mål at Kartverket sine tenester skal vere elektronisk tilgjengeleg både for næringsliv og publikum. Stortinget vedtok gjennom Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013* at dei viktigaste nasjonale kartdata skal vere opne og gratis for alle. Dette vert vidareført i 2014. Dette omfattar mellom anna hovudkartserien på land med digitale data om administrative grenser, samferdsel, vassdrag, skog, dyrka mark, terreng, stadnamn og busetnad. Data frå Den norske Los og EFS, etterretning for sjøfarande er gjort digitalt og gratis tilgjengeleg. På enkelte område blir basisproduksjonen på kart-

og geodataområdet forsert ut over det løyvinga over kap. 1465 post 21 gir grunnlag for, gjennom tilskot frå brukarar eller samarbeid om felles geodataprosjekt. Fleire av Kartverkets produksjonsmål på kart- og geodataområdet føreset at budsjetterte samfinansieringsprosjekt blir realiserte.

Viktige målsetjingar for Kartverket i 2014 vil vere:

- forbetre sjømålingane langs norskekysten ved blant anna å ta i bruk nye målebåtar og arbeide for ei sertifiseringsordning for ekstern sjømåling
- medverke til samarbeid med andre offentlege maritime etatar på sjøtryggleiksområdet
- leie og koordinere ei internasjonal offisiell elektronisk kartteneste for å styrkje tryggleiken til sjøs mellom anna gjennom «Primar»-samarbeidet
- vere nasjonal forvaltar og formidlar av kart, geodata og eigedomsinformasjon, under dette tinglysingsinformasjon
- etablere standardar for det kartfaglege området, harmonisert mot andre fagområde
- leie arbeidet, etablere, forvalte og gjere tilgjengeleg ein infrastruktur av stadfesta (koordinatbestemt) informasjon som ein viktig og integrert del av Noreg digitalt, og implementere geosynkronisering for kontinuerleg oppdate-

ring av detaljerte kartdata og plandata frå kommunane

- utvikle rolla som nasjonal geodatakoordinator, og oppgradere portalen GeoNorge
- medverke til kvalitetssikring av plandata blant anna gjennom å koordinere arbeid med standardiserte kommunale planregister (Noreg digitalt)
- vidareutvikle det offisielle eigedomsregisteret (matrikkelen), og samarbeide med kommunane om å etablere offentlege vegadresser
- leggje til rette for utvikling av elektronisk tinglysing
- utvikle gratis elektronisk innsynsløysing for publikum i grunnboka
- gjennomføre arbeidet med nytt jordobservatorium, og drifte og utføre målingar ved geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund mellom anna knytt til globale endringar i klima, havnivå og rørsler i jordoverflata
- oppgradere IKT-infrastruktur (jf. miljøforvaltningas IKT-strategi)
- arbeide med detaljert høgdemodell
- implementere ny prismodell frå 1.1.2014.
- arbeide for å opprette et nasjonalt kompetansesenter for staddata og eigedomsinformasjon.
- i samarbeid med andre etatar arbeide for å styrkje sjøkartlegginga kystnært («Kyst-Mareano»)

Post 24 Driftsresultat:

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
24.1	Driftsinntekter	-1 005 742	-1 054 000	-1 112 033
24.2	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	1 021 994	1 039 090	1 093 449
24.3	Avskrivningar	10 793	12 538	16 674
24.4	Renter av statens kapital	2 346	2 372	1 910
24.5	Til reguleringsfondet	-29 391		
	Sum post 24			

Kartverket er ei statleg forvaltningsbedrift som styrer den interne økonomien etter bedriftsøkonomiske rekneskapsprinsipp, mens statsrekneskapa blir rapportert etter kontantprinsippet.

Arbeidet til Kartverket er finansiert på fleire måtar. I tillegg til den direkte løyvinga over budsjettet til Miljøverndepartementet (kap. 1465) kjem samfinansiering og inntekter frå formidling av kart,

geodata og eigedomsinformasjon. Tinglysingsgebyra inngår ikkje i inntektsgrunnlaget til Kartverket, men blir ført brutto på kap. 4465 Tinglysing.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Kartverkets bedriftsøkonomiske driftsinntekter fordeler seg som følgjer:

Tabell 7.20 Statens kartverks driftsinntekter

	(i mill. kr)		
	Rekneskap 2012	Plan 2013	Plan 2014
Tildeling frå departementet, jf. kap. 1465	624	719	773
Samfinansiering	262	210	205
Inntekter og godtgjersler frå formidling av kart, geodata og eigedomsinformasjon	98	125	134
Sum driftsinntekter	984	1 054	1 112

Rekneskap 2012 er i tabellen ført opp i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap. Plan 2013 refererer seg til Prop. 1 S (2012–2013), jf. Prop. 149 S (2012–2013) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2013*. Samfinansiering og formidlingsinntekter er baserte på prognose frå Kartverket, og er avhengig av aktivitet og etterspurnad blant samarbeidspartar og brukarar. Samfinansiering dekkjer kostnader med prosjekt som vert utførte i fellesskap med kommunane, statlege etatar, energiverk og andre deltakarar i den geografiske infrastrukturen.

Inntekter og godtgjersler frå sal av kart- og eigedomsinformasjon dekkjer ein viktig del av Kartverket sine samla kostnader med innsamling, produksjon, reproduksjon og formidling av informasjon, medrekna kostnader til å utvikle nye produkt og til å utvikle nye formidlingstenester.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten omfattar utgifter til lønn og andre driftsutgifter, under dette etablering og oppgradering av den nasjonale geografiske infrastrukturen, og arbeidet med tinglysing i fast eigedom og burettar. Ein del av dette gjeld kjøp av tenester frå underleverandørar.

Underpostane 24.3 Avskrivningar og 24.4 Renter av statens kapital

Avskrivningane og renter av statens kapital for Kartverket blir utrekna etter fast praksis på grunnlag av dei kapitalgjenstandane som er bokførte pr. 31. desember året før budsjettåret. Avskrivningane blir inntektsførte i statsrekneskapa på kap. 5491 post 30, og rentene på kap. 5603 post 80. Avskrivningar og renter av statens kapital er budsjetterte ut frå ein venta bokført kapital på 78,7 mill. kroner pr. 31. desember 2013.

Underpost 24.5 Til reguleringsfondet

Eit eventuelt avvik mellom det løynde beløpet under post 24 Driftsresultat og det rekneskapsførte beløpet under posten skal regulerast ved overføringar frå/til reguleringsfondet. Ei vesentleg årsak til avvik mellom det faktiske driftsresultatet og det budsjetterte driftsresultatet vil vere terminforskyvingar i kontante inn- og utbetalningar. Pr. 31. desember 2012 var reguleringsfondet på 236,64 mill. kroner, noko som er ein reduksjon på nesten 30 mill. kroner frå 2011. Fondet blir truleg ytterlegare redusert i 2014 i samband med at ein del prosjekt blir fullførte. Dette er ein naturleg del av fondet si utvikling over tid. Departementet ber om fullmakt til å kunne fråvike spesifikasjonane under kap. 2465 post 24 ved bruk av reguleringsfondet, jf. forslag til vedtak IV.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar alle varige investeringar over 200 000 kroner.

Kartverkets produksjonsutstyr er IT-basert. Produksjonsverksemda omfattar behandling av store datamengder frå oppmåling av sjø og land, EDB-basert kartproduksjon, føring av matrikkel og grunnbok m.v. Kartverket må fortløpande fornye og utbetre utstyrsparke for å kunne utnytte effektivitetsvinstane i ny teknologi i produksjonen, og møte etterspørselen etter nye kart og eigedomsdata. Posten foreslås auka med 3,3 mill. kroner i 2014.

Posten kan overskridast ved sal av utstyr der inntektene blir rekneskapsførte under kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Departementet foreslår at inntil 15 mill. kroner kan omdisponerast mellom kap. 1465 post 01, kap. 1465 post 21 og kap. 2465 post 45, jf. forslag til vedtak III.

Tabell 7.21 Statens kartverks kapitalbalanse

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.11	Rekneskap 31.12.12	Venta 31.12.13	Venta 31.12.14
Eigedelar				
Anleggsmidler:				
Driftsmidler, eigedommar	57,3	64,1	78,7	74,0
Aksjar, andelar	0,0	0,0	0,0	0,0
Utlån og obligasjonar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum anleggsmidler	57,3	64,1	78,7	74,0
Omløpsmidlar:				
Varebeholdning, varer i arbeid	5,2	7,5	7,5	7,5
Kortsiktige fordringar	311,2	306,2	306,2	306,2
Kortsiktige plasseringar	0,0	0,0	0,0	0,0
Kassebeholdning og innskot	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum omløpsmidlar	257,4	257,4	257,4	257,4
Sum eigedelar	316,4	313,7	313,7	313,7

Tabell 7.22 Statens kartverks gjeld og egenkapital¹

	(i mill. kr.)			
	Rekneskap 31.12.11	Rekneskap 31.12.12	Venta 31.12.13	Venta 31.12.14
Gjeld og egenkapital				
Eigenkapital ² :				
Eigenkapital utan reguleringsfond	-81,3	-143,7	-143,7	-143,7
Reguleringsfondet	266,0	236,0	236,0	214,4
Sum egenkapital	184,7	93,0	93,0	93,0
Langsiktig gjeld ³ :				
Staten sin renteberande kapital	57,3	64,0	78,7	74,0
Anna langsiktig gjeld	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum langsiktig gjeld	57,3	64,0	78,7	74,0
Kortsiktig gjeld ⁴ :				
Kortsiktig gjeld	747,5	482,4	482,4	482,4
Mellomverande med statskassen	-342,9	-261,6	-261,6	-261,6
Sum kortsiktig gjeld	131,7	220,7	220,7	220,7
Sum gjeld og egenkapital	373,5	377,8	377,8	377,8

¹ Omløpsmidlar. Det blir ikkje gjort overslag over omløpsmidlane før rekneskapsavslutning. Omløpsmidlane blir derfor førte opp uendra i budsjettåret. Omløpsmidlane blir rekneskapsførte i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap.

² Eigenkapital. Posten kjem fram som ein differanse mellom egedelar og gjeld. Eventuelt avvik mellom rekneskapsført driftsresultat (etter føring til eller frå reguleringsfondet) og Kartverkets bedriftsøkonomiske resultat blir rekna mot eigenkapitalen.

³ Langsiktig gjeld. Kartverket finansierer alle anleggsmidlar fullt ut som «lån» i statskassen. Statens renteberande kapital fungerer derfor som motpost til anleggskapitalen. Den renteberande kapitalen er fordelt på 5 ulike «lån».

⁴ Kortsiktig gjeld. Det blir ikkje gjort overslag over kortsiktig gjeld før rekneskapsavslutning. Kortsiktig gjeld blir derfor ført opp uendra i budsjettåret. Kortsiktig gjeld blir rekneskapsført i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap.

Kap. 4465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Gebyrinntekter tinglysing, burettslag	62 411	59 000	57 900
02	Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom	1 042 598	604 000	320 000
	Sum kap. 4465	1 105 009	663 000	377 900

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing, burettslag

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå rettsregistrering av burettar. Gebyra er fastsette i forskrift etter eit sjølvkostprinsipp. Dei faktiske

inntektene i året vil avhenge av aktiviteten i eigedomsmarknaden.

I 2012 vart det rekneskapsført 62,41 mill. kroner i gebyrinntekter frå burettar. I budsjettet for 2013 er løyvinga på 59,0 mill. kroner og er føreslått redusert med 1,1 mill. kroner grunna ei forventta utvikling i eigedomsmarknaden i 2014 som

erfaringsmessig slår ut raskare for burettslag enn fast eigedom. Det er knytt noko uvisse til tala, som avheng av utviklinga i den norske eigedomsmarknaden. Tinglysingsgebyr for burettslagsdelar er i 2014 foreslått til 430 kroner, 4 300 kroner for tinglysing av nytt burettslag, med etterfølgjande tinglysing av nye delar i burettslag til 430 kroner og anke over tinglysingsvedtak 5 160 kroner.

Det er foreslått ei meirinntektsfullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 1465 post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 4465 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 02 Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom

Løyvinga på posten omfattar inntekter frå tinglysing i fast eigedom. Gebyra er fastsette i forskrift. Dei faktiske inntektene i året vil avhenge av aktiviteten i eigedomsmarknaden.

I 2012 vart tinglysingsgebyra for fast eigedom sette ned med til saman 400 mill. kroner, blant anna med ein reduksjon i prisen på tinglysing av pantedokument. (Frå 1 935 kroner til 1 060 kroner). Det er foreslått at gebyret blir ytterlegare redusert til 525 kroner, noko som vil gi ein reduksjon på 310 mill. kroner bokført i 2013. Sats for refinansiering vert sett til 200 kroner. Dei andre gebyra vert ikkje endra.

Post 49 Sal av anleggsmidlar

På posten blir det ført tilfeldige inntekter for Kartverket, mellom anna inntekter frå sal av anlegg og utstyr, som av rekneskapstekniske grunnar skal bruttoførast.

Departementet ber om fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 2465 post 45 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2 .

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 1 Levande hav og kyst, 9 Giftfritt miljø og 11 Stabilt klima. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitutt, Svalbards miljøvernfond og Fram – nordområde-senter for klima- og miljøforskning.

Regjeringa prioriterer høgt å styrkje forskning og overvaking i polarområda som ledd i å følgje globale miljøendringar og effektane av desse, og auka fagleg aktivitet ved Framsenderet i Tromsø. Samtidig vil kunnskapsgrunnlaget for miljøforvaltninga av norske nord- og polarområde vere viktig. Hovudinnsatsen vil vere retta mot klimaendringar, miljøgifter og biologisk mangfald. Det er behov for å framskaffe ny kunnskap om viktige delar av Barentshavets økosystem, bl.a. påverkna-den frå klima, miljøgifter og hausting. Kunnskap til forvaltninga av isbjørnbestanden, arter som er sentrale for forvaltninga av Svalbard som villmarksområde, og raudlistearter som har regelmessig opphald på Svalbard, vil ha prioritet. Langtransporterte miljøgifter og miljøgifter frå kjelder med lokal betydning vil ha særleg fokus. Vidare er verneområda på Svalbard viktige referanseområde for klima, miljøgift og økologisk forskning, og det er behov for auka kunnskap som grunnlag for forvaltning og vern av desse områda. Noreg har dessutan eit ansvar for å bringe fram kunnskap om og verne kulturminne som viser den menneskelege verksemda i polarområda gjennom tidene.

Arbeidet med gjennomføring av den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet er prioritert av Regjeringa. Formålet med forvaltningsplanen er å etablere rammevilkår som gjer det mog-

leg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innanfor ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanane skal leggje til rette for verdiskaping basert på ressursane i havområdet, og samtidig stille krav slik at miljøet i dei norske havområda blir sikra for kommande generasjonar.

Framsenteret i Tromsø vart opphavelig oppretta som eit nettverkssamarbeid i 2010, samtidig som det blei lagt opp til ei full samlokalisering. Framsenderet omfattar i dag 20 norske institusjonar. Fleire av institusjonane er samlokaliserte i eksisterande senterbygg, som husar ca. 250 tilsette. Ei ekstern evaluering viser at Framsenderet allereie har oppnådd nasjonal og internasjonal status som kompetansemiljø. Framsenderet er attraktivt for lokalisering av nasjonale initiativ og for internasjonale sekretariat som Noreg har ansvaret for. Barentswatch og Sekretariatet for Arktisk Råd er allereie i senteret. Det faglege forskingsarbeidet er vel etablert og gir fortløpande resultat på alle dei fem tematiske flaggskipsområda (ref. kap. 1474).

På Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementets budsjett foreslår Regjeringa ei oppstartsløyving på 25 mill. kroner, under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Prosjektering og igangsetting av kurantprosjekter, til igangsetjing av kurantprosjektet Framsenderet i 2014. Funksjonsanalysen for eit tilbygg viste eit behov for 226 nye arbeidsplassar. Endeleg kostnadsramme vil bli teke stilling til i løpet av våren 2014, og Regjeringa vil komme tilbake med ei orientering om prosjektet i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2014.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1471	Norsk Polarinstitut	259 390	257 334	275 943	7,2
1472	Svalbard miljøvernfond	14 701	12 320	12 320	0,0
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	42 801	37 253	52 298	40,4
	Sum kategori 12.60	316 892	306 907	340 561	11,0

Kap. 1471 Norsk Polarinstitut

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	195 553	195 712	205 903
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	63 339	61 124	69 542
50	Stipend	498	498	498
	Sum kap. 1471	259 390	257 334	275 943

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstitut:

Norsk Polarinstitut er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992-93) *Norsk polarforskning*, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse i miljøforvaltning innan viltforvaltning, område- og habitatvern, klimaovervaking og forureiningsproblematikk
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvaksingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som

forskningsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader

- følge opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- ta hand om forvaltningas kunnskapsbehov
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan det bilaterale norsk-russiske miljøvern-samarbeidet
- fokusere forskinga på klimaprosessar og klimaendringar, effektane av desse på naturen, og økotoksikologi i Arktis og Antarktis
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- leie Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av Barentshavet og havområda utanfor Lofoten
- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- drive utovervend informasjon om polarområda, blant anna gjennom samarbeid med Polaria.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultat-områda 1 Levande hav og kyst og 11 Stabilt klima.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstittutt har til lønn og godtgjersler for faste og mel-lombels tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmåle-stasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til institut-tets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd, inklusive satsinga på ICE (Senter for is, klima og økosystem).

Under denne posten skal 4 mill. kroner nyttas til å dekke logistikkutgifter knytte til bruken av R/V «Lance» som forskingsplattform i drivisen.

Under denne posten skal 3 mill. kroner nyttas til å styrke dei nasjonale luftmålingane ved Zeppe-linstasjonen på Svalbard.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskningsfar-tøyet R/V «Lance». Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende mei-rinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Midlar til arbeidet med gjennomføringa av den heilskapelege forvaltningsplanen for Barentshavet er vidareført med 3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot Interna-sjonalt samarbeid. Posten dekkjer utgifter til vit-skapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbei-det og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

Noreg medverkar gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samar-beid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis. Noreg deltek òg i viktige klimaforskningsprosjekt. Det er ein nær samanheng mellom å ha innverknad og å vere til stades, og norsk polarforsking i Antark-tis har derfor ein viktig politisk og fagleg funksjon.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjo-

nale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis er styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det inter-nasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det rei-naste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat og utgifter til flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Dei tilsvarende inn-tektene er førte under kap. 4471 post 21. Løy-vinga kan overskridast dersom det er tilsva-rande meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Under denne posten skal 9 mill kroner nyttas til ny lokalisering av NILU's luftmålestasjon ved Troll-stasjonen, og til styrking av Noregs forskning i Antarktis.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultat-område 1 Levande hav og kyst og 11 Stabilt klima.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innafor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktor-gradstudentar. Støtta skal dekkje ekstraavgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforsking som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstil-lingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Kap. 4471 Norsk Polarinstitt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Sals- og utleigeinntekter	8 932	9 699	10 038
03	Inntekter frå diverse tenesteyting	57 874	53 456	55 327
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	828		
18	Refusjon av sjukepengar	1 075		
21	Inntekter, Antarktis	14 560	11 940	12 358
	Sum kap. 4471	83 269	75 095	77 723

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstitt har for andre land og verksemder knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50	Overføring til Svalbard miljøvernfond	14 701	12 320	12 320
	Sum kap. 1472	14 701	12 320	12 320

Svalbards miljøvernfond er føresett oppretta i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005.

Fondet vil i utgangspunktet vere sett saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for kort og for felling i samband med hausting, gebyr for teoretisk eksamen ved jegerprøva, verdien av flora og fauna som er handtert i strid med lova, miljøerstatning fastsett av Syssele mannen og tvangsmulkt.

Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Svalbards miljøvernfond har eit styre som fordeler fondsmidlane etter eksterne søknader. Sekretariatet for fondet er lagt til Syssele mannen på Svalbard. Det er utarbeidd eigne ved-

tekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå Svalbards miljøvernfond.

Inntektene til fondet gir grunnlag for tildeling til dei formåla som skal dekkjast av fondet i samsvar med svalbardmiljølova.

Post 50 Overføringer til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Miljøverndepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	14 699	12 320	12 320
	Sum kap. 5578	14 699	12 320	12 320

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med Svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til

Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med sal av jakt- og fiskekort m.m.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>		4 253	4 298
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>	27 565	20 000	20 000
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>	15 236	13 000	28 000
	Sum kap. 1474	42 801	37 253	52 298

Midlane under dette kapitlet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei ressursane som finst der, på ein endå betre måte. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunnsplanlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Framsenteret vart opna i september 2010, og har no 20 deltakande institu-

sjonar. Aktiviteten er delt inn i fem faglege satsingsområde (flaggskip). Dei er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstitut
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskningsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Norsk Polarinstitut
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk Institutt for Luftforskning.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under postane 50 og 70

Midlane under denne posten skal nyttast til felles føremål for Framsenteret. Det gjeld særleg:

- drift, fellesfunksjonar og administrasjon av senterbygget i Tromsø, ved driftsselskapet Framsenteret AS
- sekretariat for Sentermøtet, det høgaste organet i Framsenteret
- profilering og formidling av senteret som heilskap.

Svalbards miljøvernfond har vore fullt operativt sidan 2008, og i 2014 er eit nytt styre på plass etter at det første styret har site ut si tenestetid. Hovudinntekta til fondet er ein avgift for alle tilreisande til Svalbard. Fondet tildelte i første tildelingsrunde i 2013 5 mill. kroner, og årleg deler fondet ut mellom 8-10 mill. kroner. Midlane går til ulike tiltak og prosjekt innanfor undersøkingar og tiltak for å kartleggje og overvake miljøtilstanden, kartleggje årsaker til miljøpåverknad og miljøverknader av verksemdar, gjenoppretting av miljøtilstanden, tilskot til skjøtsel og vedlikehald og overvaking av kulturminne og informasjons-, opplærings- og tilretteleggingstiltak. Styret vil halde fram med to årlege tildelingsrundar også i 2014.

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70

Mål

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål å gjennomføre forvaltningsrelevante klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskingssamarbeid innanfor rammene av den faglege hovudsatsinga for senteret. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- Framskaffe ny kunnskap av framifrå kvalitet som kan publiserast.
- Etablert forskarutdanning og mastergradsutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgre utdanning innan klima og miljø.

- Etablert fagleg forskingssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshol» og gi nasjonal meirverdi.
- Etablerte gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt, og samarbeid med dei andre FoU-miljøa i landsdelen.
- Fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse.
- Faglege produkt i rett tid og form til bruk for politikkkutforming, og som kan nyttast til å redusere risiko og sikre at ny verksemd skjer på ein berekraftig måte.
- Formidle forskingsresultat til brukarane, som til dømes næringsliv, skuleverk, andre relevante brukarar og eit breitt publikum.

Rapport for 2012 og 1. halvår 2013

Framsenteret har vore involvert i betydeleg nasjonal og internasjonal forskningsaktivitet i 2012 og første halvår av 2013. Forskningsmiddel frå flaggskipa og sentrale insentiver har finansiert høvesvis 78 og 43 nye forskningsprosjektar, med deltaande forskare frå 17 land og 53 ulike institusjonar (Noreg inkludert). Produksjonen av vitenskapelige publikasjonar og rapportar har vore betydeleg, og forskare frå Framsenteret har deltatt og presentert si forskning på ei lang rekkje nasjonale og internasjonale konferansar og workshops. Gjennom Framsenteret AS har forskinga i og oppbygginga av Framsenteret vore kommunisert til ei rekkje besøk frå ulike land og ambassadar, forskningsinstitusjonar, statlege organar, utdanningsinstitusjonar og media. Forskningsformidlinga har òg vore betydeleg gjennom Fram Forum (2. årgang i 2013, engelskspråkleg) trykt i 3000 eksemplarar (og i elektronisk utgåve), med global distribusjon. I tillegg vert tre nettsider drifta, og forskinga vert formidla gjennom ei rekkje kanalar som youtube (framshorts.com), førestellingar, dei nasjonale forskningsdagane og stands ved ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar.

Norges Forskningsråd har på oppdrag av Framsenteret og med hjelp av eksterne eksperter, evaluert kvart av flaggskipene i Framsenteret. Evalueringen var ferdig i desember 2012. Vurderingane var gjennomgåande positive, samleis som dei peika på ulike forbettringspunkt.

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, og vere kvalitetssikra av Noregs

Forskringsråd. I tillegg må dei vere tverrfaglege. Etter at Senterets eigne organ har valt ut den årlege prosjektporteføljen, skal Miljøverndepartementet godkjenne denne før prosjekta kan starte opp.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda (Flaggskipsleiarane) er pålagt saman med dei andre deltakarane i flaggskipa å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50

Midlane skal gå til dei ikkjestatlege partnerane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling og oppfølging og kontroll er dei same. Sjå elles omtala under post 50 ovanfor.

Aukinga på posten skal nyttas til faglig verksemd i det nye kompetansemiljø ved Framsenteret i Tromsø, og til prosjektet der R/V «Lance» skal være plattform for forskning i drivisen.

Det skal no i tillegg byggjast ny kompetanse ved Framsenteret i Tromsø som skal medverke til eit betre kunnskapsgrunnlag for styresmaktene sitt arbeid med å avgrense «fotavtrykket» av ny næringsutvikling i nord, og sikre at ny næringsverksemd knytt til naturressursane og til bruken av land- og havområda skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Dette kan eventuelt verte organisert som eit nytt flaggskip i Framsenteret.

Det skal òg gjennomførast eit prosjekt der forskingsfartyet Lance vert frosen inn i isen N-NØ av Svalbard hausten 2014. Under toktet skal det samlast inn isdynamiske-, oseanografiske- og biologiske data frå vinterhalvåret i området nord for Svalbard. Prosjektet vil kunne bidra med svært viktige målingar og forskingsresultat som kan medverke til å betre dagens klimamodellar. Det er òg eit mål å skaffe kunnskap som kan betre dei meteorologiske modellane.

Del III
Omtale av Miljøverndepartementets
resultatområde og verkemiddel


8 Oversikt over resultatområde og verkemiddel

Miljøverndepartementet har gjennom lang tid delt opp miljøpolitikken i resultatområde. På kvart resultatområde er det presentert tilhørende nasjonale mål. Utgangspunktet er at dei nasjonale måla skal spegle kva Noreg vil oppnå på viktige miljøområde. Måla på resultatområda er hovudsakleg retta mot den tilstanden eller det resultatet som skal oppnåast. I løpet av det siste året har Miljøverndepartementet redusert talet nasjonale mål betrakteleg. Måla er i tillegg omformulerte slik at dei er meir einsarta, kortare, meir presise og enklare å forstå. Ambisjonsnivået i miljøpolitikken blir ikkje påverka av endringa i måla.

Miljøverndepartementet arbeider òg med bruk og utvikling av verkemiddel i miljøpolitikken, og deler verkemidla inn i eigne verkemiddelområde som har eigne mål. Verkemidla er grunnleggjande føresetnader for å oppnå resultat i miljøpolitikken. For å nå miljømåla på alle dei mil-

jøpolitiske resultatområda er ein heilt avhengig av dei verkemidla miljøforvaltninga og andre sektorar har til disposisjon og tek i bruk. Samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eitt eksempel på eit viktig overgripande system som er eit verkemiddel og reiskap for å nå dei miljøpolitiske måla.

Dei nasjonale måla og indikatorane, både for kvart enkelt resultatområde og for kvar enkelt verkemiddelområde, er presenterte i starten på kvart område og vil bli rapporterte på i neste års budsjettproposisjon. Kvart resultatområde og verkemiddel gir ei samla framstilling av tilstand, påverknader, og politikk for å nå dei nasjonale måla. Vidare er det gitt ein statusrapport på dei einskilde nasjonale måla frå 2013 med fokus på dei viktigaste indikatorane. Oppdatert status på indikatorane er til ei kvar tid presentert på miljøstatus.no, og er rapporterte på via KOSTRA.



Figur 8.1 Miljøpolitiske resultatområde

I figuren under kan ein sjå korleis budsjettet for 2014 fordeler seg på dei ulike områda. Frå og med neste år vil en kunne sjå utviklinga i ressursbruk på dei ulike områda.

Resultat/virkemiddelområde	Budsjettforslag 2014 (tall i kroner)
Levende hav og kyst	366 948 317
Livskraftige elver og innsjøer	275 853 405
Frodige våtmarker	44 772 788
Mangfoldige skoger	674 793 264
Storslått fjellandskap	349 631 532
Verdifulle kulturminner og kulturlandskap	606 368 637
Godt bymiljø	130 885 839
Aktivt friluftsliv	177 198 477
Giftfritt miljø	589 635 686
Ren luft	18 450 176
Stabilt klima	492 928 275
Kunnskap og stedsdata	1 673 808 063
Regelverk og samfunns-planlegging	336 101 432
Internasjonalt samarbeid	148 475 108
Sum	6 004 115 000

Figur 8.2 Budsjett fordelt på resultat- og verkemiddelområde

9 Kunnskap og staddata

Miljøvernpolitikken og all forvaltning av natur og miljø skal vere kunnskapsbasert. Jo meir kunnskap vi har, desto meir presis, effektiv og målretta forvaltning får vi. Kunnskapen blir bygd opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for god miljøpolitikk. Dette blir omtalt under overskrifta Staddata. Kunnskapsoppbygging på miljøområdet er heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrenser og sektorar. Sektoransvaret står sentralt i miljøarbeidet, og miljøomsyn skal takast hand om innanfor rammene av styresmaktene sitt sektoransvar, inkludert forskning og overvaking.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjon i fjor.

Nasjonalt mål 1 for kunnskap og staddata. Landet skal dekkjast av geografisk informasjon av høg kvalitet som skal brukast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Indikatorar:

- Tal på kommunar med nytt nasjonalt høgdegrunnlag (NN2000).
- Oppdateringsgrad og kvalitet.
- Dekningsgrad og kvalitet.
- Datasett som det er etablert tenester til etter krava i geodatalova.
- Eigedomar med vegadresser (del i prosent av totalen)

Nasjonalt mål 2 for kunnskap og staddata. Tinglysing i fast eigedom og del i burettslag skal gjerast forsvarleg, effektivt og med kvalitet.

Indikatorar:

- Saksbehandlingstid
- Svartid på kundesenteret
- Kvalitet

Utviklinga av miljøpolitikken krev eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Kunnskap om miljø, planlegging og naturmangfald er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde.

Miljøovervakinga tek i utgangspunktet for seg kjende problemstillingar og må vere langsiktig, stabil og føreseieleg. Miljøforskninga medverkar til å avdekkje og avklare nye problemstillingar, men er samstundes eit viktig supplement og korrektiv til miljøovervakinga. Kartlegging gir oss kunnskap om førekomstar og utbreiing av artar og naturtypar, og kunnskap om kor mange og kva slag artar vi har og kva livsmiljø dei er knytte til. Det er ofte naudsynt med lange overvakingstids-seriar for å forstå endringane i naturen. Rapporteringa skjer til databasar som dekkjer spesielle fagområde, f. eks. Naturbase (naturtypar, artar, statleg sikra friluftslivsområde, naturvernområde), Artskart (i regi av Artsdatabanken), Forureining, Askeladden (kulturminne) m. fl. Rapporteringsdata kjem frå både offentlege og private kjelder og kan vere lovpålagte eller frivillige. Spesielt kan nemnast KOSTRA (KOMmune STAT RApportering), som skal omfatte all rapportering frå kommunane til staten (også på andre område enn miljø), med unntak av den rapporteringa til sentrale databasar som allereie er pålagt. Miljøforvaltninga samarbeider med Statistisk sentralbyrå om utvikling og produksjon av areal- og miljøstatistikk, som i hovudsak er basert på data som er henta inn gjennom overvaking og rapportering. Miljødata er stort sett stadfesta (koordinatbestemte), og det er lagt stor vekt på å utvikle digitale kart og system for å handtere geografisk informasjon. *Noreg digitalt* har vist seg å ha stor betydning for utveksling av stadfesta informasjon på tvers av institusjonar og forvaltningsområde. Miljøstatus i Noreg, *miljøstatus.no* gir oppdatert informasjonen om tilstand og utvikling for miljøet, og presenterer miljøkunnskap i ein samanheng. Eit vesentleg mål er å skape forståing for samhengane mellom miljøtilstand, kva som påverkar den, konsekvensar og tiltak. Miljøstatus i Noreg

inneheld miljødata for fleire viktige miljøtema. Nettstaden har i tillegg ei eiga kartløyning. Løyninga, som er Noregs mest omfattande samling av

oppdatert offentlig miljøinformasjon på kart, vart i 2012 tilpassa for bruk med nettbrett og smarttelefonar.


Boks 9.1 Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og grunnlag for tiltak

I 2002 synte data frå miljøovervaking auka verdier av miljøfarlege flammehemmarar nord i Mjøsa. På dette tidspunktet var allereie nokre av desse stoffa oppførte på Noregs liste over stoff som skal avgrensast eller fasast ut.

Fordi vi hadde prøver av lagesild som var lagra i ein forløpar til Miljøprøvebanken kunne vi òg fastslå når dei skadelege utsleppa starta. Med bakgrunn i denne informasjonen kunne tiltak setjast i verk og vidare overvaking viste at vi allereie i 2010 hadde komme ned på det nivået som var før utsleppa starta.

Eksemplet viser kor viktig regelmessig miljøovervaking er og illustrerer i tillegg betydninga av lange tidsseriar for miljødata. Dette viser òg kor viktig det er med ein nasjonal miljøprøvebank der lagra prøver raskt bidreg til å fastslå bakgrunnsnivå og historiske trendar.

Noreg var tidleg ute med å fokusere på bromerte flammehemmarar og med å skaffe data som kunne byggje opp under betydninga av å fase ut fleire av stoffa. Norske data medverka til at EU innførte forbod mot dei første flammehemmarane i 2003.



Figur 9.1 Bromerte flammehemmarar i lagesild

Kjelde: Miljødirektoratet

Like viktig som kunnskapsinnhenting er oppgåva med å formidle kunnskapen til allmenta og avgjerdsstakarar. Miljøkunnskap og miljøutfordringar er ein sentral del av avgjerdsprosessar både i offentlig og privat sektor.

Ein betydeleg del av kunnskapsoppbygginga skjer gjennom utdanningsinstitusjonane. Både grunnopplæringa, under dette fagopplæringa, og høgare utdanningsinstitusjonar tilfører nye generasjonar kunnskap, haldningar og dugleik som kan

medverke til ei berekraftig utvikling. Media, internett og bibliotek spelar òg ei viktig rolle i formidling av miljøkunnskap. Produktinformasjon og grøne sertifiseringsordningar er òg kjelder til slik kunnskap.

Å hente inn og å spreie slik kunnskap er ei av dei viktigaste oppgåvene for miljøforvaltninga. Auka kunnskap i folket om miljøutfordringar og om samanhengane i naturen stimulerer miljøinteresse og medverkar til auka aksept for miljøpolitiske tiltak og verkemiddel. Pressa og frivillige

organisasjonar er i denne samanhengen særleg viktige målgrupper for miljøforvaltninga sitt informasjonsarbeid. Moderne informasjonsteknologi blir i aukande grad teken i bruk for å effektivisere samhandlinga i miljøforvaltninga og med publikum.

Komplekse problem krev heilskapelege løysingar

For betre å kunne forstå miljøproblema sin komplekse natur og finne eigna løysingar, er det behov for både naturvitskapleg, samfunnsvitskapleg, kulturhistorisk og (relevant) teknologisk forskning. Identifisering og analyse av miljøskade og miljøkonsekvensar har ofte utgangspunkt i naturvitskaplege fag. Utvikling av tiltak og verkemiddel for å løyse miljøproblem, nasjonalt og internasjonalt, vil krevje eit fagleg grunnlag også frå samfunnsvitskapar som jus, økonomi og planlegging. Fleirfagleg og tverrfagleg fokusering og innretting vil derfor ofte vere nødvendig.

Sektoransvaret

Miljøpolitikken er karakterisert av overgripande problemstillingar der heilskapleg tankegang og avveging av ulike samfunnsinteresser er grunnleggjande for å få gjennomslag for tiltak. Kunnskapsoppbygging på miljøområdet er derfor heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrensar og sektorar. Mange av miljøutfordringane er i dag tverrsektorielle i forhold til styringssystemet både med omsyn til opphav, utbreiing og moglege løysingar. Sektoransvaret står sentralt i miljøarbeidet, og miljøomsyn skal takast hand om innan rammene av styresmaktene sitt sektoransvar, inkludert forskning og overvaking. Dette inneber at sektorane har ansvar både for langsiktig kompetanseoppbygging for sektoren, og for meir forvaltningsretta overvaking- og forskingsaktivitetar innanfor miljøansvarsområda i eigen sektor. Felles forståing av røyndomen og kunnskapsgrunnlaget mellom miljøforvaltninga og andre departement/viktige samfunnsaktørar er ein føresetnad for å møte miljøutfordringane på ein heilskapleg måte, og for å få til ein god og konstruktiv dialog.

Miljøforvaltninga tek vare på den langsiktige kompetanseoppbygginga både ved basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta og ved finansiering av visse grunnforskningsaktivitetar innanfor enkelte av forskingsprogramma i departementet sin programportefølje. Departementet sitt eige kunnskapsbehov blir teke vare på ved dei meir handlingsretta forskingsprogramma.

Miljøforskingsinstitutta har ei sentral og sjølvstendig rolle for utvikling av kunnskap som er naudsynt for god rådgiving i miljøspørsmål. Det er viktig og naudsynt at desse institutta kan tilby ein brei kompetansebase på høgt internasjonalt nivå, at dei samarbeider med dei beste internasjonale miljøa og har kapasitet og utstyr til å møte miljøforvaltningas behov. Basisløyvingane er heilt sentrale for å oppnå dette, og har dei siste åra blitt styrkte. St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* gav eit klart signal om behovet for ei slik styrking. I tillegg til basisløyvingane til miljøforskingsinstitutta blir dei fleste institutta òg tildelte nasjonale oppgåver. Dette skal bl.a. sikre at institutta har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i internasjonale organ ved behov. I tillegg blir det òg gitt tilskot til infrastrukturtiltak ved institutta.

Næringslivet er på same måten ein viktig samarbeidspart. Det er eit overorda forskingspolitisk siktemål at næringslivet aukar sin forskingsinnsats. Næringslivet har sjølv eit ansvar for kunnskap om miljøeffektar av eigen aktivitet. Det er òg viktig med innsats frå næringslivet for utvikling av miljøteknologi, blant anna nye miljøvennlege produkt og produksjonsprosessar, jf. eigen omtale av miljøteknologi.

Det internasjonale perspektivet

Mange miljøproblem er av ein slik karakter at dei ikkje kan løysast berre på nasjonalt nivå. Som ei følge av dette må forskinga i større grad enn tidlegare forankrast i internasjonale aktivitetar. Det er derfor viktig at norske forskingsmiljø deltek i internasjonale forskingsaktivitetar, etablerer internasjonale kontaktar og inngår i internasjonale samarbeidskonstellasjonar der dette er føremålstenleg og kan gi utbytte.

Internasjonalt samarbeid er ofte nødvendig blant anna for å ta vare på den faglege breidda, få utfyllande vitskapleg kompetanse eller av ressursomsyn. Dette vil gi best mogleg nasjonal nytte av internasjonal forskning og god kopling og synergi mellom norske og internasjonale problemstillingar.

Ei rekkje av dei miljøutfordringane vi står overfor er grenseoverskridande. Eit godt kunnskapsgrunnlag basert på forskning og overvaking er ein føresetnad for at Noreg skal få gjennomslag i internasjonale forhandlingar om blant anna forpliktande utsleppsreduksjonar. Forskinga må derfor òg fokusere på at miljø- og utviklingspolitikken stadig blir meir global og internasjonalsert, med

aukande tendens til bruk av multilaterale avtaler. Både utfordringa som følgjer av slike avtaler, internasjonal utvikling (for eksempel utviklingsmessige og økonomiske endringar i Asia), og internasjonale prosessar som kan påverke kunnskapsbehova på norsk side, bør gjerast synlege i dei meir nasjonalt retta forskingsaktivitetane.

Mange norske forskingsmiljø har i fleire år delteke i internasjonale forskingsprosjekt, og det er viktig å leggje til rette for ei vidareutvikling av internasjonalt forskingssamarbeid. Noreg er fullt medlem av EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Av størst interesse for miljøforvaltninga er delprogram «Environment (including climate change)». Viktig i denne samanhengen er m.a. det nye EU-verkemiddelet Joint Programming Initiatives (JPI). Dette er europeiske forskingsprogram som blir finansierte med nasjonale midlar og med eit visst bidrag frå EU.

EUs rammeprogram for forskning er Europas viktigaste arena for kunnskapsproduksjon og gir bidrag til vidareutvikling av europeisk politikk for å møte felles utfordringar, ikkje minst på miljøområdet. Norske miljøstyresmakter deltek i styringa av miljøprogram, og norske forskingsmiljø deltek aktivt i eit breitt spekter av forskingsprosjekt.

Forholdet mellom forskning og overvaking

Forskning er nødvendig for å sikre best moglege overvakingsdata, og overvakingsdata (inkl. lange tidsseriar) er viktig grunnlag for mykje av forskinga. Utforming av program og val av metodar og parameter i overvakinga skjer derfor i samarbeid mellom forvaltning og forskingsmiljø. Forskingsmiljøa sin kompetanse er òg sentral når overvakingsresultat skal tolkast.

Miljøforskninga har stor nytte av det kunnskapstilfanget som kjem fram gjennom overvaking. I praksis er skilnadene mellom dei ulike formene for datainnhenting ikkje alltid så store. Generelt sett er innsamling av overvakingsresultat langsiktig (5 – 100 år) og skjer etter standardiserte metodar, mens forskning trengst for å betre

og utvikle metodikk for innsamling og tolking av data. Overvakingsdata gir forskarar høve til å analysere utviklingstrender i miljøet, då dei same metodane er nytta over lange tidsperiodar. Forsking med utgangspunkt i slike data har derfor stor verdi for miljøforvaltninga.

Mange prosjekt og arbeidsmåtar ligg i grenseland mellom forskning, overvaking, og kartlegging. Det er derfor viktig, både fagleg, organisatorisk og økonomisk, å sjå ulike former for kunnskap-sinnhenting i samanheng.

Satellittdata har vist seg å vere eit svært godt grunnlag for å visualisere landskapsrelaterte problemstillingar. Det er likevel behov for meir kunnskap om korleis satellittdata innanfor miljøforvaltninga sine fagområde kan supplere og rasjonalisere eksisterande metodikk, og medverke til større målretting og presisjon i nødvendig feltarbeid. Satellittdata er særleg aktuelt for problemstillingar knytte til overvaking av endringar i arealbruk, utvikling av kulturminnebestanden, effektar av utmarksturisme, utvikling i polarområda, og overvaking av klimaendringar.

Kunnskapsbehov for dei enkelte resultatområda er beskrive under omtalen av desse.

Kunnskap om naturmangfaldet

Stortinget har vedteke at forvaltninga av naturmangfaldet skal vere kunnskapsbasert. Også i naturmangfaldlova § 8 og i eitt av dei nye globale måla for å ta vare på naturmangfaldet er vi forplikta til å bruke eksisterande og tilgjengeleg kunnskap i forvaltninga av naturmangfaldet. Dette er ein føresetnad for å følgje utviklinga i naturtilstanden og er nøkkelen til å sikre at gode og effektive miljøtiltak blir gjennomførte på rett stad til rett tid. Kartlegging, overvaking og forskning er grunnleggjande verkemiddel for å betre kunnskapsgrunnlaget. Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga artar får styresmaktane eit bilete av utviklinga i naturmangfaldet, og om verkemidla fungerer etter føremålet.

Boks 9.2 Naturindeks for Noreg

Naturindeks for Noreg gir eit overordna bilete av korleis det står til med norsk natur, og viser korleis dette utviklar seg over tid. Arbeidet byggjer på internasjonale metodar for liknande indeksar, men det er gjort eit betydeleg arbeid for å utvikle denne metodikken. Noreg var det første landet i verda som innførte ein offisiell naturindeks.

Naturindeksen bereknar tilstanden for naturmangfaldet i dei store økosystema, samanlikna med ein referansetilstand:

- havbotn
- hav-pelagisk (dei opne vassmassane i havet)
- kystvatn-botn
- kystvatn-pelagisk (i vassmassane langs kysten)
- ferskvatn
- ope lågland (kulturlandskap)
- skog
- myr-kjelde-flaummark
- fjell

For kvart av økosystema er det valt ut eit sett med indikatorar, til dømes data om bestandane av enkeltarter. Desse representerer dei ulike økosystema og omfattar både vanlege og sjeldne artar og ulike artsgrupper. Ved å sjå indikatorane i samanheng får ein eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet innanfor kvart økosystem, og samla for norsk natur. Naturindeksen består av 309 indikatorar fordelt på dei ni hovudøkosystema.

Kvar indikator er gitt ein verdi mellom 1 og 0. Referanseverdien er sett lik 1. Verdien 1 betyr at tilstanden for indikatoren er svært god («naturtilstand» utan negativ påverknad frå menneske), medan 0 betyr at tilstanden er svært dårleg (for eksempel at ei art er utrydda). Ved å sjå på verdien for alle indikatorar som er knytte til eit økosystem, får ein eit gjennomsnittstal som gir eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet i dette økosystemet.

Boks 9.3 Definisjon av omgrepet truga arter

Artsdatabanken nyttar følgjande kategoriar i Norsk Raudliste for arter 2010:

Utdøydd (EX): Ei art er utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er globalt utdøydd.

Utdøydd i vill tilstand (EW): Arter som ikkje lenger lever fritt, men der det framleis finst individ i dyrehagar, botaniske hagar og liknande.

Regionalt utdøydd (RE): Ei art er regionalt utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er utdøydd frå aktuell region (her Noreg). For at arta skal inkluderast må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

Kritisk truga (CR): Ei art er kritisk truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for kritisk truga er oppfylt. Arta har då ekstremt høg risiko for å dø ut.

Sterkt truga (EN): Ei art er sterkt truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sterkt truga er oppfylt. Arta har då svært høg risiko for å dø ut.

Sårbar (VU): Ei art er sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sårbar er oppfylt. Arta har då høg risiko for å dø ut.

Nær truga (NT): Ei art er nær truga når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstillar nokre av desse kriteria no, eller i nær framtid.

Datamangel (DD): Ei art blir sett i kategori datamangel når uvissa om arta si korrekte kategoriplassering er svært stor, og klart inkluderer heile spekteret av moglege kategoriar frå og med CR til og med LC.

Definisjonane er utarbeidde av den internasjonale naturvernunionen (IUCN). Omgrepet truga arter er eit samleomgrep for kategoriane: kritisk truga, sterkt truga og sårbar.

Kartlegging i form av kartfesting av førekomst og utbreiing av arter og naturtypar er ein føresetnad for oppfølging av naturmangfaldlova på kort og lang sikt. Tilsvarande er kunnskapsoppbygging knytt til framande organismar svært sentralt for å sikre ein god og målretta innsats mot framande, skadelege organismar. Døme på kartleggingsprosjekt er naturtypekartlegging (terrestrisk og marint), kartlegging av framande arter og kartlegging av truga arter. Kartlegging og overvaking av inngrepsfrie område i Noreg (INON) er ein arealbruksindikator som byggjer på data for utrekning av inngrepsfri natur innhenta frå kommunar, fylkesmenn og nasjonale register. MAREANO er eit tverrsektorielt program for å kartleggje og styrkje kunnskapen om Noregs havbotn.

Overvaking av naturmangfaldet er grunnleggjande for å kunne danne seg eit bilete av utviklinga for arter og område over tid, og for å kunne seie noko om årsaka til utviklinga og om tiltak har ønskt effekt. Døme på overvakingsprosjekt er overvaking av sjøfugl gjennom programmet SEAPOP, terrestrisk overvaking (TOV) og overvaking av ei rekkje arter/artsgrupper (t.d. hjortevilt, rovvilt, villaks, og fjellrev). Rovdata har ansvaret for overvaking av rovvilt og formidling av resultatane.

Auka omfang av kartlegging og overvaking dei siste åra har gitt grunnlag for å utvikle ein naturindeks for heile Noreg jf. boks 9.2. Ein slik indeks, som vart presentert for første gang hausten 2010, er eit viktig barometer for korleis det står til med norsk natur. Alle dei store forskingsinstitutta i Noreg som gjennomfører naturovervaking, har medverka i utviklinga av naturindeksen, og ei statistikkgruppe har medverka i berekningar og metodeutvikling. I alt har om lag 125 fagpersonar levert data eller ekspertvurderingar. Noreg er, saman med Nederland, eit føregangsland i arbeidet med å få til ein heilskapeleg naturindeks basert på data og ekspertvurderingar om natur.

Naturindeksen gir ei samla oversikt over tilstand og utviklingstrendar for dei store økosystema hav, kystvatn, ferskvatn, ope lågland, skog, myr-kjelde-flaummark og fjell, også i ulike delar av landet. Kunnskapen om status og trendar skal nyttast til å setje inn målretta tiltak for å stanse tapet av naturmangfald i Noreg, og til formidling til politikarane, forvaltninga og allmenta. Naturindeksen synleggjer også kor kunnskapen om naturmangfaldet er mangelfull. På mange område manglar ein framleis data. Kartlegging og overvaking må derfor utviklast vidare for å få meir presis kunnskap slik at vi lettare kan peike på årsaker til

endringar og for at tiltaka skal vere kostnadseffektive og målretta. Naturindeksen blir oppdatert kvart år basert på årlege overvakingsdata der dette finst. Den samla naturindeksen skal etter planen oppdaterast i 2015. Fram til denne oppdateringa tek ein sikte på å presentere temaindeksar for arter som blir overvaka årleg.

Den naturindeksen som vart presentert 2010, er starten på eit langvarig arbeid med å måle endringar i naturen, og gi eit stadig betre grunnlag for å prioritere kor tiltak for å betre miljøet skal setjast inn og kva som bør prioriterast innanfor kartlegging og overvaking. Men naturindeksen aleine kan ikkje måle om vi når målet om å stanse tapet av naturmangfald. Sjølv om naturindeksen viser betring eller inga endring i naturmangfaldet, kan det likevel vere alvorlege faresignal som ikkje blir fanga opp. Det er derfor viktig å supplere naturindeksen med annan kunnskap som til dømes delindeksar, andre indikatorar for berekraft, raudlistar og ny kartlegging, overvaking og forskning.

Norsk Raudliste for arter 2010 og Norsk Raudliste for naturtypar 2011 er viktige kunnskapsgrunnlag for å vurdere bruk av ulike verkemiddel for å betre tilstanden for artene og naturtypepane. Raudlistene inneheld spesifikk informasjon om mange truga arter og naturtypar som ikkje inngår i naturindeksen, men som er viktige for forvaltninga av desse artene. Det er derfor viktig at kunnskapsinnhenting knytt til raudlistene held fram med full styrke.

Artsdatabanken har ansvaret for arbeidet med raudlistene og arbeidet med økologiske risikovurderingar av framande arter. I 2012 vart arbeidet med vurderingar av 2 600 framande arter ferdigstilt. Artsdatabanken spelar òg ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og gjere dei viktigaste data om mangfaldet i naturen tilgjengelege for brukarar i areal- og miljøforvaltninga. Talet på observasjonar i rapporteringsverktøyet Artsobservasjonar i regi av Artsdatabanken har passert 9 millionar. I tillegg til at denne portalen tilfører mykje kunnskap om førekomstar av arter, er den eit verktøy som aukar engasjement og kunnskap hos brukarane.

Det norske Artsprosjektet skal sikre langsiktig kartlegging og kunnskapsoppbygging om arter i norsk natur, med spesiell fokus på arter og artsgrupper vi har lite kunnskap om. Det blir òg viktig å gjere kunnskapen tilgjengeleg for alle, mellom anna via internett. Arbeidet skjer i nært samarbeid med det svenske artsprosjektet. Ambisjonen både i Sverige og Noreg er å kartleggje alle fleircella arter av planter og dyr i dei to landa. Prosjektet er administrativt plas-

sert under Artsdatabanken. Både datainnhenting, dataflyt og forskning blir samordna med annan tilgrensande aktivitet. Det blir no viktig å få på plass forskingsdelen i prosjektet.

Det er gjennom åra samla inn ei stor mengd data gjennom naturkartlegging. Dette er data som det er viktig at alle dei som gjer vedtak har tilgang til, og på ein slik måte at dei er lette å bruke som grunnlag for ulike avgjerder og samfunnsmessige avvegingar. Som ei følgje av dette er det gjennom åra utvikla fleire system og verktøy for å gjere data frå kartlegging og overvaking tilgjengelege. Naturbasen, som er utvikla av Miljødirektoratet, er ei kartinnsynsløysing som i stor grad er basert på data frå kartlegging. Ein ny og meir moderne versjon av Naturbase vart lansert i februar 2013. Artsdatabanken har utarbeidd ei kartteneste kalla Artskart, der ein kan søkje stadfesta informasjon om over 1 800 artar. Artsdatabanken har òg utvikla ein naturtypebase basert på klassifiseringssystemet Naturtypar i Noreg (NiN).

Vassnett er utvikla i samband med gjennomføringa av EUs vassdirektiv i Noreg. Denne inneheld data om vassdrag, grunnvatn og kystområde, medan målet med Vassmiljøsystemet er å systematisere data og gjere data om tilstand og utvikling i miljøkvaliteten i vatn tilgjengeleg for bruk i det offentlege.

Det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt omfattar dei fire store rovdyra gaupe, jerv, bjørn og ulv, og kongeørn. Rovdata vart etablert i 2010 som ei sjølvstendig eining med eigen leiar og stab i Norsk institutt for naturforskning (NINA), og representerer ei styrking av overvakinga og kartlegginga av desse artene. Rovdata har ansvaret for det faglege innhaldet, formidling, drift og utvikling av overvåkingsprogrammet, og er ein uavhengig leverandør av overvåkingsdata for dei fem nemnde artene i Noreg. Rovdata koordinerer overvakinga på landsbasis og syter for nasjonal og einskapleg gjennomarbeiding, samanstilling og rapportering av data. Rovdata arbeider for å styrkje lokal deltaking i kartlegginga og overvakinga av artene, og har mellom anna i samarbeid med Artsdatabanken etablert ei nettbasert publikumsløysing for innmelding av observasjonar av dei store rovdyra. Dette er i tråd med rovviltforliket inngått i Stortinget 2011, jf. Representantforslag 163 S (2010–2011). Førekomstane av rovvilt i Noreg har nær tilknytning til førekomstane i nabolanda våre. For Rovdata er det derfor ei sentral oppgåve å vidareutvikle samordninga av overvåkingsmetodar og samanstilling av bestandsdata på tvers av landegrensene. Fagrådet for *Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt* består av ekspertar

på ulike kompetanseområde med relevans for overvåkingsarbeidet. Fagrådet arbeider for at overvakinga av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn skal vere best mogleg, og deira hovudoppgåve er å kvalitetssikre metodar og tilrå betringar i overvåkingsprogrammet. Rovdata har sekretariatsansvaret for Fagrådet, og alle som ønskjer det kan gi innspel til Fagrådet på moglege betringar i rovviltovervakinga.

Internasjonalt skjer det òg mykje arbeid for å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og økosystemtenester. På det 10. partsmøtet for Konvensjonen om biologisk mangfald i oktober 2010 vart det vedteke at vi innan 2020 skal ha betre kunnskap, vitskapleg grunnlag og teknologi knytt til biologisk mangfald, verdiar, funksjon, statusutviklinga og trendar. FN's generalforsamling har støtta opprettinga av eit internasjonalt naturpanel etter modell av klimapanelet (IPCC). Endeleg vedtak om å opprette panelet vart fatta på internasjonalt møte i regi av FN's miljøprogram i 2012. Naturpanelet skal vere eit vitskapleg uavhengig panel som skal gi kunnskap om jordas naturmangfald og økosystemtenester og fremje forslag til ny politikk. Frå norsk side er det ei prioritert oppgåve å få naturpanelet raskt i gang. Regjeringa vil arbeide for at FN's miljøprogram og andre relevante FN-organisasjonar aktivt skal støtte opp om naturpanelet sitt arbeid framover. Noreg vil aktivt følgje opp Naturpanelets (IPBES) første arbeidsprogram (2014–2018) slik det vil bli vedteke på møtet i desember 2013 (IPBES-2). I samarbeid med blant anna Noregs forskingsråd blir det viktig å få norske kunnskapsmiljø involverte i dei vedtekne utgreiingane. Dette er viktig for å auke mengda av ny kunnskap i norsk forvaltning og for utvikling av norske kunnskapsmiljø. Vidare blir det viktig å få på plass ei avtale mellom Naturpanelets hovudsekretariat i Bonn og delsekretariatet for kapasitetsbygging i Trondheim.

Arbeidet med finne verdien av økosystemtenester

Regjeringa etablerte i 2011 eit ekspertutval om verdiar av økosystemtenester. Økosystemtenester omfattar heile bredda av tenester som vi får frå naturen, og vi kan skilje mellom forsynings-, regulerings-, kulturelle og støttande tenester. Ekspertutvalet la fram sin NOU i august 2013 (NOU 2013:10). Utvalet diskuterte til dømes tilstand og utvikling for norske økosystem og økosystemtenester, og peiker på eit betydeleg forskingsbehov for at grunnlaget for avgjerder skal bli betre. Utva-

let diskuterer òg metodar for å synleggjere verdiane av økosystemtenester betre, til dømes gjennom økonomisk verdsetjing, og korleis rammevilkåra for private og offentlege vedtak kan utformast slik at verdiane blir tekne omsyn til i større grad enn i dag. Utreiinga er no på høyring. Miljøverndepartementet vil komme tilbake til korleis utgreiinga skal følgjast opp.

Noreg vil føre vidare internasjonalt samarbeid knytt til verdiane av økosystemtenester og biologisk mangfald gjennom TEEB-prosjektet (The economics of ecosystems and biodiversity) og arbeid for å synleggjere naturkapitalen gjennom Verdsbankens prosjekt om verdsetjing av naturkapitalen (WAVES).

Kunnskap om klimautfordringa

Regjeringa vil framleis trappe opp klimaforskinga med spesiell vekt på rammevilkår, verkemiddel og teknologi for reduserte klimagassutslepp. Regjeringa vil vidare medverke til den globale innsatsen for å styrkje kunnskapsgrunnlaget i klimaarbeidet og til at den grunnleggjande klimaforskinga blir styrkt, jf. Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. For ei nærare utgreiing om klimarelatert forskning viser ein til denne stortingsmeldinga.

I rapporten Energy Technology Perspectives 2012 peiker *Det internasjonale energibyrådet* (IEA) på at det finst alternativ til dagens forureinande energiteknologi, men at implementeringstakten for 8 av 10 slike teknologiar er for treg samanlikna med scenario som leier mot togradermålet. IEA trekkjer blant anna fram teknologiar for energieffektivisering og CO₂-handtering som døme på teknologi med stort potensial for globale utsleppsreduksjonar, men som har svak implementeringstakt. For å kunne medverke til auka omstillingstakt er det derfor viktig med meir kunnskap om kva slag barrierar som finst for implementering av lågutsleppsteknologi, blant anna på transportområdet som står for nær ein tredel av dei norske utsleppa av klimagassar. Det er behov for meir kunnskap om kor vidt omstilling kan gjerast på ein måte som medverkar effektivt til utsleppsreduksjon på ein miljøforsvarleg måte. Slik kunnskap kan baserast på erfaringar så langt med verkemidla i klimapolitikken, om kva som kjenneteiknar innrettinga av dei verkemidla som gir gode resultat.

Skogen og havet sitt opptak av CO₂ har stor betydning for klimaet. Kunnskap om det naturlege karbonkrinsløpet er derfor viktig for å kunne føreseie meir presist kor mykje klimaet vil endre seg utover i hundreåret. Korleis vi forvaltar natu-

ren, landbruksområde og havet er òg av betydning, fordi det påverkar naturen sitt opptak av CO₂ og kor mye som blir frigitt til atmosfæren. Meir kunnskap blant anna gjennom observasjon og måling av naturen sitt opptak av klimagassar har betydning for å fastslå kor mykje utsleppa må ned for å oppfylle togradermålet.

Kortliva klimadrivarar slik som sotpartiklar, metan og nokre HFK-gassar har oppvarmande effekt på klimasystemet samtidig som dei bidreg til negative helse- og miljøeffektar. Det er store kunnskapsbehov knytte til identifisering av dei beste tiltaka for å redusere utslepp av kortliva klimadrivarar, og forstå verknader både for klima og andre omsyn knytte til helse- og miljøpolitikken.

Klimaendringane vil påverke samfunnet stadig meir. Det er behov for å forstå betre dei fysiske klimaendringane og konsekvensane for naturen. Det er vidare behov for meir kunnskap om kva klimaendringane betyr for ulike samfunnsområde, under dette for landbruk og fiskeri, for næringslivet og for transport- og energisystema.

Utover i dette hundreåret må vi vente at klimaendringane gradvis vil få aukande innverknad på natur og samfunn, jf. Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge*. Kunnskap om klimaendringane er ein føresetnad for effektiv klimatilpassing. Regjeringa vil derfor at kunnskapsgrunnlaget for tilpassing til klimaendringane blir styrkt gjennom meir aktiv overvaking av klimaendringane, vidare opptrapping av klimaforskinga og utvikling av det nasjonale senteret for klimatenester.

Samfunnet er avhengig av dei tenestene naturen står for, som matforsyning, pollinering, tilgang på reint drikkevatt og flaumregulering. Det er behov for meir kunnskap om korleis klimaendringane vil påverke økosystemtenester i Noreg og våre nærområde, under dette dei samfunnsøkonomiske konsekvensane. Overvaking av endringar i klimavariablar som nedbør og vind er òg viktig blant anna med sikte på å kunne varsle framtidige ekstremvêrhendingar betre enn i dag, og dermed hindre tap av liv og materielle skadar.

Klimaendringane skaper eit behov for meir detaljert og presis informasjon om klimaet i dag og i framtida, som grunnlag for praktisk klimatilpassing i kommunar og bedrifter. Norsk senter for klimatenester vart etablert under Meteorologisk institutt ved Universitetet i Oslo (Met.no) i 2011 i samarbeid med Noregs vassdrags- og energidirektorat og Bjerknnessenteret. I NOU 2010: 10 peiker tilpassingsutvalet på behovet for å leggje betre til rette for formidling av klimadata, både for klimaet i dag og i framtida. Regjeringa deler denne

vurderinga og vil styrkje arbeidet med å formidle relevante klimadata som grunnlag for vurderingar av klimaendringane sin verknad på ulike område. Kommunane har eit særleg behov i denne samanhengen. Det er viktig at dette nye senteret blir gitt dei nødvendige rammevilkåra så det kan fungere som ei praktisk støtte og gjere det lettare for kommunane å gjennomføre nødvendige analysar av konsekvensar og moglege tilpassingstiltak.

Utarbeidinga av rapportane til FN's klimapanel er ein vitskapeleg dugnad. FN's klimapanel utfører ikkje eiga forskning, men vurderer publiserte vitskapelege resultat, observasjonar og modellkøyringar. Dette arbeidet er botnplanken til dei internasjonale avtalene vi har fått på plass i dag og dei vidare forhandlingane om ein framtidig klimavtale. I løpet av 2014 avslutter FN's klimapanel sitt arbeid med femte hovedrapport. Første delrapport om det klimavitskapelege grunnlaget ble lagt fram i september, mens delrapportene om verknader av klimaendringar og moglege tilpassingstiltak og moglege tiltak for utslippskutt vert lagt fram våren 2014. Klimapanelet slutfører arbeidet med femte hovedrapport med synteserapporten som leggest fram hausten 2014.

Nokre av dei data som vil inngå i denne rapporten er henta frå overvåkingsstasjonen på Zeppelin-observatoriet på Svalbard. Her måler *Norsk institutt for luftforskning* (NILU) konsentrasjonar av 23 klimagassar. Her er det få lokale forureiningskjelder, og staden er spesielt godt eigna til å overvake globale nivå og trendar for klimagassar og ozonreducerande stoff.

Kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier

Kunnskapsheving er svært viktig i kjemikaliarbeidet. Regjeringa arbeider for å auke kunnskapen om kjemiske stoff og kartleggje miljøgifter i naturen og i produkt. Auka kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak. Det er dyrt å rydde opp når miljøgifter først er spreidde i naturen. I mange av tilfella er det òg svært vanskeleg, då miljøgifter blir spreidde diffust over store område. Det er derfor svært viktig å oppdage spreiding av ulike miljøgifter i tide slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Gjennomslag i arbeidet med å styrkje internasjonale reguleringar er òg heilt avhengig av at det blir gjort ein betydeleg innsats i å leggje fram god dokumentasjon. Overvaking av miljøgifter i naturen for å følgje utviklinga over tid vil framleis vere prioritert. Ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for

seinare analysar av miljøgifter vart derfor opna i 2012. Miljøprøvebanken er plassert i Forskingsparken i Oslo og administrerast av forskingsinstituttet i CIENS. Miljøprøvebanken for miljøgifter samler inn og tar vare på prøver av biologisk materiale. Prøver av til dømes fisk, blåskjel, krabbe, fugleegg, slam og mosar vil bli nedfrosne for seinare analysar og undersøkingar. Innsamlinga skjer frå dei same lokalitetane kvart år. Føremålet er å kunne gjere nye analysar av prøver når det er utvikla betre metodar for å oppdage miljøgifter, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrendar. Dette vil bli eit svært nyttig verktøy i forvaltning av og forskning på miljøgifter.

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av tilførsler og effektar av forureiningar. Miljødirektoratet har ansvaret for dei fleste overvåkingsprogramma.

Langtransporterte luftforureiningar omfattar forsurande sambindingar (svovel- og nitrogen-sambindingar), eutrofi (nitrogensambindingar), bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar).

Atmosfærisk tilførsel av forureinande sambindingar blir overvaka ved måling av kjemiske komponentar i luft og nedbør. Føremålet er å registrere nivå og eventuelle endringar i tilførsla av langtransporterte luftforureiningar. Målestasjonane er derfor plasserte slik at dei er minst mogleg påverka av lokale utsleppskjelder (bakgrunnsstasjonar).

Tilførsler av sambindingar i luft som fører til forsureing og eutrofi er overvaka på fem stasjonar (inkludert Zeppelinobservatoriet på Svalbard). Tilsvarande sambindingar i nedbør er overvaka på 13 stasjonar.

Bakkenært ozon kan skade menneske si helse, vegetasjon og materialar. Atmosfæriske tilførsler av bakkenært ozon (og ozondannarar) er overvaka på seks stasjonar i fastlands-Noreg og på Zeppelinobservatoriet på Svalbard.

Atmosfæriske tilførsler av partiklar i luft er overvaka på tre bakgrunnsstasjonar i fastlands-Noreg og ein på Svalbard. Partiklar kan i særleg grad føre til helseskadar og til skadar på materialar. Atmosfæriske tilførsler av miljøgifter er overvaka på tre stasjonar (i luft og nedbør på Birkenes og Andøya og i luft på Svalbard).

Forsuringsverknader på vasskvalitet blir følgt gjennom overvaking av innsjøar og små nedbørsfelt. Vasskvaliteten i om lag 80 innsjøar og seks små nedbørsfelt blir undersøkt årleg for å gi ei

regional/landsdekkjande beskriving av vassforsuringsproblemet og endringar i situasjonen. Det biologiske overvakingsprogrammet følgjer verknader på fisk gjennom regionale undersøkingar, og omfattar fiskebestandar i innsjøar og bekkar og botndyr i innsjøar.

Eutrofi-verknader er overvaka av Miljødirektoratet som dekkjer delar av dette gjennom *Program for terrestrisk naturovervaking* (TOV).

Forekomstar av langtransporterte miljøgifter er overvaka med nokre års mellomrom i innsjøar (fisk og sediment).

Noreg samarbeider internasjonalt om utvikling av kunnskap om utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar gjennom *Det europeiske overvakingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar* (EMEP) og andre samarbeidsprogram under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Innanfor ramma av denne konvensjonen samarbeider landa òg om å utvikle kunnskapsgrunnlaget for val av tiltaksstrategiar for å redusere miljøskadar som følgje av langtransportert luftforureining, under dette kunnskap om moglege utsleppsreducerande tiltak og kostnader ved desse. Norske fagmiljø som Meteorologisk institutt, Norsk institutt for luftforskning (NILU) og Norsk institutt for vassforskning (NIVA) medverkar i vesentleg grad til denne kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*.

Auka kunnskap om og for polarområda

Miljøet i nordområda skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Verdiskaping skal skje på ein slik måte at miljøverdiane og økosystemas struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald blir haldne ved lag. Dette blir best sikra gjennom ei heilskapeleg og langsiktig forvaltning basert på beste tilgjengelege kunnskap.

Klimaet er under rask endring i nord- og polarområda, og klimaprosessane knytte til snø, is, permafrost og havsirkulasjon i Arktis er av stor betydning for kor raskt og korleis klimaet vil bli endra lokalt, regionalt og globalt.

Betre kunnskap om klimaprosessane i Arktis er derfor kritisk for å kunne seie noko om framtidige klimaendringar. Auka kunnskap om klimaendringane er òg ein føresetnad for ei kunnskapsbasert, heilskapeleg og langsiktig forvaltning for å sikre miljøet og livsgrunnlaget i nord.

Kunnskap er navet i nordområdesatsinga, slik det er formulert i *Nordområdestrategien* (2006) og *Nye byggesteiner i nord* (2009). Norsk Polarinstitut

med senteret ICE (Ice, Climate & Ecosystems) representerer saman med Framsenteret (Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning) sentrale element i den nasjonale forskingssatsinga for å bringe fram meir kunnskap for å møte klima-utfordringane i nord- og polarområda.

Norsk Polarinstitut og Framsenteret si forskning gir òg viktige kunnskapsbidrag til det internasjonale miljø- og klimaarbeidet.

Norsk forskning i Antarktis gir viktige bidrag inn i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av Antarktis for å verne kontinentets sær-eigne og svært sårbare miljø. Denne forskinga er òg viktig for å halde oppe verdien av Antarktis som referanseområde og for å auke kunnskapen om området si rolle i dei globale miljøsystema og som indikator for jordas miljøtilstand. Vi har vore eit føregangsland i forskinga i Antarktis, og det er viktig at Noreg bidreg til internasjonal polarforskning med sine spesielle fortrinn med stasjonar både i Antarktis og på Svalbard.

Norsk Polarinstitut

Norsk Polarinstitut er den sentrale statlege institusjonen for kunnskapsproduksjon om polarområda for forvaltninga gjennom kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta, naturfagleg forskning i Arktis og Antarktis. Instituttet si forskingsverksemd er konsentrert om klimaprosessar og klimaendringar, og effektane av desse på naturen, og om økotoksikologi i Arktis og Antarktis. Instituttet leier òg overvakingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis og har lange tidsreiser frå både det fysiske miljøet og økosystemet.

Norsk Polarinstitut har dei heilårige forskingsstasjonane Troll i Antarktis og Sverdrupstasjonen og Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund på Svalbard.

Norsk Polarinstitutt si forskning i Antarktis gir viktige bidrag inn i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av Antarktis for å verne kontinentets sær-eigne og svært sårbare miljø, og til det internasjonale klimaarbeidet.

På Sverdrupstasjonen og Zeppelinstasjonen er instituttet ansvarlege for den daglege drifta og vedlikehaldet av måleinstrumenta til ei rekkje nasjonale og internasjonale program.

Stasjonane utfører kontinuerlege langtidsmålingar av meteorologisk data, kort- og langbølgja radioaktiv stråling frå sola, og måling av overflatealbedo og spektralrefleksjonar. Det blir òg gjort daglege observasjonar av atmosfærisk ozon og UV-stråling med ei rekkje instrument.

Instituttet sine biologiske studier inkluderer overvaking av rein, fjellrev, isbjørn og forskjellige

sjøpattedyr og -fuglar. Ein viktig aktivitet er å måle effektane av miljøgifter på arktiske økosystem, og målinga av isbrear på Svalbard.

Zeppelinstasjonen, der NILU har det faglege ansvaret, spelar ei viktig nasjonal og internasjonal rolle for kartlegginga av klimaendringar; stratosfæreozon- og UV-endringar; miljøgifter (persistente organiske forureiningar som PCB, tungmetall som kvikksølv) og langtransporterte luftforureiningar (sur nedbør, partiklar, overgjødning, bakkenær ozon).

Zeppelinstasjonen høyrer til ei lita gruppe av svært viktige globale atmosfærestasjonar. Andre stasjonar finst på Hawaii, Sydpolen og Samoa i Stillehavet og i Alaska, Vest-Irland, Tasmania og Zugspitze/Jungfraujoch i Alpane.

Framsenteret

Framsenteret, Nordområdesenter for Klima- og Miljøforskning, utfører omfattande forskning innanfor alle dei fem temaområda, kalla «flaggskip». Nokre hovudpunkt følgjer:

Havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk – leia av Norsk Polarinstitut

Tilbaketrekkinga av havisen i Arktis vil ha stor betydning for det globale klimaet. Det vil òg opne for at næringsaktivitetar trengjer inn i område som hittil har vore utilgjengelege; både skipsfart, fiskeri, turisme og petroleumsverksemd kan bygge seg opp dersom føresetnadene er til stades. Dette reiser ei rekkje spørsmål om kva konsekvensar aktivitetane vil ha for miljø og samfunn og korleis norsk og internasjonal forvaltning bør innrettast for å møte desse utfordringane.

Effektar av klimaendringar på fjord- og kystøkologi i nord – leia av Havforskningsinstituttet.

Endringar i klima kan påverke fjord- og kystøkologisystem. Dette kan i sin tur påverke næringsgrunnlag og busetnad og saman med andre drivkrefter medverke til endring i desse. Økosystembasert ressursforvaltning krev auka kunnskap for å vurdere samla påverknad av ulike aktivitetar og endringar i miljøet.

Havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn – leia av Norsk Polarinstitut

I kaldare vatn blir CO₂ lettare løyst opp enn i varmare vatn. Nordlege farvatn er derfor meir utsette for havforsuring. Eit surare hav kan

påverke kalkdannande organismar. Havforsuring kan ha effektar på primærproduksjon, dyreplanktonsamfunn og tidlege livsstadium av virveldyr, slik som fiskelarver, og kan derfor ha betydning for forvaltning og utnytting av levande marine ressursar.

Effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk – leia av Universitetet i Tromsø.

Dei terrestre økosystema i nordområda vil gjennomgå store og delvis uføreseielege endringar med betydning for næringer, kultur- og naturverdiar. Dette flaggskipet sin ambisjon er å bli eit internasjonalt leiande forskingsmiljø innan føreseiing, dokumentasjon og tilpassingar til desse endringane.

Miljøgifter – effektar på økosystem og helse – leia av Norsk institutt for luftforskning.

Det er behov for meir kunnskap om kva effektar miljøgifter i nordområda har på økosystem og menneske og korleis denne trusselen verkar saman med andre stressfaktorar som klimaendringar og forandringar i levevilkår. Ei viktig samfunnsoppgåve for flaggskipet er kunnskapsoverføring til internasjonale avtaler og prosessar.

Ny kompetanse: Nordområda står framfor betydelege utfordringar på grunn av klimaendringane, men det er òg store forventningar til ny næringsverksemd knytt til naturressursane og til bruken av land- og havområda. Det må utviklast meir kunnskap ikkje berre for å kunne utnytte dei nye moglegheitene, men òg for å kunne sikre at ny næringsutvikling ikkje skader det unike og sårbare miljøet. For å vere i forkant av utviklinga vert det no bygd opp eit nytt kompetansemiljø ved Framsenteret i Tromsø som skal medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag for styresmaktene sitt arbeid med å avgrense «fotavtrykket» av ei slik utvikling og sikre at ny næringsverksemd skjer innanfor miljøforsvarlege rammer.

Formidling

Med forskning som grunnlag formidlar Framsenteret kunnskap til forvaltning, næringsliv og publikum generelt, og gir innspel i klimarelaterte spørsmål. Senteret medverkar òg til å styrkje koplinga mellom forskning og utdanning, og er ein viktig nasjonal og internasjonal møteplass for forskarar og avgjerdstakarar.

Staddata

Boks 9.4 Felles global referanseramme

Alle land treng tilfang av grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata. For mange samfunnsområde er geodata naudsynt for dokumentasjon, verdivurderingar, analysar og statistikk og gir viktige bidrag til overvaking og kunnskap om mellom anna klima.

Informasjonen må vere tilgjengeleg for heile samfunnet, både offentleg sektor, privat næringsliv og den enkelte. Slike data er viktige for samfunnsplanlegging, samfunnsstryggleik og areal- og ressursforvaltning. Ein treng oppdaterte data for verdiskaping og utvikling av tenester og informasjon retta mot næringsliv og innbyggjarar, og for medverknad og opne demokratiske prosessar.

Eigedomsinformasjon både frå matrikkel og grunnbok er viktig grunnlagsinformasjon i all eigedoms- og arealforvaltning. Kartverket har ansvar for tinglysinga og for formidling av eigedomsinformasjon både frå matrikkelen og grunnboka ut til brukarane i offentleg og privat sektor.

Plan- og miljøoppgåvene i kommunane kan ikkje løysast utan best mogleg bruk av kunnskap om arealdata og ressursar. Dette føreset godt samarbeid og informasjonsdeling. Internett og digitale kart gir grunnlag for forenkla tilgang til informasjon og til medverknad i plan- og vedtaksprosessar. Eit moderne samfunn er avhengig av geografisk informasjon og infrastruktur. Skip, fly og redningsteneste må finne vegen, grunneigarrettar må sikrast, areal- og reguleringsplanar må vise juridisk bindande vedtak om arealbruk – og lagrast i planregister for ettertida. Kart viser ikkje lenger berre kor ting er, men fungerer òg som analysereiskapar i planlegging for berekraftig utvikling og eit likeverdige samfunn. Geografisk informasjon kopla med statistikk gir instrument for å planleggje for ei berekraftig framtid og for å vurdere konsekvensane av ulike tiltak.

Tilstand

Kart og geografisk miljøinformasjon er no tilgjengeleg døgnet rundt via internett, mobiltelefon og ulike elektroniske kartløysingar. Brukarane kan blant anna søkje etter adresse, stadnamn eller matrikkelnummer og i tillegg velje målestokk eller måle avstandar. Elektronisk tilgang til geodata har auka bruken av geografisk informasjon vesentleg dei siste åra. For å dekkje brukarane sine ulike og samansette behov for geodata, må innsamlinga, koordineringa og lovverket rundt dette famne ei rekkje ulike aktivitetar og fagfelt, som blant anna sjømåling, satellittovervaking og eigedomsregistrering.

Pålitelege, oppdaterte geodata gir grunnlag for auka tryggleik ved ferdsel til sjøs og til lands. Det gir grunnlag for effektiv og betre bergingsteneste. Det medverkar til effektiv og døgnopen forvaltning, trygging av eigedomsrett og ein fungerande marknad for eigedommar.

Basis geodata for landområda vert inndelte etter tema som separate primærdataseriar (veg, vassdrag, høgde osv.). Dette gir stor fleksibilitet i produksjon og vedlikehald av data. Kart blir produserte ved å hente data frå ulike seriar og setje dei saman. Dataseriane kan òg nyttast i kombinasjon med fagdata frå ulike kjelder.

I Noreg har kommunar og ulike statlege etatar samarbeidd om felles kartlegging sidan 1992, eit arbeid Kartverket koordinerer sentralt, regionalt og lokalt. Mesteparten av denne dataetableringa er fullført, og areal i byar og tettstader er i all hovudsak dekt, slik at utfordringa for desse areala ligg i vedlikehald av data. Frekvensen på ajourføringa av kartgrunnlaget vert tilpassa dei aktuelle endringane i ulike område. Såleis vil det vere hyppigare ajourføring i tettbygde strøk med høg aktivitet enn i område med liten aktivitet.

Bruk av pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem aukar tryggleiken til sjøs. Bruk av slike system reduserer faren for skade på personar og miljø, reduserer materielle kostnader, aukar regulariteten for skipstrafikken, kortar ned tidsbruken på skipsruter og styrkjer næringsgrunnlaget langs kysten. Det er laga samanhengande elektroniske sjøkart for heile norskekysten, men framleis manglar det nye, moderne djupnemålingar i mange område. Det er viktig at dette arbeidet held fram utan avbrot for å få betre tryggleik i skipstrafikken langs kysten.

Arbeidet med det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet MAREANO er ein viktig del av Kartverket si rolle som forvaltar av nasjonale djupnedata.

All privat og offentlig oppmåling, kartlegging, navigasjon og annan bruk av geografisk informasjon føreset eit korrekt geodetisk grunnlag. Det geodetiske grunnlaget, det vil si sjølve målegrunnlaget for all anna oppmåling, er basert på eit tal målepunkt rundt om i Noreg. Nokre av punkta er utstyrte med måleutstyr som kontinuerleg gjer målingar, mens andre målepunkt vert besøkte periodisk for måleoppdatering. Observasjonsdata frå desse punkta dannar basis for berekning av ei nasjonal referanseramme som legg grunnlaget for all geografisk stadfesta informasjon i Noreg. Grunna kontinuerlege endringar i jorda si form, gravitasjonsfelt og rotasjonsfart er det behov for jamleg overvaking av referanserammene. Eit viktig mål er å forbetre den nasjonale referanseramma og medverke til betre globale referanserammer. Målet er at brukarane i framtida kan bruke globale målemetodar (som GPS) og få samsvar mellom kart (i nasjonal referanseramme) og eigen posisjon med 1 cm grannsemd.

Kartverket deltek i det internasjonale samarbeidet om ei felles global referanseramme, blant anna gjennom ein målestasjon i Ny-Ålesund. Stasjonen opererer ei «Very Long Baseline Interferometry» (VLBI) antenne, eit superledande gravimeter, fleire posisjonsmottakarar (GNSS) og ein vasstandsmålar. Stasjonen inngår blant anna i eit globalt nettverk med ein type store radioteleskop som gjer målingar i samsvar med ein felles måleplan. Det viktigaste resultatet av dette arbeidet er jordrotasjonsparameterane som er essensiell informasjon når ein skal operere satellittar i bane rundt jorda. I ytterste konsekvens vil verken GPS-satellittar eller satellittar for innhenting av miljødata eller kommunikasjon fungere utan VLBI-systema. Referanseramma er i tillegg naudsynt for å kunne overvake globale endringar, blant anna i havnivået.

Bygging av ny veg og bru til det nye geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund er no starta opp. Første del vart ferdig i august 2013. Det er satt ei kostnadsramme på prosjektet for best mogleg å kunne gjere dei avtaler som er nødvendige i forhold til prosjektet sine store teknologiske behov og arktiske plassering. Jordobservatoriet vil etter planen stå ferdig i 2017, og det gamle vil vere rive innan 2021.

Kartverket er leverandør av grunnlagsdata om vasstand, havnivå og landheving. Kartverket sin kompetanse på landheving og gravitasjon er viktige for å forstå korleis havnivået blir endra i Noreg.

Alle kommunar har no teke i bruk ny horisontal referanseramme basert på internasjonal stan-

dard, og arbeidet med nytt nasjonalt høgdegrunnlag har starta. Høgpresisjon stadfesting i sann tid med ei grannsemd betre enn 1 cm er innan rekkevidde, og dette får stor betydning for til dømes kor nøyaktig ei gravemaskin kan arbeide.

Noreg skal ha eit nasjonalt geodetisk grunnlag

Skal ein lykkast med målet om 1 cm grannsemd, er det ein føresetnad at høgdegrunnlaget vert forbetra. Høgdegrunnlaget (det såkalla NN1954) har vore utsett for landheving i lang tid og har derfor betydelege manglar som gjer at det er dårleg tilpassa bruk av satellitteknologi. Kartverket arbeider med å innføre NN2000 i alle kommunar. Det er eit mål at 80 pst. av kommunane skal ha innført det nye høgdegrunnlaget i 2015.

Innan geodetisk analyse arbeider Kartverket for å kombinere alle geodetiske måleteknikkar i ein og same operasjon. Resultata av dette arbeidet vil gi eit nytt og unikt bidrag til dei globale referanserammene, samtidig som det legg grunnlaget for overvaking av blant anna havnivå og havsirkulasjon.

Det er Kartverket som måler havnivå langs norskekysten og det er utvikla eigne temasider om havnivå lokalt. Tenesta har som formål å synleggjere utviklinga i havnivå langs kysten vår.

Kartverket har utvikla ei ny nettbasert overvakingsteneste for romvêr som viser korleis solstørmar og ustadig romvêr påverkar GPS-stasjonar over heile Noreg – minutt for minutt.

Norske land- og sjøområde skal ha oppdaterte basis geodata

Samanhengande elektroniske sjøkart har vore tilgjengelege for heile norskekysten sidan 2008. Farleia vert i aukande grad utfordra ved at fartøya blir større, har auka djupn og ferdast i delar av farleia eller kystfarvatn som tidlegare knapt har vore nytta av større fartøy. Framleis står det likevel att fleire viktige farvatn på norskekysten som må målast på nytt. Arbeidet held fram med å betre kvaliteten på kartgrunnlaget og å bytte ut linje- og enkeltmålingar med heildekkjande målingar. Om lag 27 pst. av kysten er målt med moderne målemetodar i dag. Dette gjeld arealet innanfor 0-20 meters djup. Avviket frå tidlegare skuldast ny metode for utrekning av areal. To nye målebåtar er bestilte, desse vil syte for raskare og betre målingar etter kvart.

Kartverket gjer årlege sjømålingar rundt Svalbard. 23 pst. av Svalbard og Jan Mayen er dekt med moderne sjømåling. 400 nye km² er planlagt

kartlagt i år. Farvatnet vert stadig sterkare trafikert, også i område der kartgrunnlaget er svært lite tilfredsstillande. Innsatsen er retta mot prioriterte, grunnare område.

Hovudkartserien til Kartverket i målestokk 1 : 50 000 blir gitt ut både i trykt og digital form. Den nye trykte utgåva, der kvart kart inneheld fire kartblad i eitt trykk gir billigare trykte kart med betre kvalitet for bruk ute.

Utrykkingsetatane (ambulanse, brann og politi) er avhengige av høg kvalitet og kontinuerleg oppdatering av adresse- og veginformasjon. Kartverket og Statens vegvesen arbeider for tida med eit prosjekt for å heve kvaliteten på veginformasjonen. Kartverket sitt landsdekkjande prosjekt for å etablere vegadresser i alle kommunar held fram, noko som er naudsynt for mellom anna ei effektiv responstid for naudetatane.

Det skal vere effektiv tilgang til geodata og eigedomsdata for offentlege og private brukarar

Noreg digitalt er eit samarbeid om deling av geografisk informasjon (geodata) mellom kommunar, statlege etatar og andre verksemdar som medverkar til den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon. Kartverket koordinerer og tilrettelegg samarbeidet. Deling av data mellom samarbeidspartane er basert på eigne elektroniske tenester drifta av Kartverket. Dei fleste statlege etatar, fylkeskommunane og kommunane med ansvar for utarbeiding og bruk av geodata tek del. I tillegg til basis geodata inngår òg ulike temadata som arealdata, ressursdata, miljødata og plandata i den felles geografiske infrastrukturen. Ei viktig side ved samarbeidet er felles harmonisering og standardisering av data og etablering av effektive tenester for datautveksling. Etablering og vidareutvikling av Noreg digitalt er eit omfattande arbeid. Verksemdene har sjølv ansvar for produksjon og tilrettelegging av temadata. Framdrifta i arbeidet avheng av kapasiteten i desse verksemdene. Noreg er aktivt med i utvikling og bruk av felles standardar for geodata internasjonalt.

Stortinget vedtok gjennom Prop. 149 S (2012–2013) tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2013 at dei viktigaste nasjonale kartdata skal vere opne og gratis for alle. Dette vert vidareført i 2014. Dette omfattar m. a. hovudkartserien på land med digitale data om administrative grenser, samferdsel, vassdrag, skog, dyrka mark, terreng, stadnamn og busetnad. Vidare vert òg data frå Den norske Los og etter-

retning for sjøfarande gjort digitalt og gratis tilgjengeleg.

Kartverket har etablert ei særskild koordineringsteneste (PRIMAR) for å gjere elektroniske sjøkart tilgjengelege i det internasjonale maritime miljøet. Kartverket leverer i dag autoriserte sjøkartdata frå 40 nasjonar gjennom denne tenesta. Store delar av kyststrekningane i dei samarbeidande landa er dekte. Om lag 5000 skip over heile verda nyttar autoriserte kartdata formidla gjennom PRIMAR. Blant brukarane er òg den norske lostenesta. Det er ei sentral målsetjing å få sjøkarttenestene i fleire land med i dette samarbeidet for å kunne gi eit mest mogleg samla tilbod av sjøkart til brukarane. Kostnadene ved drift av tenesta vert dekte av brukarbetaling.

Tinglysinga skal ha nøgde brukarar og halde god kvalitet

Kartverket er tinglysningsstyresmakt i Noreg. Grunnboka er det offisielle registeret over tinglyste rettar og hefte i fast eigedom og delar i burettslag. Kvar matrikkeleining har eit eige grunnboksblad, som inneheld opplysningar om heimel, pengehefte, servituttar og diverse grunndata. Tinglysing i fast eigedom skjer ved Kartverkets hovudkontor på Hønefoss, mens tinglysing i burettar går føre seg i Kinsarvik i Ullensvang kommune.

Rask og effektiv saksbehandling i Tinglysinga med behandling av saker innan fire dagar, hindrar unødig opphald i omsetjinga i bustadmarknaden. For 2012 vart 94,8 pst. for fast eigedom og 97,9 pst. på burett behandla og sende tilbake til brukaren i løpet av fire dagar. Rask saksbehandling vil framleis ha høg prioritet.

Det skjer ei stadig utvikling av fagsystema for å kunne behandle elektronisk tinglysing av stadig fleire dokumenttypar. I 2012 vart meir enn 20 pst. av alle sakene til tinglysing saksbehandla elektronisk. Ein ny samfunnsøkonomisk rapport er laga som visar at gjennomføring av e-tinglysing vil gi ein stor samfunnsøkonomisk vinst.

Mange av dei enklaste sakene vert både registrerte og kontrollerte automatisk, men dei meir komplekse må framleis kontrollerast manuelt. Kartverket sitt kundesenter for tinglysing er plassert i Ullensvang. Kundesenteret svarer på alle spørsmål om tinglysing i fast eigedom og burettar, og er blitt eit felles kundesenter for heile Kartverket.

Kontoret i Ullensvang utfører òg andre tinglysningsoppgåver, m.a. all registrering av rettar i delar i burettslag.

Det blir arbeidd på fleire felt for å sikre at grunnboka held god kvalitet. Det vert i 2013 utført naudsynt arbeid med å omstrukturere grunnboka. Kartverket har òg ansvar for formidling av eigedomsinformasjon både frå matrikkelen og grunnboka ut til brukarane i offentleg og privat sektor. Når det gjeld formidlinga ut til marknaden overtok Kartverket ansvaret for dette frå det heilstatlege selskapet Norsk Eigedomsinformasjon as (NE) med verknad frå 1. januar 2011. I ein overgangsperiode på tre år har NE likevel medverka med formidling.

Disposisjonsretten over arealressursar er av dei mest sentrale rettane i samfunnet. Både private og det offentlege har behov for informasjon om eigedommar og eigarforhold. Autorisert offentleg eigedomsinformasjon er viktig for å sikre eigedomsretten og naudsynt for eigedomsmarknaden. Autorisert offentleg eigedomsinformasjon kan delast i tre delar:

- *Matrikkelen*, som omfattar faktiske opplysningar over alle faste eigedommar i landet, bygningar og adresser, m.a. med eintydig identifikasjon av kvar eigedom. Matrikkelen vert ført av kommunane. Kartverket er sentral matrikkelstyresmakt, og har ansvaret for utvikling av regelverk og å utvikle og drifte matrikkelsystemet. Kartverket stør kommunane med å sikre kvaliteten i datagrunnlaget og gjer data tilgjengeleg for brukarane. Matrikkelen er rekna som eitt av landets tre basisregister
- *Tinglysinga*, som er omtalt særskilt under statusbeskriving for målet for Tinglysinga
- *Kommunale planregister*, som omfattar opplysningar om offentlege arealplanar og andre føresegner som fastlegg korleis areala skal utnyttast. Planregistra er under etablering i kommunane. Kartverket stør kommunane med å kontrollere den tekniske kvaliteten og gjer plandata tilgjengelege i den nasjonale geogra-

fiske infrastrukturen. Lovgrunnlaget for kommunale planregister vart innført med plan- og bygningslova frå 1. juli 2009.

Påverknader

Påverknader kjem frå mange kantar. Teknologitvikling og døgnope løysingar gjer tilgangen til geografisk informasjon svært god. Det at fleire sektorar brukar data og stiller krav til oppdaterte og gode data, er med på å auke kvaliteten og tilgangen, men det avdekkjer òg dårlege data og ukjente behov. Den økonomiske utviklinga gjer for eksempel at stadig fleire og meir djuptgåande skip seglar i område der det tidlegare ikkje har vore slik trafikk og derfor ikkje er tilstrekkeleg kvalitet på sjøkarta.

Nasjonale felleskomponentar og internasjonale standardar og direktiv er med på å skape geografiske data som kan brukast av stadig fleire i Noreg og over landegrensene.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Miljøverndepartementet har ansvar for nasjonal kart- og geodatapolitikk og tinglysinga. Kartverket er det nasjonale fagorganet for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Det har under dette ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar og halde register oppdaterte. Kommunane har ansvar på lokalt nivå, mellom anna som lokal matrikkelstyresmakt og for at det ligg føre eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for planlegging og saksbehandling etter plan- og bygningslova.

Kartverket er tilsynsmynde for matrikkelen. Formålet med tilsynet er å følgje med på om matrikkelen blir førd i samsvar med lov og forskrift. Det er gjennomført 20 matrikkeltilsyn i 2012, dei omfattar 22 kommunar. Tilsyna held fram i 2013.

Boks 9.5 Tinglysingsgebyret*Tinglysingsgebyret*

Tinglysinga er organisert som ein eigen divisjon i Kartverket under Miljøverndepartementet, og gir rettsvern for rettar i fast eigedom og del i burettslag overfor tredjeperson. Tinglyste dokument blir registrerte i grunnboka for fast eigedom og grunnboka for delar i burettslag. Rettsstiftingar som går ut på å stifte, forandre, overdra, påhefte, anerkjenne eller oppheve rettar som har til gjenstand fast eigedom eller del i burettslag, kan tinglysast.

Gebyra ved ulike former for tinglysing har samla sett vore sterkt overprisa. Det vart i 2013 teke eit første steg for å redusera gebyrsatsane i retning av ei kostnadsriktig prising der alminneleg tinglysingsgebyr vart redusert frå 1 548 kroner til 1 060 kroner og gebyr for

pantedokument i fast eigedom vart redusert frå 1 935 kroner til 1 060 kroner. Denne reduksjonen utgjorde om lag 400 mill. kroner i reduserte gebyrinntekter. I 2013 er det budsjettert med 663 mill. kroner i inntekter av tinglysingsgebyr. Kostnader til tinglysing og eigedomsinformasjon er samla på om lag 340 mill. kroner. Når ein samanliknar utgifts- og inntektsløyvingane for tinglysing på Kartverkets budsjett, utgjør overprisinga om lag 325 mill. kroner i 2013. I kostnadsgrunnlaget er medrekna kostnader til arbeid med matrikkel og utviklingsarbeid som er naudsynt for tinglysing og eigedomsregistrering.

Gebyra er i 2013 fastsette som ein multiplikator av rettsgebyret (860 kroner). Utvalte satsar for tinglysing. I kroner

	Sats 2013	Forslag 2014
Alminneleg tinglysingsgebyr	1060	525
Pantedokument (fast eigedom)	1060	525
Refinansiering ¹	215	200
Del og pantedokument i burettslag	430	430
Etterfølgjande registrering av nye andeler i burettslag	860	430
Slettingar, utlegg, konkurstmeldingar, tvangssal m.v.	0	0

¹ Refinansiering innanfor same låneramme, med same pantsetjar eller pantsetjarar og med same panteobjekt.

Regjeringa varsla ei vidare nedtrapping til kostnadsriktig prising for 2014 og foreslår for 2014 at felles sats for det alminnelege tinglysingsgebyret og for tinglysing av pantedokument i fast eigedom vert redusert til 525 kroner. Det vert foreslått at satsane for refinansiering vert sette til 200 kroner. Vidare at satsen for etterfølgjande registrering av nye delar i burettslag vert sett til same nivå som for tinglysing av Del og pantedokument i burettslag til 430 kroner. Provenytapet

er anslått til om lag 325 mill. kroner påløpt og 310 mill. kroner bokført i 2014. Det er i gang arbeid for å kople tinglysingsgebyra frå rettsgebyret frå og med 2014. Ettersom tinglysingsmyndet ikkje lenger ligg i domstolane, er det heller ikkje naturleg at reglane om gebyrfastsetjinga ligg i rettsgebyrlova, og at storleiken på gebyra er knytt opp mot rettsgebyret. Det er utarbeid framlegg om naudsynte endringar i tinglysingslova og føresegner.

Arbeidet med å digitalisere panteboka held fram, dvs. med tinglysingsgjenpartar frå perioden 1946–2007. Dette arbeidet vil medverke til raskare saksbehandling og enklare tilgang til informasjonen

for brukarane. Plukking av dokument frå aktskap tek mykje meir tid enn å hente dokument frå permar, det gjenstår framleis fleire års arbeid.

Miljøverndepartementet har arbeidd aktivt med å utarbeide forskrifter og nasjonale produktspesifikasjonar for framstilling av arealplanar og digitalt planregister. Målsetjinga med dei nye reglane er å få på plass eit system som mogleggjer ei god oversikt over noverande og framtidig arealbruk i Noreg. Oppbygging og utvikling av planregister er ei viktig utfordring framover. Kartverket har ei sentral rolle i etablering, drift og forvaltning av eit nasjonalt planregister og regelverket rundt dette, dette arbeidet er no godt i gang mange stader. Eit slikt register vil gi vesentleg betre tilgang til spesifikke plandata for innbyggjarane og lokale styresmakter og betre oversikt på nasjonalt nivå over arealutfordringane.

Geodatalova skal sikre betre tilgang til geografisk miljøinformasjon i Noreg og over landegrensene. Noreg har vedteke å innarbeide det europeiske INSPIRE-direktivet. Dette forpliktar til å opprette tenester for tilgang til og deling av miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata mellom offentlege etatar både nasjonalt og innanfor EU/EØS-området. Kartverket er tildelt rolla som nasjonal geodatakoordinator og skal samordne arbeidet med landets infrastruktur for geografisk informasjon. Hovudoppgåva blir å føre vidare samarbeidet om å dele data mellom meir enn 600 deltakande verksemder og partar i Noreg digitalt. Statens kartverk har ansvar for å leggje til rette og drifte felles nasjonale løysingar som skal gjere effektiv deling av data mogleg både nasjonalt og internasjonalt – i samsvar med nasjonalt rammeverk og INSPIRE-direktivet.

Plan- og bygningslova § 2-1 og kart- og planforskrifta § 5 seier at kommunen skal syte for at det ligg føre eit oppdatert offentleg kartgrunnlag og for at staten skal stille nasjonale kartdata til rådvelde for dei føremål som er omhandla i lova. Dette vil bli ein ny og viktig reiskap i arealplanlegginga.

Det er behov for tredimensjonal terrengmodell, basert på laserskanning frå fly som grunnlag for betre berekning av flaumsoner, skredfaresoner og verknader i strandsona (havnivåstiging). Det er viktig å vite kvar dei mest utsette områda er når ein skal investere i tiltak mot flaum og skred. Vi kan byggje husa våre i område der dei er minst utsette for flaum og leggje nye vegar til trasear som ikkje er flaumutsette. Innanfor Geovekst-samarbeidet vert det kvart år etablert slike data for mindre areal, særleg i tettstader.

Den nasjonale referanseramman er gjort tilgjengeleg i sanntid gjennom Kartverket si posisjonsteneste CPOS, som vart landsdekkjande i 2011. Talet på brukarar av CPOS-tenesta er sterkt

aukande og CPOS er av den grunn sett på som samfunnskritisk infrastruktur.

I Europa vert det arbeidd med å utvikle eit nytt satellittbasert posisjonssystem – *Galileo*. *Egnos*, som er eit europeisk støttesystem for GPS, vil etter kvart òg bli eit støttesystem for Galileo. Dagens grannsemnd ved bruk av Egnos er ikkje så god – det er først og fremst stabiliteten som er av betydning. Det er planar for å integrere Egnos i Galileo, og i denne samanhengen vil Kartverket medverke til at Galileo og Egnos kan fungere best mogleg, også i dei nordlege områda og ikkje berre i det sentrale Europa.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

1. Landet skal dekkast av relevant geografisk informasjon av høg kvalitet som skal nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Indikatorar:

- Tal på kommunar med nytt nasjonalt høgdegrunnlag (NN2000).
- Oppdateringsgrad og kvalitet.
- Dekningsgrad og kvalitet.
- Datasett som det er etablert tenester til etter krava i geodatalova.
- Eigedomar med vegadresser (del i prosent av totalen)

Det er inngått avtaler for punktmåling i 5 fylke for innføring av nytt høgdegrunnlag. Det er ferdig innført i 18 kommunar, prosjekt er starta opp i 100 kommunar. Mange er ferdig målte, men endeleg innføring med transformasjon venter på endringar i berekningsrutinar.

På grunn av det dårlege vêret i fjor sommar vart det gjennomført mindre datafangst enn planlagt, både innanfor Geovekst og for omløpsfotograferinga. Det vart totalt inngått avtaler for kartlegging av 30 200 km² FKB-A,B og C. Endelege tal viser at det er fotografert 24 500 km². Gjennomført sjømåling i 2012 vart forskjellig frå det som var planlagt. Toktet til Svalbard vart avlyst, og det vart utført mykje meir sjømåling nær kysten enn planlagt, dette vart gjort i samsvar med Mareano-programmet.

Datasett som det er etablert tenester til etter krava i geodatalova. Basert på innrapporteringa til Noreg digitalt dei siste to åra er det 226 datasett som nasjonale etatar har forplikta seg på å levere til den nasjonale infrastrukturen. Av desse er 191 av datasetta gjort tilgjengelege som visningstenester. Dette utgjer 85 pst. (Det er ikkje eit 1:1 forhold mellom datasett og tenester, så fleire datasett kan inngå i same teneste).

Vegadressearbeidet har gjennom året fått god forankring. Arbeidet har fått stor mediemerksend, og vekker stor interesse og blant eksterne etatar og organisasjonar innan bl.a. redning og helse. Dessverre har mange kommunar nedprioritert arbeidet i forhold til opprinnelege planar, noko som har ført til at resultatane for året vart langt dårlegare enn planlagt. 73,8 pst. av alle eigedommar har adresse til veg.

2. Tinglysing i fast eigedom og del i burettslag blir gjort forsvarleg, effektivt og med kvalitet.

Indikatorar:

- Saksbehandlingstid
- Svartid på kundesenteret
- Kvalitet

Mål for saksbehandlingstid er fire dagar for 95 pst. av dokumenta (gjeld både fast eigedom og burett). Ein markert auke i talet på rettsstiftelsar i 2. tertial gav Kartverket store utfordringar med å nå målet om at 95 pst. av sakane skal vere tinglyse og sende tilbake i løpet av fire dagar. For 2012 ligg resultatet på 94,8 pst. for fast eigedom og 97,9 pst. for burett. Kartverket er godt nøgde med dette resultatet.

Kundesenteret har gjennomsnittleg svartid på telefon på 91 sekundar, dette er litt over målet på 90 sekundar. Alle e-postar er svara på innan 24 timar på yrkesdagar.

Informasjon og kommunikasjon

Miljøforvaltningas kommunikasjonsarbeid byggjer på prinsippa i staten sin kommunikasjonspolitikk. Vi legg vekt på å vise fram Regjeringas miljøpolitikk og fakta om miljøtilstanden på ein forståeleg måte. God informasjon er viktig for at innbyggjarane, næringslivet, det offentlege og organisasjonar skal kunne ta omsyn til miljø i kvardagen.

Informasjonen skal vere tydeleg og tilgjengeleg og nå fram til ulike målgrupper og til dei som tiltaka får innverknad for. Det er viktig å gi informasjon om rettar, plikter og moglegheiter. Kommunikasjonstiltaka skal medverke til at folk blir engasjerte og medvitne på miljøspørsmål og får ei djupare forståing og kunnskap.

Miljøverndepartementet tek i bruk ulike kommunikasjonskanalar. Ein viktig kanal er departementet si nettside *regjeringen.no/md*. Departementet sine internettsider er ein formidlingskanal i pakt med lov om rett til miljøinformasjon og Regjeringas kommunikasjonsstrategi. Eitt døme er høyringssaker, høyringsfråsegnene blir lagt ut

på nettet. Internasjonale standardar for tilgjenge/ universell utforming er innarbeidde på internettsidene. Syntetisk tale er tilgjengeleg på alle departement sine nettsider på regjeringen.no.

I tillegg til nettsidene nyttar departementet ulike sosiale medium som Facebook, Twitter, Flickr og YouTube. Konferansar, seminar og kurs er døme på andre kanalar som òg blir nytta til å spreie informasjon.

Miljøstatus i Noreg (*www.miljostatus.no*) er inngangsporten til fakta og annan informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøpolitiske resultatområda. Departementet har eit nært samarbeid med dei underliggjande etatane om informasjon til utvalde målgrupper. Nyhende, avgjerder og tolkingsfråsegner innan planlegging etter plan- og bygningslova og kartforvaltning blir formidla gjennom departementet sine nettsider og gjennom publikasjonane Plannytt og Planjuss.

Miljøverndepartementet har sidan 2007 hatt ei eiga satsing på klimainformasjon retta mot folk flest. Nettsida til Klimaløftet har vore navet for informasjon om klimaet og med råd til både bedrifter og folk flest om klimavenlege tiltak. Hovudsatsinga til Klimaløftet har retta seg mot dei unge i skulen, med tilbod om foredragsturnear og andre opplegg. Informasjonstiltak retta mot befolkninga generelt har vore kampanjar, bilag i aviser, stønad til tv- og filmproduksjon og nettsider, og støtte til andre kampanjar som til dømes Earth Hour.

I 2014 vil informasjonstiltaka om klimahøve særleg basere seg på formidling av dei nye rapportane frå FN's klimapanel. Eit nytt satsingsområde i 2014 til befolkninga vil vere informasjon og formidling om naturens mangfald, betydning av økosystemtenester og ressurseffektivitet.

Møte- og debattserien *Grøn Agenda* som vert etablert i 2013 for å inspirere til diskusjonar om grønne vegval, vil bli ført vidare i 2014. Møta vart arrangerte rundt om i landet, men dei fleste i Oslo. Den årlege konferansen om miljøstatus vil bli arrangert i tilknytning til Verdas miljøverndag 5. juni.

Miljøvernforvaltninga si satsing på skule og kunnskapsoppbygging

Føremålet med miljøvernforvaltninga si skulesatsing er å byggje opp kunnskap om dei samla miljøutfordringane og skape nyfikne og vitetrong for natur og miljø i den oppvaksande generasjonen.

FN har som mål at omgrepet berekraftig utvikling skal integrerast i landa sine utdanningssystem. Regjeringa har slutta seg til FN's utdan-

ningstiår for ei berekraftig utvikling 2005–2014. Miljøvernforvaltninga si skulesatsing har derfor òg som mål, i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, å medverke til at berekraftig utvikling blir eit omgrep som alle elevar forstår og har eit forhold til.

Elevar og lærarar treng fleire innfallsvinklar for å setje miljøfaglege tema på timeplanen. Miljøverndepartementet har derfor i samarbeid med skulesektoren utvikla fleire pedagogiske tilbod. Mest ressursar blir nytta på Den naturlege skulesekken som er eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Den naturlege skulesekken (DNS) er eit tiltak som legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftsansjasjonar med faglege ressursar skulen har nytte av. DNS støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket for Kunnskapsløftet. Eit berande pedagogisk omgrep er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I Den naturlege skulesekken er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet som ansjasjonar, museum, nasjonalparksenter osv., blitt ein anerkjent pedagogisk metode i undervisninga. Tiltaket skal gi skulane tilgang til faglege digitale ressursar som Kartiskolen. Kartverket bidrar i Kartiskolen, som er eit nettatlas med oppdaterte kart og temakart for bruk i mange fag og fleire gode tilpassa undervisningsopplegg. Den naturlege skulesekken gir elevane variasjon i opplæringa og har fått svært positive tilbakemeldingar og evalueringar. Andre skuleprosjekt i miljøforvaltninga har som mål å inspirere lærarar og elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skular og er tilpassa kompetansemåla i læreplanen i ulike fag for desse trinna. Miljøambassadørane held engasjerande føredrag på ungdomsskular og vidaregåande skular. Miljødirektoratet sitt prosjekt Friluftsliv i skulen tek for seg betydninga av naturoppleving som innfallspørt til naturforståing,

og nasjonalparksentra er viktige formidlarar til skular i nærleiken av dei aktuelle parkane. I tillegg driv Statens naturoppsyn naturformidling til skulen. Miljødirektoratet har òg Miljøstatus som er nytta som verktøy for oppdatert miljøinformasjon i skulen, og Miljøjournalistane er eit enkelt nettverktøy der elevane brukar journalistiske metodar til å skrive om miljøutfordringar i sin kommune. Riksantikvaren har undervisningsopplegga Rydd eit kulturminne og Minnefinnar, og Polarinstituttet har nettstader og filmar laga for skulen.

Skriftleg materiell utvikla av miljøforvaltninga i Noreg og EU vert distribuert gratis til skulen. Dette er materiell som skulane kan nytte til å arbeide med grunnleggjande dugleik i faga samtidig som dei arbeider med kunnskapsmål.

Tilboda vert utvikla og meir integrerte i kvarandre. Det er viktig å få ei praktisk innretting av opplæringa.

Miljøteknologi

Miljøteknologi er ein viktig føresetnad for å løyse dei store miljøutfordringane som verda står overfor. Dei mange områda der miljøteknologi blir utvikla, utgjer i dag verdas mest lovande teknologimarknader. Dette gir betydelege høve til verdiskaping. Grøne arbeidsplassar innan miljøteknologi vil kunne bli ei ny vekstnæring i Noreg. Regjeringa la i 2011 fram ein nasjonal strategi for miljøteknologi – *Næringsutvikling og grønn vekst*. Strategien har to hovudformål: Å leggje til rette for nasjonal verdiskaping og næringsutvikling og å medverke til å nå våre miljømål.

Miljøverndepartementet vil bruke sin breie kompetanse innan miljø og tilgjengelege verkemiddel for å stimulere til næringsutvikling innan miljøteknologi. Mellom anna vil innovasjon og næringsutvikling stå sentralt i arbeidet med ein handlingsplan for Grøn Skipsfart.

Ein viser elles til omtale i Prop. 1 S (2013–2014) frå Nærings- og handelsdepartementet om verkemiddel under Nærings- og handelsdepartementets ansvarsområde.

10 Regelverk og samfunnsplanlegging

Verkemiddel og arbeidsmåtar i miljøpolitikken

Det er fleire sentrale prinsipp i forvaltning av miljø. Alt i § 110 b i Grunnlova er omsynet til miljø og naturverdiar slått fast: Her heiter det at «Enhver har Ret til et Milieu som sikrer Sundhed og til en Natur hvis Produktionsævne og Mangfold bevares. Naturens Ressourcer skulle disponeres ud fra en langsiktig og alsidig Betragtning, der ivaretager denne Ret ogsaa for Efterslægten».

Føre var-prinsippet som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet eller kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten. Manglande eller utilstrekkeleg kunnskap skal ikkje vere argument for ikkje å setje inn tiltak. Dette kan sjåast på som ei form for forsikring.

Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.

Forureinar betaler-prinsippet er òg ein del av forureiningslova og inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, har ansvaret for å rydde opp og å ta kostnadene ved dette. Tilsvarende har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare skal berast av tiltakshavaren. Svalbardmiljølova har òg slike føresetnader, og kulturminnelova har føresegn for kostnader ved undersøkingar, tiltak og vedlikehald knytte til automatisk freda kulturminne

Samfunnsplanlegging og samordna berekraftig arealbruk medverkar til måloppnåing på ei rekke miljøområde. Plan- og bygningslova er eit særskilt viktig verkemiddel i dette arbeidet.

Det er òg eit viktig miljøpolitisk prinsipp at vi skal ta i bruk dei til ei kvar tid best tilgjengelege teknologien, i lys av økonomiske forhold, for å løyse miljøproblema. Dette er mellom anna nedfelt i naturmangfaldlova og forureiningslova. Jamfør også verkemiddelområdet Kunnskap og stad-data.

Sektoransvaret i miljøpolitikken inneber at alle aktørar i samfunnet, både offentlege og private, har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei overordna måla i miljøpolitikken blir nådde.

Bruken av miljøpolitiske verkemiddel må òg vere styrings- og kostnadseffektiv. Det vil seie at dei må utformast slik at dei medverkar til å nå dei fastsette måla utan unødig bruk av tid eller ressursar. Til saman skal prinsippa og arbeidsmåtene syte for at miljøpolitikken blir effektiv og målretta og at den blir gjennomført ved hjelp av dei best tilpassa verkemidla. I denne samanhengen er det òg viktig at verkemidla har eit langsiktig perspektiv, og at dei er nokolunde stabile over tid. For at verkemiddel i form av regelverk og skattar og avgifter skal ha god effekt, bør dei vere utforma slik at dei blir opplevd som rimelege og rettferdige. Miljøpolitikken må òg utformast på ein slik måte at den kjem i minst mogeleg konflikt med andre sentrale samfunns mål. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit sentralt verkemiddel for samordning mellom dei ulike samfunnsinteressene og samfunnsmåla. Jamfør reglene for kommuneplanens samfunnsdel og at dei fleste fysiske tiltak har krav om at dei skal vera i samsvar med ein godkjend arealplan for å kunne gjennomførast.

Tilsyn er òg eit viktig miljøpolitisk verkemiddel som avdekkjer brot på lova og verkar til å verne om helse og miljø. Tilsyn sikrar dessutan likskap for lova.

I tillegg til lov- og regelverk blir økonomiske instrument i form av til dømes gebyr og avgifter viktigare i miljøpolitikken. Dei einskilte sektorane har i tillegg verkemiddel som kan nyttast i miljøet si teneste, anten for å løyse eigne miljøproblem, eller som på transportområdet der miljøvenlege transportformer kan erstatte miljøskadelege.


Miljøverndepartementet og miljøforvaltninga har ansvar for å utforme mål og strategiar i miljøpolitikken og for å utarbeide planar for korleis miljøverdiar skal forvaltast. Mål- og resultatstyringssystemet i miljøpolitikken er eit døme på korleis departementet arbeider med dette. Forvaltningsplanane for havområda i nord (Barentshavet og Norskehavet) er døme på heilskapelege planar

for større område, og som omfattar fleire sektorar. Arbeidet med forvaltningsplanane viser dessutan Miljøverndepartementets pådrivar- og samordningsrolle i høve til andre sektorar. Miljøverndepartementets ansvar omfattar òg å skaffe fram fagleg grunnlag for miljøpolitiske vedtak, å overvake utviklinga i miljøtilstanden og å forvalte verkemiddel på dei områda der miljøforvaltninga har hovudansvaret. Ein skal òg analysere verknadene av miljøpolitikken som grunnlag for vidareutvik-

ling og eventuelle endringar i mål og verkemiddel. Miljøverndepartementet er både eit sektordepartement og eit samordningsdepartement.

Lov- og regelverk på miljøområdet

Nokre sentrale lover er omtalte nedanfor. For omtale av anna lov- og regelverk, sjå Lovdata og omtale under dei respektive resultatområda.



Figur 10.1 Viktige lover

Plan- og bygningslova

Lov av 27. juni 2008 nr. 71 *Om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningslova) skal vere ein reiskap for å fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, for samfunnet og for framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om berekraftig forvaltning av ressursar. Det skal leggast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast. Ansvar for planlegging og vedtak av planar etter lova er lagt til Kongen (Regjeringa), fylkestinga og kommunestyra. Miljøverndepartementet er ansvarleg depar-

tement for plandelen av plan- og bygningslova. Viktige føringar i lova er at:

- Regjeringa skal utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år.
- Fylkeskommunane og kommunane skal utarbeide regionale og kommunale planstrategiar kvart fjerde år. Regjeringa skal godkjenne dei regionale planstrategiane.
- Fylkestinga skal utarbeide regionale planar i samsvar med godkjende regionale planstrategiar. Kommunestyra har ansvaret for at det blir utarbeidd kommuneplanar og reguleringsplanar.
- Planlegginga i kommunar og fylkeskommunar skal ta vare på både kommunale, regionale og

nasjonale interesser og skal derfor skje i nært samråd med statlege organ. Fylkesmannen har ei sentral rolle i regional statleg samhandling med kommunar og fylkeskommunar.

- Planlegginga skal sikre at avvegingane av ulike omsyn skjer ope og offentleg. Plan- og bygningslova fastset ordningar for deltaking der einskildpersonar, organisasjonar, næringslivet, kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorerinteresser er med.

Miljøverndepartementet skal avgjere konfliktsaker som ikkje blir løyste lokalt og sikre riktig bruk av lova gjennom rettleiing til aktørane i planarbeidet.

Plan- og bygningslova er eit særskilt viktig verkemiddel i arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling og verkar saman med andre viktige lover som naturmangfaldlova, forureiningslova, kulturminnelova, energilova og minerallova.

Plan- og bygningslova gjeld alle landareal og sjøareal ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja.

Naturmangfaldlova

Lov av 3. april 2009 *Om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfaldlova) har til føremål å ta vare på naturen sitt mangfald og dei økologiske prosessane gjennom berekraftig bruk og vern. Lova omfattar all natur, og gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for dette mangfaldet. Lova verkar saman med andre lover som påverkar eller regulerer bruk av norsk natur. Då lova gjeld på tvers av sektorar vil ho medverke til ei betre samordning av den samla forvaltninga av naturmangfaldet.

I kapittel II om reglar om berekraftig bruk blir det gitt forvaltningsmål for naturtypar og arter, og det blir stilt krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet. Lova krev vidare at vurderingar av dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 skal gå fram av slike vedtak. Ved behandling av planar etter plan og bygningslova vil ei utgreiing i samsvar med naturmangfaldlova kapittel II inngå.

I naturmangfaldlova er det innført fleire nye verkemiddel. Dei viktigaste er ordningane med prioriterte arter og utvalde naturtypar. Kongen i statsråd kan ved forskrift peike ut enkelte arter som prioriterte og naturtypar som utvalde. På den måten kan vi sikre truga arter og naturtypar og andre arter/naturtypar som treng spesiell beskyttelse slik at dei kan overleve i norsk natur, og på sikt få til ei tilfredsstillande utvikling. Dette er vik-

tige verkemiddel for å nå forvaltningsmåla for arter og naturtypar.

Kapittel V handlar om vern av område på land, i vassdrag og i sjø ut til 12 nautiske mil. I kapittel IV har vi fått reglar som skal medverke til å hindre framande organismar å etablere seg i norsk natur. Innførsle og utsetjing av framande organismar vil krevje løyve, og det er gitt klare reglar om innførsle og utsetjing av framande organismar.

Naturmangfaldlova er den første lova som regulerer forvaltning av genetisk materiale, og uttak og utnytting av genetisk materiale, (kapittel VII).

Forureiningslova

Lov av 13. mars 1981 nr. 6 *Om forurensninger og om avfall* (forureiningslova) skal verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining. Lova skal òg redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Lova byggjer mellom anna på prinsippet om at forureinar betalar, prinsippet om føre var og prinsippet i lova om at det skal takast utgangspunkt i den teknologien som ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold gir dei beste resultata. Lova skal sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Lova legg til grunn at forureiningsstyresmaktene skal samordne sin verksemd med planstyresmaktene slik at planlovgivinga kan brukast saman med forureiningslova for å unngå og avgrense forureinings- og avfallsproblem.

Forureiningslova set eit generelt forbod mot forureinande utslepp, men opnar for at verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utslepps-løyve. Behandling av utslepp etter forureiningslova tek utgangspunkt i prinsippet om kostnadseffektiv regulering. Vurderinga skal byggje på kunnskap om kostnader og teknologiske moglegheiter basert på informasjon frå aktuelle verksemdar, sektorstyresmakter og andre fagmiljø. Økonomiske forhold i verksemda og lokalsamfunnet kan tilleggjast vekt.

Store delar av transportsektoren er unnatekne frå føresegnene i forureiningslova.

I avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta, som begge er heimla i forureiningslova, er det gitt utfyllande føresegner om forureining og avfallshandtering. Tilsyn blir nytta for å avdekke eventuelle brudd på regelverket. Det er i stor grad direktorata og fylkesmennene som har ansvaret for å utføre tilsyn etter forureiningslova og anna miljø-

regelverk. I 2012 gjennomførte forureiningsstyresmaktene 1 272 miljøtilsyn og avdekte brot på forureiningsregelverket i om lag 80 pst. av tilsyna. Informasjon i forkant av, under og etter tilsyn og aksjonar er nyttig for å sikre at regelverket blir etterlevd. Miljøverndepartementet er ansvarleg departement for forureiningslova. Miljøstyresmaktene er i forureiningslova delte inn i riksnivå (Kongen, Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet/Statens strålevern), fylkesnivå (fylkeskommunen og fylkesmannen) og kommunalt nivå (kommunen). Kwart nivå er tildelt miljømynde etter forureiningslova.

Kulturminnelova

Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (Kulturminnelova) er det sentrale statlege verkemiddelet i kulturminnepolitikken. Føremålsparagrafen slår fast at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Alle typar kulturminne eldre enn frå 1537 og bygningar eldre enn frå 1650 er automatisk freda. Kulturminnelova gir heimel til å frede bygningar og anlegg eller delar av dei, uansett alder. Samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda. Når det etter anna lov blir treft vedtak som påverkar kulturminna, skal det leggjast vekt på kulturminnelova sitt føremål. Lova sitt føremål og internasjonale konvensjonar understrekar òg at vi må ta vare på breidda og mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø. Plan- og bygningslova har fleire verkemiddel for å følgje opp dette i regionale og kommunale arealplanar.

Svalbardmiljølova

Lov av 15. juni 2001 nr. 79 om miljøvern på Svalbard har som føremål å ta vare på eit tilnærma urørt miljø på Svalbard når det gjeld samanhengande villmark, landskapselement, flora, fauna og kulturminne. Svalbardmiljølova er ei rammelov som trekkjer opp hovudprinsipp for forvaltninga av miljøet på øygruppa. Lova og forskriftene regulerer dei fleste delar av miljøvernet på Svalbard, slik som områdevern, naturinngrep, ferdsel, vern av kulturminne, arealplanlegging i busetjingane, lokal forureining og avfall, i tillegg til jakt og fiske. Lova er eit viktig verkemiddel for å oppnå Stortin-

gets høge mål for miljøvernet på Svalbard. Det er særlege reglar for arealplanlegging på Svalbard fastsett i kapittel VI om «Arealplanlegging i planområdene» og plan- og bygningslovas føresegn for verkeområde.

Planlegging for ei berekraftig utvikling

Gjennom plan- og bygningslova er det etablert verkemiddel for utvikling av ei meir berekraftig samfunnsutvikling, og areal- og ressursforvaltning. Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for måloppnåinga innan dei enkelte resultatområda for miljøforvaltninga. Sjå difor òg omtale i dei ulike resultatområda.

Planlegginga gir rammer for kor vi skal bu, handle og bruke fritida vår, og korleis vi formar byar, tettstader og bygder som er attraktive for alle og fremjar folkehelsa. Samstundes er planlegging eit viktig verktøy for å sikre at naturens mangfald, kulturminne, kulturmiljø, og landskapsverdiar vert tekne vare på i eit langsiktig perspektiv i samsvar med nasjonale målsetjingar.

Levande byar og bygder og ei god forvaltning av natur og kulturarv krev heilskapleg planlegging. Ei berekraftig samfunnsutvikling set mål for fysisk, miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling i kommunar og regionar. Planlegging skal medverke til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om berekraftig forvaltning av ressursar. Ei god samfunnsutvikling må byggje på samarbeid og samspel mellom stat, kommune, fylke og privat sektor.

Miljøverndepartementet har utvikla nasjonale mål og indikatorar for å måle om planlegginga for ei berekraftig samfunnsutvikling går i ønskt retning.

Nasjonalt mål

Nedanfor blir det nasjonale målet og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål regelverk og samfunnsplanlegging.
Landet skal ha ein berekraftig arealpolitikk og effektive planprosessar. All planlegging skal sikre lokal og regional utvikling med vekt på gode løysingar for miljø og samfunn.

Indikatorar:

- Talet på interkommunale og regionale arealplanar

- Utviklinga av kommunal planaktivitet målt etter talet på vedtekne kommuneplanar og kommunedelplanar, reguleringsplanar med kommunalt og privat initiativ, tidsbruk i plansaker og ressursbruken målt som brutto driftsutgifter
- Talet på kommunar med aktuell planstrategi, samfunns- og arealdel av kommuneplanar og kommunedelplanar innanfor prioriterte område.
- Talet på og type motsegner fremja i planprosessen, etter motsegnorgan og -grunn, og tal på motsegner avgjort av Miljøverndepartementet.
- Talet på dispensasjonar for nybygg i verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområde utanfor 100-metersbeltet langs sjø.
- Politikk formidla gjennom blant anna nasjonale forventningar, skriv, kurs og departementet sin nettstad.
- Talet på kommunale og regionale planar der miljøstatus og miljøutfordringar er synleggjorte, i planstrategiar og planar.
- Talet på planar i kommunar og fylkeskommunar med særleg fokus på klima og klimatilpassing, natur- og friluftsliv, areal og transport.
- Talet på føreleggings saker etter §8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, og konflikttema i den enkelte saka.
- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta.
- Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjø.
- Talet på nybygg i strandsona i medhald av plan.
- Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs vassdrag.
- Talet på nybygg langs vassdrag i medhald av plan i LNFR-område.
- Talet på regionale fjellplanar.
- Avgang dyrka og dyrkbar mark i medhald av planar etter plan- og bygningslova
- Talet på kommunale og regionale planar for friluftsliv

- Talet på kommunar med vedteken plan og retningslinjer for universell utforming

Arealpolitikk og samfunnplanlegging etter plan- og bygningslova er tverrgående verkemiddel som grip inn på dei enkelte resultatområda for miljøforvaltninga, og er slik med på å setje ramma for måloppnåinga på dei ulike miljøområda. I omtale av dei ulike resultatområda for miljøforvaltninga vil ei rekkje natur- og miljøindikatorar utdjupe utviklinga.


Tilstand

Plansystemet

Miljøverndepartementet er nasjonal planstyresmakt etter plan- og bygningslova og set overordna mål for planlegginga i fylke og kommunar. I denne rolla har Miljøverndepartementet ansvar for å samordne nasjonal politikk i planlegginga. Departementet utarbeider lover og forskrifter, behandlar enkeltsaker og sikrar riktig bruk av lov- og plansystem gjennom rettleiing og opplæring, og driv utviklingsarbeid, program, og nettverk.

Hovudansvaret for bruk av plan- og bygningslova er lagt til kommunane, som normalt fattar endeleg vedtak om arealbruk og samfunnsutvikling. Dei viktige oppgåvene kommunane har på plan- og miljøområdet er seinast uttrykt i plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og matrikkellova. I tillegg har kommunane fått nye oppgåver blant anna knytt til klimautfordringane. Det blir stilt auka krav til ei aktiv planlegging, til konsekvensvurderingar og til betre samordning.

Plan- og bygningslova definerer eit hierarki av vedtaksnivå, og den inviterer til samarbeid mellom forvaltningsnivåa og omgivnadene. Samanhengane mellom føresegnene i lova er viktige for både innhald og prosess i reguleringsplanarbeidet. Figur 9.2 viser plansystemet, og samanhengen mellom plannivåa.



Figur 10.2 Plansystemet – samanhengen mellom plannivåa

Planlegging er forpliktande samarbeid og samspel på tvers av sektorar og mellom nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, der fylka og kommunane har eit viktig ansvar innanfor statlege og regionale rammer. Planlegging og vedtak skal vere opne og føreseielege. Plan- og bygningslova fastset ordningar for deltaking der einskildpersonar, organisasjonar, næringslivet, kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorinteresser er med. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast og takast omsyn til når det skal fattast vedtak. Prinsippet om til dømes universell utforming skal takast hand om i planlegginga. Det same gjeld omsynet til oppvekstvilkåra for barn og unge, ivaretaking av landskapet og estetisk utforming av omgivnadene.

I den regionale planlegginga blir nasjonale og regionale interesser avklarte med hjelp av samordning mellom dei ulike aktørane og interessene og krav til medverknad for dei som blir påverka av tiltaket.

Kommuneplanar og reguleringsplanar er viktige reiskapar for kommunane for å sikre areal til bustader, barnehagar, skular og næringsverksemd, og sikre berekraftige samfunn med kvalitet i nærmiljø og utbygging, grønstruktur og uteareal, med vidare. Gjennom god planlegging sikrar ein òg miljøvennlege og effektive transportløysingar, samfunnstryggleik og andre viktige sam-

funnsformål i heile landet. Høg planaktivitet er positivt. Oppdaterte kommuneplanar inneber at fleire kommunar forvaltar arealressursane på bakgrunn av ny kunnskap, nytt regelverk og demokratiske medverknadsprosessar. Departementet har eit aktivt rettleings- og nettverksarbeid mot kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn på dette området. Boks 10.1. viser at planaktiviteten i Noreg er høg.

Boks 10.1 Planlegging i tal

Planaktiviteten i Noreg er høg og stabil. I 2012 rapporterte 390 av kommunane i landet at dei har ein gjeldande arealdel til kommuneplan, for 38 kommunar manglar innrapportering. Av desse 390 planane vart 26 vedtekte i 2012, 81 i 2011, 32 i 2010, 31 i 2009 og 28 i 2008. I 2012 vart det vedteke 2108 reguleringsplanar, fordelt på 156 områdereguleringsplanar, 1643 detaljreguleringsplanar og 309 reguleringsplanar. Dette er om lag på same nivå som dei siste fem åra.

Kjelde: KOSTRA, SSB.

Ei rekkje statlege styresmakter, fylkeskommunar og nabokommunar har rett til å fremje motsegn til kommuneplanens arealdel og til reguleringsplanar. Ordninga med motsegnrett er meint å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir tekne vare på i planlegginga, og at plansaker blir løfta opp til sentral avgjerd når det ikkje har vore mogleg å løyse avgjerande spørsmål gjennom den ordinære planprosessen. I 2012 vart 46 pst. av arealplanane på kommuneplannivå møtte med motsegn. Dette er 6 prosent mindre enn i 2011. Ei motsegn stoppar ikkje ein plan, men inneber at det må fattast ei avgjerd av Miljøverndepartementet dersom det ikkje blir semje mellom kommunen og det organet som har fremja motsegn. I nær 99 pst. av alle tilfella blir kommunen og det organet som har fremja motsegn samde. Gjennom departementet si avgjerd i motsegnssaker vert viktig nasjonale arealpolitiske spørsmål konkretiserte og formidla. Boks 10.2 syner mellom anna dei viktigaste grunngevingane for motsegnene.

Boks 10.2 Kommunale planar til avgjerd i Miljøverndepartementet

Av meir enn 2 000 arealplanar som blir vedtekne i kommunane kvart år, blir berre mellom 1 og 2 pst. sende til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd fordi det ikkje er oppnådd semje om innhaldet i planen. Dette viser at det i dei fleste tilfella blir funne fram til gode løysingar som foreinar lokale, regionale og nasjonale interesser. I 2012 var det 33 motsegnssaker som vart sluttbehandla i Miljøverndepartementet. Rapporteringa på dei nasjonale måla for planlegging syner at det er svært få av dei kommunale planane som gjeld bustadbygging i storbyane, som endar opp i departementet til avgjerd. Omsyn til strandsona, naturverdiar, landskap, friluftsliv og reindrift var dei viktigaste grunngevingane for motsegnene. Veg- og jernbane, kulturminne og konflikthar knytte til jordvern utgjer andre grunngevingar.

Planbehov og utfordringar varierer

Behova og utfordringane i planlegginga i dei ulike delane av landet varierer, og hovuddelen av planlegginga skjer som private planforslag. Planlegginga må møte utfordringar både i byar, tettstader

og område med spreidd busetnad. Det skjer ein betydeleg vekst i byar og tettstader. Om lag 80 pst. av befolkninga bur no i byar og tettstader. I storbyane og andre pressområde er planlegginga retta mot aukande arealmangel og behov for fortetting, bevaring av grøntområde og utvikling av miljø- og klimavenlege transportløysingar. Sjå òg resultatområde 7 Godt Bymiljø. I andre delar av landet er planlegginga eit verkemiddel for å oppretthalde busetjing og skape nye arbeidsplassar. Slik boks 10.3 viser er arealplanlegging eit utgangspunkt for ei konkretisering av korleis til dømes bustadbygging skal gjennomførast.

Boks 10.3 Areal til bustadbygging

Dei aller fleste kommunane har ein vedteken kommuneplan med arealdel. Gjennom ansvaret for å ha oppdaterte kommuneplanar har kommunane òg ansvaret for å sikre ei langsiktig tilrettelegging for areal til bustadbygging. Kommuneplanen skal gi ei avklaring av kor det kan byggjast mellom anna i forhold til andre arealinteresser. Det er i samanheng med kommuneplanen at dei store spørsmåla knytte til forhold som til dømes flaum og fare, friluftsliv og jordvern blir avgjort. Slik får ein eit føreseieleg utgangspunkt for ei konkretisering av korleis bustadbygging skal gjennomførast.

Denne store variasjonen i behov og utfordringar inneber at det er heilt naudsynt med regionale og kommunale tilpassingar til planarbeidet. Det er derfor ei utfordring å utforme ein heilskapleg nasjonal arealpolitikk som kjem dei ulike regionale utfordringane i møte. Regional planlegging er òg naudsynt for å få til gode løysingar og berekraftig utbyggingsmønster på tvers av kommunar og fylke, mellom anna innanfor samordna areal- og transportplanlegging, regional utvikling i fjellområda og i kystsona, regional byutvikling og regionale lokaliseringar. Interkommunale og regionale arealplanar blir utarbeidde på bakgrunn av eige behov eller etter initiativ frå departementet. Trass i innstramminga i plan- og bygningslova er det framleis eit sterkt press på strandsona. Bortfallet av inngrepsfri natur viser at utfordringa med å ta vare på slik natur ikkje er løyst. Det er framleis press på fjellområda.

Kommunane er planstyresmakt og har ansvar for å ta vare på nasjonale og regionale interesser av betydning i kommunale planar. Undersøkingar

gjorde av mellom anna Norsk institutt for by og regionforskning (NIBR) om styrking av planforskning og planleggjarutdanning i Noreg frå 2012, og av Vestlandsforskning, viser at det er store manglar i plan og miljøkompetansen i både kommunar og fylkeskommunar. Det er derfor naudsynt å sikre og styrkje kompetansen og kapasiteten på dette området.

Metode og statistikk for å følgje utviklinga

Miljøstatus i Noreg, www.miljostatus.no, gir oppdatert informasjonen om tilstand og utvikling for miljøet. Eit viktig mål er å skape forståing for kva som påverkar miljøtilstanden, konsekvensar og tiltak. Miljøstatus i Noreg inneheld miljødata for fleire viktige miljøtema. Nettstaden har i tillegg ei eiga kartløyising. Sjå òg verkemiddelområdet Kunnskap og staddata. Kommunane rapporterer i KOSTRA-systemet. Tala frå KOSTRA blir brukte til å vurdere måloppnåing knytt til nasjonale mål. Det manglar KOSTRA-rapportering frå om lag 10 pst. av kommunane. Dette er i hovudsak kommunar med få innbyggjarar. Departementet vil setje i gang ei heilskapleg evaluering av erfaringane med plan- og bygningslova på viktig område, blant anna knytt til måla for berekraftig arealforvaltning. Departementet finansierer fleire evalueringsprosjekt som har relevans for planforskning generelt og for følgjeevalueringa av plan- og bygningslova spesielt, knytte til forskningsprogrammet DemosReg.

Påverknader

Gode løysingar krev godt plansamarbeid mellom kommunar, fylke og statlege etatar. Oppbygging og funksjon av plansystemet er viktig for innhald og prosess i planlegginga.

For å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling må ein sjå samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk, slik plan- og bygningslova føreset. I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunane ta stilling til langsiktige mål og utfordringar for kommunen. Planane skal vere grunnlaget for arbeidet i sektorane og skal følgjast aktivt opp i handlingsplan og budsjett. Samfunnsdelen gir grunnlag for prioriteringar i arealdelen.

Det er ei utfordring for kommunane å sikre heilskaplege og langsiktige rammer, når hovuddelen av planlegginga skjer som private planforslag. Det er derfor viktig at kommunane brukar kommuneplanen aktivt for å sikre effektiv og god arealutnytting, samtidig som kravet til gode bu- og arbeidsmiljø blir tilfredsstilt.

Kravet om ei berekraftig utvikling og medverknad viser behovet for regionale og kommu-

nale planar som strategiske planar for langsiktig utvikling av fylke og kommune. Samordning og samarbeid mellom statlege, regionale og kommunale styresmakter er viktig for å følgje opp og avvege samfunnsinteresser. Dei fleste departementa stiller krav til kommunane på sine område. Det er viktig at kommuneplanane kan fange opp dei relevante plankrava utan at det nødvendigvis må utarbeidast eigne kommunale planar for dei ulike sektoromsyna. Det er for eksempel naudsynt å sjå næringsutvikling og verdiskaping, areal- og miljøforvaltning, levekår, folketalsutvikling og kommunal tenesteyting i nær samanheng.

Planlegginga må styrkjast på ei rekkje område for å sikre ei meir berekraftig utvikling. Fleire stader er omfanget av tiltak i strandsona framleis for høg, store samanhengande naturområde minkar og verdifulle jordbruksareal vert nedbygde. Det er eit mål å redusere transportbehovet og såleis klimagassutsleppa blant anna ved å unngå store bilbaserte kjøpesenter utanfor tettstadene. På ein-skilde område er det derfor naudsynt med ein strengare plan- og dispensasjonspraksis, samstundes som kommunar og fylkeskommunar får høve til å utarbeide gode planar gjennom betre rettleiing og kompetansebygging og aktiv samhandling med aktuelle styresmakter og samfunnsinteresser. Miljøverndepartementet samarbeider med ei rekkje departement og andre instansar om stadutvikling, samordna areal- og transportplanlegging, friluftsliv, universell utforming, vind- og småkraftverk, trygging av matjord, fornybar energi, næringsutvikling med vidare.

Tilstrekkeleg plan- og miljøkompetanse er ein føresetnad for god samfunnsplanlegging. Ei særleg utfordring er knytt til kompetansen i kommunane. I tillegg er kapasitet eit hinder i det regionale og lokale utviklingsarbeidet.

Tilgang til relevante data er òg ein føresetnad for god planlegging. Gode planar krev kunnskap om verdiane på, og bruken av areal og ressursar. Denne kunnskapen og systema for å handtere slike data må bli endå betre. Det er derfor naudsynt å få til eit samordna system for kartlegging og overvaking av arealbruken og betre tilgang til kart og geografisk miljøinformasjon. Dette vil òg medverke til å auke kvaliteten på konsekvensutgreiingar av kommunale og regionale arealplanar og fremje meir berekraftige samfunn. Sjå og verkemiddelområdet Kunnskap og staddata.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Skal ein nå måla om ein berekraftig arealpolitikk og bruk av plan- og bygningslova som vektlegg

gode miljøløysingar treng ein kunnskap og samordning på tvers av forvaltningsnivå og sektorar.

Omsyn i planlegginga

Dei nasjonale måla under Miljøforvaltninga sine resultatområde og verkemiddel gjer synleg Regjeringas miljøpolitiske satsingar. Arealpolitikk og samfunnsplanlegging i kommunar, regionar og stat etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga.

Planlegging etter plan- og bygningslova skal mellom anna medverke til å sikre allmenta sin tilgang til arenaer for rekreasjon, fysisk aktivitet og naturopplevingar langs strandsona, vassdrag og innsjøar. Fjellandskapet skal forvaltast på ein måte som mellom anna sikrar levedyktige bestandar av villrein, allmentas tilgang til attraktive friluftsområde, og balanse mellom bruk og vern. Planlegginga skal sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap, og mellom anna medverke til å sikre god tilgang på dyrka og dyrkbar matjord. Planlegging skal brukast til å redusere utslepp og til klimatilpassing, blant anna knytt til areal-, energi- og transporttiltak. Eit funksjonelt og godt fysisk bymiljø med tilgang på bustader er viktig for trivsel og helse. Krav om risiko- og sårbarheitsanalyser ved utarbeiding av planar for utbygging bidreg til auka samfunnsstryggleik.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal saman med statlege planretningslinjer, som konkretiserer den nasjonale politikken, leggjast til grunn for planlegging i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ. Plan- og bygningslova fastset at det skal utarbeidast nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga kvart fjerde år. I 2011 la regjeringa fram første forventningsdokument til kommunal og regional planlegging, *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal medverke til ei berekraftig utvikling og omfattar tema som klima og energi, by- og tettstadsutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, og helse, livskvalitet og oppvekstmiljø. Nasjonale retningslinjer for gjeldande arealpolitikk er gitt i St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Det er òg gjeve statlege planretningslinjer for prioriterte politikkområde som blant anna klima- og energiplanlegging i kommunane, samordna areal- og transportplanlegging, oppvekstvilkår for barn og unge, og differensiert strandsoneforvaltning.

Det er i tillegg lagt fram retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, og for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga. Regjeringa har fastsett rikspolitiske føresegnar for kjøpesenter. Naudsynleg oppdatering vert heile tida vurdert.

Folketalet i Noreg er venta å auke sterkt dei neste ti åra, hovudsakleg i byar og tettstadar. Planlegging er eit verkemiddel for å sikre areal til bustadbygging på kort og lengre sikt, og for å møte utfordringar knytte til transport, arealbrukskonfliktar, klimagassutslepp, helse og livskvalitet. Fylkesmenn og fylkeskommunar har ansvar for i rettleie kommunane i planlegging og i å sjøve lage regionale planar som tek omsyn til desse utfordringane. Eit nettverk for fylkesmennene og fylkeskommunane i dei 4 største byregionane er etablert, der dei drøfter utfordringar knytte til bustadforsyning og areal- og transportløysningar i dei respektive storbyregionane. Erfaringar frå det regionale plansamarbeidet om areal- og transportplanlegginga mellom Oslo kommune og Akershus fylkeskommune som blei etablert i samsvar med vedtak i Ot.Prop. nr. 10 (2008–2009) vil komme godt med i dette arbeidet. Nettverket er eitt av tiltaka i satsinga «Plansatsing mot store byar» som skal medverke til betre bymiljø og tilstrekkeleg tilrettelegging for bustadbygging.

Samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektor- og kommunegrenser er viktige grep for å få til ei framtidsretta by- og tettstadsplanlegging. Programmet Framtidas byar er eit nasjonalt samarbeidsprogram mellom 13 bykommunar, KS, fire departement og næringslivet sine hovudorganisasjonar for å redusere klimagassutsleppa, møte framtidige klimaendringar og gjere byane betre å bu i.

Regjeringa vil innføre ei områdesatsing retta mot utsette byområde i Oslo og Drammen der fysiske og sosiale levekår har vorte forverra dei seinare åra. Viktige grep i satsinga er stadsutvikling, forbetring av bustader og bustadområde, og tiltak for vanskelegstilte, oppgradering av grøne uteområde, folkehelseiltak og andre tiltak retta mot barn og unge og betre tilhøve for gang-, sykkel og kollektivtransport.

Departementet vil ha ein meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrkje sentrumsutviklinga i byar og tettstader i heile landet. Dette skal føre til ein meir samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk og leggje til rette for miljø- og helsefremjande transportval. Derfor har Miljøverndepartementet sendt ut eit forslag til ny statleg planføresegn for lokalisering av kjøpesenter og handel og eit forslag til ny statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

Føresegna skal avløyse dei gjeldande rikspolitiske føresegnene og retningslinjene. Føresegna skal leggast til grunn ved utarbeiding av nye regionale og kommunale planar.

Planretningslinjene for strandsona har som mål å gjere tydeleg nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Det blir gjennomført ei sterkare geografisk differensiering slik at byggeforbodet blir strengast praktisert i sentrale område der presset på areala er stort, for å sikre allmentas tilgang til viktige natur- og friluftsområde. Dei siste åra er det sett i verk tiltak for å sikre dei inngrepsfrie naturområda, mellom anna krav om planprogram og konsekvensutgreiingar når kommunane legg ut nye arealområde i kommuneplanens arealdel. For fjellområda har Miljøverndepartementet eit program der målet er at fylkeskommunane innan 2014 skal ha vedteke regionale planar for heilskapleg forvaltning av fjellområde som er viktige for villreinen, blant anna ved å angi nasjonale villreinområde og buffersoner i dei regionale planane.

Miljøverndepartementet har òg bede fylkeskommunar og kommunar om å prioritere vurdering av fritidshus i si kommunale og regionale planlegging, og er oppteke av at kommunane tek stilling til standard og storleik på eksisterande fritidsbustader i kommuneplanen. Miljøverndepartementet har òg teke initiativ til at det blir utarbeidd regionale planar for vindkraft.

Fleire omsyn er nemnde særskilt i plan- og bygningslova i 2008. Prinsippet om universell utforming er eit av desse. Departementet arbeider med å styrkje dette aspektet i kommunal og regional planlegging, med vekt på å heve kompetansen lokalt og regionalt. Miljøverndepartementet har derfor gjennomført *Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylke og kommunar i perioden 2009 – 2013*. Det omfatta ca. 80 kommunar og 16 fylke. Eit tilsvarande nettverk for å fullføre målet om 25 pst. aktiv deltaking i strategisk arbeide med universell utforming frå kommunane og frå alle fylke, vert ført vidare i 2014. Universell utforming er òg teken med i departementet sitt arbeid med by- og tettstadutvikling, uteområde, friluftsliv og kulturminne. Tilgjengetilhøva i kommunesenter og friluftsområde i nærmiljø har eit særskilt fokus. Forslag til målbare arealbruksindikatorar er utvikla i Noreg digitalt og i Matrikkel.

Departementet vil halde god kontakt med instansar som har viktige oppgåver i utforminga av dei fysiske omgivnadane. Tiltak for auka kompetanse innan planbistand internasjonalt er òg ein del av departementet sitt arbeid.

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen. Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for oppfølging av konvensjonen i Noreg. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og å organisere europeisk samarbeid om dette. Departementet ønskjer å få på plass ein samla, nasjonal landskapspolitikk som gjer greie for mål, vegval og aktuelle tiltak i samsvar med ansvarsdelinga mellom styresmaktene på ulike nivå. Departementet samarbeider med andre sentrale statsorgan, Nordisk Ministerråd og Europarådets organ om å utvikle politikken og metodebruken.

Ordninga med motsegnrett er meint å sikre at nasjonale interesser blir tekne hand om og følgt opp i planlegginga, og at plansaker blir løfta opp til sentral avgjerd når ein ikkje får til ei løysing lokalt. Dei fleste motsegnene blir løyste gjennom planprosessen. Motsegn er eit nødvendig element i det samla plansystemet, og både kommunane og styresmaktene med motsegnrett må medverke til å få til gode planprosessar og føremålstenleg bruk av ordninga med motsegn.

Oppdaterte planar på kommunalt og regionalt nivå

Regionale og kommunale planstrategiar skal lagast kvart fjerde år. Dei skal ta stilling til viktige planspørsmål for nyvalde fylkesting (regional planstyresmakt) og kommunestyre. Planstrategiane skal ta utgangspunkt i nasjonale mål og rammer frå Regjering og Storting, og leggje vekt på lokal røynsle og kunnskap i den regionale og kommunale tilpassinga av politikken. Miljøverndepartementet har fått delegert mynde til å godkjenne dei regionale planstrategiane. På denne måten kan statlege forventningar til planlegginga tilpassast dei ulike regionale utfordringane. Bruk av regionale planar for å gjere tydeleg den nasjonale politikken og oppnå betre samspel i planprosessen er eit viktig verkemiddel for å vere føreseieleg og klargjere kommunen sitt handlingsrom. Planstrategiane inneber ein gjennomgang av behovet for kommunal og regional planlegging i heile landet, blant anna knytt til nasjonale og regional mål for berekraftig arealforvaltning. Kommunane har teke i bruk dette nye verktøyet. Av dei 428 kommunane i landet har 404 rapportert til fylkesmennene at dei har vedteke ein planstrategi mens 24 av ulike årsaker førebels ikkje ser ut til å ha fått laga denne gjennomgangen av kommunen sitt planbehov. Desse 24 vert no følgde opp av sine fylkesmenn og fylkeskommunar. I plandelen av plan- og bygningslova er det fleire verktøy som vil styrkje den regionale

arealplanlegginga. Interkommunale planar vil utfylle regionale planar initiert av fylkeskommunen. Det er òg gitt eigne reglar som skal sikre betre samordning mellom statlege verneplanar etter naturmangfaldlova og arealbruken i randsonene til slike område.

Arealbruken må sjåast i ein heilskapleg samanheng. Dette sikrar at viktige omsyn som til dømes landskap, naturmangfald og naturressursar kjem tidleg inn i planprosessen og at utbyggingmønsteret kan planleggjast slik at det blir mest mogleg berekraftig. Oppdaterte planar baserte på ny kunnskap og nytt regelverk kan i større grad ta vare på dette.

Plan- og miljøkompetanse

Det er eit mål at planlegging i kommunar, fylke og regionar skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk. God plan- og miljøkompetanse er ein viktig føresetnad for ei ønskt utvikling. Oppgåver, mynde og forventningar må derfor vere tydelege, slik at kommunane kan utnytte det miljøpolitiske handlingsrommet dei har. Nasjonal politikk og statlege interesser skal vere effektivt formidla til kommunar, regionalt nivå og statlege styresmakter. Statlege planverkemiddel for prioriterte politikkområde skal vere oppdaterte. God plan- og miljøkompetanse skal vere bygd opp gjennom interkommunale løysingar, arbeid i nettverk, erfaringsformidling frå utviklingsarbeid og andre rettleiings- og opplæringstiltak. Etatane på regionalt nivå må så snart råd er gjere kommunen kjend med viktige nasjonale og regionale interesser. Departementet held fram med rettleiinga mot kommunane, og legg vekt på korleis verktøy i plan- og bygningslova kan nyttast for å sikre betre kommunal styring.

Miljøverndepartementet legg stor vekt på utvikling av regelverk og rettleiarar som utdjupar innhaldet i lova og gir føringar for korleis viktige tema skal takast hand om gjennom planlegginga, og formidlar nasjonal politikk og god planpraksis. Fylkeskommunane har etter lova ansvar for fagleg oppfølging innanfor planlegging, og står saman med fylkesmennene for formidling og oppfølging av kommunane og statlege sektorstyresmakter. Det er etablert fleire lærings- og utviklingsnettverk mellom departementet, fylkeskommunane og fylkesmennene for å sikre klar og effektiv formidling av nasjonal politikk og statlege interesser. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har viktige formidlingsoppgåver knytte til kommunal og regional planlegging innanfor sine fagfelt. Miljøverndepartementet samarbeider med fylkeskommunane, fylkesmennene og KS

om bistand og oppfølging av kommunane slik at dei kan drive eit aktivt utviklingsarbeid når det gjeld kommunal planlegging.

Gjennom departementet sine avgjersler i motsegn- og klagesaker blir viktige nasjonale arealpolitiske spørsmål konkretiserte og formidla.

Avgjersler og lovførtolkingar blir publiserte i rettskjelderegisteret Gyldendal Rettsdata og publikasjonen PlanJuss. Det er vidare lagt stor vekt på å formidle fortløpande informasjon over departementet sine internettsider www.planlegging.no.

www.miljokommune.no er eit hjelpemiddel for kommunane til saksbehandling innan miljø og planlegging og har dermed eit meir spesialisert tilbud enn www.planlegging.no, retta mot kommunane. Føremålet er å møte nokre av kompetanse- og kapasitetsutfordringane i kommunane.

Effektivisering av planprosessar

For å fremje raskare og meir effektive planprosessar kan det vere aktuelt å bruke statlege planverkemiddel meir aktivt innanfor ramma av plan- og bygningslova §6-4. Dette gjeld særleg for store eller særskilt prioriterte samferdselstiltak, og for tiltak med stor betydning for samfunnsstryggleiken.

Planleggingstid og ressursbruk har auka dei siste åra. Regjeringa har som mål å halvere den totale planleggingstida for store samferdselsprosjekt. For store bane- og vegprosjekt tek det om lag 10 år frå planlegginga startar til byggjeart, inkl. KVVU/KS1/KS2. Bruk av tid på å avklare interessekonfliktar så tidleg som mogleg er viktig. Det blir vurdert å bruke planprogrammet meir aktivt for bl.a. å samordne behandlinga av KVVU/KS1 og planprosessar etter plan- og bygningslova i større grad og avgrense talet på alternativ som skal utgreiast i planlegginga etter PBL. Det skal òg utarbeidast rettleiande tidsfristar for utarbeiding av planar og behandling av samferdselsprosjekt.

Hausten 2013 gjorde departementet ferdig ei utgreiing av praktiseringa av motsegner i plansaker og kva konsekvensar bruken av motsegnsinstituttet har. Utgreiinga som var resultat av «motsegnprosjektet», var mellom anna basert på ein rapport frå NIBR (juni 2013) der dei analyserte tal frå KOSTRA og gjennom intervju henta ut erfaringar med motsegnssystemet. Departementet har sendt ut eit nytt rundskriv T-2/13 med retningslinjer for motsegn. Rundskrivet er basert på erfaringane frå motsegnprosjektet. Motsegnordninga vil bli følgd opp framover. Målet er å

leggje betre til rette for ei god og effektiv behandling av plansaker, mellom anna auka samhandling mellom statlege fagorgan, fylkeskommunane og kommunane.

Boks 10.4 Retningslinjer for motsegn etter plan- og bygningslova

Det nye rundskrivet T-2/13 med retningslinjer for motsegn etter plan- og bygningslova peikar på behovet for samarbeid og samordning, og framhevar at:

- Interesser som kan gi grunnlag for motsegn skal komme fram så tidleg som mogleg
- Det skal leggast vekt på tidleg medverknad og god dialog
- Motsegn skal berre fremjast når det er nødvendig
- Motstridande motsegn skal samordnast der det er mogleg
- Prosessane knytte til motsegn skal effektiviserast og betrast

Den 11. juni 2013 vedtok miljøvernministeren, etter stor interesse frå fylkesmennene, å setje i gang eit forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale planar. Målet med forsøket er å få til raskare behandling av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Fylkesmannen får i forsøket ansvaret for å samordne og fremje motsegn til kommunale planar på vegner av dei statlege motsegnstyresmaktene. Følgjande fylkesmenn vart valde ut for ein forsøksperiode på 3 år: Vestfold, Aust-Agder, Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag og Nordland. Miljøverndepartementet la i brev av 3. september 2013 fram føringar for gjennomføringa av forsøket. Departementet vil òg medverke med midlar til fylkesmennene. I tillegg blir det vurdert å setje i gang eit forsøk der motsegn grunngeven i kulturminnevern blir ein del av samordninga på same måte som for statlege organ.

Miljøverndepartementet har i 2013 arbeid med forslag til enkelte endringar i plan- og bygningslova. Endringane som er på høyring til 9. desember 2013 gjeld mellom anna justering av «5-årsregelen» slik at kommunen kan vedta ein lengre varigheit på private reguleringsplanar enn 5 år. Vidare er det arbeid med visse justeringar i føresegnene i lova om planprogram og konsekvensutgreiing. Endringsforslaget har òg nye fris-

tar for slutfasen av eit ferdig utarbeidd planforslag for å medverke til at saker ikkje blir liggjande ubehandla i overgangen mellom behandlingsledda. Forslaga gjeld frist på 12 veker for når ei sak bør vere ferdigbehandla og fremja, frist på 2 veker frå kommunestyrevedtak til saka blir send over til fylkesmannen og frist 4 veker for når saka skal sendast vidare frå fylkesmannen til Miljøverndepartementet.

Geografisk informasjon

Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, flyfoto, plandata, eigedomsdata og andre geodata er viktig avgjerdsgrunnlag for samfunnsplanlegging, samfunnstryggleik og areal- og ressursforvaltning, og må vere tilgjengelege. Oppdaterte data er viktige for verdiskaping og utvikling av tenester og informasjon, og for medverknad og opne demokratiske prosessar. Stortinget vedtok gjennom Prop. 149 S (2012–2013) tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2013 at dei viktigaste nasjonale kartdata skal vere opne og gratis for alle. Dette vert vidareført i 2014. Dette er òg nærare omtalt under verkemiddelområdet Kunnskap og staddata.

Plan- og bygningslova pålegg kommunane å syte for planregister og eit offentleg kartgrunnlag i kommunen. Det er sett i verk tiltak for å fremje system for å hente inn og å gjere tilgjengeleg informasjon om arealstatus, arealutvikling og planstatus til bruk i planlegging og styring. Departementet legg vekt på informasjon og rettledning om slike system. Kommunane er ved hjelp av Kartverket og private aktørar i gang med såkalla geosynkronisering, det vil seie ferskast mogleg data for kontinuerleg oppdatering av detaljerte kartdata og plandata ut til brukarane. Det finst ei rekkje databasar som omhandlar arealbruk og arealverdiar i ulike institusjonar, og desse vil etter geodatalova vere pliktige til å dele data med kvarandre. Miljødatabasane som for eksempel Miljødirektoratets Naturbase, Riksantikvarens Askeladden og Artsdatabankens Artskart gir informasjon om miljøverdiane på ulike areal. Kommunane er som arealstyresmakt brukar av alle desse basane. Det er oppretta ei eiga side for plankart og planregister med lenker til nasjonal produktspesifikasjon for arealplan, teikneregler osv. www.regjeringen.no/kartforskriften. Sjå òg dei ulike resultatområda for Miljøforvaltninga og verkemiddelområdet Kunnskap og staddata for meir om politikk og rapportering på dei nasjonale måla.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

Miljøverndepartementet har utvikla nasjonale mål og indikatorar for å måle om planlegginga for ei berekraftig samfunnsutvikling går i ønskt retning.

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er tverrgående verkemiddel som er grunnleggjande føresetnad for å oppnå mål i miljøpolitikken, og gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda. Sjå derfor også omtale i dei enkelte resultatområda for korleis til dømes plan- og bygningslova og nasjonale føringar og politikk for arealplanlegging og arealdisponering verkar inn på miljøet.

1. Landet skal ha ein berekraftig arealpolitikk. Planlegginga i kommunar, fylke og regionar skal sikre effektiv saksbehandling og god samordning mellom forvaltningsnivå og sektorar.

Indikatorar:

- Talet på interkommunale og regionale arealplanar.

Alle fylkeskommunane har utarbeidd regionale planstrategiar og oversendt desse til Miljøverndepartementet. Gjennom godkjenning av dei regionale planstrategiane sikrar Regjeringa at prioriterte nasjonale område blir tekne opp i den regionale planlegginga. Etter føresegnene i lova skal regionale planar utover den regionale planstrategien ikkje godkjennast sentralt. Dersom statlege styresmakter eller kommunar som er direkte involverte har vesentlege innvendingar til ein regional plan, skal planen til sentral behandling.

5 regionale planar var til behandling i Miljøverndepartementet i 2013 på bakgrunn av innvendingar frå fylkesmennene. Tematisk spenner plantema i desse regionale planane frå små vasskraftverk, senterstruktur og handel, til vindkraft og villrein.

- Utviklinga av kommunal planaktivitet målt etter talet på vedtekne kommuneplanar og kommunedelplanar, reguleringsplanar med kommunalt og privat initiativ, tidsbruk i plansaker og ressursbruken målt som brutto driftsutgifter

Planaktiviteten i Noreg er høg og stabil. Jamfør tabell 10.1.

Tabell 10.1 Reguleringsplanar

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på vedtekne reguleringsplanar	2 095	1 935	1 983	2 067	2 182	2108
Delen av reguleringsplanane som er private (prosent)	76	75	72	72	62	58

Kjelde: KOSTRA, SSB

Tala tyder på stor aktivitet i kommunane, utviklinga går i retning av at ein auka del reguleringsplanforslag blir fremja av kommunane sjølve.

Samla saksbehandlingstid er ein indikator på effektiviteten i kommunane si planbehandling. I 2012 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for vedtekne reguleringsplanar fremja som private forslag etter ny lov 281 kalenderdagar. Dette er om lag som i 2011 og 2010 med respektive 273 og 274 kalenderdagar. Reell saksbehandlingstid varierer mykje, og det er knytt noko uvisse til tala fordi kommunane rapporterer ulikt på desse tala.

Ifølgje kommunerekneskapen i KOSTRA brukte Kommune-Noreg 3,4 mrd. kroner til fysisk planlegging, byggjesaksbehandling og kart og oppmåling i 2012. Tilsvarende tal for 2011 var 3,3 mrd. kroner. Av desse utgiftene dekte kommunane inn 2,2 mrd. kroner (mot 2 mrd. kroner i 2011) i form av gebyr og andre inntekter. Storlei-

ken på gebyra varierer mykje. I dei store byane blir det ofte fremja store og komplekse planar som gir høge gebyr og lang saksbehandling.

- Talet på kommunar med aktuell planstrategi, samfunns- og arealdel av kommuneplanar og kommunedelplanar innanfor prioriterte område.

I 2012 rapporterte 390 av kommunane i landet at dei har ein gjeldande arealdel til kommuneplan, for 38 kommunar manglar innrapportering. Av desse 390 planane vart 26 vedtekne i 2012, 81 i 2011, 32 i 2010, 31 i 2009 og 28 i 2008. Det var 42 kommunar som rapporterte ei arealdel vedteken før år 2000. 148 kommunar melder at dei har ein arealdel vedteken mellom år 2000 og 2008. I 2012 vart det vedteke 2108 reguleringsplanar, fordelt på 156 områdereguleringsplanar, 1643 detaljreguleringsplanar og 309 reguleringsplanar. Dette er om lag på same nivå som dei siste fem åra.

388 kommunar rapporterer at dei har ein samfunnsdel, for 40 kommunar manglar innrapportering. 23 samfunnsdelar vart vedtekne i 2012, 69 i 2011, 31 i 2009. 296 rapporterer at planstrategi vart vedteken i 2012. 61 kommunar har vedteke planstrategi tidlegare år. Tala rapportert i KOSTRA er dermed noko lågare enn når det er undersøkt direkte av fylkesmennene med samtlege kommunar. I deira sjekk vart det fastslått at 404 kommunar har ein vedteken planstrategi, mens 24 av ulike årsaker enno ikkje hadde ei ferdig vedteken strategi.

Talet på vedtekne samfunnsdelar til kommuneplan og tematiske kommunedelplanar for 2012 er 144, mot 203 vedtekne planar i 2011, 161 i 2010, 163 i 2009 og 94 i 2008. Kjelde: KOSTRA, SSB.

Gjennomsnittleg alder for arealdelen i kommuneplanen er 5,5 år, og for samfunnsdelen er den 6 år. Men det er framleis fleire kommunar som ikkje har oppdatert eller kvalitativt god nok kommuneplan. Mangel på kompetanse og kapasitet til å utføre planlegginga er eit hinder i fleire kommunar.

Kommunane utarbeider planar for ei rekkje viktige plantema. Tabell 10.2. gir eksempel på dette.

Tabell 10.2 Del av kommunane i 2012 med gjeldande plan for viktige plantema

	Del kommunar med plan	Gjennomsnittsalder
Klima og energi	78 prosent	2,1 år
Biologisk mangfald	50 prosent	4,9 år
Friluftsliv	66 prosent	4,0 år
Kulturminne og kulturmiljø	54 prosent	4,6 år
Landskap	40 prosent	3,5 år
Universell utforming	38 prosent	2,6 år

Kjelde: KOSTRA, SSB.

Kommunane rapporterer på universell utforming gjennom KOSTRA. Arbeidet med å styrkje universell utforming i kommunal og regional planlegging har verknad ved at delen av kommunar med særskilt planfokus på universell utforming var 38 prosent i 2012, mot 39 prosent i 2011 og 30 prosent i 2010. I 2012 har 8 fylkeskommunar tilsvarande fylkesdelplanar eller føresegnar i fylkesplanar, ein meir enn i 2011. I 2012 var talet på kommunar med plan eller retningslinjer med fokus på universell utforming 141, om lag det same som i 2011.

Sjå òg resultatområde 1 Levande hav og kyst, 2 Livskraftige elvar og innsjøar, 5 Storslått fjellandskap, 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap, 7 Godt bymiljø, 8 Aktivt friluftsliv, og 11 Stabilt klima for omtale av planlegging innanfor prioriterte område.

2. All planlegging i kommunar, fylke og regionar skal skjje innanfor ramma av nasjonal politikk

Indikatorar:

- Tal på og type motsegner fremja i planprosessen, etter motsegsorgan og -grunn, og tal avgjort av Miljøverndepartementet.

I 2012 vart det fremja motsegn til 73 av i alt 159 kommune(del)planer som var sende på høyring. Det svarer til 46 pst. av planane. Det vart fremja motsegn til 614 av i alt 1993 reguleringsplanar. Det svarar til 31 pst. av planane. Tala for 2011 var respektive 52 og 33 pst., for 2010 var dei 48 og 29 pst. Kjelde: KOSTRA, SSB.

I KOSTRA fordeler kommunane motsegnene i forhold til om lag 16 indikatorar knytte til grunngevinga for motsegna. Indikatorane er delt i tre hovudgrupper der «Miljøindikatorane» omfattar om lag 37 pst., «Transport og plan» om lag 31 pst., «Næring» om lag 17 pst. og «Andre omsyn» om lag 15 pst. av motsegnene for kommuneplanane i 2012. For reguleringsplanar er fordelinga av kva motsegnene er grunngitte med noko annleis. Tala for 2012 viser at «Næring» på dette plannivået utgjer berre 5 pst., «Transport og plan» utgjer 34 pst., «Andre omsyn» utgjer 15-16 pst., mens «Miljø» utgjer 45 pst.

Av enkeltindikatorane er utbyggingsmønster (17 pst.), naturvern, friluftsliv, landskap og grønstruktur (13 pst.), jord- og skogbruk (10 pst.), strandsona (9 pst.), og kulturminne og kulturmiljø (8 pst.) dei grunngevingane som vart brukt oftast i

motsegnene til kommuneplanane i 2012. På reguleringsnivå har utbyggingsmønster (13 pst.) og plankvalitet redusert sin del innanfor gruppa Transport og plan, medan barn og unge sitt oppvekstmiljø (6 pst.) og transport (10 pst.) har auka som grunngeving. Innanfor miljø er det ein liten reduksjon av strandsona og naturvern, friluftsliv, landskap og grønstruktur som grunngeving, mens forureining/støy (10 pst.), kulturminne/kulturmiljø (11 pst.) og vatn/vassdrag (6 pst.) har auka sin del som grunngeving. Dette svarar til skilnaden i detaljeringsnivå mellom plantypene.

Rapporteringa i KOSTRA omfattar ikkje korleis kommunane agerer som følgje av motsegnene til planane.

Tala for 2012 viser ein auke i talet på behandla planar, men ein reduksjon i omfang av motsegner til kommuneplanen sin arealdel og ein svak nedgang i motsegner til reguleringsplanar.

Av meir enn 2 000 arealplanar som blir vedtekne i kommunane kvart år, blir berre mellom 1 og 2 pst. sende til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd fordi det ikkje er oppnådd semje om innhaldet i planen. I 2012 var det 33 motsegnssaker som vart sluttbehandla i Miljøverndepartementet. Dette viser at det i dei fleste tilfella blir funne fram til gode løysingar som foreinar lokale, regionale og nasjonale interesser. Det er fylkesmannen, Statens vegvesen og reindriftsnæringa som oftast har motsegner til planar som hamnar i Miljøverndepartementet.

Det er svært få av dei få kommunal planane som gjeld bustadbygging i storbyane som endar opp i departementet til avgjerd. Boks 10.5 synleggjer dette.

Boks 10.5 Planar for bustadbygging i byane

I løpet av 2012 har Miljøverndepartementet behandla følgjande plansaker som angår bustadbygging i storbyane:

- Osloområdet: I Ås kommune sa Miljøverndepartementet nei til 2 bustadområde utanfor sentrum. Departementet meinte bustadbygginga bør skje i sentrum for å styrkje kollektivknutepunktet. I Bærum var det reist motsegn mot eit bustadområde ut frå omsynet til kollektivtransport, men Miljøverndepartementet opna for bustadbygging
- Bergen: Miljøverndepartementet har ikkje behandla motsegnssaker om bustadbygging i perioden
- Stavanger: Miljøverndepartementet sa nei til 40 nye bustader av omsyn til jordvern og kulturlandskap. Dei to aktuelle områda låg innanfor område definerte som kjerneområde landbruk
- Trondheim: Miljøverndepartementet har ikkje behandla motsegnssaker om bustadbygging i perioden.

- Talet på dispensasjonar for nybygg i verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområde.

Planar heimla i plan- og bygningslova er bindande eller retningsgivande for kva slag tiltak som kan gjennomførast i område med stor miljøverdi. Det gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde og andre typar område med restriksjonar for byggeaktivitet. I 2012 vart det gitt 1 851 byggeøyve i samsvar med kommunale arealplanar i desse områda. Dette er ein nedgang frå 2011 og 2010 då det vart gitt om lag 2 600 øyve. I tillegg vart det gitt dispensasjonar. I 2012 vart det gitt 1 401 dispensasjonar for nybygg i landbruks-, natur- og friluftsområde, noko som er om lag på same nivå som dei tre siste åra.

Regjeringa har som mål å halvere den årlege omdisponeringa av dyrka jord til under 6 000 daa pr. år. KOSTRA-statistikken skil ikkje mellom fulldyrka og overflatedyrka jord. Tabell 10.3 viser at målet ikkje er nådd om ein òg tek med tapet av alle typar dyrkbar mark. I 2012 vart 6 567 dekar dyrka jord omdisponerte til andre formål enn landbruk. (Den største delen av omdisponeringa, 82 pst., skjedde ved at areala vart regulerte etter

plan- og bygningslova). Dette er den lågaste registrerte omdisponeringa av dyrka jord i Noreg sidan registreringane starta i 1976. Samtidig var det ein

liten auke i den samla omdisponeringa frå 2011 til 2012. Det er dermed viktig å føre ei restriktiv linje for arealdisponering.

Tabell 10.3 Omdisponering av dyrka og dyrkbar mark (avrunda til næraste 50 daa)

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på dekar dyrka og dyrkbar mark som er omdisponerte til andre formål enn landbruk	15 100	14 950	13 000	12 250	10 550	11 200
Av dette, dyrka mark (daa)	8 500	7 900	8 300	6 650	6 650	6 550

Kjelde: KOSTRA, SSB.

Plan- og bygningslova er det viktigaste verkemidlet for å sikre berekraftig forvaltning av jordressursane. Ei arbeidsgruppe oppretta av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet la i mars 2013 fram forslag om korleis verkemidla i plan og bygningslova kan nyttast betre for å styrkje jordvernet. Departementa har no desse forslaga til vurdering.

Talet på fritidsbustader i strandsona, i snaufjell, og i og nær villreinområde er gode indikatorar på om kommunane og fylka har følgd opp nasjonal politikk på desse viktige arealpolitiske områda. Kommunane rapporterar ikkje i detalj på kvar fritidsbustadane vert oppført i KOSTRA. I 2007 vart dette undersøkt i detalj og då var det 32 400 fritidsbustader i snaufjellet, 64 800 fritidsbustader låg innan 4 km frå villreinområde, og 82 800 fritidsbustader låg i 100-metersbeltet langs sjø. Departementet har mål om å detaljundersøke dette feltet med jamne mellomrom.

Regjeringa vedtok i mars 2011 statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsoneforvaltning. Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen innanfor ramma av plan- og bygningslova.

Retningslinjene deler landet inn i tre hovudområde:

- Kystkommunar i Oslofjorden til og med Telemark
- Andre område der presset på areala er stort
- Område med mindre press på areala

Departementet og Miljødirektoratet følgjer opp retningslinjene gjennom dei regionale kystsonenettverka og i det generelle rettleiingsarbeidet.

Dei tilgjengelege areala for friluftsliv i strandsona minkar. I perioden 2005–2012 har tilgjengeleg areal blitt 1,9 pst. mindre i heile landet. I Sør-Noreg (frå Østfold til og med Hordaland) har

reduksjonen vore på 3,4 pst. Kjelde: SSB. Sjølv tendensen framleis går i retning av mindre tilgjengeleg areal for friluftsliv i strandsona, har årleg reduksjon avteke både på landsbasis og i Sør-Noreg dei siste åra.

Byggjeaktiviteten i strandsona minkar og ein har klart å bremse nedbygginga av fellesareala langs kysten. I perioden 2006 til 2011 minka bygginga i strandsona utanom tettstader med ein fjerdedel. I 2011 vart det utanom tettstader sett i gang i underkant av 3 100 bygg, mot ca. 4 100 i 2006. Kjelde: SSB/Matrikkelen. Dei fleste fylka hadde færre bygg som er sette i gang i 2011 samanlikna med året før. Til trass for stor nedgang i byggjeaktiviteten i 100-metersbeltet i Hordaland i 2011, er det i følgje tal frå SSB framleis det fylket med flest bygningar som er sette i gang i strandsona. Færre søker om dispensasjon og 2011 var første året sidan 2006 at kommunane mottok færre søknader om nybygg i strandsona. Samstundes er det ein aukande del av desse søknadane som blir innvilga. I 2012 vart 86 pst. innvilga, tilsvarende tal for føregåande år er 78 pst. i 2011, 74 pst. i 2010, 66 pst. i 2009 og 67 pst. i 2008. Rapporteringa i KOSTRA viser at det i 2012 vart gitt 1 101 dispensasjonar, mot 1045 i 2011 for bygging i strandsona langs sjøen. I 2010 vart det gitt 1 122 dispensasjonar, mot 900 i 2009 og 812 i 2008. Nivået på godkjente dispensasjonar er framleis høgt samanlikna med 2008 og 2009.

Færre byggjer med utgangspunkt i ein reguleringsplan, jamfør den restriktive praksisen for nye planar med byggjeområde i strandsona. I 2012 vart det gitt 897 byggjeløyve i samsvar med plan, noko som er lågare enn alle åra i perioden 2005–2011. Jamfør at det vart gitt om lag 1 300 byggjeløyve i samsvar med plan i 2011, noko som òg er lågare enn i tidlegare år.

Tabell 10.4 viser utvikling i dispensasjonar og byggjeløyve i strandsona.

Tabell 10.4 Utbygging i strandsona

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjøen	1134	808	767	812	900	1122	1045	1101
Talet på godkjente byggjeløyve i samsvar med plan	1930	1 306	1 658	1 729	1 503	1541	1294	897

Kjelde: KOSTRA, SSB.

Tala viser at det til trass for innstramma i plan- og bygningslova og statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsoneforvaltning, framleis er eit stort press på bygging i strandsona. Det er naudsynt med oppdaterte planar for strandsonerområda og ei innskjerping av dispensasjonspraksis i samsvar med dei statlege planretningslinjene, for å sikre allmenta sin tilgang til viktige friluft- og naturområde. Utviklinga viser òg at det framleis er nødvendig med tydelege nasjonale føringar om ein streng plan- og dispensasjonspraksis i område med høgt utbyggingspress i strandsona. Tala viser at Regjeringas innskjerpingstiltak er naudsynte slik at den positive utviklinga frå 2011 til 2012 held fram. Jamfør at dei samla tala for dispensasjonar og byggjeløyve etter plan i 2012 for første gang i perioden frå 2005, var under 2 000. Det er eit mål at delen gitte dispensasjonar går ned, og at arealbruken i strandsona skjer i tråd med oppdaterte kommuneplanar. I desse planane bør kommunane vurdere å ta ut forelda, ikkje utbygde utbyggingsområde. Utviklinga i strandsona blir følgt gjennom KOSTRA-rapporteringa, og blir kunngjort av SSB i juni kvart år. I tillegg utarbeider SSB kvart år frå og med 2010 ein eigen arealstatistikk om status og tilgjenge for friluftsliv i strandsona.

KOSTRA-tal for dispensasjonar frå byggjeforbod i 100-metersbeltet langs vatn og vassdrag viser at det i 2012 vart gitt 412 dispensasjonar for nybygg. Dette er høgare enn i 2011 då det vart gitt 244 dispensasjonar. I 2010 vart det gitt 319 dispensasjonar, i 2008 og 2009 respektive 203 og 163 dispensasjonar.

Departementet ser det slik at det i ein del pressområde framleis er behov for ein skjerpa politikk og betre plangrunnlag for å sikre strandsona langs vatn og vassdrag for allmenta, og av omsyn til flaum, klimatilpassing og naturmangfald. Departementet vil i si rettleiing framover leggje vekt på behovet for heilskapleg planlegging av arealbruken langs vatn og vassdrag med eit særleg fokus på flaum og klimatilpassing, og innskjerpa dispensasjonspraksis.

Sjå òg relevante resultatområde for miljøforvaltninga for omtale.

- Politikk formidla gjennom blant anna nasjonale forventningar, skriv, kurs og departementet sin nettstad.

Miljøverndepartementet utarbeider rettleiing om berekraftig planlegging og formidlar nasjonal politikk og god planpraksis.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging skal leggjast til grunn for planlegginga i kommunar og fylkeskommunar.

Det er utarbeidd bindande statlege planføresegner (SPB), og fleire statlege planretningslinjer (SPR) som er retningsgivande for planlegginga.

Nettstaden www.planlegging.no som er drifta av Miljøverndepartementet, er ein viktig arena for formidling av regelverk og rettleiarar til alle grupper og nivå av planleggjarar. Nettbaserte rettleiarar blir oppdaterte jamleg. Utfordringa er å sikre god oversikt og at kommunar, planleggjarar o.a. blir merksame på oppdateringar og endringar. Fylkeskommunen og fylkesmannen sitt rettleiingsansvar er viktig i denne samanhengen.

I tillegg til regelverk og rettleiarar blir avgjerder i motsegnssaker og svar på spørsmål som kan ha interesse for andre, lagt ut på www.planlegging.no. Nettsidene er svært mykje brukte, og tilbakemeldingar viser at nettstaden har ein viktig funksjon i rettleiingssamheng. Mange fylkeskommunar og fylkesmenn arbeider med eigne nettsider, som blir koordinerte med departementet. Formidling av planfaglege tema skjer òg gjennom tidsskrifta Plannytt og Planjuss utgitt av departementet. I 2012 vart det utgitt to nummer av Plannytt. Nr. 1 for 2012 hadde «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» som hovudtema, mens nr. 2 hadde «Hensyn i planleggingen» som hovudtema. I 2013 ble det òg gitt ut eit nummer med tema «planlegging i pressområder».

Miljøverndepartementet lanserte i 2013 www.miljokommune.no. Føremålet er å møte nokre av kompetanse- og kapasitetsutfordringane

i kommunane. Nettstaden er hjelpemiddel for kommunane til saksbehandling innan miljø og planlegging og har dermed eit meir spesialisert tilbod enn planlegging.no, retta mot kommunane. Nettstaden gir ei oversikt over kva som er kommunal mynde og oppgåver i dei lover og reglar som sorterer under Miljøverndepartementet og dekkjer dermed hele miljøområdet og kommunal planlegging. Der er òg forslag til korleis oppgåvene kan løysast med tilhøyrande flytskjema for saksgang, og malar til saksdokument. Miljødirektoratet er nettstadredaktør på vegne av Miljøverndepartementet.

I løpet av siste halvår av 2012 og i 2013 er det presentert rettleiarar om kommuneplanprosessen og kommuneplanen sin samfunnsdel og om konsekvensutgreiingar i kommuneplanens arealdel. I tillegg er det utgitt nye temarettleiarar om Samfunnsikkerhet og planlegging i samarbeid med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Det er òg utarbeidd rettleiar til forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister. Andre institusjonar utarbeider òg rettleiing om korleis deira interesser kan takast vare på etter plan- og bygningslova.

Informasjonsformidling skjer blant anna gjennom nasjonale og regionale konferansar for kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og statlige etatar. Det blir òg gjennomført årlege nettverksamlingar for kommunane i alle fylke. Nettverksamlingane er sett på som ein viktig arena for rettleiing og utveksling av erfaringar og utfordringar knytte til bruk av ny lov. Vidareføring av nettverksarbeidet er blitt prioritert også i 2013 og 2014.

Miljøverndepartementet har i ein femårsperiode frå 2008 hatt midlar til tilskot til fylkeskommunane og fylkesmennene for å rettleie i plan- og bygningslova og til prosjekt knytte til planutfordringane i det enkelte fylke. Senter for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS), tilknytt KS, har òg i 2013 fått tilskot til utvikling og gjennomføring av kurs om reguleringsplanlegging etter ny plan- og bygningslov. Dei gjennomfører òg kurs for rådmenn om planlegging som styringsverktøy i kommunane, og er sekretariat for opplæring av kommunane i planlegging knytt til samhandlingsreforma.

3. Plan- og bygningslova og aktuelle sektorlover skal nyttast aktivt for å sikre lokal og regional utvikling som vektlegg gode løysingar med tanke på miljøet, og sikrar god dokumentasjon av konsekvensar for miljø og samfunn.

- Talet på kommunale, fylkeskommunale og regionale planar der miljøstatus og miljøutfordringar er synleggjort i planstrategiar og planar.

Alle kommunar og fylkeskommunar har utarbeidd planstrategiar. Planstrategiane skal ta stilling til kva regionale planspørsmål som er viktige å arbeide med, og slik avklare fylkeskommunane sine behov i samsvar med regionale og lokale utfordringar og statlege politiske føringar. I 2013 godkjente Miljøverndepartementet alle dei regionale planstrategiane.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane vart fastsett i 2009, og nær alle kommunar har no ein klima- og energiplan. Ifølgje oversikta til Enova og KS hadde 410 kommunar vedteke ein klima- og energiplan pr. august 2012, mens 18 var i gang med planarbeidet. Over 99 pst. av kommunane har dermed eller er i ferd med å få på plass ein klima- og energiplan. Sjå òg Resultatområde 11 Stabilt klima.

Over 220 kommunar har skaffa seg kompetanse og erfaringar i klima- og miljøarbeid gjennom deltaking i samarbeidsprogramma Livskraftige kommunar, Grøne energikommunar eller Framtidens byar. Erfaringar frå Livskraftige kommunar har òg vore eit grunnlag i førebuingane av Kommunal- og regionaldepartementet si satsing på *Lokalsamfunnsutvikling i kommunane*, og KS sitt arbeid med klimakutt i kommunane og arbeidet med betring av lokal klima- og energistatistikk i KOSTRA.

Plan- og bygningslova vektlegg omsynet til samfunnstryggleik og stiller krav om risiko- og sårbarheitsanalysar ved utarbeiding av planar for utbygging. Det er varierende kvalitet på utgreiingar etter forskrifta om konsekvensutgreiingar under plan- og bygningslova. Dette gjeld spesielt for oversiktsplanar etter plan- og bygningslova. Miljøverndepartementet har utarbeidd ei rettleiing om konsekvensutgreiingar av oversiktsplanar, som blant anna omtaler korleis ulike miljøtema skal utgreiast og presenterast i slike planar. Samtidig har departementet sett i gang eit arbeid med å revidere forskrifta om konsekvensutgreiingar, blant anna for å sikre at forskrifta er i samsvar med gjeldande EU-rett. Ei revidert forskrift vil òg ta opp i seg dei nye krava til dokumentasjon som

følgjer av naturmangfaldlova, og gi eit endå betre grunnlag for ei berekraftig og kunnskapsbasert forvaltning.

- Talet på planar i kommunar, fylkeskommunar og regionar med særleg fokus på klima og klimatilpassing, natur- og friluftsliv, areal og transport.

I 2012 rapporterer 164 kommunar i KOSTRA at dei har utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar knytte til konsekvensar av klimaendringar. Det er om lag 38 pst. av kommunane. KOSTRA gir òg opplysningar om kva for problemstillingar som blir tekne opp; skred og rasfare, avrenning, temperatur, flaum, havnivå og bølger, vind eller anna. I alt 13

fylke hadde i 2012 regionale areal- og transportplanar. Dei største byregionane utarbeider slike planar og strategiar som innspel til Nasjonal transportplan og bymiljøavtaler. Regionale arealplanar saman med eigne konseptvalutgreiingar er òg grunnlaget for utbygging av større samferdselstiltak. Fylkesdelplanar tek òg opp andre tema som går på tvers av kommunane, blant anna planar for fjellområde, villrein og kystzone.

Departementet har følgd opp Stortingets vedtak om samarbeid om areal- og transportplanlegging mellom Oslo kommune og Akershus fylkeskommune. Tabell 10.5 viser regionale planar fordelte på plantema, KOSTRA-tal for 2012.

Tabell 10.5 Regionale planar fordelte på plantema

	Tal på fylkeskommunar med ein eller fleire slike planar
Samordna plan for areal/transportplanlegging eller utbyggingsmønster	13
Plan for kulturminne og kulturmiljø	14
Plan for friluftsliv	14
Plan for kystsoner	9
Plan for klima/energi	16
Plan for universell utforming	8
Plan for vassdrag	5
Plan for fjellområde	9
Plan for grønstruktur	4
Plan for biologisk mangfald	2

Kjelde: KOSTRA, SSB.

Miljøverndepartementet samarbeider med andre departement om arbeidet med regionale natur- og kulturparkar i utvalte regionar. Berekraftig utnytting av natur- og kulturverdiane er sentralt i satsinga.

Fjell- og utmarksområda er ein vesentleg ressurs for nyskaping og næringsverksemd i bygdene. Gode langsiktige løysingar krev ofte interkommunalt og regionalt samarbeid, som gir foringar for det kommunale planarbeidet. Miljøverndepartementet gjennomfører eit femårig program som blir avslutta i 2013 der fylkeskommunane utarbeider regionale planar for ei langsiktig forvaltning av dei viktigaste fjellområda med villrein. Planane omfattar 11 fylke og ca. 61 kommunar. Planane for Rondane-Sølnkletten, Hardangervidda og Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og

Setesdal Austhei (Heiplanen) er fullført. Planarbeidet for dei andre områda; Forollhogna, Ottadalen, Nordfjella og Dovrefjell (Snøhetta/Knutshø) blir fullførte i løpet av 1. kvartal 2014.

Det har dei siste åra blitt ferdigstilt mellom 4 700 og 7 000 fritidsbustader pr. år her i landet. Tala for innrapportert omgjerling av heilårsbustader til fritidsbustader varierer frå år til år med markert auke i 2001, 2008 og 2011. I 2012 var tala på rapporterte omgjerlingar lågt med 62, som er det lågast rapporterte sidan 2001. I gjennomsnitt har i omkring 800 bustader vorte endra til fritidsbustader pr. år i dei 12 åra dette har vore rapportert, slik at samla tal på heilårsbustader nytta til fritid har auka frå 23 267 i 2001 til 32 600 i 2013 (førebels tal). I tillegg kjem standardauke og utvidingar

på eksisterande fritidsbustader, som ein reknar med har om lag same omfang som nybygginga. Standardauke inneber, i tillegg til auka areal og teknisk standard på bygningane, utbygging av veg, vatn og avløp og straumforsyning. Dei samla miljøkonsekvensane av slik standardauke

vil vere betydelege i mange område. Auka standard fører òg med seg lengre brukstid. Regjeringa er derfor oppteken av at kommunane tek stilling til standard og storleik på eksisterande fritidsbustader i kommuneplanen. Tabell 10.6 viser utviklinga i utbygging av fritidsbustader.

Tabell 10.6 Utbygging av fritidsbustader

	2008	2009	2010	2011	2012
Talet på hytter og sommarhus	388 938	394 102	398 884	405 883	410 333
Talet på heilårsbustader m.v. som er nytta som fritidsbustader	28 953	29 593	30 209	32 374	32 436
Samla tal på fritidsbustader	417 891	423 695	429 093	438 257	442 769

Kjelde: SSB, Matrikkelen.

Det blir utarbeidd kommunale og regionale planar for ei rekkje område. Sjå òg dei ulike resultatområda for Miljøforvaltninga for nærare omtale.

- Talet på føreleggingssaker etter §8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, og konflikttema i den enkelte saka.
- Departementet behandla om lag 35 føreleggingssaker etter forskrifta om konsekvensutgreiingar i 2012. Ein stor del av desse var vindkraftanlegg. I føreleggingssakene er omsynet til naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv sentrale tema, i tillegg er forholdet til regionale planar viktig i område der det er relevant.

Fylkesmannen og fylkeskommunen

Fylkesmannen er statens fremste representant i fylket. Ein stor del av den statlege regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmannsembeta. Fylkesmannen ser til at nasjonale miljømål blir følgde opp regionalt og lokalt, og det arbeidet som embeta utfører er ein føresetnad for å gjennomføre Regjeringas miljøpolitikk. Fylkesmannen har ei sentral rolle knytt til samarbeid og samordning med andre sektorar og forvaltar viktige delar av lovverket på plan- og miljøområdet. Kommunane har svært varierende kapasitet og kompetanse på plan- og miljøområdet, og fylkesmannen og fylkeskommunane si oppfølging og rettleiing av kommunane er derfor viktig.

Dei prioriterte oppgåvene for fylkesmannen på miljøområdet er arbeidet for å sikre og forvalte truga og spesielt verdifulle naturtypar, ta vare på truga og sårbare arter, under dette vil laks, rovvilt og villrein, og kjempe mot framande organismar. Embeta har miljøfagleg ansvar for vassforvaltning og utfører arbeid inn-

anfor klimaområdet, konsesjonsbehandling, tilsyn med ulike verksemder på forureiningsområdet og opprydding i gammal forureining.

Som ei følge av forvaltningsreforma overtok fylkeskommunen frå 1. januar 2010 dei fleste av fylkesmannen sine oppgåver innanfor friluftsliv, bestandsforvaltning av ikkje truga arter av vilt og innlandsfisk som det kan haustast av, og vassregionmyndet. Det betyr at både fylkesmannen og fylkeskommunen har viktige oppgåver innanfor vassforvaltning, og i dei fleste fylke samarbeider dei godt på dette området.

Planlegging er ein viktig reiskap for å nå dei miljøpolitiske måla. Gjennom plan- og bygningslova er det etablert verkemiddel for å skape rammer for ei samfunnsutvikling og eit miljø som tek vare på menneske, natur og klima. All planlegging i kommunar, fylke og regionar skal skje innanfor ramma av nasjonal politikk.

Midlar til løn og drift for miljøoppgåvene som fylkesmannen utfører på miljøområdet er budsjetterte på kap.1510 Fylkesmannsembeta under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementets budsjett og for Fylkeskommunen over kap 572 , post 60 under Kommunal- og regionaldepartementet.

Miljøansvar i anskaffingar og drift av offentlege verksemder

Offentleg sektor kjøpte i 2011 varer og tenester for rundt 398 mrd. kroner. Statsforvaltninga sin del var rundt 168 mrd. kroner.

Regjeringa ser det som viktig at statlege verksemder tek ansvar for å gå føre som ansvarleg innkjøpar og forbrukar ved å integrere miljøsyn i sine anskaffingar. I arbeidet knytt til

miljøansvar i offentlege innkjøp har Regjeringa eit særleg fokus på tiltak knytte til klima og energi, helse- og miljøfarlege stoff, avfall og biologisk mangfald.

- Det er utarbeidd ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp, og det er utarbeidd rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper. Rettleiande miljøkriterium for prioriterte produktgrupper til bruk for innkjøparar blir fortløpande lagt ut på www.anskaffelser.no. Miljøleiing i statlege verksemdar blir ført vidare gjennom handlingsplanen. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har fått ansvaret for å følgje opp handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar som omfattar miljøomsyn. Innovasjon og leverandørutvikling er viktige verkemiddel for berekraftig utvikling av anskaffingar og utvikling av miljøteknologi, og Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gir viktig bidrag til miljøomsyn i offentlege anskaffingar gjennom:
 - Utarbeiding av rettleiarar med miljøkriterium.
 - Utvikling av støtteverktøy for leiarar og innkjøparar.
 - Spreiing av verktøy, malar og eksempel på www.anskaffelser.no.
 - Særskilt miljøfokus på portalen for bygg- og anleggsektoren.
 - Integrering av miljøomsyn i konkrete anskaffingar, rettleiing, kurs, standardiserte malar og verktøy for offentlege anskaffingar, under dette integrering av miljø på e-handelsplattforma.
 - Arrangering av konferansar og kurs i offentlege anskaffingar og miljø, og deltaking i nettverk, konferansar, seminar med kompetansehevande tiltak.

Miljøleiing

- Assisterer departementa i å innføre EMAS-sertifisering for eiga drift i samarbeid med Departementa sitt servicesenter (DSS).
- Vidareføring og spreieing av MiljøRapp, eit rapporteringssystem der statlege verksemdar kan rapportere nøkkeldata om miljøbelastning, tiltak og rutinar, slik at det blir lettare for departementa og andre interessert å følgje opp gjennomføring av krav om miljøleiing.
- Utarbeider rettleiar til rapportering, arrangerer arbeidsseminar og yter støtte i utarbeiding av tiltaksplanar.
- Utarbeider statistikk og lagar rapportar baserte på innrapportert data.

Nettbasert rettleiing for kommunane på miljøområdet – www.miljokommune.no

Kommunane har omfattande ansvar, oppgåver og mynde etter miljølovverket. Mange kommunar har problem med å utføre alle sine lovpålagte oppgåver på ein tilfredsstillande måte. Meir tilgjengeleg og målretta rettleiing kan hjelpe kommunane til å bruke myndet dei er tillagt etter forureiningslova, plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og anna miljølovgiving betre og meir effektivt enn i dag. Miljødirektoratet har difor, etter oppdrag frå Miljøverndepartementet, utvikla ein felles nettstad retta mot tilsette i små og mellomstore kommunar. Nettstaden skal samle rettleiingar til kommunane på dei områda der kommunen er miljøstyresmakt. Nettstaden vart lansert i 2013.

11 Internasjonalt samarbeid

Dei viktigaste miljøproblema, klimaendringar, tap av naturmangfald og spreiding av miljøgifter, er globale. Skadeverknadene kan komme på heilt andre stader enn der problema har sitt opphav. Fattigfolk med låg energibruk og klimagassutslepp kan bli ramma spesielt hardt av klimautviklinga. Nord- og polarområde blir sterkt påverka av klimaendringar, med surare hav og miljøgifter som skuldast utviklinga i heilt andre delar av verda. Ein kan dessutan ikkje sjå desse problema isolert frå kvarandre. Endringane vil kunne skape problem både for ville arter og økosystem og for landbruket i viktige område.

Dei store miljøutfordringane kan berre løysast gjennom eit tett samarbeid mellom landa i verda. Her vil dei globale miljøavtalene stå heilt sentralt. På same tid er drivkreftene bak den allmenne samfunnsutviklinga og dermed òg miljøutviklinga i aukande grad globale. Samarbeid for å sikre ein god miljøpolitikk må derfor skje innanfor dei organa som har miljø som hovudoppgåve, men òg i fora der ein fastset andre viktige rammevilkår. På fleire område er det store motsetnader mellom ulike land i synet på desse spørsmåla. Noreg skal vere eit føregangsland i miljøpolitikken. Dette inneber sterk innsats for å løyse miljøproblema og vidareutvikle miljøpolitikken internasjonalt og nasjonalt.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 1: Noreg skal vere ein pådrivar for at EUs politikk- og regelverksutvikling, internasjonale avtaler og samarbeidsorgan på miljøområdet, under dette FNs miljøprogram UNEP og UNESCO, og rammevilkår for handel og investeringar medverkar til sterke miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Norsk deltaking i EUs avgjerdsprosessar og forvaltningsregime i tråd med Miljøverndepar-

tementets strategi for påverknadsarbeidet overfor EU.

- Rask avklaring av norske posisjonar på nytt EU-regelverk.
- Norsk miljøforvaltning deltek i samarbeidsprogram i prioriterte land som mottek støtte frå EØS-midlane (2009–2014).
- FNs miljøprogram som meir autoritativt, relevant og resultatorientert miljøorgan og det faglege tyngdepunktet i FN-systemet på miljøområdet.
- Målretta arbeid for gjennomføring av strategisk plan for biologisk mangfald 2011–2020.
- Målretta nordisk samarbeid for aktiv påverknad av globalt og regionalt miljøarbeid.
- Miljøomsyn integrerte i handels- og investeringsavtaler.
- Eigne miljøkapittel i bilaterale og regionale handelsavtaler.
- Føresegner i internasjonale avtaler på handels-, investerings- og miljøområdet som byggjer på prinsippet om at avtalene er likestilte og sidestilte.

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 2: Utviklingspolitikken og samarbeidet med utviklingsland skal medverke til ei grønare utvikling og oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Indikatorar:

- Styrkt klima- og miljør samarbeid med Kina, Sør-Afrika, Brasil, India og Myanmar der prosjektporteføljen speglar dei globale miljøutfordringane og medverkar til å styrkje landa si evne til å ta på seg og gjennomføre internasjonale miljøforpliktingar.
- Gjennomføring av St.meld. nr. 14 *Mot en grønnere utvikling* med vekt på handlingsplanen for miljøretta utviklingsarbeid, miljøpilaren i programmet Olje for Utvikling, Energy + og satsinga Rein Energi for utvikling.
- Miljøforbetringar som følgje av finansieringa av globale miljøtiltak gjennom det globale miljøfondet (GEF).

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 3: Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda skal reduserast.

Indikatorar:

- Bevaringsstatus for utvalde arter og økosystem i Arktis.
- Nivå av utvalde forureiningskomponentar i det arktiske miljøet.
- Sårbare og verdifulle område som er verna eller gitt særleg vern.
- Storleiken på utslepp frå Petsjenga-Nikel.
- Talet på område med samordna forvaltning mellom Noreg og Russland og kvaliteten på dette samarbeidet.
- Talet på miljøprosjekt i Nordvest-Russland med norsk samarbeidspartnar.
- Talet på verneområde og forvaltningsområde i Antarktis.

Felles for dei globale miljøproblema er at vi treng sterke internasjonale verkemiddel i tillegg til ein ambisiøs politikk i dei enkelte landa. Dette er ei vanskeleg utfordring i ei verd med store skilnader i ansvar mellom fattige og rike land for dei problema vi står overfor. Globale miljøforhandlingar har derfor i seinare år vore sterkt prega av ei polarisering nord/sør. EU er ein pådrivar i internasjonalt miljøarbeid. Samtidig ser vi òg at land som Kina, India, Brasil, Sør-Afrika og Russland spelar ei heilt anna rolle som miljøpåverkarar og politiske aktørar enn for berre få år sidan. Også på andre politikkområde som gjeld handel og økonomisk politikk er dei globale maktforholda radikalt endra t.d. sidan den første Rio-konferansen om miljø og utvikling i 1992.

Det er òg store skilnader på dei globale miljøproblema. For miljøgifter er utslepp frå innanlandsk produksjon redusert betydeleg dei siste 10–15 åra. Ein vesentleg del av miljøgiftene som blir tilført områda våre kjem med hav- og luftstraumar frå andre dele av verda eller gjennom handel med produkt. Klimaendringar skuldast summen av utslepp i alle delar av verda samtidig som verkna-dene kjem både globalt og lokalt/regionalt. Ei positiv utvikling her må skje ved at alle aktørar, ikkje minst land med store utslepp, legg opp til ein aktiv klimapolitikk med tilstrekkelege utsleppskutt. Det globale tapet av naturmangfald er eit resultat av øydelegging av økosystem og tap av arter i tusenvis av område over heile verda. Tiltak for å bremse dette må skje på alle nivå, frå betre naturforvaltning lokalt og nasjonalt til utvikling av effektive internasjonale verkemiddel. Nord- og polarområda er viktige referanseområde for glo-

bale trendar innan alle desse områda, spesielt gjeld dette truslane frå klimaendring, forsuring av hav og miljøgifter.

Det er ein nær samanheng mellom utviklinga på ulike miljøområde som klima, naturmangfald og miljøgifter. For eksempel vil globale klimaendringar føre til endra livsvilkår for planter og dyr i dei enkelte landa. Både naturlege økosystem, kulturlandskap og landbruksområde vil bli påverka. For Noregs del kan dette dreie seg om t.d. arktiske naturtypar, økosystem med havis, høgfjellsnatur og oppvekstområde for viktige fiskeslag. Grunnlaget for matproduksjon og busetnad vil kunne bli svekt eller forsvinne over stadig større område etter kvart som havet stig og frekvensen og intensiteten av tørke, varmebølger, ekstrem nedbør og flaum aukar. Samtidig vil tilgangen til vatn og jordbruksproduksjon kunne auke i andre område, særleg i nord.

Sjølv om uvissa er stor, er det viktig å erkjenne at klimaendringane vil kunne få langtrekkjande konsekvensar for mattryggleik, økonomisk utvikling, migrasjon og konflikt.

I tida som kjem må ein sjå på alle høve til å nytte den kunnskapen ein har om samverknader mellom miljøområde. Ein må søkje å bryte negative synergieffektar og i staden finne løysingar som kan vere bra for fleire miljøområde på same tid. Vel fungerande og robuste økosystem er t.d. viktige for å redusere trusselen frå klimaendringar. Til dømes vil betre bevaring av skog i dei enkelte landa minske utslepp av drivhusgassar og såleis medverke til å bremse den negative globale klimautviklinga. Betre skogbevaring vil òg bety betre vilkår for naturmangfald og naturlege økosystem, noko som igjen vil ha store positive verk-nader for dei økosystemtenestene som menneskesamfunnet er så avhengige av. Den norske skogsatsinga er eit viktig bidrag i denne samanhengen.

Miljøpolitikken blir stadig meir prega av samverknaden mellom internasjonalt og nasjonalt nivå. Måla blir i stor grad sette gjennom vedtak i konvensjonane, men dei må nåast gjennom tiltak i enkeltland. For Noreg blir det lagt viktige ramar for miljøpolitikken gjennom at EU utviklar egne miljøreglar som følgjer opp og utviklar konvensjonane vidare. Miljø er eit sentralt område i Meld. St. 5 (2012–2013) *EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU*. Gjennom EØS-avtala vert dei fleste av EUs miljøreglar gjennomførte i norsk miljølovgiving. På eit område som miljøgifter blir til dømes reglane som gjeld for Noreg i hovudsak utvikla gjennom EUs kjemikalierregelverk og forvaltningsregime. Noreg deltek aktivt i dette arbeidet under Europakommisjonen for å påverke EUs

utvikling av reglar. Noreg og EU har ein ambisiøs politikk på kjemikalieområdet, noko som òg gjer det enklare å arbeide for ambisiøse reglar på internasjonalt nivå.

Drivkreftene bak den allmenne samfunnsutviklinga og dermed miljøutviklinga blir i aukande grad internasjonaliserte i dagens globale økonomi. Både EU og Verdas handelsorganisasjon set t.d. viktige rammevilkår for utviklinga i Noreg. Det er derfor viktig å arbeide for eit internasjonalt rammeverk som mogleggjer ambisiøse miljøreglar på nasjonalt, regionalt og globalt nivå, både innanfor dei organisasjonane som har miljø som føremål, innan bilateralt samarbeid og innanfor dei institusjonane som legg rammene for den allmenne utviklinga.

På trass av mange positive utviklingstrekk, er det liten tvil om at tilstanden på område som klima og naturmangfald går i feil retning. Situasjonen har forverra seg for meir enn halvparten av dei miljømåla som er vedtekne av det internasjonale samfunnet (GEO 5 2012) og i sluttdokumentet frå Rio+20, juni 2012, stadfester statsleiarane at samarbeidet for berekraftig utvikling må forsterkast. Arbeidet for eit internasjonalt regelverk som gjer mogleg ein ambisiøs miljøpolitikk inngår i denne innsatsen.

Internasjonalt miljør samarbeid skjer under globale miljøavtaler som dekkjer klima (jf. resultat område 11), naturmangfald (jf. resultat område 1-5), miljøgifter (jf. resultat område 9) langtransportert forureining og ozonreducerande stoff (jf. resultat område 10) og under det bilaterale miljør samarbeidet med ein del sentrale utviklingsland, som Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Kapitlet om internasjonalt samarbeid omfattar òg anna relevant samarbeid (ut over dei reine miljøavtalene) innanfor FN, EU, Verdas handelsorganisasjon, anna samarbeid om handels- og investeringspolitikk og OECD. I tillegg er det eit breitt nordisk og europeisk samarbeid, bl.a. program- og prosjektsamarbeid under EØS-midlane, og gjennom samarbeidet i nord- og polarområda. Gjennom EØS-avtala vert mykje av EUs miljøreglar gjennomførte i norsk miljølovgiving, og det er omtalt under det enkelte resultatområdet. Verkemidla dekkjer både Miljøverndepartementets og andre departement sine ansvarsområde.

Miljør samarbeid under FN-paraplyen

Ein rapport frå FNs generalsekretær (mai 2010) slår fast at miljøpilaren sakkar akterut samanlikna med dei andre pilarane i berekraftig utvikling. Styrking av internasjonalt styresett for berekraftig utvikling var eit hovudtema på Rio+20 -konferan-

sen. Sjølv om det ikkje vart semje i Rio om å oppgradere FNs miljøprogram til FNs miljøorganisasjon vil Noreg framleis arbeide for dette på sikt.

Arbeidet med å realisere Rio-vedtaket frå 2012 om å utvikle universelle berekraftsmål blir no sett meir under eitt med arbeidet med tusenårsmåla etter 2015. Miljøverndepartementet vil i 2014 arbeide for god ivaretaking av miljødimensjonen i det nye målsettet slik at det både arbeider mot fattigdom og utgjør eit sentralt bidrag til å løyse dei globale miljø- og klimaproblema. Rapporten frå eit høgnivå panel oppretta av FNs generalsekretær («A new Global Partnership») slår fast at ei svakheit med tusenårsmåla er at miljø og utvikling ikkje vart godt nok integrerte i måla, samstundes som klimaendringane i stor grad vil vere avgjerande for i kva grad ambisiøse mål kan nåast. Miljøverndepartementet vil medverke til at utviklingsland som ønskjer det får støtte frå FN til å utvikle ein grøn og inkluderande økonomi. Gjennom det 10-årige rammeprogrammet for berekraftig produksjon og forbruk forankra i UNEP vil Miljøverndepartementet fremje konkret læring i Noreg og i andre land om å foreine vekst og miljø. Departementet vil òg prioritere arbeidet for å styrkje FNs miljøprogram. FNs Generalforsamling vedtok i mars 2013 at UNEPs øvste styrande organ skal heite FNs miljøforsamling (UNEA, United Nations Environment Assembly) og med fulle medlemskapsrettar for alle FNs medlemsland. UNEA skal møtast annakvart år, første gong i juni 2014. FNs miljøprogram må styrkjast i rolla som det viktigaste FN-organet for utforming av politikk på miljøområdet. Frå norsk side vil vi ha spesielt fokus på å styrkje dei normative og kunnskapsgenererande funksjonane, betre styringsstruktur, auka samhandling med andre FN-organ og sivilsamfunn og ved å unngå unødig dobbeltarbeid og kompetansestrid mellom anna ved å lage strategiar for FN-systemets samla innsats på miljøområdet. I denne samanhengen er det òg viktig å følgje arbeidet i det nyoppretta høgnivåforumet for berekraftig utvikling som erstatter FNs kommisjon for berekraftig utvikling (CSD). FNs Miljøforsamling i 2014 vil vere ein viktig arena for miljøvernministrane til å diskutere berekraftsmåla og post 2015-agendaen og gi innspel til høgnivåforumet. Det vil vere viktig å medverke til å utvikle vidare arbeidet kring verdsetting av naturkapitalen. I samarbeid med Utanriksdepartementet og Finansdepartementet vil Miljøverndepartementet særskilt følgje forslaga frå Rio+20-møtet om å supplere måling av brutto

nasjonalprodukt (BNP) med måling av utviklinga i naturkapitalen og befolkninga si reelle velferd. Miljøverndepartementet deltek òg i det internasjonale samarbeidet for å styrkje berekraft rapportering frå verksemdar. Desse verkemidla vil medverke til bevisstgjerung om den økonomiske verdien av å byggje sosial og miljømessig velferd, ikkje minst i privat sektor, den enkelte bedrift og finansmarknaden. Noreg vil òg føre vidare internasjonalt samarbeid knytt til verdiar av økosystemtenester og biologisk mangfald gjennom TEEB-prosjektet (The Economics of Ecosystems and Biodiversity) og arbeid for å synleggjere naturkapitalen gjennom Verdsbankens prosjekt om verdsetjing av naturkapitalen (WAVES). Eit anna viktig område vil vere å medverke inn i utviklinga av ein FN-prosess for vern av havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon, basert på ei økosystembasert forvaltning. Departementet vil òg medverke til å følgje opp FN's generalsekretær sitt initiativ om berekraftig energi til alle (Sustainable Energy for All), der den norskinitierte partnerskapen på klima og energi vil vere ein del av iverksettjunga.

Miljøverndepartementet vil, i tett samarbeid med dei nordiske landa, følgje aktivt opp arbeidet med det internasjonale panelet for kunnskap om biologisk mangfald og økosystemtenester – Naturpanelet – etter modell av Klimapanelet. Naturpanelet har no meir enn 110 medlemsland og hovudsekretariatet i Bonn vil venteleg vere i aktivitet f.o.m. årsskiftet 2013/2014. Noreg har på vegne av Vestgruppa ein av viseformennene i Naturpanelets første periode. Det tverrfaglege vit-skapspanelet hadde sitt første møte i Bergen i 2013. Naturpanelet sitt Plenumsmøte i desember 2013 vil vedta arbeidsprogram for


perioden 2014–2018 bl.a. basert på innspel frå medlemslanda. Noreg støtter at Naturpanelet skal bistå konvensjonen om biologisk mangfald i arbeidet med den neste Global Outlook for Biodiversity som skal vere ferdig i 2018. Vidare har Noreg framheva pollinering, havforsuringa sin verknad på livet i havet og degradering av jordsmonnet som moglege tematiske utgreiingar. Noreg vil medverke spesielt aktivt til å styrkje kapasitetsbygging i tilknytning til Naturpanelet sitt arbeid.

FN har teke initiativ for å betre forvaltninga av geografisk informasjon og samarbeidet om slik informasjon mellom landa. FN's økonomiske og sosiale råd har i den samanhengen sett ned ei eiga ekspertgruppe for forvaltning av global geografisk informasjon. Departementet deltek i arbeidet med bistand frå Kartverket.

Viktige internasjonale miljøavtaler

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet med å utvikle vidare nye globale avtaler for å møte miljøutfordringa og skal vere eit føregangslan d i oppfyl-ling og implementering av avtaler.

Nokre internasjonale avtaler dekkjer spesielle og regionale utfordringar, mens andre er globale. Mange av miljøavtalene er underlagt FN, fordi eit grenselaust samarbeid er nødvendig for å løyse problema. Miljøforvaltninga deltek i forhandlingar for å utvikle best moglege avtaler, og i arbeid for å medverke til at avtalene blir følgde i praksis. Noreg skal vere ein pådrivar for å sjå miljøutfordringane i samanheng på tvers av det internasjonale samarbeidet for å hindre negative synergieffektar og i staden finne løysingar som kan vere bra for fleire miljøområde på same tid.



Figur 11.1 Figur over dei viktigaste internasjonale konvensjonane på miljøområdet.

Her er det gitt ei kort beskriving av dei viktigaste avtalene på miljøområdet, så som klimakonvensjonen, konvensjonen om biologisk mangfald og internasjonale avtaler på miljøgiftområdet. Elles viser vi i ein tabell dei viktigaste avtalene for Noreg. Andre internasjonale avtaler har òg stor innverknad på miljøområdet, her er EØS-avtala i ei særstilling. UNESCO-konvensjonen om verdas kultur- og naturarv, Forørkningskonvensjonen om kampen mot forørkning, Antarktistraktaten og Havrettstraktaten er òg sentrale avtaler for Noreg. Noreg har òg underteikna mange bilaterale avtaler og ministererklæringar på miljøområdet. Ei oversikt over alle internasjonale avtaler på miljøområdet finst på www.miljostatus.no.

Noreg underteikna i 1992 *FNs rammekonvensjon om klimaendring (Klimakonvensjonen)*, som er det sentrale rammeverket for det internasjonale klimasamarbeidet. Konvensjonen er ratifisert av 195 partar. Gjennom Klimakonvensjonen er partane forplikta til å arbeide for at konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren skal stabiliserast på eit nivå som hindrar ein farleg og negativ menneskeskapt påverknad på klimasystemet. Dette

skal gjerast gjennom å etablere nasjonale klimastrategiar og gjennomføre tiltak for å redusere utslepp av klimagassar. Klimakonvensjonen inneheld ingen talfesta utsleppsforpliktingar for partane. I Mexico vart det i desember 2010 oppnådd semje om togradermålet, dvs. at vi saman med andre land har forplikta oss til å redusere omfanget av klimaendringane til ein auke i verdas gjennomsnittlege temperatur på under to grader samanlikna med førindustriell tid.

Kyotoprotokollen frå 1997 er ei juridisk bindande internasjonal klimaavtale under Klimakonvensjonen. På FNs klimakonferanse i Doha desember 2012 vart det vedtatt ein ny periode med talfesta utsleppsforpliktingar for ei gruppe land for perioden 2013-2020. I tillegg til Noreg er det vedtatt nye talfesta utsleppsforpliktingar for Australia, EU, Hviterussland, Island, Kroatia, Liechtenstein, Monaco, Sveits, Ukraina og Kasakhstan. Som et supplement til nasjonale utsleppsreduksjonar kan landa kjøpe og selge FN-godkjente kvoter og bruke desse til å oppfylle sine utsleppsforpliktingar under Kyotoprotokollen. Dette for å sikre at klimagassutsleppa blir gjennomførte der

dei kostar minst, samtidig som målet for dei samla totale utsleppsreduksjonane står fast. Styrken i Kyotoprotokollen er at den har nedfelt bindande kvantitative utsleppstak for kvart land. Den har felles reglar for korleis landa skal rekne, rapportere, måle og bokføre utsleppsreduksjonar og felles retningslinjer for korleis landa skal bokføre bruk av fleksible gjennomføringsmekanismar. Ei stor veikskap med protokollen er at den i seg sjølv ikkje er tilstrekkelig til å nå togradersmålet. I dag er berre om lag 10-15 pst. av dei globale klimagassutsleppa omfatta av protokollen. I tillegg har meir enn 80 land fastsett mål om utsleppsreduksjonar fram til 2020, men ambisjonane er for låge til å halde oppvarminga under to grader. På FNs klimakonferanse i Durban i 2011 vart partane til FNs Klimakonvensjon samde om å forhandle fram ein ny bindande avtale som skal gjelde for alle land, frå 2020. Det vart òg vedteke å lage ein arbeidsplan for å auke ambisjonane før 2020. Noreg arbeider for ei global ambisiøs og bindande avtale som skal avgrense veksten i den globale gjennomsnittstemperaturen til to grader i forhold til før industrielt nivå.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er det sentrale internasjonale rammeverket rundt arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet. Denne konvensjonen er eit uttrykk for verdssamfunnet si bekymring over tapet av biologisk mangfald og behovet for tiltak for å motverke dette gjennom vern og berekraftig bruk av mangfaldet. Konvensjonen seier òg at goda som oppstår gjennom bruk av genetiske ressursar skal fordelast rettferdig. Avtala vart framforhandla i 1992 og er ratifisert av 193 partar. Konvensjonen er ein prosessorientert rammekonvensjon som fastlegg overordna mål, prinsipp og generelle forpliktingar, mens spesielle forpliktingar blir utforma gjennom protokollar, arbeidsprogram og partsmøtevedtak.

Konvensjonen har i dag to protokollar. Den eine er Cartagena-protokollen om handel med og bruk av levande genmodifiserte organismar (GMO). Den andre er Nagoya-protokollen om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling av fordelar ved bruk av desse, som vart vedteken på det 10. partsmøte i Nagoya, Japan, hausten 2010. Noreg underteikna Nagoya-protokollen i New York 11. mai 2011. Stortinget gav 7. juni 2013 samtykke til ratifikasjon av Nagoya-protokollen. Det er oppretta ein mellomstatleg komité (ICNP) som skal førebu saker som skal takast opp på det første partsmøtet for protokollen etter at protokollen har trådt i kraft. Protokollen trer i kraft når minst 50 statar har ratifisert den. I tillegg til samarbeids- og

handhevingsprosedyrar er sentrale tema i denne komiteen blant anna utvikling av informasjonsdelingsmekanismen (Access and Benefit-sharing Clearing House), eventuell etablering av ein global multilateral fordelingsmekanisme og kapasitetsbygging.

Eit framlegg til forskrift om uttak og utnytting av genetisk materiale i Noreg heimla i naturmangfaldlova og havressurslova har vore på høyring, og Regjeringa planlegg å ferdigstille forskrifta hausten 2013.

Det globale delmålet om å bruke tradisjonell kunnskap hos urfolk og lokalsamfunn som er relevant for å ta vare på naturmangfald blir indirekte følgt opp gjennom arbeidet med Nagoya-protokollen. Stortinget har vedteke Prop. 134 L (2012–2013) om endringar i naturmangfaldlova. Forslaget går ut på at det blir teke inn ein ny forskriftsheimel i naturmangfaldlova om tradisjonell kunnskap knytt til genetisk materiale som skal leggje til rette for at Nagoya-protokollen kan gjennomførast. Det blir teke sikte på å utarbeide ei eiga forskrift om dette i løpet av 2014.

Internasjonalt arbeid er nødvendig for å redusere *bruk og utslepp av miljøgifter* globalt, både for å redusere mengda langtransportert forureining og for å redusere produksjonen, omsetninga og bruken av miljøgifthaldige produkt som er produserte utanfor Noreg. Noreg arbeider med å få inn forbod og avgrensingar mot fleire stoff gjennom Stockholm-konvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikalier, og UNECE-protokollane om respektive organiske miljøgifter og tungmetall. Noreg ønskjer òg å styrkje Basel-konvensjonen om farleg avfall, bl.a. for å sikre at ikkje farleg avfall blir dumpa i utviklingsland. Noreg er òg ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye globale konvensjonen om kvikksølv som er ferdigforhandla. Denne konvensjonen skal underteiknast hausten 2013. Noreg støttar den globale kjemikaliestrategien SAICM, som medverkar til grunnleggjande kapasitetsbygging for kjemikalieforvaltning i utviklingsland, og er ein viktig del av den norske satsinga for å redusere dei globale utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikalier.

Noreg skal være ein pådrivar for gjennomføringa av UNESCO sine sentrale kultur- og miljøkonvensjonar tufta på rettferd, blant desse *Konvensjon for vern av verdens kultur- og naturarv* og *Konvensjon for vern av kulturarv i væpna konflikt*, og gjennom aktivt og synleg arbeid bidra til klare prioriteringar i det internasjonale samarbeidet og til at dette baserast på gode fagvurderingar.

Tilgang til *miljøinformasjon*, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til å klage på domstolsprøving i miljø saker er heilt sentralt for at allmenta skal kunne medverke til å fremje eit miljø som sikrar helse og trivsel og ei berekraftig utvikling. Noreg har derfor slutta seg til UN/ECE-konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, allmenta si deltaking i avgjerdsprosessar og høve til å klage på domstolsprøving på miljøområdet (Aarhuskonvensjonen). Ei viktig drivkraft bak arbeidet har òg vore ønsket om å medverke til demokratiseringsarbeidet i ECE-regionen og då særleg i Sentral- og Aust-Europa og Sentral-Asia.

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen. Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for oppfølging av konvensjonen i Noreg. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette.

Gjennom plan- og bygningslova er det etablert eit verkemiddel for ei berekraftig samfunnsutvikling og areal- og ressursforvaltning. I kommunal og regional planlegging skal mellom anna internasjonale konvensjonar og avtaler følgjast opp.

Gjennomføring av globale miljømål for bevaring av biologisk mangfald

På det 10. partsmøtet under Konvensjonen om biologisk mangfald i 2010 i Nagoya, Japan, vart det semje om eit nytt globalt mål: «Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tap av biologisk mangfald for å sikre at økosystemene i 2020 er velfungerende og leverer nødvendige økosystemtjenester.» I tillegg vart det vedteke ein strategisk plan med 20 delmål, dei såkalla Aichimåla, for korleis ein skal oppnå dette overordna globale målet.

Dei globale delmåla skal implementerast i den nasjonale politikken i partslanda. Landa rapporterte om dette til partsmøtet i India i oktober 2012. Vidare vart det vedteke at landa skal oppdatere/revidere sine nasjonale handlingsplanar ut frå dei nye globale måla, og at gjennomføringa av slike handlingsplanar/strategiar skal vere starta seinast innan 2015. Desse strategiane/planane blir vurderte som hovudinstrument i kvart enkelt land for gjennomføring av konvensjonen.

Mange av dei globale delmåla er allereie innlemma i dei nasjonale måla under resultatområde 1- 5 og under kulturlandskap i resultatområde 6. Alle dei globale tilstandsmåla kan finnast direkte i målstrukturen. Dei globale prosess- og verkemiddel måla representerer verkemiddel og prosessar

som anten er i bruk eller vil bli tekne i bruk i nasjonale strategiar. Formidling av og innarbeiding av verdiane av naturmangfald i rapporteringssystem, nasjonale avgjerdsprosessar og om mogleg i nasjonalrekneskapar, er vurderte av Regjeringas ekspertutval for verdier av økosystemtenester som la fram NOU 2013: 10 Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester sommaren 2013.

Arbeidet med ein nasjonal handlingsplan vart starta i 2013. Å fullføre og å følgje opp planen vil vere eit viktig arbeid i 2014. NOU om økosystemtenester vart send på brei høyring i 2013, og departementet legg stor vekt på oppfølging av utgreiinga.

Partslanda er òg forplikta til å rapportere om implementering av konvensjonen, inkludert status for norske økosystem, drivkreftar og tiltak. Noregs 5. nasjonalrapport vil bli ferdigstilt i løpet av våren 2014. Rapporten vil medverke til midtvegsevaluering av implementering av den strategiske planen på det tolvte partsmøtet i oktober 2014 i Sør-Korea. På dette møtet er det viktig å halde momentum for iverksetjing av den strategiske planen og sikre at partslanda er på rett spor for å nå Aichimåla frå Nagoya.

Noreg arrangerte i mai 2013 den 7. Trondheimskonferansen om biologisk mangfald med mål å medverke til å styrkje gjennomføring av dei 4 første måla i konvensjonen sin strategiske plan som gjeld styrking av kommunikasjon, innlemming av verdiane frå naturmangfald og økosystemtenester i nasjonale avgjerdsprosessar, skadelege subsidiar og produksjon og forbruk. Noreg vil i 2014 medverke til å følgje opp dette arbeidet internasjonalt.

Finansiering av globale miljømål

Det er stor skilnad på landas kapasitet til å setje i verk plikter under Konvensjonen om biologisk mangfald. Utviklingslanda er forvaltarar av størsteparten av jordas naturmangfald. Derfor vil finansiering av tiltak for å ta vare på naturmangfald vere sentralt også i 2014. For å sikre ei rettferdig byrdefordeling er dei industrialiserte landa forplikta til å medverke med finansiering, overføring av teknologi og tiltak for rettferdig fordeling av gode. På det ellefte partsmøtet i India i 2012 vart landa samde om ei dobling av internasjonale overføringar til utviklingsland før 2015, og ei videreføring av minst dette nivået fram til 2020. Gjennomsnittlege internasjonale overføringar for perioden 2006 – 2010 vart vedteke som utgangspunkt for dette målet som vil bli teke opp til ny

vurdering (review) på partsmøtet i 2014. På dette partsmøtet vil det òg vere eit mål å fastsetje eit endeleg mål for behovet for internasjonale overføringar til gjennomføring av Aichimåla.

Noreg brukar bistand aktivt for å sikre utviklingsland større tilgang til internasjonale finansielle ressursar for biologisk mangfald og klima. Regjeringas klima- og skogprosjekt er den største biomangfaldsatsninga i norsk bistand. Med internasjonale overføringar er det ikkje berre bistand som blir inkludert, men også til dømes bidrag frå privat sektor. Det vart semje på det ellefte partsmøtet om å føre vidare arbeid i eit globalt panel for å vurdere ressursar for å nå måla i den strategiske planen (High level panel on the Global Assessment of Resources for Implementing the Strategic Plan for Biodiversity 2011–2020). Noreg er representert i panelet som vil legge fram ein rapport til partsmøtet i 2014.

Noreg vil fortsetje å arbeide breitt på tvers av tematikk, sektorar og andre institusjonar for å nå måla under den strategiske planen innan 2020. Sjå nærmare omtale under Internasjonalt samarbeid for å beskytte havområda.

For å medverke til å sikre felles globale miljøgode i fattige land har velstående land over to tiår medverka til verdas største miljøfond, *Det globale miljøfondet (GEF)*. Investeringsbehovet er mange gonger større enn GEF-midlane, og det er derfor viktig å bruke desse midlane til å skape størst mogleg spreingseffekt, bl.a. vilje og evne til å innarbeide miljøomsyn i regelverk og politikk på viktige sektorar. Det er òg viktig å tenke samfinansiering med andre kjelder for å auke effekten av GEF-midlane. Fondet spelar ei sentral rolle som finansieringskjelde for dei multilaterale miljøavtalane. FN's miljøprogram UNEP tek del i styringa av fondet gjennom ansvaret for vitenskapleg og teknologisk rådgiving for GEF, og er saman med Verdsbanken og FN's utviklingsprogram (UNDP) viktige implementerande institusjonar. Gjennom åra har talet på GEF-program som ser på fleire tematiske område i samanheng auka. I tråd med dette har leiinga i GEF starta ein diskusjon om kva GEF skal bli på sikt, bl.a. om ein i større grad skal arbeide med drivkreftene bak global miljøforringing. Prosessen for fornying av kapitalinnskot for sjetta fireårsperiode (GEF-6) har òg starta og skal sluttførast innan våren 2014.

Handel, investeringar og miljø

Ei viktig utfordring er korleis ein skal sikre at dei store handels- og investeringsstraumane støttar ei berekraftig utvikling og ikkje medverkar til å

underminere til dømes miljøpolitikken. Handels- og investeringsavtaler kan setje så strenge krav til dokumentasjon og regelverk at det blir vanskeleg å føre ein ambisiøs miljøpolitikk på område som kjemikalier/miljøgifter, klima, genmodifiserte organismar, vern av truga dyre- og plantearter og regnskog, vern av tradisjonell kunnskap hos urfolk og rettferdig deling av fordelar knytte til patentering av produkt som nyttar tradisjonell kunnskap om naturressursar. Men slike avtaler kan òg gi rom for å medverke positivt til ein ambisiøs miljøpolitikk. Her vil til dømes kapitlet om berekraftig utvikling, som er tema i alle EFTA-forhandlingar, utgjere eit viktig bidrag. I dei landa der avskoging er eit problem, spesielt i land Noreg samarbeider med under Klima og skog-initiativet, vil eit slikt kapittel vere viktig for å sikre eit gjensidig støttande forhold mellom klima- og skogsamarbeidet og handelsavtala. Vidare kan òg referansar til tekst i Konvensjonen for Biologisk Mangfald (CBD) i handelsavtala sitt kapittel for immaterielle rettar vera eit nyttig bidrag. Bilaterale og regionale handels- og investeringsavtaler er i sterk utvikling. For å kunne løyse dei store globale miljøutfordringane er det dermed avgjerande å arbeide for at desse avtalene blir utforma slik at miljøpolitikk kan gjennomførast både nasjonalt og internasjonalt. Noreg forhandlar no handelsavtaler med blant andre India, Indonesia, Russland, Vietnam og Malaysia.

Utanriksdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har hovudansvaret for handels- og investeringspolitikken. Miljøverndepartementet si rolle er å vere pådrivar for god miljøintegrering i bilaterale, regionale og multilaterale handels- og investeringsavtaler, til dømes norske posisjonar som bidreg til at vi kan halde fram med ein ambisiøs miljøpolitikk og ikkje avgrensar rommet for denne.

Ein stor del av varene som blir nytta i Noreg er produserte utanfor landets grenser. Det er viktig at ikkje handels- og investeringsavtalene fører til at Noreg medverkar til miljøskadar i andre land. For å unngå dette blir det nytta informasjonstiltak, grønare offentlege innkjøpskjeder, meir etisk handel og miljøomsyn for investeringar.

EU, EØS og miljøpolitikken

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk. Internasjonalt samarbeid i globale og regionale miljøfora er ramma både for EU og Noreg når miljøpolitikken blir utforma. Internasjonale konvensjonar er følgde opp og dannar ofte utgangspunkt for meir ambisiøst regelverk i EU. Det gjeld blant

anna på område som kjemikaliar, vatn, klima, luft og avfall. Vi har dei seinaste åra sett ein stadig sterkare dynamikk mellom EU og arbeidet i dei ulike konvensjonane der samspelet fremjar ein meir ambisiøs miljøpolitikk. Når utviklinga av globalt regelverk ikkje lykkast, kan EU gå føre ved utvikling av eige regelverk. Det har for eksempel lenge vore erkjent at luftfartssektoren representerer eit raskt veksande bidrag til klimagassutslepp. Når arbeidet i FNs luftfartsorganisasjon (ICAO) ikkje har resultert i konkrete globale tiltak for å redusere klimagassutslepp frå luftfarten, vedtok EU i 2008 sitt eige luftfartskvotedirektiv som inneber at CO₂-utslepp frå luftfartssektoren vart inkludert i EUs kvotesystem frå 2012. I april 2012 vedtok likevel EU å innføre eit førebels unntak frå kvoteplikt for flygingar inn og ut av Europa. Avgjerda inneber at flygingar mellom Europa og tredjeland utanfor Europa ikkje er kvotepliktige i 2012. Flygingar innan Europa er ikkje omfatta av denne avgjerda. Eitt av formåla med avgjerda er å sikre gode arbeidsvilkår i ICAO slik at det kan oppnåast semje om globale verkemiddel på ICAOs generalforsamling hausten 2013. Dersom det blir oppnådd semje på ICAOs generalforsamling, opnar direktivet for endringar i omfanget av EUs kvotesystem.

Noreg og EU har eit omfattande miljør samarbeid, men ein del sentrale miljøpolitiske område er likevel ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, landbruk og fiskeri. På desse områda er ikkje Noreg forplikta av EUs rettsakter, men EUs regulering av vilkåra for desse sektorane har innverknad for Noreg. I lys av utviklinga sidan avtala vart inngått, og den omfattande praksisen som ligg føre i å innlemme EUs rettsakter på miljøområdet, er miljøområdet ein sentral del av EØS-samarbeidet.

EU/EØS-regelverket er viktig for å sikre felles reglar og for å arbeide for ein høg miljøstandard i heile Europa. Det felles europeiske regelverket har òg betydning i forhold til handel med tredje land, det gjeld til dømes krav til kjemikaliar, avfallshandtering og handel med tømmer.

Miljør samarbeidet med EU stiller stadig auka krav til Noreg, blant anna som følgje av raskare utvikla og meir sektorovergripande miljøregelverk. EU vedtek no ofte rammeverk som fortløpande blir utvikla vidare og konkretisert i eige regelverk. Aktiv deltaking og påverknad av EUs miljøpolitikk krev god koordinering mellom departementa og rask utvikling av nasjonale posisjonar. Det er viktig å gi konkrete og fagleg godt grunngitte innspel i alle fasar av EUs politikktvikling. Dei viktigaste kanalane for deltaking og

påverknad er Kommissjonens ekspertgrupper og komitear, dialog med formannskapslandet, andre framstående medlemsland og det nordiske miljør samarbeidet. Europaparlamentet har stor politisk innverknad og har medråderett og veto i så godt som alt miljøregelverk. Det er viktig med god miljøpolitisk dialog med sentrale aktørar i Europakommisjonen og Europaparlamentet. Gjennomføring av EU-regelverk i norsk rett er ein viktig del av EU/EØS-samarbeidet. Å delta i relevante EU-komitear gir, i tillegg til tidleg påverknad, høve til å opparbeide naudsynt kompetanse for å innlemme regelverket i norsk rett.

Miljør har ein sentral plass i EUs strategi for berekraftig vekst og auka sysselsetjing, Europe 2020. Auka ressurseffektivitet er sett på som ein føresetnad for å skape ein meir konkurransedyktig grøn økonomi og nye arbeidsplassar. Politikken skal medverke til å nå fleire av EUs mål samtidig, både å redusere klimagassutslepp, verne økosystem og skape berekraftig industri, transport, landbruk og fiskeri. Milestolpane for eit ressurseffektivt Europa i 2020 skal òg gi klare signal til næringsliv og investorar, med stor vekt på betre produksjonsprosessar og innovasjon i næringslivet. Noreg vurderer EØS-relevans og betydning for norsk miljøpolitikk av dei enkelte forslaga til nye og endra verkemiddel og regelverk under flaggskipet for ressurseffektivitet, som til dømes utviding av økodesigndirektivet og tiltak for å redusere negative miljøeffektar i heile verdikjeda til produkt.

Kommisjonen la hausten 2012 fram forslag til eit sjuande miljøhandlingsprogram. Miljøhandlingsprogramma har styrkt utviklinga av EUs miljøpolitikk sidan det første programmet vart lagt fram tidleg på 70-talet. Det sjette miljøhandlingsprogrammet er ein del av EØS-avtalas protokoll 31. Til grunn for det nye programmet ligg evalueringa av Europas miljøstatus som vart lagt fram i 2010, «The European Environment – State and Outlook». Rapporten viser at det har vore framgang på fleire område, mellom anna innanfor kjemikaliepolitikken og i arbeidet med klimaendringar. Men mykje står att, mellom anna innanfor naturmangfald og jord- og vasskvalitet. Betre gjennomføring av eksisterande regelverk er òg naudsynt. I det nye miljøhandlingsprogrammet, «Living well, within the limits of the planet», er det laga ein visjon for eit grønt Europa fram mot 2050 og ni prioriterte mål som skal nåast innan 2020. Det er venta at programmet vil bli vedteke i løpet av hausten 2013.

EUs nye seksårige rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, startar i 2014 og

Noreg er part i programmet. Miljø og klima er ei sentral satsing i programperioden og blant dei prioriterte områda er smarte byar (lågutslepp, ressurs-effektivitet), energieffektivitet, grønn transport, avfall (gjenbruk av råvarer) og klimatilpassing.

Målsetjinga for EØS-midlane er å medverke til sosial og økonomisk utjamning i EU og EØS. Det er òg eit mål å styrkje samarbeidet mellom Noreg og mottakarlanda. Mottakarlanda er EUs 12 nye medlemsland frå 2004 og 2007, og i tillegg Hellas, Portugal og Spania. Miljø og klima er eit stort satsingsområde i perioden 2009–2014. EØS-midlane er eit viktig miljøpolitisk verkemiddel for Noreg, og midlane er eit bidrag til at dei nye EU-landa gjennomfører vedteken miljøpolitikk i EU. EØS-midlane gir oss òg høve til å styrkje det langsiktige miljø- og kulturarvsamarbeidet med styresmaktene i mottakarlanda, og norsk kunnskap og erfaring har vist seg å vere etterspurt. Miljøforvaltninga er partner i 20 program innan miljø og kulturarv i 10 land. Denne innsatsen har òg betydning for vårt nasjonale arbeid, og forvaltninga får ny kunnskap gjennom europeisk samarbeid. Det vil bli lagt til rette for å involvere norske kommunar, organisasjonar, forskning og næringsliv i prosjekt og andre former for bilateralt samarbeid. Støtte til kulturarv, energieffektivisering, fornybar energi, og reduksjon av klimagassutslepp har vore viktige satsingar og er det framleis. I tillegg er satsing på klimatilpassingar, naturmangfald, vass- og havforvaltning og miljøgifter viktige område. Det vil vere stor aktivitet i dei fleste programma i 2014.

Nordisk og OECD

Det nordiske arbeidet er ei viktig ramme for dei nordiske landa si samordning overfor EU, samtidig som Norden-politikk for Noreg og dei nordiske landa er blitt ein stadig større del av Europapolitikken. Det nordiske samarbeidet har på denne måten blitt ein integrert del av Europa-politikken.

Miljøverndepartementet vil medverke til at det nordiske miljøsamarbeidet påverkar globalt og regionalt miljøarbeid på prioriterte område som grønn samfunnsutvikling, klima, naturmangfald og kjemikaliar. Eksempel er felles forståing av økosystema sin verdi og verdsetjing av naturkapitalen for å få eit betre velferds mål, strengare kjemikalier-regulering i EU og globalt, reduksjon av subsidiar på fossilt brensel, miljøavgifter, grønne offentlege innkjøp og utvikling av andre rammer for å fremje grønn økonomi. I tillegg til oppfølging av det nye miljøhandlingsprogrammet for perioden 2013–

2018 med vekt på grønn samfunnsutvikling, klima, biodiversitet, kjemikaliar og miljøgifter, vil oppfølging av Rio+20 og rapporten til dei nordiske statsministrane om «Norden – ledende i grønn vekst» stå sentralt framover. Det nordiske politiske samarbeidet er basert på eit tett samarbeid mellom styresmakter, ekspertar og forskning, som medverkar til å utvikle konkrete tilnærmingar på felles utfordringar, og som gir faglege innspel til å utvikle vidare miljøregelverket i EU og FN.

Det er òg viktig å medverke til at Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) held fram med å støtte den miljøpolitiske agendaen globalt og medverkar til kunnskapsutvikling saman med andre internasjonale institusjonar. OECD er ein viktig leverandør av fagleg og politisk relevante analysar av høg kvalitet, i tillegg til å utarbeide retningslinjer og normer for økonomisk politikk og internasjonalt samarbeid. Særleg viktig er samarbeidet med sentrale u-land og land med overgangsøkonomiar om utvikling av berekraftig økonomi. Viktig i denne samanhengen er mellom anna Russlands interesse for å bli OECD-medlem. OECDs arbeid med grønn vekst, klima, kjemikaliar og verdisetjing av økosystemtenester av stor betydning på miljøområdet. OECD styrker òg samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar (UNEP, UNDP og World Bank) om kunnskapsutvikling innan grønn økonomi.

Utviklingssamarbeid og bilateralt miljøsamarbeid
Miljøverndepartementet har særskilde avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i dei store utviklingslanda Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Desse landa har stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden, i kraft av store og aukande klimagassutslepp, utslepp av miljøgifter og stort biologisk mangfald som er truga. Dei er derfor heilt sentrale i internasjonalt miljøvernssamarbeid og i utvikling av globale miljøavtaler. Det bilaterale samarbeidet skal bygge relevant fagleg samarbeid på myndighetsnivå og gi ei plattform for dialogen om internasjonale miljøutfordringar. Miljøverndepartementet skal leggje til rette for slik dialog blant anna ved å medverke til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot det enkelte land si evne til å gjennomføre internasjonale forpliktingar i klimakonvensjonen, konvensjonen om biologisk mangfald og i konvensjonane om farleg avfall og kjemikaliar. Prosjekta vil hovudsakleg vere finansierte over UDs budsjett. I tillegg blir det nytta midlar over Miljøverndepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. Miljøverndepartementet er, i tillegg til samar-

beidet med dei store utviklingslanda, i tett dialog med Utanriksdepartementet om oppfølginga og etableringa av eit miljøsamarbeid med Myanmar.

Regjeringa har gjort miljø og klima til sentrale satsingsområde i Noregs bistand til dei fattigaste landa og i samarbeidet med land med rask økonomisk utvikling.

Miljøverndepartementet vil, i samarbeid med Utanriksdepartementet, medverke til at Meld. St. 14 (2010–2011) *Mot en grønnere utvikling* blir gjennomført. Kunnskapsgrunnlaget, nødvendige institusjonar, lover, reguleringar og andre verkemiddel må på plass for å kunne realisere ei grønnare utvikling. Noreg skal medverke til at utviklingslanda vel ei utvikling med lågutslepp og får på plass system for ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Departementet vil følge opp særskilte initiativ frå Regjeringa i så måte, under dette Regjeringas klima- og energiinitiativ («Energy+»), programmet Rein Energi for utvikling og Regjeringas klima- og skogprosjekt (sjå nærare omtale av Noregs klima og skogsatsing under Resultatområde 11 Stabilt klima). Miljøverndepartementet med Miljødirektoratet deltek òg i Olje for Utvikling-programmet, mellom anna i Ghana, Uganda, Sør-Sudan, Sudan og Tanzania. Formålet med programmet er å overføre norsk kompetanse slik at utviklingsland kan forvalte petroleumsressursane på ein måte som medverkar til varig reduksjon av fattigdom og sikrar at ein tek miljøomsyn.

Departementet deltek òg i Miljø for Europa-prosessen, der eitt viktig formål er å betre miljø-situasjonen i landa i Sentral-Asia, Aust-Europa og Kaukasus.

Nord- og polarområda

Nord- og polarområda er blant dei stadene på kloden der klimaendringane gjer seg raskast og sterkast gjeldande. Temperaturane i Arktis har dei siste tiåra stige dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet, og er allereie 2°C høgare enn for hundre år sidan. Isvolumet i Arktis er redusert med 60-70 pst. i forhold til gjennomsnittet sidan 1970. Det inneber ein betydeleg reduksjon i fleirårsisen. Det utrekna årlege tapet av masse frå Grønlandsisen er firedobla sidan 2000. Temperaturen i permafrosten har stige med inntil 2°C. Desse endringane har betydning ikkje berre for Arktis, men for klimaet på heile den nordlege halvkula og den framtidige havnivåstiginga. Dei raske klimaendringane set miljøet i Arktis under aukande press. Dette blir forsterka gjennom lettare tilgjenge, auka transportverksemd og res-

sursutnytting. Semja mellom Noreg og Russland om delelinja i Barentshavet vil òg venteleg medverke til auka økonomisk verksemd i området.

Både eit surare hav og klimaendringane knytte til auka vassføring, tining av permafrosten og utløy-sing av meir forureiningar når snø og is smelter, vil utgjere ein aukande negativ påverknad på arter og økosystem som finst i polarområda i dag. Når aktiviteten i desse områda samstundes aukar raskt, er det naudsynt at strenge miljøkrav og sikring av særleg verdifulle og sårbare område og arter kjem på plass *før* aktiviteten aukar og spreier seg til nye område. Om naturmangfaldet i nord skal takast vare på som grunnlag for verksemd og velferd i framtida, må det sikrast gjennom ei heilskapleg og langsiktig forvaltning grunna på føre var-prinsippet og prinsippet om samla belastning. Berre slik kan ein syte for at aktivitet og påverknad blir vurdert samla, og unngå at meir næringsverksemd og utnytting av naturressursane i nord fører til ringare miljøkvalitet eller kjem i konflikt med natur- og miljøvernomsyn og berekraftig bruk av økosystema. Dette set strenge krav til både nasjonale reglar og rammer, og til samarbeid og samordning av forvaltninga på tvers av landegrenser. Desse prinsippa ligg til grunn både for naturmangfaldlova, svalbardmiljølova og forvaltningsplanane som skal sikre ei heilskapleg, økosystembasert forvaltning av norske havområde, og blir fremja av Noreg i det bilaterale samarbeidet med Russland og innanfor Arktisk råd.

Ei heilskapleg forvaltning må vere grunnlag på den beste tilgjengelege kunnskap. Regjeringa er oppteken av at kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av miljøet og ressursane skal vere solid, og at konsekvensane for miljøet skal vere grundig vurderte før ein fattar avgjerd om ny aktivitet. Når klima er i rask endring samstundes som aktiviteten aukar og spreier seg til nye område, har ein òg behov for å gjere analysar av dei samla konsekvensane på sikt, og kva område som blir særleg viktige for biologisk mangfald og levande ressursar i framtida. Slik kan ein gjere betre vurderingar av kva krav ein bør stille, kva område som bør ha særskilt vekt, og kor grensene for menneskeleg aktivitet bør trekkjast av omsyn til sårbare område og arter i nordområda.

Ei berekraftig forvaltning av miljøet i nord krev ein målretta nasjonal innsats og eit målretta internasjonalt samarbeid. Slikt samarbeid må famne om både dei landa vi deler naturrikdommane med, og dei landa som driv verksemd i nord. Samarbeidet må òg knytast opp mot globalt samarbeid for å stanse klimaendringar og forurei-

ning som trugar miljøet og dei levande ressursane i regionen.

Miljøvernssamarbeid i nord har òg betydning for Noregs høve til å oppfylle sine plikter under miljøvernavtaler på område som klima, forureining, naturvern og vern av kulturminne.

Aktiv medverknad i Barentssamarbeidet og Arktisk råd gir gode høve til koordinering av miljøarbeidet i nord når det gjeld forureining og miljøgifter, klimaendringar og bevaring av biologisk mangfald. Miljøverndepartementet arbeider for at Arktisk råd skal medverke til eit betre kunnskapsgrunnlag om miljøet i Arktis som legg grunnlag for policy-koordinering og samarbeid mellom landa i Arktis i samband med internasjonale konvensjonar.

På ministermøtet i Arktisk Råd i 2013 vart det lagt viktige miljøsaker, under dette havforsuring, biodiversitet, svart karbon og metan, såkalla kortlevde klimadrivarar og miljøgifter. Noreg skal vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med prosjekt og utarbeiding av oppfølgingsplanar på desse områda. Innanfor Arktisk råd er Noreg ein viktig pådrivar for å fremje heilskapleg havforvaltning og beskytte dei arktiske marine områda. Noreg har òg teke initiativ til ei samla utgreiing av dei endringane som skjer i Arktis, og kva dette vil bety for framtidig miljø, aktivitet, forvaltning og behov for tilpassing. Noreg medverkar òg til eit større prosjekt som skal greie ut faren for store og brå endringar og såkalla «vippepunkt» i dei arktiske økosystema.

Noreg har som overordna målsetjing å sikre at dei unike natur- og miljøverdiane i Antarktis blir tekne vare på for framtidige generasjonar og for forskning på globale miljøsystem.

Noreg skal framleis vere ein aktiv pådrivar for å sikre at klimaendringar er eit viktig punkt på dagsordenen i Antarktistraktaten (ATCM), og for oppfølging av tilrådingane frå det særskilte ekspertmøtet om klimaendringar i Antarktis som vart halde i Svølvær i 2010.

Norsk klimaforskning i Antarktis vil medverke til å forbetre framskrivinga av kva betydning Antarktis vil ha i framtidig klimautvikling, spesielt når det gjeld havnivå og endringar i økosystemet. Noregs forskning vil òg medverke til eit best mogleg kunnskapsgrunnlag for den felles forvaltninga av traktatområdet.

Situasjonen i nordområda gir nye kunnskapsutfordringar på miljø- og klimaområdet. Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning i Tromsø, vart etablert i september 2010. 20 norske institusjonar inngår i senteret, og det blir etablert gode internasjonale forskingsnettverk. I 2013 er

det etablert full fagleg aktivitet innanfor 5 prioriterte satsingsområde på klima og miljø, noko som vil bli ført vidare i 2014. Den faglege aktiviteten er bygd ut med eit ekstra flaggskip for forskning på effektar av næringsaktivitet. Forskingsinstitusjonar som Tromsø universitet, Polarinstituttet, NILU, NIVA, NINA, Bioforsk, Havforskningsinstituttet, SINTEF, NGU og fleire deltek i forskinga.

Statens kartverk driv eit geodetisk observatorium i Ny-Ålesund, som er ein del av eit globalt forskingsnettverk. Rørslene på jordoverflata, jordrotasjonen og jordas nøyaktige plassering i verdsrommet blir kartlagt her. Observatoriet er viktig for all satellitteknologi, klimaforskning og overvaking. Stasjonen er bemanna året rundt og bidreg til den faste busetnaden i Ny-Ålesund. Regjeringa har vedteke fornying og oppgradering av observatoriet.

Miljøverndepartementet deltek aktivt i dei årlege konsultative møta under Antarktistraktaten (ATCM) for å ta vare på miljøinteresser i Antarktis og vil medverke til eit godt samarbeid om forvaltninga av kontinentet. Med utgangspunkt i vår heilårs forskingsstasjon Troll i Dronning Maud Land og gjennom deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid, gir Noreg viktige bidrag både til å betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av Antarktis, og til det internasjonale klima- og miljøarbeidet.

Samarbeid med Russland

Eit breitt og effektivt miljøvernssamarbeid med Russland står sentralt i Regjeringas nordområdestrategi. Havmiljø og samarbeid i grenseområda er spesielt prioriterte område. Samarbeidet om naturmangfald i Barentsregionen, reduksjon av forureining og undersøkingar av radioaktiv forureining vert òg ført vidare.

Innan havmiljøssamarbeidet er utviklinga av eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk side av Barentshavet, basert på norske erfaringar med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten, høgt prioritert. Saman med etableringa av eit felles norskrussisk miljøovervaksingsprogram, vil dette utgjere viktige premissar for auka verksemd innan fiskeri, skipstransport og olje- og gassverksemd. Risikoanalysar og erfaringsutveksling om kontroll av petroleumsverksemd er òg viktige element i havmiljøssamarbeidet.

I grenseområda er utsleppa frå nikkilverka på Kola framleis den største utfordringa, og styrkt miljøovervaking har derfor ein sentral plass i det grensenære samarbeidet. Noreg vil halde fram med å ta saka opp overfor russiske styresmakter slik at naudsynte tiltak blir sette i verk for å få redusert utsleppa.

Mange av prosjekta i det bilaterale miljøvern-samarbeidet med Russland støttar opp under miljøvern-samarbeidet under Barentsrådet og Arktisk Råd, der Noreg er ein aktiv deltakar. I Barentssamarbeidet fokuserer ein på reinare produksjon i industrien og berekraftig forbruk, forvaltning av naturmangfaldet og av vassressursane i regionen. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, dei såkalla *hot spots*, som er beskrivne i Arktisk Råds miljøovervåkingsprogram og NEFCO si *hot spot*-liste frå 2003.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

Nasjonalt mål 1. Vere ein pådrivar for nye og strengare miljøvern-avtaler, spesielt globalt.

Forhandlingane om ein ny global konvensjon om kvikksølv som starta i 2009, blei avslutta i januar 2013. Konvensjonen skal underteiknast på ein diplomatkonferanse i Minamata, Japan oktober 2013 og Noreg er tilfreds med avtala, som vi meiner kan få universell tilslutnad. Noreg er ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye konvensjonen.

Nasjonalt mål 2. Politikk og regelverksutvikling i EU/ EØS resulterer i strenge miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Norsk deltaking i EUs avgjerdsprosessar og forvaltningsregime.

Gjennom aktiv deltaking i Kommisjonen ekspertgrupper og komitear har miljøforvaltninga arbeidd for tidleg å kunne medverke til utarbeiding av forslag til miljøregelverk. Det er gjort innspel til og har vore kontakt med relevante aktørar i Kommisjonen, Europaparlamentet og sentrale medlemsstatar, med særleg vekt på områda klima, ressurseffektivitet/grøn økonomi, og kjemikalier/avfall. Det er bl.a. sendt skriftlege innspel til EUs institusjonar om EUs karbonmarknadsmelding, EUs kjemikaliepolitikk, luftpolitikken, biodrivstoff (ILUC), kriterium for miljøtilsyn og plastavfall.

Det er lagt stor vekt på politisk kontakt og god dokumentasjon av norske posisjonar og konkrete tekstbidrag til regelutviklinga i EU, og bilateral kontakt og alliansebygging i viktige saker på den globale miljøagendaen. Det nordiske samarbeidet har vore brukt aktivt under det norske formannskapet i 2012 i arbeidet med å påverke EUs politikkutvikling.

- Rask avklaring av norske posisjonar på nytt EU-regelverk.

Norske posisjonar på EU-regelverk blir avklart systematisk og så raskt som mogleg gjennom EØS-spesialutvalet for miljø der Miljøverndepartementet legg fram for andre departement nye initiativ som er komne frå EU. Det blir fortløpande arbeidd for å sikre at relevante EU-rettsaker blir gjennomførte på ein open og effektiv måte i det norske lovverket. Miljøverndepartementet har ein aktiv dialog med EFTAs overvåkingsorgan, Kom-misjonen og andre departement om gjennomføring av miljørettsaker.

- Norsk miljøforvaltning deltek i samarbeidsprogram i prioriterte land som mottok støtte frå EØS-midlane (2009–2014).

MDs etatar er partnarar i 20 program innan klima, miljø og kulturarv i 10 land. Dette er meir enn venta, og viser at det er stor interesse for samarbeid med norske miljøstyresmakter. Innsatsen frå etatane blir dekt av givarlanda sine administrasjonsmidlar. EØS-midlane skal bl.a. medverke til at landa byggjer kompetanse og raskare gjennomfører forpliktingar knytte til EU-direktiv og internasjonale konvensjonar. Norske institusjonar er etterspurde for sin kompetanse av mottakarlanda.

Nasjonalt mål 3. Arbeide for at globale og regionale samarbeidsorgan på miljøområdet, under dette FNs miljøprogram (UNEP), blir utvikla til effektiv reiskap for utvikling og gjennomføring av miljøpolitikk.

Indikatorar:

- FNs miljøprogram som meir autoritativt, relevant og resultatorientert miljøorgan og det faglege tyngdepunktet i FN-systemet på miljøområdet.

På årets styremøte i februar var hovudfokus implementering av vedtaket frå Rio+20 om universelt medlemskap i UNEPs øvste styrande organ, som no er omdøyppt til FNs Miljøforsamling (UNEA). Noreg arbeidde dessutan for å sikre ei styrkt rolle for miljøministrar i Miljøforsamlinga, og auka deltaking frå hovudstader i dei førebudande prosessane. I tillegg vart det fatta vedtak om hav, grøn økonomi og at det skulle etablerast transparente prosedyrar og felles praksis rundt dei ulike *assessments* drivne i regi av UNEP. FNs Miljøforsamling vart oppretta på styremøtet og det første møtet i forsamlinga vil finne stad i juni

2014. Noreg er medlem av byrået til FN's Miljøforsamling for 2014.

- Miljøforbetringar som følgje av finansieringa av globale miljøtiltak gjennom det globale miljøfondet (GEF) målt pr. krone (færre tonn CO₂-ekv., mindre artstap, fleire km² verna, færre tonn miljøgifter).

GEF er i år i ferd med å utføre ei grundig evaluering av den fireårsperioden (GEF-5) som no går mot slutten. GEF har komme langt i å talfeste resultat, og i dei årlege prosjektgjennomgangane har ein f.eks. tal for nedgang i karbonutslepp og for kor mange tonn farlege pesticid som er trygt behandla med GEF-midlar. Andre resultat – slik som arealforvaltning som tek større omsyn til viktige naturverdiar – er vanskelegare å talfeste, men mange av desse tiltaka har skjedd i utviklingsland og ville neppe blitt gjennomført utan GEF-midlar. Kostnadene for slike tiltak varierer sterkt. Foreløpig evalueringsrapport viser gode resultat på prosjektnivå, men når det gjeld spreiringseffekt og verksemd på globalt miljø er det framleis utfordringar. GEF er elles i teten når det gjeld samfinansiering, dvs. at tilgang på GEF-midlar òg fører til mobilisering av andre finansielle ressursar. Evalueringa blir slutført i 2013.

- Målretta nordisk samarbeid mot aktiv påverknad av globalt og regionalt miljøarbeid.

Gode resultat har dei siste åra blitt oppnådde spesielt i arbeidet med å påskunde utvikling av ei global kvikksølvavtale. Noreg hadde formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012 og medverka til å setje auka fokus på klima, gjennom Svalbarderklæringa om kortliva klimadrivarar på ministermøtet våren 2012 og til oppfølging av toppmøtet i Rio 2012. Under det norske formannskapet i 2012 blei fokuset på «Klima og grøn økonomisk vekst» styrkt. Det er utarbeidd eit nytt miljøhandlingsprogram for perioden 2013–2018 med vekt på grøn samfunnsutvikling, klima, biodiversitet, kjemikalier og miljøgifter. Vidare er arbeidet med det vellykka miljømerket Svana styrkt økonomisk og organisasjonsmessig. I 2013 har Sverige formannskapet i Nordisk Ministerråd. På miljøministermøtet i Jukkasjärvi i februar 2013 blei ministrane einige om å gje eit innspel til EU sitt arbeid med deira 7. miljøhandlingsprogram. Norden ville ha meir trykk på klimaspørsmåla og påverknad i utviklinga av ein strategi for eit giftfritt miljø i EU. Vidare ønsket dei nordiske ministrane at strategien skal ha ein ambisiøs tidtabell med forslag til

konkrete mål og tiltak. Det blei også vedteke å opprette ei nordisk ad-hoc gruppe som skal fokusere på miljøaspekt ved måling av velferd saman med finans- og næringssektoren og dei nordiske statistikkbyråa. Post Rio 2012 diskuterte man forslag på nordisk innspel i ein global utviklingsagenda og globale holdbarhetsmål. Sverige har også invitert til ein nordisk ministerdialog om klima i samband med IPPCs WGI sitt møte i Stockholm i september 2013. Ekspertsamarbeidet medverkar jamleg med innspel til prosessar i EU og FN.

Nasjonalt mål 4. Rammevilkår for handel og investeringar skal gi rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og fremje omsyn til miljø og ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Miljøomsyn integrerte i handels- og investeringsavtaler.

Arbeidet med å hindre avgrensingar i Noregs høve til å regulere ut frå miljøomsyn har stått sentralt. Dette gjeld særleg enkeltland sitt høve til å stille miljø- og helsekrav til produkt – for eksempel høvet til å stille miljøkrav til bruken av kjemikalier. Handelsavtala mellom EFTA og Mellom-Amerika, som vart avslutta i 2012, inneheld likeins med handelsavtala med Peru som vart undertekna i 2010, referansar til Konvensjonen om Biologisk Mangfald (CBD) i kapitlet om immaterielle rettar. Dei går dermed lengre enn andre EFTA-avtaler i å sikre miljøomsyn knytte til genetiske ressursar. Kapitlet om handel og berekraftig utvikling i avtala med Mellom-Amerika inneheld referanse til samarbeid om klima og skog.

- Eigne miljøkapittel i bilaterale og regionale handelsavtaler.

I forhandlingane om frihandelsavtaler som skjer gjennom EFTA har arbeidet med eigne kapittel om handel og berekraftig utvikling vore høgt prioritert. Eksempel på dette er Noregs pågåande handelsavtaleforhandlingar med blant andre India, Indonesia, Russland, Kasakhstan, Kvite-russland og Vietnam. I avtala mellom Hong Kong og EFTA vart resultatet eit kapittel om handel og miljø. Avtala mellom EFTA og Bosnia-Herzegovina, og med Mellom-Amerika inneheld eit kapittel om handel og berekraftig utvikling (arbeidstakarrettar og miljø) basert på EFTA-modellen.

- Føresegner i internasjonale avtaler på handels-, investerings- og miljøområdet som byggjer på prinsippet om at avtalene er likestilte og sidestilte.

Arbeidet for at avtaler på handels-, investerings- og miljøområdet ikkje inneheld forplikningar som skaper eit hierarki mellom miljø- og handelsregelverka, er høgt prioritert. Det har vore eit viktig tema blant anna i samband med toppmøtet om berekraftig utvikling i Rio og i forhandlingane under FN's Klimakonvensjon. I forhandlingane om forholdet mellom miljø- og handelsregelverk i Verdas handelsorganisasjon har det vore lite framgang som ei følgje av stillstand i den generelle forhandlingsprosessen.

Nasjonalt mål 5. Strategisk politisk dialog med samarbeidsland og medverke til å styrkje desse landa si evne og vilje til å ta på seg og gjennomføre internasjonale forplikningar.

Indikator:

- Styrkt klima- og miljør samarbeid med Kina, Sør-Afrika, Brasil og India der prosjektporteføljen speglar dei globale miljøutfordringane og medverkar til å styrkje landa si evne til å ta på seg og gjennomføre internasjonale miljøforplikningar.

Det har vore god dynamikk særleg i samarbeidet med India, Brasil og Sør-Afrika i 2013. Ekspertsamarbeidet med Kina har vore ført vidare i 2013, og det er semje om tematiske prioriteringar i samarbeidet framover. Under det bilaterale samarbeidet med India er det halde årleg møte med besøk frå den indiske miljøvernministeren, der det har komme til semje om vidare samarbeid på klima, elektrisk og elektronisk avfall, verdsetjing av økosystemtenester og havforvaltning. Gjennomføringa av avtalte samarbeidsområde under senteret for naturressursar og -lovgiving i Chennai er starta opp. Under det bilaterale miljøsam arbeidet med Brasil har ein gjennomført eit arbeidsseminar om havforvaltning, forureining og oljeberedskap. Ein har òg diskutert nærare samarbeid knytt til forvaltningsplanar og overvaking. Under samarbeid med Sør-Afrika har det i samanheng med besøk frå den sørafrikanske ministeren i juni blitt underteikna ei ny samarbeidsavtale mellom dei to miljøverndepartementa. Det er identifisert nye samarbeidsområde knytte til klima og til havforvaltning.

- Medverke til ei langsiktig oppbygging av miljøforvaltning i dei tidlegare sovjetrepublikkane (EECCA-landa).

Departementet har gitt tilsegn til prosjekt i Kaukasus og Sentral-Asia innanfor områda vatn, biodiversitet, kjemikalier, grøn økonomi og kapasitetsbygging. Støtta er gitt via internasjonale organisasjonar som FN's økonomiske kommisjon for Europa (UNECE), Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), FN's miljøprogram (UNEP), Paneuropeisk biomangfaldsstrategi (PEBLDS) og regionale miljøsenters i området. Prosjekta vart sette i gang i 2012 og vil bli avslutta i løpet av 2014.

Nasjonalt mål 6. Utviklingspolitikken skal medverke til ei grønare utvikling og til oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø- og naturressursar.

Indikator:

- Gjennomføring av Meld. st. 14 (2010–2011) *Mot en grønnere utvikling* med vekt på handlingsplanen for miljøretta utviklingsarbeid, miljøpilaren i programmet Olje for Utvikling og satsinga Rein Energi for utvikling.

Departementet har vore aktivt i den vidare utviklinga og igangsetjing av klima- og energiinitiativet «Energy+». Initiativet skal redusere klimagassutsleppa og auke energitilgangen i utviklingsland. I Etiopia vil Energy+ i tillegg prøve ut utbetaling basert på referansebaneberekna utsleppsreduksjon. Miljøverndepartementet har vidare ansvaret for miljøpilaren i Regjeringas satsing på Olje for Utvikling (OfU). I 2013 har det vore lagt vekt på å styrkje miljødimensjonen gjennom kompetanse- og kapasitetsbygging i OfU-landa. Mellom anna har ein drive opplæring i bruk av miljøkonsekvensanalysar, utvikling av miljølovgiving, etablering av tilsynskapasitet og beredskapsplanar for at landa betre kan ta miljøomsyn ved olje- og gassutvinning.

Nasjonalt mål 7. Avgrense påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda som følgje av menneskeleg aktivitet.

Indikatorar:

- Bevaringsstatus for utvalde arter og økosystem i Arktis.
- Nivå av utvalde forureiningskomponentar i det arktiske miljøet.
- Status for implementering av heilskapeleg forvaltning i den arktiske regionen.

- Sårbare og verdifulle område som er verna eller gitt særleg vern.
- Storleiken på utslepp frå Petsjenga-Nikel.
- Talet på område med samordna forvaltning mellom Noreg og Russland og kvaliteten på dette samarbeidet.
- Talet på miljøprosjekt i Nordvest-Russland med norsk samarbeidspartnar.
- Talet på verneområde og forvaltningsområde i Antarktis.

Arktisk Råd

Eit permanent sekretariat for Arktisk råd vart etablert i Tromsø 1. juni 2013. På ministermøtet i Kiruna 15. mai var det mykje fokus på nye observatørar, men det vart òg lagt stor vekt på viktige miljøsaker. Tre sentrale miljørapportar vart lagde fram på møtet: Status for havforsuring i Arktis (Arctic Ocean Acidification), ein gjennomgang av status for biodiversitet i Arktis (Arctic Biodiversity Assessment) og Arctic Ocean Review, om forvaltning av det arktiske havmiljøet. Arctic Ocean Acidification er ein omfattande gjennomgang av korleis utslepp av CO₂ blir tekne opp i havet i Arktis. Rapporten viser at det skjer ei rask og omfattande forsuring av dei arktiske havområda. Havet har blitt opp mot 30 pst. surare sidan starten på den industrielle revolusjonen. Overvakingsdata frå norske havområde viser at havvatnet også her blir surare. Saman med aukande smelting av isbrear og havis, aukande temperatur og tilførsel av forureining, kan dette føre til stor påverknad på økosystema og tilhøva for busetjinga i nord.

Til ministermøtet i 2013 vart det òg lagt fram ein rapport med tilrådingar om reduksjon av utslepp av svart karbon og metan, såkalla kortliva klimadrivarar, for å bremse klimaendringane i Arktis. Arctic Biodiversity Assessment gir ei vurdering av status, trendar og framtidsutsikter for arktisk biodiversitet. Miljøgifter som kvikksølv representerer framleis ein risiko for dyreliv og befolkning i Arktis.

Arter og økosystem i Arktis.

På grunn av endringar i havis og isbrear vil økosystemet i iskanten endrast. Fisk, plankton og algar er avhengige av iskanten for å overleve og reproducere. Mangel på havis vil òg truge andre dyrearter. Grønlandssel og klappmyss vil miste leveområda sine, og isbjørnen vil miste jaktområda.

I følgje den norske Artsdatabanken høyrer 70 av dei raudlista artene heime på Svalbard. Av desse er 47 vurderte som truga. For 30 av desse

er klimaendringar ein av fleire påverknadsfaktorar, og blant dei finn vi isbjørn og kvalross. Også steinkobbe er klassifisert som ei sårbar art som er truga av både klimaendringar og miljøgifter.

I tillegg er arter som ismåke og lomvi vurderte som truga. For desse er miljøgifter ein viktig påverknadsfaktor.

Grønlandskvalen ved Svalbard er ein av dei mest utryddingstruga kvalbestandane i verda, og leveområda blir reduserte fordi drivisen i Arktis forsvinn.

Forureining i det arktiske miljøet

I Arktis er svovelsambindingar hovudårsaka til forsuring, mens nitrogen har noko underordna betydning. Forsuringsproblemet har avteke markant sidan syttitalet og er ikkje eit stort miljøproblem i Arktis. Likevel er det framleis episodar om våren der det er synleg dis. I tillegg til å vere eit potensielt problem for forsuring i sårbare område i Arktis er desse stoffa òg kortliva klimapådrivarar som er viktige for å forstå korleis partiklar påverkar klimaet både regionalt og globalt.

I 2011 vart det ved Zeppelinstasjonen observert det lågaste årlege gjennomsnittet sidan målingane starta for parametrane sum HCH, sum DDT, sum klordanar og sum PCB. Sum PAH var blant dei lågaste verdiane målt til no. HCB har stige litt for kvart år sidan 2007.

I isbjørn er det funne høge nivå av visse typar bromerte flammehemmarar. Ein har òg funne ei rekkje «nye» miljøgifter i lufta på Svalbard, som ulike typar bromerte og fluorerte stoff.

Kvikksølv blir ført med luft- og havstraumar nordover til Arktis og høgare temperaturar i nord kan gi auka utløysing av miljøgifter. Inuitane på Grønland og i nordvest-Canada, som hovudsakleg lever av feit fisk, sel og kval, har eit dagleg inntak av metylkvikksølv som er høgare enn tilrådd av Verdas helseorganisasjon (WHO). Målingane viser ingen endringar i årleg gjennomsnitt for kvikksølv på Svalbard. Ein finn det som er normalverdiar for kvikksølv på den nordlege halvkula, det vil seie 1,5 nanogram pr. kubikk.

Sårbare og verdifulle område som er verna eller gitt særleg vern

Vernestatus for dei ulike arktiske områda varierer avhengig av kva slag arktisk definisjon som blir nytta. I Noreg er eksempelvis 67 pst. av Svalbard og heile Jan Mayen verna. Dei verna områda går ut til 12 nautiske mil frå kystlinja rundt Svalbard og Jan Mayen.

Noreg medverkar aktivt i arbeidet innanfor Konvensjonen om vern av det marine miljø i det nord-austlege Atlanterhavet OSPAR med marine verna område (MPA – Marine Protected Areas). Det er spesielt dei verna områda rundt Svalbard og Bjørnøya som utgjer store areal. Dei ni norske MPAane dekkjer til saman eit sjøareal på 84 898 km².

Det er òg ei rekkje verneområde i Arktis under RAMSAR-konvensjonen om vern av våtmarker av internasjonal betydning.

Vidare er det identifisert særleg verdifulle og sårbare område i forvaltningsplanen for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten, og av Meld. St. 10 (2010–2011) Oppdatering av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten, går det fram at det i områda ved iskanten og polarfronten ikkje skal setjast i gang petroleumsverksemd i denne stortingsperioden. Det skal heller ikkje setjast i gang petroleumsverksemd innanfor eit belte på 65 km rundt Bjørnøya i denne stortingsperioden.

Heilskapelig forvaltning i den arktiske regionen.

Det er eit tett og godt samarbeid mellom Noreg og Russland om økosystembasert forvaltning, særskilt innan samarbeidet om havmiljø, noko som er særleg viktig på grunn av den auka økonomiske aktiviteten som er venta i Barentshavet. Fokus er på å utarbeide eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk del av Barentshavet, basert på norske erfaringar og i samarbeid med norske fagmiljø.

Det er sett i gang ei rekkje prosjekt for å medverke til å byggje opp kunnskap og overføre kompetanse og slik støtte opp om samarbeidet om økosystembasert forvaltning av Barentshavet. Ein sentral del av dette er oppbygging av eit felles miljøovervåkingsprogram for Barentshavet, der ein i 2012 har arbeidd med ei felles liste over indikatorar som skal overvakast, noko som vil halde fram i 2013. Eit anna særleg prioritert område er samarbeidet mellom styresmaktene om regelverk og kontroll av aktivitetar som påverkar Barentshavet, med vekt på kontroll og tilsyn av miljøtryggleik i petroleumsverksemd.

Utslepp frå Petsjenga-Nikel

Samla sett har utsleppa av svoveldioksid frå nikkilverka på Kola gått ned med om lag 36 pst. i perioden 1999–2008, mens støvutsleppa som inneheld tungmetall har gått ned med om lag 10 pst. Dei samla utsleppa av svoveldioksid ligg likevel framleis på om lag 100 000 tonn pr. år, meir enn 5

gonger Noregs samla utslepp. Undersøkingar visar auka opphoping av tungmetall i naturen dei seinare åra, noko som etter norsk syn er alvorleg.

Den norskrussiske arbeidsgruppa som er vedteken oppretta av den norskrussiske regjeringskommisjonen for økonomisk og teknisk/vitskapeleg samarbeid har ikkje komme i gang, noko som har skuldast at bedrifta som eig nikkilverka ikkje har ønskt å samarbeide. Gruppa skal ha som hovudoppgåve å følgje opp at felleserklæringa frå president Medvedevs besøk i Noreg i april 2010 blir etterlevd. I erklæringa er det erkjent av begge sider at utsleppa gir grunn til bekymring, og det står at russiske styresmakter er klare til å medverke til at utsleppa kjem ned på eit nivå som ikkje skader helse og miljø i grenseområda. For å undersøke grunnlaget for ei slik gruppe vart det i juli 2012 arrangert eit arbeidsmøte i Oslo mellom norske og russiske styresmakter og ekspertar og med representantar for bedrifta, der ein vart samde om at dialogen må halde fram med sikte på å få redusert utsleppa. Ein vart òg samde om at det må bli større openheit kring utsleppa og at informasjonen om miljøsituasjonen må bli betre. Spørsmålet om å få ned utsleppa frå Petsjenga-Nikel har vorte teke opp bilateralt i alle møte på politisk nivå der dette har vore naturleg.

Samordna forvaltning mellom Noreg og Russland

Eit område med samordna forvaltning i grenseområda er Pasvik-Inari trilaterale park, som er eit grenseoverskridande verneområde mellom Noreg, Russland og Finland. I samarbeidet om forvaltning av verneområde inngår berekraftig turisme og etablering av nettverk for samarbeid mellom kommunane, turistbedrifter og forvaltning for betre løysing av felles miljø- og forvaltningsoppgåver. I 2012 har det vore arbeidd med å følgje opp tiltaksplanen for parken, mellom anna er det gjennomført ein analyse av felles raudliste. Det har òg vore fokus på vedlikehald av dei etablerte nettverka.

Miljøprosjekt i Nordvest-Russland med norsk samarbeidspartnar.

Innan det norskrussiske miljøvernssamarbeidet har det vore arbeidd med om lag 45 prosjekt innan felte havmiljø, naturmangfald, reduksjon av forureining, grensenært samarbeid og undersøking av radioaktiv forureining. Dei fleste prosjekta er ein del av arbeidsprogrammet for det norskrussiske miljøvernssamarbeidet for 2013–2015, men det er òg ein del andre prosjekt, for eksempel samarbeidsprosjekta mellom norske og russiske miljøvernorganisasjonar.

Mange av samarbeidsprosjekta i det norskrussiske miljøvernssamarbeidet støttar opp om miljøvernssamarbeid som går føre seg i organisasjonar som Arktisk råd og Barentsrådet.

Forvaltningstiltak i Antarktis

Miljøprotokollen til Antarktistraktaten vart implementert i Noreg ved ei eiga forskrift om vern av miljøet i Antarktis fastsett i 1995. Denne forskrifta er no erstatta med forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis av 26. april 2013. Den nye forskrifta fører vidare fleire av reglane i den gamle forskrifta, men implementerer òg ansvarsvedlegget under Miljøprotokollen (Annex VI) og tiltak 4 om plikt til å ha beredskapsplanar for helse og tryggleik.

På det konsultative møtet 2013 under Antarktistraktaten vart det vedteke forvalt-

ningsplanar for ei rekkje spesielt forvalta område (Antarctic Specially Managed Area) og spesielt verna område (Antarctic Specially Protected Area). Klimaendringar er sett på dagsordenen for det konsultative møtet, og Noreg har fått ei leiande rolle når det gjeld oppfølging av tilrådingane frå det særskilte ekspertmøtet om klimaendringar i Antarktis. Den aukande og stadig meir mangfaldige turismen gjer handtering av turisme til ei viktig sak, og det vart vedteke stadspesifikke retningslinjer for besøkande (Site Specific Guidelines) for ei rekkje nye område. Store avstandar, ekstreme vêrforhold og små stadlege ressursar skaper store utfordringar knytte til aktivitetar i Antarktis. Det vart i den samanhengen nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på samarbeid innan søk og redning (SAR).

12 Resultatområde 1 Levande hav og kyst

I Noreg finn vi nokre av dei mest produktive havområda i heile verda. Norske havområde har eit særskilt rikt naturmangfald med blant anna internasjonalt viktige bestandar av fisk som sild, torsk og lodde, og sjøfuglar som lunde, polarlomvi og alkekonge. Kvalross, storkobbe og kvitkval er døme på bestandar av sjøpattedyr. Korallreva langs norskekysten er unike i global samanheng. I høve til mange andre økosystem har havområda ikkje så mange arter, men hos nokre arter er det svært store bestandar. Noreg har ein storslått og variert kystnatur, både over og under vatn. Det er nær samanheng mellom økosystema i havet og på land, til dømes transporterer sjøfugl store mengder næring frå havet og inn på land. Mange av artene i kystsona er svært spesialiserte og ein del av dei finst berre her.

For Noreg har naturressursane frå havet ført til at vi er å rekne som ein av verdas viktigaste havnasjonar, og dei har medverka til verdiskaping og velstand. Petroleumsverksemda og fiskerinæringa er Noregs største eksportnæringar. Sjøtransport er ein betydeleg aktivitet i norske havområde, og det er stort potensial for framtidig produksjon av fornybar havenergi. Rekreasjon og turisme knytt til friluftsliv i kystsona gir gode opplevingar og er òg grunnlag for økonomiske verdier.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 1.1. Dei marine økosystemas struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald skal oppretthaldast eller gjenopprettast, og danne grunnlag for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystemtenester.

Indikatorar:

- Fagleg forum si vurdering av miljøtilstand og verdiskaping i kvart enkelt havområde.
- Gjennomføringa av føringar og tiltak i forvaltningsplanane for havområda innan fastsette fristar.

Nasjonalt mål 1.2. Alt kystvatn skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av 2021.

Indikatorar:

- Delen av kystvatn som har god kjemisk og økologisk tilstand eller godt økologisk potensial.

Nasjonalt mål 1.3. Eit representativt utval av marine område skal vernast for kommande generasjonar.

Indikatorar:

- Totalt verna areal og verna areal fordelt på naturtypar i hav og kystvatn.
- Talet på verneområde med forvaltningsplan.

Nasjonalt mål 1.4. Korallrev og andre sårbare økosystem sine funksjonar skal oppretthaldast.

Indikatorar:

- Samla areal korallrev og andre sårbare marine økosystem som er påverka av menneskeleg aktivitet.
- Samla areal korallar og andre sårbare marine økosystem med skjermingstiltak.

Nasjonalt mål 1.5. Tapet av truga marine arter skal vere stansa, og tilstanden til arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter knytte til hav og kystvatn.
- Talet på prioriterte arter knytte til hav og kystvatn og bestandsutviklinga for desse.
- Bestandssituasjonen for utvalde sjøfugl.

Nasjonalt mål 1.6. Alle marine bestandar som blir hausta skal vere forvalta økosystembasert og vere hausta berekraftig.

Indikatorar:

- Bestandssituasjonen for arter der hausting er ein viktig påverknadsfaktor.

Nasjonalt mål 1.7. Vesentlege uheldige følgjer av framande organismar for det marine naturmangfaldet skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på skadelege framande organismar i det marine miljøet og utbreiinga deira.

Nasjonalt mål 1.8. Utslepp til sjø frå dagleg drift skal ikkje føre til helse- eller miljøskadar eller auka bakgrunnsnivå av olje eller andre miljøfarlege stoff. Risikoen for akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og ein skal kontinuerleg forsøke å redusere risikoen ytterlegare.

Indikatorar:

- Mengda operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff i vatn frå petroleumsverksemd.
- Mengda operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff frå skip og landbasert verksemd.
- Talet på og mengd av akutte utslepp av olje og andre miljøfarlege stoff frå petroleumsverksemd, skip og landbasert verksemd.

Nasjonalt mål 1.9. På Svalbard skal omfanget av villmarksprega område haldast oppe, naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning skal sikrast. Svalbards natur skal kunne opplevast uforstyrra av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.

Indikatorar:

- Volum og fordeling av motorisert ferdsel til sjøs på Svalbard.
- Talet på og geografisk spreining av landstigningar frå cruiseskip utanfor planområda.
- Talet på helikoptertimar.
- Del av verneområda med godkjent forvaltningsplan.
- Bestandsstatus for raudlista arter og andre utvalde arter.
- Status for framande arter og effektar av desse.

Tilstand

Havområda utgjer om lag seks gonger Noregs totale landareal innanfor 200-milssona. Dei heilskapelege forvaltningsplanane for kvart av havområda gir ein karakteristikk av miljøtilstanden. Tilstanden i Barentshavet og Norskehavet er generelt god med unntak for enkelte sjøfugl- og fiskebestandar. Miljøtilstanden i Nordsjøen og Skagerrak var tidlegare dårligare enn den er i

dag. Likevel er miljøtilstanden bekymringsfull og på mange område ikkje tilfredsstillande.

Tilstanden i kystvatn er varierende. Tareskogane er blitt reduserte i fleire tiår både i nord og sør, og bestanden av kysttorsk ligg svært lågt.

Ein viktig grunn til det store mangfaldet i norske havområde er førekkomsten av grunne havområde, slik som Nordsjøen, Barentshavet og kontinentalsokkelen langs kysten. Svært mykje av havets biologiske produksjon går føre seg i slike grunne område.

Fisk er næringsgrunnlag for mange sjøfugl, og den rike tilgangen på fisk forklarar i stor grad plasseringa til dei største sjøfuglkoloniane. Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Fleire sjøfuglbestandar langs norskekysten har hatt ein urovekkjande tilbakegang. Lomvi er klassifisert som truga på Norsk rødliste for arter 2010. For lomvi er situasjonen så alvorleg at det er eit spørsmål om tid før arten forsvinn som hekkfugl i mange fuglefjell langs fastlandskysten. Noreg har eit spesielt forvaltningsansvar for fleire sjøfuglarter fordi bestandane utgjer ein vesentleg del av den europeiske eller nordatlantiske bestanden.

I kystvatn og på sokkelområda finst spesielt artsrike samfunn knytt til tare, koralldyr og svamp. Desse artene skaper livsmiljø som gir skjul til og levestad for ei rekkje små arter som igjen er næring for fisk og sjøfugl langs kysten. Vi veit lite om tilstanden til desse artene totalt sett. Men botndyr som korallar, svamp og sjøfjør er særleg utsette for påverknad og belastning frå botnslepande reiskap i fiskeria, som botntrål.

Stortaren og sukkertaren dannar tareskogar langs heile vår langstrakte kyst, og gir «husly» til ei rekkje arter av til dømes raudalgar, børstemakk, skjell, krepsdyr, slangestjerner, tanglopper, sniglar og store og små fisk. Det er ikkje uvanleg å finne opptil 100 forskjellige arter knytte til ei einaste tareplante, og om lag 250 arter av mobile dyr er registrerte i tareskogen. Tilstanden for stortare er i ferd med å betre seg noko. Det er observert at stortare har etablert seg igjen i ytre kystområde nord til Bodø der den før var nedbeita av kråkeballar. Lengre nord er det framleis store område med berre kråkeballar med noko tareskog innimellom. Siste rapport frå sukkertareovervakinga viser at tilstanden til sukkertare har betra seg fleire stader i Skagerrak sidan 2008 på strekninga frå Ytre Oslofjord til Grimstad, mens den er forverra i enkelte område frå Kristiansand til Stavanger.

Det er rekna ut naturindeks for naturmangfaldet knytt til vassmassane (pelagisk) og botnlevande artar i havet. Datagrunnlaget for dei botnlevande artene er vesentleg dårlegare enn for artene i vassmassane (pelagiske artar). Tilstanden for botnforholda er betre i det djupe Norskehavet enn i dei grunnare områda i Barentshavet, Nordsjøen og Skagerrak. Naturindeksen for 2010 viser best tilstand i vassmassane i Barentshavet (NI=0,76), noko dårlegare i Norskehavet (NI=0,68) og Nordsjøen (NI=0,62), og dårlegast i Skagerrak (NI=0,49).

Berre 3 pst. (87 artar) av dei truga artene som er registrerte på Norsk rødliste for 2010 lever i havet. Den låge delen skuldast i stor grad manglande kunnskap, både om enkelte artar og grupper av artar, slik at det ikkje er grunnlag for å gjere raudlistevurderingar. Døme på truga artar i havet er dvergålegras, piggishavsreke, østers, ål, brugde, vanleg uer, klappmyss, narkval og grønlandskval. Blant sjøfuglane er artene krykkje, lomvi, lunde og makrellterne nokre eksempel på truga artar. Isbjørn er òg ei truga art.

Noregs naturtypar vart vurderte for første gongen av Artsdatabanken i 2011. Av marine naturtypar på djupt vatn er korallrev og muddervulkanbotn døme på truga naturtypar i slike område. Det er førebels ikkje vedteke prioriterte artar eller utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova i havområda.

Langs fastlandskysten er nokre korallrev beskytta etter fiskerilovgivinga. 36 område er identifiserte som kandidatområde i første fase av marin verneplan. Dei tre første marine verneområda, Framvaren i Vest-Agder, Tauterryggen i Nord-Trøndelag og Saltstraumen i Nordland, vart oppretta sommaren 2013.

Fastlands-Noreg har 25 148 km kystlinje inkludert fjordar og bukter. Når strandlinja langs øyane er rekna med, kjem vi opp i 83 281 km. Miljøtilhøva i kystvatn gjer det mogleg med spesialisering og sameksistens av mange artar som ikkje lever i andre naturtypar.

Om lag 13 pst. (485 artar) av dei truga artene lever i kystsona (i kystvatn og på land i kystsona). Insekt og anna småkryp dominerer biletet, men 79 karplanter er òg truga.

Vi finn sju naturtypar i kystvatn på Norsk rødliste for naturtypar 2011. Døme på truga naturtypar er sukkertareskog Skagerrak og sukkertareskog Nordsjøen.

I kystsona på Svalbard er det ein nær samanheng mellom livet i havet, i drivisen og på land. Sjøfugl og pattedyr som isbjørn, sel og polarrev nyttar både landområda og isdekte sjøområde til

næringssøk og reproduksjon. Både sjøfugl og sjøpattedyr finn det meste av næringa si i havet, men vegetasjonen på kystslettene har òg stor betydning for ein del artar.

Svalbards kystområde og tilgrensande hav- og drivisområde står i dag fram som lite påverka av lokal aktivitet. Dyrelivet er i utgangspunktet freda, og det skjer avgrensa jakt og fangst berre på enkelte artar. Det meste av kystlinja og 87 pst. av Svalbards territorialfarvatn er verna som naturreservat og nasjonalparker. Også dei delane av Svalbard som ikkje er verna er godt skjerma gjennom svalbardmiljølova. I havområda og kysten rundt Svalbard er det likevel nokre artar som er truga. Døme på slike artar er sjøfuglane alke og ismåke, sjøpattedyra grønlandskval, kvalross, steinkobbe og isbjørn. Den gode miljøtilstanden i dag er resultatet av eit målretta vern av artar og område sidan Noreg fikk overhøgde over øygruppa i 1925. Før dette vart dyre- og fuglelivet på Svalbard i fleire hundre år utsett for omsynslaus jakt og fangst, noko som reduserte fleire bestandar kraftig. Fleire av pattedyr- og fugleartene har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå til trass for mange års freding, mens andre har hatt ein kraftig vekst. Forvaltninga manglar kunnskap om utviklinga for mange av artene på Svalbard.

Raudlista for Svalbard er frå 2010 og inneheld 46 artar av planter, pattedyr og fuglar. Av desse er ti artar kritisk truga, 14 artar er sterkt truga og 22 artar er sårbare. I tillegg er 24 andre artar kategoriserte som nær truga.

Påverknadar

Påverknadene på dei marine økosystema oppstår frå menneskelege aktivitetar i havområda, slik som fiskeri, skipsfart og petroleumsverksemd, og påverknader utanfrå som langtransportert forureining og klimaendringar som medfører stigande havtemperatur, auka ismelting og havforsuring. Klimaendringar kan ha store effektar på enkelte nøkkelartar og samfunn, særleg i dei nordlege områda og på Svalbard. Risiko for ulykker og utslepp som kan påverke miljøverdiar er òg ein del av den samla belastninga på dei marine økosystema.

Hausting er den aktiviteten som har størst direkte påverknad på fisk og sjøpattedyr. Ei berekraftig forvaltning av fiskebestandane betyr at det er produksjonsoverskotet i bestanden som det blir hausta av. Når bestandane likevel varierer, kan det komme av at rekrutteringa til bestandane varierar. Dei store kommersielle bestandane, slike som lodde, sild og nordaustatlantisk torsk blir i dag

berekraftig utnytta. For makrell og nokre mindre bestandar som blålange og vanleg uer er fiskepresset for stort.

Fleire sjøfuglarter er i sterk tilbakegang. Klimaendringar, konkurranse med fiskeria og oljeforureining er dei viktigaste truslane mot sjøfugl. Matmangel på grunn av konkurranse mellom sjøfugl og fiskeri er identifisert som ei viktig årsak til problema for mange sjøfuglbestandar der det blir fiska på dei same bestandane som sjøfugl har som næringsgrunnlag. Dette betyr ikkje nødvendigvis at sjøfuglen og fiskeria konkurrerer om den same fisken der og då. Konkurransen er ofte forseinka og indirekte, og vi treng framleis meir kunnskap for å forstå mekanismane og kvantifisere samanhengane. Sjøfugl blir òg påverka av bifangst og forureining.

Endringar i arealbruk er den viktigaste trusselfaktoren i kystsona. Dette gjeld spesielt mange algar og virvellause dyr som lever på godt beskytta stader i kystsona, i fjordbasseng eller i brakkvatn som blir påverka av menneskeleg aktivitet som mudring i strandsona, anlegg som sandstrender, båthamner, veganlegg og fritidsbusetnad. Nye undersøkingar viser at slike beskytta område er viktige gyte- og oppvekstområde for kystbestandar av fisk.

I kystsona omfattar arealendringar alle former for nedbygging, utfylling og omdisponering av naturmark til andre formål. I ytre kystområde kan viktige leveområde skadast ved fiske med botntrål. Tråling med tung botnreiskap øydelegg samfunna med dyr på botn, blant anna korallrev, korallskogar, sjøfjør og svampsamfunn. Spesielt korallane er svært sakteveksande, og ny oppbygging vil ta lang tid. Auka kartlegging dei siste åra har vist at botntråling har hatt større påverknad på økosystema på botnen enn ein trudde før.

Aktivitet ved industriell verksemd i kystsona gir negative miljøkonsekvensar ved utslepp av nærings salt, partiklar og miljøgifter, og den arealbruken industrien står for.

Akvakultur i kystområda gir negative miljøkonsekvensar i form av lokal forureining, smitte av villfisk med lakselus og innblanding av rømd oppdrettslaks i villaksbestandar, jf. resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar.

Overgjødning i kystsona påverkar spesielt algar og virvellause dyr langs kysten i område nær tett busetnad eller intensivt jordbruk. Overgjødninga kan komme frå fleire sektorar, m.a. jordbruk, vatn og avløp og akvakultur. Påverknad frå land i form av avrenning av næringsstoffa nitrogen og fosfor og tilførsel av anna forureining har størst betydning i Nordsjøen og Skagerrak.

Akvakultur er den største kjelda til menneskeskapte utslepp av nærings salt langs kysten frå Lindesnes til den russiske grensa. Forureining frå miljøgifter har vore og er framleis eit stort problem i mange kyst- og fjordområde og i ope hav, sjølv om tiltak gjennom mange år har medverka til å redusere problema. I nordområda er det spesielt problem med miljøgifter som vert transporterte over lange avstandar med luft og havstraumar, og som kjem inn i dei arktiske næringskjedene der dei endar opp i isbjørn, sel og sjøfugl. Mange typar av utslepp til havet når strendene med større eller mindre effekt. Utslepp av olje kan truge enkeltførekomstlar av truga arter og nær truga arter og naturtypar, og påverke økosystema heilskapeleg. Plastforsøpling til havs utgjør ein stadig veksande trussel mot det marine miljøet og kan føre til betydelege skadar og lidningar for marint dyreliv. Plast som blir skylt inn på strendene blir bygd inn i lausmassane og gir strukturelle endringar på vekseplassen. Sjøfugl er særleg utsett med omsyn til plastforsøpling ved at dei forvekslar plastfragment med mat. I tillegg følgjer økonomiske og sosiale effektar, som kostnader relaterte til opprydningsarbeid langs kysten, skadar på båtar, tapt fiskeutstyr og reduksjon av kystnaturens estetiske verdi.

Klimaendringar vil ha store effektar på enkelte arter. Ved auka sjøtemperatur vil arter med nordleg utbreiing bli påverka direkte ved at livsvilkåra blir dårlegare. For tareskogen kan auka sjøtemperatur få alvorlege konsekvensar fordi artene av tare er tilpassa eit relativt kaldt klima. Overgjødning medverkar saman med temperaturendringar til at sukkertaren blir borte. Forsuring av det marine miljøet vil på sikt kunne få store konsekvensar for ei rekkje marine arter. I kystsona vil høgare vasstand gi endringar i leveområde, og meir hyppig uvêr og sterkare vind vil påverke både planter og dyr.

Introduksjon og spreiding av framande organismar har auka betydeleg dei siste 30 åra. Dette skuldast særleg auka i skipstrafikk mellom ulike havområde og tømning av ballastvatn. Også akvakultur basert på framande organismar har skapt problem ved uønskt spreiding, og ved spreiding av andre organismar som utilsikta har følgd med. Problema oppstår når dei framande artene konkurrerer ut dei stadeigne artene eller endrar deira naturlege utbreiingsområde. Døme på slike arter i det marine miljøet er japansk drivtang, stillehavssøsters og kongekrabbe. Klimaendringane vil venteleg forsterke dette problemet, blant anna grunna varmare vatn.

Den største trusselen mot naturmangfaldet i hav og kystområda på Svalbard er klimaendringar og havforsuring. Temperaturauken skjer raskast i Arktis. Drivisen er eit viktig leveområde for mange arter, og utbreiinga av havis om sommaren vil i følgje prognosane minke raskt. Dette er venta å få alvorlege konsekvensar for arter som er avhengige av is, som sel og isbjørn. Arktiske farvatn er òg utsette for konsekvensar av havforsuring, fordi kaldt vatn tek opp mest CO₂. Også langtransporterte miljøgifter er framleis ei betydeleg utfordring for artene på toppen av dei marine næringskjedene. Påverknad frå fiskeria kan òg auke etter kvart som kommersielle fiskeslag kan bevege seg nordover og inn i Svalbards kystfarvatn. Det føregår eit betydeleg rekefiske ved Svalbard, men i verneområda er bruk av rekestrål berre tillate på djup større enn 100 meter.

Svalbards kystområde blir òg stadig lettare tilgjengeleg på grunn av mindre havis. Utviklinga går i retning av ei stadig veksande cruiseverksemd både i og utanfor verneområda. Arealbruken utanfor busetjinga er avgrensa til ferdsel knytt til turisme, forskning og friluftsliv.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgåande verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å hindre uønskt nedbygging i strandsona og sikre berekraftig ressursutnytting langs kysten. Sjå også verkemiddelområde Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Forvaltningsplanar for havområda

Dei heilskapelege forvaltningsplanane for havområda er Regjeringas verktøy for å samordne berekraftig bruk og skjerming av dei marine økosystema i dei norske havområda. Forvaltningsplanane dekkjer havområda frå grunnlinja og utover i ope hav og påverknader som følgje av menneskeleg aktivitet i desse områda. Regjeringas formål med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystemtenester i havområda, og samtidig halde oppe struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Med forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak, som vart lagt fram våren 2013, er det utar-

beidd heilskapelege forvaltningsplanar for alle dei norske havområda (Barentshavet – Lofoten, Norskehavet og Nordsjøen – Skagerrak). For Barentshavet – Lofoten og Norskehavet er den viktigaste utfordringa å halde ved lag ein god miljøstatus. I Nordsjøen og Skagerrak er miljøtilstanden ikkje tilfredstillande og må betrast. Eit nært samarbeid med dei andre Nordsjølanda blir viktig i dette arbeidet. Arbeidet må òg samordnast med dei planane som dei andre Nordsjølanda skal lage som følgje av EUs Havstrategidirektiv.

Forvaltningsplanen for Norskehavet skal oppdaterast første gong seinast i 2014. Regjeringa vil då vurdere på nytt dei arealbaserte rammene for petroleumsverksemda i Norskehavet. Regjeringa vil oppdatere forvaltningsplanen for Barentshavet – Lofoten i løpet av stortingsperioden 2013–2017.

Vassforvaltningsplanar – kystvatn

Kystvatn i Noreg blir forvalta etter vassforskrifta gjennom regionale vassforvaltningsplanar. Vassforvaltningsplanane og arbeidet med dei er nærare omtalt under resultatområde 2.

Betre kunnskapsgrunnlag

Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande for god forvaltning av hav- og kystområda og står sentralt i utarbeiding, oppfølging og oppdatering/revidering av forvaltningsplanane. Kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO, har gitt betydeleg ny kunnskap om marin natur. Gjennom MAREANO er det oppdaga til dømes nye marine naturtypar, naturlege gassoppkommer og nye korallrev på havbotnen på kontinentalsokkelen. MAREANO vil bli ført vidare i 2014. Kartleggings- og overvåkingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har skaffa viktige data om sjøfuglbestandane og grunnar til nedgangen i desse. Dette programmet vil òg bli ført vidare. Klimaendringar og havforsuring er av dei største utfordringane havmiljøet står overfor i tida framover. Forsking på verknadene av havforsuring er i startgropa, men vi veit at endringar skjer raskast i dei kalde farvatna i nord og at dyr som er avhengige av kalkskal vil vere særleg sårbare. Det er derfor svært viktig å skaffe betre kunnskap om forsuringsutviklinga og om effektane av forsuring både på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema. For å oppnå dette er det avgjerande å halde ved lag ei dekkjande og langsiktig overvaking.

Marin verneplan

Oppretting av marine verneområde og marine beskytta område er eit viktig verkemiddel innanfor ein heilskapleg havmiljøpolitikk og økosystembasert forvaltning. I tillegg til å hindre tap av naturmangfald og sikre ressursgrunnlaget er målet med dette å bevare eit representativt utval av marin natur for kommande generasjonar og som referanseområde for forskning og miljøovervakning. Første fase av marin verneplan omfattar 36 kandidat område. Oppstart av verneplanarbeidet for 17 av desse områda vart kunngjort i 2009. Dei tre første marine verneområda, Framvaren i Vest-Agder, Tauterryggen i Nord-Trøndelag og Saltstraumen i Nordland, vart oppretta sommaren 2013.

Tareskogane

Situasjonen i tareskogane langs kysten er framleis særers varierende og mange stader er situasjonen svært bekymringsfull. Tareskogane er viktige leveområde med stort naturmangfald og høg produksjon. Dei gir mat og ly til viktige arter som det blir hausta av og mange hundre mindre arter som er del av tareskogen sitt økosystem. Stortaren har vore nedbeita av kråkeballar i mange tiår. Sukkertaren er delvis forsvunnen frå svenskegrensa til Stadt. Sukkertareprosjektet (2005–2008) avdekte at taren er kjensleg overfor auka temperaturar i vatnet, men òg auka overgjødsling og tilførsle av slam. Siste rapport frå sukkertareovervakinga viser at tilstanden til sukkertare har betra seg fleire stader i Skagerrak sidan 2008 på strekninga frå Ytre Oslofjord til Grimstad, mens den er forverra i enkelte område frå Kristiansand til Stavanger. Miljødirektoratet vidarefører ti av stasjonane for overvaking av sukkertare i sitt nye overvakingssystem «Økosystemovervaking i kystvann». Overvakinga i Skagerrak blir utført av Havforskingsinstituttet, i samarbeid med NIVA. I 2014 blir det gjennomført ein tiltaksanalyse som mellom anna skal innehalde tiltak for å redusere utslepp av næringsstoff.

Marine framande organismar

Regjeringa har som mål at tiltak mot dei mest skadelege, etablerte framande organismane i hav og kystvatn skal vere sette i gang eller gjennomført. Tilførsel av framande organismar i det marine miljøet skjer både gjennom utslepp av ballastvatn, ulovleg utsetjing og naturleg innvandring frå nærliggjande havområde. I norske farvatn er det sær-

leg kongekrabben som skapar problem, samtidig som den blir utnytta som ressurs. Miljøverndepartementet samarbeider nært med Fiskeri- og kystdepartementet for å stoppe spreinga av denne krabben vest- og sørover. Det er no dokumentert at krabben påverkar havbotnen negativt der den har vore lenge. Miljøforvaltninga vil medverke til å auke kunnskapen om desse påverknadene. Departementet vil òg medverke i arbeidet med å evaluere forvaltninga i dag av kongekrabbe.

Noreg har tiltredd konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatnkonvensjonen). Når denne konvensjonen trer i kraft internasjonalt, vil risikoen for introduksjon av framande organismar frå skip bli betydeleg redusert. Ei nasjonal forskrift om handtering av ballastvatn tredd i kraft 1. juli 2010. Forskrifta stiller krav om at ballastvatn skal skiftast ut i bestemte avstandar frå kysten eller i bestemte soner for å hindre introduksjon av framande arter. Etter at konvensjonen har tredd i kraft internasjonalt, vil det òg bli innført obligatoriske krav om reinsing av ballastvatnet før det blir slept ut. Forskrifta opnar likevel for reinsing på frivillig basis for å prøve ut ny teknologi.

Akvakultur

Meld. St. 22 (2012–2013) Verdens fremste sjømatnasjon beskriv mellom anna miljøutfordringane knytte til havbruksnæringa, og dei tiltaka som Regjeringa vil setje i verk for å få næringa meir berekraftig. Tiltaka må i all hovudsak gjennomførast med heimel i Fiskeri- og kystdepartementets regelverk.

Miljøverndepartementet har ansvar for forureining frå utslepp frå havbruk. Det er krav om utsleppsløyve etter forureiningslova for å starte og drifte akvakulturanlegg.

Tiltak for å avgrense smitte av lakselus på villaks og sjøaure og innblanding av rømt oppdrettsfisk er omtalt under resultat område 2.

Petroleumsverksemd og skipsfart

Oljeforureining skuldast både akutte og operasjonelle utslepp frå offshore olje- og gassverksemd, skipsfart og landbasert verksemd.

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) inneber at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff. Nullutsleppsmålet gjeld for heile norsk sokkel. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikalier. Det er behov for ytterlegare tiltak for

enkelte innretningar for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd òg for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn.

Ved boring i område med korallar eller sårbar botnfauna, vil det bli stilt strenge krav for å hindre nedslamming som kan føre til skade på faunaen.

Auka skipsfart langs kysten, under dette auka sjøtransport av olje og gass, gir òg nye utfordringar. Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FN's skipsfartsorganisasjon (IMO). IMOs regelverk er svært omfattande, og det er etablert bindande regelverk for alle dei sentrale miljøutfordringane for skipsfarten. Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere konvensjonane og syte for god handheving. Sjøfartsdirektoratet står for handheving av desse krava av norskregistrerte skip i alle farvatn, og av utanlandske skip i norsk farvatn gjennom hamnestatskontroll. Arbeidet med hamnestatskontroll skjer i nært samarbeid med andre land i vår region gjennom Paris Memorandum Of Understanding (PMOU)

Miljødirektoratet stiller krav etter forureiningslova til kommunar, petroleumsvirksomme og anna privat virksomme om beredskap mot akutt forureining.

Arealpolitikk i strandsona

Strandsona skal sikrast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Strandsona som nasjonal interesse er tydeleggjort ved det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbodet har eksistert sidan 1965 og er ført vidare i plan- og bygningslova av 2008. Talet på dispensasjonar i strandsona viser at det framleis er nødvendig med tydelege nasjonale føringar om ein streng plan- og dispensasjonspraksis i område med mykje utbyggingspress i strandsona. Det er eit mål at delen gitte dispensasjonar går ned og at omsyn til naturmangfald og friluftsliv blir betre teke vare på i plan. Arealbruken i strandsona må skje i tråd med oppdaterte kommuneplanar, og det må leggjast auka vekt på heilskapleg planlegging, der arealbruken i sjø og på land er sett i samanheng. Kommunane bør i kommuneplanarbeidet vurdere å ta ut forelda, ikkje utbygde utbyggingsområde i strandsona og sjøen.

Statlege planretningslinjer for ei differensiert strandsoneforvaltning vart vedtekne av Regjeringa i mars 2011. Formålet med retningslinjene er å gjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen tydeleg innanfor ramma av plan- og bygningslova, og å ta hand om allmenta sine interesser og unngå uheldig bygging. Byggjeforbodet er strengast praktisert i sentrale område

der presset på areala er størst. Departementet og Miljødirektoratet følgjer opp retningslinjene gjennom dei regionale kystsonenettverka og i det generelle rettleingsarbeidet. Dei fire regionale kystnettverka vart oppretta i 2005, og består av fagmedarbeidarar frå kvart fylkesmannsembete. Nettverka følgjer opp den nasjonale strandsonepolitikken overfor kommunane og bidreg til harmonisering av forvaltningspraksis på landsbasis.

I Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging blir det slått fast at kommunane må vurdere arealbruken i strandsona i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og at det må takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenta sine interesser.

Vasskuterbruk

Regjeringas politikk for bruk av vassskuterar er omtalt under resultatområde 8 under «Politikk for å nå de nasjonale måla».

Tiltak i hav og kyst rundt Svalbard

Det er ei viktig utfordring å regulere den veksande cruisetraffikken og forskingsaktiviteten både i og utanfor verneområda, blant anna for å sikre verneområda sin verdi som referanseområde for klima- og miljøforskning. Miljøstyresmaktene har utarbeidd forvaltningsplan med forskriftsendringar for dei store naturreservata på Aust-Svalbard. Arbeidet med slike planar for nasjonalparkane er starta opp. Isbjørn er særleg sårbar for effektane av klimaendringar, og under leiing av Norsk Polarinstitutt har ei gruppe ekspertar frå alle dei fem isbjørnregionane laga ein felles plan for overvaking av isbjørn. Det er òg utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for isbjørn. Vidare blir det gjort ei vurdering av dagens artsforvaltning med hovudfokus på arter som det kan haustast av og raudlistearter.

Klimaendringane vil gjere Svalbards kyst- og havområde meir utsette for framande organismar frå tempererte område, og det blir arbeidd med ein handlingsplan mot framande organismar på Svalbard.

Internasjonalt samarbeid for å beskytte havområda

Noregs internasjonale arbeid på havmiljøområdet omfattar mellom anna samarbeid under Konvensjonen om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhavet (OSPAR). OSPAR handlar om eit breitt spekter av havmiljøspørsmål, under dette dumping/disponering av avfall i havet, utslepp frå offshore olje- og gassvirksomme og spørsmål

knytte til marint naturmangfold, som utvikling av økologiske miljøkvalitetsmål og vern og beskyttelse av marine område. For EUs medlemsland er OSPAR-konvensjonen og ei viktig regional plattform for ei koordinert gjennomføring av EUs havstrategidirektiv i konvensjonsområdet. For Noreg som tredjeland i gjennomføringa av direktivet blir konvensjonen derfor eit viktig forum for samarbeid med EU på dette feltet. Hovudfokus i arbeidet i 2014 vil vere knytt til tiltak for å bevare truga arter og deira leveområde.

Som medlem av Arktisk Råd deltek Noreg og aktivt i arbeidet under PAME (Protection of the Arctic Marine Environment Working Group). PAMEs aktivitetar er retta mot vern av det marine miljøet i Arktis. Auka økonomisk aktivitet og klimændringar fører til auka utfordringar i Arktis, og dette krev ei heilskapleg tilnærming for å handtere både eksisterande og kommande utfordringar.

Under FN-konvensjonen for biologisk mangfold (CBD) er Noreg pådrivar for å sikre eit best mogleg vitenskapelig grunnlag for tiltak for å ta vare på marint naturmangfold. Fokus i arbeidet i 2014 vil vere identifisering av økologisk og biologisk viktige marine område.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

1.1. Dei marine økosystema sin struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfold skal oppretthaldast eller gjenopprettast og danne grunnlag for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystemtenester.

Indikator:

- Føringer og tiltak i forvaltningsplanane for havområda som er gjennomførte innan dei fristar som er fastsette.

Mange av dei aktivitetane og tiltaka som er i gang vil medverke til å nå dette målet. Dette gjeld mellom anna kunnskapsinnhenting knytt til kartlegging av havbotn gjennom MAREANO og kartlegging og overvaking av sjøfugl gjennom SEAPOP. Arbeidet med å gjennomføre forvaltningsplanane for havområda Barentshavet – Lofoten og Norskehavet er godt i gang. Meld. St. 37 *Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Nordsjøen og Skagerrak (forvaltningsplan)* vart lagt fram i april 2013

1.2. Alt kystvatn skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial der dette er relevant innan 2021.

Indikatorar:

- Del av førekomstar av kystvatn i Noreg som tilfredsstillar miljømåla i vassforskrifta

Pr. 1 mai er dei 11 vassregionane og 108 vassområda delte inn i om lag 28 600 vassførekomstar. Av desse er om lag 2230 vassførekomstar i kystvatn. Planarbeidet og innhenting av kunnskap for alt kystvatn er i full gang, og data som blir presentert under må reknast som førebelse. Tal frå Vann-nett pr. 1 mai 2013 syner at godt over halvparten av vassførekomstane i kystvatn er utan risiko for å ikkje tilfredsstillar miljømåla i vassforskrifta. For kjemisk tilstand er innlagte data enno ikkje tilstrekkelege til å hente ut statistikk.

Tabell 12.1 Miljøkvalitetsstandardar for prioriterte stoff vart i 2012 spesifiserte i vassforskrifta ved gjennomføring av eit underdirektiv til vassdirektivet. Miljøkvalitetsstandardane konkretiserer miljømåla for kjemisk tilstand i vatn for 33 prioriterte stoff. Det vil ofte vere meir føremålstenleg å overvake miljøgifter i sediment og/eller organismar fordi denne typen overvaking gir eit betre bilete av belastninga av stoff som hopar seg opp i næringskjeda og utgjør eit problem over tid. Det blir derfor arbeidd med å utvikle miljøkvalitetsstandardar for organismar og sediment.

Vasstype	Tal totalt	Ikkje risiko	Mogleg risiko	Risiko	Ikkje vurdert
Kystvatn	2231	59 %	7,7 %	32,9 %	0,3 %

1.3. Alle bestandar som kan haustast av fisk, virvellause dyr og tare skal vere forvalta økosystembasert og haustast berekraftig.

Indikator:

- Talet på arter der hausting og anna uttak er ein viktig faktor for negativ påverknad.

Dei viktigaste kommersielle fiskebestandane blir kontinuerleg overvaka og det er laga forvaltningsplanar for bestandar vi deler med andre land. I høve til rekrutteringsevna til dei ulike bestandane set forskarane grenseverdier for kor høgt uttaket kan vere. Hausting er ein faktor som medverkar til ein dårleg bestandssituasjon for mellom anna nord-sjøtorsk, kysttorsk, uer og ål. Det er behov for meir kunnskap om dei verknadene fiske og fangst gir på enkelte arter og økosystema i havet.

1.4 Utryddinga av truga marine arter skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til hav og kyst.

Ingen kjende marine arter er utrydda i våre farvatn sidan nordkaperen (ein art av bardekval) forsvann. Den siste kjende observasjonen av denne arten var i 1999. Det er i dag 45 truga marine arter på Norsk rødliste for arter 2010. Døme på truga arter er ål, grønlandskval, storskate og lomvi.

1.5. Dei mest truga naturtypene skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på truga naturtypar knytte til hav og kyst
- Talet på utvalde naturtypar i havet og på kysten.

Ifølgje Norsk rødliste for naturtypar 2011 er ni marine naturtypar kategoriserte som truga. Det

skjer eit kontinuerleg arbeid knytt til vurdering av truga marine naturtypar som bør bli utvalde naturtypar i sjø. Naturtypen ålegraseng er under vurdering som utvald marin naturtype. I overkant av halvparten av landets kommunar er kartlagde for marine naturtypar, men det er stort behov for auka kartlegging av naturtypar i sjø for å skaffe eit betre grunnlag for å vurdere status for ulike marine naturtypar.

1.6. Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar innanfor naturmangfaldlova sitt verkeområde.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar i hav.

Omlag 2,4 pst. av sjøarealet innafor territorialgrensa er verna i medhald av naturmangfaldlova. Fleire truga, marine naturtypar og spesielle marine naturtypar har dårleg vern i Noreg. Miljødirektoratet har utarbeidd ei fagleg tilråding for korleis dei ulike verkemidlane i naturmangfaldlova kan brukast for å sikre eit representativt utval av marint naturmangfald.

Første fase av marin verneplan omfattar 36 kandidat område. Oppstart av verneplanarbeidet for 17 av desse områda vart kunngjort i 2009. Tre marine område (Framvaren, Tautraryggen og Saltstraumen) vart verna i medhald av naturmangfaldlova i juni 2013.

Som bidrag til OSPARs nettverk av verna og beskytta område i det nordaustlege Atlanterhavet har Noreg førebels meldt inn seks område som er beskytta under fiskerilovgivning, to område som er verna etter naturvernlova (Seligrunnen naturreservat og Ytre Hvaler nasjonalpark), område ved Svalbard og Bjørnøya som er verna etter svalbardmiljølova og Jan Mayen naturreservat som er verna etter Lov om Jan Mayen.

1.7. Verneverdiane i dei marine verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde der verneverdiane er truga i hav og kystområde.
- Talet på og del av verneområde med forvaltningsplan.

Ein tek sikte på å utarbeide forvaltningsplanar og tilpasse forvaltningssystemet til marine verneområde, under dette å kartleggje naturtypar nærare og å setje i gang overvaking.

1.8. Innan 2015 er dei samla menneskeskapte belastningane på korallrev og andre sårbare økosystem som er påverka av klimaendringar eller havforsuring minimerte, slik at deira funksjon i størst mogleg grad er halden oppe.

Indikatorar:

- Utvikling i surleiksgrad (pH).
- Talet på korallrev og andre sårbare økosystem påverka av havforsuring

På grunn av variasjonar i biologisk aktivitet er det stor naturleg variasjon i pH i havet. Systematisk overvaking av pH i norske havområde er gjennomført berre sidan 2010. Dette er for kort tid til å kunne identifisere ein langsiktig trend i pH-utviklinga, men ved å samanlikne overvakingsdata med data frå tidlegare forskningstokt er det vist at forsuringa er i gang også i norske havområde. Innhaldet av CO₂ i havet er aukande på grunn av at havet tek opp CO₂ frå atmosfæren. Dette fører til lågare pH og redusert innhald av kalkmineralar, som er viktige byggjesteiner for organismar med kalkskal.

Metodar for å måle effektar av havforsuring er under utvikling. Det er førebels ikkje etablert overvaking som gjer det mogleg å vurdere denne indikatoren.

1.9. Dei mest truga artene skal ha status som prioriterte arter.

Indikatorar:

- Talet på prioriterte arter knytte til hav og kyst.
- Bestandssituasjonen for utvalde sjøfugl.

Det er førebels ikkje vedteke prioriterte arter knytte til hav og kyst etter naturmangfaldlova,

men fleire truga marine arter er aktuelle som prioriterte arter og er under vurdering.

Sjøfugl er gode indikatorar for tilstanden i havet. Den kraftige tilbakegangen i bestandane av sjøfugl, spesielt i dei nordnorske sjøfuglbestandane, gir derfor god grunn til uro over korleis det står til med dei marine økosystema. Talet truga arter av sjøfugl i Noreg, inkludert Svalbard, auka med fem arter frå 2006 til 2010. Både nordisk og internasjonalt er ein uroa over situasjonen for sjøfuglane.

Ved å overvake størrelsen på hekkebestandar, arten si overleving, reproduksjon og diett frå år til år gjennom eit nettverk av nøkkellokalitetar får vi ei augeblikksbilete av korleis det går med sjøfuglane våre, betre innsikt i kva som påverkar dei og kunnskap om deira sårbarheit for ulike typar av påverknad. Spesielt pelagisk beitande arter som lomvi og krykkje har ein negativ bestandsutvikling og sviktande rekruttering. Toppskarvbestanden viser ei positiv utvikling i overvakningsperioden 1980–2012 sett under eitt. Dette skuldast truleg god tilgang på fisk, særleg ung sei (0-2 år) i kystområda. Ærfuglbestanden har halde seg relativt stabil i heile overvakingsperioden, men det er variasjonar mellom enkeltområde. Det har vore ein auke i Skagerrak og ein nedgang i Trondheimsfjorden og på delar av Helgelandskysten. For krykkje og lunde har utviklinga vore negativ. Hekkebestanden av krykkje er no under ein fjerdedel av nivået i 1980. Ei tilsvarende utvikling har vi sett over heile Nord-Atlanteren. Nedgangen i hekkebestanden av lunde heldt fram også i 2012, etter ein liten auke i 2010. Langtidstrenden for alle koloniane er negativ.

På grunn av stor tilbakegang i bestandane gjennom mange år, er mellom anna lomvi, alke, polarlomvi, lunde og krykkje oppført på Norsk Raudliste for arter 2010.

Nedbeitinga av stortare langs kysten blir nøye overvaka. Overvakinga av stortare viser at stortare etablerer seg igjen i dei ytre kystområda nord til Bodø der den tidlegare var nedbeita av kråkeballar. Lengre nord er det framleis store område som blir dominerte av kråkeballar, og med noko tareskog innimellom. Siste rapport frå sukkertareovervakinga viser at tilstanden til sukkertare sidan 2008 har betra seg fleire stader i Skagerrak på strekninga frå Ytre Oslofjord til Grimstad, mens den er forverra i enkelte område frå Kristiansand til Stavanger.

1.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomførte.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr. art.

I den andre risikovurderinga av framande organismar i norsk natur, *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*, som vart lagt fram i juni 2012 vart 1180 arter risikovurderte. Bak arbeidet ligg ein klassifiseringsmetode utvikla av norske biologar. Metoden er eit nybrottsarbeid også i internasjonal samanheng, og kan i prinsippet nyttast på alle arter på kloden. Risikovurderingane og svartelista er eit viktig verktøy når styresmaktene skal prioritere tiltak mot etablerte, skadelege framande organismar.

Noreg har ratifisert IMO's konvensjon om spreing av framande organismar med ballastvatn frå skip. Ei norsk forskrift om handtering av ballastvatn tredde i kraft 1. juli 2010. Noreg er eit av dei første landa i verda som har innført krav til handtering av ballastvatn.

Med unntak for avgrensa lokalitetar, er det vanskeleg å utrydde framande organismar som spreier seg i kystvatn og i havområda. Utviklinga i spreinga av stillehavssøsters blir overvaka, og vi ser at status er avhengig av isdekke om vinteren slik at utbreiinga varierer noko frå år til år. Sjølv om arten no er godt etablert i Noreg, er det ikkje aktuelt med utryddingstiltak. Unnateke frå dette er område der vi ser at arten er ein direkte trussel mot den truga arten. Eit system for tidleg varsling av framande marine artar er starta opp. Dette vil vere eit viktig verktøy for å få oversikt over utviklinga i framande marine organismar.

1.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. *genteknologilova*.

Indikator:

- Se resultatområde 6

Det er ikkje påvist genmodifiserte organismar i hav- og kystområda. I USA er genmodifisert laks under vurdering i høve til helsesisiko. Den norske oppdrettnæringa har signalisert at slik laks ikkje er aktuell i Noreg. Mattilsynet har under matlova gitt dispensasjon til fiskfôrprodusentar til å bruke

19 ulike genmodifiserte planter. Næringa har ikkje nytta seg av dispensasjonen.

1.12. Dei nasjonale tilførsleane av nærings salt og partiklar til kystvatn som er prega av overgjødsling eller nedslamming skal reduserast til eit nivå som sikrar god kjemisk og økologisk tilstand innan utgangen av 2021.

Indikatorar:

- Delen av kystvatn som har god kjemisk og økologisk tilstand.
- Delen av kystvatn som står i fare for nedklassifisering som følgje av tilførsler av nærings salt.

Resultat frå kystovervakinga viser at tilstanden i kystvatn dei fleste stader er god med omsyn til kjemisk og biologisk tilstand på ytre kyst. På indre kyst har vi fleire vassførekomstar som står i fare for å ikkje å oppnå miljømålet innan 2021. Tilstanden på Vestlandet og nordover er mindre godt kjent grunna manglande overvaking

1.13. Operasjonelle utslepp skal ikkje føre til helse- eller miljøskade eller medverke til auke i bakgrunnsnivåa av olje eller andre miljøfarlege stoff over tid.

Indikatorar:

- Mengda operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff i vatn frå petroleumsverksemd
- Mengda operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff frå skip og landbasert verksemd.

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) betyr at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff. Nullutsleppsmålet gjeld heile norsk sokkel og er basert på føre var-prinsippet. Målet skulle ha vore nådd for både nye og eksisterande installasjonar innan 2005. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikaliar. Basert på innrapporterte tal for utslepp for 2008 og nye tilbakemeldingar på status frå operatørane i 2009 vurderte Klima- og forureiningsdirektoratet (no Miljødirektoratet) måloppnåinga for nullutsleppsarbeidet og behovet for vidare arbeid og fann at det er behov for ytterlegare tiltak for enkelte innretningar for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd òg for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn. Etter denne rapporteringa har også OSPAR vedteke ei ny tilråding om ei risikobasert tilnærming til handtering av produsert vatn. OSPARs tilråding stadfester det norske nullutsleppsarbeidet og medverkar til forsterka innsats nasjonalt for å redusere risiko frå produsert vatn. Nye risikovurde-

ringar og vurderingar av beste tilgjengelege teknologi (BAT) vil bli gjennomført dei næraste åra, noko som Miljødirektoratet vil nytte som grunnlag for eventuelle krav om tiltak.

Den viktigaste kjelda til utslepp av olje frå petroleumsverksemda er utsleppa av produsert vatn. I 2012 var den totale mengda produsert vatn 163 mill. m³. I følgje prognosar frå Oljedirektoratet vil mengda produsert vatn auke fram mot 2015 for deretter å halde seg stabil. Produsert vatn som kjem opp på plattformene med brønns-traumen blir reinsa, og anten pumpa tilbake i reservoaret eller reinsa og sleppt ut. Ca. 20 pst. av vatnet blir injisert. Mengda injisert vatn har vore stabilt dei siste åra. I 2012 vart det i alt sleppt ut 1535 tonn dispergert olje til sjø saman med det produserte vatnet, som er noko meir enn i 2011.

1.14. Risikoen for helse- eller miljøskade som følgje av akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og skal kontinuerleg søkjast redusert ytterlegare.

Indikator:

- Talet på og mengd akutte utslepp av olje og andre miljøfarlege stoff frå petroleumsverksemd, skip og landbasert verksemd.

Verksemd som kan føre til akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i høve til risikoen for akutt forureining.

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse, før leite- og produksjonsverksemd startar. Petroleumsnæringa skal til ei kvar tid syte for dimensjonering og plassering av beredskapsfunksjonar som gir best mogleg beredskap innanfor dei rammene som styresmakterne har sett, blant anna gjennom krav og vilkår i enkeltløyve. I 2012 var det i alt 270 utilsikta utslepp på til saman om lag 382 m³ frå offshoreverksemda på norsk sokkel. Av dette var 122 utslepp og 16 m³ olje, mens det var 148 kjemikalieutslepp på til saman 365 m³. På landsida har 72 bedrifter utvida beredskapskrav og 33 regionar har beredskapskrav og godkjende beredskapsplanar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommunane dekkjer sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 33 interkommunale samarbeidsregionar som alle har godkjende beredskapsplanar. I 2012 vart det registert [XX] akutte utslepp av olje og andre kjemikalier frå landbasert industri. I tillegg kjem akutte utslepp frå landtransport, bunkersanlegg og nedgravne oljetankar. Det er ikkje rapportert store akutte utslepp av olje og kjemikalier frå landbasert industri.

1.15. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønskt nedbygging i strandsona og sikre berekraftig ressursutnytting langs kysten

Indikatorar:

- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta.
- Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs sjø.
- Talet på nybygg i strandsona i medhald av plan.
- Omfang av planar for sjøareala langs kysten.

Talet på gitte dispensasjonar for nybygg i 100-meterbeltet langs saltvatn gjekk litt opp frå 2011 til 2012. Tala viser at Regjeringas innskjerpingstiltak er naudsynte. Samstundes vart det i 2012 gitt om lag 900 byggjeløyve i samsvar med plan. Noko som er lågare enn alle åra i perioden 2005–2011 og betydeleg lågare enn i 2011 med om lag 1300. I 2012 var dei samla tala for dispensasjonar og byggjeløyve etter plan- og bygningslova for første gang i perioden frå 2005 under 2000.

Miljøforvaltninga arbeider aktivt med å formidle nasjonal politikk for planlegging i strandsona blant anna gjennom samlingar i kystsonenettverka (fylkesmannen) og fylkeskommunane. Miljødirektoratet er i gang med å utarbeide gode dømme på arealplanlegging i strandsona og gir juridisk bistand og rettleiing til kommunar for å sikre allmenta sine interesser i strandsona. Det er òg utvikla rettleiingsmaterieill for korleis kommunane kan ta vare på naturmangfald i strandsona og i kystsona. Sjå omtala av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, for nærare informasjon og meir detaljerte tal.

1.16. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjon eller forstyrre dyrelivet. Svalbards natur skal kunne opplevast uforstyrra av motorisert ferdsel og støy, også i område som er lett tilgjengelege frå busetjingane.

Indikatorar:

- Volum og fordeling av motorisert ferdsel til sjøs på Svalbard.
- Talet på og geografisk spreing av landstigningar frå cruiseskip utanfor planområda.
- Talet på helikoptertimar.

Det har igjen vore ein tydeleg auke i talet på passasjerar som besøker Svalbard med oversjøiske cruiseskip. Talet på cruiseskip som besøker Svalbard eitt eller to døgn som del av ei lengre reise har vore stabilt i underkant av 30 dei seinare åra, mens talet

på passasjerar på desse skipa har auka frå 15 000 passasjerar til ein topp i 2007 på ca. 33 000 passasjerar. Etter 2007 har tala gått gradvis ned til ca. 24 000 passasjerar i 2011. I tillegg har ekspedisjons-cruisetraffikken rundt Svalbard auka noko dei siste åra, og talet på private småbåtar som besøker Svalbard i løpet av sommarsesongen har auka. I 2011 kom det rundt 60 private seglbåtar til Svalbard. Talet på stader for å stige i land har òg auka i same perioden, og ligg no på om lag 170 -180 stader.

Talet på helikoptertimar har dei siste åra vore stabilt på om lag 1300 timar.

1.17. På Svalbard skal omfanget av villmarksprega område haldast ved lag, naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning sikrast.

Indikatorar:

- Del av verneområda med godkjent forvaltningsplan.

- Bestandsstatus for raudlista arter og andre utvalde arter.
- Status for framande arter og effektar av desse.

To av dei 29 verneområda på Svalbard, Bjørnøya naturreservat og Hopen naturreservat, har godkjent forvaltningsplan. Arbeidet med forvaltningsplanar for naturreservata Nordaust-Svalbard og Søraust-Svalbard er fullført, og arbeidet med forvaltningsplan for Nordvest-Spitsbergen og Forlandet nasjonalparkar med nærliggjande fuglereservat er starta opp. Polarlomvi har komme inn Raudlista for Svalbard frå 2010 grunna teikn på sterk nedgang i bestanden dei siste åra. Praktærfugl står òg på raudlista fordi bestanden truleg er mindre enn anteke. Isbjørn, kvalross og steinkobbe står framleis på Norsk røddliste for arter.

13 Resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar

Om lag 5 pst. av arealet i Noreg er dekt av ferskvatn i eit rikt mangfald av bekker, elvar, dammar, innsjøar og andre vassførekomstar. I tillegg kjem grunnvatn som ein viktig føresetnad for livet på landjorda. Noregs elvar og innsjøar gir grunnlag for eit rikt mangfald av arter, naturoppleving, rekreasjon, friluftsliv og andre økosystemtenester som til dømes reint drikkevatt og arter som kan haustast. Noreg har om lag ein halv million innsjøar og vatn av ulik storleik, og i Finnmark åleine finn vi meir enn 180 000 slike. Ni av dei 20 høgaste fossane i verda finst i Noreg.

Alle elvar og innsjøar er ei eineståande verd av levande organismar, nøyaktig tilpassa til omgivnadene og kvarandre. Vassdraga blir ofte omtalte som livsnervane i naturlandskapet. Elvane er ein føresetnad for fordeling av vatn og næring til omliggjande naturområde.

Vassdraga er og har vore svært viktige for verdiskaping. Dei store elvane har frå gammalt av spela ei sentral rolle for busetjing og utvikling av lokalmiljø og landsdelar. I vassdrag var det ofte rike førekomstar av fleire arter av fisk, og vassvegen gav gode høve til transport og produksjon av kraft som førte til at det langs vassdraga voks fram lokalsamfunn baserte på industri driven av vatn.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 2.1. Mangfaldet av naturtypar i ferskvatn skal takast vare på eller gjenopprettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i ferskvatn.
- Talet på utvalde naturtypar knytte til ferskvatn.

Nasjonalt mål 2.2. Alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av 2021.

Indikatorar:

- Delen av ferskvatn og grunnvatn som har god kjemisk og økologisk tilstand eller godt økologisk potensial.
- Talet på restaurerte vassførekomstar.

Nasjonalt mål 2.3. Eit representativt utval av vassdragsnaturen skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verneområda, verna vassdrag og nasjonale laksevassdrag og laksefjordar skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

Indikatorar:

- Totalt verneareal og verna areal fordelt på naturtypar knytte til ferskvatn.
- Talet på verneområde med forvaltningsplan.

Nasjonalt mål 2.4. Tapet av truga arter i ferskvatn skal vere stansa, og tilstanden til arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i ferskvatn.
- Talet på prioriterte arter i ferskvatn og bestandsutviklinga for desse.

Nasjonalt mål 2.5. Alle bestandar av dyr og planter som kan haustast i ferskvatn skal vere forvalta økosystembasert og vere hausta berekraftig innan 2020.

Indikatorar:

- Bestandsstatus for arter som blir hausta eller utnytta på annan måte.

Nasjonalt mål 2.6. Dei ville bestandane, inkludert det genetiske mangfaldet, av anadrom laksefisk skal opptre i levedyktige bestandar.

Indikatorar:

- Bestandsstatus i alle vassdrag der artene finst i sjølvreproduserande bestandar.
- Talet på vassdrag der bestanden er tapt.

- Talet på bestandar som har nådd bestandsmål for gyting og talet på bestandar som har eit naturleg haustingspotensial.
- Laksebestandane sin genetiske integritet.

Nasjonalt mål 2.7. Vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet i ferskvatn av framande organismar skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på skadelege framande arter i ferskvatn og utbreiinga deira.

Tilstand

Ferskvatn omfattar innsjøar, elvar, bekker, dammar og grunnvatn. Vasssystema i Noreg er prega av mange små innsjøar og raskt strøymande elvar. Nesten alle dei store vassdraga startar i fjellet, og norske elvar er derfor prega av fossar og stryk. Glomma og Tana er dei einaste vassdraga som nærmar seg det ein kan kalle ein flod. Vi finn dei fire djupaste innsjøane i Europa i Noreg. Alle desse er djupare enn 450 meter. På Svalbard finst innsjøar og mindre vatn særleg på strandflatene på Vest-Spitsbergen, og ikkje minst på Bjørnøya, som har om lag 700 vatn. Mange av vatna manglar avløp til sjøen, og er oftast isfrie berre 2-3 månader i året. Dei store elvane på Svalbard er breelvar med eit svært høgt innhald av slam.

Innhaldet av kalk i ferskvatn og surleiksgraden (pH) i vatnet er ein av dei viktigaste faktorane for kva slag arter av planter og dyr som vil trivast i vatnet. Til dømes har berggrunn og jordsmonn på Sørlandet og Sørvestlandet lita evne til å nøytralisere tilførsler av sur nedbør. For å behalde plante- og dyreliv i vassdraga i desse områda har ein derfor kalka i mange år. Andre viktige miljøfaktorar i ferskvatn er straumtilhøve, temperatur og om det er grus, sand og leire eller fast fjell, store stein og grov grus på botnen.

Om lag 2800 dyrearter lever heile eller delar av livet sitt i ferskvatn. Dette omfattar mange dyregrupper som pattedyr, fisk, amfibium, insekt, krepsdyr og ei rekkje arter av dyreplankton. Vi finn flest arter av insekt og krepsdyr. Det er registrert 45 arter av ferskvassfisk. Døme på fisk i ferskvatn er aure, røye, åbor og gjedde. Den atlantiske villaksen er nok den fiskearten som flest har eit høve til, som til dømes god mat på bordet og som grunnlag for verdiskaping eller natur- og fiskeopplevingar og rekreasjon. Noreg er i dag eitt av laksen sine viktigaste leveområde, og vi finn om lag ein tredel av all atlantisk villaks i Noreg. Tana-vassdraget er verdas mest produk-

tive laksevassdrag. Bever og oter er to arter av pattedyr som lever i eller nært knytt til bekkar og vatn.

Alle dei seks artene av amfibium i Noreg er knytte til ferskvatn. Stor salamander er avhengig av små dammar utan fisk i for ynglinga si, særleg er gardsdammar godt eigna. I dag er mange gardsdammar grodde eller fylte igjen, og stor salamander er ein truga art, hovudsakeleg fordi den har mista svært mange av yngleområda sine. For om lag 80 fuglearter er ferskvatn viktig føde og/eller reproduksjonsområde. Døme på fugl knytt til ferskvatn er ulike arter av ender og gjæser, fossefall, hegre og trane.

Totalt 97 karplanter er registrerte i ferskvatn. Ulike sumpplanter og planter med blad og blomster i eller rett under vassflata er enklast å få auge på. Døme på slike arter er kvit nøkkerose, ofte kalla vasslilje, og store samlingar av sumpplanter som flaskestarr, elvesnelle og dunkjevle. I tillegg finn vi ei rekkje arter av planteplankton som lever i dei frie vassmassane, og algar og sopp som er festa til botn eller til andre planter og dyr. Planteplankton er den mest artsrike gruppa i ferskvatn med minimum 1050 arter. Ein reknar med at det finst minimum 900 arter av fastsitjande algar i rennande vatn i Noreg. Vi finn mosar i alle storleikar i rennande vatn, frå små såkalla levermosar som er vanskelege å sjå utan lupe, til vanleg elvemose som kan bli eit par meter lang. I mosevegetasjonen er det ein rik fauna av smådyr som til dømes ulike insektlarver og fiskeyngel.

Produksjonen av planteplankton og botnvegetasjon i vatna på Svalbard er låg. I tillegg til ein- og fleircella algar finn vi ein del små krepsdyr, og dessutan insektlarver, særleg fjørmygg og stadvis ei vårflugeart. Røye finst i om lag 100 vatn og vassdrag over heile Svalbard. Svalbardrøya som art kan vere over 100 000 år gamal, og stasjonær Svalbardrøye er truleg blant verdas eldste røyebestandar.

Ifølgje Naturindeksen for Noreg for 2012 er tilstanden for naturmangfald i ferskvatn samla sett god med ein indeks på 0,72. Tilstanden i ferskvatn er betra sidan 1990.

Noreg er delt inn i 11 vassregionar frå kyst og fjord til fjell. Vassregionane er igjen delte inn i 105 vassområde og om lag 28 600 vassførekomstar. Av desse er om lag 25 100 vassførekomstar i vassdrag, fordelt på om lag 18 800 vassførekomstar i elv, 6 300 vassførekomstar i innsjø, og 1300 vassførekomstar av grunnvatn.

Tal frå Vann-nett pr. 1. mai 2013 syner at over halvparten av vassførekomstane i vassdrag og

grunnvatn er utan risiko for å ikkje tilfredsstille miljømåla i vassforskrifta.

Tabell 13.1 Oversikt over risiko for ikkje å tilfredsstille miljømåla i vassforskrifta

Vasstype	Tal totalt	Ikkje risiko	Mogleg risiko	Risiko	Ikkje vurdert
Elv	18 794	59 %	2 %	38 %	1 %
Innsjø	6 307	56 %	2%	39 %	3 %
Grunnvatn	1 274	68%	20%	5 %	7 %

Om lag 7 pst. (267 arter) av dei truga artene har meir enn 20 pst. av bestanden sin i ferskvatn. Av kransalgane er 17 av 20 arter truga. Også ein stor del av amfibia (67 pst.) og augestikkarane (37 pst.) er med på Norsk rødliste for arter 2010. Døme på truga arter i eller knytte til ferskvatn er karplantene korsandemat og mjukt havfruegras, glasskivesnigel, billa elvesandjeger, edelkreps, elvemusling, oter og damfrosk.

Talet på laksebestandar har gått kraftig tilbake og mange bestandar er truga eller sårbare. Om lag 50 norske laksebestandar er utrydda eller har så få individ at dei står i fare for å bli utrydda. I følgje Miljødirektoratets lakseregister er om lag 45 pst. av dei om lag 400 laksebestandane som er igjen, i svært dårleg eller dårleg tilstand. Vi finn sju naturtypar i ferskvatn på Norsk rødliste for naturtypar 2011. Døme på truga naturtypar er kalksjøar og klare kalkfattige innsjøar.

Om lag 15 pst. av ferskvatnet er verna etter naturmangfaldlova. Gjennom Verneplan for vassdrag er 388 vassdragsområde sikra mot vassdragsutbygging.

Påverknader

Dei viktigaste truslane mot økosystema og artene i elvar og innsjøar er avrenning frå jordbruket, fysiske inngrep og endringar i arealbruk eller vassføring, særleg vasskraftutbygging, spreidd avløp, forsuring og introduksjonar av framande organismar.

Om lag 1/3 av innsjøarealet er påverka av vasskraftutbygging, og 15 av Noregs 20 høgaste fossefall er regulerte.

Etablering av ny vasskraft, og då særskilt små vasskraftverk, har auka betrakteleg dei siste åra og sidan år 2000 er det blitt gitt over 400 konsesjonar. Det ligg i dag over 700 konsesjonssøknader i kø hos Noregs vassdrags- og energidirektorat, og talet er venta å auke.

Mens ein tidlegare har trudd at små vasskraftverk har små miljøkonsekvensar, blir den samla

utbyggingsmengda likevel ein reell trussel mot mange miljøkvalitetar som naturmangfald, landskaps- og friluftsinnteresser og i nokre tilfelle også kulturminne og kulturmiljø. Inngrep i form av vegar, drenering og gjenfylling er ein trussel mot mindre vassførekomstar.

Nivået for forsuring av ferskvatn er framleis over tolegrensa i 10 pst. av Noregs landareal, sjølv om forsuringssituasjonen har blitt betre dei 10-15 siste åra. Det er særleg område på Sørlandet og Vestlandet som framleis er påverka av forsuring. Forsuring har gjennom fleire tiår ført til store skadar på plante- og dyrelivet i ferskvatn. Mange sniglar og amfibium er gått tapt i store areal på Sørlandet, og det er anslått at 94 pst. av totalt 47 kjende bestandar av elvemusling i Vest- og Aust-Agder er borte. For enkelte grupper av vassplanter er meir enn 50 pst. av dei opphavlege artene tapt frå delar av dei mest forsura vassdraga i Sør-Noreg.

Forureining som følgje av tilførsel av nærings salt (overgjødsling) er framleis eit betydeleg forureiningsproblem, særleg i område med tett busetnad og jordbruksintensive område. Dei viktigaste tilførselene kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt og spreidd avløp og industri.

Spreiing av framande organismar er eit alvorleg trugsmål mot norske vatn og vassdrag, og lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, signalkreps, ørekyte, gjedde og sørv er døme på arter som har hatt negative konsekvensar på økosystema i ferskvatn. Skadar skuldast at dei introduserte artene påverkar økosystema negativt. Dei kan og føre til alvorlege sjukdommar hos dei opphavlege artene.

Dei historiske truslane mot dei ville laksestammene, som til dømes sur nedbør, vasskraftutbygging og andre inngrep i vassdrag, blir i dag motverka på ein effektiv måte og vil truleg ikkje føre til ytterlegare nedgang i laksestammene. Også lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* kan handterast, men her må innsatsen for å nedkjempe parasitten først vidare. Hovudutfordringane for villaksen i dag er i følgje Vitskapeleg råd for lakseforvaltning lakselus og innblanding av oppdrettslaks

i dei ville stammene. I nokre tilfelle er også hausting ei utfordring.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å hindre uønskt nedbygging av 100-metersbeltet langs vassdrag og innsjøar. Sjå også verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Heilskapleg vassforvaltning

I perioden 2012–2013 er det gjennomført kartlegging av miljøtilstanden og risikoen for ikkje å nå miljømåla, den såkalla karakteriseringa. I 2014 skal det utarbeidast regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram. Desse blir sende på høyring sommaren 2014. Hovudvekta av arbeidet etter vassforskrifta vil i 2014 vere å gjennomføre tilstandsvurderinga av alt vatn (den såkalla klassifiseringa) og analysen av moglege tiltak for å nå måla innan 2021. Tilstandsvurderinga skal så langt mogleg baserast på overvakingsdata. Den einskilde sektoren som deltek i arbeidet har ansvaret for å vurdere moglege tiltak. Samtidig skal vassregionane finne fram til dei mest kostnadseffektive tiltaka, og det er derfor viktig at dei føreslåtte tiltaka blir vurderte i samanheng.

I kystsona gjenstår framleis arbeid i 2014 med å kvalitetssikre risikovurderingar knytte til påverknader frå lus og rømming. Nasjonale berekraftindikatorar slik som presentert i sjømatmeldinga og kvalitetsnorma for villaks som blei vedteken av regjeringa i september 2013, vil vere viktige verktøy i dette arbeidet. For dei vassområda som har vore med i pilotfasen frå 2009, og som derfor allereie har vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram, blir planane rullerte samtidig med at nye planar blir utarbeidde for dei andre vassområda. Her er tiltaka allereie sette i gang, og gjennomføringa som starta i 2013 vil halde fram i 2014. Etter at ei avtale med Finland om internasjonal vassregion for Tana, Neiden og Pasvik kom på plass i 2013, vil samarbeidet med Finland i denne regionen bli styrkt.

Også i 2014 blir det arbeidd for godt vassmiljø gjennom prosjekt for opprydding av forureina sediment i hamner (sjå resultatområde 9 Giffritt

miljø), regulering av prioriterte miljøgifter gjennom regelverk og enkeltløyve til utslepp frå til dømes industri, gruvedrift, akvakultur og anna næring. Nokre vassområde har særskilt store utfordringar, og det vil framleis vere mogleg å søke om tilskot til tiltak i slike område.

Kalking av vassdrag

Kalking av vassdrag er eit viktig tiltak som har føregått i mange år, og som no òg inngår som tiltak i regionale vassforvaltningsplanar for å nå god tilstand. Nivået for forsuring av ferskvatn er framleis over tolegrensa i om lag 10 pst. av Noregs landareal, og fram mot 2030 er det berre venta små betringar i forsuringssituasjonen. Det vil derfor vere naudsynt å halde fram med kalking av vatn og vassdrag i lang tid framover. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i dei forsura områda, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen. Protokollen vart revidert i mai 2012, med mellom anna nye forpliktingar til reduksjon i utslepp fram mot 2020.

Berekraftig energiproduksjon

Vassregionane vil i sitt arbeid med regionale planar òg sjå på forbettringspotensialet i allereie utbygde vassdrag. Det er energistyresmaktene som har ansvar for å treffe vedtak om forbetringar, men vassregionane kan i planane gi sine prioriteringar.

Det ligg føre ein gjennomgang og fagleg prioritering av kommande saker om revisjon av gamle vassdragskonsesjonar. Gjennomgangen er utført av Noregs vassdrags- og energidirektorat og Direktoratet for naturforvaltning, på oppdrag frå Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet. Målet har vore å finne fram til gode miljøforbetringar med avgrensa tap av produksjon. Denne nasjonale gjennomgangen er eit viktig faggrunnlag for vassregionane sitt arbeid.

Ny vasskraft kan føre til øydelegging av vassmiljøet. Miljøverndepartementet har derfor eit fortløpande og tett samarbeid med Olje- og energidepartementet for å medverke til at det er prosjekta med størst samfunnsnytte og minst miljøpåverknad som får konsesjon. Den samla belastninga på vassdragsnaturen må vurderast. I tillegg er det viktig å finne fram til dei beste avbøtande tiltaka i dei prosjekta som får løyve.

Nærare om tiltak for arter

Eit godt vassmiljø er ein føresetnad for god tilstand for dei artene som lever der. Dei grepa som betrar eller sikrar vassmiljøet, medverkar derfor også til å nå dei nasjonale miljømåla som er knytte til arter som lever i vatn. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg. I tillegg til økosystemforvaltninga, blir det arbeidd med ein del tiltak som er konkret retta mot arter.

For å ta vare på dei nordatlantiske villaksstammene har det i mange år vore gjennomført særskilte tiltak. Kalking, jf. omtalen ovanfor, er eit tiltak som særleg villaksen nyt godt av. I 2014 vil departementet i tillegg halde fram arbeidet med å nedkjempe parasitten *Gyrodactylus salaris*, i tråd med faglege tilrådingar for arbeidet. Raumaregionen vil etter planen bli behandla for andre gongen i 2014. Oppfølging av behandlinga av Lærdals- og Vefsregionane vil òg bli prioritert med blant anna overvaking og oppbygging av fiskestammene på nytt. Planleggingsarbeid med sikte på nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* i Skibotnregionen vil bli vidareført. I Driva er det behov for etablering av fiskesperre, og dette vil bli nærare vurdert. Dei siste åra er det gjennomført store behandlingar i fleire regionar. Kostnadene knytte til oppbevaring av stammar frå desse regionane i genbank med tanke på gjenutsetjing etter behandling, er derfor auka. Slik oppbevaring og oppbygging på nytt av lokale fiskestammer må halde fram i 2014 inntil dei aktuelle regionane er friskmelde.

Det er eit nasjonalt mål at dei ville bestandane, inkludert det genetiske mangfaldet, av anadrom laksefisk skal opptre i levedyktige bestandar. Innanfor dette ligg det også eit haustingspotensial. Reguleringar av laksefiske medverkar til å bevare anadrom laksefisk og til hausting til fordel for rettshavarar og allmenta på lang sikt. I 2014 vil det bli prioritert å arbeide vidare med å finne berekraftige løysingar for fisket i Tana. Forhandlingane med Finland om ein ny overeinskomst starta i 2012, og skal etter planen tre i kraft i starten av 2016. Det er no vedteke ei kvalitetsnorm for villaks med heimel i naturmangfaldlova § 13. Norma skal vere eit verktøy både for miljøvernstyresmakter og andre styresmakter si forvaltning i saker som er viktige for villaksen. I 2014 vil departementet prioritere å få dei første bestandane klassifiserte etter norma. Norma vil vere eit hjelpemiddel for å identifisere tilstanden til dei ulike laksestammene. For akvakultur vil norma verke saman med målemetodar og grenseverdier for lus og rømming som Fiskeri- og kystdepartementet utvi-

klar. Andre tiltak mot lakselus og rømming er omtalt i Fiskeri- og kystdepartementet sin budsjettproposisjon.

Villaks- og sjøaurestammene i Hardangerfjordområdet er i dag særleg truga grunna omfattande akvakulturverksemd i området. I den samanhengen er det på Miljøverndepartementet sitt budsjett sett av ressursar til å bevare desse stammene i genbank. Dette arbeidet vart starta i 2013 og skal vidareførast i 2014.

Heilskapeleg planlegging av arealbruk langs vassdraga

Det er ikkje eit generelt byggjeforbod langs vassdrag, men forbod kan fastsetjast gjennom føresegner til kommuneplanen. Dei fleste kommunane har innført eit byggjeforbod langs vatn og vassdrag. I plan- og bygningslova av 2008 er det innført ei plikt for kommunane til å vurdere behovet for eit slikt forbod. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging fastslår at det skal takast omsyn til allmenne interesser langs vassdrag, og at det er venta at kommunane vurderer behov for byggjeforbod i ei sone på inntil 100 meter langs vassdrag i kommuneplanen. Utbyggingspresset langs vatn og vassdrag varierer, og kommunane ser i stor grad ut til å følgje opp sine egne reglar om byggjeforbod i kommuneplanen. I ein del pressområde er det likevel behov for eit betre plangrunnlag for å sikre vassdragsbeltet for allmenn bruk av omsyn til naturmangfald og friluftsliv. Det er viktig framover å ha fokus på flaum og ras, som blir forsterka av klimaendringane. Departementet vil derfor i si rettleiing leggje vekt på behovet for heilskapeleg planlegging av arealbruk langs vassdraga.

Sentrale styresmakter utarbeidde retningslinjer for fylkesvise planar for små vasskraftverk i 2009, og oppfordra fylkeskommunane til å ta i bruk dette verktøyet. Planane skal medverke til at naturmangfald, friluftsliv og store landskapsverdier ikkje går tapt samtidig som talet på små vasskraftverk aukar. Vedtekne fylkesvise planar er ikkje bindande for den endelege konsesjonsbehandlinga, men søknadar i område som i fylkesplanen er vurderte som spesielt konfliktylte, vil normalt ikkje få konsesjon. Retningslinjene blir òg lagt til grunn for konsesjonsbehandlinga av enkeltprosjekt. Dei fylkesvise planane er meint å romme viktige heilskapelege vurderingar og vil derfor vere ein viktig del av grunnlaget for konsesjonsbehandlinga. Så langt har to fylke utarbeidd slike planar.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

2.1. *Utrydding av truga arter i ferskvatn skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.*

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til ferskvatn.

I følgje Norsk rødliste for arter 2010 er 166 arter i naturtypene ferskvassystem, 117 arter i flaumsonesystem og 6 arter i is-, snø- og breforland truga. Elvemusling er døme på ein slik art. Det vart utarbeidd ein handlingsplan allereie i 2006 for å sikre elvemuslingen. Fylkesmannen i Nord-Trøndelag er ansvarleg for å koordinere oppfølging av handlingsplanen. Kartlegging av elvemusling er gjennomført, og arten blir no overvaka i 16 utvalte elvar.

2.2. *Alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial der dette er relevant i løpet av 2021.*

Indikatorar:

- Talet på vassførekomstar som tilfredsstiller miljømåla i vassforskrifta og vedtekne vassforvaltningsplanar.
- Talet på gjennomførte vilkårsrevisjonar av dei som er forfalne til revisjon.
- Talet på restaurerte vassførekomstar.

Arbeidet med å vurdere *risiko for ikkje å nå miljømål* har gått føre seg for fullt som del av karakteriseringa der første landsdekkjande datasett låg føre 1. juli 2012. Fram mot 1. mai 2013 er karakteriseringa oppdatert med ny kunnskap og kategorien «mogleg risiko» er nesten avvikla. Dei kvalitetssikra tala på «Risiko» eller «Ingen risiko» blei rapporterte til ESA 1. august 2013. Det er eit mål å ha oversikt over miljøtilstanden i alle vassførekomstar før 1. juli 2014. Men det har ikkje vore nok midlar til å setje i gang naudsynt overvaking, så i mangel av konkrete data vil ein for mange vassførekomstar måtte bruke ekspertvurderingar, lokalt skjønn og modellering. Innanfor tilgjengelege ressursar blir overflatevatn prioritert.

Vassforskrifta føreset at det skal gjennomførast beskyttande, forbetrande og gjenopprettande tiltak for å sikre god miljøtilstand i vassførekomstane. Det er god erfaring med mange lokale restaureringstiltak, særleg avbøtande tiltak ved vassdragsreguleringar. Full restaurering av heile elvestrekningar har vi hatt lite av i Noreg, men det

finst nokre gode døme på gjenopning og restaurering av elvar, mellom anna Akerselva og Alna i Oslo, og Ilabekken i Trondheim.

I fleire land i Europa har vassdirektivet ført til at ein har etablert nasjonale kompetansesenter for vassdragsrestaurering, og det er etablert eit europeisk senter (ECRR) og eit europeisk forskingsprogram (RESTORE).

Miljøkvalitetsstandardar for prioriterte stoff vart i 2012 spesifiserte i vassforskrifta ved gjennomføring av eit underdirektiv til vassdirektivet. Miljøkvalitetsstandardane konkretiserer miljømåla for kjemisk tilstand i vatn for 33 prioriterte stoff. Det vil ofte vere meir føremålstenleg å overvake miljøgifter i sediment og/eller organismar fordi denne typen overvaking gir eit betre bilete av belastninga av stoff som hopar seg opp i næringskjeda og utgjer eit problem over tid. Det blir derfor arbeidd med å utvikle miljøkvalitetsstandardar for organismar og sediment.

2.3. *Ingen vassførekomstar skal nedklassifiserast (bli dårlegare) som følgje av auka tilførsel av nærings salt eller partiklar frå ny aktivitet, jf. krava i vassforvaltningsforskrifta.*

Indikator:

- Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering (bli dårlegare) som følgje av tilførsel av nærings salt eller partiklar.

Tilførselene av nærings salt til vatn er venta å auke som følgje av klimaendringar. Auka nedbør vil gi meir avrenning og meir nærings salt vil bli vaska ut av jorda og transportert til vatn.

Når søknader om nye eller endra løyve til utslepp etter forureiningslova blir behandla, blir òg vassforskriftas § 12 vurdert. Den gir strenge vilkår for kva som kan tillatast av nye forureiningar, og klare dokumentasjonskrav knytte til dagens miljøtilstand og moglege konsekvensar av dei forureiningar det vert søkt om. Informasjon om dette er no lagt inn i Miljødirektoratet sine standarddokument.

2.4. *Alle bestandar som blir hausta av dyr og planter i ferskvatn skal vere forvalta økosystembasert og hausta berekraftig slik at artene opptrer i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.*

Indikator:

- Bestandsstatus for arter som blir hausta eller utnytta på annan måte.

Det er tillate å fiske etter 33 arter av innlandsfisk. Fisket etter innlandsfisk er omfattande og går føre seg over heile landet. Tilstanden for alle artene som blir hausta er god.

Fylkeskommunen skal sikre bestandane av dei artene av innlandsfisk som det kan haustas av. Som planmynde har fylkeskommunane ei viktig oppgåve i å ta omsyn til lokale bestandar ved vassdragstiltak og kultivering av innlandsfisk og i regional areal- og transportplanlegging. Kommunane har ansvar for å innpasse omsynet til fiskeinteressene i si oversiktsplanlegging, arbeide for felles organisering av rettshavarar, leggje til rette for driftsplanlegging, sikre eit best mogleg fisketilbod for allmenta og syte for åtgjerder for sikring og forbetring av fiskebestandane.

2.5. Dei mest truga naturtypane skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på utvalde naturtypar knytte til ferskvatn.

Det er vedteke ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova knytt til ferskvatn. Dette er kalksjør som er kategoriserte som truga i Norsk rødliste for naturtypar 2011.

2.6. Varig vern skal oppretthaldast og eit representativt utval av vassdragsnatur skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkludert årleg endring) fordelt på naturtypar knytte til ferskvatn.

Om lag 15 pst. av ferskvassarealet er verna etter naturmangfaldlova. Norsk institutt for naturforskning si naturfaglege evaluering av norske verneområde frå 2010 viste at evjer, bukter og viker, kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti, viktige bekkedrag, dammar og naturleg fisketomme innsjøar og tjern i for lita grad er representerte i dei verna områda. Miljødirektoratet har utarbeidd ei fagleg tilråding for korleis dei ulike verkemidla i naturmangfaldlova kan brukast til å sikre at fleire av dei viktige delane av vassdragsnaturen blir betre representerte i dei verna vassdragsområda.

2.7. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikator:

- Talet på og del av verneområda knytte til ferskvatn som er truga.

Miljødirektoratet arbeider med eit nytt forvaltningssystem for verneområde som omfattar forvaltningsplanlegging inkl. forvaltningsplanar med bevaringsmål, basiskartlegging, skjøtselstiltak, etablering av eit landsdekkjande overvakingsopplegg og rapportering. Statens naturoppsyn vil ha ei sentral rolle i den praktiske gjennomføringa av dette systemet.

2.8. Dei mest truga artene i ferskvatn skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter og bestandsutviklinga for desse.

Dei åtte første prioriterte artene etter naturmangfaldlova vart vedtekne i mai 2011. Dette er fugleartene dverggås og svarthalespove, insektartene elvesandjeger, eremitt og klippeblåvenge og plantartene dragehovud, honningblom og raud skogfrue. Av desse artene lever billa elvesandjeger i og ved elvar.

Fleire truga arter knytte til elvar og innsjøar som er aktuelle som prioriterte arter er under vurdering. Bl.a. er det under utarbeiding faggrunnlag for dei stasjonære laksestammene namsblank og byglandsbleke med tanke på å få dei vurderte som prioriterte arter.

2.9. Dei ville laksebestandane, under dette det genetiske mangfaldet, skal sikrast slik at dei opptre i levedyktige bestandar i sine naturlege leveområde.

Indikatorar:

- Grad av oppnåing av gytemåla for stammene.
- Stammene sin genetiske integritet.

Regulering av laksefisket er basert på vitskapeleg rådgiving, kunnskap om tilstanden til bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. I 2008 vart det innført eit nytt reguleringsregime med vesentlege innskrenkingar i fisket både i elv og i sjø. Dette vart ført vidare i 2009 og ytterlegare innskrenkingar vart gjennomførte i 2010. Reguleringane i sjø i 2011 vart haldne oppe på nivået for 2010, mens det vart gjennomført ytterlegare innstrammingar i elvefisket. Dette reguleringsregimet er i all hovud-

sak ført vidare i 2012 og 2013, og har ført til at måla for gytebestandane er nådd i dei fleste elvane. Eit viktig unntak er Tanavassdraget, der den negative utviklinga truleg berre er knytt til overhausting. Forhandlingane med Finland om regulering av fisket i dette vassdraget starta i 2012, og er vidareført i 2013. Etter planen skal ei avtale med Finland tre i kraft i 2016.

Sur nedbør, vasskraftreguleringar, fysiske inngrep, *Gyrodactylus salaris*, lakselus og rømt oppdrettslaks er dei mest alvorlege truslane mot dei ville laksebestandane. Lakselus og rømt oppdrettslaks er beskrivne som dei to ikkje-stabiliserte truslane mot villaks.

Vi veit at 14 vassdrag i dag er infiserte av *Gyrodactylus salaris*. Målsetjinga for arbeidet med nedkjemping av parasitten er å utrydde den frå alle infiserte vassdrag der dette er realistisk, og samtidig minimalisere risikoen for vidare spreiding. Rotenon er framleis forvaltninga sitt viktigaste verkemiddel for nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, mens eventuell vidare bruk av kombinasjonsmetoden (surt aluminium i kombinasjon med rotenon) vil bli vurdert etter at resultat av behandlinga av Lærdalselva er klare. I samheng med utrydding av *Gyrodactylus salaris* er det sett i gang eit omfattande arbeid med å ta vare på laksestammer i genbankar frå dei vassdraga som blir behandla, og gjenutsetjing av stammene etter avslutta behandling. Bruk av fiskesperer blir utvikla vidare, blant anna med planlegging av elektriske fiskesperer.

Vefsn-regionen vart ferdig behandla i 2012. I Lærdalselva vart behandling med bruk av kombinasjonsmetoden slutført i 2012. Behandlingane vart meir kostnadskrevjande enn planlagt, og det vart derfor løyvd ytterlegare midlar for å følgje opp behandlingane. I 2013 vart første gongs rotenonbehandling av dei infiserte vassdraga i Rauma-regionen (5 vassdrag) gjennomført, og arbeidet med kartlegging og planlegging i Skibotn-regionen (2 vassdrag) er starta.

Vitskapeleg råd for lakseforvaltning har vurdert gjennomsnittleg oppnåing av gytebestandsmåla for totalt 191 bestandar for 2012. Ei samla vurdering viser ei klar betring i oppnåing av forvaltningsmåla frå perioden 2006–2009 til perioden 2009–2012. Betinginga i denne måloppnåinga kan for landet samla i høg grad tilskrivast strengare reguleringar av fisket.

Med bakgrunn i vitskapelege undersøkingar, overvaking og modelleringar har no Miljødirektoratet vurdert påverknaden frå rømt oppdrettslaks. I 10 vassdrag kan bestandane vere kritisk truga

eller tapt grunna påverknad frå rømt oppdrettslaks. I 29 vassdrag blir den naturlege genvariasjonen til villaksen vurdert som truga. Rømt oppdrettslaks er vurdert til å vere ein alvorleg risiko i 339 vassdrag, og det er ingen laksevassdrag i Noreg der det ikkje er funne rømt oppdrettslaks.

2.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur, skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr. art nasjonalt, regionalt og lokalt.

Handlingsplanen mot *Gyrodactylus salaris*, som er utarbeidd av Miljødirektoratet i samarbeid med Mattilsynet, vil bli revidert i 2013. Handlingsplanar mot vasspest, signalkreps og ei rekkje introduserte fiskearter, vil bli ferdigstilte i løpet av 2013.

Følgjande tiltak mot framande organismar i elvar og innsjøar er sette i gang eller gjennomførte:

Signalkreps: Østfold – Uttynningsfiske av signalkreps i Øymarksjøen i regi av Fylkesmannen i Østfold og Oslo-Akershus utmarkslag.

Gjedde: Telemark – Utrydding av gjedde i delar av Telemarkskanalen og bygging av elektrisk fiskesperre for å hindre vidare spreiding av gjedda.

Gyrodactylus salaris: Nordland-Vefsna med tilgrensande vassdrag er ferdig behandlet, og det er sett i gang arbeid med å bygge opp igjen bestandane.

Sogn og Fjordane – Lærdalselva er ferdig behandla med aluminiumsmetoden.

Møre og Romsdal – Det er gjennomført ein første behandling av Rauma med tilgrensande vassdrag. Det er også gjennomført ein prosjektering av ei fiskesperre i Driva.

I Bjårvatn i Rogaland er det sett i gang slått av smal vasspest for å avgrense omfanget av skadevekst og forsøke å hindre vidare spreiding. Prosjektet har òg som mål å betre kunnskapen omkring bruk av slått som tiltak for å halde nede enkelte framande organismar.

Kunnskap om utbreiing og spreingsfaktorar er viktig for å kunne setje inn målretta tiltak, og kartlegging av enkelte framande arter i ferskvatn er sett i gang.

2.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Se resultatområde 6.
- Det er ikkje påvist genmodifiserte organismar (GMO) i elvar og innsjøar.

2.12. Dei nasjonale tilførslene av nærings salt og partiklar til ferskvatn som er prega av overgjødsling eller nedslamming skal reduserast til eit nivå som sikrar god kjemisk og økologisk tilstand innan utgangen av 2021.

Indikatorar:

- Delen av norske vassførekomstar som ikkje har god kjemisk og økologisk tilstand grunna tilførsler av nærings salt eller partiklar.
- Talet på vassførekomstar som står i fare for nedklassifisering som følge av tilførsler av nærings salt eller partiklar.

Overgjødsling er framleis eit betydeleg forureiningsproblem i Noreg. Dei viktigaste tilførslene kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt avløp og industri. Resultata frå grovkarakteriseringa i samsvar med EUs rammedirektiv for vatn, viser at problem med overgjødsling omfattar

omtrent like mange vassførekomstar som forsureing og vasskraftreguleringar til saman. Det vil seie at om lag 30 pst. av alt vatn i Noreg har risiko for ikkje å oppnå måla grunna overgjødsling. Dette gjeld hovudsakeleg ferskvatn i område med tett busetnad eller i landbruksintensive område.

2.13. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønskt nedbygging av 100-metersbeltet langs vassdrag og innsjøar.

Indikatorar:

- Talet på dispensasjonar for nybygg i 100-metersbeltet langs vassdrag.
- Talet på nybygg langs vassdrag i medhald av plan i LNFR-område.

KOSTRA-tal for dispensasjonar frå byggjeforbod i 100-metersbeltet langs vatn og vassdrag viser at det i 2012 vart gitt 412 dispensasjonar for nybygg. Dette er høgare enn i 2011 då det vart gitt 244 dispensasjonar. I 2010 vart det gitt 319 dispensasjonar, i 2008 og 2009 respektive 203 og 163 dispensasjonar.

Sjå omtalen av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, for nærare informasjon.

14 Resultatområde 3 Frodige våtmarker

Våtmarkene er av dei mest produktive økosystema vi finn på jordkloden, og dei er blitt kalla «biologiske supersystem». Denne naturtypen er òg blant verdas mest truga økosystem. Noreg har fleire typar av våtmark enn mange andre land, frå næringsfattige torvmyrer og svært næringsrike grasmyrer til ulike kjelder og flaummark. Knappt noko land i Europa har større variasjon i utforming og plante- og dyreliv i våtmarker. Av totalt 50 artar av torvmosar i Europa finn vi 47 i Noreg. Mange av dei 46 artene av augestikkarar som finst i Noreg er av dei største insekta vi har.

Våtmarkene leverer viktige økosystemtenester. Mange våtmarker, særleg myrer, har stor kapasitet til å lagre vatn, og medverkar på den måten både til å jamne ut flaumtoppar og hindre tørke ved å vere eit slags vassmagasin. Denne sida ved våtmarkene gjer dei spesielt interessante i klimatilpassing. Våtmarkene har òg ei unik evne til å reinse vatn, og skaffar på den måten reint drikkevatt. Våtmarkene bind store mengder karbon, og øydelegging gjennom drenering og utbygging av myr kan derfor føre til store CO₂-utslepp når torvmosen rotnar. Mange myrer kan karakteriserast som naturen sitt bibliotek ved at frø og restar av planter og dyr blir bevarte i ulike lag grunna mangel på oksygen. Myra blir derfor ei viktig kjelde til kunnskap om klima og plante- og dyreliv i tidlegare tider.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 3.1. Mangfaldet av våtmarker skal takast vare på eller gjenopprettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i våtmark.
- Talet på utvalde naturtypar i våtmark.
- Talet på restaurerte våtmarksområde.

Nasjonalt mål 3.2. Eit representativt utval av våtmarker skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

Indikatorar:

- Totalt verna areal og verna areal fordelt på naturtypar i våtmark.
- Talet på og del av verneområde knytt til våtmark der verneverdiane er truga.
- Talet på verna våtmarksområde med forvaltningsplan.

Nasjonalt mål 3.3. Tapet av truga våtmarksarter skal vere stansa, og tilstanden til artar i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga artar knytte til våtmark.
- Talet på prioriterte artar knytte til våtmark og bestandsutvikling for desse.

Nasjonalt mål 3.4. Vesentlige uheldige følgjer for naturmangfaldet i våtmark av framande organismar skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på framande skadelege organismar i våtmark og utbreiinga deira.

Tilstand

Våtmark er definert på litt ulike måtar. I Naturindeksen omfattar våtmark myr, kjelde og flaummark (under dette elvedelta). Våtmarker dekkjer om lag 10 pst. av arealet i Fastlands-Noreg, og størstedelen av dette er myr.

Myr og kjelder er område med høgt nivå av grunnvatn heile eller store delar av året, og her lever artar som er tilpassa eit liv under tilhøve metta av vatn. Flaummark er område langs elvar og innsjøar som blir utsette for overfløyning, erosjon og sedimentering. Naturtypane i våtmarksområda er svært mangfaldige og mange er artsrike. Myrer har høgt nivå av grunnvatn som gir høgt markfukt og oksygenfattig miljø nesten heilt

opp til overflata. Dette gir dårlege livsvilkår for mange arter. Likevel er det stort mangfald av liv i den øvste delen av torva, ikkje minst av arter som bakteriar, algar og sopp. Torvmosane er spesielt tilpassa eit liv på myr ved at dei veks raskt i spissen av skotet, og dør nedanfrå. Daude torvmosar utgjør derfor ein stor del av torva i mange myrar. Karplantene som lever på myr har oftast luftvev i stengel og rot (sumpplanter) som til dømes mange arter av starr, myrull og bukkeblad. Andre planter har tilpassa seg ved at dei lever nær overflata der det er god tilgang på oksygen. Dette gjeld soldogg og tettegras. Desse to artene fangar i tillegg insekt som blir sitjande fast på klistrete blad og dei får på den måten tilleggsnæring.

Vi finn fleire typar av myr i Noreg, med næringsfattige nedbørsmyrer og næringsrike grasmyrer som dei to ytterpunkta. På dei næringsfattige nedbørsmyrene finn vi berre om lag 20 arter av karplanter, mens vi på ei rikmyr finn meir enn 200 arter av karplanter. Insektlivet på myr er heilt spesielt. Mest iaugefallande er dagsommarfuglane og augestikkarane. Ei rekkje insekt lever nesten berre på og i torvmosar, og det øvste laget på torvmyrer inneheld store mengder av edderkopparter og billearter. Vi finn fleire arter av frosk og salamander i myrvatn- og i flaummarksdammar som ikkje er for sure. Slike område har òg ein karakteristisk fuglefauna. Det er særleg mange vadefuglar som er avhengige av våtmark, men òg andre arter som gjæser, ender, riksefuglar og ein del arter av sporvefugl treng slike naturtypar som hekke- og rasteplass, og for nokre er dei òg overvintrings- og fjørfellingsområde.

Kjelder har oksygenrikt grunnvatn som spring fram frå undergrunnen, og dekkjer vanlegvis små areal. Ei rekkje plantearter er karakteristiske for kjelder, til dømes trillingsiv, gulsildre og mange mosearter. Faunaen er meir artsfattig. Fjørmygg, døgnfluger, steinfluger og vasskalvar er typiske insektarter rundt vasskjelder.

Ifølge Naturindeksen for Noreg for 2012 er tilstanden for naturmangfaldet i våtmark (myrkjelde-flaummark) middels god med ein indeks på 0,52. I dag skjer lite omlegging av myr til dyrka mark, men tidlegare inngrep har gjort store skade og dei fleste av desse er irreversible. Om lag 15 pst. (443 arter) av dei truga artene lever i våtmark. Dei fleste av planteartene på raudlista er knytte til rikmyr. Døme på slike arter er plantene huldrestarr, myrflangre, knottblom og alvemose. Våtmarker er viktige hekkeområde for alle dei fem norske fugleartene som er med på Den globale raudlista. Dette er dverggås, åkerrikse, dobbeltbekkasin, storspove og svarthalespove.

Dverggåsa har dei seinare åra minka sakte men sikkert, til nokre få attverande par i Finnmark. Av andre dyr er spissnutefrosk og storsalamander arter på Norsk rødliste for arter 2010. Vi finn 16 naturtypar i våtmarksområde på Norsk rødliste for naturtypar 2011. Døme på ein slik naturtype er palsmyr.

Ein god del av dei mest verdifulle areala av våtmark som er att, er verna etter naturmangfaldlova. Gjennom verneplan for myr og våtmark er meir enn 600 naturreservat oppretta. For flaummark er Verneplan for vassdrag svært viktig. Om lag 18 pst. av myrene er verna. Myrer i fjellet er godt dekte av områdevernet, mens langt færre våtmarker i låglandet i Sør-Noreg er verna. Inkludert Svalbard har vi no 51 våtmarkssystem som blir rekna som internasjonalt viktige våtmarksområde på lista til Ramsarkonvensjonen. Døme på slike område er Stabbursneset (Finnmark), Nordre Øyeren (Akershus) og Åkersvika (Hedmark).

Dverggås og svarthalespove er vedtekne som prioriterte arter med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Slåttemyr er utvald naturtype etter naturmangfaldlova og skal derfor takast særskilt omsyn til.

På Svalbard utgjør våtmarker ein stor del av tundraområda i dei isfrie dalføra og på kystslettene. Våtmarker på Svalbard omfattar mosetundra og andre våte tundratypar, område med innsjøar og dammar, elvesletter, deltaområde og grunne kystområde med øyar og skjer. Desse områda har stor verdi for trekkjande bestandar av gjæser, ender og vadefuglar. Våtmarker på Svalbard er generelt lite påverka av arealbruk og arealbruksendringar. Ein stor del av dei viktigaste våtmarkene på øygruppa er i dag innanfor verneområda, som dekkjer 67 pst. av landarealet. Fem mindre område på Svalbard og Bjørnøya, Hopen, Sørkapp og Nordenskiöldkysten er førte inn på lista til Ramsarkonvensjonen om vern av våtmarker. Alle Ramsarområde på Svalbard er verna i medhald av Svalbardmiljølova.

Påverknader

Endra arealbruk er vurdert til å vere ein trussel mot heile 85 pst. av dei truga artene som lever i våtmarksområde. Minst 1/3 av det opphavlege arealet av myr under skoggrensa er brukt til landbruks- og utbyggingsføremål. I låglandet i Sør-Noreg er ein endå større del av myrene øydelagde som naturlege økosystem. I til dømes Vestfold og store delar av Østfold og Akershus er så godt som alle større myrer som ikkje er verna øydelagde eller sterkt påverka av tekniske inngrep. Heilt

sidan midten av 1700-talet og fram mot 2000 har ein i Noreg drive med grøfting av myr for å auke arealet av dyrka mark og for å auke skogproduksjonen. I perioden 1919–1996 er det gitt tilskot til oppdyrking av om lag 2000 km² myr, og meir enn 4000 km² myr er grøfta for skogplanting. For slike landbruksføremål er rikmyrene best eigna, og det er no berre att små areal av rikmyrer i låglandet. Desse inneheld mange truga arter. Bruk av myr til torvstrø og brenntorv har gått hardest ut over nedbørsmyrene. I tillegg kjem nedbygging til vegar, idrettsanlegg, tomtegrunn og vassmagasin knytte til kraftutbyggingar. Mange arter knytte til flaummark er blitt sjeldne som følgje av kraftutbyggingar. Døme på dette er karplantene sibirstjerne, småjonsokblom og kveinhavre. Billa elvesandjeger og fuglen fjellmyrløpar er døme på sjeldne dyr.

Så lenge det har vore jordbruk i Noreg, har myrer og flaummarker vore hausta gjennom husdyrbeite og utmarksslått. For slått og beite eigna rikmyrene og dei gras- og urtedominerte flaummarkene seg best. Derfor var desse naturtypene dei siste som vart brukte til utmarksslått. I nokre område gjekk myrslått føre seg til etter 1950. Men så vart det slutt på slik bruk, og når beite og slått som hadde vore utøvd i fleire hundre år ikkje vart gjennomført lenger blir resultatet attgroing og andre endringar i dei artsrike, kulturprega naturtypene. Desse prosessane går føre seg med full tyngd i våre dagar. Resultatet er at ei rekkje arter som krev mykje lys og open vegetasjon, som til dømes den truga orkideen svartkurle, får problem med å overleve.

Auka tilgang på nitrogen gjennom blant anna luftforureining fører til auka produksjon, og derfor attgroing. Dette påverkar spesielt konkurransevake arter. Klimaendringar vil òg påverke våtmarkene, og komme i tillegg til dei eksisterande påverknadane. Mange drenerte myrer som ikkje held på vatnet, fører vatnet raskt ut i elvane, som stig raskare og meir enn dei elles ville gjort.

Mangfaldet og fordelinga av våtmarker på Svalbard er kritisk avhengig av permafrosten og prosessar knytte til denne. Våtmarkene på Svalbard er derfor spesielt sårbare for klimaendringar. Oppvarming av permafrosten på Svalbard er allerede observert. Ved Longyearbyen har temperaturen dei siste 30 åra auka med 0,7 pr. tiår på ca. 2 meters djup. Med dei raske temperaturstigingane som er venta på Svalbard, kan den framtidige tininga av permafrost skje raskare enn tidlegare berekna.

Etterkvart som temperaturen i Arktis stig, kan våtmarkene bli ei globalt viktig kjelde til frigjering

av CO₂ og metan til atmosfæren. Det er avgrensa med organisk materiale i permafrosten på Svalbard. Tining av permafrost på Svalbard vil derfor truleg bety lite som kjelde til klimagassar.

Våte tundraområde på Svalbard er svært sårbare for mekanisk slitasje knytt til barmarkskøyring. Det er mange område med tydelege skadar knytte til slik køyring i samband med gruvedrift og oljeleiting på land fram til 1980-talet. Inngrep som vegar og liknande kan på grunn av permafrosten endre hydrologien og dermed påverke våtmarker over forholdsvis store område. I dag er inngrep og barmarkskøyring strengt regulert, og endra arealbruk er i lita grad eit trugsmål mot våtmarker og artene som lever der.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga, og medverkar til å sikre berekraftig forvaltning av verdifulle naturmiljø. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å hindre uønskt nedbygging av våtmarker. For område og naturmangfald som ikkje er verna etter naturmangfaldlova kan planar etter plan- og bygningslova sikre ønskt forvaltning gjennom bruk av arealformål og omsynssone med tilhøyrande føresegner. Lova kan nyttast direkte, til dømes ved at viktige landskaps-, natur- og kulturområde blir definerte som verneområde i arealplanar. Sjå også verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Sikring av våtmark

Det er viktig at våtmarkene blir beskytta, anten ved vern eller anna skjerming. Dei fleste land i verda, inkludert Noreg, er partnerar i Ramsarkonvensjonen som er den internasjonale avtala om våtmarker. Det at våtmarker har ei eiga internasjonal avtale understrekar kor viktig denne naturtypen er.

Ca. 18 pst. av myrene i Noreg er verna etter naturmangfaldlova kap. V. Av dei verna områda er 63 våtmarksområde oppførte på Ramsarkonvensjonen si liste som internasjonalt viktige våtmarksområde. Pr. september 2013 gjenstår ein fylkesvis verneplan – myrplanen for Finnmark. Arbeidet med denne verneplanen vil bli følgt opp i 2014.

For å nå målet om å ta vare på eit representativt utval av norsk natur skal det utarbeidast ein strategi for å avklare kva slag naturtypar, under

dette våtmark, som bør sikrast gjennom områdevern i medhald av naturmangfaldlova, eller gjennom bruk av andre verkemiddel i naturmangfaldlova og anna regelverk. Strategien vil byggje på den naturfaglege evalueringa av norske verneområde som er gjennomført av Norsk Institutt for naturforskning. Evalueringa viser at det er mangelfull dekning i verneområda av våtmarkstypene lågareliggjande rikmyr, kjelde, kjeldebekk, intakt låglandsmyr, kystmyr, kroksjøar og flaumdammar. Oppfølginga av strategien kan gjere det aktuelt å planlegge eller starte nye verneprosessar i 2014.

Sikring av verneverdiar i verna våtmarksområde

Det er viktig å sikre at forvaltninga av etablerte verneområde byggjer opp under verneformålet slik at verneverdiane ikkje blir reduserte eller øydelagde som følge av inngrep eller bruk som ikkje er berekraftig. Dei siste åra har forvaltningsplanar for Ramsarområde blitt prioriterte, og dei fleste eldre Ramsarområda har no ein ferdig forvaltningsplan, eller ein slik plan under arbeid. Ein del av dei Ramsarområda som vart melde inn til Ramsarkonvensjonen i perioden 2011–2013 manglar framleis forvaltningsplan, og arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar for desse områda vil halde fram i 2014. Det skal òg utarbeidast forvaltningsplanar for dei verna våtmarksområda som ikkje er Ramsarområde. Gjennomføring av tiltaka i dei vedtekte forvaltningsplanane vil òg bli prioritert. Ein del verna våtmarksområde har ei avgrensing som vart vurdert som riktig på vernetidspunktet, men som vi med ny kunnskap vurderer som for små til at dei økologiske funksjonane i områda kan bli oppretthaldne. Miljødirektoratet har starta ein gjennomgang av prioriterte Ramsarområde for å vurdere om det er behov for ei anna avgrensing. Samstundes blir dei gamle verneforskriftene vurderte og oppdaterte i tråd med naturmangfaldlova.

Prioriterte arter og utvalte naturtypar

Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalte naturtypar vil halde fram i 2014. I dette arbeidet vil òg arter og naturtypar knytte til våtmark bli vurderte. Døme på naturtypar i våtmark som blir vurderte som utvalte naturtypar er elvedelta, fossesprøytonar, høgmyr i innlandet og rikmyr. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte, til dømes dverggås, og dei naturtypane som er blitt utvalte, til dømes slåttemyr, i samsvar med gjeldande handlingsplanar for desse artene og naturtypane. Staten har eigne ordningar

for tilskot til skjøtsel og andre tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Restaurering av våtmarksområde

Det er stort behov for å restaurere våtmark i Noreg. Som det går fram av NOU om klimatilpassingar i det norske samfunnet frå 2010 er restaurering av våtmarker eit viktig tiltak for å møte og tilpasse seg klimaendringane også nasjonalt. Frodige våtmarker som har sine økologiske funksjonar intakt er viktige for å demme opp for flaum og andre naturkatastrofar. Miljødirektoratet har kartlagt 300 våtmarker som har behov for restaurering. Det er eit mål å restaurere minst halvparten av øydelagde våtmarker innan 2020. Basert på denne kartlegginga har Miljødirektoratet i samarbeid med fylkesmannen utarbeidd eit forslag til ein nasjonal plan for restaurering av 10 våtmarkslokalitetar i perioden 2014–2018. I arbeidet med planen har fylkesmannen hatt kontakt med kommunar og aktuelle grunneigarar, og det er lagt vekt på samarbeid med landbrukssektoren og vassdragsstyresmakta. Potensialet for stor betring i økologisk status, ramsarstatus, førekomst av truga arter og naturtypar og lågt konfliktnivå har vore viktige kriterium for val av område i planen. Direktoratet vil utvide samarbeidet med relevante sektorar med sikte på samfinansiering av restaurering etter denne planen. I tillegg vil Miljødirektoratet i 2014 gjere ein gjennomgang av dei 300 kartlagde lokalitetane og prioritere lokalitetar der restaurering har låg kostnad og stort potensiale for betring i økologisk status. Informasjon om andre sektorar sine finansieringsordningar som kan nyttast ved restaurering av våtmark vil bli spreidd frå direktoratet til fylkesmannen, kommunar og forvaltningsstyresmakter. Miljødirektoratet har òg starta samarbeid med andre land for å sikre bruk av gode metodar i restaureringsarbeidet. Både Sverige, Danmark, Finland, Latvia og Litauen har medverka til kunnskapsoverføring.

Kunnskap og informasjon om våtmark

Som det går fram av klimatilpassingsmeldinga er restaurering av våtmark eit viktig tiltak for å møte og tilpasse seg klimaendringane også nasjonalt. Det er viktig å auke forståinga og kunnskapen om dei økosystemtenestene som våtmark leverer, og å få betre kunnskap om verdien av desse økosystema og kostnadene ved tap av våtmarker. Regjeringa har autorisert 5 våtmarkssenter som skal vere spyspissar i formidlinga om våtmark. Støtta til våtmarkssenter og -utstillingar vil halde fram i

2014. Regjeringa vil òg vurdere å autorisere 1-2 nye våtmarkssenter. I 2014 vil det òg bli sett i gang ulike nye informasjonstiltak som følgje av handlingsplanen for bevisstgjerjing og informasjon om våtmarker. Nettverket av våtmarksinitiativ vil halde fram og det blir vurdert å invitere med frivillige organisasjonar og forskingsmiljø.

Ramsarkonvensjonen oppmodar til systematisk kartlegging av partslanda sine våtmarker. Kartlegging av våtmark inngår i arbeidet med naturtypekartlegging i Noreg, både innanfor og utanfor verneområde. Kartlagde lokalitetar blir lagt inn i kartdatabasen Naturbase. Ramsarområde vil bli prioriterte i basiskartlegginga av verneområde framover.

Mange våtmarksområde eignar seg for tilrettelegging for naturbasert friluftsliv og reiseliv, og informasjonsverkssemd knytt til dette. Eit godt døme på dette er Nordre Øyeren i Akershus fylke. Her er det etablert eit våtmarkssenter med fokus på formidling av våtmarkene sine verdjar, og det blir årleg gitt eit heildags undervisningsopplegg for om lag 3000 skuleelevar. I sommarhalvåret går det ein turistbåt i deltaområdet som fraktar besøkande på guida turar. Miljøverndepartementet held fram arbeidet med brei verdiskaping basert på naturarven i 2014 og tiltak kring våtmark kan få støtte til utviklingsprosjekt som har potensial for miljøvis, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Internasjonalt arbeid med våtmark

Ramsarkonvensjonens (Våtmarkskonvensjonen) definisjon av våtmark omfattar fleire naturtypar. Typiske eksempel er innsjøar og tidevassområde, strandsoner, korallrev, mangroveskog og laguner. Regjeringa er oppteken av at det er stort potensial hos styresmakter og utviklingsaktørar for auka medvit om dei økosystemtenestene som fattige får frå våtmarker. Våtmarkene blir ofte demde opp, bygde ned eller drenerte. Det er behov for meir kunnskap slik at styresmakter og råka lokalbefolkning får større innsikt i kva for ressursar våtmarker gir til lokalsamfunn. Ein internasjonal rapport om økonomisk verdi av våtmarker blei lagt fram i februar 2013.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

3.1. Utryddinga av truga våtmarksarter skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til våtmark.

I følgje Norsk rødliste for arter 2010 er 174 arter i våtmark truga. Av desse finn vi både karplanter, til dømes mjukt havfruegras, insekt som strandmaurløve og mange fuglearter som til dømes brushane og myrrikse.

3.2. Mangfaldet av naturlege våtmarker skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor deira naturlege utbreiingsområde, og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikator:

- Talet på restaurerte våtmarksområde.

I 2012 vart arbeidet med restaurering av delar av Hæra naturreservat i Østfold sett i gang. Reservatet ligg i Trøgstad kommune som òg har forvaltningsmynde for området. Hæra naturreservat er eit stort og komplekst våtmarksområde og arbeidet fram mot ei fullskala restaurering er venta å ta fleire år.

3.3. Dei mest truga naturtypene i våtmark skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i våtmark.
- Talet på utvalde naturtypar i våtmark.

I følgje Artsdatabanken si rødliste for naturtypar 2011 er 10 naturtypar i våtmark truga. Dette gjeld naturtypene grankjeldeskog, kystnedbørsmyr, sentrisk høgmyr, varmekjær kjeldelauvskog, open låglandskjeldemyr, slåttemyrflate, palsmyr, rikare myrflate i låglandet, rikare myrkantmark i låglandet og slåttemyrkant.

Det er ikkje vedteke utvalde naturtypar knytte til våtmark etter naturmangfaldlova.

3.4. Dei mest truga artene i våtmark skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter knytte til våtmark.

Dei åtte første prioriterte artene etter naturmangfaldlova vart vedtekne i mai 2011. Dette er fugleartene dverggås og svarthalespove, insektartene elvesandjeger, eremitt og klippeblåvenge og plantartene dragehovud, honningblom og raud skogfrue. Av desse artene lever planta honningblom i våtmark, og dverggås og svarthalespove er nært knytte til våtmark.

3.5. Eit representativt utval av våtmarker skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar knytte til våtmark.

Om lag 18 pst. av myrene er verna. Den naturfaglege evalueringa frå 2010 viste at 633 av totalt 2688 verneområde på det tidspunktet hadde våtmark som hovudfokus. I løpet av 2012 og 2013 er det gjennomført utviding av våtmarksområdet Rinnleiret naturreservat i Nord-Trøndelag og naturreservata Ilene og Presterødkilen i Vestfold. Alle desse våtmarksområda har Ramsarstatus. I løpet av 2013 skal verneplan for Tyrifjorden etter planen gjennomførast. Dette vil medverke til å styrkje Ramsarområde Nordre Tyrifjorden våtmarkssystem.

Eit viktig tiltak for å verne truga arter i våtmarksområde er å ta vare på leveområda deira, og det blir arbeidd for å utvide eksisterande og utpeike nye område for vern under Ramsarkonvensjonen. Etter forslag frå Miljødirektoratet vart 12 nye våtmarksområde på fastlandet meldt inn til Ramsarbyrået våren 2013.

3.6. Verneverdiane i verneområda skal haldast ved lag/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde knytte til våtmark der verneverdiane er truga.
- Talet på og del av verneområde knytte til våtmark med forvaltningsplan.

Kartlegginga som Direktoratet for naturforvaltning gjennomførte i 2008–2010 viste at verneverdiane var truga i 35-40 pst. av verneområda. Naturtypar knytte til våtmark er blant dei mest truga

naturtypane. Som ei følgje av dette leverte Direktoratet for naturforvaltning i 2012 eit forslag til nasjonal plan for restaurering av våtmark. Planen er utarbeidd i samråd med relevante sektorar. Det er sett i gang planlegging for restaurering av tre naturreservat i tråd med denne planen.

3.7. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sett i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på utryddingstiltak fordelt på art nasjonalt, regionalt og lokalt.

Av dei totalt 217 artene i den nye svartelista har 14 våtmark som eitt av sine viktigaste leveområde. Døme på slike arter er mink, kanadagås og mårhund. Handlingsplanane for mink og for mårhund er følgde opp med ei rekkje tiltak. Så langt er det ikkje noko som tyder på at mårhund har klart å etablere seg i Noreg. I 2013 er det starta drøftingar med svenske styresmakter om å etablere felles tiltak for å halde veksten i bestanden av mårhund i Sverige under kontroll, og på den måten redusere sjansen for at mårhund kjem til Noreg og etablerer seg.

3.8. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønskt nedbygging av våtmarker.

Det blir ikkje rapportert separat på tala for planar møtte med motsegn der omsyn til våtmark er grunngeving. Ein viser til omtale under «Politikk for å nå dei nasjonale måla».

15 Resultatområde 4 Mangfoldige skogar

Over halvparten av våre kjente stadeigne arter, og nær halvparten av alle truga arter lever i skogen. Det store mangfaldet av arter skuldast stor variasjon i livsmiljø. Vi finn skog frå sør til nord og frå kyst til innland, og trekronene danner eit tredimensjonalt rom med levestader for mange ulike arter. Død ved og gamle tre gir livsgrunnlag for mange truga arter. Skogen gir mange økosystemtenester. Den har økonomisk verdi for skogbruksnæringa, betydning som karbonlager, for klimatilpassing, som levestad for arter og for folk sine friluftaktivitetar og rekreasjon. Til saman skal skogen dermed oppfylle fleire, delvis motstridande målsetjingar, og for å ta vare på norsk naturmangfald må skogen forvaltast riktig og desse omsyna balanserast.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 4.1. Mangfaldet av naturtypar i skog skal takast vare på eller gjenoppsettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Talet på truga naturtypar i skog
- Talet på utvalde naturtypar i skog.
- Talet på og areal restaurerte område i skog.
- Talet på dispensasjonar som er gitt for motorferdsel i utmark.

Nasjonalt mål 4.2 Areal brukt til skogbruk skal vere forvalta berekraftig innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i skog som blir påverka negativt av skogbruk.
- Del av samla produktivt skogareal som er nøkkelbiotop/avsett til ikkje-hogst.

Nasjonalt mål 4.3 Eit representativt utval av naturtypane i skog skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verna skogsområde skal oppretthaldast eller gjenoppsettast.

Indikatorar:

- Totalt verna skogareal og del av produktiv skog som er verna fordelt på naturtypar i skog.
- Talet på og del av verneområda i skog der verneverdiane er truga.
- Talet på verneområde med forvaltningsplan.

Nasjonalt mål 4.4 Tapet av truga arter i skog skal vere stansa, og tilstanden til arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i skog.
- Talet på prioriterte arter i skog og bestandsutviklinga for desse.

Nasjonalt mål 4.5 Alle haustbare bestandar av planter og dyr i skog skal vere forvalta økosystembasert og vere hausta berekraftig innan 2020.

Indikatorar:

- Bestandsstatus for arter i skog som blir hausta eller utnytta på annan måte.

Nasjonalt mål 4.6 Det skal årleg vere 65 ynglingar av gaupe, 13 ynglingar av bjørn, 3 ynglingar av ulv og 850–1200 hekkande par av kongeørn.

Indikatorar:

- Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, bjørn og ulv.
- Talet på hekkande par av kongeørn.

Nasjonalt mål 4.7 Vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet i skog av framande organismar skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på skadelege framande organismar i skog og utbreiinga deira.

Tilstand

Skog dekkjer om lag 130 000 kvadratkilometer, tilsvarende om lag 34 pst. av fastlands-Noreg. Produktiv skog, som er definert som skog som årleg kan produsere minst ein kubikkmeter tømmer pr. hektar, utgjer om lag 83 500 kvadratkilometer. Grunna ulikt klima varierer skoggrensa mot fjellet i ulike delar av landet, frå havnivå i Finnmark til 1200 meter over havet i innlandsstrøk i Sør-Noreg. Skoglandskapa i Noreg er mindre oppstykkka av jordbruk og busetnad enn i mange andre europeiske land. Eigedomsstrukturen i Noreg er slik at det er mange som eig relativt små skogareal.

Skog er, forutan fjell, den hovudnaturtypen vi har mest av i Noreg. Hovudtypar av skog er barskog og lauvskog, men desse skogtypane opptrer ofte i blanding. Barskogen er dominert av gran og furu. Furu likar seg på tørr og næringsfattig jord, mens gran trivst best på djup jord med god tilgang på vatn. Den vanlegaste typen av lauvskog er nordleg (boreal) lauvskog med blant anna osp, bjørk, rogn, selje og gråor, og finst ofte i blanding med barskogar. Edellauvskog har varmekjære tre som eik, ask, hassel, svartor, lind og bøk, som veks særleg i sørlege og vestlege delar av landet nær kysten. Fjellbjørkeskogen dannar ofte eit belte mellom barskogen og snaufjellet.

Trea gir ein spesielt stor variasjon i strukturar, levestader og miljø med rom for fleire arter enn naturtypar som ikkje har tresjikt. Tre kroner, stammer og greiner har sine unike samfunn av arter. Når tre døyr blir det skapt nye livsmiljø, og eit stort tal arter deltek i nedbrytinga av ståande og liggjande tre. Dette er ein viktig grunn til at heile 60 pst. av artene som er kjende i Fastlands-Noreg er knytte til skog.

Dei mest artsrike gruppene av arter i skog er insekt og edderkoppar, sopp, lav og mosar. Velkjende dyregrupper som fugl og pattedyr utgjer mindre enn 1 pst. av alle artene i skog. Eit stort tal sopparter gjer næringa i dødt plantevev tilgjengeleg for andre arter ved å bryte ned cellulose og lignin. Det er enorme mengder sopp i skog, men det aller meste ligg skjult som eit nettverk av «trådar» (hyfar) under bakken og inne i ved og andre plantedelar. Det er først når det blir danna fruktlegkam, hattsopp på bakken og kjuker på død ved, at vi legg merke til dei.

Norske skogar har eit stort mangfald av lav og mosar takka vere den kystnære plasseringa med rikeleg nedbør. Mosar og lav dominerer på flater utan jord slik som stein, berg og trestammar der dei slepp å konkurrere med karplanter om plas-

sen. Av karplanter i barskog dominerer ofte ulike lyng- og bærlyngvekstar som røsslyng, blåbær og tyttebær vegetasjonen på bakken. I lauvskogane er blåveis, kvitveis, gaukesyre, og grasarter som skogsvingel vanlege arter. Av vanlege pattedyr i skog er rådyr, mus, ekorn, rev og elg dei som er lettast å få oppleve. Fjellnære skogsområde er viktige leveområde for mange arter som også lever i fjellet. Ein av desse er kongeørna. Av dei store rovdyra er gaupe, bjørn og ulv i hovudsak knytte til skogen.

Naturindeksen for Noreg for 2012 gir tilstanden for naturmangfaldet i skog ein indeks på 0,40. Tilstanden i skog er dårlegast i Midt-Noreg og Hedmark. Om lag 1840 truga arter, eller 50 pst. av dei truga artene, er knytte til skog. Døme på truga arter i skog er orkideen raud skogfrue, lavarten huldrestry, ei rekkje arter av sopp og mose og ei rekkje insektarter i gruppa tovingar. Raud skogfrue er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Døme på truga pattedyr som lever i skog er brunbjørn, gaupe, ulv og flaggermusartene breiøyre og børsteflaggermus. Der den truga hubroen finst i innlandet, hekkar den som oftast i skogsterreng. Vi finn 19 naturtypar i skog på Norsk rødliste for naturtypar 2011. Døme på truga naturtypar er kystgranskog, temperert kystfuruskog, olivinskog og kalklindeskog. Kalklindeskog er vedteken som utvalt naturtype etter naturmangfaldlova.

Om lag 2,7 pst. av den produktive skogen er verna etter naturmangfaldlova. Dette gjeld strengt vern i naturreservat eller i nasjonalparker der skogbruk ikkje er tillate.

Påverknader

Det er bestandsskogbruket med hogstflater, plantefelt og skogsvegar som i stor grad formar skoglandskapet i dag. Bestandsskogbruket inneber at bartre blir hogde ved ein alder på ca. 80 år, mens den økologiske alderen er opptil 500 år for gran og 7-800 år for furu. Nokre stader i høgare liggjande skogstrøk ligg store areal med hytter og alpinanlegg, mens spora frå tidlegare seterdrift i overgangen mellom skog og fjell mange stader er utviska. I låglandet kring byar og tettstader har skogen nokre stader måtta vike for ny busetnad og industri. Men samla sett er ikkje skogen på vikande front. Dei siste tiåra har til dømes det totale tømmervolumet auka mykje, mellom anna som følgje av storstilt treplanting og skogskjøtsel sidan 1950-talet.

Skogbruk er i Norsk rødliste for arter 2010 oppført som negativ faktor for meir enn 1400 av

dei truga artene som er knytte til skog. Det er særleg hogst som er ein negativ faktor for mange arter, men òg treslagsskifte og skogsvegar påverkar eit betydeleg tal arter negativt. Når tre blir hogde og transporterte ut av skogen blir strukturen og samansetninga av skogen endra. Ved flatehogst er endringane spesielt store i og med at nesten alle trea blir fjerna, og fordi skogen som blir hoggen gjerne blir etterfølgt av eit relativt einsaldr og einsarta plantefelt. Få tre blir ståande til dei blir fleire hundre år gamle, og mengda av død ved blir i eit skogbruksareal vesentleg redusert samanlikna med naturskogar. Ein stor del av dei truga artene i skog er knytte til død ved. Desse artene er i stor grad avhengige av spesielle kvalitetar av død ved, som til dømes av grove dimensjonar og ulike nedbrytingsstadium. Ein annan effekt av hogst og planting er at dei lokale klimatilhøva endrar seg. Først blir det skapt lysopne, varme og tørre hogstflater som seinare blir til mørke, kjølege og fuktige plantefelt.

Det er over lang tid nytta eit stort tal framande treslag i skogbruket, også utanlandske treslag som høyrer heime på andre kontinent. Det er dokumentert at desse utplanta framande treslaga spreier seg i stor grad i norsk natur, noko som mellom anna er ein trussel mot verneverdiane i fleire verneområde.

Arealinngrep så som bygging av skogsvegar kan vere problematisk for fleire typar av miljøverdiar, til dømes for å kunne ta vare på inngrepsfrie naturområde. Nye skogsvegar er ei av hovudårsakane til reduksjonen av inngrepsfrie naturområde (INON) i Noreg.

Dei gamle haustingsskogane er døme på ei gamal driftsform som har gitt auka naturmangfald. Dei er særleg rike på mosar, sopp og lav fordi trea blir så gamle grunna styvinga og lauinga. I dag finst denne driftsforma berre nokre få stader i Sør-Noreg.

Sidan 1990-talet er det sett inn tiltak i skogbruket for å redusere dei negative effektane av hogst og planting ved å unngå hogst på areal som ein trur er særleg viktige for mange raudlista arter. Statistikk frå landsskogstakseringa viser aukande volum av tre i alle dimensjonar og aldersklassar, og målingar visar at mengda av død ved aukar. Mengda gamle tre og død ved er likevel framleis låg samanlikna med i urørt skog. Vi har dei siste 50 åra hatt ein stor nedgang i husdyrbeiting i skog, og ein kraftig auke i beiting av hjortedyr. Det totale uttaket av biomasse som følgje av beiting har dermed ikkje endra seg mykje, men endringa frå husdyr til hjortedyr har ført til eit skifte frå grasetarar til lauv- og kvistetatar. Auken i

bestandane av hjortedyr fører til auka press på lauvtreforynginga, og viktige treslag for mange raudlista arter som osp, rogn og selje, får dårlegare kår. I nokre område med produktiv skog kan auka beiting føre til skadar på ungsbogen med redusert virkeproduksjon som resultat.

Klimaendringar i form av auka temperatur og meir nedbør vil naturleg nok påverke samansetninga av arter i skoglandskapa. Eit døme er dei nordlege bjørkeskogane som ikkje er spesielt artsrike, men som representerer ein særegen skogstype for Norden. Bjørkeskogen vert normalt angripen av målarlarver med om lag ti års mellomrom. Kraftige angrep fører til at skogen døyr, og blir fornya over store areal. Klimaendringar kan føre til endringar i frekvens og lokalisering av desse insektangrepa, med konsekvensar òg for andre arter som lever i dei nordlege bjørkeskogane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Dei fleste skogområda inngår i areal avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål og til reindrift. Arealpolitikk og kommunal, regional og statleg samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre berekraftig forvaltning av verdifulle skoglandskap. Sjå også verkemiddelområdet regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

For område og arter som ikkje er verna etter naturmangfaldlova kan planar etter plan- og bygningslova sikre ønskt forvaltning gjennom bruk av arealmål og omsynssone med tilhøyrande føresegner. Lova kan nyttast direkte, til dømes ved at viktige skogsområde blir definerte som verneområde i arealplanar. Like viktig er det å sjå til at omsynet til skoglandskapa og naturmangfaldet vert teke vare på gjennom heilskapen i planlegginga, der ein søkjer å kombinere berekraftig bruk med vern av dei spesielle verdiane i eit område.

Auka skogvern

Ei evaluering frå 2010 av gjennomført vern (NINA rapport 535) konkluderer mellom anna med at det er underdekning av verna areal for produktiv skog.

Vern av skog er eit viktig tiltak i klimasammenheng, og styrkt skogvern er eit klimatiltak i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Arbeidet med skogvern skjer i hovudsak ved frivillig skogvern på privat grunn, og ved vern av skog eigd av

Statskog SF og av Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar).

Med den føreslåtte auken i skogvernøyvinga frå 231 mill. kroner i 2013 til 331 mill. kr. i 2014 vil ein kunne forsere både arbeidet med frivillig skogvern og arbeidet med vern av statsgrunn inkludert kjøp av areal for vern og makeskifte. Køen av frivillig verna område der det er inngått avtaler vil vere avvikla ved at dei attverande områda blir verna i 2014, og ein vil kunne inngå nye avtaler om frivillig vern for mange nye område allereie hausten 2013. Framdrifta er ikkje som føresett i arbeidet med vern av skog på statsgrunn som involverer allmenningsstyre og fjellstyre, og Miljødirektoratet vil bli bedt om å foreslå korleis framdrifta i dette arbeidet kan betrast.

Det vil bli utarbeidd ein plan for vidare opptrapping av løyvingane til frivillig skogvern mot år 2017. Regjeringa legg, i tråd med veksten i skogvernbudsjettet i 2012–2014, opp til å auke løyvingane med 100 mill. kroner i året fram mot 2017. Miljødirektoratet vil bli bede om å utarbeide ein strategi og framdriftsplan for korleis ei slik opptrapping av skogvernet bør gjennomførast i praksis.

For 2014 er det følgjande hovudelement i skogvernarbeidet:

- Føre vidare vern av skog basert på faglege tilrådingar frå NINA rapport 53/2002 og NINA rapport 535/2010.
- Frivillig skogvern på privat grunn: Føre vidare arbeidet med vern av område med hovudfokus på område som har vore lenge i prosess, og inngå nye avtaler for område med viktige verneverdiar.
- Vern av skog eigd av Statskog SF og Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar): Halde fram med verneprosessar som er i gang og starte opp nye verneprosessar. Følgje opp Statsskogs sal av eigedommar ved å bruke forkjøpsretten på areal som er viktige for vern eller makeskifte. Betre framdrifta i arbeidet med vern av skog på statsgrunn som involverer allmenningsstyre og fjellstyre.

Osломarka er næraste turområde for om lag 1,2 millionar menneske. I markalova er det ein eigen heimel for vern av friluftslivsområde som på grunn av sin verdi for naturoppleving har særskilde kvalitetar for friluftslivet. I 2011 vart det gjennomført kartlegging av slike område i Osломarka, og våren 2012 er det meldt oppstart etter markalova for verneprosess for 28 område. For mange av områda er det opna for frivillig vern etter naturmangfaldlova, og den føreslåtte auken i

skogvernbudsjettet gjer det mogeleg å inngå avtaler om frivillig vern også for slike områder hausten 2013 eller tidleg i 2014.

Sikring av naturverdiane i verneområda

Skogreservat er oftast relativt lite skjøtselkrevjande, og i mange tilfelle er det fri utvikling av skogen som gir best verdi for naturmangfaldet. For ein del område er det likevel behov for tiltak, til dømes fjerning av framande treslag. Dette er mellom anna utanlandske treslag som sitkagran, som tidlegare er planta ut i skogbruket og som no spreier seg i stor grad både innanfor og utanfor verneområde. Det blir prioritert å fjerne slike treslag før skadane på stadeigne arter og naturtypar i verneområda blir uopprettelege, og før spreinga kjem ut av kontroll.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga eller verdifulle arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2014. I dette arbeidet vil òg arter og naturtypar som er knytte til skog bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte (raud skogfrue og eremitt) og dei naturtypane som er blitt utvalde (kalklindeskog), inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Berekraftig skogbruk

Berekraftig skogbruk inneber at skogen blir driven slik at blant anna naturleg førekommande arter blir tekne vare på. Om lag halvparten av dei truga artene i Noreg lever i skog, og skogbruk er rekna for å vere ein negativ påverknad for om lag 1400 av desse artene. I dei seinare åra er det sett inn tiltak i skogbruket for å redusere negative effektar ved å unngå eller tilpasse hogst på areal som er særleg viktige for raudlista arter. Det aller meste av den produktive skogen blir forvalta etter skogforvaltningsstandarden Norsk PEFC Skogstandard. Det er gjort ein gjennomgang av alle sertifiserte skogeigedommar for å sikre at det ikkje er hogd i dei livsmiljøa som skal vere sett til side. Om ein finn at hogst har redusert verdier i slike nøkkelbiotopar og livsmiljø skal det finnast erstatningsareal, og det blir sett i verk overvåkings- og kontrollopplegg for å hindre at slikt

skjer framover. Det blir arbeidd vidare med å utvikle eit berekraftig skogbruk, blant anna med å sikre at hogst ikkje skjer i område som har viktige verneverdiar etter naturmangfaldlova. Som klimatililtak vil Regjeringa betre insentiva til uttak av råstoff frå skogen til bioenergi med særleg vekt på hogstavfall slik at blant anna tiltak med kort tilbakebetalingstid for CO₂ blir prioriterte. Det skal òg utviklast miljøkriterium for klimatililtak som planting på nye areal og gjødsling. For uttak av trevirke til produksjon av bioenergi er det viktig å sikre gode miljøkriterium. Som det går fram av Regjeringas bioenergiestrategi inneber dette mellom anna at ein skal sikre at hogst ikkje øydelegg skogsområde med nasjonalt viktige verneverdiar eller påverkar truga arter negativt.

Bevaring av økosystemtenestene i skogen

Med klimaendringane er det venta at vekstsesongen blir lengre, noko som vil føre til auka vekst i norske skogar, fleire varmekjære arter over eit større areal og endring i kva slag treslag som er dominerande i eit område. Eit eventuelt tørrare sommarklima kan auke faren for skogbrann, spesielt på Austlandet. Det kan òg bli meir skogskadar, sommartørke, stormfelling og auke i soppjukdommar og barkebilleangrep.

Blandingsskogar med stort genetisk mangfald, og eit stort mangfald av arter, naturtypar og levestader, gir meir robuste skogøkosystem som er i stand til å stå i mot tørke og storm.

Framover blir det viktig å ta meir omsyn til endra nedbørsmønster ved hogst og vegbygging for å unngå auka avrenning, flaum og skred. Skogen sine mange ulike økosystemtenester må sikrast ved god forvaltning. Planting av stadeigne og blanda treslag er døme på eit tiltak som kan motverke større stormskadar.

Det er eit delmål at inngrepsfrie naturområde som er igjen skal takast vare på, og at rehabilitering av område med «gamle» inngrep skal gjennomførast der det er mogleg. Bygging av skogsbilveggar er, ved sida av energiutbygging, hovudårsak til bortfall av inngrepsfrie naturområde i Noreg. Skogsvegbygging og påfølgjande hogst av gammal skog som ofte har stått urørt over lang tid, kan òg ha negative effektar for eit stort tal truga arter som lever i slik gammal skog. I St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* går det blant anna fram at Regjeringa vil endre regelverket for bygging av skogsveggar slik at omsynet til inngrepsfrie naturområde blir teke hand om, og sikre at planlegging og saksbehandling ved bygging av skogsveggar tek

vare på viktige område for naturmangfald og område med nasjonalt viktige verneverdiar, og leggje vekt på å vere open og sikre medverknad i saksbehandlinga. Denne varsla revisjonen av Landbruks- og matdepartementet sitt regelverk er også omtalt blant anna i Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*.

Rovviltforvaltning

Bernkonvensjonen, naturmangfaldlova og rovviltforliket frå 2011 legg grunnlaget for rovviltforvaltninga. Sidan den første stortingsmeldinga om rovvilt i 1991–1992 har forvaltninga vore basert på ei todelt målsetjing om å ta vare på beitenæring og rovvilt. Hovudverkemiddelet for å få til dette er ei arealdifferensiert forvaltning der ulike geografiske område blir prioriterte til høvesvis beitedyr og rovvilt. I rovviltforliket frå 2011 blir den todelte målsetjinga ført vidare. Det er rovviltnemndene i dei ulike forvaltningsregionane som gjennom sine forvaltningsplanar har ansvaret for den geografiske differensieringa regionalt. Unntaket er for ulv, der Stortinget har avgrensa forvaltningsområdet for ynglande ulv. Bestandsmåla skal nåast i prioriterte rovviltområde. I tråd med rovviltforliket frå 2011 vil arbeidet med å halde bestandane av bjørn, ulv og gaupe så nær bestandsmålet som mogleg bli ført vidare. Lisensfelling av ulv og bjørn, og kvotejakt for gaupe, er dei viktigaste verkemiddele i reguleringa av bestandane.

Oppfølging av rovviltforliket - sakshandsamingsfristar

Miljøverndepartementet viser til Representantforslag 163 S (rovviltforliket) punkt 2.1.4 der det går fram at for søknader og klager knytt til lisensfelling, kvotejakt og skadefelling utanfor beitesesongen skal forvaltninga så langt det er mogleg gjennomføre ei så rask handsaming at saka ikkje mister aktualitet.

Det må tilstrevast at kvoter for lisensfelling og jakt vert fastsette i så god tid at eventuelle klager kan handsamast før saka mister sin aktualitet. For klager gjeld forvaltningslova sine reglar om klagefrist på 3 veker og at vedtaksorganet skal forberede klagesaka. I klagesaker som gjeld vedtak fatta av rovviltnemndene skal Miljødirektoratet ha tid til å gje ei fagleg tilråding før Miljøverndepartementet startar si klagebehandling. På denne bakgrunnen vil Miljøverndepartementet fastsette reglar for handsaming av saker om lisensfellingskvoter for jerv og ulv og kvoter for jakt på gaupe. Fordi lisensfellingsperioden for bjørn star-

tar i august, og det er behov for å få oversikt over taps- og skadesituasjonen før lisensfellingskvote vert fastsett, gjeld ikkje saksbehandlingsfristane for fastsetting av lisensfellingskvoter for bjørn.

Vidare viser departementet til punkt 2.1.5 i rovviltforliket der Stortinget ber regjeringa pålegge miljøforvaltninga å utarbeide konkrete sakshandsamingsfristar for svar på førespurnader og klager knytt til skadefelling.

Ved fastsettinga av fristar for svar på søknader og klager knytt til skadefelling må det takast omsyn til at fristane må vere reelle og etterlevbare, samtidig som omsynet til forsvarleg sakshandsaming vert ivareteke. På denne bakgrunn vil Miljøverndepartementet fastsette ein instruks som gjeld fristar for handsaming av førespurnader i form av søknader og klager. Svar på søknader om skadefelling vert i dag gjeve raskt. Forslaget til instruks gjev ei maksimal sakshandsamingstid for svar på søknader om skadefelling på tre verke-dagar, men det skal framleis etterstrevast ei så rask sakshandsaming av desse sakene som mogeleg.

Tidsfristar for sakshandsaming knytt til kvotefastsetting for lisensfelling av ulv og jerv og kvotejakt på gaupe

1. Klager som gjeld kvoter for lisensfelling av ulv og jerv og kvoter for jakt på gaupe skal over-sendast departementet så snart dei er ferdig handsama av fyrsteinstansen, og seinast tre veker før vedteke lisensfellings- eller kvotejakt-start. Dette vil innebere at det må fattast vedtak om kvoter i så god tid at nemndene og Miljødi- rektoratet rekk å handsama eventuelle klager som fyrsteinstans etter klagefristen.

Tidsfristar for sakshandsaming av søknader og klager knytt til skadefelling

1. Skriftlege søknader om skadefelling, som inne- held tilstrekkelege opplysningar for at forval- tinga kan fatte ei avgjerd, skal svarast på så raskt som mogeleg, og seinast innan tre verke- dagar frå den dagen søknaden er registrert i arkivsystemet til forvaltingsmyndigheita. Der- som søker samtykker kan saksbehandlingsfris- ten på tre dagar fråvikast.
2. Fyrsteinstansen skal behandle eventuelle kla- ger som gjeld skadefelling så raskt som moge- leg, og seinast innan to veker etter klagefris- tens utløp.
3. Klageinstansen skal avgjere klager som gjeld skadefelling så raskt som mogeleg, og seinast

innan tre veker etter at den har fått oversendt den handsama klagen frå fyrsteinstansen.

4. Sakshandsamingsfristane skal ikkje gjelde for handsaming av søknad eller klage når:
 - a. det på søknadstidspunktet ikkje er husdyr på beite eller tamrein på beite i det aktuelle området det vert søkt om uttak i.
 - b. det vert søkt om uttak av bjørn og bjørnen framleis ligg i hi.
 - c. det vert søkt om hiuttak av jerv, og forval- tinga må lokalisere/registrere jervehi før søknaden kan avgjerast.
 - d. det er behov for DNA-analyse for å avklare om skadefellingsøknad om ulv gjeld eit genetisk verdifullt individ.

Miljøverndepartementet legg opp til å fastsette desse sakshandsamingsfristane frå 1. januar 2014. Kvotejakta på gaupe startar 1. februar 2014, og for å ivareta punktet om at klager knytt til kvotejakt ikkje skal miste sin aktualitet, vil departementet gje rovviltneemdene og Miljødirektoratet føringar for handsaminga av desse sakene hausten 2013.

Vurderingar knytt til omfordeling av regionale bestandsmål for rovvilt

Gjennom handsaminga av St.meld. nr. 15 (2003–2004), jf. Innstilling S. nr. 174 (2003–2004), vedtok Stortinget eit særskilt vilkår om at det skal være minimum 3 årlege ynglingar av jerv og 4 årlege ynglingar av gaupe i Finnmark. På bakgrunn av mellom anna kunnskap frå forskning, som viser at gaupa brukar langt større leveområde og dermed er meir arealkrevjande i nord enn i sørlege områ- der, vil Miljøverndepartementet gjere vurderingar knytt til omfordeling av regionale bestandsmål for rovvilt. Ei eventuell omfordeling mellom forvalt- ningsregionar kan innebere ein reduksjon i talet på minimum årlege ynglingar i Finnmark.

Hjorteviltforvaltning

Bestandane av hjort og elg har hatt stor vekst dei siste åra. Økosystembasert og berekraftig hjorte- viltforvaltning føreset god kunnskap om skogøko- systema og god kompetanse hos jegerane og i dei ulike forvaltningsorgana. Midlar frå viltfondet gir grunnlag for å fremje viltforvaltninga, styrkje kunnskapen om viltet, organisere jakt og ettersøk i kommunen og gjennomføre tiltak for å førebyg- gje skadar på landbruksnæring frå hjortevilt. Det er sett i gang eit forskingsprosjekt om korleis bei- ting av hjort påverkar den økologiske dynamik- ken og det biologiske mangfaldet i skog. Ei vidare

utvikling av Hjorteviltportalen har som mål at alle aktører frå jeger til forvaltning skal ha god tilgang til relevante data, oppdatert kunnskap basert på forskning og gode høve til utveksling av kunnskap.

Tiltak mot uønskt spreiring av framande organismar

Eit krav til eit berekraftig skogbruk er at bruken av framande treslag er under kontroll. Det er dokumentert at tidlegare utplanta framande treslag spreier seg i betydeleg grad, deriblant utanlandske treslag som har vore nytta i skogbruket. Det er eit mål at tiltak mot dei mest skadelege, etablerte framande organismane skal vere sette i gang innan 2015. Skogstyresmaktene har eit hovudansvar for å setje i verk tiltak for å få kontroll med spreiringa frå gamle utplantingar, som det også i nokre tilfelle ikkje er lønsamt å avverke. I ein del verneområde er det sett inn tiltak for å fjerne utanlandske treslag, hovudsakeleg sitkagran.

Utplanting av utanlandske treslag er frå 1. juli 2012 regulert i ei ny forskrift under naturmangfaldlova om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål. Forskrifta krev løyve frå ansvarleg styresmakt (Fylkesmannen) til utsetjing av utanlandske treslag og gir derfor betre kontroll med nye utplantingar av utanlandske treslag. Formålet med forskrifta er å hindre at utsetjing av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet. Det er òg forbode å setje att tre (livsløpstre) av utanlandske treslag ved hogst. Forskrift om innførsle og utsetjing av framande organismar som er under arbeid, vil gi krav til aktsemd og tiltak for å unngå spreiring av andre framande organismar i skog.

Betring av kunnskapsgrunnlaget

For å kunne fange opp dei mest verdifulle skogareala i høve til naturmangfald er det viktig å betre kunnskapsgrunnlaget, til dømes gjennom kartlegging og dokumentasjon av verneverdige skogareal, slik at ein veit kor dei mest verneverdige områda er og slik at dei kan prioriterast i vernearbeidet og takast omsyn til i kommuneplanarbeidet. Hovudfokus for systematiske kartleggingar av prioriterte skogstypar som grunnlag for skogvernarbeidet vil i 2014 vere på blant anna edellauvskogar og kystfurusskogar.

Ein stor del av dei truga artene og naturtypane i Noreg finst i skog, men naturtypekartlegginga har til no i liten grad vore gjennomført i skog. Det bør derfor gjennomførast fagleg uavhengige naturtypekartleggingar i norske skogareal, slik

som for andre naturtypar. I dette arbeidet vil ein bruke ulike kunnskapskjelder, deriblant primærdata frå Miljøregistreringar i skog (MiS). God kunnskap om skogareala er òg ein føresetnad for at landbruksstyresmaktene skal kunne utvikle eit meir berekraftig skogbruk. Det er viktig å betre kunnskapen om korleis naturmangfaldet blir påverka av eit eventuelt auka hogstnivå og auka uttak av biomasse. Dette er nødvendig kunnskap for vurdere kor store uttak som er berekraftige, og for å vurdere korleis eit eventuelt auka hogstnivå påverkar behovet for skogvern og for utvida miljøomsyn i skogbruket.

Motorferdsle i skog

Motoriserte framkomstmiddel i utmark vil i mange tilfelle vere nyttige og naudsynte. Samtidig fører motorferdsel i naturen til ei rekkje ulemper og skadar, som støy, terrengskadar, forstyrning av dyrelivet og konflikter med friluftslivet. Barmarkskøyring kan føre til omfattande terrengskadar. Skadepotensialet er størst i sårbare område med liten tilvekst, men òg i låglandet kan slik køyring gi store sår i terrenget. Utviklinga i talet på dispensasjonar og i talet på køyretøy gir god grunn til å gi barmarkskøyringa større merksemd framover, jf. kap. 15 resultatområde 5 Storslått fjellandskap, tilstand.

Det er eit mål å regulere motorferdsle i utmark for å ta vare på naturmiljøet, fremje trivselen og sikre stille og ro i naturen.

Regjeringa har i 2013 foreslått enkelte endringar i høvet til fornøyleskøyring med snøskuter, sjå nærare omtale av dette under resultatområde 8 Friluftsliv.

Internasjonalt skogarbeid

EU-forordninga for å hindre import av ulovleg tømmer vart vedteken hausten 2010 og tredde i kraft 3. mars i 2013. Forordninga inneber at den som første gong plasserer tømmer og tømmerprodukt i EUs indre marknad, skal sikre at tømmeret er lovleg hogd i samsvar med lovgivinga i opphavlandet. Forordninga er EØS-relevant, og Regjeringa tek sikte på å fastsetje ei forskrift for å regulere norsk import og eksport av tømmer og tømmerprodukt i samsvar med EU-regelverket i løpet av 2013. Importørar og eksportørar er informerte om regelverket.

Noreg deltek i ein internasjonal forhandlingskomité for ei legalt bindande avtale om berekraftig skogbruk i Europa. Ei slik avtale har intensjon om å få til forpliktingar på tvers av deltakarlanda

om å gjennomføre ein berekraftig skogbrukspolitikk som balanserer omsynet til miljø, næring og sosiale forhold. Avtala skal etter planen forhandlast ferdig i 2013, og etter dette skal det vere ein prosess for å vedta avtala.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

4.1. Utryddinga av truga arter i skog skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i skog.
- Talet på truga arter som er negativt påverka av skogbruk.

Omlag 50 pst. av dei truga artene på Norsk raudliste for arter 2010 er knytte til skog. 1406 av dei truga og nær truga artene i skog er vurderte å vere negativt påverka av skogbruk.

4.2. Mangfaldet av naturtypar i skog skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Utvikling i areal av rehabiliterte INON-område.
- Tal og areal restaurerte skogområde.
- Talet på dispensasjonar som er gitt for motorferdsel i utmark, og utvikling i talet på dispensasjonar.

Over 1000 kvadratkilometer inngrepsfri natur (område 1 km eller meir unna tyngre tekniske inngrep) gjekk tapt i perioden 2003–2008. Dette er ein auke på om lag 30 pst. i høve til førre periode. Energisektoren stod for om lag 40 pst. av bortfallet, medan landbrukssektoren, i all hovudsak skogsbilvegar, stod for om lag 30 pst. av dette bortfallet.

Oppdateringa av status for inngrepsfri natur er planlagt ferdig i desember 2013. Miljødirektoratet arbeider samstundes med vidare utvikling av tekniske løysingar knytte til oppdatering og korleksjonar som skal rasjonalisere og forenkle INON-kartlegginga. Det er allereie publisert ei kartløyning der brukarane kan melde inn feil og berekne tap av inngrepsfri natur ved planlagde inngrep. Statens Kartverk arbeider med «traktor-

vegdatabase» som eit vesentleg innslag i den vidare utviklinga av INON-systemet. Vi har nokre få døme på tilbakeføring av område med inngrep til inngrepsfrie naturområde, mellom anna knytt til omlegging av større kraftlinjer. Omfanget av slike endringar, og endringar i skogsområda vil gå fram av oppdateringa av INON i 2013.

Det er spesielt dei kulturelterte skogane som treng restaurering. Døme på tiltak er å tynne ut tresjikt, syte for aldersfordeling slik at nye tre blir rekrutterte og avgrense busksjikt. Hasseltangen landskapsvernområde i Aust-Agder og Jomfruland landskapsvernområde i Telemark er døme på område der det nyleg er gjennomført slikt restaureringsarbeid.

Vi har i dag berre oversikt over det totale talet på dispensasjonar for motorferdsel som er gitt for all utmark, ikkje fordelt på skog og fjell. Talet på dispensasjonar og utviklinga i tal på dispensasjonar som er gitt til motorferdsel i utmark er omtalt under resultatområde 5 Storslått fjellandskap.

4.3. Alle bestandar som blir hausta av planter og dyr i skog skal vere forvalta økosystembasert og haustast berekraftig slik at artene opptrer i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.

Indikator:

- Bestandsstatus for arter som blir hausta eller utnytta på annan måte.

For dei skogslevande artene av vilt som blir hausta blir det kvart femte år gjennomført ein revisjon av forskrift om arter som det kan jaktast på og deira jakttider. Ingen aktuelle arter hadde behov for å bli tekne ut av forskrifta, eller få kortare jakttid som følge av negativ bestandsutvikling ved siste revisjon i 2011. I 2012 vart dei gjeldande føresegnene om forvaltninga av hjortevilt reviderte, og det vart i endå større grad gitt ansvar til kommunane om å ta omsyn til bestandar i kommunen, og samstundes avvege omsynet til andre samfunnsområde, slik som trafikkproblem, skade på skog m.v.

4.4. Areal brukt til skogbruk skal vere forvalta berekraftig innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i skog som har skogbruk som negativ påverknad.
- Del av samla produktivt skogareal som er nøkkelbiotop/MiS-figur avsett til ikkjehogst.

Omlag 50 pst. av dei truga artene på Norsk rødliste for arter 2010 er knytte til skog. 1406 av dei truga og nær truga artene i skog er vurderte å vere negativt påverka av skogbruk. Hogst er den enkeltaktiviteten som påverkar klart flest av desse artene negativt.

I Norsk rødliste for naturtypar 2011 er seks naturtypar i skog vurderte som truga.

I følgje Norsk institutt for skog og landskap (Rapport 02/2012) utgjer nøkkelbiotopar/MiS-figurar 1,3 pst. av totalt produktivt skogareal.

4.5. Det skal årleg vere 65 ynglingar av gaupe, 13 ynglingar av bjørn, 3 ynglingar av ulv og 850–1200 hekkande par av kongeørn.

Indikatorar:

- Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, bjørn og ulv.
- Talet på hekkingar av kongeørn.

I 2013 vart det registrert 59 familiegrupper av gaupe på landsbasis før kvotejakta og før reproduksjonssesongen. Bestandsmålet på 65 årlege ynglingar vart derfor ikkje nådd i 2013. Talet på familiegrupper i 2013 svarer til ein bestand på 320–349 gauper i Noreg. 2013 var fjerde året på rad der det vart registrert ein nedgang i talet på familiegrupper av gaupe i Noreg. I 2011 vart det utvikla ein modell for å kunne gi prognosar for bestandsutviklinga kommande år. Dette verktøyet vil truleg gjere det lettare for dei regionale rovviltneimndene å setje riktige kvotar for hausting i framtida. I 2012 vart det arbeidd for at bestandsovervakinga av gaupe skulle bli samordna med svenske naturstyresmakter, og i løpet av 2013 vil ein felles metodikk for overvaking av gaupe i Sverige og Noreg vere på plass.

Ved bruk av DNA frå prøver som er samla inn av mellom anna lokale elgjegerar og Statens naturoppsyn, kunne ein i 2012 identifisere 137 ulike individ av brunbjørn i Noreg. Av desse var talet på hannar 86, og talet på binner 51. I tråd med rovviltforliket frå 2011 vart det våren 2012 sett i verk uttak av nokre individ av bjørn i område som tidlegare år har hatt særleg store rovviltskadar på sau. Effekten av dette tiltaket var at skade på sau valda av bjørn gjekk ned frå 2011 til 2012. Det er estimert at 6 binner fekk ungar i 2012, og bestandsmålet om 13 årlege ynglingar er derfor ikkje nådd. I 2013 vert det arbeidd for at bestandsovervakinga av bjørn skal bli samordna med svenske naturstyresmakter.

Det nasjonale bestandsmålet for ulv på tre ynglingar vart nådd i 2011. Siste rapport viser at det også i 2012 var tre ynglingar av ulv i Noreg, alle innanfor forvaltningsområdet for ynglande ulv. Det er berekna at om lag 30 ulvar hadde tilhald i Noreg og at om lag 50 ulv hadde tilhald i grenseområda mellom Sverige og Noreg vinteren 2012/2013. I 2013 vert det arbeidd for at bestandsovervakinga av ulv skal bli meir samordna med svenske naturstyresmakter. Det er utarbeidd ein felles strategi for korleis kvart land skal ta vare på dei individa som er særleg verdifulle for den genetiske utviklinga i ulvebestanden.

Kongeørna er vanleg i heile Noreg. Ny kartlegging viser førekomst av reir av kongeørn i ein del område der det tidlegare ikkje har vore kjent førekomst av kongeørn, samstundes som kongeørn no manglar i andre område der arten tidlegare var registrert. Det er sett i gang arbeid for å samle inn og setje saman eldre data om hekkingar av kongeørn, og status for arta i dei ulike territoria. Det er òg sett i gang eit nasjonalt overvakingprogram for kongeørn der utvalde lokalitetar får ei intensiv oppfølging.

4.6. Dei mest truga naturtypane i skog skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i skog.
- Talet på utvalde naturtypar i skog.

I følgje Norsk rødliste for naturtypar 2011 er det 6 naturtypar i skog som er kategoriserte som truga. Desse er kalklindeskog, kalkrik bøkeskog, lågurt kalkgranskog, kystgranskog, olivinskog og temperert kystfurusog.

Det er vedteke to utvalde naturtypar i skog etter naturmangfaldlova, desse er hole eiker og kalklindeskog.

4.7. Dei mest truga artene i skog skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter i skog.

Dei første åtte prioriterte artene etter naturmangfaldlova er fugleartene dverggås og svarthalespove, insektartene elvesandjeger, eremitt og klippeblåvenge og planteartene dragehovud, honningblom og raud skogfrue. Av desse lever eremitt og raud skogfrue i skog. Fleire arter knytte til skog er aktuelle som prioriterte arter og under vurdering.

4.8. Eit representativt utval av naturtypene i skog skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Verna skog – areal produktiv skog og del av produktiv skog nasjonalt (inkl. årleg endring).

Pr. april 2013 er om lag 2,7 pst. av den produktive skogen verna som naturreservat eller nasjonalpark. Dette utgjer eit areal på ca. 2200 km².

Skog verna etter naturmangfaldlova omfattar i stor grad skog på låg bonitet, jf. tal frå landskogtakseringa. Middels bonitetar er representerte, mens område med høg bonitet utgjer i overkant av 1 pst. av det produktive skogarealet i verneområda. Totalt består om lag 50 pst. av dei verna skogområda av lauvskog på låg bonitet. I naturreservata finn vi ei overvekt av furuskog. Her finn vi 30 pst. furuskog og 20 pst. lauvskog, begge av låg bonitet. Granskog og skog der gran er det viktigaste treslaget dominerer på middels og høg bonitet, både i nasjonalparker og naturreservat.

4.9. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast

Indikator:

- Talet på og del av verneområde i skog der verneverdiane er truga.

Kartlegginga som Direktoratet for naturforvaltning gjennomførte i 2008–2010 viste at verneverdiane var truga i 35-40 pst. av verneområda.

4.10. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Areal, totalt og årleg endring, med utplanta framande treslag og utanlandske treslag brukt til skogbruksformål.

- Areal med spreining av framande treslag og utanlandske treslag brukt til skogbruksformål
- Talet på nedkjempingar/utryddingstiltak fordelt pr. art nasjonalt, regionalt og lokalt.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det i 2011 vart gitt stønad frå skogfond til utplanting av 2992 daa med utanlandske treslag. Dette er ein auke på 62 pst. samanlikna med tal frå 2010. Forskrift om utsetjing av utanlandske treslag tredde i kraft i juli 2012, og ein må no søkje om løyve til å plante ut slike treslag som til dømes sitkagran, europalerk, buskfuru, weymouthfuru og vestamerikansk hemlokk. Av dei 1170 reproduserande framande artene i Noreg som vart risikovurderte i den nye svartelista for framande arter frå juni 2012, er 321 arter oppgitt med skog som hovudhabitat. 108 av desse er på svartelista. .

Ein del av tiltaka mot framande organismar i skog skjer i verneområda. I regi av Statens naturoppsyn blir det årleg gjennomført skjøtselstiltak mot framande organismar, blant anna platanlønn, sitkagran, bergfuru, buskfuru, rynkerose, kjempespringfrø og fleire andre forvilla hageplanter. Gran blir òg fjerna i verneområde der den ikkje naturleg høyrer heime og trugar verneformålet. Det er gjennomført jakttid heile året på mink, mårhund, bisamrotte og villsvin.

Det er førebels ikkje utvikla eigne nasjonale handlingsplanar mot framande arter som hovudsakeleg er knytte til skog.

4.11. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

Sjå resultatområde 6. Det er ikkje påvist genmodifiserte organismar (GMO) i skog.

16 Resultatområde 5 Storslått fjellandskap

Noreg har unik natur- og kulturhistorie i fjellområda. For mange er noko av det viktigaste ved fjellet at ein kan oppleve stille og ro i tilnærma urørt natur og villmark, og sjå planter og dyr som er sjeldne eller ikkje finst i andre land i Europa. Gamal seterkultur, husdyr og blomstrande setervollar er òg viktige kjenneteikn ved norske fjellområde. I tillegg til fjordlandskapet, er det fjellet mange turistar kjem til Noreg for å oppleve.

Planter og dyr i fjellet er tilpassa ekstreme miljøtilhøve, og det skal lite til for å forstyrre den fine likevekta som er utvikla gjennom fleire tusen år. Dei krevjande miljøtilhøva har ført til at naturtypar i fjellet har få arter samanlikna med mange naturtypar i låglandet, men det er som oftast mange individ innanfor kvar art.

Fjellområda har vore utnytta av menneske i fleire tusen år, og mange fjellområde er svært rike på kulturminne. Støling, jakt, fangst og fiske og andre haustingsaktivitetar er dei viktigaste formene for tradisjonell bruk. Reiselivsnæringa sin bruk av natur- og kulturminneverdiar i fjellområda, den landbruksbaserte turismen og nordmenn si aukande interesse for friluftsliv og opplevingar i fjellheimen gir i dag den største verdiskapinga i mange fjellbygder og utmarkskommunar. Å finne balansen mellom bruk og vern er ei viktig utfordring.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 5.1. Mangfaldet av naturtypar i fjellet skal takast vare på eller gjenopprettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Talet på truga naturtypar i fjellet.
- Talet på utvalde naturtypar i fjellet.

- Talet på dispensasjonar som er gitt for motorferdsel i utmark.

Nasjonalt mål 5.2. Eit representativt utval av naturtypar i fjellet skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verna fjellområde skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

Indikatorar:

- Totalt areal og del av verna areal fordelt på naturtypar i fjellet.
- Talet på og del av verneområde i fjellet der verneverdiane er truga.
- Talet på verneområde med forvaltningsplan.

Nasjonalt mål 5.3. Tapet av truga arter i fjellet skal vere stansa, og tilstanden til arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter i fjellet.
- Talet på prioriterte arter i fjellet, og bestandsutviklinga for desse.

Nasjonalt mål 5.4. Alle bestandar som kan haustast av planter og dyr i fjellet skal forvaltaast økosystembasert og vere hausta berekraftig innan 2020.

Indikatorar:

- Bestandsstatus for arter i fjellet som blir hausta eller utnytta på annan måte.

Nasjonalt mål 5.5. Villreinen skal opptre i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde i Sør-Noreg.

Indikatorar:

- Areal som inngår i nasjonale villreinområde og i randsoner.
- Talet på kommunar som har innarbeidd nasjonalt villreinområde og randsoner i kommuneplanen.
- Talet på dispensasjonar som er gitt for motorferdsle i utmark innanfor nasjonalt villreinområde og randsoner.

Nasjonalt mål 5.6. Det skal årleg vere 39 ynglingar av jerv.

Indikatorar:

- Talet på dokumenterte ynglingar av jerv.

Nasjonalt mål 5.7. Vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet i fjell av framande organismar skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på skadelege framande organismar i fjellet, og utbreiinga av desse.

Tilstand

Om lag 30 pst. av Fastlands-Noreg er fjell. Med fjell meiner ein her areal over og nord for skoggrensa. Elvar og vatn i fjellet er ikkje inkluderte i dette. I størstedelen av Noreg er det fjellbjørkeskogen som dannar skoggrensa. Fjellandskapet inkluderer òg berg og grunnlendt mark, det arktiske tundralandskapet, og is- og brelandskapet som er særleg utbreidd på Svalbard og Jan Mayen. Noreg har i overkant av 1600 brear.

Fjellet representerer ekstreme livstilhøve for alt levande. Faktorar som vind, is, snødekke, store temperatursprang, tørke og fukt i marka, verknad av frost og kalkinnhald i jord og stein påverkar planter og dyr. På grunn av dei ekstreme tilhøva er det mange spesialistar blant planter og dyr i fjellet. Til dømes har fleire sjeldne fjellplanter svært snevre tolegrensar for temperatur eller dei krev høgt kalkinnhald i jorda. For mange pattedyr og fuglar er tilgang på føde den viktigaste faktoren for å overleve. På grunn av dei spesielle tilpassingane til ekstreme miljøtilhøve er artene i fjellet svært sårbare når dei blir utsette for ytterlegare påverknader.

Vegetasjonen i fjellet er dominert av dvergbusker, gras- og starrarter, mosar og lav, og stort innslag av urter på kalkrik grunn. Tjukkkleik og fordeling av snøen avgjer plantene si fordeling frå avblåst rabbe til snøleie. I snøleia blir snøen ofte liggjande til ut i juli, og ny snø kjem allereie i september/oktober. Dei plantene som veks slike stader må vere raske og effektive for å rekke å blomstre og setje frø før snøen kjem. Døme på planter som veks i snøleie er musøyre, moselyng og polarvier. Dei plantene som veks på rabbane har liten eller inga skjerming frå snøen om vinteren, og må tole vind, enorme variasjonar i temperatur og ofte lite og tørr jord. Døme på slike planter er krekling, greplyng, rabbetust og fleire arter av mose og lav. Den hardføre og vakre blo-

men mogop, som slår ut i full blom mens det enno er skiføre i fjellet, trivst òg i slike område. Dei næringsrike og lett forvitrande bergartene i delar av Dovrefjell har resultert i svært rike plantesamfunn. Reinrosa er ei art som likar seg godt i slike område.

Insektfaunaen i fjellet er dominert av dei store insektgruppene tovenger, veps, biller og sommarfuglar. Typiske fjellfuglar er heilo, snøspurv, steinskvett og fjellrype. Rammen er med sin karakteristiske lyd lett å oppdage.

Villreinen har gjennom utviklingshistoria tilpassa seg dei barske tilhøva i fjellet, særleg om vinteren. Pelsen er tjukk og svært tett, og sjølv mulen er hårkledd i motsetning til hos andre arter i hjortefamilien.

For 200-300 år sidan levde villreinen i fjellet i heile landet, og i Nord-Noreg var villreinen framleis talrik omkring 1800. Villrein i Skandinavia finst i dag berre i fjellet i Sør-Noreg som 23 meir eller mindre skilte grupper av individ. Noreg har som einaste land i Europa fjellområde med villrein. Lemen er den mest karakteristiske av norske smånagarar. Når det er såkalla lemenår (om lag kvart fjerde år), kan dette vesle brungule dyret setje sitt preg på heile vidda.

Av andre pattedyr er fjellrev og jerv viktige dyr i fjellet. Fjellreven er kritisk truga, og det er sett i gang ei rekkje tiltak, under dette Avlsprosjektet, for å sikre at fjellreven framleis skal kunne opplevast i norsk natur. Jerven er sterkt truga, og held først og fremst til i fjellområda langs grensa mot Sverige og Finland, frå Hedmark og nordover.

I følgje naturindeksen for Noreg 2012 er tilstanden for naturmangfald i fjellet samla sett god med ein indeks på 0,63, men i enkelte sentrale fjellområde i Sør-Noreg er tilstanden dårlegare. Berre 4,2 prosent (147 arter) av dei truga artene lever i fjellet. Dette betyr ikkje nødvendigvis at den negative påverknaden på naturmangfaldet her er mindre enn i andre system, men heller at delen av arter knytt til fjellet er låg. Døme på truga arter i fjellet er plantene masimjelt, knuthørapp, aksve-ronika og brannmyrkleigg, og fugleartene dobbeltbekkasin og snøugle. Av pattedyra er jerv truga, i tillegg til fjellreven. Villreinen er ikkje ei truga art, men blir rekna som ei norsk ansvarsart som vi har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Døme på truga naturtypar i fjellet er fuglefjell, jordpyramide og polarørken.

Om lag 75 prosent av areala i nasjonalparkane ligg i fjellområde. Dette vil auke litt når nasjonalparkplanen er gjennomført. I tillegg finn vi om lag 70 prosent av landskapsvernområda og litt over 20

prosent av naturreservata i fjellet. Med unntak av dverggås er det førebels ingen prioriterte arter eller utvalte naturtypar i fjellområda.

Vi finn ein stor del av den inngrepsfrie naturen i fjellområda. Det var ein nedgang i bortfallet av inngrepsfri natur frå perioden 1988–1994 og fram til og med perioden 1998–2003, mens det i siste måleperiode (2003–2008) har vore ein auke frå perioden før. Bortfallet av inngrepsfri natur i siste periode (2003–2008) var 1027 km².

Det totale talet på snøskuterar har auka jamt frå om lag 53 500 i 2003 til om lag 73 500 ved utgangen av 2012. Talet på barmarkskøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til 40 900 pr. 31. desember 2012. Talet har auka med over 7 500 berre dei to siste åra. Dette betyr at omfanget av motorferdsle i utmark har auka kraftig.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdselslova og den nasjonale forskrifta viser at det i 2012 vart behandla 15026 søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark. Av desse vart 95 prosent godkjende, ein stor del av desse handla om motorferdsle i fjellet. I tillegg kjem dispensasjonar som er gitt for fleire år, slik at det i 2012 var 26 800 aktive dispensasjonar. For barmarkskøyring vart det totalt godkjent 1816 søknader i 2012.

Fjellområda er viktige område for friluftsliv for mange, både for fotturar om sommaren og/eller på ski om vinteren. Statistisk sentralbyrås levekårsundersøking for 2011 viser at i løpet av eit år er åtte av ti nordmenn på fottur i skogen eller på fjellet. 55 pst. har vore på ein lengre fottur i skogen eller på fjellet dei siste tolv månadene. Deltakinga i fotturar i fjellet har auka betydeleg sidan 1970 og fram til i dag, frå 38 pst. deltaking i 1970, 47 pst. i 2001 til 56 pst. i 2011.

På Svalbard er det mange spor etter menneske i naturen. Restar etter tidlegare forskning, fangst, gruvedrift og ekspedisjonar finst mange stader. Det meste av Svalbard er likevel utan tyngre tekniske naturinngrep. Ca. 98 pst. av landområda kan kallast villmark utan større tekniske inngrep. Plante- og dyrelivet på land er i dag lite påverka av inngrep og arealbruk. 65 pst. av landområda på Svalbard er verna som naturreservat og nasjonalparker, og omfattar eit representativt tverrsnitt av naturmangfaldet på øygruppa. Forvaltninga av desse verneområda er svært viktig for miljøtilstanden i fjell- og tundraområda på Svalbard. Det er utarbeidd forvaltningsplanar for Hopen og Bjørnøya naturreservat og for naturreservata Nordaust-Svalbard og Sør-aust-Svalbard. Arbeidet med forvaltningsplan for Nordvest-Spitsbergen og Forlan-

det nasjonalparker med nærliggjande fuglereservat er starta.

Påverknader

Endra arealbruk er vurdert som den viktigaste påverknaden på naturen i fjellet. Sjølv om få menneske bur fast i fjellområda, er ei rekkje av desse områda sterkt prega av og forma av mennesket. Husdyrbeite i fjellet og fjellbjørkeskogen er ein gammal aktivitet i fjellområda, som etter kvart utvikla seg til å bli ein viktig del av jordbruket gjennom etablering av setrar i fjell og fjellnære strøk. Frå om lag 50 000 setrar som var i drift i 1850, var vi nede i 1237 setrar i 2008 som i avgrensa grad utnytta utmarka. Mange kulturpåverka naturtypar knytte til seterbruk i fjellet i tidlegare tider er derfor i sterk tilbakegang. Sjølv om seterdrifta er kraftig redusert, er det framleis omfattande husdyrbeiting i fjellområda våre. Moderat beite har ein positiv effekt for mange arter. Dei økologiske effektane av beite varierer sterkt avhengig av type beitedyr og mengda av dei. Utrekingar frå Hardangervidda viser at enkelte område har beitegrunnlag for meir sau, mens det i Setesdalsheiane er område med meir sau enn det er beitegrunnlag for. Delar av Finnmark er i dag vurderte som overbeita, og på Finnmarksvidda, som er viktig vinterbeite for tamrein, er lavdekket blitt betydeleg redusert. Reduksjon i hogst og slått, og endring i husdyrbeite i områda langs skoggrensa har ført til gjengroing, og på sikt vil desse områda utvikle seg til skogsmark dominert av fjellbjørk, vier og andre vedaktige planter.

Ein reknar med at truslane mot naturmangfaldet i fjellet er aukande. Gjennom dei siste tiåra har fjellområda vore utsette for fleire store fysiske inngrep slik som vasskraftutbyggingar som gir store fysiske inngrep utanom sjølve vassdraget i form av blant anna vegar og neddemming av areal. Av dei meir enn 1000 kvadratkilometer inngrepsfri natur som gjekk tapt i perioden 2003–2008 var det energisektoren som sto for det største bortfallet, blant anna gjennom utbygging av småkraftverk, vindkraft og kraftleidningar.

Bygging av vegar og kraftlinjer fører til fragmentering av område og påverkar trekkmonstret til villrein og truleg òg andre dyr som trekkjer over større område. Hyttebygging skjer som oftast i randsonene av fjellet, men gir òg ringverknader oppover i fjellet. Det er eit generelt press for utbygging inn mot fleire verneområde, og randsoneproblematikken har høg prioritet i kommuneplanlegging og regional planlegging. Den tradisjo-

nelle bruken og stølsdrifta går framleis tilbake, og tregrensa er flytt høgare opp mange stader.

Aukande motorferdsle er i ferd med å redusere kvaliteten på mange fjellområde som tur- og turistobjekt, både innanfor og utanfor verneområda. Undersøkingar viser at for mange, ikkje minst utanlandske turistar, er stille noko av det som er oppfatta som unikt ved den norske fjellheimen. Motorferdsle har òg negative effektar på dyre- og plantelivet. I sårbare område med liten tilvekst gjer barmarkskøyning stor skade. Sår i terrenget brukar lang tid på å lækjast, nokre gror aldri til. For planter og annan vegetasjon er skadane langt mindre for snøskuter enn for barmarkskøyning. Men også køyning på vinterføre kan gi mekaniske skadar på dvergbjørk og vier i lynghei og dvergbjørkhei som resultat av den direkte kontakten mellom skuter og buskene. Køyning med snøskuter på mark som ikkje er snødekt gir stor skade på vegetasjonen og øvre jordlag. Snøskuterens store fart og evne til å komme fram over alt aukar stressbelastninga på dyrelivet, og opnar for tilgjenge til tidlegare uforstyrta område. Forstyrningar gir dyra mindre beitetid, noko som igjen kan føre til mindre tid for inntak av mat. Dette gjeld blant anna for villrein, kongeørn og andre rovfuglar. Hekande rovfuglar kan oppleve mislykka hekkingar på grunn av auka bruk av snøskuter.

Klimaendringar vil blant anna gi mildare klima og lengre vekstsesong. Dette vil ha store konsekvensar for dei artene som er tilpassa fjellmiljøet, og resultere i betydelege endringar i samansetjinga av arter. Endra miljø for enkelte nøkkelarter kan føre til endringar i næringsnettet. Eit døme på dette er smågnagarar som tidlegare hadde toppar med 3-5 års mellomrom i nordleg del av Skandinavia. Dei siste tiåra har smågnagarsyklusane vore betydeleg svakare med mindre toppar og lengre tid mellom toppane. Klimaendringane aukar òg prosessen med gjengroing.

Fjellområde med reisetid inntil 3-4 timar frå dei større byane har hatt ein sterk vekst i talet på fritidsbustader dei seinare åra. Fleire stader er det konflikt og vanskelege avvegingar mellom natur- og friluftslivsinteresser og utbyggingsinteresser.

På Svalbard er ferdsle knytt til turisme, friluftsliv og forskning aukande. I vårmånadene er ferdsla med snøskuter stor i mange område på det sentrale Spitsbergen. Motorisert ferdsle på land kan føre til støy, køyrespor frå ulovleg køyning på barmark og lokal luftforureining. Motorferdsle fører òg til at høvet til å drive tradisjonelt friluftsliv utan forstyrningar er redusert rundt busetjingane i periodar av året. Det er foreløpig ikkje dokumen-

tert negative endringar i bestandane av rein, rev eller gjæser i dei områda der snøskutertrafikk og anna ferdsle har auka mest.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å hindre uønskt nedbygging i fjellet. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Nye nasjonalparkar og andre verneområde

Gjennomføringa av nasjonalparkplanen og dei fylkesvise verneplanane er på det næraste sluttført. Pr. september 2013 gjenstår fire verneplanar i nasjonalparkplanen og ein fylkesvis verneplan. Arbeidet med skogvern held fram i samsvar med gjeldande planar, jf. tekst under resultatområde 4.

Norsk institutt for naturforskning (NINA), har i sin *NINA rapport 535 Naturfaglig evaluering av norske verneområder* peika på manglar ved vernet i dag dersom ein skal nå både dei nasjonale måla og dei internasjonale måla Noreg har forplikta seg til gjennom mellom anna Konvensjonen om biologisk mangfald. Evalueringa peikar mellom anna på at eksisterande verneområde i liten grad dekkjer naturtypar i lågareliggjande område og i dei kystnære områda i Sør-Noreg.

Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) leverte våren 2013 ei fagleg tilråding for å avklare kva slag naturtypar som bør sikrast gjennom områdevern i medhald av naturmangfaldlova, eller gjennom bruk av andre verkemiddel i naturmangfaldlova og anna lovverk. Oppfølginga av strategien kan gjere det aktuelt å starte nye verneprosessar.

Det kan òg vere aktuelt å gjere utgreiingar som følgje av lokale og regionale initiativ til nye verneområde frå mellom anna kommunar og organisasjonar. Føresetnaden for at slike forslag skal kunne følgjast opp er mellom anna at dei inneheld naturtypar som er underrepresenterte blant eksisterande verneområde, at naturverdiane i områda oppfyller vilkåra for områdevern i naturmangfaldlova og at det er lokal semje om framlegga. Lofotodden i Nordland og Jomfruland og Raet i Telemark og Aust-Agder er døme på slike område som no er i prosess. Det kan òg vere aktuelt å revidere eksisterande verneområde, anten ved endring av vernekategori eller grense- og for-

skriftsendringar. Som følgje av at naturmangfaldlova ikkje stiller krav om statsgrunn i nasjonalparker slik som den tidlegare naturvernlova gjorde, har det komme lokale og regionale initiativ til å endre vernekategori frå landskapsvernområde til nasjonalpark. Døme på dette er mellom anna Trollheimen landskapsvernområde i Møre og Romsdal. Som ei oppfølging av Stortingets vedtak i 1999 om å opprette Regionfelt Austlandet og kompensere dette med gjenvinning og vern av naturverdiane på Dovrefjell, er det starta verneplanprosess med utviding av Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark som eit ledd i tilbakeføring av Hjerkinnskytefelt til naturleg tilstand.

Sikring av verneverdiane i verneområda

Når heile nasjonalparkplanen er gjennomført, vil om lag 27 pst. av fjellområda vere verna gjennom naturmangfaldlova. På denne måten har vi sikra juvelane og noko av den mest storslåtte naturen i Noreg, og vi oppfyller dei globale måla for vern av fjell. Dei verna områda representerer store ressursar og mangfaldige høve til opplevingar, samtidig som dei sikrar naturverdiane og områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr. Vi må auke fokus på å ta vare på verneverdiane både i nasjonalparkane og i dei andre verneområda. God forvaltning av verneverdiane er ein føresetnad både for å bevare dei sårbare økosystema i fjellet, for framtidige opplevingar og for verdiskaping i fjellbygdene no og i framtida. Alle verneområda skal, der det er naudsynt, ha skjøtsels- og forvaltningsplanar. Slike planar gir konkrete forvaltnings- eller bevaringsmål for området, retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. På den måten medverkar forvaltningsplanane til å oppretthalde og fremje naturverdiane i verneområda. Fjellområda er ofte populære turområde. For å ta vare på fjellnaturen blir det i enkelte område opparbeidd stigar for å kanalisere trafikken vekk frå sårbare område. Formidling av informasjon er eit anna viktig verkemiddel for å sikre naturverdiane.

Statens naturoppsyn fører oppsyn med at føresegnene i ei rekkje miljølover blir etterlevd, og spelar ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på naturverdiane i fjellet. Mykje av arbeidet skjer gjennom tenestekjøp frå lokale fjellstyre. Statens naturoppsyn driv òg med utstrekt naturrettleiing i fjellområda,

Formidling og informasjon er eit anna viktig verkemiddel for å sikre naturverdiane i verneområda. Regjeringa har autorisert 15 nasjonalparksenter som skal vere spydspissar i formidlinga om

nasjonalparker. Målsetjinga på lang sikt er at alle nasjonalparker skal vere knytte til eit autorisert nasjonalparksenter. Regjeringa vil vurdere å autorisere enkelte nye senter i 2014. Det vil òg bli vurdert om enkelte etablerte nasjonalparker skal knyttast til allereie autoriserte nasjonalparksenter. Støtta til nasjonalparksenter og utstillingar vil auke i 2014 og dei fleste sentra vil få naturrettleiar frå Statens naturoppsyn knytt til seg.

Ein merkevare- og kommunikasjonsstrategi for nasjonalparker vil syte for meir heilskapleg informasjon om nasjonalparkane sine verdiane og attraksjonar og informasjonsentra sine tilbod. Nasjonalparkane treng planar for korleis besøkjande kan takast i mot og verneverdiane oppretthaldast, såkalla besøkstrategiar. Jotunheimen har ein slik og dei vil bli laga for fleire nasjonalparker i 2014.

Arealplanlegging i fjellet

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for arealplanlegging i fjellområda, og denne lova er òg viktig for styring av bruk av randsonene til verneområda. Plan- og bygningslov av 2008 gjer det mogleg å innføre omsynssoner i randsonene til nasjonalparker og landskapsvernområde, blant anna for å hindre øydelegging av verneverdiane. Det kan òg bli gitt retningslinjer om avgrensing av verksemd og særlege omsyn samtidig med fastsetjing eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan. I mange fjellområde er det laga regionale planar der hovudtrekka i arealbruken blir avklart på tvers av kommunegrensene.

Fritidsbustadene skal lokaliserast og utformast med vekt på omsyn til allment friluftsliv, landskap, estetikk og naturmangfald. Landskaps- og stadanalysar må brukast for å ta vare på kvaliteten ved områda under planlegging av nye fritidsbustader. Det er viktig at kommunane gjennomfører grundige landskapsanalysar. Alle nye hytteområde i fjellet bør vurderast særleg grundig i høve til eksponering i landskapet, ha krav om god tilpassing til terrenget og medføre minst mogleg inngrep. Bygg og terrenginngrep bør vere så lite synlege som mogleg, for å redusere fjernverknaden. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har utarbeidd ein rettleiar for metode i landskapsanalyse, som er prøvd ut i fleire kommunar. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det ei forventning at omsynet til landskap, naturmangfald, ressursbruk, energibehov og estetikk blir vektlagt når det blir lagt til rette for utbygging av fritidshus.

Ved planlegging av nye hytteområde i fjellet må det i tillegg til terrengmodellar og landskapsanalyse gjerast grundige vurderingar av konsekvensar for friluftslivet. Slike vurderingar vil i nokre tilfelle vise at utbygging ikkje er tilrådeleg. Det er viktig at kommunane følgjer dei statlege føresegnene og retningslinjene som gjeld for utforming og plassering av hytter i fjellområda, og at fylkeskommunane og fylkesmennene følgjer opp kommunane, slik at viktige friluftsområde ikkje blir bygde ned. Samstundes må ein leggje til rette for best mogleg samspel mellom fritidsbustader, reiselivsområde og friluftslivet, knytt til m.a. opparbeiding og drift av løyper og stigar, parkering m.v. Mindre fjellområde må ikkje byggjast ned med hytter i ei slik grad at verdien deira for friluftsliv og særpreg og karakter forsvinn. I område der det blir planlagt nye fritidsbustader, må det leggjast vekt på å sikre samanhengande grønne samband. Fjellområda skal òg i framtida gi rom for det enkle, tradisjonelle friluftslivet der stille og ro er ein viktig føresetnad. Samtidig skal meir moderne friluftaktivitetar som til dømes kiting, terrengsykling, alpint og elvepadling kunne finne stad utan at natur- og kulturhistoriske verdier blir øydelagde, jf. resultatområde 8 Aktivt friluftsliv.

Erfaringane frå verdiskapingsprogrammet Naturarven som verdiskapar blir i 2014 følgt opp med ei tilskotsordning for verdiskaping basert på naturarven. Hovudmålet er å medverke til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga. Døme på utviklingstiltak er tilrettelegging av stigar for korte turar, attraksjonar som kanalisering av ferdsele, naturfagleg kompetanseheving for reiselivsbedrifter, sykkelstigar, fotoskjul og nasjonalpark som merkevare for stadutvikling.

Lokal forvaltning

Etablering av den nye modellen for lokal forvaltning av nasjonalparkane og dei store verneområda er i sluttfasen. Dei fleste verneområdestyra er no etablerte, og dei fleste nasjonalparkforvaltarane vil etter planen vere tilsette i løpet av 2013. Verneområdestyra har representantar frå kommunar, fylkesting og frå Sametinget i område med samiske interesser. Dette medverkar til lokal forankring og auka lokalpolitisk engasjement og er i samsvar med prinsippa i Den europeiske landskapskonvensjonen. God kunnskap skal ligge til grunn for forvaltninga, og ein utviklar faglege fellesskap gjennom oppbygging av lokale/regionale forvaltningsknutepunkt, i hovudsak

knytte til nasjonalparksenter eller andre typar av naturinformasjonssenter. På denne måten blir nasjonalparksentra lokale kunnskapsbasar for forvaltning av verneområda, og lokale/regionale faglege fellesskap der kunnskapen til nasjonalparkforvaltaren om forvaltning av verneområda blir kombinert med fagpersonar som har kunnskap om naturrettleiing, guiding og naturbasert reiseliv.

Sikring av inngrepsfrie område

Dei attverande naturområda i Noreg utan tyngre tekniske inngrep finst i stor grad i fjellet. Det er eit delmål at slike attverande inngrepsfrie naturområde skal takast vare på. Der det er mogleg, er det òg eit delmål å restaurere område med «gamle» tekniske inngrep. Einskilde inngrep vil kvar for seg ofte ikkje påverke fjellnaturen i vesentleg grad. Men samla effekt av fleire mindre inngrep fører til ei gradvis fragmentering og påverknad av den sårbare fjellnaturen og naturverdiane her. Å unngå irreversible inngrep i desse områda handlar om å sikre den viktigaste kapitalen for ei naturbasert turistnæring.

I Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging er det ei forventning at omsynet til inngrepsfrie naturområde utan tyngre tekniske inngrep (INON-område) blir lagt vekt på i planlegginga.

Energitiltak er ei viktig årsak til reduksjon av inngrepsfrie naturområde. For å møte denne utfordringa er det blant anna utarbeidd *Retningslinjer for små vannkraftverk* (Olje- og energidepartementet 2007) og *Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg* (Miljøverndepartementet/Olje- og energidepartementet 2007) om blant anna forholdet til inngrepsfrie naturområde i saksbehandlinga for små vasskraftverk og vindkraftanlegg.

Sikring av villreinen

11 fylkeskommunar med i alt 61 kommunar har i samsvar med Miljøverndepartementets bestilling av 2007 og Nasjonale forventningar utarbeidd regionale villreinplanar, der dei siste vil vere slutførte i løpet av første 1. halvår av 2014. Dei regionale planane vil bli lagt til grunn for vidare regional og kommunal planlegging.

For villreinen, som er ei norsk ansvarsart, er større samanhengande og lite forstyrta område ein føresetnad for å overleve. Verneområda i fjellet dekkjer berre delar av leveområdet til villreinen, og kommunal og regional planlegging er derfor

eit svært viktig verktøy for betre forvaltning av villreinen. Dei regionale villreinplanane gir hovudtrekka i arealbruken og drøftar høve til lokal verdiskaping og utvikling. Planane vil òg gi grunnlag for å utpeike ti nasjonale villreinområde. Åtte av desse vil utgjere to europeiske villreinregionar. I 2014 skal ein arbeide med å konkretisere innhaldet i og etableringa av dei europeiske villreinregionane.

Rovviltforvaltning

I tråd med rovviltforliket frå 2011 vil arbeidet med å halde bestanden av jerv så nær bestandsmålet som mogleg halde fram. Lisensfelling er det viktigaste verkemiddelet i bestandsreguleringa av jerv, men i enkelte område har ikkje lisensfellinga gitt tilfredsstillande resultat. Dei siste åra har miljøstyresmaktene derfor gjennomført ekstraordinære uttak av jerv før beitesesongen. Forvaltninga vil framleis gjennomføre slike uttak der det er naudsynt, og i tråd med rovviltforliket vil forvaltninga i større grad enn tidlegare vurdere slike uttak før lisensfellingsperioden er over. Vidare skal det framleis vere fokus på å auke kompetansen hos jegerane, slik at den ordinære lisensfellinga gir større utteljing.

Motorferdsle i fjellet – fråvær av støy

Det er viktig å skjerme viktige friluftsområde mot støy frå køyretøy på bakken, vatnet, småfly og helikopter gjennom oppfølging og handheving av føresegnene i motorferdslelova og forskrift om bruk av vasskuter og liknande. Utviklinga i talet på dispensasjonar og i talet på køyretøy gir god grunn til å gi barmarkskøyninga større merksemd framover. Det er spesielt viktig å skjerme fjellheimen og dei sårbare områda nord i Noreg mot terengskadar som følgje av bruk av barmarkskøyretøy. Utviklinga i ulovleg køyning og dei store konsekvensane den fører med seg viser at det er viktig at regelverket blir handheva. I fjellområda veks naturen langsamt og lyden ber langt. Der er det særskild viktig at ein rettar seg etter forbodet mot bruk av vasskuter.

Det er Regjeringas mål å regulere motorferdsle i utmark for å ta vare på naturmiljøet, fremje trivsel og sikre stille og ro i naturen.

Regjeringa har i 2013 foreslått enkelte endringar i høvet til fornøyleskøyning med snøskuter, sjå nærare omtale av dette under resultatområde 8 Friluftsliv.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det venta at kommunar med

eit visst omfang av motorisert ferdsel i utmark tek dette opp som tema i planlegginga.

Finnmark er det einaste fylket med opne løyper for motorferdsel på barmark. Ein rapport frå barmarkprosjektet i Finnmark med tilrådingar for å avgrense barmarkskøyning i Finnmark vart send Miljøverndepartementet frå Direktoratet for naturforvaltning 15. februar 2011. Regjeringa vurderer tilrådingane i prosjektet.

Prioriterte arter og utvalte naturtypar

Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2014. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar knytte til fjellet bli vurderte. Mellom anna er fjellreven ein kandidat til å bli ei prioritert art. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ligg ei forventning om at dei alminnelege føresegnene i naturmangfaldlova om berekraftig bruk blir lagde til grunn for planlegging som påverkar naturmangfald. Førekomstar av utvalde naturtypar og økologiske funksjonsområde for prioriterte arter skal innarbeidast i planlegginga.

Sikring av villmarksnaturen på Svalbard

Forvaltningsplanar for verneområda er eit viktig grep for å nå dei nasjonale måla. Vidare skal Miljødirektoratet starte arbeidet med å kartleggje meir nøyaktig inngrepsfrie naturområde på Svalbard i samsvar med den INON-klassifikasjonen som er nytta på fastlandet. Dette vil gi eit betre grunnlag for å måle endringar i inngrepsstatus.

Det finst inga detaljert vegetasjonskartlegging på Svalbard, men det er sett i verk systematisk overvaking av effektar av ferdsel på vegetasjon i avgrensa område. Dette skjer i regi av Miljøovervakingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ).

Snøheimvegen

Stortinget vedtok i 1999 å opprette eit nytt skyte- og øvingsfelt for Forsvaret på Austlandet, og å leggje ned skytefeltet på Hjerkin (Innst. S. nr. 129 (1998-99)). Opprettinga av Regionfelt Austlandet innebar eit svært stort naturinngrep og tapet av naturverdiar skulle kompensast med gjenvinning og vern av naturverdiar på Dovrefjell:» «Hjerkin skytefelt legges ned i samsvar med pkt. 7.2 i St.meld. nr. 11 (1998-99) som ledd i en

omfattende plan for utvidet vern av Dovrefjell gjennom Sunndalsfjella nasjonalpark, som forlengelse av Dovrefjell nasjonalpark, og landskapsområder vestover fra Rondane nasjonalpark, jf. Ny landsplan for nasjonalparker i St.meld. nr. 62 (1991–92)».

Regionfelt Austlandet vart opna i 2005. Samtidig innstilte Forsvaret sin bruk av Hjerkinnskytefelt. I 2006 starta naturrestaureringsarbeidet, som er delt i to fasar: fase I frå 2006–2012 og fase II fra 2013–2020. Det ligg i prosjektplanen at alle vegar i området skal fjernast, inkludert Snøheimvegen. Snøheimvegen er ei 14 km lang vegstrekning frå betalingsbommen nær E6 ved Hjerkinnskytefeltet og inn til Snøheim.

Stortinget behandla i mars 2008 eit representantforslag om å bevare Snøheimvegen (dokument 8:8 (2007 – 2008)). Det vart under behandlinga av saka bestemt å innhente meir kunnskap for å få eit betre avgjerdsgrunnlag, jf. Innst. S. nr.131 (2007–2008). Norsk institutt for naturforskning (NINA) fekk i oppdrag å gjennomføre eit slikt prosjekt og har vore fagleg ansvarleg for prosjektet saman med Norsk senter for bygdeforskning. Prosjektet sitt hovudtema har vore samspelet mellom villrein, reinen sin arealbruk og menneskeleg ferdsel i og bruk av dei same områda. Prosjektet vart sett i gang i 2008/2009 og har vore organisert i fleire delprosjekt. I sluttrapporten *NINA Temahefte 51 Horisont Snøhetta*, som vart offentleggjort i mars 2013, er resultat og funn frå delprosjekta sett i samanheng.

Melding om oppstart av verneplanarbeid for tidlegare Hjerkinnskytefelt vart kunngjort 1. juli 2013.

Forskningsprosjektet sine konklusjonar

Prosjektet tek utgangspunkt i at turisthytta Snøheim er gjenopna, med dei konsekvensar ferdsel i området har for villrein.

Villreinen sitt trekk og kryssing av området aust for Snøhetta er avgjerande for å halde ved lag funksjonell bruk av villreinområdet. For å komme til haust- og vinterbeita aust for Snøhettamassivet (Hjerkinnsplataet) er reinen avhengig av å krysse ferdselsårene Strolpsjødalen (stien inn mot Reinheim turisthytte) og Snøheimvegen. Desse to ferdselsårene er to system som fungerer parallelt og relativt uavhengig av kvarandre. Hovudutfordringa er at ferdsla gjennom Strolpsjødalen alleie er på eit kritisk høgt nivå, og at ein står i fare for å få etablert to parallelle barrierar som kan avskjere rotasjonstrekket mellom heilt sentrale årstidsbeiter. Framtidig belastning på dette området må sjåast i samanheng med inngrep, ferdsel

og belastninga i aksen Hjerkinnskytefeltet og Strolpsjødalen.

I 2012 vart vegen, som ledd i forskningsprosjektet, stengt for privatbilar. Det vart i staden organisert ei ordning med skyttelbuss inn til Snøheim fire gonger dagleg gjennom sommarferien.

Prosjektet konkluderer med at den beste kombinerte løysinga for villrein og folk vil vere at Snøheimvegen består, med eit strengt regime for regulering av ferdsel gjennom skyttelbuss som køyrer heilt inn til Snøheim, og eit breitt sett av tiltak og verkemiddel for å handtere ferdsla. Ein føresetnad for tilrådinga er at handteringa av ferdsel ved hjelp av skyttelbuss blir nedfelt i langsiktige planar og føresegner, og at restriksjonane på bruk av vegen blir effektive. Det er òg ein føresetnad at bruken av Snøheim blir lagt til rette på ein slik måte at det ikkje blir etablert ferdsel som hindrar reinen sine trekkmoglegheiter rundt Snøhettamassivet eller går ut over kalvingsområda. Det må òg setjast i verk ei overvaking for å følgje ferdselsutviklinga. Bussregimet må vurderast på nytt dersom det viser seg at det ikkje fungerer etter føresetnadene.

Vidare oppfølging

Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet viser til at forskningsprosjektet si tilråding byggjer på data frå berre ein sesong med bussdrift. Dette var òg første sesong Snøheim turisthytte var open etter gjenopninga. Det er derfor avgrensa kunnskap om korleis bussordninga i praksis vil fungere og korleis den samla ferdsla i området vil utvikle seg over tid. Departementa er derfor samde i tilrådingane frå forskningsprosjektet om at det er nødvendig å sjå på effektane av bussregimet og anna utvikling i området over tid.

Fjerning av Snøheimvegen ligg inne i prosjektplanen for Forsvarsbygg sitt naturrestaureringsprosjekt. Prosjektet skal vere ferdig i 2020. Dersom Forsvarsbygg skal rekke å gjennomføre arbeidet med å fjerne vegen som del av prosjektet, må endeleg vedtak om dette treffast seinast i 2017.

Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet vil derfor oppretthalde ordninga med stenging av vegen for privatbilar og vidareføre bruk av skyttelbuss inn til Snøheim i perioden 2014–2017, med samtidig overvaking av og innhenting av kunnskap om trafikk og ferdselsutvikling i området. Endeleg avgjerd om Snøheimvegen blir teke på bakgrunn av dette i 2017.

For å unngå at det blir utvikla ferdsel som motverkar den positive effekten av busstransporten må

ein søkje å avgrense anna bruk og ferdsel (til fots, med sykkel, med hundespann etc.) på strekninga. Slik ferdselsavgrensing vil i første i første omgang blir forsøkt oppnådd gjennom informasjon om villreinen sin bruk av området og oppmøding om å nytte busstilbodet. Formaliserte ferdselsavgrensingar eller -forbod må vurderast etter behov.

Dei andre vegane i området skal sanerast som føreset, i tråd med prosjektplanen for naturresaureringsarbeidet.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

5.1. Utryddinga av truga arter i fjellet skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til fjellet.

I følgje Norsk rødliste for arter 2010 er 147 arter i arktisk og alpine område truga.

5.2. Mangfaldet av naturtypar i fjellet skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.

Indikatorar:

- Utvikling i areal av inngrepsfrie naturområde (INON).
- Utvikling i areal i rehabiliterte INON-område.
- Talet på dispensasjonar som er gitt og utvikling i talet på dispensasjonar under motorferdsellova.

Dei siste hundre åra er dei villmarksprega naturområda i Noreg (område 5 kilometer eller meir unna tyngre tekniske inngrep) reduserte frå omkring halvparten av landarealet til i underkant av 12 pst. i 2008, og i Sør-Noreg var det berre att 5 pst. i 2008.

I perioden 2003–2008 stod utbygging i vassdrags- og energisektoren for om lag 40 pst. av bortfallet av inngrepsfrie naturområde, ein god del av dette i fjellområda. Med dei venta investeringane i energisektoren vil presset på INON-areal i fjellområda auke markant, særleg knytt til utbygging av småkraft, vindkraft og kraftlinjer i sentralnettet.

Det er i 2012 sett i gang arbeid for å førebu ei ny oppdatering av INON for ferdigstilling i løpet av 2013. Vi har nokre få døme på tilbakeføring av utbygde fjellområde til inngrepsfrie naturområde,

mellom anna knytt til omlegging av større kraftlinjer. Omfanget av slike endringar, og endringane i fjellområda, vil gå fram av oppdateringa av INON i 2013.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdsellova og den nasjonale forskrifta er tilgjengeleg som KOSTRA-rapportering. I 2012 vart det rapportert behandla 15 026 søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark. Av desse vart om lag 14 250 (95 pst.) godkjende. For å få eit samla bilete må det òg reknast med dispensasjonar som er gitt for fleire år. I overkant av 12 000 tidlegare gitte dispensasjonar var framleis gyldige i 2012, dvs. at det var om lag 26 800 aktive dispensasjonar i 2012. Samla tal gyldige dispensasjonar gjekk opp med nær 3 000 frå året før, det vil si ei auke på 12 prosent. For barmarkskøyning vart det totalt godkjent 1 816 søknader i 2012. Dette er 368 færre enn året før. 110 søknadar vart avslått i 2012. Ein gjer oppmerksom på at tala ikkje er fullstendige grunna mangel på rapportering frå ein del kommunar med mange barmarkskjøretøy og snøskutarar.

5.3. Alle bestandar av planter og dyr som det blir hausta av i fjellet skal vere forvalta økosystembasert og bli hausta berekraftig slik at artene opptrer i levedyktige bestandar innanfor sitt naturlege utbreiingsområde innan 2020.

Indikator:

- Bestandstatus for arter som har blir hausta eller utnytta på annan måte

Hausting av planter i fjellet skjer primært gjennom beiting. Beiting er i hovudsak òg tillete i verneområde, og er ikkje vurdert som ein trussel mot naturmangfaldet i fjellet.

Hausting av hjortevilt i fjellet er godt regulert ved at hjorteviltet er forvalta på grunnlag av kvotar.

5.4. Villreinen skal sikrast i livskraftige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde i Sør-Noreg.

Indikatorar:

- Status for arbeidet med dei regionale planane for villrein fjella.
- Areal som inngår i nasjonale villreinområde og randsoner.
- Talet på kommunar som har innarbeidd nasjonale villreinområde og randsoner i kommuneplanen.
- Talet på dispensasjonar som er gitt innanfor nasjonalt villreinområde og randsoner.
- Del av villreinen sitt leveområde som er verna etter naturmangfaldlova.

Den største satsinga for å nå målet er knytt til arbeidet med regionale planar for dei ti nasjonale villreinområda. På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) har dei to villreinsentra på Hjerkin og Skinnarbu, i samarbeid med NINA og særskilt oppnemnde prosjektgrupper, lagt ned eit stort arbeid med kartlegging og dokumentasjon av villreinen sine leveområde som grunnlag for dei regionale planane. Alle desse prosjekta er no fullførte og rapporterte. Det blir òg gjennomført brukarstyrte FoU-prosjekt med GPS-merking av villrein og kartlegging av friluftsliv og ferdsle innanfor dei fleste av desse områda. Snøhetta-prosjektet, som vart sett i verk etter Stortinget si behandling av eit Dok8-forslag knytt til Snøheimvegen og restaurering av Hjerkin skytefelt i 2008, er slutført og rapportert 1. kvartal 2013, sjå elles eiga omtale av Snøheimvegen over. Etter kommunevalet hausten 2011 vart det i 1. kvartal 2012 gjennomført ny oppnemning og halde oppstartsamlingar for dei ni regionale villreinnemndene. I 2013 er det gjennomført ei samling med kurs- og kompetanseutvikling for sekretariata og dei ansvarlege fylkesmennene. Det er òg starta vidaregåande kursing av dei ein-skilde nemndene i regi av Norsk Villreinsenter. Dei to villreinsentra legg ned eit stort arbeid med dokumentasjon, rådgiving og naturrettleiing i høve til andre aktørar og barn og unge. Det er òg utvikla publikumsattraksjonar som vil vere viktige bidrag til verdiskaping innanfor lokalt næringsliv i regionane der sentra ligg.

5.5. Det skal årleg vere 39 ynglingar av jerv.

Indikator:

- Talet på dokumenterte ynglingar av jerv.

I 2012 vart det registrert 68 ungekull av jerv i Noreg. Av desse vart 17 ungekull tekne ut av Statens Naturoppsyn ved uttak frå hi. Førebels resultat frå 2013 syner at talet på ynglingar har vorte redusert ned mot bestandmålet på 39 årlege ynglingar. Fire ungekull vart tekne ut av Statens naturoppsyn ved uttak frå hi våren 2013. I 2012 vart det arbeidd for at bestandsovervakinga av jerv skulle bli samordna med svenske naturstyresmakter, og i løpet av 2013 vil ein felles metodikk for overvaking av jerv i Sverige og Noreg vere på plass.

5.6. Dei mest truga naturtypene i fjellet skal ha status som utvalde naturtypar.

Indikator:

- Talet på utvalde naturtypar knytte til fjell.

I følge Norsk Raudliste for naturtypar 2011 er sju naturtypar knytte til fjell truga. Dette gjeld naturtypene fuglefjell, grotte, ravedal, open grunnlendt kalkmark i boreonemoral sone, avblåst normal arktisk steppe, varm kjelde og jordpyramide.

5.7. Dei mest truga artene i fjellet skal ha status som prioriterte arter.

Indikator:

- Talet på prioriterte arter knytte til fjell.

Av dei første åtte prioriterte artene som vart vedtekne etter naturmangfaldlova i juni 2011 er det dverggåsa som er knytt til fjellet. I tillegg blir fjellrev vurdert som prioritert art.

5.8 Eit representativt utval av naturtypene i fjellet skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkl. årleg endring) fordelt på naturtypar i fjellet.

Den naturfaglege evalueringa av norske verneområde frå 2010 viste at 27 pst. av fjellarealet i Noreg var verna. I 2011 og 2012 vart ytterlegare 2 562 km² i fjellet verna.

Pr. august 2013 er 50 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen gjennomførte. Utover dette er Færder i Vestfold og Fulufjellet oppretta som nasjonalparker. I 2014 vil ein arbeide vidare med dei gjestående verneframlegga i nasjonalparkplanen, mellom anna oppretting av Muvrešáhpí nasjonalpark med Gohteluoppal landskapsvernområde og utviding av Øvre Anarjohka nasjonalpark i Finnmark.

Ein har starta prosessen med å vurdere ein nasjonalpark på Lofotodden etter ønske frå kommunane Moskenes, Værøy og Flakstad. Ein har òg starta arbeidet med sikte på og opprette ein nasjonalpark i området Jomfruland-Raet langs kysten av Telemark og Aust-Agder. Noreg har meldt inn 633 potensielle Emerald-område til Bern-konvensjonen. Mange av desse områda ligg i fjellet.

5.9. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenoppretta.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde i fjellet der verneverdiane er truga.
- Talet på og del av verneområde i fjellet med forvaltningsplan.

Direktoratet for naturforvaltning gjennomførte i 2008–2010 ei kartlegging av tiltaks- og planbehovet i verneområda som viste at verneverdiane var truga i 35–40 pst. av verneområda.

Mangel på stadfesta kunnskap om naturverdiar i verneområda avgrensar høvet til å gjennomføre ein kunnskapsbasert forvaltning som sikrar verneføremålet. Frå 2010 er om lag 230 verneområde frå alle resultatområde kartlagt etter NiN (Naturtypar i Noreg), og talet vil auke med om lag 50 område i løpet av 2013. Det blir planlagt med å vidareføre kartlegginga på minst same nivå i 2014. Målsetjinga med kartlegginga er å auke kunnskapen om naturtypar og arter i verneområda slik at det blir mogleg med ein framtidsretta forvaltning som tek vare på nasjonale og internasjonale forpliktingar. I perioden 2011–2012 vart det utarbeidd ein overordna struktur og plan for overvaking, og manualar (rettleiingar) for arbeid med bevaringsmål og overvaking. Konkret overvaking i verneområde starta i 2012, og omfattar både lokal overvaking på bakken i det enkelte verneområde og arealrepresentativ overvaking i verneområde i skog, myr og fjell basert på fjernmåling.

Arbeidet med å utvikle forvaltningsplanar for verneområda i fjellet har vore prioritert. Av dei 55 områda som er vedtekne etter nasjonalparkplanen har i dag 25 område godkjent forvaltningsplan. I tillegg er det om lag 20 planar som er under utarbeiding.

For verneområde generelt viser ein gjennomgang i 2013 at 657 verneområde har ferdige planar (103 av desse er forvalta av nasjonalpark- og verneområdestyre). Det er starta eller planlagt forvaltningsplanar for ytterlegare 761 verneområde. Dei viktigaste prioriteringane for arbeidet med forvaltningsplanar er:

- Område der verneforskrifta seier at området skal ha ein forvaltningsplan.
- Område i nasjonalparkplanen og Ramsarområde (med unnatak for noen få område).
- Område der verneformålet er truga, og der ein forvaltningsplan er nødvendig for å planlegge tiltak for å ta vare på verneverdiane.
- Andre område med viktige forvaltningsutfordringar.

Nasjonalpark- og verneområdestyra er no på plass, og i løpet av 2013 vil det vere forvaltarar knytte til alle styra. Det er til no oppretta 30 forvaltningsknutepunkt. Pr. 1. april 2012 er det autorisert 15 nasjonalparksenter. Lokalt vert det arbeidd med planar for fleire nasjonalparksenter. Vidare utvikling av nasjonalparksenter vil bli sett i

samanheng med etableringa av den nye forvaltningsmodellen for verneområda.

5.10. Ved innførsle og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomførte.

Indikatorar:

- Talet på nedkjemping/utryddingstiltak fordelt pr. art nasjonalt, regionalt og lokalt.

Det er venta at framande arter som i dag er etablerte i låglandet i framtida kan flytte seg mot fjellet i takt med auka gjennomsnittstemperatur. Døme på slike arter er buskfuru, sibirvalmue og planta gran og sitkagran. Det er ikkje utvikla handlingsplanar som er spesielt retta mot framande organismar i fjellområda, men dei ferdigstilte handlingsplanane mot mink og mårhund vil ha verknad også i fjellområda. Direktoratet for naturforvaltning har sett i gang utvikling av ein handlingsplan mot framande organsismar på Svalbard.

5.11. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønskt nedbygging i fjellet.

Indikator:

- Talet på regionale fjellplanar.

I følge KOSTRA er det utarbeidd regionale planar for fjellområda i 9 fylke. Av desse er 7 planar vedtekne etter 2010. Alle dei viktigaste villreinområda vil vere omfatta av slike planar innan 2013. Det er i tillegg laga interkommunale planar for fleire fjellområde, utan at desse er vedtekne som formelle regionale planar.

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for oppfølging av Den europeiske landskapskonvensjonen i Noreg. Plan- og bygningslova av 2008 og naturmangfaldlova av 2009 gir nye høve til å ta vare på mangfaldet i landskapet.

I samarbeid med Artsdatabanken arbeider Direktoratet for naturforvaltning med utvikling av ein metodikk for kartlegging av landskapsmangfald, og det er utvikla eit system for kartlegging av landskapstypar som vart prøvd ut i Nordland fylke i 2012 og 2013. Kartlegginga av landskapstypar vil gi meir systematisk kunnskap om mangfaldet i landskapet, og vil gi betre grunnlag for å overvake endringar i arealbruk i

fjellområda, både i og utanfor verneområda. Miljødirektoratet arbeider saman med Artsdatabanken om å etablere ein nasjonal database med data om landskap i Noreg.

Sjå også omtalen av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, for nærare informasjon.

17 Resultatområde 6 Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Menneska har alltid sett spor etter seg i omgjevna- adene. Slike spor kan vere reiskap, bergkunst, byg- ningar og anlegg, kulturmiljø og landskapstrekk. I tillegg er tru og tradisjonar ofte knytt til landskapet. Alle landskap kan derfor vere kulturlandskap; jord- bruks- og bylandskap, kyst- og fjellandskap, og der- med ha ein kulturhistorisk dimensjon som er kulturminneforvaltinga sitt ansvarsområde.

I byane og tettstadene våre finn vi bygningar, kvartal og historiske strukturar som represente- rer store kulturhistoriske verdiar. Dei er med på å gi stadene særpreg, dei har eit stort potensial for verdiskaping og dei er viktige i eit bere- kraftperspektiv.

Kulturmiljø og kulturminne langs kysten vit- nar om det mangfald av verksemd som er og har vore karakteristisk for Noregs lange kyststripe som fiske, skipsbyggeri, kommunikasjon og han- del. Her finn vi òg dei eldste spora etter busetjing.

Landskapselement som elvar og vatn har på si side vore lokaliseringfaktor for verksemd opp gjennom tida, mellom anna for sagbruksdrift, kvernhus og naust som i dag kan ha kulturhisto- risk verdi.

Landbruksverksemd har påverka mykje av landskapet vårt både langs kysten, i innlandet, i skogen og på fjellet, og skapt landskapsformer som er avhengige av menneskeleg aktivitet for å haldast ved like. Døme på gamle kulturmarksfor- mer er eng og åker, dammar, strandeng, kystlyng- hei, haustingsskog, slåttemark og open beite- mark. Gamle kulturmarker leverer mange viktige fellesgodar, til dømes pollinering, mat, genressur- sar, opplevingar, identitet i landskapet og historie. Også meir intensivt drivne areal har viktige funk- sjonar som kulturlandskap, leveområde, korrido- rar og buffersoner.

Engvegetasjonen, som har oppstått som resul- tat av slått og/eller beite, er blant dei mest arts- rike livsmiljøa i Norden. I Noreg finn vi mellom 650 og 700 planteartar i slike enger. Om lag halvparten av dei finst ikkje andre stader. Ca. 35 prosent av artene på den norske raudlista frå 2006 er knytt til jordbrukets kulturlandskap.

Dei kulturhistoriske verdiane kjem frå heile jordbrukshistoria, og teiknar seg i kulturlandska-

pet i dag mellom anna som gravminne, steingar- dar, gamle vegar, stigar og bruer, gardstun, stølar, geil og styvingstre.

Det kulturpåverka landskapet med kultur- minne, stort naturmangfald og naturlege landskap- selement skapar til saman karakteristiske og verdi- fulle landskap med stor opplevingsverdi. Det er òg ein viktig del av merkevara Noreg og det som turis- tane kjem for å sjå og oppleve.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er uerstattelege, og i mange tilfelle dei einast kjeldene til kunnskap om den historiske utviklinga i dei fysiske omgjevna- dene og om menneskjene sitt for- hold til kvarande og naturen. Men desse miljøver- diane er ikkje berre historie, dei er også høgst aktuelle i dag, som del av eit levande samtidsmiljø. Dei gir kontinuitet og karakter til det fysiske mil- jøet, og skapar tilhøyrslø, noko som er ekstra viktig i ei tid med raske endringar og omstillingar på mange felt. Kulturminne, kulturmiljø og kultur- landskap har òg verdi som bruksressursar. Dei kan auke kvaliteten i våre omgjevnader og ha stor bety- ding for reiselivsnæringa. Slik kan kulturarven ha positiv verknad på nærings- og distriktsutviklinga.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rap- portert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 6.1. Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.

Indikatorar:

- Prosentvis årleg tap av verneverdige kultur- minne i utvalte område
- Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalte område
- Størrelsen på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova
- Prosentvis årleg tap av kulturminne i jordbru- ket sitt kulturlandskap

- Talet på kommunar med oppdatert oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø
- Talet på kommunar med plan etter PBL for kulturminne og kulturmiljø (finst i KOSTRA)
- Talet på riveloøyve og dispensasjonar etter PBL som vedkjem verneverdige kulturminne
- Talet på kommunar med tilgang på kulturminnekompetanse (finst i KOSTRA)
- Talet på verneverdige kulturminne og kulturmiljø i Kulturminnesøk
- Talet på verneverdige kulturminne som er sette i stand og registrerte i Lykillinn fordelt etter geografi, kategori kulturminne, formell status og eigarform.

Nasjonalt mål 6.2. Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Indikatorar:

- Årleg tap og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalte område og etter årsaksforhold
- Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon
- Talet på automatisk freda kulturminne der det er utført undersøkingar for å dokumentere og ivareta kjeldeverdi
- Talet på automatisk freda kulturminne der det er utført utbetrande tiltak og/eller tilrettelegging
- Talet på automatisk freda kulturminne med eit tilfredsstillande bevarings- og vedlikehaldsnivå
- Talet på automatisk freda kulturminne med eit tilfredsstillande bevarings- og vedlikehaldsnivå som er tilrettelagt for publikum

Nasjonalt mål 6.3. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på freda bygningar og anlegg fordelte etter geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde

Nasjonalt mål 6.4. Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Indikatorar:

- Delen freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå (i prosent)
- Talet på freda fartøy og fartøy som inngår i verneplan for fartøy, og som er sette i stand

Nasjonalt mål 6.5. Mangfaldet av naturtypar i kulturlandskapet skal takast vare på eller gjenopprettast innan 2020. Som ein del av dette skal det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester sikrast.

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar i kulturlandskapet
- Talet på utvalde naturtypar i kulturlandskapet
- Talet på restaurerte naturtypar i kulturlandskapet

Nasjonalt mål 6.6. Eit representativt utval av naturtypane i kulturlandskapet skal vernast for kommande generasjonar, og verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast eller gjenopprettast.

Indikatorar:

- Totalt verna areal og verna areal fordelt på naturtypar i kulturlandskapet
- Talet på verneområde med forvaltnings og/eller skjøtselsplan
- Talet på verneområde der verneverdiane er truga

Nasjonalt mål 6.7. Areal brukt til landbruk skal vere berekraftig forvalta innan 2020.

Indikatorar:

- Del i prosent av jordbruksarealet i Noreg som blir drive økologisk.
- Talet på/arealet av utvalte naturtypar i kulturlandskapet som blir haldne i hevd.
- Del av jordbruksareal med redusert bruk av kjemiske plantevernmidlar.
- Del av jordbruksreal med tiltak for å redusere avrenning til vann og vassdrag.

Nasjonalt mål 6.8. Tapet av truga arter i kulturlandskapet skal vere stansa, og tilstanden til arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikatorar:

- Talet på truga arter knytte til kulturlandskapet
- Talet på prioriterte arter knytte til kulturlandskapet og bestandsutviklinga for desse.

Nasjonalt mål 6.9. Vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet i kulturlandskapet av framande organismar skal unngåast.

Indikatorar:

- Talet på skadelege framande organismar i kulturlandskapet og utbreiinga deira

Nasjonalt mål 6.10. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet.

Indikatorar:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tilletne grenseverdier.

Tilstand

Kunnskap om tilstanden til kulturminna, kulturlandskapet og naturmangfaldet er avgjerande for å vite kor ressursane skal setjast inn i arbeidet med å ta vare på desse miljøverdiane i dag og for kommande generasjonar.

Pr. juni 2013 er det registrert ca. 289 000 arkeologiske enkeltminne, fordelte på rundt 139 000 lokalitetar, men undersøkingar viser at for kvart arkeologisk kulturminne som er registrert, kan det vere meir enn 20 ukjente. Nokre er lett synlege, som gravhaugar og fangstanlegg. Andre ligg skjult i jorda, som for eksempel buplassar frå steinalder og gater og strukturar frå mellomalderen, eller i vatn som ofringar og overfløynde buplassar. Tap og skade på arkeologiske kulturminne har vore registrert sidan 1997, og i systematisk form sidan 2002, gjennom miljøovervåkingsprogrammet *Fortidens minner i dagens landskap*. Resultata viser at arkeologiske kulturminne er svært utsette, der skade og tap gjerne skjer ved endring av pløyedjupn, grøfting eller anna jordarbeiding, og i samband med bygg- og anleggsverksemd. Gjennom bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne vart det i 2012 gitt tilskot til skjøtsel og tilrettelegging ved 143 lokalitetar med arkeologiske kulturminne.

Det er til saman 123 ruinar frå mellomalderen i Noreg. Det er flest kyrkjeruinar, dernest ruinar etter kloster-, borg- og festningsanlegg. Ein del av desse er i svært dårleg tilstand, noko som i høg grad skuldast eldre reparasjonar der harde materialar som sement vart tekne i bruk. Bevaringsprogrammet for ruinar omfattar 45 mellomalder-ruinar som skal sikrast gjennom dokumentasjon, konservering, skjøtsel og tilrettelegging. 14 av dei 45 ruinane er sette i stand så langt.

Bergkunsten i Noreg består av bilete som vart hogde, slipte eller måla på berg for mellom 15 000 og 10 000 år sida. Pr. 1. januar 2013 er det registrert 1 656 bergkunstlokalitetar, og over 30 000 figurar eller grupper av figurar. Bergkunsten er utsett for både naturleg nedbrytning og menneskeskapt øydelegging, men tilstanden til mykje av den er likevel blitt betre gjennom skjøtsel og sikringstiltak.

I mellomalderen fanst det mellom 1000 og 2000 stavkyrkjer i Noreg. I dag har vi berre 28 igjen. 21 av desse er sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå, og dei siste sju kyrkjene skal etter planen vere sette i stand innan 2015. Fleire stavkyrkjer har i dag likevel behov for oppgradering av brannsikringsanlegga.

Vi har òg 248 profane (ikkjekyrkjelege) trebygningar frå mellomalderen som er omfatta av bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Dette kan vere stabbur, bur, loft og stover på gamle gardsanlegg. Dei vart sette i stand på 1990-talet, og fekk utstyr til brannsløkking. I løpet av dei fire siste åra er 22 bygnader sette i stand, men framleis har om lag 13 pst. behov for store utbetringar og 63 pst. har behov for moderate utbetringar.

Totalt er det freda i overkant av 6500 enkeltbygningar i Noreg, noko som utgjer om lag ein promille av alle bygningane i landet. Dei fleste av dei vel 3200 freda bygningane som er i privat eige er tilstandsvurderte, og alle inngår i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Berekingar frå 2012, basert på data frå fire fylke, og som er vurderte å vere representative for tilstanden på landsbasis, tilseier at om lag halvparten av dei freda bygningane i privat eige har ein teknisk tilstand som tilsvarar ordinært vedlikehaldsnivå. Ein del på 13 pst. har behov for store utbetringar og dei resterande bygningane har behov for moderate utbetringar. Tala viser at situasjonen har betra seg noko dei siste seks åra. For dei resterande freda bygningane som er i offentleg eige er forvaltninga sin kunnskap om tilstanden mangelfull, utan at konsekvensen treng å vere at desse kulturminna blir skadde og forfell.

Samiske kulturminne som er eldre enn hundre år er automatisk freda, men til no har det mangla ei god oversikt over desse kulturminna og tilstanden deira. Ei systematisk kartlegging av samiske freda bygningar og tilstanden deira starta i 2011, og vil etter planen vere ferdigstilt i 2017. Registreringsprosjektet inngår som eit delprosjekt i Riksantikvaren sitt overordna prosjekt *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga*. Berre ein mindre del av dei samiske bygningane er hittil registrerte, men av desse er over 40 pst. sette i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Eit kjenneteikn ved teknisk-industrielle kulturminne er at kvart anlegg må sjåast i ein heilskap som kan omfatte bygningar og produksjonsutstyr, arbeids- og bustadforhold, ressurstilgang, tekniske innretningar og anlegg. Dei representerer særlege tekniske og økonomiske utfordringar når det gjeld istandsetjing og vedlikehald. Eit representativt utval anlegg, knytt til våre viktigaste

næringsvegar og som har hatt ei vesentleg betydning for den regionale næringslivshistoria, skal takast vare på gjennom bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Pr. 1. januar 2013 er åtte av i alt 14 anlegg sette i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Pr. 31. januar 2013 består den norske verneflåten av 214 fartøy. Av desse er 10 freda, og dei fleste i god stand. Av fartøya som er oppførte på vernelista er i alt 96 sette i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå pr. 31. januar 2013. Som med dei tekniske og industrielle kulturminna er det knytt særlege utfordringar til istandsetjing og vedlikehald av fartøy.

Utrekningar gjennomførte ved Norsk institutt for skog og landskap indikerer at om lag 20 pst. av arealet i Sør-Noreg viser klar påverknad frå jordbruksverksemd. Til samanlikning dekkjer det aktive produksjonsarealet, dvs. jordbruksområde med innmark, tun og hagar om lag 3,6 pst. av det totale arealet i Noreg.

Om lag 1000 av dei truga artene har bestandane sine knytte til kulturlandskapet. Dette er i hovudsak sopp, karplanter, biller og sommarfuglar. Døme på truga arter i kulturlandskap er orkideen svartkurle, solblom og billa eremitt. Åkerrikse, svarthalespove og sanglerke er døme på truga fuglearter, mens slåtteeng og kystlynghei er døme på truga naturtypar i kulturlandskapet. Det er vedtekne tre prioriterte arter i kulturlandskapet (dragehovud, eremitt og svarthalespove). I følgje Artsdatabanken er arealet i Noreg som vart brukt til slått redusert med meir enn 90 pst. i løpet av det 20. hundreåret. Rundt 70 pst. av dag-sommarfuglar er knytt til open eng. Slåttemyr og slåttemark har fått status som utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova.

I følgje naturindeksen for Noreg har ope lågland (hvor jordbruket sitt kulturlandskap er ein

Boks 17.1 Jordvern og endringar i kulturlandskapet

Det nasjonale målet for jordvernpolitikken har sidan 2004 vore at årleg omdisponering av dyrka mark skal halverast til under 6000 dekar innan 2010. Målet om å halvere årleg omdisponering vart formulert i St.meld. nr. 21 (2004–2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand og er teke inn i Noregs strategi for berekraftig utvikling jf. nasjonalbudsjettet for 2008. Jordvernmålet er òg omtalt i Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken.*

Ifølgje offisielle KOSTRA-tal vart det omdisponert 6 567 dekar dyrka mark til andre formål enn landbruk i 2012. Dette er ein liten reduksjon frå året før (6 700 daa i 2011). Dei siste åra har det vore ein nedgang, og det er ikkje registrert så lite omdisponering av dyrka mark sidan 1980. Meir enn 2/3 av det som blir omdisponert blir teke i bruk til bustad-, nærings- og samferdsleformål.

Omdisponeringa av dyrka mark har dei siste fem åra halde eit stabilt lågare nivå enn i perioden 1994–2003. Ein har likevel ikkje lukkast med å komme heilt ned på det nivået som det politiske halveringsmålet inneber; ei årleg omdisponering på under 6000 daa.

stor del) saman med skog den dårlegaste tilstanden av alle dei store økosystema med ein indeks på 0,40 i 2012. Samla sett er tilhøva i kulturlandskapet i jordbruket mest bekymringsfullt. Mange areal er pressa av utbygging, gjengroing og drifts- endringar.

Tabell 17.1 Definisjonar

Omgrep	Definisjon
Kulturminne	Alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, under dette lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
Kulturmiljø	Område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.
Landskap	Landskapet er våre samla fysiske omgivnader, både det naturgitte og det menneskeskapte. Landskapet er forma gjennom påverknaden frå og samspelet mellom naturlege og/eller menneskelege faktorar.
Kulturlandskap	Alle landskap som er påverka av menneske. Begrepet er særleg brukt om område med intensiv landbruksproduksjon og landskap forma og enno prega av ekstensiv bruk, som til dømes gamle beite- og slåttemarkar, og kystlynghei.
Naturlandskap	Naturlandskap er brukt for å setje søkelyset på landskapsformene og det geologiske og biologiske innhaldet i landskapet, ofte i område der kulturinnslaga er lite synlege.
Arkeologiske/ marinarkeologiske kulturminne	Arkeologiske kulturminne er fysiske spor og restar som ligg i eller under markoverflata/under vatn.
Automatisk freda	Eit automatisk freda kulturminne er eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Automatisk freda er: Alle kulturminne frå før 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år, erklærte ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649, alle kulturminne på Svalbard frå før 1946.
Vedtaksfreda	Eit vedtaksfreda kulturminne er freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller Svalbardmiljølova. Vedtaksfreding kan omfatte alle typar kulturminne som ikkje fell inn under automatisk freding.
Freda fartøy	Fartøy som er freda etter kulturminnelova § 14a.
Verneverdig	Der det er gjort ei kulturminnefagleg vurdering, og kulturminnet er identifisert som verneverdig.
Verneverdige fartøy	Fartøy der det er inngått ei avtale mellom eigar og Riksantikvaren om å ta vare på fartøyet. Dette medfører mellom anna at fartøyet skal setjast i stand etter antikvariske prinsipp.
Tap	Der kulturminnet, arta eller naturtypen er fjerna, øydelagt eller gått tapt gjennom forfall eller gjengroing
Representativitet	Representativitet handlar om å belyse utviklinga av Noreg som samfunn, og heile samfunnet si utvikling og historie. Eit representativt utval er eit dynamisk omgrep, og kva som er sett på som fredingsverdig eller verneverdig endrar seg over tid. Sjå òg St.meld. nr. 16 (2004–2005) kap. 4.2.3.
Ordinært vedlikehaldsnivå	Tilstand som krev at berre planlagt vedlikehald er nødvendig, jf. norsk standard for tilstandsanalyse av freda og verneverdige bygningar (NS 3423). For fartøy vil ordinært vedlikehaldsnivå normalt vere i tre til sju år.
Sikra	Fysiske tiltak på eller ved eit kulturminne for å verne kulturminnet mot skade og tap, og for å ta vare på kulturminnet på staden eller for å sikre det vitskaplege kjeldematerialet.
Naturmangfald	Naturmangfald (biologisk mangfald) omfattar genetisk mangfald og mangfald av artar og naturtypar. Naturmangfaldet er med andre ord all verdas livsformer og deira levestader. Det omfattar òg biologiske prosessar og økologisk funksjon på ulike nivå.
Økosystemtenester	Økosystemtenester er gode og tenester som vi får frå naturen.
Svartelista	Artsdatabanken si svarteliste er ei oversikt over dei framande artene som utgjer størst økologisk risiko på stadeige naturmangfald.

Påverknader

Kulturminne, kulturlandskap og naturmangfold forsvinn eller vert skada i eit raskt tempo og i stort omfang. Endringar i klima, industri og næring, i busetjingsmønster og livsstil er faktorar som skapar store utfordringar i arbeidet med å ta vare på desse miljøverdiane. Å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane er eit framtidsprosjekt, der utfallet er avhengig av korleis vi vel å møte dagens utfordringar.

Berekningar av korleis klimaet vil kunne endre seg i løpet av dette hundreåret tilseier at det blir meir nedbør og varmare i alle landsdelar. Det vil føre til auka skadar og tap av kulturminne og kulturmiljø. Eit fuktigare klima vil utsetje treverk for større risiko for råte og skadedyrangrep. Om lag fire av fem freda bygningar i Noreg er trebygningar, der så godt som alle har treverk i takkonstruksjonar eller bjelkelag. Eit handfast teikn på klimaendringane er dei hundrevis av arkeologiske gjenstandar som har smelta fram frå fonner i høgfjellet, og som raskt blir brotne ned når dei kjem fram i dagen. På Svalbard gir tinande permafrost dårlege bevaringsforhold for dei arkeologiske kulturminna, og auka kysterosjon utgjør ein alvorleg trussel mot dei mange kulturminna som ligg ved kysten. Kulturminneverdiane på Svalbard blir i tillegg, i aukande grad, påverka av ferdsel i terrenget, auka utbygging og press på areala i busetnadene.

Klimaendringane vil òg kunne få indirekte konsekvensar, mellom anna som følgje av behovet for energieffektiviserande tiltak i den eksisterande bygningsmassen som blir stadig viktigare. Dersom energisparetiltak blir utført på gal måte, kan verneverdige bygningar både få bygningskadar og miste sin kulturhistoriske verdi.

I dei neste to tiåra vil befolkningsvekst og urbanisering vere blant dei sterkaste trendane. Dette vil setje press på natur, klimagassutslepp og ikkje minst på dei kulturhistoriske verdiane i byar og tettstader. Tre fjerdedelar av befolkningsveksten er venta å komme i fire storbyregionar. For å sikre gode bymiljø og urbane kvalitetar for framtida, må vi i dag ha ei bevisst haldning til korleis vi forvaltar dei eksisterande kulturhistoriske verdiane og ressursane når presset på areal og infrastruktur aukar.

Mens mange store og mellomstore norske byar opplever press i retning av vekst og utvikling, har tradisjonell industri blitt nedlagt. Endringar i industri og næring gjer at mange industrilokale og anlegg frå 1900-talet, og tidlegare vert ståande

Boks 17.2 Byens kulturarv – Bra for klimaet!

Det nordisk-baltiske samarbeidsprosjekt *Bærekraftige historiske byer: Byens kulturarv - Bra for klimaet!* vart gjennomført i 2011 og 2012. Bærekraftpolitikk og -praksis vart undersøkt i lys av dei utfordringane og moglegheitene dette representerer for forvaltning av kulturarven i deltakarlanda Latvia, Estland, Finland, Sverige og Noreg.

Det vart avdekt at lovgiving, prinsipp og eksempel på god praksis varierer frå land til land, men målsetjinga er å skape eit felles informasjonsgrunnlag som utgangspunkt for vidare diskusjonar og samarbeid landa i mellom. Prosjektet belyser korleis kulturarven kan vere ein verdifull ressurs for ei bærekraftig utvikling; både i ei konkret betydning - som eit gigantisk eksisterande klimagasslager og verdifull ressurs, og i overført betydning - som historisk dokument og kjelde til kunnskap om korleis samfunnet i dag kan møte ressursknappleik. Gjennom prosjektet vart det avdekt fleire eksempel på interessante likskapar mellom byplanprinsippa i historiske byar og tettstader, og prinsippa for moderne «økobyplanlegging». Med andre ord vil vern av byens kulturarv ofte falle saman med og la seg kombinere med strategiar for bærekraftig utvikling.

Arbeida har vore leia av Riksantikvaren i Noreg og Frederica Miller, Gaia arkitektar, har vore leigd inn som konsulent. Prosjektet er resultatet av eit initiativ frå arbeidsgruppa «Sustainable Historic Towns Working Group» (SuHiTo WG), ei av fleire tematiske grupper under the Monitoring Group of the Baltic Sea Region Cultural Heritage Cooperation. SuHiTo-gruppa vart etablert i 2000, for å adressere og fremje den urbane kulturarven si bærekraft i integrert forvaltning, planlegging og byutvikling. Prosjektet har delvis vore finansiert av Nordisk ministerråd.

utan bruk. Dei forfell òg raskt, dersom dei ikkje blir sette i stand og haldne ved like. Tekniske og industrielle kulturminne er bygningar og anlegg som har betydd mykje for mange, og ein type kulturminne som har fått auka merksemd.

Fråflytting og utbyggingspress har òg påverknad på kystmiljøa. Mange verdifulle kulturminne og kulturmiljø langs kysten har forsvunne i løpet av dei siste 20 åra, andre er prega av råde, forfall og skadar. Endringar i klimaet kan medverke til å forsterke denne utviklinga.

Kulturlandskapet, skapt gjennom tradisjonelt jord- og skogbruk, er truga av store endringar som skuldast fråflytting, auka krav til inntening og nye driftsmetodar. Kulturlandskapet, dei mange kulturhistoriske verdiane og det store naturmangfaldet ein finn her, er heilt avhengig av menneskeleg aktivitet for å haldes ved like.

Naturmangfaldet i jordbruket sitt kulturlandskap er i tillegg, som dei fleste naturtypar, bestemt av faktorar som topografi, berggrunn og jordsmonn. Innhaldet av arter i beitemark er avhengig av kva slag husdyr som beitar, kor mange dyr som beitar, når og kor lenge dei beitar og beitehistorikken i området. I tillegg kjem klimagradiantar frå kyst til innland, frå sør til nord og frå lågt til høgare over havet.

Framande skadelege organismar kan truge naturmangfaldet og produksjonen i landbruket i kulturlandskapet. Fleire forvilla hageplanter spreier seg særleg i kantsoner og produksjonsareal i jordbrukslandskapet. Framande treslag, både norsk gran utanfor sitt opphavlege utbreiingsområde og utanlandske treslag planta ut i skogbruket, har spreidd seg i kystlynghei og miljøforvaltninga har måtte gjennomføre tiltak for fjerning av slike treslag i verneområda.

Nedbygging av kulturlandskapet til bustad-, nærings- og samferdsleformål er ein viktig faktor for påverknad av naturmangfaldet i kulturlandskapet og for tap og skade på kulturminne og kulturmiljø.

Det gamle arealkrevjande jordbruket er erstatta med intensiv drift på dei mest produktive areal, særleg i dei sentrale strøka. Faktorar som har påverka om lag 25 pst. av dei truga artene i desse områda er pløying, gjødsling, mykje bruk av sprøytemiddel og for høgt beitetrykk, kopla med manglande beiting eller slått i kantsoner.

Intensivering av drifta råkar òg kulturminneverdiar, særleg dei arkeologiske kulturminna under bakkenivå. I regi av Riksantikvaren gjennomfører Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) ei systematisk overvaking av tap og skade på arkeologiske kulturminne i eit utval kommunar. Resultata frå desse undersøkingane viser at arkeologiske kulturminne er ei svært utsett gruppe der mellom anna endring av pløyedjup, grøfting eller anna jordarbeiding står for ein stor del av skadane.

Intensivering av drifta vil, saman med fråflytting frå distrikta og opphøyr av gardsdrift, føre med seg store endringar i landskapet. Tradisjonelle landskapsformer gror igjen og går tapt når aktivt jordbruk tek slutt. Klimaendringane med eit mildare klima forlenger vekstsesongen for planter og tre og aukar gjengroingsproblematikken. Gjengroinga av det marginale jordbruksareal er den viktigaste trusselen for om lag 60 pst. av dei truga artene i kulturlandskapet, og blir forsterka av skogplanting på gammal kulturmark. Sårbarheita i økosystema er avhengig av dei totale påverknadene, og ei rekkje arter vil ikkje klare å tilpasse seg raske endringar i vegetasjon og temperatur.

Svært mange arkeologiske kulturminne og freda bygningar i Noreg er knytte til eksisterande og tidlegare landbruksareal som er truga av gjengroing. Gardshusa som står ubrukte forfell raskt og atgroing rundt bygningane vil auke tempoet i den fysiske nedbrytninga og skape gode forhold for råde. Gjengroing trugar òg dei arkeologiske kulturminna som blir mindre synlege eller skadde av råde, tre som blir velta av vind og rotvelte. Indirekte kan gjengroing endre den historiske landskapskonteksten kulturminna ligg i, og fjerne forståinga av kulturminna sine opphavlege funksjonar i landskapet. Med redusert opplevingsverdi følgjer gjerne redusert bruksverdi. Det får konsekvensar for trivsel i lokalsamfunna og for potensialet for verdiskaping og formidling av kulturminna og av kulturlandskapet.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Følgjande satsingsområde skal medverke til måloppnåing og ei positiv utvikling innan resultatområda kulturminne og kulturlandskap.

Regjeringas viktigaste satsingar på kulturminneområdet har vore etableringa av 10 bevaringsprogram, satsinga på verdiskaping, prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga og fredingsarbeidet.

Naturmangfaldet i kulturlandskapet skal takast vare på gjennom satsing på mellom anna utvalte naturtypar, prioriterte arter, framande arter og sektorsamarbeid på målretta miljøtiltak i jordbruket.

Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste

Åtte år er gått sidan Stortinget behandla den førre meldinga om kulturminnepolitikken – St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner*, med eit høgt ambisjonsnivå og klare mål fram mot 2020.

I juni 2013 la Regjeringa fram Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* der både ambisjonsnivået og måla Stortinget vedtok i 2005 er oppretthaldne og vidareførte. Det betyr at målet om at ein skal ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping først vidare. Det same gjeld målet om at eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde skal ha varig vern innan 2020, ved freding.

I meldinga viser Regjeringa kva som er gjort så langt på kulturminnefeltet for å nå 2020-måla, korleis vi skal målrette innsatsen dei kommande åra, og korleis vi skal forvalte kulturminneverdiane i lys av dei utfordringane vi vil stå over for i framtida. Meldinga gir òg eit godt svar på dei risikoelementa som vert nemnde i Riksrevisjonen sin forvaltningsrevisjon frå 2009.

Statusrapporten syner at vi har komme eit godt stykke vidare i arbeidet. Særleg gjeld det gjennomgangen av tilstanden til dei freda kulturminna og arbeidet med å setje dei i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå. Det er òg gjort eit omfattande arbeid med å setje i stand kyrkjene og viktige kulturminne innanfor landbrukssektoren og i Forsvaret.

Likevel gjenstår det framleis ein god del før ein når 2020-måla. I den nye meldinga fremjar Regjeringa ei rekkje tiltak som skal medverke til at vi når måla, irekna ulike tiltak som omfattar smartare måtar å arbeide på, ein meir målretta bruk av midlane. Irekna er òg satsing på kunnskap og betre register og oversikter, slik at ein lettare kan følgje utviklinga og setje inn korrigerande tiltak og styre ressursane inn der behovet er størst.

Dei 10 bevaringsprogramma

Departementet si fremste satsing på kulturminneområdet har vore etableringa av 10 bevaringsprogram, med start i 2007. Dei skal fange opp dei tyngste forpliktingane som ligg i dei nasjonale måla, med måloppnåing i 2020.

Bevaringsprogramma legg vekt på å få fram synlege resultat gjennom tilskot til mellom anna istandsetjing av freda og fredingsverdige kulturminne. Nokre av programma har òg som mål å gjere kulturminna meir tilgjengelege for publikum.

Sidan oppstarten i 2007 har det vore lagt ned ein betydeleg innsats innanfor kvart av dei ti programma. Til dømes er det gjort eit omfattande arbeid med å setje i stand og sikre stavkyrkjene, inkludert interiør, kyrkjekunst og dekor, som var sterkt prega av forfall då bevaringsprogrammet

starta. Istandsetjingsarbeidet er i rute og vert avslutta i 2015. Dei 28 kyrkjene skal då berre ha behov for årleg vedlikehald. Også andre bevaringsprogram er i rute, mellom anna bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Vidare er fleire ruinar konserverte og mange bergkunstlokaltetar er rusta opp og tilrettelagde.

I nokre av programma gjenstår det likevel ein del arbeid før 2020-måla er nådde. Nokre av utfordringane er felles for alle programma som for eksempel mangel på handverkskompetanse, kapasitet og ressursar. Saman med tilskot frå staten, kanalisert gjennom programma, er det òg ein avgjerande faktor at eigarar har vilje, kompetanse og motivasjon knytt til istandsetjing av det einskilde kulturminnet. Satsinga på programma blir ført vidare og utfordringane vil bli følgt opp i tida framover.

Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga

I 2010 starta Riksantikvaren Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga som den største og viktigaste satsinga for å redusere risikoelementa som

Boks 17.3 Kulturminne i kommunen

Kommunane er hovudaktørar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø gjennom arbeidet med plan- og bygningslova. I formålsparagrafen står det at lova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. I tillegg har kommunane mynde etter fleire særlover som gjeld kulturminne, mellom anna som lokal landbruksmynde og som økonomisk ansvarleg for vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Kommunane forvaltar òg ulike tilskotsordningar i samband med statlege, regionale og kommunale satsingsområde. Når det gjeld lokale museum og lokalhistoriske arkiv, har kommunane ei sentral rolle gjennom eigarskap og/eller som finansiell bidragsytar. Mange kommunar samarbeider med aktive historielag og andre for å ta vare på lokalhistoria og spora rundt oss. Riksantikvaren har utvikla ein metode, ein mal og ei rettleiing for korleis ein skal registrere og vurdere verdien av verneverdige kulturminne. Dette er tilgjengeleg i *Håndbok for lokal registrering* som skal vere til hjelp i det praktiske arbeidet med registreringar slik at kommunane kan få både god kunnskap og oversikt over lokalhistoria og kulturminna.

Riksrevisjonen peika på i sin forvaltningsrevisjon. Prosjektet er ei hovudsatsing som skal sikre gode styringsdata og verktøy, og medverke til ei meir effektiv og samordna kulturminneforvaltning, og skal vere ferdig innan utgangen av 2017. Heilt sentralt i dette arbeidet har mellom anna vore modernisering av kulturminnedatabasen Askeladden, start av arbeidet med å registrere automatisk freda samiske bygningar og digitalisering av Riksantikvarens arkiv.

Eit av delprosjekta, *Styrking av kommunal kompetanse*, skal sikre at kommunane har tilgang til kunnskap om, og oversikt over, viktige kulturminne og planar for korleis desse skal forvaltast. Sentralt står tiltak som skal stimulere kommunane til å registrere og verdifastsetje kulturminne av lokal og regional verdi. Det er eit mål at ei slik oversikt kan danne grunnlag for kommunane sitt arbeid med planar etter plan og bygningslova. Det er i tråd med nasjonale forventningar, jf. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*, T-1497.

Verdiskaping på kulturminneområdet

Kulturminne og kulturmiljø utgjer, saman med andre lokale ressursar slik som naturverdiar, immateriell kulturarv, historiske forteljingar og kunst og kulturuttrykk, ein faktor for utvikling av næring og lokalsamfunn. Det er eit mål at kulturminnefeltet skal bli betre integrert i lokale og regionale plan- og utviklingsprosessar. Innsats og verkemiddel frå fleire sektorar kan verke saman for å oppnå felles samfunns mål, og samstundes medverke til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne vare på.

Erfaringar frå satsinga på verdiskaping dannar eit viktig fundament i arbeidet med å vidareutvikle verdiskapingsarbeidet på kulturminneområdet i åra som kjem.

Med utgangspunkt i erfaring frå *Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet 2006–2010* og *Naturarven som verdiskapar* utarbeider åtte departement ein *Nasjonal strategi for verdiskaping basert på natur- og kulturarven*, der mandatet for arbeidet er å kartleggje verkemiddel som støttar opp under verdiskaping og utvikling av lokalsamfunn, og å identifisere faktorar som må til for å lykkast med verdiskaping.

Fredingsarbeidet

Innanfor lovverket i dag er freding det sterkaste verkemidlet kulturminneforvaltninga har for å sikre at nasjonalt viktige kulturminne blir tekne

vare på for ettertida. Når historia eller historiene skal forteljast, må heile biletet takast med. Det er derfor viktig å prioritere heilskaplege kulturmiljø, kulturminne frå krigen og ulike minoritetsgrupper og nye innvandrargruppe sine kulturminne. Det same gjeld kulturminne som har betydd mykje for mange, som til dømes skular, samlingshus og arbeidarkulturen sine kulturminne. Det betyr ikkje at alt skal fredast, men eit heilskapleg bilete må liggje til grunn når vi vidarefører arbeidet med ein overordna fredingsstrategi og ein konkret plan for framtidige kulturmiljøfredingar.

Første fase av arbeidet med ein strategi for fredingspolitikken vil bli ferdigstilt av Riksantikvaren i 2013 og skal gjere utvalet av freda kulturminne og kulturmiljø meir representativt, jf. nasjonalt mål 6.3. Mellom anna er det lagt vekt på å få ei god oversikt over den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i fredingsporteføljen i dag. Erfaringane frå fredingsgjennomgangen, der nesten 1900 bygningar er gjennomgått til no, er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med strategien. Riksantikvaren vil arbeide med oppfølging av fredingsstrategien i 2014, ved mellom anna å utarbeide tematiske planar for framtidige fredingar, irekna kulturminne til nasjonale minoritetar og nye innvandrargrupper.

Fredingsarbeidet omfattar òg freding av kulturmiljø. Det er eit viktig verkemiddel for å sikre ein større heilskap i eit miljø, der den totale kulturhistoriske verdien i kulturmiljøet er avgjerande. Til no er åtte kulturmiljø freda og pr. 1. januar 2013 er òg eit arbeid knytt til framtidig fredingar i Levanger sentrum og Tinfoss industriområde på Notodden i gang. Arbeidet med å frede viktige kulturmiljø skal vidareførast, og for å målrette innsatsen skal det utarbeidast ein plan for prioriterte kulturmiljøfredingar fram mot 2020.

Arbeidet med landsverneplanar, det vil seie verneverdig eigedom i offentleg sektor, vart ført vidare i 2013. Målet er at alle dei kulturhistorisk viktige bygningane eigd av staten er ferdig freda i løpet av 2014, i tilknytning til grunnlovsjubileet.

Verneplan for fartøy (2010–2017) inneheld mellom anna ein plan for freding av eit utval fartøy i dei kommande åra. Målet er at rundt 40 fartøy skal vere freda når planen er gjennomført.

Departementet vil òg utarbeide ei egen verne- og kompetanseplan for arbeidet med dei utvalde tekniske og industrielle kulturminna. Denne skal medverke til ei langsiktig kompetansebygging på nasjonalt nivå slik at dei prioriterte anlegga, som ofte er store og komplekse, blir tekne vare på for framtidige generasjonar.

Fordi freding normalt inneber både forpliktingar og avgrensingar for eigaren, vil departementet medverke til ein meir eigarorientert fredingspraksis og forvaltning.

Bygg og Bevar

Prosjektet Bygg og Bevar er eit viktig verkemiddel som skal medverke til betre rammevilkår for eigarar, og leggje grunnlag for at ein kan nå målet om at alle freda bygningar og anlegg skal vere sikra eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020, jf. nasjonalt mål 6.4. Prosjektet skal òg medverke til å redusere det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø, jf. nasjonalt mål 6.1.

I 2009 etablerte Miljøverndepartementet prosjektet Bygg og Bevar i samarbeid med Byggnærings landsforeining. Koplinga til Byggnærings landsforeining knyter handverkskompetanse tett til prosjektet. Nettportalen er ein god arena for offentleg-privat samarbeid og medverkar til å kople eigarar av verneverdige og freda bygningar saman med handverkarar med rett kompetanse. I tillegg medverkar den med produkt- og bransjenøytral informasjon, og kunnskap til huseigarar om alt frå val av materiale, restaurering av vindauge, til energieffektivisering av verneverdige bygningar. Prosjektet «Bygg og Bevar» skal vidareførast og vidareutviklast i kommande år.

Handverkskompetanse

Riktig handverkskompetanse er avgjerande for å kunne vedlikehalde bygningar og fartøy. I dag var vi for få utøvarar med kompetanse i tradisjonelle handverk, noko som fører til risiko for tap av og skade på dei kulturhistoriske bygnadene.

I mai 2011 tok Miljøverndepartementet initiativ til å opprette ei interdepartemental arbeidsgruppe (NHD, KR, KUD, KD), som vurderer etablering av eit tilbod for etter- og vidareutdanning innan bygningsvern og restaurering innanfor dagens utdanningssystem. På bakgrunn av dette arbeidet er det etablert eit samarbeid med høgskulen i Sør-Trøndelag for å sjå på høvet til å opprette ei ny bachelorutdanning innan utøvande tradisjonshandverk der innan 2014/2015.

Internasjonalt samarbeid

Ei aukande internasjonalisering vil prege samfunnet vårt framover. Kulturminne og kunnskap om fortida kan medverke til forståing, identitet og stabilitet i eit samfunn i endring. Rundt om i verda blir kulturminne truga av utbygging, naturkatas-

trofar og konflikhtar. Internasjonalt samarbeid er derfor viktig, og Unescos verdsarvkonvensjon er eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet. Når det gjeld forvaltninga av våre eigne verdsarvområde er ambisjonen å sikre ei betre samordning og koordinering av den statlege politikken. Som grunnlag for dette er det utvikla eit strategidokument for heilskapleg gjennomføring av verdsarvkonvensjonen der mange samarbeidsaktørar er involverte. Strategidokumentet er i prosess for å verte formalisert og alt i haust vil prioriterte tiltak i strategidokumentet og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* setjast i gang.

Arkeologiske kulturminne

Staten dekkjer utgifter til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre, private tiltak. Ordninga har positiv verknad når det gjeld ukontrollerte tap av denne typen kulturminne.

Riksantikvaren la i 2011 fram *Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø 2011–2020*. Den skal medverke til å målrette prioriteringane på arkeologifeltet dei kommande åra og fremje eit heilskapleg perspektiv der pågåande og planlagde tiltak blir sette i ei ramme. Fleire tiltak er alt sette i gang, mellom

Boks 17.4 Flyboren laserskanning og arkeologi

Behovet for tidlege avklaringar og god framsynt arealplanlegging stiller nye krav til arkeologiske registreringar. Kulturminneforvaltninga må i åra som kjem opparbeide ytterlegare kunnskap og kompetanse om metodar som kan medverke til raskare oversikter og grunnlag for avgjerd innanfor ansvarlege økonomiske rammes. Flyboren laserskanning av landskapet er ein metode som har gitt lovande resultat når det gjeld rask oversikt over synlege automatisk freda kulturminne, som gravhaugar, jernvinneanlegg og fangstgroper. Metoden kan gi detaljerte tredimensjonale modellar av landskap og terreng over store område på kort tid. Synlege kulturminne må verifiserast i terreng for sikkert å skilje mellom naturformasjonar og kulturminne, men undersøkingane kan målrettast og effektiviserast i forhold til tradisjonelle metodar. Kulturminneforvaltninga skal arbeide vidare med metoden, og sikre at gode erfaringar blir vidareførte i arkeologiske registreringararbeid.

anna tiltak som inngår i *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga* knytte til sikring av godt datagrunnlag for forvaltninga. Det er òg sett i gang fleire tiltak knytte til rutinar for budsjettering av arkeologiske registreringar og utgravingar, og det er utarbeidd kriterium for vurdering av potensial for funn av automatisk freda arkeologiske kulturminne.

Arbeidet med Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal vidareførast, der det mellom anna skal utarbeidast ein felles registreringsstandard og rutinar for fastsetjing av omfang og kostnader ved arkeologiske registreringar. Det skal òg arbeidast for å sikre ei god forvaltning av kulturminne som ikkje har eit formelt vern direkte gjennom lova. Dette gjeld arkeologiske kulturminne frå tida etter 1537, der det skal utarbeidast ein plan for korleis viktig etterreformatorisk arkeologisk materiale kan ivaretakast. Det gjeld òg skipsfunn som er yngre enn hundre år, der det skal gjennomførast ei vurdering av denne hundreårsgrensa.

Sektorretta arbeid

Sektorretta arbeid rettar seg mot andre samfunnssektorar der målet er at den enkelte sektoren skal ta vare på eiga historie, sjå til at verksemda som sektoren utøvar tek omsyn til kulturminne, kulturmiljø og landskap, og at sektoren brukar kulturminne aktivt i verdiskaping. Landsverneplanane er eit konkret eksempel på korleis alle statlege sektorar har arbeidd med eiga historie uttrykt i eigedomsmassen.

Det er behov for å arbeide meir for at verksemda og verkemidla til fleire av sektorane ikkje kjem i konflikt med bevaringsomsyn. Det må òg finnast verkemiddel for å bevare sektoren sin kulturarv. Kompetanse på bevaring av kulturarven i den enkelte sektor er viktig for at kvar sektor kan ta ansvaret for bevaring av kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Landbruket er den viktigaste aktøren i forvaltninga av kulturlandskapet. Døme på eit godt samarbeid mellom sektorar er landbruket sine regionale miljøprogram og den lokale SMIL-ordninga som medverkar til skjøtsel og istandsetjing av både naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø. Berekraftig jordbruksproduksjon er eit sentralt begreip i samarbeidet. Dette må halde fram for saman å oppnå måla i kulturlandskapet.

Kartlegging, overvaking og resultatstyring er viktig for å kunne ha kunnskap om status og utvikling og det er godt samarbeid mellom dei ulike etatane på dette området. Nettstaden Miljokom-

mune.no samlar kunnskap og informasjon om miljøomsyn som eit hjelpemiddel i planlegging og forvaltning på lokalt nivå. Oppdatering og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget vil vidareførast for sikre ei kunnskapsbasert forvaltning av verdiar i kulturlandskapet.

By- og tettstadsområde med kulturhistoriske verdiar

Utviklinga som dei store byane vil møte krev ei bevisst haldning til kulturminneverdiar og kvalitetar som alt fins, og kjennskap til den historiske samanhengen dei inngår i. Desse har eit stort potensial for verdiskaping og dei er viktige i eit berekraftperspektiv. For bymiljøet og dei urbane kvalitetane vil måten ein møter denne utfordringa på derfor vere avgjerande. Utviklinga krev tilpassing til kulturminne og kulturmiljø, slik at viktige verdiar blir tekne vare på, og samstundes kan tilføre byromma kvalitet, variasjon og kontinuitet.

Riksantikvaren arbeider med å vidareutvikle og formidle dei moglegheitene som ligg i koplinga mellom formelle og faglege verktøy. Målet er å medverke til at kommunane får kommunedelplanar for kulturminne og kulturmiljø. Desse vil kunne leggje grunnlaget for reguleringsplanar der føresegner og omsynssoner gir rammene for ei god og berekraftig forvaltning av kulturminna og kulturmiljøa i byar og tettstader i endring. Sjå resultatområde 7 *Godt bymiljø*.

Klima og energi

Klimaendringane vil krevje tilpassingar i forvaltninga og ei vidareutvikling av kunnskapen om korleis venta klimaendringar vil påverke kulturarven. Det er ei utfordring i dag at vi ikkje har tilstrekkeleg faktabasert og systematisk kunnskap om korleis dei venta klimaendringane vil påverke kulturminna. Kunnskapen om dette skal derfor aukast gjennom å prioritere kulturminneforvaltninga si miljøovervaking. På grunn av manglande oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø som kan bli truga av klimaendringane, vil det bli utarbeidd ein strategi for ei nasjonal kartlegging av desse.

På den andre sida har kulturminneforvaltninga betydeleg kunnskap om korleis den eldre bygningssmassen, spesielt når det gjeld bygningar oppførte før 1950, kan energirehabiliterast på ein god måte, slik at ein kan møte behovet for redusert energibruk, samtidig som bygningane sine kulturhistoriske verdiar blir tekne vare på. I tida framover vil det bli arbeidd med å auke og spreie denne kunnskapen, og med å stimulere til at kunnskapen blir teken i bruk.

Utbygging av fornybar energi og nett kan ha stor påverknad på kulturlandskapet og miljøverdiar. Det er behov for god avveging mellom behovet for utbygging og omsynet til miljøverdiar og økosystemtenester. For å hindre tap av naturmiljø og økosystemtenester, også som følgje av klimaendringane, er det avgjerande å sjå påverknadsfaktorane i samanheng og forbetre kunnskapen om samla effektar av auka utbygging i kulturlandskapet og effektar av klimaendringar.

Kulturminne på Svalbard

Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023 skal sikre føreseieleg og langsiktig forvaltning av Svalbards kulturminne. Kulturminneplanen beskriv mellom anna kva kulturminne som skal synfarast og følgjast opp, og skal medverke til å sikre eit representativt utval kulturminne og hindre ukontrollert tap, jf. nasjonalt mål 6.16.

Handverkskompetansen på Svalbard vil bli styrkt frå og med 2014.

Norsk kulturminnefond

Norsk kulturminnefond, oppretta i 2002, er eit økonomisk verkemiddel i arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Frå og med 2014 vil Kulturminnefondet sin aktivitet hovudsakleg vere retta mot verneverdige kulturminne og Riksantikvarens mot dei freda. Kulturminnefondet si hovudoppgåve vil vere å fordele tilskotsmidlar til prosjekt som omfattar verneverdige kulturminne og kulturmiljø i privat eige, jf. nasjonalt mål 6.4. Kulturminnefondet har òg vore ein viktig bidragsytar og aktør i verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet (frå 2006 til 2010).

I forskrifta for fondet er det slått fast at den private delfinansieringa i kvar sak skal vere minimum 30 pst. Kulturminnefondets tilskot har utgjort i underkant av 30 pst. av totalkostnadene i prosjekta dei har støtta. Dette har fremja den private innsatsen i form av pengar og arbeidsinnsats og utløyst midlar frå andre offentlege tilskotsordningar.

For å hindre ei tilnærma halvering av midlane til Norsk kulturminnefond i 2018, på grunn av rentereduksjonar, vart fondsordninga lagt ned og omlagt til eit forvaltingsorgan med særskilte fullmakter, med verknad frå 2013. I 2013 har Norsk kulturminnefond eit budsjett på 61,44 millionar kroner, som er ein auke på to millionar frå 2012.

I 2014 vil departementet evaluere kulturminnefondet, og mellom anna sjå om tilskota har hatt

ringverkingar av sosial eller økonomisk karakter i lokalsamfunna.

Vedlikehald og skjøtsel i jordbrukets kulturlandskap

For å motverke dei negative trendane i kulturlandskapet som gjengroing og forureining er det behov for auka satsing på langsiktig, heilskapleg og føreseieleg forvaltning. Målet er å få til auka drift og skjøtsel av jordbruket sitt kulturlandskap med særlege miljøverdiar, til dømes landskap med gamle kulturmarker, kulturhistoriske verdiar og i verneområde. Ein variert jordbruksstruktur, husdyr på beite og bevaring av kunnskap om skjøtsel er derfor viktig.

Ulike miljøverkemiddel i landbruks- og miljøvernforvaltninga medverkar til skjøtsel og istandsetjing av naturmangfald og kulturminne i kulturlandskapet. Det er behov for å arbeide vidare med målretting og samordning av desse for å oppnå ei meir positiv utvikling. Ein viktig føresetnad er eit godt samarbeid mellom naturforvaltninga, landbrukssektoren og grunneigarar.

Kunnskap om kor dei trua artene lever og korleis dei skal takast vare på er heilt avgjerande for deira status i framtida. Satsinga på kartlegging og overvaking, med tilgjengeleggjering av kunnskap bla. gjennom Artskart og Naturbasen, vil bli ført vidare.

Gjennom prosjektet *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* har landbruks-, natur- og kulturminneforvaltninga gått saman om å gi nokre område spesielle tilskot for å bevare natur- og kulturhistoriske verdiar. Satsinga er basert på frivillige avtaler mellom staten og brukarane. I 2013 gjennomførast ei ekstern evaluering av administrative element rundt satsinga. Evalueringa skal vurdere forvaltning og forvaltningseffektivitet, og kostnadseffektivitet. Vidare skal måloppnåing og effekt av satsinga vurderast opp mot å løyse utfordringane gjennom andre verkemiddel i miljøforvaltninga og landbruket. Dette arbeidet vil gi grunnlag for vidareutvikling av ordninga.

Omsyn til jordvern

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det venta at fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til jordbruksareal og kulturlandskapet, og medverkar til at dei nasjonale måla for jordvern blir nådde ved å avgrense omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane og redusere oppsplitting av viktige areal.

Aktiv bruk av verkemidla i plan- og bygningslova gjer det mogleg med langsiktige løysingar

som tek vare på omsynet til samfunnsutviklinga, samtidig som omdisponeringa av areal kan haldast innanfor jordvernmålet. Som del av kommunal planstrategi skal val knytte til langsiktig arealbruk drøftast. Omsynssoner kan mellom anna nyttast til jordvern. Det er innført ein ny heimel som gir statlege styresmakter tilgang til å bestemme at delar av ein arealdel ikkje kan endrast eller opphevast i ein gitt periode, blant anna ut frå omsyn til jordvernet. Vilkåra for dispensasjon er gjort klarare og stramma inn slik at det vil bli vanskelegare å omdisponere jord ved dispensasjon frå vedtekne planar. Det vil bli arbeidd for å oppnå Regjeringa sitt mål om å omdisponere under 6000 daa jordbruksareal årleg.

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å hindre uønskt nedbygging av matjord og ta vare på viktige kulturminne. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale. Regjeringa vil følgje opp bruken av dei nye verkemidla i plan- og bygningslova og vil vurdere å lage eigne statlege planretningslinjer for å sikre jordressursane.

Forvaltning av landskap og oppfølging av landskapskonvensjonen

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen, og Miljøverndepartementet har overordna ansvar for oppfølginga av konvensjonen. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Departementet arbeider med ein nasjonal strategi for oppfølging av konvensjonen, som òg vil kunne medverke til utviklinga av ein samla norsk landskapspolitikk.

Det er behov for å ta omsyn til heilskapen i landskapet betre inn i arealplanlegging på alle nivå. Natur- og kulturarven i landskapet må sjåast i samanheng, og kunnskap om landskapet må inn som premiss for arealdisponering, både i lokal planlegging og i samband med større tiltak knytte til infrastruktur og energianlegg. Direktoratet for naturforvaltning (no del av Miljødirektoratet) og Riksantikvaren har utarbeidd ein rettleiar for landskapsanalysar i kommunal planlegging. Metoden vart med medverknad frå Miljøverndepartementet utprøvd i to kommunar i Troms i 2012, og er no under evaluering. Vidare arbeider departementet med metodar for klassifisering og vurdering av verdiar i landskapet. Ei felles utvikling av metodikken for kartlegging av landskapstypar er

gjort av fleire fagmiljø og vil bli slutført i 2013. Framover vil det bli arbeidd med utvikling av ein nasjonal database der ulike data knytte til landskap kan leggjast.

Prioriterte arter og utvalde naturtypar

Dragehovud og eremitt er vedtekne som prioriterte arter utan funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Svarthalespove er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova, mens slåttemyr og slåttemark har fått status som utvalte naturtypar etter naturmangfaldlova.

Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalte naturtypar vil halde fram i 2014. I dette arbeidet vil òg arter og naturtypar knytte til kulturlandskap i jordbruket bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalte, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidd.

Framande organismar

Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot framande skadelege arter gir grunnlaget for arbeidet med å nedkjempe framande, skadelege organismar.

Det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av framande organismar driv fleire prosjekt for å få betre kunnskap om spreingsvegar og rask oppdaging av framande organismar som vert introduserte til Noreg. Fram mot 2015 er det planlagt kartlegging og overvaking av spreingsvegar for planter, mellom anna langs samferdselsårer og ved import av planter.

Miljøverndepartementet vil i 2014 auke samarbeidet med våre naboland om å stoppe spreinga av mårhund, slik at vi kan unngå introduksjon og etablering av denne arten som har høg økologisk risiko ved at den gjer store innhogg i fugle- og fiskebestandar og kan overføre sjukdommar.

Ei forskrift om innførsel og utsetjing av framande organismar er venta ferdigstilt i 2014.

Genmodifiserte organismar (GMO)

Regjeringa fører ein restriktiv politikk på GMO-området og styresmaktene vurderer miljørisiko nøye ved søknader om utsetjing av GMO. Norske styresmakter har så langt ikkje godkjent genmodifiserte organismar for dyrking eller anna form for utsetjing i naturen. Samtidig aukar bruken av genmodifiserte organismar i omfang i mange andre land, og situasjonen blir følgt nøye gjennom overvakingssystem, prøvar og analysar. Slike system skal syte for at vi veit kva slag typar av genmodifi-

serte organismar som eventuelt finn vegen til Noreg. Denne informasjonen vil så danne grunnlag for eventuelle tiltak for å sikre økosystem og naturmangfald.

Dei vitskaplege vurderingane på GMO-området har metodisk mykje til felles med vurderingar knytt til framande arter, mikroorganismar og handel med truga arter. For å sikre ei best mogleg samla og kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfaldet i Noreg, vil Miljøverndepartementet vurdere å leggje alle desse vitskaplege vurderingane til eitt organ eller institusjon.

I tillegg til å vurdere spørsmål om helse og miljø, skal regjeringa ved behandling av marknadsføringsløyve for GMO også leggje til grunn kriteria i genteknologilova om samfunnsnytte, berekraftig utvikling og etikk. Det er behov for meir utgreiing og forskning relatert til samfunnsnytte ved import av GMO. Det er òg behov for auka kunnskap om berekraftig utvikling i land som dyrkar GMO.

Genressursar

Genetiske ressursar kjem både frå ville og domestiserte arter. Noreg hadde ei sentral rolle i forhandlingane om Nagoya-protokollen om tilgang og rettferdig fordeling av genressursar under konvensjonen om biologisk mangfald (CBD), som vart vedteken i 2010. Noreg blir truleg det første industrialiserte landet til å ratifisere protokollen i august/september 2013. Det blir arbeidd med ein forskrift om uttak og utnytting av genetiske materiale etter naturmangfoldlova og havressurslova.

Tabell 17.2 Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalde område.

År	Prosentvis årleg tap	Kommentar
2005–2010	0,8 %	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Gjerstad, Fræna, Kautokeino og Nord-Aurdal.
2006–2011	1,1 %	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Tromsø og Nittedal.
2007–2012	0,9 %	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Skjåk, Sandnes, Saltdal og Eidskog.

– Talet på tapte bygningar i tette trehusmiljø.

Det er pr. i dag ikkje mogleg å rapportere på denne indikatoren. Tap (uavhengig av årsak) av bygningar i tette trehusmiljø kan hentast inn via Matrikkelen, men dette har vist seg å vere eit så

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

6.1. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.

Indikatorar:

– Prosentvis årleg tap av verneverdige kulturminne i utvalde område.

Det kan førebels ikkje rapporterast på indikatoren. Det blir arbeidd med eit langsiktig overvåkingsprogram for verneverdige kulturminne som ledd i *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga*. Sidan 2011 er det gjort registreringar av verneverdige kulturminne i utvalte kommunar, så vel som metodikkarbeidet. Det vil bli mogleg å rapportere på det årlege tapet av verneverdige kulturminne frå og med 2016.

– Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar i utvalde område.

I 2012 vart kommunane Skjåk, Sandnes, Saltdal og Eidskog kontrollregistrerte som ledd i overvåkingsprogrammet *Gamle hus da og nå* for tredje gang. Den førre kontrollregistreringa i disse kommunane var i 2007. I alt vart 2393 SEFRAK-registrerte bygningar kontrollerte, der 109 bygningar i denne 5-årsperioden har gått tapt. Dette tilsvarer eit samla årleg tap på 0,9 pst. Manglande bruk og funksjon er den viktigaste trusselen for alle hustypar. I Sandnes har sentrumsplanen og kulturminneplanen, med fokus på vern i definerte historiske soner, hatt positiv effekt med ein lav del av tapte og endra bygningar i Sandnes by.

tidkrevjande arbeid at det i dag ikkje er forsvarleg ut frå ressursomsyn å gjere det.

– Talet på kommunar som har rapportert at dei har ein plan med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø.

Tabell 17.3 Talet på kommunar med plan med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø.

År	Tal kommunar
2010	162
2011	199
2012	185*

* Det er ulikt tal på kommunar som har rapportert på spørsmålet om dei har plan med særleg fokus på kulturminne og kulturmiljø. I 2012 har berre 340 kommunar svart, mot 369 i 2011.

- Storleiken på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova.

Tabell 17.4 Storleiken på areal med bevaringsstatus etter plan- og bygningslova.

År	Dekar
2009	40 181
2010	47 294
2011	101 497* 52 007
2012	275 592

* Innrapporterte tal hos SSB for 2011 er på 101497 dekar. Det er tre kommunar som har rapportert inn usannsynleg høge tal (dette kan skuldast ei samanblanding av kvadratmeter og dekar). SSB tilrår å trekkje frå dei usannsynlege tala frå desse tre kommunane, dermed blir totalen for 2011 redusert til 52 007 dekar. For 2012 er det òg feil i rapporteringa frå fleire kommunar.

Tabell 17.5 Årleg tap av og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalde område og etter årsaksforhold.

År	Prosentvis årleg tap	Prosentvis årleg skade	Kommentar
2005–2010	0,06 %	1,2 %	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Skien, Trondheim, Grong og Tromsø.
2006–2011	0,0 %	0,9 %	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Fræna, Kautokeino og Nord-Aurdal.
2007–2012	0,07%	1,46%	Kontrollregistreringane vart utførte i kommunane Eidskog, Saltdal, Sandnes og Skjåk

- Prosentvis årleg tap av kulturminne i jordbrukets kulturlandskap.

Overvåkingsprogrammet 3Q (Tilstandsovervaking og resultatkontroll i jordbrukets kulturlandskap) har gjennomført ei rekkje feltregistreringar, men tala kan pr. i dag ikkje angi årleg tap, då kvart område berre er registrert ein gong. Tala angir derfor status og gir berre ein indikasjon på utviklinga. Når programmet tek til med å registrere område på nytt vil det bli mogleg å rapportere på endringar og tap.

Kontroll av 721 SEFRAK-bygningar i felt viser at 89 pst. av desse er ståande. Av desse er 76 pst. i god tilstand og 13 pst. i forfall. 3 pst. er fjerna, 5 pst. har tilstand tuft/ ruin, og 1 pst. er erstatta med nytt hus.

Av ca. 80 gravminne er 25 pst. vurderte til å vere i god stand. Heile 52 pst. er i sterkt forfall og 15 pst. er i delvis forfall. 3 pst. er ikkje sikkert identifiserte mens 5 pst. manglar tilstandsvurdering. Over halvparten av gravminna er heilt eller delvis prega av gjengroing.

6.2. For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstige 0,5 prosent innan 2020.

Indikatorar:

- Årleg tap av og skade på automatisk freda arkeologiske kulturminne i utvalde område og etter årsaksforhold.

I 2012 vart kommunane Eidskog, Saltdal, Sandnes og Skjåk kontrollregistrert som ledd i overvåkingsprogrammet *Fortidens minner i dagens landskap* for tredje gang. Den førre kontrollregistreringa var i 2007. I alt 780 automatisk freda arkeologiske kulturminne vart kontrollerte. Tre av desse har gått tapt sidan 2007. Dette tilsvarer eit samla årleg tap på 0,38 pst.

Tendensen at mange arkeologiske kulturminne ikkje blir funne igjen held fram. I alt kunne 38 kulturminne ikkje finnast igjen. Men vi ser av kontrollen i 2012 at årsaka til at kulturminna ikkje vart funne

skuldast både feilavmerking, at det har skjedd arealendringar rundt kulturminna og uthogging av skog. Sistnemnde gjeld spesielt for Eidskog, og det gjenstår å sjå om dei fleste kulturminna ligg uskadde under hogstavfall i neste omdrev. Det er ein tendens til at nyregistrerte skadar dreier seg om ytterlegare skade på lokalitetar som òg var skadde i 2007. Dette gjaldt for 57 kulturminne.

- Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon.

Tabell 17.6 Talet på automatisk freda arkeologiske kulturminne som blir fjerna gjennom dispensasjon

År	Tal	Kommentar
2010	333	Tal på vedtak om utgravingar som vart fatta dette året.
2011	359	Frå og med 2011 blir det rapportert på tal på arkeologiske kulturminne som er blitt fjerna gjennom dispensasjon det gjeldande året i staden for talet på vedtak om utgravingar. Talet kan derfor ikkje samanliknast direkte med talet som er rapportert inn for 2010.
2012	353	


Riksantikvaren har sendt ut melding til tiltakshavarar om ferdigstilte arkeologiske undersøkingar (ferdigmelding) i 98 saker som gjeld til saman 353 ulike lokalitetar. Det er mange føresetnader knytte til desse tala. Mellom anna er tala baserte på at institusjonane som har ansvaret for arkeologiske undersøkingar, har meldt frå om at undersøkingane er ferdige. Tala er òg baserte på data henta frå kulturminnebasen Askeladden der det er stor variasjon i registreringane med omsyn til kva som er omfatta av ein lokalitet i Askeladden, og dermed korleis en tel og/eller avgrensar eit kulturminne.

6.3. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.

Indikator:

- Talet på freda bygningar og anlegg fordelte etter geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde.

Dagens fredingsportefølje omfattar om lag 6500 enkeltobjekt. I samband med fredingsstrategiarbeidet har fylkeskommunane i 2012 (Østfold, Hordaland og Oppland gjenstår), hatt ein gjennomgang av alle freda enkeltminne og oppdatert desse med omsyn til eksakt datering, funksjon, kopling til sosialt miljø og etnisk tilhøyring.

Geografisk fordeling

Figur 17.1 Geografisk fordeling av freda bygningar og anlegg.

* Bygdøy kulturmiljøfreding er ikkje med i talet for Oslo.

Sosial fordeling

I samband med fredingsstrategiarbeidet har fylkeskommunane gjort ei vurdering av kulturminna sin kopling til sosialt miljø. I 2011 var kopling til sosialt miljø registrert for 57 pst. av dei vedtaks- og forskriftsfreda bygningane og anlegga. I 2012 er slik tilhørsle vurdert for 78,5 pst. av desse kulturminna. Dette er enno ikkje lagt inn i Askeladden.

Etnisk fordeling

Gjennomgangen til fylkeskommunane i samband med fredingsstrategiarbeidet har vist at det er svært få freda bygningar og anlegg som er registrerte med ei etnisk tilhøyring. 60 enkeltminne har ei slik tilhøyring, og av desse er 59 enkeltminne knytte til kvenar og eitt til skogsfinnar. Dette er enno ikkje lagt inn i Askeladden.

Næringsvis fordeling

Den største gruppa av fredingar er knytt til primærnæringer, først og fremst landbruket. Få fredingar er knytte til sekundærnæringer, det vil seie næringer som industri, bergverk og vass- og kraftforsyning.

Tabell 17.7 Næringsvis fordeling av freda bygningar og anlegg*

Hovudgruppe	Tal 2012
Ikkje næringsstilknytt/privat*	937
Organisert/offentleg verksemd	1638
Landbruk	Ca. 2000
Fiske	200
Religion/tradisjon/hending	58
Sekundærnæringer	284
Tertiærnæringer	1189
Andre funksjonar	278
Totalsum	Ca. 6584

* I samband med fredingsstrategiarbeidet har fylkeskommunane òg gjort ei kvalitetsheving av kulturminna sin tilknytning til næring/funksjon. I 2011 hadde 65 pst. av kulturminna ei funksjonsnemning. Av kulturminna som ikkje er tilknytte ei næring har no 100 pst. fått ei slik nemning. Dette er enno ikkje lagt inn i Askeladden.

Tidsfordeling

Det er frede flest bygningar frå 1800-talet, men 1900-talet har blitt betre representert gjennom nye fredingar dei seinare åra.

Tabell 17.8 Tidsfordeling av freda bygningar og anlegg*

Datering	Bygning	Grøntanlegg- gjerder, fontener og liknande	Kyrkje	Teknisk/ Industrielle minne	Sum
Etterreformatorisk tid	549	32		65	646
1537–1649	34				34
1500-talet	1				1
1600-talet	167	12	1	33	213
1700-talet	1136	25	3	12	1176
1800-talet	2072	23	3	74	2172
1900-talet	1633	101	5	169	1908
2000-talet	5	7		2	14
Totalt	5597	200	12	355	6164

* Disse tala er baserte på Askeladden. I fredingsstrategiarbeidet i 2012 har fylkeskommunane gjort ei kvalitetsheving av den eksakte dateringa til kulturminna. I 2011 hadde 50 pst. av enkeltminna ei eksakt datering. I 2012 er 80 pst. av enkeltminna registrerte med ei eksakt datering. Dette er enno ikkje lagt inn i Askeladden.

6.4. Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Arbeidet med å løfte freda bygningar, anlegg og fartøy opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå blir

styrt gjennom dei respektive bevaringsprogramma.

Indikatorar:

- Del av freda bygningar og anlegg med ordinært vedlikehaldsnivå (i prosent).

Tabell 17.9 Freda bygningar i privat eige*

	Ordinært vedlikehaldsnivå	Moderate utbetringar nødvendig	Store utbetringar nødvendig
2006–2009	38	42	20
2010	47	39	14
2011	49	38	13
2012	51	38	13

* Bygningar med dei ulike vedlikehaldsnivåa er vist i prosent

Gjennom prosjektet tilstandsvurdering av alle freda bygningar og anlegg i privat eige, gjennomført i perioden 2006–2009, vart tilstanden til 2 670 bygningar vurdert. 20 pst. av bygningane hadde behov for store utbetringar, 42 pst. for moderate utbetringar, mens 38 prosent var i god stand slik at dei berre hadde behov for ordinært vedlike-

hald. Mangelfull oppdatering av informasjon om tilstand gjer det vanskeleg å rapportere på denne indikatoren. Tala for 2010 –2012 er derfor overslag basert på opplysningar frå fire fylke, og som omfattar om lag 30 pst. av bygningane som inngår i *Bevaringsprogram for freda bygningar i privat eige*. Dei viser at tilstanden har betra seg noko,

særleg for gruppa av bygningar med behov for store utbetringar, der delen var redusert frå 20 til 13 pst., frå dei første tilstandsregistreringane i perioden 2006–2009 til 2012.

Når det gjeld bygg og anlegg som ikkje er i privat eige, fins det inga systematisk rapportering om tilstand i forvaltninga, noko som gjer det problematisk å rapportere på denne delen av indikatoren.

Registrering av freda samiske bygningar starta opp i 2012 som del av *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga*, og skal avsluttast i 2017. I den første feltsesongen blei 3030 automatisk freda samiske bygnader i fem kommunar i Funnmark, Troms og Nordland kartlagde og tilstandsvurderte. Så langt visar det seg at 27 pst. av bygnadene har behov for moderate utbetringar, og 43 pst. er i god stand og berre treng ordinært vedlikehald.

Tabellen viser talet på stavkyrkjer, ruinar og teknisk og industrielle kulturminne som var sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå pr. 31.12.2012

Tabell 17.10 Utviklinga i ordinært vedlikehaldsnivå for teknisk og industrielle kulturminne, ruinar og stavkyrkjer 2010–2011

	Ordinært vedlikehaldsnivå pr. 31.12.2012	Tal som inngår i respektive bevaringsprogram pr 31.12.2012
Stavkyrkjer	21	28
Ruinar	14	45
Tekniske og industrielle kulturminne	8	14

- Talet på freda fartøy og fartøy som inngår i verneplan for fartøy, og som er sette i stand.

Tabell 17.11 Talet på freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigar om vern og som er sette i stand.

År	Verneverdige fartøy (inkludert freda)	Fartøy som er sette i stand
2010	207 (6)	99 (2)
2011	215 (8)	112 (7)
2012	214 (10)	96 (6)

6.5. Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vere sikra innan 2020.

Indikator:

- Talet på sikra automatisk freda arkeologiske kulturminne.

I 2011 og 2012 har fylka gjennomført tilstandsregistreringar av tilrettelagte og skjøtta arkeologiske kulturminne. Det er òg utarbeidd lister over prioriterte arkeologiske kulturminne som skal sikrast og gjerast tilgjengelege gjennom *Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø* (BARK). Pr. januar 2013 har alle fylkeskommunar levert tilstandsoversikter over kulturminne som er eller er ønskt tilrettelagde, totalt rundt 2350 lokalitetar. Sametinget har sett i gang arbeid med tilstandsregistrering av samiske kulturminne. Dette materialet vil gi ei samla, nasjonal oversikt, slik at det kan rapporterast på indikatoren i 2013. Det vart utført skjøtsel og tilretteleggingstiltak på 143 arkeologiske lokalitetar i 2012, 46 tiltak er fullførte og resten skal førast vidare i 2013.

Gjennom *Bevaringsprogram for bergkunst* (BERG) er det i 2012 sett i gang skjøtsel på 80 lokalitetar (50 tiltak fullførte i 2012), tilrettelegging av 23 lokalitetar (16 tiltak fullførte i 2012), og utført dokumentasjon av 40 lokalitetar. For 49 lokalitetar, der det er sett i verk skjøtselstiltak innanfor programmet (sidan 2011), er det rapportert eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå (sikra lokalitetar).

6.6. Utryddinga av truga arter i kulturlandskapet skal vere stansa, og status for arter i nedgang skal vere betra innan 2020.

Indikator:

- Talet på truga arter knytte til kulturlandskap.

Omlag 20 pst. av artene på Norsk Raudliste for arter 2010 er knytte til kulturlandskap, og 750 arter knytte til kulturlandskapet er truga. Døme på truga arter er søstermariland, soppene slimjordtunge og rosa vokssopp og insekta bakkehumble og heroringvenge.

6.7. *Mangfaldet av naturtypar i kulturlandskapet skal takast vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle arter førekjem i levedyktige bestandar. Det genetiske mangfaldet og viktige økologiske funksjonar og tenester skal takast vare på.*

Indikator:

- Talet på restaurerte naturtypar i kulturlandskapet.

Tiltak som er sette i gang gjennom arbeidet med utvalde kulturlandskap i jordbruket, handlingsplanar for utvalde naturtypar og prioriterte arter etter naturmangfaldlova, og forvaltningsplanar og bevaringsmål i ulike verna kulturlandskap, medverkar alle til å ta vare på og restaurere naturmangfaldet i kulturlandskapet. Eit døme er Leka i Nord-Trøndelag der ein er i ferd med å restaurere store areal av attgrodd og tilplanta kystlynghei gjennom rydding av lauvtre og sitkagran og igangsetjing av skjøtsel i form av beiting. Dette området har både vernestatus, er eit utvalt kulturlandskap og er utvalt naturtype etter naturmangfaldlova. I 2012 har det vore restaureringstiltak på lokalitetar med naturtypene slåttemark, slåttemyr, haustingsskog og kystlynghei. Dette er eit arbeid som vil halde fram kontinuerleg i åra framover.

Samhandling med miljøverkemidla i landbruket har vore i fokus i 2012. Særleg gjennom arbeidet med utvalde kulturlandskap og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova skjer det ei betre målretting av landbrukets miljøverkemiddel i mange fylke.

6.8. *Areal brukt til landbruk skal vere berekraftig forvalta innan 2020.*

Arbeidet med utvalde kulturlandskap er eit kontinuerleg samarbeid mellom miljø- og landbruksforvaltninga der eit viktig mål er å ta vare på kulturminne og naturverdiar i aktive jordbruksområde. I 2013 er det 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket. Talet har ikkje vore auka sidan 2010. Nasjonalt miljøprogram og dei regionale miljøprogramma i jordbruket vart reviderte i 2012.

Grasmarkene si betydning for fangst av karbon i samanheng med klimaendringane har til no vore lite påakta i Noreg.

6.9. *Dei mest truga naturtypene i kulturlandskapet skal ha status som utvalde naturtypar*

Indikatorar:

- Talet på truga naturtypar knytte til kulturlandskapet.
- Talet på utvalde naturtypar i kulturlandskap.

I følge Norsk Raudliste for naturtypar 2011 er dei tre naturtypene kulturmarkseng, kystlynghei og slåtting truga naturtypar i kulturlandskapet. I tillegg er fleire sterkt kulturpåverka og til dels kulturavhengige naturtypar som er lagt inn under andre hovudøkosystem i raudlista truga. Dette gjeld mellom anna slåttemyrflate og slåttekant (lagt under våtmark) og strandeng og sanddyne-mark (lagt under kyst).

Det er vedteke to utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova i kulturlandskapet, desse er slåttemark og slåttemyr. Det blir arbeidd vidare med å få kystlynghei, haustingsskog, naturbeitemark og strandeng som utvalde naturtypar.

Tiltak og kvalitetssikring av arbeidet med dei utvalde naturtypene er organiserte gjennom fylkesvise skjøtelsgrupper. Desse sikrar at miljø- og landbruksforvaltninga er godt samordna. Nasjonale koordinatorar for dei enkelte handlingsplanane sikrar fagleg god og mest mogleg lik praksis i alle fylke.

I 2013 har arbeidet med å setje i verk handlingsplanen for slåttemark halde fram, og alle fylka i Noreg deltek no med dette.

6.10. *Dei mest truga artene i kulturlandskapet skal ha status som prioriterte arter.*

Indikator:

- Talet på prioriterte arter knytte til kulturlandskap.

Av dei åtte første prioriterte artene etter naturmangfaldlova som vart vedtekne i mai 2011 er draghovud, honningblom, klippeblåvenge, svarthalespove og eremitt heilt eller delvis knytte til kulturlandskapet.

Det blir arbeidd med å peike ut nye prioriterte arter og utvalde naturtypar. Fleire arter i kulturlandskap som er aktuelle som prioriterte arter er under vurdering, mellom anna orkideen svartkurle. Staten vil òg følge opp eksisterande prioriterte arter og utvalde naturtypar.

6.11. Eit representativt utval av naturtypane i kulturlandskap skal vernast for kommande generasjonar.

Indikator:

- Areal og del av verna areal (inkludert årleg endring).

Viktige naturtypar i kulturlandskapet som til dømes kystlynghei, slåttemark og strandeng er verna gjennom arbeidet med dei fylkesvise, tematiske verneplanane og til ein viss grad gjennom nasjonalparkplanen. I arbeidet med dei tematiske verneplanane har ikkje naturtypar innanfor kulturlandskap vore eigne tema. Eit verneområde med mykje kystlynghei kan til dømes vere verna som reservat med sjøfugl som vernetema. Det same gjeld mange store seterदारar verna som del av landskapsvernområde. Vi manglar derfor pr. i dag data på kor store areal innanfor dei ulike verneområda som kan karakteriserast som kulturlandskap. Vi har heller ikkje tal på areal på dei naturtypane av kulturlandskap som er verna etter kulturminnelova som del av eit kulturmiljø.

Evalueringa av gjennomført vern frå 2010 konkluderer mellom anna med at kulturlandskap treng betre vern, eller andre sikringstiltak om ein skal nå det nasjonale målet. Som følge av evalueringa har Direktoratet for naturforvaltning utarbeidd ei fagleg tilråding for korleis dei ulike verkemidla i naturmangfaldlova kan brukast for å sikre eit representativt utval av norsk naturmangfald, under dette naturtypar i kulturlandskapet.

6.12. Verneverdiane i verneområda skal oppretthaldast/gjenopprettast.

Indikatorar:

- Talet på og del av verneområde der verneverdiane er truga.
- Talet på og del av verneområde med forvaltnings- og/eller skjøtelsplan.

Verneverdiane i kulturlandskapet er i første rekke truga på grunn av nedbygging og driftsendringar i jordbruket som fører til aukande gjengroing. Dette gjeld dei fleste naturtypane i kulturlandskap som er verna, og set store krav til skjøtsel i desse naturtypane.

Kulturlandskapsområde inngår i ei rekkje av dei 123 forvaltnings/skjøtelsplanane for verneområde som er godkjende i 2013.

6.13. Ved innførsel og utsetjing av framande organismar skal vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet unngåast. For dei mest skadelege framande organismane som allereie er sette ut i norsk natur skal tiltak for å nedkjempe desse vere sette i gang eller gjennomført.

Indikatorar:

- Talet på nedkjempings/utryddingstiltak fordelt pr. art nasjonalt, regionalt og lokalt.

Av dei 1180 reproduserande artene som vart risikovurderte i den nye oversikten over for framande arter frå juni 2012, er 88 arter knytte til kulturmark på svartelista.

Størsteparten av tiltaka mot framande organismar skjer i verna naturtypar av kulturlandskap. I regi av Statens naturoppsyn blir det årleg gjennomført skjøtselstiltak mot framande organismar, blant anna kjempespringfrø, rynkerose og fleire andre forvilla hageplanter.

I tillegg finansierer Miljødirektoratet årleg ei rekkje tiltak mot framande organismar utanfor verneområda. Desse tiltaka blir ofte gjennomførte i regi av fylkesmannen, og omfattar både tiltak for å redusere utbreiinga av ei framand art, informasjon og kartlegging. Fleire fylkesmenn har laga informasjonsbrosjyrar om risikoen ved spreining av «hagerømlingar». Fylkesmennene i Oslo og Akershus, Østfold, Sogn og Fjordane og Rogaland har laga eigne handlingsplanar for korleis utfordringane knytte til framande arter skal løysast. Fleire andre fylke er i ferd med å lage tilsvarende planar.

I 2013 er det arbeidd vidare med å utvikle metodikk for overvaking av framande organismar i samarbeid med frivillige organisasjonar og andre interesserte. Artsdatabanken har utvikla eit system for tidleg oppdaging og varsling av nye framande organismar. Gjennom denne varslingsstenesta kan ein få tilsendt varsel når nye arter er registrerte i nettportalen Artsobservasjoner eller når nye kart vert lasta inn i Artskart. Dette gjer det mogleg å setje i verk tiltak mot den framande arta på eit tidleg stadium. Det er òg teke initiativ for å auke registreringa av framande organismar i nettportalen Artsobservasjoner frå medlemmer i frivillige organisasjonar og andre interesserte.

6.14. Utsetjing av genmodifiserte organismar skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, jf. genteknologilova.

Indikator:

- Talet på tilfelle der det er påvist mengder GMO over tilletne grenseverdier.

Det er ikkje påvist genmodifiserte organismar (GMO) i kulturlandskapet.

6.15. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å hindre uønskt nedbygging av matjord og ta vare på viktige kulturminne.

Indikator:

- Tal på planar etter plan- og bygningslova møtte med motsegn der kulturminne, kulturmiljø eller landskap var grunngevinga
- Tal på planar etter plan- og bygningslova som omfattar areal for vern av kulturmiljø eller kulturminne, eller omsynssone for bevaring av kulturmiljø
- Tal på kommunar som har generelle føresegnar eller retningslinjer til kommuneplanen sin arealdel med spesielt fokus på kulturminne og kulturmiljø

Kommunane kan gjennom plan- og bygningslova verne område av omsyn til miljøverdier. I 2012 vart det rapportert vern av kulturminne og naturvernområde etter både plan- og bygningslova av 1985 og 2008. Etter innføringa av plan- og bygningslova av 2008 blir det òg rapportert vern av landskap. I rapporteringa av talet på område verna med heimel i plan- og bygningslova utgjorde kulturminnevernområde 64 prosent. Naturvernområde utgjorde 25 prosent, og 11 prosent var verna av omsyn til særlege landskapsverdier.

Plan- og bygningslova er dermed det viktigaste verkemidlet for å sikre berekraftig forvaltning av kulturmiljø og kulturminne som ikkje er freda etter kulturminnelova. Omdisponeringa av dyrka jord har minka betydeleg dei siste åra og var 6567 daa i 2012 (ned frå over 8300 daa i 2009). Sjå omtala av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, for nærare informasjon.

6.16. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard skal bevarast som kjeldemateriale og grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 prosent årleg.

Indikatorar:

- Bevaringsstatus for utvalde kulturminne og kulturmiljø.
- Talet på årleg tap av registrerte kulturminne i prosent.

Det faste arbeidet med vedlikehald og restaurering av freda bygningar heldt fram i 2012.

Arbeidet med revisjon av Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023 vart avslutta etter ein høyringsrunde. I samband med dette vart lista over høgt prioriterte kulturminne utvida til 100 og det vart utarbeidd ein strategi for kvart av desse kulturminna.

I 2012 vart det engasjert ein restaureringshandverkar hos Sysselmannen på heilårsbasis, som ei prøveordning.

Eit nytt større restaureringsprosjekt er starta opp i Ny-Ålesund der Kings Bay, Telenor og Riksantikvaren samarbeider om restaureringa av den automatisk freda Telegrafbygninga på liknande vis som i det svært vellykka Amundsenvilla-prosjektet i 2011.

Dokumentasjonsprosjektet for freda hytter blir ført vidare og dannar ein viktig kunnskapsbasis for forvaltning av, og forskning omkring, fangsthyttene og fangstkulturen.

Arbeidet med oppdatering og kvalitetssikring av svalbarddelen av den nasjonale databasen for faste kulturminne, Askeladden, er blitt prioritert. Mykje vart utretta i 2012, til trass for vedvarande forseinkingssproblem knytte til kartgrunnlaget.

For å verne kulturminnene på Svalbard mot negativ menneskeleg påverknad blir det satsa mykje på informasjon gjennom Svalbardporten, guideopplæring og foredrag som Sysselmannen deltek i.

Det er kjent at erosjon rundt mykje av kysten aukar, og medfører tap av enkelte kulturminne, som graver og eldre tufter. Elles er det ikkje rapportert om direkte tap av kulturminne i 2012.

18 Resultatområde 7 Godt bymiljø

I alt 80 prosent av den norske befolkninga bur i dag i byar og tettstader. Å skape gode by- og tettstadsmiljø er derfor viktig for trivsel og helse for dei fleste av oss. Veksten av byane har vore sterk i heile etterkrigstida. Vi har over 900 byar og tettstader i Noreg, frå dei minste med vel 200 innbyggjarar til den største, som er Oslo kommune med eit folketal på meir enn 600 000. Veksten kjem ikkje berre i dei større byane, men òg i kringliggjande kommunar. Den sterke veksten i hovudstadsregionen og i andre storbyregionar fører med seg særskilde utfordringar, mellom anna når det gjeld infrastruktur, bustadmarknader, levekår og tenestetilbod. Fleire av desse utfordringane krev løysingar på tvers av kommune- og fylkesgrenser og samarbeid med statlege styresmakter.

Eit funksjonelt og godt fysisk bymiljø er viktige føresetnader for trivsel og helse. Godt tilgjenge til kvardagsfunksjonane, rein luft, vakre og trygge omgivelser og høve til sosial deltaking og fysisk aktivitet i nærmiljøet er gode som folk set pris på. Også for næringslivet er godt fungerande og attraktive stader viktig for verksemda og for å rekruttere og halde på arbeidskrafta.

Nasjonale mål

Nedanfor blir nasjonale mål og indikatorar presenterte. Til slutt i dette kapitlet er det rapportert på målet frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 7.1. Byar og tettstader skal vere berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma, og fremje helse og livskvalitet.

Indikatorar:

- Talet på byregionar med samordna areal- og transportplanar.
- Tettstadareal pr. innbyggjar.
- Delen av dei daglege reisene som skjer på miljøvennleg måte.
- Delen av omsetninga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde
- Utslepp av klimagassar i kommunar og fylke.
- Leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar.

- Delen busette med kortare avstand enn 500 m til rekreasjonsareal større enn 200 daa i byar og tettstader.
- Tal på kommunesenter som er kartlagde etter kriteria for tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.
- Bustadbygging som er sett i gang

Tilstand

Sikre ein berekraftig bystruktur gjennom effektiv arealbruk og styrkt miljøvenleg transport

Det er eit mål å utvikle meir konsentrerte byar og tettstader av omsyn til arealbruk og transport. Samtidig skal det sikrast område med god kvalitet til rekreasjon og leik. I dei største byane skjer det meste av utbygginga som fortetting og byomforming. Dette er ikkje i same grad tilfelle i mindre byar og tettstader, men for landet samla aukar tettleiken noko. Konsentrert byutvikling er ein føresetnad for eit effektivt kollektivtrafikktilbod og for at fleire sykklar og går. Dermed er det òg god klimapolitikk.

Fortettinga og den sterke satsinga på kollektivtransporten dei siste åra har medført at fleire reiser miljøvenleg i dei 13 største byane som inngår i Framtidas byar. Delen som reiser på miljøvennleg måte i mindre byar og tettstader er klårt lågare.

Byane ligg ofte knytt til den beste dyrka jorda i landet. I dei mest produktive områda er gjerne òg naturmangfaldet størst. Det er til dømes på det sentrale Austlandet at talet på truga arter er størst. Vekst i byar og tettstader vil derfor ofte vere ei utfordring i høve til å ta vare på dyrka mark og naturmangfald. Rundt byane ligg det òg friluftareal som er mykje brukt. Det er derfor viktig å hindre ukontrollert vekst i byane og å nytte dei areala som er eigna til utbygging best mogleg, og vidare sikre ei planlegging som tek godt omsyn til både verdifulle landskap, dyrka mark og til truga arter, truga naturtypar og andre verdifulle område for naturmangfald.

Det er ei utfordring å gjennomføre ein meir arealeffektiv utbyggingspolitikk. Den nye plan- og bygningslova har verktøy som skal gjere det let-

tare å få til fortetting og omforming i byane. Regjeringa har vidare styrkt jordvernet, og mange byar har bymarker som er tekne vare på gjennom planvedtak eller eiga lov (Oslo-marka). Dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging blir lagt til grunn for planlegginga. Hovudprinsippa er mellom anna konkretisert i arbeidet med regional planstrategi for Oslo og Akershus som Miljøverndepartementet har leia. Også dei andre større byregionane har utarbeidd samordna areal- og transportplanar og konseptvalutgreiingar med sikte på å fremje meir miljøvenleg transport. Gjennom Framtidas byar er fleire byar i gang med å vurdere køprising og parkeringsavgrensingar som verkemiddel samtidig som kollektivtilbod og sykkelvegnett blir bygd ut. Slike verkemiddel er viktige og heilt nødvendige for å nå målet i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* og i klimaforliket, om at veksten i persontransporten i storbyane skal skje med kollektivtransport, sykkel og gange. Sjå resultatområde 10 Stabilt klima.

Stimulere til betre bustadplanlegging som viktig del av byutviklinga

Den sterke veksten i folketalet i byane har ført til auka press på bustadmarknaden og kommunane må setje av tilstrekkeleg areal for bustadformål. Ein berekraftig bystruktur inneber bu- og nærmiljø med kvalitet og med trygge, trivelege opphaldsareal ute som inviterer til leik og sosialt samvær. Omsynet til miljø og målet om redusert energibruk skal ligge til grunn for nybygging og rehabilitering av eksisterande bustadmasse. Omsynet til korte avstandar mellom bustad og barnehage, skule, nærbutikkar og kollektivtransport, og tilgang på gang- og sykkelstigar, skal ligge til grunn for tomteval og bustadforsyning.

Stimulere til at offentlege og private, publikumsretta verksemdar blir lokaliserte på ein måte som medverkar til å bygge opp under ein berekraftig bystruktur

I ein berekraftig bystruktur er det naudsynt å styrkje sentrum i byar og tettstader og andre knutepunkt i kollektivnettet. I byane aukar talet på busette og arbeidsplassar i sentrumsområda, men sentrumshandelen taper terreng. Berre Oslo har halde ved lag sin del. Noko av årsaka ligg i at kjøpesenter og andre butikkar blir lokaliserte i utkanten av eller utanfor byen. Den rikspolitiske forskrifta om kjøpesenter frå 2008 skal sikre at kjøpesenter og anna handelsverksemd blir lokaliserte i samsvar med godkjente fylkes- og fylkesdelplanar

for senterstruktur og service. Departementet følger ein streng praksis når det avgjer motsegnaker og arbeider med å styrkje fylkesmennene si oppfølging av føresegna. For ytterlegare å støtte utviklinga i byar og tettstader sende departementet hausten 2013 ut ei ny statleg planføresegn for lokalisering av kjøpesenter og handel på høyring. I Framtidas byar blir det gjennomført prosjekt for å styrkje sentrum som handelsstad gjennom betre samhandling mellom kommune og næringsliv.

I forhold til berekraftig utbygging er det uheldig at sjukehus, høgskular og anna publikumsretta statleg verksemd i nokre tilfelle blir lokaliserte på stader med dårleg kollektivtilbod, ofte utanfor eller i utkanten av byen eller tettstaden. Statsbygg legg i sin nye miljøstrategi for verksemda frå januar 2013 vekt på å leggje til rette for redusert miljøbelastning og økologisk fotavtrykk ved val av lokalisering både ved leige og utbygging. Statsbygg ønskjer ei lokalisering med nærleik til sentrum og eit godt kollektivsystem og slik skal nasjonale prinsipp for ei miljøvennleg by- og stadutvikling inngå i avgjerdsprosessar ved val av lokalisering. Departementet legg desse prinsippa til grunn for behandling av enkeltsaker, og fylkesmennene er gjennom embetsoppdraget bedne om å følgje opp dette ved statleg lokalisering i kommunane.

Medverke til reduserte utslepp av klimagassar og tilpassing til klimakonsekvensar, knytt til blant anna areal-, energi- og transporttiltak.

Vegtrafikken står for om lag 60 pst. av dei utsleppa byane sjølve kan påverke. Utslepp frå stasjonære kjelder, særleg oppvarming, utgjer 20 pst., 10 pst. kjem frå avfallsdeponi og resten frå andre mindre kjelder. Vegtrafikk er òg den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂, og viktig bidragsytar til utslepp av svevestøv. Dei store utsleppa frå vegtrafikken heng saman med den måten vi har utvikla byane våre på, med store avstandar mellom bustader, arbeidsplassar, handel og ulike tenester. Dette skaper mykje bruk av bil og store utslepp. Tette byar gir korte avstandar, mindre transportbehov og mange fleire kan gå, sykle eller ta bussen. Tett utbygging gjer det samstundes lettare å forsyne bygningar med fjernvarme basert på rein energi i staden for tradisjonelle løysingar.

Behovet for å redusere klimagassutsleppa vil krevje energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse, inkludert verneverdige bygg, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane må førast vidare. Tradisjonelt er eldre bygningar laga av miljøvennlege materialar og dei har eit langt liv-

sløp. Dette er viktige eigenskapar i eit miljø- og klimaperspektiv.

Mange norske byar og tettstader ligg ved kysten eller i nærleiken av vassdrag. Bygg og anlegg er sårbare for klimaendringane med omsyn til blant anna havnivåstigning, flaum, overvatn og skred. Klimaendringane inneber risiko for liv og verdier, og kostnadene knytte til tilpassing er potensielt store. Samtidig skal det planleggjast for stor uvisse. Det gjeld både å sikre seg mot dei store farane og gjennomføre dei mange små tiltaka som kan dempe verknadene av endringane. Til dømes er det naudsynt å betre dimensjoneringa av avløpsrør, og sikre at vassdrag kan ta unna større vassmengder. Bekker kan opnast for å ta unna meir vatn og grå flater kan erstattast av grønne flater. Grønne flater syg betre opp overflatevatnet og gir nedkjøling, og er slik sett òg eit viktig tiltak med omsyn til klimatilpassing. Klimaendringane vil i aukande grad òg krevje tilpassingar og endringar i forvaltninga av kulturminna. Til dømes vil eit fuktigare klima krevje betre vedlikehald, og heving av havnivået vil kunne krevje store tiltak for å redde viktige kulturminne. Gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar og god planlegging kan byane få oversikt og i tide ta dei naudsynte grepa.

Sikre høg kvalitet i byrom og uteareal og ta vare på grønstruktur og naturmangfald

Når veksten i byane i stor grad skjer gjennom omforming og konsentrert utbygging, er det viktig å sikre dei grønne lungene og kvaliteten på uteareala. Dei siste tala frå KOSTRA viser at leike- og rekreasjonsarealet i tettstadene samla sett har minka noko frå 2000 til 2011, men med store variasjonar mellom byane. Gjennomsnittet ligg på 17 dekar pr. 1000 innbyggjarar i 2011. Tala viser litt overraskande at det ikkje er ein klar samanheng mellom kor tett byen er og storleiken på slike areal. Dette indikerer at mange av dei tettast utbygde kommunane bevisst sikrar grøntområda i planlegginga si og vektlegg kvalitet i utforminga av byen.

Det er òg viktig å ta vare på område som gir naturmangfald i byane. I tillegg til markaområda i nærleiken av byane, er dei grønne lungene, attverande skogholt, gamle tre, parkane og vassdraga viktige leveområde for ei rekkje arter av planter og dyr.

Dei fleste av dei truga artene lever i dei rikaste og mest produktive områda sør og aust i landet. Dette er samtidig dei områda der det bur flest folk. Med ordninga prioriterte arter og utvalde naturty-

par etter naturmangfaldlova, skal dei artene og naturtypane som er prioriterte og utvalde takast særskilt godt vare på. Dette krev ei kunnskapsbasert planlegging og forvaltning, der ein prøver å få til vinn-vinn-løysingar, som kjem både menneske, friluftsliv og naturverdier til gode.

Det må leggjast stor vekt på kvalitet i byutvikling og fortetting, både ved lokalisering av og utforminga av bygningsmassen og for å sikre gode og trygge opphaldsområde og uterom med godt tilgjenge for alle. Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med gode samband til kringliggjande naturområde. Plandelen i plan- og bygningslova legg sterk vekt på kvalitet i uteområda. Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og unge sine interesser i planlegginga, som blant anna skal sikre gode uteareal, er blitt tydelegare gjennom den nye lova og tilhøyrande rettleiing.

I historiske by- og tettstadsområde må ny busetnad innpassast med særleg varsemnd og respekt. Sikring av kulturhistoriske verdier er viktig for kvalitet, attraktivitet, variasjon og kontinuitet i byar og tettstader i endring. Utfordringa er både å integrere kulturminneomsyn på ein god måte i kommunale planprosessar og å nytte kulturminne i byutviklinga. Det er viktig å utvikle og føre vidare byane sin historiske identitet og tidsdjupn.

Samanhengande grøntområde med turstigar og sykkelveggar kan binde dei ulike bydelane saman og sikre tilgang til nærliggjande natur- og friluftsområde.

For å kunne måle utviklinga på desse områda, må vi utvikle nye indikatorar, blant anna treng vi indikatorar for ein del av naturkvalitetane i by som knyter seg til parkar, grønne samband, leikeplassar og tilgang til vatn. Vi treng òg indikatorar som måler korleis kulturmiljø, gater og plassar blir nytta av befolkninga, tekne hand om og utvikla vidare.

Miljøverndepartementet støttar opp om stadutvikling ved å skape gode møtestader mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. Miljøverndepartementet samarbeider òg med Kommunal- og regionaldepartementet, Kulturdepartementet, Statens vegvesen, Vegdirektoratet, Riksantikvaren, Husbanken, Helsedirektoratet, Direktoratet for naturforvaltning og Kompetansesenteret for distriktsutvikling gjennom *Forum for stadutvikling* om tiltak for å styrkje kompetansen i kommunane, blant anna gjennom regionale konferansar for stadutvikling. Ein nasjonal nettportal for stadutvikling ligg på Regjeringas nettsider; stedsutvik-

ling.no. Det er òg utarbeidd rettleiar om stadutvikling og belysning, og for universell utforming i planlegging av uteområda.

Påverknader

Befolkningsframskrivingane tyder på at befolkningsveksten framleis kan bli sterk i byområda dei næraste 20 åra, til dømes kan Oslo få nesten 200 000 fleire innbyggjarar fram til 2030. Dette vil føre til eit betydeleg press på landbruks-, natur- og friluftsområda rundt byane og på dei grønne lungene i byen. Auka befolkningsvekst stiller oss vidare overfor særlege utfordringar knytt til auka utslepp frå transport; av dei som medverkar til både lokal luftforureining, støy og klimaendringar.

For dei enkelte byane og tettstadene fører veksten til store endringar. Dei mest synlege skjer gjennom utbygging av nye bustadområde, etablering av større næringsverksemd og offentlege institusjonar og gjennom ny infrastruktur. Dei fleste endringane er likevel små og lite merkbare frå år til år, men over tid vil summen av nye investeringar og dei mange små inngrepa kunne gi store konsekvensar for bymiljøet.

Sidan utbygging i praksis er irreversibel, er det viktig å sikre at endringane skjer til det beste for innbyggjarane, næringslivet og miljøet. Dette inneber at endringane bør nyttast til å byggje opp under miljøvenlege bystrukturar, transportformer og transportsystem, betre dei fysiske omgivnadene, mellom anna med omsyn til tilgjenge for alle, leggje til rette for helsefremjande aktivitetar og medverke til at klimaendringane kan møtast på ein robust måte. Klimaendringar vil innverke på korleis vi planlegg og utviklar byane og tettstadene våre. Samtidig må eigenart og identitet, verdifulle kulturmiljø og landskap, biologisk mangfald, grønstrukturar og naturområde takast vare på og utviklast vidare.

Utviklinga av berekraftige byar og tettstader skjer i eit komplisert samspel mellom offentlege styresmakter og private aktørar. Miljøverndepartementet samarbeider med ei rekkje departement og andre instansar om mellom anna samordna areal- og transportplanlegging, friluftsliv, universell utforming, trygging av matjord, næringsutvikling, stadutvikling med vidare. Det er ei viktig og krevjande oppgåve å formidle dei nasjonale krava og forventningane til planlegginga til kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorstyresmakter med motsetningsrett.

Det er mange konflikthar som må løysast, mellom utbygging og vern og mellom ulike interesser. Planlegging etter plan- og bygningslova fastset spelereglar og skapar arenaer som er viktige for partane både når dei langsiktige linjene skal trekkjast og når det kjem til gjennomføring.

Tilstreккеleg plan- og miljøkompetanse og tilgang til grunnlagsdata er ein føresetnad for god samfunnsplanlegging. Ei særleg utfordring er derfor knytt til plan- og miljøkompetansen i kommunane. Det blir stilt auka krav til ei aktiv planlegging, til konsekvensvurderingar og til betre samordning. Plan- og miljøkompetansen i mange kommunar er dei siste åra gradvis bygd ned. Dette har svekt evna til å ta hand om plan- og miljøoppgåvene. Kommunane har ei avgjerande rolle i planlegging for ei berekraftig utvikling, og det er derfor naudsynt å sikre og styrkje kapasiteten på dette området i kommunane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Regelverk og samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å at byar og tettstadar er berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma med eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Arbeidet med å skape berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma byar og eit fysisk miljø som fremjar helse- og livskvalitet blir følgt opp i den nasjonale politikken gjennom ei rekkje verkemiddel og tiltak. Nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging og statlege planføresegnar for lokalisering av kjøpesenter og handel vart sende på høyring hausten 2013.

I Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, er by- og tettstadutvikling omtalt som eit eige tema. Her er gjeldande politikk oppsummert og konkretisert. Ein viser òg til resultatområde 10 Rein luft om politikken for å nå nasjonale mål knytte til rein luft og støy og resultatområde 11 Stabilt klima.

Miljøverndepartementet har som miljø- og planleggingsstyresmakt eit særskilt ansvar for å samordne og formidle den nasjonale miljøpolitikken og arealpolitikken, blant anna for den fysiske utviklinga i byområda.

Den moderne berekraftige byen

Det er naudsynt med breie tiltak for å nå måla om ei berekraftig utvikling i byar og tettstader. Folke- talet i Noreg er venta å auke sterkt dei neste ti åra, hovudsakleg i byar og tettstader. Dette gir utfordringar for bustadforsyning, transport, arealbruk, klimagassutslepp, helse og livskvalitet. Miljøvern- departementet tok ei rekkje initiativ i 2013. Nokre av dei vil vere aktuelle å følgje opp i dei kom- mande åra for at byane skal bli betre i stand til å ivareta dei planutfordringane dei står ovafor.

Miljøvernministeren hadde ei rekkje besøk i dei største norske byane med blant anna opne møter, der bypolitikk var tema. Dette mogleg- gjorde ein god dialog med politisk nivå og andre i byane om viktige tema. Miljøverndepartementet har òg utarbeida ein publikasjon med tittelen *Den moderne bærekraftige byen*.

Miljøvernministeren oppretta hausten 2012 eit fagleg råd for berekraftig bypolitikk med mandat å gi ein skriftleg rapport innan utgangen av 2013. Utvalet er sett saman av 15 personar med ulike fag- leg og geografisk bakgrunn. Råda deira vil vere viktige innspel til den vidare utforminga av statleg bypolitikk.

Plansatsing mot store byar

Ei ny satsing frå 2013 retta mot byane skal med- verke til framtidsretta byplanlegging, betre bymiljø og tilrettelegging for auka bustadbygging. Viktige grep i satsinga er å styrkje kompetanse og kapasitet, og meir samarbeid på tvers av sektor- og kommunegrensene. Planlegging og tilretteleg- ging av bustadområde er ei viktig oppgåve for kommunane. I 2012 oppmoda miljøvernministe- ren gjennom eit eige skriv alle fylkesmenn til å sjå til at kommunar tek hand om tilstrekkeleg bustad- bygging. Dette vart følgd opp av midlar til fylkes- mennene i pressområda Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag frå 2013.

Plansatsinga mot store byar inneber òg til- skotsmiddel på 18 millionar kroner pr. år. På bak- grunn av god erfaring frå plansamarbeidet mel- lom Oslo og Akershus om areal- og transportplan- legging blir det nytta 6 millionar kroner pr. år til- tenkt som tilskot til plansamarbeid i dei tre store byområda rundt Bergen, Trondheim og Stavan- ger. Gjennom plansamarbeid kan vi oppnå meir heilskapleg lokalisering av busetjing, handel og arbeidsplassar saman med effektive areal- og transportløysingar.

Resten av midlane, 12 millionar kroner pr. år, vil bli brukt som tilskot til kommunar som aktivt vil følgje opp måla for ein berekraftig bu- og bustadpolitikk. Det blir lagt særleg vekt på pro- sjekt som kan brukast som eksempel for andre byar. Det er ønskjeleg å få prøvd ut tiltak for å styr- kje dei urbane kvalitetane i byane. Dette gjeld blant anna gang- og sykkelveggar, kollektivaksar og urbant friluftsliv. Det gjeld vidare offentlege og private uterom, grøntområde og kulturminne som ressurs. Ein ønskjer òg å prøve ut tiltak for å oppnå betre samarbeid mellom kommunane og dei næringsdrivande for å styrkje handel og anna aktivitet i sentrum av byane.

Den nye plansatsinga inneber òg 5 millionar kroner til byforskning i 5 år, jf. kap. 14.10. Forskinga vil gi eit viktig og langsiktig bidrag for at byane kan vurdere kva som er gode og effek- tive strategiar for blant anna bustader kombinert med grøne kvalitetar, korleis skape levande bysentrum med handel og andre aktivitetar og korleis løyse transportbehovet når mengda men- neske aukar og utsleppa må ned.

**Boks 18.1 Prinsippa for
berekraftig by- og
tettstadutvikling går fram av
St.meld. nr. 23 (2001–2002) Bedre
miljø i byer og tettsteder:**

- Kollektivtransporten utgjer ryggraden i bystrukturen og er styrande for utbyg- gingsmønsteret.
- Eit sterkt sentrum med konsentrasjon av arbeidsplassar, bustader, handel og kontor- funksjonar.
- Konsentrert utbygging av næring og busta- der i kollektivknutepunkt.
- Lokalsamfunn med tett og variert bustad- struktur, grøne lungar, skular, barnehagar, handel og næring.
- Samanhengande grøntstruktur der grøne korridorar og samband knyter dei ulike byområda med grøne lungar til omkringlig- gjande markaområde.
- Hovudnett for sykkeltrafikk som gjer syk- kel til eit attraktivt transportmiddel.
- Hovudvegssystemet går utanom lokalsam- funn, men sentrum og knutepunkt blir betente.

For å sikre at politikktutforming og verkemiddel blir mest mogleg treffsikre i forhold til utfordringane, driv departementet utviklingsarbeid i samarbeid med byane og andre aktørar. Utviklingsarbeidet som er omtalt nedanfor følgjer opp målsetjinga knytt til det nasjonale resultatmålet for godt bymiljø.

Framtidas byar

Miljøverndepartementet starta i 2008 programmet *Framtidas byar*, som er eit samarbeid mellom dei 13 største byane, KS, fire departement og næringslivets hovudorganisasjonar. Hovudmålet er å redusere dei samla klimagassutsleppa frå vegtransport, stasjonær energibruk og forbruk og avfall i dei største byområda. Samtidig skal det utviklast strategiar for å møte klimaendringar no og i framtida. Delmål for arbeidet er å betre det fysiske bymiljøet med tanke på helse, oppleving og næringsutvikling.

Måla skal nåast gjennom meir forpliktande samhandling mellom lokale, regionale og statlege styresmakter og med næringslivet. På den måten vil vi utnytte tilgjengelege ressursar betre, utvikle meir effektive verkemiddel og prøve ut nye tiltak for å fremje klima- og miljøvennlege byar.

Ei stor mengd samarbeidsområde, prosjekt og tiltak er sette i gang i byene, av ulik storleik og art, og med ei stor mengd involverte aktørar. Erfaringane frå alle desse blir formidla gjennom nettstaden www.framtidensbyer.no og direkte til andre byar og interesserte gjennom konferansar, rapportar m.m., og ei eksempelsamling på nettet.

Utvikling av ulike verktøy for utrekning og måling av klimagassutslepp og effektar av tiltak er ein viktig del av arbeidet. Framtidas byar blir målt gjennom jamleg rapportering og følgjeevaluering med indikatorar på ulike nivå. Dei årlege evalueringsrapportane frå 2010 syner at Framtidas byar medverkar til å heve byane sitt arbeid med klima- og bymiljøspørsmål, og at det er venta utsleppsreduksjonar som følgje av prosjekt som blir gjennomførte innan programmet.

For å oppnå hovudmålet om reduserte klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane er arbeidet organisert i dei fire innsatsområda *areal og transport, energi i bygg, forbruk og avfall og tilpassing til klimaendringane*. Under desse innsatsområda og fellesområdet er om lag 40 samarbeidsområde i gang, i tillegg til ei rekkje underområde, prosjekt og tiltak. Delmålet om betre bymiljø er definert som eit eige innsatsområde, knytt til dei fleste samarbeidsområda og aktivitetane.

I tillegg til avtalepartane er ei rekkje andre offentlege, private og frivillige aktørar involvert i arbeidet. Det er utvikla eit rapporteringssystem i form av ein database knytt til eksempelsamlinga som måler aktivitetane og resultatane, for kvartalsvis og årleg oppfølging. Det blir over budsjettet gitt støtte til utviklingsarbeid, samarbeidsprosjekt og andre tiltak.

I den siste perioden vil programmet leggje vekt på blant anna smartbyløyningar og områdeutvikling, der samarbeid med næringslivet og heilskaplege modellar er viktige element.

Gjennom å styrkje kommunal kompetanse og stimulere til handling, er målet på sikt å medverke til mindre klimagassutslepp, meir attraktive og miljøvennlege byar, og regional utvikling.

Områdesatsing i utsette byområde

Enkelte område i større byar har særskilde utfordringar av eit slikt omfang at det er behov for særlege satsingar. Områdesatsing kan vere eit viktig verkemiddel for å betre miljø, buforhold og levekår i avgrensa geografiske område. Ei områdesatsing er eit samarbeid mellom stat og kommune som ser fleire verkemiddel i samheng og medverkar til å skape synergieffektar av statlege og kommunale middel. Ei slik heilskapleg satsing kan vere viktig for å snu ei negativ sosial og økonomisk utvikling i eit område, og for å stimulere til deltaking i lokalsamfunnet og i samfunnet elles.

Stat og kommune går allereie saman om ein ekstra innsats i nokre område med slike utfordringar. Groruddalen og Søndre Nordstrand i Oslo, Saupstad i Trondheim og Årstad i Bergen er dei områda der staten og kommunane har slik felles innsats. Også andre område har tilsvarande utfordringar. Det blir derfor lagt fram forslag om at staten går inn med til saman 40 mill. kroner til områdesatsingar i indre Oslo Aust og i bydelen Fjell i Drammen i 2014.

Indre Oslo Aust

Utviklinga i indre Oslo Aust har vore positiv dei seinare åra. Fleire barnefamiliar har valt å bli buande, og det har skjedd ei betrakteleg oppgradering av mange nærområde. Samtidig har enkelte område, som nedre del av Grünerløkka, Grønland og Tøyen, særlege utfordringar og treng eit løft. Utfordringane er tverrfaglege og spenner frå førebygging av kriminalitet og rusproblematikk til deltaking og inkludering.

Oslo kommune har sett av 25 mill. kroner i sitt budsjett for ein særleg innsats for indre Oslo Aust.

Staten vil medverke med 25 mill. kroner. Løyvinga er fordelt over budsjetta til fleire departement. Miljøverndepartementet legg frem forslag om å medverke med 4 mill. kroner til nærmiljøtiltak og stadutvikling, mellom anna betre tilhøve for gang-, sykkel- og kollektivtransport.

Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeidsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kulturdepartementet sine bidrag vil mellom anna gå til folkehelseiltak, utvikling av sosiale tenester og tiltak til vanskelegstilte, inkluderingsiltak, tiltak retta mot barn og unge, forbetring av bustad og bustadområda, idrett, oppgradering av dei grøne uteområda og sosialt entreprenørskap.

Satsinga skal drivast i eit breitt samarbeid mellom departementa og Oslo kommune.

Fjell i Drammen

Bydel Austad/Fjell i Drammen har om lag 8000 innbyggjarar og ligg på sørsida av Drammenselva. Bydelen har barneskule og ungdomsskule, fleire barnehagar, bydelshus og eiga kyrkje. Det er avgrensa med næringsverksemd i bydelen utover dei offentlege institusjonane, slik at dei fleste har arbeid i andre delar av byen.

Befolkninga i Fjell skulekrets har blant dei dårlegaste levekåra i byen med mellom anna eit lågt inntekts- og utdanningsnivå. Nesten halvparten av befolkninga i området har innvandrarbakgrunn. Drammen kommune har over fleire år teke initiativ til og gjennomført tiltak på Fjell utover den generelle kommunale tenesteytinga.

Det er sett av 15 mill. kroner til områdesatsing i Fjell på Miljøverndepartementets budsjett for 2014. Satsinga blir utforma av Miljøverndepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet, Arbeidsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i fellesskap. Arbeidet er leia av Miljøverndepartementet.

Satsinga i Groruddalen

Regjeringa har sidan 2007 vore med på eit historisk byløft i Groruddalen i Oslo. Groruddalen har 130 000 innbyggjarar. Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007–2016. Det langsiktige hovudmålet er ei berekraftig byutvikling, synleg miljøopprusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande sam-

arbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar.

Utvikling av urbane kvalitetar

Departementet har sett i gang arbeid og utviklingsprosjekt som omfattar utforming av gater, plassar og andre offentlege rom i byane, leike, opphalds- og grøntareal og samanhengande stigar og vegar for gåande og syklande. Grøne prosjekt vil òg fange opp omsynet til klimatilpassing. Når byane blir omforma og fortetta er det òg viktig å ta vare på kulturminne og verdifulle kulturmiljø.

Miljøverndepartementets Bymiljøpris som vart delt ut første gongen i 2002, skal inspirere til ei meir berekraftig by- og tettstadutvikling ved å trekkje fram gode eksempel på miljøvennleg byutvikling. Kvart år gir Miljøverndepartementet prisen til ein by eller eit tettstad som utmerkar seg i så måte. I 2013 gjekk prisen til 2 byar, nemleg Bergen og Hamar for å ha ein klar strategi for bustadutviklinga og å ha klart å skape gode stader med høge bu- og bykvalitetar.

Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* slår fast at behovet for nye bustader og vekst i folkesetnaden i dei store byregionane fører med seg auka press på areal og infrastruktur. Dette gir utfordringar for miljø, helse og livskvalitet, og det fører òg til auka press på dei kulturhistoriske verdiane i byområda. Korleis desse utfordringane vert møtte, vil vere avgjerande for bymiljøet og dei urbane kvalitetane i framtida.

Store delar av byutviklinga skjer på område som allereie er bygde på. Homogene, historiske byområde er ofte tett befolka og med lite grøntareal, og dei er derfor lite egna til fortetting i stor skala. Andre område, som for eksempel tidlegare hamne- og industriområde som har mist sin opphavlege funksjon, er eigna som transformasjonsområde. For å få til ei velykka byutvikling, må ein ha både kunnskap og vilje til å ta vare på og vidareutvikle kvalitetane i den eksisterande byen.

Bevaring av grønstruktur og naturmangfald

For å ta vare på og styrkje kvalitetane i grønstruktur, unngå spreiding av framande, invaderande arter og bevare naturmangfaldet, er det viktig at dei som forvaltar grøne areal i tettbygde område ser nærare på korleis ein kan betre tilhøva for truga arter eller andre arter som finst naturleg i nærleiken. Til dømes bør ein vurdere om ein i større grad kan nytte stadeigne plantearter i staden for framande

Boks 18.2 Satsinga i Groruddalen

Etter snart sju år med ekstra satsing i Groruddalen, er det mange synlege resultat. Dei fem første åra medverka Oslo kommune med 266 mill. kroner og Regjeringa med 586 mill. kroner. Over ein tiårsperiode vil stat og kommune ha investert over en milliard kroner i Groruddalsatsinga. Oslo kommune har ansvaret for den heilskaplege utviklinga i Groruddalen. Miljøverndepartementet samordnar staten sin innsats. Den felles innsatsen er organisert i fire programområde.

I Programområde 1 Miljøvennleg transport i Groruddalen, er det i 2012 rusta opp busshaldeplassar, sett opp støyskjermar, utbetra vegkryss og bygd ein parsell på eitt av hovudsambanda i gang- og sykkelvegnettet. Ansvarleg: Samferdselsdepartementet og Oslo kommune.

I Programområde 2 Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø er det i 2012 arbeidd vidare med ein bydelspark i kvar bydel. Det har òg vore arbeidd med å utvikle samanhengande grønne område og turvegar og å ruste opp kulturmiljøet på Akergardane for å skape nye møteplassar og fremje kulturaktivitetar. Ansvarleg: Miljøverndepartementet og Oslo kommune.

I Programområde 3A Områdeløft og stadsutvikling, har bydelane arbeidd med fysiske og sosiale tiltak for å betre bu- og oppvekstmiljø i

utvalte område med levekårsutfordringar. I 2012 har dette blant anna ført til nye leikeplassar og parkar, bibliotektreff, gatefestar og kulturparade, og kurs i språk, leiarutvikling for ungdom og korleis bu saman i burettslag. Ansvarleg: Kommunal- og regionaldepartementet/Husbanken og Oslo kommune.

I Programområde 3B Områdeplanlegging og byutvikling, har planlegging av utbygging på Furuset, Breivoll og Vollebekk vore blant dei prioriterte sakene i 2012. Vidare vart Groruddalskonferansen 2012 arrangert. Ansvarleg: Oslo kommune.

I Programområde 4 Oppvekst, utdanning, levekår, kulturaktivitetar og inkludering er mange av tiltaka vidareført frå tidlegare. Blant desse er gratis kjernetid i barnehagen og satsingar på språk, helse og frivillig arbeid. I 2012 starta eit skuleutviklingsprosjekt som mellom anna skal medverke til at læringsutbyttet og gjennomstrøyminga på skulane i områda kjem opp på nivå med gjennomsnittet for Oslo. Ansvarleg: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeidsdepartementet), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Oslo kommune.

Boks 18.3 Dei nasjonale gatene og plassane våre

Riksantikvaren og Statens Vegvesen starta i 2011 eit arbeid med målsetjing å få etablert eit nasjonalt program med arbeidstitel «Våre nasjonale gater og plassar». Føremålet er å skape auka medvit om den betydninga gater og offentlege rom i byane har som sosial og offentleg arena, og løfte fram føredøme med store bruksmessige, visuelle og meiningsberande kvalitetar. Byar og stader har oppstått i knutepunkt der viktige ferdslveggar kryssar kvarandre. Gatene har vore byane sine hovudpulsårer, og plassane har vore sentrale arenaer som er viktige for vår identitet og stadstilhøyring. Eit arbeid med «Våre

nasjonale gater og plassar» har som mål å medverke til ei meir kvalitetsbevisst og miljøvennleg byutvikling som gir oss betre byar å leve i, med betre møteplassar. Målet er òg å utvikle byane som nasjonale og internasjonale reisemål med betydning for lokalt næringsliv. Tilrettelegging for både kollektivtrafikk, gåande og syklende, med universell utforming som prinsipp, skal vere ein integrert del av denne utviklinga. Gjennom det planlagde programmet ønskjer Riksantikvaren og Statens vegvesen å invitere til ein nasjonal dugnad for å heve kvaliteten på nokre av nasjonen sine viktige fellesområde.

planter frå fjerne himmelstrøk i parkar og andre grøne anlegg. Regjeringa arbeider med ei forskrift til naturmangfaldlova om innføring og utsetjing av framande arter. I nokre tilfelle vil det vere mest føremålstenleg å ta vare på truga eller verdifulle arter og naturtypar ved å gi dei status som prioriterte arter eller utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Arbeidet med å peike ut prioriterte arter og utvalde naturtypar vil halde fram i 2014. I dette arbeidet kan òg arter og naturtypar som er å finne i og ved tettbygde strøk bli vurderte. Ein vil òg følgje opp dei artene som er blitt prioriterte og dei naturtypane som er blitt utvalde, inkludert dei handlingsplanane som er utarbeidde. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på dei prioriterte artene og utvalde naturtypane.

Miljøverndepartementet siktar mot den felles visjonen *Noreg universelt utforma 2025. Eit godt grunnlag er lagt i Regjeringa sin handlingsplan: Handlingsplan for universell utforming 2009 – 2013*. Likeverdig deltaking uansett funksjonsevne i samfunnsutvikling og byliv er eit mål. Handlingsplanen omfattar òg universell utforming i by- og tettstadutvikling, auka tilgjenge til offentlege bygningar og uteområde, friluftsliv og kulturminne. Tilgjengetilhøva i kommunesenter og friluftsområde i nærmiljø har eit særskilt fokus. Forslag til målbare arealbruksindikatorar er utvikla i Noreg digitalt og i Matrikkelen. Tiltaka vil gi betre oversyn over universell utforming og tilgjenge i kommunal planlegging og arealforvaltning.

Miljøverndepartementet vil følgje Regjeringa sine retningslinjer for utarbeiding av ein ny strategi eller handlingsplan mot 2025 som skal leggjast fram våren 2014.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

7.1. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at byar og tettstadar er berekraftige, attraktive og funksjonelt utforma med eit godt fysisk miljø som fremjar helse og livskvalitet.

Indikatorar:

- Talet på byregionar med samordna areal- og transportplanar.

I alt 16 fylke hadde i 2011 regionale areal- og transportplanar. Dei største byregionane utarbeider slike planar og strategiar som innspel til Nasjonal transportplan og bymiljøavtaler. Miljøverndepartementet støtter planarbeid i Bergens-, Trondheims- og Stavangerregionen økonomisk i 2013 og i ytterlegare fire år føreset budsjettgodkjenning.

- Tettstadareal pr. innbyggjar.

Tal for byane viser at dess tettare folk bur, dess meir miljøvenleg transport er det. I dei 13 største byane skjer no det meste av utbygginga som fortetting og byomforming. I 2009 har kvar innbyggjar i gjennomsnitt 500 m² tettstadareal til disposisjon, noko mindre enn i 2000. Utbygginga i mindre byar og tettstader er jamt over ikkje så konsentrert. Her har kvar innbyggjar meir enn 1000 m² og tettleiken minskar.

- Delen av dei daglege reisene som skjer på miljøvenleg måte.

Fortettinga og den sterke satsinga på kollektivtransporten dei siste åra, har medført at fleire reiser miljøvenleg, frå 35 pst. i 2005 til 36 pst. i 2009 for byane i Framtidas byar samla. Delen som reiser på miljøvenleg måte i mindre byar og tettstader er klart lågare, ikkje berre fordi kollektivtilbodet er dårlegare utbygd, men òg fordi færre sykklar og går.

- Delen av omsetninga i varehandel i kommunen innanfor by- og tettstadsområde

Tal frå SSB (27/2012) indikerer at hovudsentrum sin del av omsetninga blant «Framtidens byer» har blitt redusert i perioden 2006 til 2011 for alle kommunane.

Tilsvarande tal for dei mellomstore byane viser at sentrum har tapt store deler i same periode. Gjennomsnittet i del av omsetninga har gått frå 44-49 pst. til mellom 37-44 pst. (SSB: 20/2012)

- Utslepp av klimagassar i kommunar og fylke.

Utsleppa av klimagassar auka i dei 13 største byane med 5 pst. frå 1991 til 2010. Det er då rekna med utslepp som byane sjølve kan påverke. Vegtrafikken står for om lag 60 pst. av desse utsleppa, utslepp frå stasjonære kjelder, særleg oppvarming, utgjer 20 pst., 10 pst. kjem frå avfallsdeponi og resten frå andre mindre kjelder. Vegtrafikk er òg den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂, og viktig bidragsytar til utslepp av svevestøv. Ein viser til omtale av resultatområde 10 Rein luft for nærare omtale av tilstanden for lokal luftkvalitet.

- Leike- og rekreasjonsareal i tettstader pr. 1000 innbyggjarar.

Tal frå KOSTRA viser at gjennomsnittet av leike- og rekreasjonsareal i mellomstore byar ligg på nærare 17 dekar pr. 1000 innbyggjar i 2011. I dei 13 største byane som er med i «Framtidas byar», er gjennomsnittet noko lågare, med 14 dekar pr. 1 000 innbyggjarar same året. I perioden 2003 til 2011 har leike- og rekreasjonsarealet i tettstadene minka noko.

- Delen busette med kortare avstand enn 500 m til rekreasjonsareal større enn 200 daa i byar og tettstader.

Delen av befolkninga med tilgang til større rekreasjonsareal har gått ned frå 79 til 77 prosent i heile landet frå 1999 til 2009. I dei større byane er delen redusert frå 66 prosent til 64 prosent i same periode.

- Talet på kommunar med rekreasjons- og friluftsområde lagt til rette med universell utforming.

For 2012 rapporterte 299 kommunar at dei hadde eitt eller fleire rekreasjons- eller friluftsområde lagt til rette med universell utforming. Talet på område endra seg frå 1814 i 2011 til 1751 i 2012.

- Talet på kommunar med vedteken plan og retningslinjer for universell utforming.

Sjå omtala av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, for nærare informasjon.

- Tal på kommunesenter som er kartlagde etter kriteria for tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.

Talet på kartlagde tettstadsenter kom i 2012 opp i 112. Kartlegginga i 2013 vil auke talet opp mot 175, samstundes som einskilde tidlegare kartlagde vil verte tekne opp på nytt for å få ein indikator på endring. Statens kartverk står for kartlegginga saman med einskilde kommunar.

- Bustadbygging som er sett i gang

Bustadbygginga har gått ned etter 2007 som følge av blant anna finanskrisa, og nådde botn i 2010. I 2011 auka talet på bustader som vart sette i gang igjen så å seie i alle byane, ei utvikling som har halde fram på landsbasis i 2012. Trondheim er den byen som har hatt sterkast auke i bustadbygginga frå 2010 til 2012.

19 Resultatområde 8 Aktivt friluftsliv

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga av og interessa for å ta vare på naturverdiar og kulturminne. I dag har vi om lag 1900 statleg sikra friluftsområde i Noreg, og ein unik allemannsrett til ferdsle i utmark. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturoppleving, og at friluftsliv ikkje trenger å ha noko konkurranseelement. Sær viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurde arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Alle vil kunne finne ein eller fleire friluftslivsaktivitetar som dei kan utøve og finne mening i, og som gir både fysisk aktivitet og naturoppleving.

Nordmenn er svært aktive friluftslivsutøvarar. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og nordmenn sitt nære tilhøve til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitnet og ein integrert del av mange nordmenn sine liv.

Ein viktig grunn til at friluftsliv er så utbreidd i Noreg er at naturen – både den som er tilrettelagt og den som ikkje er tilrettelagt – er lett tilgjengeleg over heile landet, også frå byar og tettstader. Den lovfesta retten i friluftsløva til å kunne ferdast fritt og opphalde seg i naturen (allemannsretten), og at ferdsle og opphald i naturen er gratis er andre viktige grunnar til at nordmenn må kunne kallast friluftslivsmenneske og at stadig fleire frå andre land søker til Noreg for å få unike natur- og friluftslivopplevingar.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 8.1. Alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Indikatorar:

- Del av befolkninga som deltek i friluftslivsaktivitetar
- Talet på skular som deltek i prosjektet Den naturlege skulesekken

- Del av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader som har trygt og tilgjengeleg leike- og rekreasjonsareal innan 500 meters avstand
- Talet på kommunar med rekreasjons- og friluftslivsområde lagt til rette med universell utforming

Nasjonalt mål 8.2. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Indikatorar:

- Tal på nye friluftslivsområde sikra med statleg medverknad pr. år
- Prosentdel av friluftslivsområde sikra med statleg medverknad som har egne forvaltningsopplegg

Nasjonalt mål 8.3. Allemannsretten skal haldast i hevd.

Indikatorar:

- Del av befolkninga som har kunnskap om allemannsretten
- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta

Tilstand

Friluftsløva er grunnleggjande for å halde allemannsretten i hevd og sikre høve til friluftsliv for alle. Markaløva sikrar høve til friluftsliv, naturoppleving og idrett i det mest brukte friluftslivsområdet i landet – skogområda kring hovudstaden. Plan- og bygningslova blir nytta til å ta hand om interessene som er regulerte i friluftsløva og markaløva.

Det er grunnleggjande at vår generasjon har eit ansvar for å gi kommande generasjonar like godt høve til naturopplevingar som vi sjølve har fått.

Natur og naturmangfald gir opplevingar, identitet og tilhøyring. I ei undersøking frå 2010 kjem det fram at to tredelar av befolkninga ønskjer å drive meir fysisk aktivitet i naturen og

nærmiljøet (Synovate 2010). I ei anna undersøking frå 1999 svarte 19 av 20 nordmenn at naturen er viktig for «det gode liv». Det betyr at det ikkje er nytteverdien som er drivkrafta for å drive med friluftsliv. Undersøkingar viser at det først og fremst er fred og ro, og det å komme ut i frisk natur folk ønskjer når dei går på tur. Ein stor del av det norske friluftslivet handlar om store og små naturopplevingar som blir minne for livet.

Allemannsretten sin sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Ettersom busetjingsmønsteret har blitt meir og meir knytt til byar og tettstader, har naturen i og ved slike område fått ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar. Naturen i nærmiljøet er særers viktig, og den klart mest etterspurde arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen. Samtidig er allemannsretten truga av kommersialisering, privatisering og ikkje minst ulovlege stengsel i strandsona. Mange enkelttinggrep langs kysten, spesielt rundt Oslofjorden og på Sørlandskysten, har redusert tilgangen til attraktive strandområde. Liberal dispensasjonspraksis etter plan- og bygningslova i 100-metersbeltet langs sjøen er ei av årsakene. Mange stader har dette ført til auka hytte- og bustadbygging i område som tidlegare var attraktive for friluftslivet. Samtidig med utstrekt utbygging har det skjedd auka privatisering av strandsona. Slik privatisering kan både vere lovleg og ulovleg. Den ulovlege privatiseringa er kjenneteikna av at hovudmålet er å halde allmenta borte frå område der den har lovleg tilgang til ferdsle og opphald. I perioden 2000–2012 har delen av strandsoneareala som ligg nærare enn 50 meter frå ein bygning blitt fordobla. I 2000 var talet 8,3 pst. mot i starten av 2012 16,7 pst. Til trass for mindre bygging krympar likevel dei delane av strandsonearealet som er potensielt tilgjengeleg for friluftsliv og ikkje påverka av fysiske inngrep.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Dette er i samsvar med nasjonale mål om ei meir konsentrert utbygging av omsyn til arealbruk, transport og klima. I mange byar skjer det ei umedviten fortetting som inneber at opne areal som kan brukast til lek og rekreasjon blir nedbygde. Samanhengande turdrag blir brotne eller smalna inn og mister verdien for turar i nærmiljøet og til nærliggjande, større naturområde. Dette svekkjer høvet til å drive friluftsliv i nærleiken av bustadområda. Dette har òg negativ verknad på den naturlege spreininga av det lokale plante- og dyrelivet. På

landsbasis vart 12,4 prosent av dei opne areala nedbygde i perioden 1999–2004. Tala er noko usikre, då det målte omfanget av nedbygging delvis kan skuldast forbetringar i offentlege register over bygningar. Tilgangen til nærturterreng har halde seg konstant på 64 pst. frå 2004 til 2009.

I over femti år har staten medverka til å sikre folk tilgang til friluftslivsområde, gjennom kjøp av grunn eller avtaler om bruk og tilrettelegging. I dag har vi om lag 1900 offentlege friluftsområde i Noreg, område som kommunane og staten i samarbeid har sikra og tilrettelagt for allmenta sitt friluftsliv. I tillegg kjem mange mil med viktige ferdselsårer for friluftsliv, der mange gir auka tilgjenge til og mellom attraktive område, slik som kyststigar for betre allmenn tilgang til strandsona. Mange slike turstigar er knytte til kystleiene og rimelege overnattingstilbod på fyrstasjonar og hytter ved sjøen.

Motoriserte framkomstmiddel i utmark og vassdrag vil i mange tilfelle vere nyttig og naudsynt, som for eksempel i redningstenesta eller i reindrifta. Samtidig medfører motorferdsel i naturen ei rekkje ulemper og skadar, som støy, terrenghandlingar, forstyrking av dyrelivet og konflikthandlingar med friluftslivet, jf. resultatområde 4 Mangfaldige skogar og resultatområde 5 Storslått fjellandskap.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåing. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Sikre allemannsretten

Noreg har store friluftareal og ein allemannsrett til ferdsle i utmark, og dei fleste har gode høve til friluftsliv. Men somme stader, særleg i strandsona, er allemannsretten under press. Sikring og tilrettelegging av friluftsområde og kyststigar er viktige tiltak for å gi allmenta betre tilgang til kystsona. Endringane i friluftlova som tredde i kraft 1. januar 2012 har medverka til ei generell styrking av allemannsretten. Endringane inneber at det blir tillate å ferdast til fots på veg eller stig gjennom innmark som leier til utmark, at det blir tillate å ferdast varsamt i skogplantefelt også om sommaren og at det i forskrift kan bli gitt reglar

som tillet telting nærare enn 150 meter frå hus og hytter i kystnære område. Endringane i lova gir vidare styrka høve til inngrep overfor ulovlege stengsel og skilt som hindrar allmenn ferdsel, opphald og hausting. Nye forskrifter til friluftslova og revidert rettleiar til lova skal etter planen vere på plass i 2014.

Regjeringa starta i 2013 arbeidet med å sjå nærare på enkelte restriksjonar for nye friluftstyper i verneområda, jf. omtale under resultatområde 5 Storslått fjellandskap. Dette arbeidet vil halde fram i 2014.

Sikring og tilrettelegging av friluftsområde

Det er stadig behov for å sikre nye område for friluftsliv, anten ved kjøp eller gjennom avtaler om varig bruksrett. Arbeidet for å opne ulike typar av statseigedom for allmenta vil halde fram – område som til dømes Forsvaret, Jernbaneverket, Statskog eller andre statlege instansar ikkje lenger har bruk for. Regjeringa har dei siste åra auka satsinga på sikring av område i og ved byar og tettstader, der 80 pst av befolkninga bur.

Regjeringa la i august 2013 fram Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde. Planen legg blant anna føringer på at staten skal stimulere til kartlegging og verdsetjing av friluftsområda i alle kommunar i landet, og at sikring og tilrettelegging av område som kan nyttast av mange brukargrupper skal prioriterast, også inne i byar og tettstadar. Målet er at dei sikra områda skal generere mest mogeleg aktivitet. Men det skal framleis òg sikrast viktige friluftslivsområde utanfor byar og tettstader, med hovudvekt på strandsoneområde og område ved innlandsvassdrag. I tillegg skal sikring og tilrettelegging av område for fritidsfiske ha høg prioritet.

Fylkeskommunane og staten medverkar økonomisk til driftsordningar i Oslofjordområdet, i Skjergardsparkane på Sørlandet og i Vestkystparken i Rogaland og Hordaland. Elles skal lokalt driftsansvar framleis vere ein føresetnad for statleg medverknad til sikring av friluftsområde. Om modellen i dag for drift av dei statleg sikra friluftsområda i kystsona bør justerast eller endrast, skal utgreiast.

Mange flotte naturområde med busetnad kjem for sal, og det er viktig at staten kan sikre også desse områda for allmenta sitt friluftsliv. Korleis sikringsordninga kan innrettast for betre å kunne sikre viktige friluftsområde med busetnad, skal utgreiast.

Fylkeskommunane har etter forvaltningsreforma fått auka ansvar for at kommunane følgjer

opp friluftsliv i planlegginga si. Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for friluftsliv ved mellom anna å ta vare på og utvikle område for grønstruktur

Oslomarka er næraste turområde for om lag 1,2 millionar menneske. Arbeidet med å sikre verdiane i Marka blir vidareført, blant anna gjennom ordningane med at oppstart av plansaker og stadfesting av alle reguleringsplanar og kommuneplanar som vedrører Marka må godkjennast av Miljøverndepartementet.

I markalova er det ein eigen heimel for vern av friluftslivsområde som på grunn av sin verdi for naturoppleving har særskilde kvalitetar for friluftslivet. I 2011 vart det gjennomført kartlegging av slike område i Oslomarka, og våren 2012 vart det meldt oppstart etter markalova for verneprosess for 28 område. For mange av desse områda er det opna for frivillig vern etter naturmangfaldlova, sjå resultatområde 4 Mangfaldige skogar.

Stimulering til friluftsliv

Friluftslivet si sentrale stilling i det norske samfunnet skal bestå og forsterkast. Stimulering og opplæring til naturvennleg friluftsliv er ein viktig del av arbeidet med å auke deltakinga i friluftsliv blant barn og unge. Det er mellom anna viktig at barn og unge blir tekne med ut i naturen gjennom barnehage, skule og tilbod frå frivillige organisasjonar, og på den måten både lærer å ferdest i naturen og får gode naturopplevingar og forbetra helse. Det er òg viktig at det blir lagt til rette for at menneske med bakgrunn frå andre kulturar får innføring i den norske friluftslivstradisjonen. Regjeringa la i august 2013 fram ein Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv. Eit viktig tiltak er at Staten i større grad skal søkje å samordne innsats og verkemiddel frå ulike sektorar innanfor friluftsliv. Barn, unge, personar med innvandrarbakgrunn og dei som i dag er lite fysisk aktive vil vere blant hovudmålgruppene for den statlege friluftslivspolitikken dei nærmaste åra. For å nå denne målgruppa skal friluftsliv i og ved byar og tettstader prioriterast sterkare, både i form av aktivitetsmidlar, sikring og ivaretaking av natur- og friluftsområde og i form av tilrettelegging.

Regjeringa vil føre vidare plansatsinga mot store byar – Nærleiksbyen, som inneber tiltak for å styrkje samanhengande overordna og lokale strukturar, byrom og uteareal. Nettverksarbeid mellom kommunane vil vere sentralt for å utveksle erfaringar og utvikle metodar for å få attraktive og tilgjengelege friluftsområde.

Det skal bli auka satsing på fritidsfiske og kulturminne i naturen som opplevingsressurs og motivasjonsfaktor i friluftsliv.

Regjeringa vil føre vidare og utvikle satsinga på friluftslivsaktivitetar og friluftslivstiltak i regi av organisasjonane, og prioritere støtte til IKT-baserte produkt og tenester som kan medverke til at fleire tek del i friluftsliv.

Det skal arrangerast eit nytt Friluftslivets år i 2015. Friluftslivets år vil ha ei sentral rolle både i høve til planlegging og gjennomføring av året. Blant anna har Friluftslivets Fellesorganisasjon fått ansvaret for den daglege leiinga for planlegging og gjennomføring av året. Året skal ha særleg vekt på friluftsliv i nærmiljøet, fritidsfiske og kulturminne som opplevingsverdi i friluftsliv. Barn, unge og barnefamiljar skal ha særleg prioritet.

Prosjektet «Den naturlige skulesekken» har som hovudmål at skulane skal utnytte nærmiljøet som læringsarena for å utvikle elevane og lærarane si nyfiken og kunnskapen deira om natur, gi medvit om berekraftig utvikling og miljøengasjement, og kunnskap om helse og livsstil. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Kunnskapsdepartementet, Miljøverndepartementet og ei rekkje natur- og friluftslivsutval. Koplinga mellom friluftsliv og naturen som læringsarena skal få større merksemd i prosjektet.

Omtalen over av Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde og Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv er Regjeringas utkvittering av Stortingets oppmøttingsvedtak nr. 665 av 20. juni 2013: «Stortinget ber regjeringa vurdere hvordan friluftsliv i større grad kan prioriteres for å oppfylle statens mål i folkehelsepolitikken og de idrettspolitiske mål om «idrett og fysisk aktivitet for alle».

Samarbeid med friluftslivsutval og andre

Departementet og den offentlege friluftslivsutvalinga elles samarbeider nært med interkommunale friluftslivsutval og frivillige organisasjonar innanfor friluftsliv. I mange sikra friluftslivsområde er det friluftslivsutval som har ansvaret for drifta. Friluftslivsutvala og organisasjonane har mange viktige prosjekt og tiltak både når det gjeld å stimulere og lære opp til friluftsliv, og når det gjeld å forvalte og ta vare på viktige friluftslivsområde.

Samarbeid og dialog med friluftslivsutvalinga vil framleis vere eit prioritert område og ein integrert del av departementet sitt arbeid med friluftsliv. I alle viktige saker som vedrører friluftsliv vil friluftslivsutvalinga bli involverte eller høyrde, og i mykje av arbeidet har organisasjonane

ei direkte og konkret rolle. Til dømes vil friluftslivsutvalinga få sentrale roller i planlegginga og gjennomføringa av Friluftslivets år 2015.

Det finst ei rekkje tilskotsordningar for natur- og friluftslivsområde. Nokre av ordningane er det fylkeskommunen som forvaltar og fordeler på vegner av staten.

Kulturdepartementet forvaltar viktige støtte- og utvalmidlar for friluftsliv i form av spelemidlane, i samarbeid med fylkeskommunar, kommunar og dei sentrale friluftslivsutvalinga.

Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag

Det å oppleve stille i naturen og å komme vekk frå støy og forureining er viktige grunnar for å gå tur eller vere ute i naturen.

Både det enkelte køyretøyet, og summen av mange motorkøyretøy utgjør ei belastning for naturen og friluftslivsutvalinga. Det er Regjeringas mål å regulere motorferdsel i utmark for å ta vare på naturmiljøet, fremje trivselen og sikre stille og ro i naturen, jf. omtale under resultatområde 4 Mangfaldige skogar og resultatområde 5 Storslått fjellandskap.

Regjeringa har opna for at 40 kommunar skal kunne etablere løyper for fornøyleskøyting med snøskuter i ein avgrensa periode frå 2014 til 2018. Søknadsfristen for å bli med i ordninga var 1. september 2013. Ordninga skal gjennomgå ei grundig følgeevaluering, som vil gi verdefull kunnskap som vi kan bruke ved seinare vurderingar av spørsmålet om fornøyleskøyting med snøskuter i utmark.

Snøskuterturisme kan vere ei viktig inntektskjelde enkelte stader. Regjeringa har hatt på høyring eit forslag om å opne for at det i grensekommunar kan etablerast tilførselsløyper til løypenett i Sverige og Finland. I kommunar i Nord-Troms og Finnmark der det allereie er lov med fornøyleskøyting vil det bli enklare å knyte løypenett saman over kommunegrensene og auka høve til å køyre frå reiselivsanlegg til løypenettet.

Det vil òg bli lagt vekt på auka kontroll av motorferdsel i utmark, både av Statens naturoppsyn og politiet.

Ved lovendring 21. juni 2013 vart småbåtlova sine reglar om bruk av vasskuter endra. Endringa treddi i kraft 1. juli 2013.

Endringa inneber at bruk av vasskuterar no er tillate utanfor definerte forbodsbelt langs kysten. Forbodsbelta er særleg grunngitte med omsynet til tryggleik og miljø. Bakgrunnen for endringa er eit ønske om å forenkle regelverket, samstundes

som vi beheld eit høgt beskyttelsesnivå. Endringa vil òg gi større tryggleik for at dei norske reglane om bruk av vasskuter er i samsvar med EØS-avtala.

Meir detaljerte reglar er fastsette i Miljøvern-departementets forskrift 21. juni 2013 om bruk av vasskuter, som tredde i kraft 1. juli 2013. Det er her fastsett forbodsbelte på 400 meter frå land og verneområde i sjø, og 500 meter frå land og verneområde i ferskvatn. Det er tillate med transportkøyring i låg fart for å komme seg ut gjennom forbodsbelta. Det vil i 2014 bli lagt vekt på at bruken av vasskuterar blir praktisert i samsvar med dette regelverket.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

8.1. Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Indikatorar:

- Del av befolkninga som deltek i friluftslivsaktivitetar.
- Talet på skular som deltek i prosjektet Den naturlege skulesekken.
- Del av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader som har trygt og tilgjengeleg leike- og rekreasjonsareal innan 500 meters avstand.

I 2011 deltok 92 pst. av befolkninga i ei eller anna form for friluftsliv (Statistisk sentralbyrås levekårsundersøking), mens talet var 96 pst. i 2001. Oppslutninga om mange aktivitetar er høg både blant barn og vaksne, og barna si deltaking ligg generelt på noko høgare nivå enn det vi finn blant dei vaksne. Blant den vaksne delen av befolkninga er fotturane den klart største aktiviteten med ein oppslutnad på 83 pst. På ein klar andre plass følger utandørs bading med 71 pst. Deretter følgjer båtturar med 55 pst., skiturar med 50 pst., fisketurar med 46 pst. og sykkelturar med 43 pst. Bær- og sopplukking har ein oppslutnad på 37 pst. og bruk av alpinanlegg 25 pst. 26 pst. driv med terrengsykling, som er ein betydeleg oppgang frå ei deltaking på 13 pst. i 2001.

Av dei mindre aktivitetane kan nemnast at jakt har ei oppslutning på 8 pst. og 7 pst. har køyrt alpint utanfor anlegg (off piste) i fjellet.

2011-undersøkinga viser at tendensen til nedgang i interessa for friluftsliv blant ungdom held fram. I 2001 deltok 97 pst. av ungdom mellom 16-24 år i friluftslivsaktivitetar, mens talet var 91 pst. i 2011. Interessa for fisking, plukking av bær og sopp og utandørs bading har gått noko ned i

aldersgruppa 16-24 år dei siste åra. I denne aldersgruppa har samtidig deltakinga i fotturar i fjellet, off piste-køyring i fjellet og terrengsykling auka betydeleg. Deltakinga i skiturar og båtturar har òg auka noko dei seinare åra i aldersgruppa 16-24 år. I heile befolkninga har det vore ein betydeleg vekst i kategorien fotturar i fjellet og båtturar sidan 2001.

Prosjektet Den naturlege skulesekken har kvart år sidan 2009 lyst ut utviklingsmidlar til skuleprosjekt innan berekraftig utvikling. Alle grunnskular (1.–10. trinn) og vidaregåande skular (Vg1) kunne våren 2012 søkje om inntil 60 000 kroner kvar til å utvikle sine prosjekt. Av 238 søknader som kom inn vart 154 innvilga. Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret) ved Universitetet i Oslo behandlar søknadene i samarbeid med fleire høgskular som er engasjerte som regionkontaktar i Den naturlege skulesekken. Ordninga med regionkontaktar vart starta i samarbeid med Kunnskapsdepartementet skuleåret 2011/12. Regionkontaktane erstattar Ressursgruppa.

Det er ein føresetnad for å få innvilga søknaden at skulen nyttar nærområdet som læringsarena. To eller fleire skular i kvart fylke deltek i Den naturlege skulesekken, dei fleste er grunnskular. På miljøstatus.no kan ein finne ei grafisk framstilling av den fylkesvise fordelinga og talet på skular i Den naturlege skulesekken for åra 2009, 2010 og 2012.

I det tverrsektorielle samarbeidsprosjektet «Forum for friluftsliv i skulen» er hovudfokus at alle elevar skal få oppleve meistring og trivsel gjennom aktivt friluftsliv, og få gode vanar for å vere i naturen. Forumet arbeider mellom anna med kompetanseutvikling i friluftsliv for lærarar og ressurspersonar.

For å inkludere personar med ein annan kulturbakgrunn i den norske friluftslivstradisjonen er denne befolkningsgruppa prioritert når det gjeld tilskot til friluftslivsaktivitetar. Det vart i 2013 òg oppretta ei eiga tilskotsordning med formål å integrere personar med innvandrarakgrunn i friluftsliv.

Statistisk sentralbyrå har lagt fram tal for 2011 som viser at om lag 43 pst. av befolkninga har trygg tilgang til rekreasjonsareal. Busette i dei største byane har dårlegast tilgang til rekreasjonsareal. For gruppa barn og unge under 20 år er delen noko høgare. Det er store skilnader i tilgang når ein ser på dei einskilde tettstadene. I gjennomsnitt er det ein tydeleg samanheng mellom tilgang og tettstadsstorleik. Delen busette med tilgang er mindre i dei større tettstadene. I gjennomsnitt har 59 pst. tilgang til

rekreasjonsareal i små tettstader, mot 36 pst. i større tettstader.

8.2. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.

Indikator:

- Tal på nye friluftsområde sikra med statleg medverknad pr. år.
- Prosentdel av friluftsområde sikra med statleg medverknad som har eigne forvaltningsopplegg.

I 2012 vart 30 nye område sikra for friluftsliv ved kjøp eller avtale. Av desse er to avtaler om skjergardspark i Lister-regionen.

Ved utgangen av 2012 var det på landsbasis utarbeidd forvaltningsplanar med fokus på opparbeiding og tilrettelegging i 43 pst av dei statleg sikra friluftslivsområda. Planane gjeld for perioden 2013- 2018. Av kommunar med statleg sikra friluftsområde er det på landsbasis 53 pst. som har utarbeidd forvaltningsplanar. Det er framleis stor variasjon mellom fylka med omsyn til forvaltningsplanar.

8.3. Allemannsretten skal haldast i hevd.

Indikator:

- Del av befolkninga som har kunnskap om allemannsretten.
- Del av arealet i 100-metersbeltet langs kysten frå svenskegrensa til og med Hordaland som er tilgjengeleg for allmenta.

Allemannsretten er nedfelt i friluftsløva, og ei undersøking som Synovate gjennomførte i 2009 syner at friluftsløva er rimeleg godt kjend blant folk – om lag to av tre fortel at dei har høyrte om den. Det er fleire over 60 år som kjenner til løva enn i dei yngre aldersgruppene, og det er fleire med høgare utdanning enn dei med lågare utdanning som har høyrte om friluftsløva.

Ni av ti nordmenn har høyrte om allemannsretten. Ei undersøking frå 2009 (Befolkningens friluftsvaner) viser at berre 52 pst. av de unge mellom 15-24 år har høyrte om allemannsretten. Også for allemannsretten er det ein klar samanheng mellom utdanning og kjennskap: blant dei med universitetsutdanning har 98 pst. høyrte om allemannsretten, mens 77 pst. av dei med grunn/ungdomsskule som høgaste utdanning kjenner til allemannsretten. Undersøkinga frå 2010 viser til dømes at det har vore ein auke i kunnskapen om allemannsretten. 58 pst. veit

no at allemannsretten gjeld på privat eigedom, mens denne delen var 44 pst. i 2008. Med verknad frå 1. januar 2012 vart friluftsløva endra på fleire punkt. Allmenta sin rett til ferdsel og opphald er utvida. Omsynsfull ferdsel i skogplantefelt er no tillate også når plantene er under knehøgde. Det er i utgangspunktet tillate å sykle, ri og liknande aktivitetar på veg og opparbeidd sti i innmark for å komme til utmark, og det er opna opp for å gjere unntak for 150-meters regelen i kystsona.

Det er store skilnader i presset på strandsona. I kommunane langs Oslofjorden er 52 pst. av arealet i strandsona påverka av bygningar (det vil seie at den ligg innanfor ein omkrins av 50 meter eller mindre frå ein bygning). I presskommunane langs kysten på Sørlandet, Vestlandet, i Møre og Romsdal og i Trøndelag er 29 pst. av strandsona påverka av bygningar. I kystkommunar med lågare utbyggingspress er 12 pst. av strandsona bygningspåverka.

I Oslofjordregionen er det berekna at 39 pst. av strandsonarealet er potensielt tilgjengeleg for allmenta, og ikkje beslaglagt av jernbane, veg, bygd areal eller dyrka mark. Det tilsvarende talet for område med minst arealpress er 74 pst. Det er samtidig store variasjonar mellom dei ulike kommunane innanfor same presskategori. I mars 2011 vart Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen fastsette. Formålet med retningslinjene er å utdjupe plan- og bygningsløva av 27. juni 2008 § 6-2, og gi statlege føringar for kommunal og fylkeskommunal planlegging. Retningslinjene skal òg tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ta vare på allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Det er gjennomført ei sterkare geografisk differensiering, der restriksjonar på bruk av strandsona er strengast i sentrale område der presset på areala er stort.

8.4 Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege nærmiljø.

Indikator:

- Talet på kommunale og regionale friluftsløva.

Alle fylkeskommunar har friluftsliv som tema i planlegginga si, men dei regionale skilnadene påverkar kva slag plangrep som blir tekne. Friluftslivsinteressene blir som regel behandla i anten regional plan, temaplan og/eller strategidokument.

Tematisk blir friluftsliv ofte omtala saman med tema som idrett, fysisk aktivitet og folkehelse.

Plan er eit politisk styringsdokument ut frå kommunen sin eigen situasjon, og skal ta opp i seg relevante problemstillingar, mellom anna friluftsliv. Tilnærma alle kommunar har fokus på friluftsliv i planane sine, ofte i form av føresegner og retningslinjer i kommuneplan eller ein eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv. Det finst inga oversikt over kor stort areal som er avsett til friluftsliv i planane.

I 2012 rapporterer 57 pst. av kommunane at dei har ein gjeldande plan for friluftsliv og gjennomsnittsalderen for desse er 3,9 år. 14 fylkeskommunar har ein plan for friluftsliv, og gjennomsnittts vedtaksår er 2007.

Sjå òg omtalen av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, og resultatområde 7 Godt bymiljø, for nærare informasjon.

20 Resultatområde 9 Giftfritt miljø

Vi har alle rett til eit miljø som tryggjer helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir tekne vare på. Medvitet vårt om helse- og miljøfarlege stoff aukar når det for eksempel blir påvist slike stoff i barneleiker. I framtida bør alle produkt vi omgjer oss med vere trygge for helse og miljø. Eit reint miljø er ein føresetnad for eit rikt dyre- og planteliv, og for at vi fritt skal kunne bruke naturen og hauste av naturressursane. Mykje av norsk verdiskaping og produksjon er òg avhengig av eit reint miljø.

Miljøgifter blir sakte nedbrotne i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Luft og havstrømmer transporterer miljøgifter til område langt frå utsleppskjelder, og miljøgifter utgjer derfor også ein risiko for livet i arktiske område.

Ressursane i avfallet skal takast vare på og nyttast om igjen i størst mogleg grad. Sluttbehandling av avfall, anten ved forbrenning eller deponering, skal skje slik at miljøet blir minst mogleg påverka. Dette gjeld òg dei radioaktive avfallsstrømmane.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 9.1. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast, med intensjon om å stanse utsleppa innan 2020.

Indikator:

- Utsleppsreduksjonar for prioriterte miljøgifter

Nasjonalt mål 9.2. Risiko for utslepp og bruk av kjemikaliar som er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.

Indikatorar:

- Indikator for utslepp av farlege stoff.

For å måle utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar er det utvikla ein utsleppsindikator for utvalte helse- og miljøfarlege stoff. Alle faremerkte kjemikaliar som det blir produsert eller importert 100 kg eller meir av pr. år, skal rapportertast til produktregisteret. Berekningane av utslepp er baserte på desse opplysningane i tillegg til ein utslippsfaktor relatert til bruksområda for å reflektere den mengda som potensielt blir sleppt ut.

Nasjonalt mål 9.3. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.

Indikatorar:

- Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining.

Nasjonalt mål 9.4. Sediment i sjø som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.

Indikatorar:

- Mengd utvalte helse- og miljøfarlege stoff som er handtert ved mudring/tildekking slik at dei ikkje lenger utgjer kjelde til alvorlege forureiningsproblem.

Nasjonalt mål 9.5. Utslepp, risiko for utslepp og spreiding av radioaktive stoff som kan vere årsak til helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.

Indikatorar:

- Nivå i miljøet av utvalde radioaktive stoff.
- Mengd og type radioaktivt avfall som er deklarerert.
- Mengd og type avfall som er endeleg deponert
- Berekna risiko for utslepp frå utvalde utanlandske kjelder som kan påverke Noreg.
- Samla årleg utslepp av utvalde radioaktive stoff frå nasjonale kjelder.

Nasjonalt mål 9.6. Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.

Indikatorar:

- Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.

Nasjonalt mål 9.7. Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljømessig fornuftig nivå.

Indikatorar:

- Delen av ordinært avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling

Nasjonalt mål 9.8. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapitet.

Indikatorar:

- Mengd farleg avfall med ukjent disponering.

Nasjonalt mål 9.9. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.

Tilstand

Kjemikaliar bidreg i stor grad til auka velferd og til viktige produkt og tenester i samfunnet. Samtidig kan bruk og utslepp av noen kjemikaliar medføre ein uakseptabel risiko for helse og miljø. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan gi både akutte effektar og langtidseffektar. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan framkalle ulike sjukdommar som kreft og allergiar eller skade forplantningsevne og arvestoff. Kjemikaliar kan òg forårsake skade på immunforsvaret og nervesystemet. Skadelege helseeffektar kan førekomme ved bruk av kjemikaliar, ved innanding av forureina luft eller ved inntak av mat eller drikkevatt som er forureina. *Miljøgifter* er helse- og miljøfarlege kjemikaliar som blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Dyr på toppen av næringskjedene er særleg utsette for miljøgifter. Miljøgiftene er derfor ein alvorleg trussel mot naturmangfald, matforsyning og kommande generasjonar si helse.

Mykje er gjort for å redusere risikoen for helse og miljø frå ulike kjemikaliar, men det er

ikkje tilstrekkeleg for å møte dei langsiktige utfordringane. Nivåa i miljøet av enkelte kjente miljøgifter som PCB er på veg ned, og forbod nasjonalt og internasjonalt har gitt viktige resultat. Industriutsleppa av miljøgifter er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land, og dei samla utsleppa av prioriterte miljøgifter er vesentleg reduserte dei siste 15 åra.

Sjølv om vi har ført ein effektiv kamp mot ei rekkje forureinande utslepp dei siste tiåra, gjenstår framleis store oppgåver. Produkt vi nyttar til dagleg er ei aukande kjelde til utslepp av miljøgifter. Noreg mottok òg betydelege langtransporterte tilførsler av miljøgifter via luft- og havstrumar. Arktis er spesielt utsett for langtransporterte tilførsler av miljøgifter på grunn av dei dominerande hav- og luftstraumane. Dette går særleg ut over dyr høgt i næringskjeda, som isbjørn, polarmåke og spekkhoggarar.

Miljøgifter frå tidlegare tider ligg mange stader som forureiningar i grunnen på land eller i botnsediment i sjø og ferskvatn. Miljøgifter i forureina sediment spreier seg vidare oppover i næringskjeda, og det er derfor viktig å rydde opp for å hindre ytterlegare spreing. Avfallsmengdene aukar framleis, og er ei kjelde til utslepp av miljøgifter og klimagassar. Det var ein reduksjon i avfallsmengdene frå 2008 til 2009, men veksten har halde fram etter den tid. Dei siste åra har veksten i avfallsmengdene vore noko større enn den økonomiske veksten. Det meste av avfallet blir materialgjenvunne eller energigjenvunne. Mengda farleg avfall aukar òg, men stadig mindre blir handtert på ukjent måte. Det er likevel mogleg å auke innsamling og kontroll med farleg avfall. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvenleg teknologi medverka til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall.

Radioaktive stoff har liknande eigenskapar og potensielle skadeverknader på det ytre miljøet som tungmetall og andre miljøgifter. Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nært knytt til aktiviteten i ulike sektorar. Noreg har vesentleg høgare utslepp av produsert vatn frå petroleumsverksemda enn dei andre nordsjølanda. Dei norske utsleppa av produsert vatn er kelde til om lag 50 pst. av dei totale radioaktive utsleppa frå petroleumsindustrien i dei områda som er omfatta av Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR) om vern av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren.

Boks 20.1 Kvikksølv – ei ny global avtale

Kvikksølv er blant dei farlegaste miljøgiftene. Det blir transportert over store avstandar langt frå utleppskjeldene og utgjer ein trussel mot miljøet og menneske si helse. Kvikksølv kan blant anna skade nervesystemet, og foster og barn er særleg utsette.

Dei samla utleppa av kvikksølv til luft, jord og vatn frå norske kjelder vart reduserte frå om lag 6 tonn i 1985 til 2,5 tonn i 1995 og vidare til om lag 0,9 tonn i 2010. Det nasjonale utleppet til luft er i dag betydeleg mindre enn dei mengdene som blir tilførde Noreg via luftstraumar frå

andre land. Mattilsynet har gitt kosthaldsråd for enkelte arter av ferskvassfisk på grunn av høgt innhald av kvikksølv, og undersøkingar av kvikksølv i ferskvassfisk i Sør-Noreg (åbor og aure) har vist auka konsentrasjonar av kvikksølv.

Tiltak internasjonalt er nødvendig for å få redusert global spreining av kvikksølv. Noreg var derfor ein av initiativtakarane til ei ny global avtale om redusert bruk og utlepp av kvikksølv, som det vart semje om i januar 2013 og som vart underteikna i oktober 2013. Noreg er òg ein aktiv pådrivar i å få på plass streng regulering i EU.

Tabell 20.1 Definisjonar

Viktige omgrep	Definisjon
Farleg avfall	Avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr
Gjenvinning	Fellesnemning for eit kvart tiltak der hovedresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville vorte brukt eller at avfall er vorte førebudt til dette, herunder førebuing til ombruk, materialgjennvinning og energiutnyttelse
Materialgjenvinning	Utnytting av avfall slik at materialet blir teke vare på heilt eller delvis, f.eks. produksjon av skrivepapir frå returpapir
Miljøgift	Lite nedbrytelege helse- og miljøfarlege kjemikalier som hopar seg opp i næringskjedene og i miljøet, eller andre stoff som gir tilsvarande grunn til bekymring

Påverknader

Kjemikalieutleppa stammar frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, frå bruk av produkt i heimen, i industri og arbeidsliv, frå spreining av gammal forureining lagra i grunn og sjøbotn og frå avfallsbehandling. Det er ti tusenvis av kjemikalier på den europeiske marknaden, og desse går inn i talrike produkt og avfall. For mange av desse kjemikaliane har vi avgrensa kunnskap om deira helse- og miljøverknader. Talet på stoff med moglege helse- og miljøskadelege verknader er stort, og det er aukande utfordringar frå nye stoff. Produkt vi omgir oss med, som reingjeringsmiddel, klede, møblar, leiketøy, hobbyprodukt, PC-ar og mobiltelefonar, kan innehalde stoff vi har liten eller ingen kunnskap om helse- og miljøverknaden av. Vi veit for lite om stoff med hormonforstyrrende eigenskapar, og også om kva samla verknader ved

eksponering for mange kjemikalier kan føre med seg. Det siste blir ofte populært kalla «cocktail»-effekten. Uvisse om moglege helse- og miljørisiko ved auka bruk av nanomaterialar er òg ei utfordring, og det er naudsynt med auka kunnskap.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn vil kunne føre til at helse- og miljøskadelege stoff blir spreidde til omgivnadene. Kjemikalier som er hamna i jordmassar blir lite uttynna, dei blir som regel verande på same staden over lang tid og lek sakte ut til omgivnadene. Forureiningar som ligg avleira i sjøbotnen, kan spreiaast til omgivnadene gjennom bl.a. oppvirvling, opptak i plantar og beiting og utgjer då først og fremst ein trussel mot planter og dyr i sjøen. Forureiningar blir førte vidare gjennom næringskjedene i sjøen og kan ende opp i fisk og skaldyr som folk et.

Sluttbehandling av avfall vil òg kunne føre til fare for utlepp av miljøskadelege stoff til jord, luft

og vatn. Avfallsdeponi er strengt regulerte og deponia må samle opp sigevatnet og greie ut reinsebehovet. Reinsekrav blir fastsette for kvart enkelt deponi etter ei konkret vurdering. Krav til oppsamling av deponigass og forbodet mot deponering av nedbryteleg avfall gir reduserte utslepp av klimagassen metan. Utsleppskrava til avfallsforbrenning er svært strenge, og utsleppa frå avfallsforbrenningsanlegga er i dag låge. Dei potensielle miljøskadane frå avfallsbehandling gjer det viktig å minimere mengda avfall som blir sluttbehandla. I tillegg inneheld mange typar avfall material som det kan vere miljømessig gunstig å nytte om igjen. Ved å stimulere til meir gjenbruk og gjenvinning, reduserer vi mengda avfall som går til sluttbehandling samtidig som vi utnyttar ressursane i avfallet betre. Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lukkast med å førebyggje avfall.

Det blir produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Det gjer at mengda farleg avfall frå desse produkta aukar. Samtidig gjer auka kunnskap og større medvit rundt miljøgifter at nye stoff og produkt blir klassifiserte som farleg avfall. Dette medverkar òg til at mengdene farleg avfall som oppstår aukar, og til at meir avfall blir teke hand om på ein miljømessig endå tryggare måte. For å medverke til å førebyggje slikt avfall er det likevel viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt som kan bidra til at det blir laga færre produkt som blir til farleg avfall etter bruksfasen. Farleg avfall kan ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Det er likevel framleis noko farleg avfall som går til ukjent behandling og det er viktig med kontinuerleg innsats for å auke innsamlinga av det farlege avfallet.

Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarslarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan òg oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer av oppkonsentrering av naturleg førekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass og ved framstilling av radioaktive stoff og drift av for-

søksreaktorane til *Institutt for energiteknikk (IFE)*. Radioaktiv forureining av norske land- og havområde kan vidare komme frå internasjonale kjelder, slike som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Risiko for framtidige ulykker er i hovudsak knytt til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Helse- og miljøfarlege kjemikalier

Verkemiddelbruken har som formål å redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. For miljøgifter er det lagt til grunn at bruk og utslepp skal stansast innan 2020. Målet om vesentleg reduksjon av utslepp av prioriterte stoff innan 2010 var eit første steg på vegen mot 2020-målet. Det er dei same stoffa som er omfatta av målet om å stanse utslepp innan 2020 som er oppførte på lista over prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikalier (rapportering for utslepp av prioriterte stoff er omtalt under statusrapportering på nasjonale mål). Ein viktig del av arbeidet vidare er òg å identifisere fleire miljøgifter som er omfatta av målet, og følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan. Førre var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker. Ei ny gruppe miljøgifter, *langkjeda perfluorerte karboksylsyrer*, er no identifisert som prioriterte miljøgifter ut frå kriteria for målet.

Miljøgifter blir transporterte over store strekingar med luft- og havstraumar, og gjennom handel med produkt og avfall. Derfor er både nasjonalt og internasjonalt arbeid svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Nasjonalt er forureiningslova og tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp, under dette utslepp av kjemikalier. Hovudregelen i forureiningslova er at forureining er forbode. Ingen har såleis lov til å forureine utan at det er gitt løyve til det, anten gjennom individuelt løyve til ei verksemd eller i forskrift.

Streng regulering av utslepp av farlege kjemikalier frå industri og prosessar er lagt til grunn gjennom forvaltninga etter forureiningslova. Som klar hovudregel blir pålegg etter forureiningslova òg nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sjøbotn. For forureina grunn er plan- og bygningslova òg ein nyttig reiskap. For å sikre ein samla og effektiv verkemiddelbruk i dette arbeidet er det i tillegg utarbeidd ein eigen handlingsplan for opprydding i foru-

reina sjøbotn, basert blant anna på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn i dei 17 høgast prioriterte områda i landet.

I tillegg til forureiningslova er produktkontrolllova og forskrifter gitt i medhald av denne sentrale juridiske verkemiddel på kjemikalieområdet. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU. I 2008 vart det innført eit nytt og svært omfattande kjemikalierregelverk i EU/EØS om registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier (REACH-regelverket). Vidare utviklinga av dette regelverket er svært viktig i kjemikaliepolitikken. Noreg bidreg aktivt i arbeidet for å styrkje regelverket både med å foreslå regulering av stoff og ved gjennomgangen av regelverket som no går føre seg, inkludert endringar for å betre handteringa av nanomaterialar under REACH. Noreg spelte i 2013 inn fem konkrete forbetningspunkt til EU. Eitt av dei fem punkta er at det må vere eit mål å stanse utslepp av miljøgifter innan 2020, i tråd med norsk mål for dette. Det må òg gjerast meir for å møte nye utfordringar med hormonforstyrrende stoff og nanomaterialar. Det at menneske og miljø blir utsette for mange helse- og miljøfarlege stoff samtidig, er heller ikkje reflektert i regelverket i dag. I tillegg må kvaliteten på den informasjon som industrien leverer under regimet i dag forbetrast kraftig. Vidare er informasjon eit viktig verkemiddel for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Avgifter blir òg nytta for å avgrense bruk av enkelte stoff. Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency), som har sete i Helsinki, er viktig i EUs kjemikaliearbeid. ECHA er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og er sentral i arbeidet med nye reguleringar for å beskytte helse og miljø. Noreg har ein nasjonal ekspert tilsett i byrået og er representert i alle komitear og i styret i ECHA. Vi har òg felles reglar med EU om produkt med *biocid* som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar, og nytt regelverk er nylig innført.

Globalt er Noreg aktivt med i arbeidet under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Basel-konvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall, Rotterdamkonvensjonen om handel med farlege kjemikalier og miljøgiftsprotokollane under FN's økonomiske kommisjon for Europa (ECE). Noreg støttar òg

den globale kjemikaliestrategien SAICM. Vidare tek Noreg aktivt del i arbeidet med kjemikaliespørsmål innan OSPAR-konvensjonen, FN's Sjøfartsorganisasjon IMO, Nordsjø-deklarasjonane og FN sitt miljøprogram (UNEP). Under FN's miljøprogram vart det i 2013 sluttført forhandlingar om ei ny global avtale for å redusere bruk og utslepp av kvikksølv. Noreg har spelt ei sentral rolle for å få i gang dette arbeidet. På bakgrunn av norsk forslag vart det i 2013 òg semje om forbod mot miljøgifta HBCD under Stockholm-konvensjonen. Noreg har i 2013 òg foreslått endå ei ny miljøgift til denne konvensjonen; miljøgifta *deka-BDE*. Det aller meste av transport av kjemikalier globalt skjer med skip. Det er gjennom MARPOL-konvensjonen etablert svært strenge globale krav for å unngå miljøskadelege utslepp frå slik transport. I tillegg har IMO etablert ein eigen konvensjon som regulerer bruk av miljøgifter i botnstoff brukt på skip. Denne konvensjonen forbyr bruk av organotinn. Mjukare verkemiddel enn reguleringar, slik som informasjon, er viktig for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Avgifter blir òg nytta for å avgrense bruk av enkelte stoff.

Kunnskapsheving gjennom forskning, kartlegging av potensielt farlege stoff i produkt, avfall og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Auka kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier, under dette nanomaterialar, er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak på eit tidleg tidspunkt. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtaler for å redusere utslepp av miljøgifter. Data frå Arktis er svært nyttig fordi det er utbreidd internasjonalt semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjer alvorlege problem.

Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande. Tiltak for å rydde opp i sjøbotn er fremja gjennom fylkesvise tiltaksplanar og prioritering av område som skal ryddast opp. I hovudsak er det prinsippet om at forureinar betaler som skal leggjast til grunn og bruk av pålegg etter forureiningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre nødvendig opprydding av forureina grunn og sjø. Statlege styresmakter vil likevel kunne medverke med finansiering der dette er nødvendig. Det er behov for at statlege bidrag til finansieringa kan bli meir føreseielege, og det blir derfor gjennom auka fullmakt lagt til rette for at styresmaktene kan inngå avtaler om finansiering utover løyvinga på oppryddingspostane i det aktuelle året.

Avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Det er viktig å minimere utslipp av lokal forureining, klimagasar og miljøgifter frå avfall. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av ressursane i avfallet. Politikken på avfallsfeltet skal medverke til at meir avfall blir halde i krinsløp og kjem til nytte som råvarer.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljømessig god balanse mellom det som blir gjenvunne som material, og det som blir brent eller deponert. Det er innført fleire verkemiddel for å stimulere til material- eller energigjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall. Det er etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar, mellom anna for elektrisk og elektronisk avfall, batteri, bilvrak, PCB-haldige isolerglasruter og fleire typar emballasjeavfall. Svært gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad samtidig som miljøgifter i avfallet blir sikra ei forsvarleg behandling.

Eit rammedirektiv for avfall (2008/98/EF) vart i 2011 innlemma i EØS-avtala. Norsk avfallsregelverk er vurdert å vere i tråd med rammedirektivet. Miljødirektoratet har sendt på høyring forslag til enkelte endringar i forureiningslova, med sikte på å bringe omgrepa i avfallsregelverket meir i samsvar med EU-retten. Det vert òg arbeidd med eit forslag til endring av avfallsforskrifta slik at omgrepa i forskrifta stemmer overeins med dei som blir brukt i lova. Direktiv om handtering av avfall frå mineralindustrien vart vedteke i EU i 2006, og er innlemma i EØS-avtala. Direktivet er i 2012 gjennomført i norsk rett gjennom eit nytt kapittel i avfallsforskrifta. Når det gjeld returordninga for innsamling av elektrisk og elektronisk avfall, har EU vedteke nye reglar i direktivet for elektrisk og elektronisk avfall for å effektivisere ordningane og auke innsamlingsmåla. Endringane tredde i kraft i 2012 og vil medføre enkelte endringar i avfallsforskrifta kapittel 1. Miljøverndepartementet har òg teke initiativ til å endre reglane i avfallsforskrifta om berekning av avfallsgebyr for å førebyggje kryssubsidiering i avfallssektoren og tydeleggjere reglane for sjølvkostrekneskapen. Nye reglar vert utarbeida og vil bli sende på høyring. Miljødirektoratet gjer ein gjen-

nomgang av retursystemet for drikkevareemballasje, og vil sende forslag til justeringar av systemet til Miljøverndepartementet hausten 2013.

Miljøverndepartementet la i august 2013 fram ein avfallsstrategi. Strategien inneheld både ein avfallsplan og eit program for avfallsførebygging i tråd med krava i rammedirektivet for avfall. Strategien løfter fram enkelte prioriterte område som miljøstyresmaktene vil arbeide med framover. Dette er blant anna avfallsførebygging, der matavfall er høgt prioritert, betre utnytting av ressursane i avfallet gjennom meir materialgjenvinning av blant anna plast og tekstil, og auka kunnskap om miljøgifter frå bilvrak. Andre prioriterte område er auka innsamling av ee-avfall og innføring av en produsentansvarsordning for fritidsbåtar. Innsamling og handtering av farleg avfall er òg høgt prioritert.

Innsats knytt til å redusere helse- og miljøfarlege stoff i ulike produkt vil ha innverknad på arbeidet med å redusere miljøproblema når produkta blir avfall. Det er viktig å halde fram den store innsatsen som allereie blir gjort internasjonalt for å redusere innhaldet av helse- og miljøfarlege stoff i nye produkt. Farlege kjemikalier i produkt endar før eller seinare opp som avfall. For å redusere mengdene farleg avfall som oppstår blir innhaldet av farlege kjemikalier og miljøgifter i produkt regulert gjennom produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Enkelte stoff eller produktgrupper er forbodne eller avgrensa i forskrift.

Målet om at genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå, har vist seg vanskeleg å oppnå. Ein av grunnane til dette er dei store mengdene farleg avfall som blir generert i industri-, bergverks-, og petroleumssektoren. Generert mengde farleg avfall her, heng nært saman med aktivitetsnivå. Så lenge aktivitetsnivået er høgt/aukande i desse bransjane er det lite truleg at generert mengde farleg avfall vil bli redusert. Samtidig kan mengda farleg avfall som oppstår frå kasserte produkt reduserast på lang sikt gjennom systematisk innsats for å få ned innhaldet av farlege stoff i produkta. På denne bakgrunnen vil det bli vurdert om det eksisterande målet knytt til generering av farleg avfall er føremålstenleg og om det er grunnlag for å endre innretninga av målet for eksempel ved å kople det tydelegare til produktområdet.

Sjølv om stadig meir farleg avfall blir forsvarleg teke hand om er det likevel farleg avfall som går til ukjent behandling. Det blir gjort ein særleg innsats for å auke innsamlinga av prioritert farleg avfall og å sikre forsvarleg handtering. Auka innsamling av avfall som inneheld olje er prioritert, og informasjon til bransjen og tilsyn er styrkt. Informasjon til

befolkninga, bedrifter og kommunar er òg ein viktig del av styresmaktene sitt arbeid for å auke innsamlinga av farleg avfall. For å auke innsamling av farleg avfall frå hushalda og mindre næringsdrivande er det foreslått å auke mengda farleg avfall kommunale mottak plikter å ta imot frå desse aktørane. Forslaga var på høyring våren 2013. Tilsyn med farleg avfall og samarbeid mellom involverte etatar er vesentleg styrkt dei siste åra, og dette arbeidet skal halde fram. Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere illegal import og eksport, særleg eksport til fattige land. Forslag til ei lovendring for å skjerpe reaksjonane mot ulovleg eksport og import av farleg avfall har vore på offentleg høyring. Miljøverndepartementet vurderer fortløpande utviklinga på området, om verkemidla fungerer etter intensjonen og behovet for nye verkemiddel. For eksempel er det behov for å vurdere om det er mogleg å utnytte ressursane i det farlege avfallet utan at dette fører til auka risiko for helse og miljø.

Noreg tok i 1999 opp miljøproblema knytte til opphogging av skip, og fremja etableringa av eit internasjonalt bindande regelverk i regi av FNs sjøfartsorganisasjon. Dette fekk Noreg tilslutning til, og i 2009 vart ein ny konvensjon om sikker og miljøforsvarleg opphogging av skip (Hong Kong-konvensjonen) fastsett. Stortinget samtykte til tiltreding av konvensjonen 14. mai 2013. Krava i konvensjonen er ikkje venta å tre i kraft før tidlegast i 2020.

For å beskytte havmiljøet mot forsøpling og redusere utslepp av skipsavfall og lasterester fra skip, skal det legges meir vekt på utarbeidelse og oppfølging av avfallsplaner i havner.

EU la i 2011 fram ein strategi for auka ressurs effektivitet med forslag til både sektorvise og sektorovergripande tiltak. EU vil gå vidare på avfallsfeltet i 2014. EU arbeider med ein revisjon av EUs avfallspolitikk, og EU-kommisjonen gjennomfører i den samanhengen ei høyring om avfall med frist 10. september 2013. Noreg har gitt innspel i høyringa. Noreg har òg gitt innspel til EUs grønbok om plastavfall våren 2013. Generelt følgjer Miljøverndepartementet aktivt med på EUs arbeid for auka ressurseffektivitet, og gir innspel på avfalls- og gjenvinningsområdet der vi har relevant erfaring å bidra med.

Radioaktive stoff

Utslepp, risiko for utslepp og spreiding av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte. Noreg har i forureiningslova ein god reiskap for å nå måla med å redusere utslepp og risiko for

utslepp nasjonalt og for å sikre eit heilskapeleg og miljøvist forsvarleg system for handtering av radioaktivt avfall. Eit godt utbygd overvakingssystem er sentralt for å sikre god og oppdatert kunnskap om tilstanden. Innføringa av eit deklarasjonssystem for radioaktivt avfall har vore eit viktig verkemiddel for å sikre kartlegging av avfallet. Gjennomføring av regelverket med særleg vekt på tilsyn, og å sikre ei god avfallshandtering er høgt prioritert også i 2014. Arbeidet med å få betre kunnskap om ulike kjelder til radioaktiv forureining, om miljøeffektane av dei og eit betre grunnlag for overvaking skal òg først vidare. Det er òg prioritert å vidareføre forskning på den verknaden radioaktiv stråling har i det ytre miljøet. For å redusere utslepp og risiko for utslepp av radioaktive stoff frå andre land har Noreg dialog og samarbeid med dei landa der det finst kjelder som kan påverke Noreg.

Miljøforvaltninga sitt ansvarsområde

Miljøforvaltninga har hovudansvaret for gjennomføring og oppfølging av forureiningslova. Miljøforvaltninga har ansvaret for å motverke skadelege verknader av kjemikalier på naturmiljøet og på forbrukarane. Påverknad av arbeidstakarane si helse er arbeidsmiljøstyresmaktene sitt ansvarsområde. Miljøforvaltninga sitt ansvar for helsepåverknad er òg avgrensa til enkelte bruksområde for kjemikaliane. Vidare er ansvaret avgrensa til enkelte eigenskapar ved stoffa. Brann- og eksplosjonsfare ved bruken av kjemikalier fell utanfor miljøforvaltninga sitt ansvar. Miljøstyresmaktene på kjemikalieområdet er Miljøverndepartementet, Miljødirektoratet og Fylkesmannen.

Miljøstyresmaktene har hovudansvaret for avfallspolitikken. Enkelte verkemiddel ligg likevel under andre departement sine ansvarsområde. Miljøstyresmaktene på avfallsfeltet er Miljøverndepartementet, Miljødirektoratet, Fylkesmannen og kommunen.

Miljøforvaltninga har òg ansvar for å verne det ytre miljøet mot skadelege verknader av radioaktiv forureining, blant anna frå utslepp og frå radioaktivt avfall. Miljøstyresmaktene på radioaktivitetsfeltet er Miljøverndepartementet og Statens strålevern.

Samfunnsplanlegging

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging

for nærare omtale. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til å fremje eit giftfritt miljø og redusere risiko for skade på helse og miljø.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

9.1. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det målet å stanse utsleppa innan 2020.

Tabell 20.2 Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Miljøgift	Utslepp* 1995 (ca. tonn)	Utslepp* 2010 (ca. tonn)	Utslepps- reduksjon 1995– 2010 (ca. pst.) **
Arsen (As)	36	31	15
Bly (Pb)	600	119	80
Bromerte flammehemmarar	79 (forbruk)	299 (forbruk)	-
Dietylheksylftalat (DEHP)	285	ca. 123	60
1,2-dikloreten (EDC)	33	14	58
Dioksinar (mengdeeinging i g TEQ)	74	27	64
Heksaklorbenzen (HCB)	0,09	0,009	91
Kadmium (Cd)	5	1,5	72
Klorerte alkylbenzenar (KAB)	0,08	0,002	98
Klorparafinar, kortkjeda	1	0,3	73
Klorparafinar, mellomkjeda	27	17	39
Krom (Cr)	100	47	53
Kvikksølv (Hg)	2,5	0,9	63
Muskxylen	0,9	0,1	83
Nonyl/oktylfenoler og deira etoksilat	25	4,7	81
Pentaklorfenol (PCP)	10	0,002	> 99
PFOS og PFOS-relaterte sambindingar	22	0,002	> 99
Polyklorerte bifenylylar (PCB) (utfas. ståande masse)	487	125	74
Polisykliske aromatiske hydrokarbon (PAH)	268	104	61
Tensid (DTDMAC, DSDMAC, DHTMAC)	8	0,8	90
Tetrakloreten (PER)	367	13	96
Tributyl- og trifenylninnsambindingar (TBT og TFT)	29	0	100
Triklorbenzen (TCB)	Ca. 0,021	0,06	-
Triklloreten (TRI)	620	26	96
Bisfenol A	ikkje kjent	1,6	
Decametylcyklopentasiloxan (D5) og Oktametylsyklotetrasiloksan (D4)	ikkje kjent	8,2	
Dodekylfenol	ikkje kjent	4,7	

Tabell 20.2 Utsleppsreduksjonar for prioriterte helse- og miljøfarlege kjemikalier

Miljøgift	Utslepp* 1995 (ca. tonn)	Utslepp* 2010 (ca. tonn)	Utslepps- reduksjon 1995– 2010 (ca. pst.)**
PFOA	ikkje kjent	Ca. 0,015	
Triklosan	ikkje kjent	1,6	
2,4,6-tri-tert-butylfenol (TTB-fenol)	ikkje kjent	ikkje kjent	
Tris(2-kloretyl)fosfat (TCEP)	ikkje kjent	ikkje kjent	
C9-PFCA – C14-PFCA	ikkje kjent	ikkje kjent	

* Unnateke utslepp frå forureina grunn og sediment

** Som følgje av låge utslepps nivå kan små endringar i utsleppsdata medføre forholdsvis store endringar i den berekna reduksjonsprosenten.

Kjelde: Miljødirektoratet

Det er dei same stoffa som er omfatta av målet om å stanse utslepp innan 2020 som er oppført på prioritetslista i tabell 20.2. Det er uvisse og manglar i utsleppsdata for fleire kjelder og stoff. Betre datagrunnlag er viktig for å kunne vurdere tiltak og verkemiddel, i tillegg til å utarbeide prognosar og vurdere måloppnåing. Miljødirektoratet arbeider med å identifisere og sette kunnskapshol og identifisere tiltak som er nødvendige for å kunne nå målsetjinga på området.

Ein viktig del av arbeidet vidare er å identifisere fleire miljøgifter som er omfatta av målet, og følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan.

Miljøstyresmaktene vurderer kontinuerleg kva slag stoff som på bakgrunn av gitte kriterium skal vere omfatta av prioritetslista. Ny vitskapeleg informasjon og endra bruksmønster kan aktualisere nye stoff eller gjere andre mindre aktuelle. Først ligg det føre lite informasjon om forbruk og utslepp av dei nye stoffa på lista.

Fleire langkjeda perfluorerte karboksylsyrer er vurderte å oppfylle kriteria for prioritetslista og blir no inkluderte i lista. C9-PFCA – C14-PFCA inngår i produksjon av fluropolymerer og blir blant anna nytta i framstilling av vass- og flekkavvisande formuleringar og i maling, poleringar og overflatebelegg. Stoffa finst i mange typar produkt som tekstilar, impregneringsmiddel, enkelte typar golvvaks, tetningsmasse, skismurning, behandla matkontaktapapir og sleppbelegg i kokekar. Stoffa er svært persistente (lite nedbrytelege) og har høgt potensial for bioakkumulering (hopar seg opp i levande organismar). Dei er påviste i miljøet og i biota, i blant anna polarorsk, polarmåke, sel, reinsdyr, og isbjørn. Stoffa

finst i låge nivå i blod hos menneske og det er studiar som viser at foster òg er eksponerte.

For å nå 2020-målet om stans i utslepp av miljøgifter er hovudinnsatsen retta inn mot å medverke til å styrkje reguleringane under EU/EØS-regelverk og internasjonale avtaler. Noreg har påteke seg å evaluere fleire stoff under EU/EØS-kjemikalierregelverket REACH. REACH omfattar registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier. Miljødirektoratet har foreslått forbod mot produksjon, import, omsetjing og bruk av fem kvikksølvambindingar under REACH. Dette er no vedteke i EU. Miljødirektoratet arbeider òg aktivt med å identifisere stoff med spesielt betenkelege eigenskapar (kandidatlistestoff) og for å få slike stoff omfatta av krava til godkjenning eller forbod under REACH. Miljødirektoratet har blant anna utarbeidd dokumentasjon for ulike arsensambindingar. Norske og tyske styresmakter samarbeider om forslag om regulering under REACH av dei perfluorerte stoffa PFOA og APFO som blant annet er brukt til impregnering av tekstilar. Slike perfluorerte stoff har alvorlege helse- og miljøskadelege effektar, blir funne att i miljøet og blir ikkje brotne ned. Det går òg føre omfattande arbeid for å få stoff klassifiserte med omsyn til helse- og miljøfare. Miljødirektoratet har sendt klassifiseringsforslag for sju stoff til EU, som blant anna omfattar PFOA og APFO.

Miljødirektoratet har vidare teke på seg å vurdere tre stoff i programmet der EU/EØS-landa gjennomgår dokumentasjonen i registreringane frå industrien for å identifisere om det er behov for risikoreduserande tiltak. I tillegg har Miljødirektoratet påteke seg å vurdere tre stoff under REACH som er mistenkte for å ha miljøgifteigen-

skapar. Noreg er òg aktivt i EUs arbeid med kriterium som skal lette arbeidet med å identifisere og regulere hormonforstyrrende stoff.

Samtidig har Noreg nyleg innført eit nasjonalt forbod mot PFOA i forbrukarprodukt. PFOA er ei miljøgift som er omfatta av 2020-målet og som blant anna kan finnast i forbrukarprodukt som maling, tekstilar, skismurning, og tepper. Fastsetjinga av forbodet er ei oppfølging av det tidlegare forlaget til regulering av fire stoff i forbrukarprodukt som òg inkluderte mellomkjeda klorparafinar (MCCP), bly og blyambindingar og pentaklorfenol (PCP). Forslaget har vore notifisert til ESA og WTO og har vore på nasjonal høyring. Det kom då sterke reaksjonar til forslaga, blant anna frå EU-kommisjonen og ESA som meiner Noreg manglar handlingsrom til å innføre særnasjonale forbod.

Miljøstyresmaktene har òg fokus på helse- og miljørisiko ved bruk av nanomaterialar. Det er sentralt å framskaffe betre kunnskap om bruk og moglege negative verknadar som eit grunnlag for å kunne innføre tiltak. Samstundes er det viktig å få på plass gode system for å vurdere risikoen ved nanomaterialar og reguleringar som sikrar like godt vern av helse og miljø ved bruk og utslepp av nanomaterialar som for andre kjemiske stoff.

Internasjonalt arbeid er svært viktig for å redusere bruk og utslepp av miljøgifter globalt. Noreg arbeider med å få inn forbod og avgrensingar mot fleire stoff gjennom Rotterdamkonvensjonen om handel med farlege kjemikaliar, Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter og UNECE-protokollane om organiske miljøgifter og om tungmetall. Stadig nye miljøgifter blir inkluderte i listene under konvensjonane og den bromerte flammehemmaren HBCD vart på møtet i Stockholmkonvensjonen i mai 2013 vedteken inkludert på lista over stoff for utfasing. Fleire stoff er under vurdering og Noreg har nyleg nominert den bromerte flammehemmaren dekaBDE som ny POP til Stockholmkonvensjonen. Noreg har òg vore ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye globale konvensjonen om kvikksølv som vart ferdig forhandla i 2013, og vert underteikna i oktober 2013. Noreg støttar den globale kjemikaliestrategien SAICM. Strategien bidreg til grunnleggjande kapasitetsbygging for kjemikalieforvaltning i utviklingsland, og er ein viktig del av den norske satsinga for å redusere dei globale utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Noreg medverkar finansielt til tiltak i utviklingsland gjennom fleire kanalar over Utanriksdepartementets budsjett,

særleg gjennom Det globale miljøfondet (GEF), og ved bidrag til UNEP.

Overvaking av miljøgifter i naturen for å følgje utviklinga over tid vil framleis vere prioritert, og ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for seinare analysar av miljøgifter er etablert. Miljøprøvebanken er plassert i Forskingsparken på Blindern i Oslo og er administrert av forskingsinstitutta i CIENS. Miljøprøvebanken skal samle inn og ta vare på prøvar av biologisk materiale, for deretter å fryse dei ned for seinare analysar av miljøgifter. Dette blir eit svært nyttig verktøy i forvaltning av og forskning på miljøgifter. Formålet er å kunne gjere nye analysar av prøvar når det er utvikla betre metodar for å oppdage miljøgifter, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrendar.

9.2. Risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.

Indikator:

- Indikator for utslepp av farlege stoff.


Målet er at stadig mindre helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal brukast og sleppast ut, òg frå produkt og avfall, og at kjemikaliar skal nyttast på ein måte som reduserer risikoen for helse- og miljøskade.

For å måle utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar er det utvikla ein utsleppsindikator for utvalte helse- og miljøfarlege stoff. Alle faremerkte kjemikaliar som det blir produsert eller importert 100 kg eller meir av pr. år, skal rapporterast til produktregisteret. Berekingane av utslepp er baserte på desse opplysningane i tillegg til ein utslippsfaktor relatert til bruksområda for å reflektere den mengda som potensielt blir sleppt ut.

Berekingane indikerer at utslepp av farlege kjemikaliar held fram med å auke noko for tre av dei fire stoffgruppene. For kreftframkallande, reproduksjonsskadelege og mutagene stoff (CMR-stoff) er det ein betydeleg nedgang i utsleppa. Berekna utslepp av miljøfarlege stoff med langtidsverknader held fram med å stige også i 2011. Det er auka bruk av dikoparoksid i botnstoff og til notimpregnering som medverkar mest til auken i utslepp. Koparoksid er miljøskadeleg, men oppfyller ikkje kriteria for prioriterte miljøgifter. Stoffet er omfatta av biocidregelverket. Auken vi ser for utslepp av kronisk giftige stoff og allergiframkallande stoff gjeld hovudsakleg stoff til industriell bruk. Dette vil dermed kunne ha betydning for arbeidsmiljø, men i mindre grad påverke forbrukarar eller ytre miljø. Anna som

kan forklare endringane vi ser er betre innrapportering til produktregisteret. I tillegg vil konjunk-

tursvingingar i industrien ha betydning då dette vil påverkar både import og produksjon.



Figur 20.1 Utsleppsindikatorer for utslipp av farlege stoff 2002–2011, relativt til utslippsnivået i 2002, fordelt på fareklassar. Indeks (2002=1).

¹ CMR-stoff: Stoff som kan forårsake kreft, mutasjonar eller problem med reproduksjonen.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I tillegg til arbeidet med restriksjonar under REACH, som er omtalt tidlegare, deltek Noreg aktivt i alle komitear som er oppretta i samband med REACH og regelverket om klassifisering og merking av farlege kjemikaliar, omtalt som CLP, og i ei rekkje arbeidsgrupper. Det er samarbeid med andre nordiske land når det gjeld REACH og CLP, for eksempel i arbeidet med hormonforstyrrende stoff, nanomaterialar og med eksponeringsscenario i REACH. Noreg deltek òg aktivt i samarbeidet om produkt med biocid. Regelverket som regulerer visse farlege kjemikaliar i elektriske og elektroniske produkt (RoHS) vart nyleg endra. Noreg arbeidde aktivt for at dette førte til eit regelverk som gav betre vern for helse og miljø.

Regjeringa arbeider for at forbrukarar skal kunne ta miljøvennlige val, og dermed redusere bruk av produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Det dåverande Klima- og forurensningsdirektoratet lanserte i 2010 nettstaden

Erdetfarlig.no i samarbeid med Mattilsynet og Miljømerking. Her blir det gitt hjelp til å unngå helse- og miljøfarlege stoff i forbrukarprodukt, oversikt over produkta med dei offisielle miljømerka Svana og Blomen innan ulike varekategoriar, og informasjon om korleis ulike typar produkt skal handterast når dei blir avfall.

Offentlege data frå produktregisteret blir lagt på nettsida Produktinformasjonsbanken (www.pib.no). Miljødirektoratet skal leggje til rette for at allmenta får tilgang til ytterlegare informasjon om produkt.

9.3. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.

Indikator:

- Talet på kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining.

Det var i mai 2013 registrert 425 lokalitetar i Miljødirektoratets database Grunnforureining som er kjende av styresmaktene der det finst eller er grunn til å tru at det finst miljøgifter med spreingsfare, og der det er behov for å gjennomføre tiltak. Tiltak kan vere fjerning av masse, overdekking og sikring, arealbruksrestriksjonar eller overvaking. Talet på lokalitetar er ikkje statisk, det blir redusert som følgje av at tiltak blir gjennomførte og det aukar som følgje av at nye forureina lokalitetar blir oppdaga.

I arbeidet med forureina grunn er utgangspunktet at spreining av prioriterte miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg, mens spreining av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. Det blir særleg prioritert oppfølging av stader der forureininga medfører helserisiko for menneske, der det er fare for påverknad av sensitive naturområde eller der forureininga lek frå grunnen til område som står i fare for å ikkje oppnå god økologisk status i medhald av vassforskrifta. Det blir dessutan vurdert nærare korleis ein kan ta omsyn til særleg sårbare grupper, som for eksempel barn.

Miljødirektoratet arbeider med å gjennomføre opprydding i dei dokumentert mest alvorlege grunnforureiningslokalitetane som har stor spreingsfare og helserisiko for menneske, jf. St.meld. nr. 14 (2006–2007). Mens vi er i ferd med å ferdigstille dei fleste lokalitetane som i slutten av 90-talet vart vurderte som prioriterte, kjem det stadig nye lokalitetar til der det er behov for tiltak og fare for betydeleg spreining av miljøgifter. Blant desse er det store område som er forureina som følgje av Forsvarets aktivitetar og brannøvingsfelt ved norske flyplassar der det er fare for spreining av perfluorerte sambindingar til vassdrag.

Byggeaktivitet i område med alunskifer kan føre til store utfordringar når det gjeld handtering av overskotsmassane. Desse kan gi opphav til sur og tungmetallhaldig avrenning og kan sleppe ut radongass som kan vere kreftframkallande. Miljødirektoratet utarbeider retningslinjer for miljømessig forsvarleg handtering og deponering av alunskifer.

9.4. Sediment (botnmassar i sjø) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar, skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.

Indikator:

- Mengd utvalte helse- og miljøfarlege stoff som er handtert ved mudring/tildekking slik at dei ikkje lenger utgjer kjelde til alvorlege forureiningsproblem.

Handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn i St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø – forutsetninger for en tryggere fremtid* bygger på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn for dei 17 høgast prioriterte områda i Noreg. Dei fylkesvise tiltaksplanane er avgrensa til dei delane av fjordane der sjøbotnen er sterkast forureina, og til kjeldeområde på land i tilknytning til desse. Eit omfattande arbeid er sett i gang med å førebu og gjennomføre oppryddingsprosjekt på dei 17 områda. Omfattande tiltak er gjennomførte i Kristiansand, Oslo, Tromsø og Trondheim (opprydding i den viktigaste tilførselskjelda på land er knytt til Killingdal gruver). I Tromsø vart tiltaka avslutta i 2012. I Oslo gjenstår det no berre mindre tiltak som skal ferdigstillast innan 2013. I Harstad er sjøbotnoppryddinga godt i gang, og arbeidet er planlagt ferdigstilt i 2014. I Trondheim hamneområde er opprydding av sjøbotnen vedteken lokalt og tiltaka er planlagt gjennomførte i perioden 2014–2017. Fleire andre tiltaksplanområde står for tur.

Dei aller fleste av dei om lag 100 prioriterte skipsverfta har gjennomført undersøkingar i grunnen og i sjøbotnen utanfor for å klarleggje behovet for oppryddingstiltak. Det blir fortløpande utarbeidd tiltaksplanar for dei verfta der det er behov for tiltak. Det er viktig å stanse kjelder på land før tiltak blir gjennomførte på sjøbotnen, og for dei fleste verfta er dette rekkjefølja. Det er i tillegg gitt pålegg til 10 store hamner og dei 17 største industrihamnene med utsleppsløyve i tiltaksplanområda, om å kartleggje korleis verksemda deira medverkar til å forureine sjøbotnen, og vurdere behovet for opprydding. Desse hamnene blir følgde opp gjennom arbeidet med dei enkelte tiltaksplanområda. Miljøstyresmaktene vil òg elles der det er nødvendig og juridisk mogleg gi pålegg om oppryddingstiltak for å stanse utlekking til sjøbotn.

Gjennom å samkøyre oppryddingsprosjekt med andre planlagde aktivitetar som mudring av farleier og hamneutbygging, sikrar ein framdrift, og ein oppnår ei heilskapleg gjennomføring med både miljøvise og økonomiske fordelar.

St. meld. 14 understrekar betydninga av å kople opprydding av forureina sjøbotn til relevante lokale prosjekt. Det kan derfor i enkelte høve vere føremålstenleg å fråvike den prioriterte lista. Dette gjeld spesielt i høve der undersøkingar visar stor forureining. Eit eksempel på dette er Bodø, som ikkje er på den prioriterte lista, men der det er påvist forureina sjøbotn, og tiltak vil kunne gjennomførast i samband med planlagt utdjuing av farleia i Bodø hamn.

Når opprydding av eit tiltaksplanområde er ferdigstilt skal det takast ut av lista over dei mest prioriterte områda. Dette inneber at Tromsø hamn no er teken ut av lista. Miljødirektoratet rapporterer tertialvis om framdrift/prosjekt og tilhøyrande tak for utbetaling til Miljøverndepartementet. Eit prosjekt er rekna som ferdigstilt når kjelder til forureining på land er stansa eller redusert og tiltak for opprydding er gjennomførte og sluttkontrollerte. Etter ferdigstilling følgjer ein fase med overvaking og evaluering av tiltaka.

I dei fleste av tiltaksplanområda har kommunane ei sentral rolle i oppryddingstiltaka som lokal styresmakt, ansvarleg for hamneverksemnda og ansvarleg for viktige kjelder til utlekking av miljøgifter frå avfallsdeponi og kommunale avløp. Fylkesmannen har forureiningsmynde i dei fleste sakene og regulerer tiltaka etter forureiningslova og forskrifter. Etter søknad medverkar Miljødirektoratet med midlar, jf. omtale under programkategori 12.20. Oppryddinga er som nemnt ferdigstilt i nokre område, og i andre område er den godt i gang.

Tabell 20.3 Utvalde farlege kjemikalier handterte ved oppryddingstiltak frå 2004 til 2012

Stoff	Mengd (kg)
Bly	147136
Kadmium	2166
Kvikksølv	2485
PAH16	15501
PCB7	102
TBT	664

Gjennom oppryddingstiltak er over 147 tonn bly og 15 tonn av det polyaromatiske hydrokarbonet PAH16 handtert. Det er òg blitt fjerna store mengder andre miljøgifter, mellom anna kvikksølv og kadmiium. Kjelde: Miljødirektoratet

9.5. Utslepp, risiko for utslepp og spreining av radioaktive stoff som kan vere årsak til helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.

Indikator:

- Samla årleg utslepp av utvalde radioaktive stoff frå nasjonale kjelder.

Utslepp frå olje- og gassverksemd


I 2012 vart det totalt sleppt ut 131 millionar kubikkmeter produsert vatn til havet frå norsk olje- og gassindustri. Dei totale utsleppa av radium som vart sleppt ut i produsert vatn i 2012 var 809 GBq. Konsentrasjonen av radioaktive stoff i produsert vatn varierer frå felt til felt, men har i snitt lege på om lag 3,3 Bq/l for radium-226 og 2,8 Bq/l for radium-228. Med uendra konsentrasjonar av radioaktive stoff i det produserte vatnet vil derfor utsleppa av radioaktive stoff frå petroleumsværksemda følgje endringar i mengda produsert vatn som vert sleppt ut. Noreg har gjennom OSPAR forplikta seg til ein gradvis reduksjon av utslepp fram mot 2020 slik at nivået i det marine miljøet kjem på 2009-nivå. Basert på prognosar om mengder produsert vatn ligg Noreg ikkje an til å nå målet om ein gradvis reduksjon, men utslepp i 2020 ser ut til å bli lågare enn i 2009.

Utslepp frå sjukehus og forskning

Sjukehus og forskingsværksemd rapporterer òg radioaktive utslepp. Dei vanlegaste nuklidane er technetium-99m og jod-131. Desse har kort halveringstid (resp. 6 t og 8,1 dagar) og utgjer truleg inga stor forureiningskjelde.

Utslepp frå forskingsreaktorar

Institutt for Energiteknikk (IFE) driv to forskingsreaktorar, ein på Kjeller og ein i Halden. Alvorlege uhell kan føre til lokale utslepp av radioaktivitet til luft, men risikoen for stor miljø- og helseskade er rekna som liten.



Figur 20.2 Utslepp til vatn frå IFE Halden til Tista og Iddefjorden

Kjelde: Statens strålevern

Indikator:


- Nivå i miljøet av utvalde radioaktive stoff.

På 1950- og 1960-talet var nedfall etter prøvesprengingar av kjernevåpen i atmosfæren den viktigaste kjelda til radioaktiv forureining i norske hav- og landområde. I 1986 ramma Tsjernobyl-ulykka delar av Noreg hardt. I dag er nivåa av radioaktiv forureining i norsk natur stort sett låge.

Det er påvist små spor av radioaktivt cesium-134 i miljøprøver frå Finnmark, som har sitt opphav frå Fukushima-ulykka i 2011. Cesium-134 har blitt oppkonsentrert gjennom næringskjeda og kan i dag påvisast i små mengder i rev, reinsdyr

og i sopp. Nivåa er svært låge, under 1 becquerel pr. kilo ferskvekt, og har ingen helseeffektar for menneske eller miljø.

Det er store geografiske variasjonar som reflekterer den ujamne fordelinga av radioaktivt nedfall frå Tsjernobyl-ulykka i Noreg i 1986, der Nord-Trøndelag, sørlige delar av Nordland og fjellstrøka i Sør-Noreg vart hardest råka. I dei mest utsette områda ventar ein at radioaktiviteten etter Tsjernobyl-ulykka vil finnast i sopp i minst femti år framover. For dyr som beiter (elg, hjort, rådyr og villrein) vil det oppstå nokre variasjonar mellom år avhengig av opphavleg nedfall og ulik tilgang på enkelte beitevekster, spesielt sopp, som vi veit kan innehalde mykje cesium-137.



Figur 20.3 Radioaktivitet i villrein 2001–2011

Figuren viser i Bq/kg ferskvekt (Cesium-137) i villrein frå Nord-Rondane, Snøhetta, Forollhogna, Nord-Ottadalen, Hardangervidda og Setesdal-Ryfylkeheiene

Kjelde: NINA/Statens strålevern

Norske havområde blir tilført låge nivå av radioaktiv forureining frå mellom anna Austersjøen, frå Sellafield i Storbritannia (eit anlegg for reprosessering av brukt kjernebrensel) og frå olje- og gassproduksjon på norsk sokkel.

Indikator:

- Mengde og type radioaktivt avfall som er deklarerert.


Det vart innført deklarasjonsplikt for radioaktivt avfall frå 2011 på lik linje med farleg avfall. Det deklarererte avfallet stammar blant anna frå petroleumsværksemnd, sjukehus, universitet og forskingsinstitusjonar. Den største avfallsgruppa er radioaktive jord- og steinmassar, der mesteparten er alunskifer. Talet på deklarasjonar var 310 i 2011 og 279 i 2012, men mengda var betydeleg større i 2012 enn i 2011. I 2011 vart det deklarerert 17 730 tonn, mot 41 538 tonn i 2012. Med data for berre to år er det ikkje mogleg å gjere noko nærare vurdering av om dette er naturlege variasjonar eller om det er andre årsaker til variasjonane.

- Mengd og type avfall som er endeleg deponert

Deponiet i Gulen som tek imot radioaktivt avfall frå petroleumsværksemnda tok i 2011 imot 206 196 kilo avfall. 188 642 kilo av dette er ferdigbehandla og endeleg deponert. I 2012 vart 90 910 kg deponipliktig avfall deponert i Gulen.

Fram til 2011 hadde deponiet berre godkjenning til å ta imot radioaktivt avfall over grensa for deponiplikt. I same periode vart radioaktivt avfall som hadde blitt lagra mellombels i påvente av opninga av deponiet i Gulen teke hand om. Frå 2012 var dei fleste av dei mellombelse lagra tømde og dette er spegla i lågare deponert mengd registrert i 2012. Frå 2012 fekk deponiet òg løyve til å ta i mot radioaktivt avfall med lågare aktivitetssinnhald enn det som er definert som deponipliktig radioaktivt avfall.

IFE rapporterte at deponiet i Himdalen har teke imot 232 tønneekvivalentar i 2012. Nemninga tønneekvivalentar er eit mål for det volum som avfallet opptek sett i forhold til ei standardisert lagringstønne. I løyvet til Himdalen er mengda avfall regulert i Bq og ikkje i kilo.



Figur 20.4 Deponert mengde (kg) radioaktivt avfall i Gulen 2008–2012.

Kjelde: Statens strålevern.

Indikator:

- Beregna risiko for utslepp frå utvalde utanlandske kjelder som kan påverke Noreg.

Risikoen for at ei alvorleg atomhending skal inntruffe og ramme Noreg, vart sist vurdert i *Nasjonal sårbarhets- og beredskapsrapport (NSBR) 2011*. Risikoen vart då vurdert som låg. Samstundes har erfaringa med Fukushima-kraftverket vist at det er særst vanskeleg å spå kva ulykker som kan ramme. Risiko er påverka av teknisk standard, organisasjon, myndigheitskontroll og tryggleikskultur og av naturhendingar. Nye anlegg er oftast sikrere enn dei gamle. Med uendra nivå på tryggleiken vil sjansen for ulykker auke i takt med talet på anlegg.

Det viktigaste verkemiddelet for Noreg er å sikre ein god dialog med styresmaktene i dei landa som har anlegg som kan vere årsak til radioaktiv forureining i Noreg. Derfor deltek Miljøverndepartementet i arbeidet med gjennomføringa av Regjeringas handlingsplan for oppfølging av St. meld. nr. 34 (1993-94) Atomvirksomhet og kjemiske våpen i våre nordlige nærrområder og St.meld. nr. 11 (2010–2011) Samarbeidet med Russland om atomvirksomhet og miljø i nordområdene. Noreg legg særleg vekt på samarbeid med og støtte til russiske tilsynsstyresmakter, og på at konsekvensar for miljøet må vurderast før ulike tiltak blir sette i verk slik at risikoen for ulykker blir så liten som råd er. Samarbeidet om overvaking av radioaktiv forureining

er òg styrkt gjennom ekspertgruppa i den norske skrussiske miljøvernkommissjonen.


Utslepp frå anlegget i Sellafield ligg no på eit langt lågare nivå enn på 1990-talet. Framleis blir likevel om lag 900 tonn høgaktivt flytande avfall (HAL) lagra. Ein rapport frå Statens strålevern viser at eit mogleg uhell ved Sellafieldanlegga kan ramme Noreg hardt. Behovet for rask reduksjon av mengdene av flytande, høgradioaktivt avfall og styrkt tryggleik har vore teke opp med britiske styresmakter ei rekkje gonger på politisk nivå. Det er òg nær kontakt mellom dei norske og britiske styresmaktane på departements- og fagnivå.

Miljøverndepartementet deltek òg i embetsgruppa for koordinering av atomberedskapen i Noreg og har dekt sin del av kriseutvalet sin langtidsplan for oppgradering av den norske atomberedskapen. Det blir vidare arbeidd med å sikre at departementet og dei underliggjande etatane er godt eigna til å redusere konsekvensane for helse og miljø så godt som mogleg i tilfelle ei alvorleg atomhending.

9.6. Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.

Indikator:

- Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP.



Figur 20.5 Utvikling i avfallsmengde og BNP frå 1995 til 2011

Kjelde: Statistisk sentralbyrå/Miljøstatus.no

For dei fleste miljøproblema som har si årsak i avfall er det fastsett eigne resultatmål, blant anna for utslepp av klimagassar og for miljøgifter. Verkemiddelbruken på avfallsfeltet må derfor sjåast i samanheng med verkemiddelbruken på desse områda.

Vekst i økonomien har tradisjonelt gitt auka avfallsmengder. Miljøproblema som følgjer av dei auka avfallsmengdene kan delvis motverkast ved gjenvinning. Det er likevel grenser for kor store delar av avfallet det er miljøvist føremålstenleg, økonomisk forsvarleg og teknisk mogleg å gjenvinne. Tilsvarande avgrensingar gjeld for utsleppsreduksjonar frå sluttbehandlingsanlegga. Vi ser at veksten i avfallsmengdene er blitt teken unna i form av vekst i materialgjenvinning og energiutnytting dei seinare åra. Både materialgjenvinning, energiutnytting og deponering av avfall fører med seg utslepp. Utan avfallsreduksjon vil derfor utslepp frå avfallsbehandling halde fram med å auke så lenge avfallsmengda auker. Resultatmålet inneber at same økonomiske aktivitetsnivå i framtida skal medføre vesentleg mindre avfall. I dette legg Regjeringa at det skal vere ein forskjell som monnar og som varer ved.

Den samla avfallsveksten frå 1995 til 2011 var på 39 pst. Dette er noko lågare enn veksten i BNP målt i faste prisar, som var på 41 pst. i same periode. Avfallsmengda vart noko redusert omkring 2008, truleg som følgje av finanskrisa og redusert aktivitet i enkelte sektorar, særleg byggjesektoren. Avfallsmengda har auka igjen frå 2009, truleg fordi aktivitetsnivået i blant anna byggjesektoren tok seg opp igjen. Avfall frå næringsverksemd utgjorde i 2011 om lag 77 pst. av den totale avfallsmengda. Framleis er industrien den sektoren som står for det meste av avfallet med 27 pst. i 2011. Hushaldsavfall står for 23 pst. av avfallsmengda. Mengda hushaldsavfall har auka med 86 pst. i perioden 1995 til 2011. I 2011 kasta kvar og ein av oss 438 kg hushaldsavfall, noko som er ein auke på 4,5 pst. frå 2010. Forbruksvolumet gjekk berre opp med 2,5 pst. For kvar 1 000 kroner som går til forbruk, kastar vi om lag 2 kilo avfall. Endringar i datagrunnlag og omlegging av SSBs avfallsstatistikk kan òg ha påverka utviklinga i indikatoren.

Ei fråkopling av avfallsgenereringa frå den økonomiske veksten kan skje gjennom endra samansetjing av produksjon og forbruk, og gjennom auka


materialeffektivitet i dei enkelte produkta og produksjonsprosessane. Miljøverndepartementet har her ei særleg pådrivarrolle, og vil i tråd med den nyleg framlagte avfallsstrategien særleg forsøke å redusere matavfallet.

9.7. Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010, med ei vidare opptapping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljøvist fornuftig nivå.

Indikator:

- Delen av ordinært avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling

Gjenvinning av avfall omfatter eit kvart tiltak der hovedresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville vorte brukte eller at avfall er vorte førebudd til dette herunder førebuing til ombruk, materialgjenvinning og energiutnyttelse. Gjenvinningsgraden har vore stabil sidan 2005. Farleg avfall er då halde utanom. I 2010 vart 82 pst. av avfallet gjenvunne (SSB 2011). Gjenvinningsgraden inkluderer 46 pst. til materialgjenvinning, 25 pst. til energiutnyttning og det resterande til kompostering eller til bruk som dekkmasse eller fyllmasse. Målet om 75 pst. gjenvinning i 2010 er nådd, og i 2001 var gjenvinningsdelen på 87 pst.



Figur 20.6 Andel avfall til gjenvinning

Kjelde: Statistisk sentralbyrå/Miljøstatus.no

Det er innført fleire verkemiddel for å stimulere til gjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for enkelte typar avfall.

Det er etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar. Svært gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad.

Om lag 0,8 mill. tonn avfall vart deponert i 2011. Mengda avfall til deponi var heile 63 prosent lågare i 2011 enn i 1995 og 59 prosent lågare enn i 2007, ein nedgang på nær ein tredel. Dette inkluderer ei betydeleg mengd farleg avfall som blir lagt i eigne deponi. I desse tala ligg òg ein del

avfall som er deponert med mellombels dispensasjon frå deponiforbodet, og mengda avfall til deponi vil halde fram med å gå ned. Om lag ein firedel av det tidlegare deponerte avfallet er truleg nedbryteleg avfall som er årsak til metanutslipp frå deponia (SSB 2010).

Då forbodet mot deponering av nedbryteleg avfall vart fastsett, var det venta at det ville ta om lag fem år før tilstrekkeleg alternativ behandlingsskapitet var etablert. Det vart derfor vurdert som nødvendig å opne for mellombelse dispensasjonar frå forbodet. Det vart gitt dispensasjon for ei relativt stor mengd avfall i den første tida etter at for-

bodet vart innført. Dei fleste dispensasjonane gjekk ut i 2011, men det er gitt dispensasjon for nokre mindre mengder fram til 2013. Det har vore ei viss uro i forbrenningsmarknaden, og då særleg som følge av at norske forbrenningsanlegg opplevde at dei hadde dårlegare konkurransevilkår enn svenske anlegg. Etter at Regjeringa i Prop. 126 LS (2009–2010) Endringar i skatte- og avgiftsreglane m.v. foreslo å avvikle sluttbehandlingsavgifta på forbrenning frå 1. oktober 2010, har det vore betydeleg mindre uro i avfallsmarknaden. Det er samtidig på det rene at mange avfallsforbrenningsanlegg har ein stram økonomi som følge av eit betydeleg prispress i den norsk-svenske avfallsmarknaden. Det siste året er det òg gitt løyve til import av mindre mengder avfall for forbrenning med energiutnytting i Noreg.

Registrert eksport av avfall har auka betydeleg. I 2011 var eksporten av avfall (ordinært avfall og farleg avfall) om lag 1,7 mill. tonn. Dette var rundt 700 000 tonn meir enn året før. Auken skuldast truleg deponiforbodet som vart innført i 2009, i tillegg til forskjellige økonomiske og teknologiske faktorar. Meir enn 80 pst. av avfallet gjekk til forbrenning med energiutnytting. Eksport av avfall i 2003 var til samanlikning 146 000 tonn. Auken skuldast for ein stor del eksport av brennbart avfall til energigjenvinning i Sverige. Situasjon

nen har så langt ikkje gitt grunnlag for særskilte tiltak for å setje grenser for mengda avfall som blir eksportert eller importert.

9.8. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapitet.


Indikatorar:

- Mengd farleg avfall med ukjent disponering.

Om lag 94 pst. av det farlege avfallet blir samla inn og teke forsvarleg hand om i systemet for farleg avfall. I 2011 vart 1,3 mill. tonn farleg avfall levert til godkjent behandling, viser tal frå Statistisk sentralbyrå.

Om lag 76 000 tonn farleg avfall vart handtert på ukjent måte i følgje Statistisk sentralbyrå. Noko av det farlege avfallet som er handtert på ukjent måte kan ha blitt blanda med vanleg avfall, sleppt ut i kloakken eller dumpa direkte i naturen.

Farleg avfall som blir levert til godkjent behandling blir ikkje alltid registrert på riktig måte. Vi trur derfor at delar av dei 76 000 tonna likevel kan vere handterte ved godkjente behandlingsanlegg. For å hindre feilrapportering jobbast det kontinuerleg med begrep, informasjonskontroll og registreringskoder.



Figur 20.7 Farleg avfall til godkjent og ukjent handtering 2003–2011.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå/Miljøstatus.no

Mesteparten av det farlege avfallet blir teke hand om i Noreg, viser tal frå Statistisk sentralbyrå. Om lag 87 pst. av det farlege avfallet som gjekk til godkjent behandling i 2010, vart behandla i Noreg. Dette utgjorde rundt 990 000 tonn.

Vi eksporterer ein del farleg avfall til utlandet. I 2010 vart rundt 170 000 tonn sendt til godkjent behandling i utlandet, under dette om lag 130 000 tonn til gjenvinning.

For å handtere farleg avfall på forsvarleg vis trengst det spesialisert behandling. For Noregs del er det snakk om relativt små avfallsmengder som i dag ikkje kan behandlast i norske anlegg. Om lag halvparten blir eksportert til gjenvinningsformål. Vi har eit godt samarbeid med nabolanda våre, og mesteparten av det farlege avfallet blir eksportert til Sverige.

For å sikre forsvarleg behandling i mottakarlandet må eksport av farleg avfall godkjennast av Miljødirektoratet.

9.9. Genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå.

I 2011 vart 1,3 mill. tonn farleg avfall levert til godkjent mottak, dette er ein auke frå året før. Sidan 1999 er det blitt registrert ein stor auke i mengda farleg avfall. Mykje av denne auken reknar ein med kjem av at lista over farlege avfallstypar er utvida. Datagrunnlaget har òg blitt betre og den reelle auken kan derfor vere mindre enn statistikken viser.

21 Resultatområde 10 Rein luft

I Noreg finn vi stort sett denne reine, klare lufta som er ein føresetnad for menneskeleg helse og trivsel, og som er nødvendig for at planter og dyr skal trivast. Dei høge konsentrasjonane av helse-skadelege stoff vi har målt i lufta i fleire av byane våre, viser at situasjonen framleis ikkje er god nok. Overskridingar av dei nasjonale måla for lokal luftkvalitet i fleire norske byar skuldast blant anna utslepp frå mange bilar konsentrerte på eitt område, og mange personar som fyrer med ved eller olje på kalde vinterdagar. God luftkvalitet reduserer faren for helseskadar, særleg for sårbare grupper som eldre, barn og foster. Fråværet av støy har òg ein positiv innverknad på menneske sitt ve og vel, og oppleving av stille er ein viktig del av kvalitetane i friluftsområde og kulturmiljø. Den største støykjelda i Noreg er vegtrafikk som i følge Verdas helseorganisasjon stel mange friske år av liva til menneske.

For mange av oss er verknadene av luftforureining og sur nedbør blant dei første miljøproblema vi kan hugse. Vi såg bilete av døde trær i Schwarzwald i Tyskland. Her heime forsvann mange tusen fiskebestandar frå vassdraga våre. Sur nedbør kryssar landegrensene. Gjennom målretta internasjonalt samarbeid er tilførslene av sur nedbør vesentleg reduserte. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover dersom ikkje utsleppa i Europa blir ytterlegare reduserte.

Når det gjeld ozonlaget, som vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola, har dei relaterte utsleppa vore kraftig reduserte dei siste åra. Likevel vil det ta lang tid før ozonlaget kan friskmeldast.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorene presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 10.1. Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar.

Indikatorar:

- Areal med overskridingar av tolegrensar for forsuring.

Nasjonalt mål 10.2. Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM₁₀) skal ikkje overskride 50 µg/m³ meir enn 7 dagar pr. år.

Indikatorar:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

Nasjonalt mål 10.3. Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO₂) skal ikkje overskride 150 µg/m³ meir enn 8 timar pr. år.

Indikatorar:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

Nasjonalt mål 10.4. Det skal ikkje vere forbruk av følgjande ozonreduserande stoff: HKFK, halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.

- Import, eksport og produksjon av stoffa.

Nasjonalt mål 10.5. Støyplaga skal reduserast med 10 prosent innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 prosent innan 2020 i forhold til 2005.

Indikatorar:

- Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder, spesielt SPI for industri, motorsport og skytebaner.
- Reell reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå.

Tilstand

Lokal luftkvalitet

Svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) og nitrogendioksid (NO₂) er dei mest dominerande stoffa i lokal luftforureining. Luftkvaliteten har generelt sett blitt betre sidan 1990-talet, men det var framleis overskridingar av nasjonalt mål for svevestøv (PM₁₀) og NO₂ i 2012. Det er ikkje berre dei største byane som har vanskar med å nå nasjonalt mål. Også mindre byar og tettstader har fleire overskridingar enn det som er tillate i forhold til nasjonalt mål for svevestøv.

Når det gjeld NO₂ vart nasjonale mål overskridne i dei største byane. I kuldeperiodar om vinteren kan det bli stillestående luft og høge forureiningsnivå nær dei mest trafikkerte vegane. Det er òg vanleg at slik vinterkulde endar opp med inversjonslokk som hindrar utluftinga. Ofte varer slike lokk berre nokre timar, men dei kan nokre gonger vare fleire dagar i enkelte større byar, slik som for eksempel Oslo og Bergen vinteren 2009/2010. Under slike forhold kan store delar av befolkninga bli eksponerte.

I tillegg kan stoff som svoveldioksid (SO₂), bakkenær ozon (O₃), karbonmonoksid (CO), PAH og benzen bidra til dårleg lokal luftkvalitet.

Langtransportert luftforureining

Utsleppa av svovel og nitrogen i Europa er reduserte med høvesvis rundt 60 pst. og 20 pst. sidan 1990 og tilførsleane til Noreg er reduserte omtrent tilsvarende.

Tolegrensa for forsuring av overflatevatn var i 2010 overskriden i om lag 8 pst. av Noregs areal. Dette omfanget har ikkje endra seg vesentleg dei seinare åra. Det er ingen overskridingar av tolegrensar for forsuring av skog i Noreg.

I store område i Sør-Noreg er mykje av dyrelivet i ferskvatn sterkt skadd. Skadane på botndyr og krepsdyr er framleis store og situasjonen er ustabil. På 80-talet var rundt 15 000 fiskebestandar tapt eller sterkt skadde som følgje av forsuring. Vasskvaliteten er blitt betre dei seinare åra. Det er teikn til betring med omsyn til fiskebestandar sidan 1990, sjølv om mange innsjøar framleis er fisketomme.

Areal med overskridingar av tolegrensene for overgjødsling av vegetasjon (terrestriske økosystem) minka i perioden 1980–1995, men har ikkje endra seg etter dette. Anslag basert på dei nyaste

kartleggingane av tolegrensar viser at desse i 2005 var overskridne i ca. 21 pst. av Noregs areal. Nitrogenavsetningane har ført til endringar i det biologiske mangfaldet både i Noreg og i Europa. Resultat frå norske overvakingsprogram viser klare koplingar mellom atmosfærisk avsetning av nitrogen og artssamansetning, og at nitrogennedfall påverkar markvegetasjon og algevekst negativt. I næringsfattig ferskvatn fører auka nitrogentilførsler til auka plantevekst og endringar i det biologiske mangfaldet.

Episodar med høgare ozonkonsentrasjonar i Noreg førekjem gjerne når det er høgtrykk over kontinentet, som fører til transport av forureina luft nordover. Dei høgaste verdiane blir normalt målte på strekninga frå Vest-Agder til Oslofjorden. Høge ozonkonsentrasjonar førekjem ofte som episodar over nokre timar eller dagar, som regel om våren og tidleg på sommaren. Overskridingar av målsetjingsverdiar for bakkenært ozon med tanke på vern av helse skjer dei fleste år, men talet på og grad av overskridingar varierer mykje frå år til år. EUs grense for melding til befolkninga blir sjeldan overskriden i Noreg (sist i 2006).

Målsetjingsverdien for vern av landbruksvekstar mot ozonskadar blir overskridne enkelte år, mens verdien som omfattar skog sjeldan blir overskriden i Noreg.

Støy

Om lag 1,7 million menneske er utsette for eit gjennomsnittleg støynivå over 50 dB ved bustaden sin. Dette omfattar støy frå fly, jernbane, industri, og anna næringsverksemd, men for veg er det berre teke med dei som er utsette for nivå over 55 dB. Bortimot ein halv million menneske er mykje eller sterkt plaga, og rundt 200 000 menneske har problem med nattesøvnen som følgje av støy.

Støy verkar ofte saman med andre stressfaktorar som for eksempel luftforureining. Det er påvist at støy kan gi kortvarige fysiologiske forandringar som er typiske for psykisk stress, og kan gi helseplager som muskelspenningar og muskelsmerter. Støy kan òg vere ei medverkande årsak til høgt blodtrykk og utvikling av hjarte- og karsjukdommar. Støyreduserande tiltak i trafikk-samanheng kan vere å leggje støysvake vegdekke på norske vegar, tiltak for auka sal av støyreduserande bildekk og køyretøy, lågare fartsgrensar med meir. Fleire tiltak må på plass dersom vi skal nå dei nasjonale måla for støyreduksjon.

Tabell 21.1 Definisjonar

Omgrep	Definisjon
Bakkenært ozon	Ozon er ein gass som både finst nær bakken og høgare opp i atmosfæren. Ozon blir danna når nitrogenoksid (NO _x) og flyktige organiske sambindingar (VOC) reagerer med kvarandre under påverknad av sollys. Hovudkjelda til bakkenær ozon i Noreg er langtransportert luftforureining frå andre europeiske land. Utslepp i Noreg medverkar òg noko til danning av bakkenært ozon, spesielt nær store utsleppskjelder. Høge nivå av ozon nær bakken kan føre til skadar på helse, vegetasjon og materialar. I Noreg kan nivåa komme over tilrådte grenseverdier for helse og vegetasjon i periodar om sommaren.
Nitrogenoksid (NO _x)	NO _x er ei fellesnemning for nitrogenoksida NO og NO ₂ . NO _x er kjemiske sambindingar av oksygen og nitrogen som blir danna ved at desse reagerer med kvarandre under forbrenning ved høg temperatur.
Svevestøv	Svevestøv er ei kompleks blanding av mikroskopiske partiklar i lufta vi pustar inn. Slike partiklar kan dannast ved forbrenningsreaksjonar og mekanisk slitasje, virvlast opp av vind eller dannast direkte i atmosfæren ved kondensering av gassar. Svevestøv eller partikulært materiale (PM) er delt inn i ulike klassar etter partikkelstorleik. Dei viktigaste kategoriane er PM ₁₀ -partiklar mindre enn 10 mikrometer (µm), PM _{2,5} -partiklar mindre enn 2,5 µm og PM _{0,1} -partiklar mindre enn 0,1 µm.
Sur nedbør	Svovel- og nitrogensambindingar i luft og nedbør gir opphav til sur nedbør og blir sette av i naturen anten med nedbør (våtavsetning) eller som gassar eller partiklar (tørravsetning).
Støy	Støy er uønskt lyd.

Påverknader

Lokal luftforureining

Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er trafikk med eksos og asfaltstøv frå piggdekk, vedfyring og langtransportert forureining. Den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂ er vegtrafikk.

Helserisikoen knytt til lokal luftforureining avheng av kor høg konsentrasjonen av dei forureina stoffa er og kor lenge vi blir utsette for dei. Det er i hovudsak astmatikarar og personar med luftvegslidingar eller hjarte- og karsjukdommar som opplever helseeffektar frå luftforureining i Noreg. Av stoffa som medfører lokal luftforureining er det størst helserisiko knytt til svevestøv, men det er òg helserisiko knytt til nitrogendioksid (NO₂).

Det er venta at konsentrasjonen av svevestøv vil bli redusert på grunn av reinare bilpark, omnar som brenn reinare og redusert bruk av piggdekk, men det vil framleis vere overskridingar av dei nasjonale måla i ei rekkje byar i åra framover. Nivåa varierer sterkt frå år til år, avhengig av meteorologiske faktorar. Første halvdel av 2013 har det skjedd langt fleire overskridingar bl.a. som følgje av tørr vår. For NO₂ er det ikkje venta

store endringar i konsentrasjonane med dagens verkemiddelbruk, men trenden for NO₂ er meir usikker enn for svevestøv. Auka kunnskap om kva som er dei reelle NO_x-utsleppa og betre kunnskap om korleis NO₂/NO_x-delen vil endre seg med ny bilteknologi vil kunne medføre endra prognosar for framtidige utslepp.

Langtransportert luftforureining

Sur nedbør er resultatet av utslepp av blant anna svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x) og ammoniakk (NH₃). Noreg er særleg utsett for forureining av vassdrag som følgje av tilførsle av svovel og nitrogen som kjem frå grenseoverskridande luftforureiningar. Utslepp som skjer i eitt land kan føre til betydeleg skade i andre land. Nedfallet av svovel og nitrogen i Noreg stammar først og fremst frå andre land i Europa som Storbritannia, Tyskland og Polen og frå internasjonal sjøfart i dei nære havområda.

Forsuring gir redusert vasskvalitet og har ført til at mange fiskebestandar er reduserte eller har gått tapt, særleg i Sør-Noreg. Anna dyre- og planteliv er òg påverka av sur nedbør. Sjå nærare

omtale under resultatområde 2 Livskraftige elvar og innsjøar.

Nitrogen verkar òg som gjødsel og kan medverke til overgjødsling og endringar i vegetasjonen. Høge konsentrasjonar av ozon ved bakken kan føre til skadar på helse, vegetasjon og material. Små, helseskadelige partiklar kan transportrast over lange avstandar og på tvers av landegrensar.

Ozonreducerande stoff

Utslepp av ozonreducerande stoff har svekt ozonlaget dei siste 30 åra. Bruken av stoffa er kraftig redusert, men ozonlaget kan truleg ikkje friskmeldast før i 2050 – 2070. Ozonlaget vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola. Auka stråling kan blant anna føre til alvorlege sjukdomar, så som hudkreft og augesjukdomar, reduserte avlingar, svikt i matvareproduksjonen, og det kan skade havets økosystem.

Støy

Vårt moderne samfunn er ei kjelde til auka støy for mange menneske. I fleire tiår har vi hatt ei utvikling med stadig meir transport. Dette gir mykje støy. I følgje statistikk frå SSB har talet personar som er utsette for støy i Noreg auka med 225 000 sidan 1999. Det er fordi støyen frå vegtrafikk aukar samtidig som befolkninga veks. Vegtrafikk er den største støykjelda i Noreg og står for nesten 80 pst. av utrekna støyplager.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Regelverk og samfunnsplanlegging

Forureiningslova og tilhøyrande forskrifter er sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp til luft og støy. Hovudregelen i forureiningslova er at forureining er forbode. Dermed har ingen lov til å forureine utan at det er gitt løyve til det, anten gjennom individuelt løyve til ei verksemd eller i forskrift.

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til at helse og miljø ikkje tek skade av luftforureining og at støyplagene blir reduserte. Det er gitt konkrete retningslinjer for behandling av luftkvalitet og støy i arealplanlegginga gjennom TA-2842/2011 og T-1442/2012. Sjø òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking er eit viktig og nødvendig grunnlag for resultatområdet. God lokal luftkvalitet og fråvær av støy er òg ein føresetnad for eit godt bymiljø, blant anna er planlegging av kor ulike verksemdar skal leggjast og innretning av kollektivtilbod svært viktig. Sjø omtale i resultatområdet 7 Godt bymiljø.

Lokal luftkvalitet

Føresegnene om lokal luftkvalitet i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 7 er det sentrale verkemiddelet på området lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdier for konsentrasjonar av ei rekkje stoff i luft og stiller krav til målingar, utrekningar, utgreiingar av tiltak og rapportering. Lovgivinga har sitt utspring i EUs rammedirektiv for luftkvalitet, og er innlemma i EØS-avtala. Noreg deltek i styringsgruppa som drøftar EUs vidare strategiar og politikk for å redusere langtransporterte og lokale luftforureiningar.

Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere luftforureiningar ligg utanfor Miljøverndepartementets myndeområde. Miljøverndepartementet har likevel ei pådrivarrolle i forhold til andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining. Dei siste åra har det vore viktig å utvide verktøykassa til kommunar og anleggseigarar slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med overskridingar av grenseverdiane i forureiningsforskrifta. Rettleiar TA-2842 frå 2011 klargjer ansvarsforhold ved innføring av tiltak, og når desse skal innførast.

Det nasjonale målet er strengare enn krava i forureiningsforskrifta. For å få ein luftkvalitet som ikkje berre tilfredsstillar krava i forskrifta, men som òg betrar luftkvaliteten mot nasjonale mål har Miljødirektoratet fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til innskjerpa grenseverdier i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet. Formålet med ei slik eventuell innskjerping er å gi kommunar og anleggseigarar eit større insitament til å betre lokal luftkvalitet. I 2012 kom ei retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging. Retningslinja er eit viktig virkemiddel for å sikre at kommunar når nasjonale mål og grenseverdiane i forskrifta på sikt.

Det er behov for betre berekningsverktøy på dette området. For å kunne gjennomføre tiltak som reduserer nivåa av lokale forureiningar er det nødvendig å dokumentere effekten av tiltak. Geo-

grafisk kartlegging av forureining er òg viktig for å få vite kor mange menneske som er utsette for høge nivå.

Langtransportert luftforureining

Målet om at helse og miljø ikkje skal ta skade av luftforureining frå SO_2 , NO_x , VOC, ammoniakk eller partiklar kan berre nåast gjennom internasjonalt samarbeid for å redusere langtransportert forureining. Takka vere dei internasjonale avtalene under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining*, er tilførslene av sur nedbør til Noreg vesentleg reduserte sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover dersom tilførslene av svovel og nitrogen ikkje blir ytterlegare reduserte.

Langtransportert luftforureining fører òg til overgjødning av vegetasjon og til høge konsentrasjonar av bakkenært ozon som kan skade både helse, vegetasjon og materialar. Landa som deltek i samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* er i forskjellig grad råka av ulike skadar som følgje av luftforureiningar. Ettersom dei ulike skadane stort sett skuldast dei same stoffa og utsleppskjeldene, har konvensjonen sine partar valt å gå saman om å finne heilskaplege løysingar på dei forskjellige miljøproblema. Ei lang rekkje land har påteke seg forpliktingar om å redusere sine samla utslepp av luftforureiningar, sist gjennom Gøteborgprotokollen av 1999 om reduksjon av forsurening, overgjødning og bakkenært ozon.

Landa som er partar til Gøteborgprotokollen vart 4. mai 2012 samde om endringar i protokollen. I tillegg til dei noverande utsleppsforpliktingane som gjeld frå 2010, tok partane til protokollen på seg nye utsleppsforpliktingar som skal oppfyllest innan 2020. Noreg har teke på seg følgjande forpliktingar om utsleppsreduksjonar innan 2020, med 2005 som basisår: svoveldioksid (SO_2): 10 pst., nitrogenoksid (NO_x): 23 pst., flyktige organiske sambindingar unnateke metan (nmVOC): 40 pst., ammoniakk: 8 pst. og små partiklar ($\text{PM}_{2,5}$): 30 pst. Noreg deltek i arbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* med mål om å redusere tilførslene av skadelege luftforureiningar ytterlegare, både til Noreg og resten av avtaleområdet. Noreg ser det òg som viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til den reviderte Gøteborgprotokollen. Noreg vil i arbeidet på dette området òg leggje vekt på at landa skal redusere

forureinande utslepp som medverkar til klimændringar, mellom anna svart karbon (sot).

Overvakinga av langtransportert forureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av tilførsler og effektar av forsurende sambindingar (svovel- og nitrogensambindingar), eutrofiering (nitrogensambindingar), bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar). Miljødirektoratet har ansvaret for desse overvåkingsprogramma.

Atmosfærisk tilførsel av forureinande sambindingar er overvaka ved måling av kjemiske komponentar i luft og nedbør. Formålet er å registrere nivå og eventuelle endringar i tilførsla av langtransporterte luftforureiningar. Målestasjonane er derfor plasserte slik at dei er minst mogleg påverka av lokale utsleppskjelder (bakgrunnsstasjonar).

Tilførsler av sambindingar i luft som fører til forsurening og eutrofiering er overvaka på fem stasjonar (inkludert Zeppelin-observatoriet på Svalbard). Tilsvarande sambindingar i nedbør er overvaka på 13 stasjonar. Atmosfæriske tilførsler av bakkenært ozon er overvaka på seks stasjonar i fastlands-Noreg, og ein på Svalbard. Atmosfæriske tilførsler av partiklar i luft er overvaka på tre bakgrunnsstasjonar i fastlands-Noreg, og ein på Svalbard. Partiklar kan i særleg grad føre til helse-skarar, og til skadar på materialar.

Forsuringsverknader på vasskvalitet er følgt gjennom overvaking av innsjøar og små nedbørfelt. Vasskvaliteten i om lag 80 innsjøar og seks små nedbørfelt blir undersøkt årleg for å gi ei regional/landsdekkjande beskriving av vassforsuringsproblemet og endringar i situasjonen. Det biologiske overvåkingsprogrammet følgjer verknader på fisk gjennom regionale undersøkingar, og omfattar fiskebestandar i innsjøar og bekker, og botndyr i innsjøar. Verknader av eutrofiering i terrestrisk miljø (vegetasjonsendringar) er overvaka av Miljødirektoratet som dekkjer delar av dette gjennom Program for terrestrisk naturovervaking (TOV).

Noreg samarbeider internasjonalt om utvikling av kunnskap om utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar gjennom Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP) og gjennom dei internasjonale samarbeidsprogramma for miljøeffektar under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Landa samarbeider òg innanfor ramma av denne konvensjonen om å utvikle kunnskapsgrunnlaget for val av tiltaksstrategiar for å redusere miljøskadar som følgje av langtransportert luftforureining, under dette kunn-

skap om moglege utsleppsreducerande tiltak og kostnader ved desse. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for Vassforskning* medverkar i vesentleg grad til denne kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*.

Noreg har i Gøteborgprotokollen forpliktingar om å halde dei samla årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), flyktige organiske sambindingar unnateke metan (NMVOC) og ammoniakk (NH₃) under talfesta nivå frå 2010. EU har innlemma forpliktingane i Gøteborgprotokollen i sitt miljøregelverk. Det vart i desember 2009 bestemt å innlemme EUs direktiv om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft, «takdirektivet» i EØS-avtala. Noreg har i EØS-avtala teke på seg å halde dei same utsleppstaka som dei vi har i Gøteborgprotokollen. Regjeringa ser det som svært viktig å overhalde desse forpliktingane.

Utsleppstal for 2011 og foreløpige utsleppstal for 2012 publiserte av Statistisk sentralbyrå og Klima- og forureiningsdirektoratet, viser at Noreg både i 2011 og 2012 overheldt utsleppsforpliktingane for SO₂ og NMVOC. Utsleppa av NO_x som er omfatta av Gøteborgprotokollen låg i 2011 og 2012 om lag på høvesvis 22 000 tonn og 14 000 tonn over forpliktinga Noreg har i protokollen om eit maksimalt årleg utslepp på 156 000 tonn frå 2010. Ammoniakkutsleppa var i 2011 og 2012 om lag 3 000 tonn høgare enn dei internasjonale forpliktingane som gjeld frå 2010 om å halde dei årlege utsleppa på maksimalt 23 000 tonn. Berekingane av utslepp av ammoniakk frå jordbruk er blitt endra og det er dette som forklarar at utsleppa no er høgare enn det Noreg har forplikta seg til.

Hovudinnsatsen framover innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er å redusere utsleppa av NO_x og ammoniakk i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen. Av utsleppa som er omfatta av protokollen, blir utslepp av SO₂, NO_x og NMVOC regulerte i utsleppsløyve etter forureiningslova og i tråd med føresegnene i relevante EU-direktiv som er innlemma i EØS-avtala. Slik regulering har dei seinare åra vore særleg viktig for å redusere utsleppa av NMVOC frå lasting og lagring av råolje på sokkelen. På bakgrunn av utsleppsforpliktinga i Gøteborgprotokollen underteikna Miljøverndepartementet og Norsk Industri i 2001 ein intensjonsavtale om å

reducere svovelutsleppa. Utslepp av SO₂ frå den enkelte verksemda blir regulerte i utsleppsløyve frå Miljødirektoratet. Denne avtala er no gjennomført. Miljøverndepartementet og Norsk Industri forlenga i 2010 intensjonsavtala ut 2014. Tilleggsavtala har som formål å sikre at dei årlege utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien ikkje skal overstige 11 000 tonn.

Utslepp av SO₂, NO_x og VOC er òg regulerte i forskrifter etter forureiningslova, produktkontrolllova og relevant sektorlovgeving. Til dømes er utsleppa av NO_x frå køyretøy regulerte gjennom køyretøyforskriftene til vegtrafikklova. Krav til kvaliteten på bensin og autodiesel til køyretøy, ikkje-veggåande maskiner og landbrukstraktorar er bestemt i forskrift til produktkontrolllova. Innhaldet av svovel i fyringsolje er regulert i forskrift til forureiningslova. Krav til utslepp av VOC frå lagring, distribusjon og påfylling av bensin, frå bruk av løsemiddel i visse verksemdar og anlegg, og VOC i maling og lakk er regulerte i forskrifter til forureiningslova og produktkontrolllova.

Nærare 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer i landbruket. For å oppfylle Noregs forpliktingar i *Gøteborgprotokollen* om utslepp av ammoniakk, har Landbruks- og matdepartementet innarbeidd nye krav til utforming av husdyrrom og gjødsellager for ekstra store svine- og fjørfebesetningar i forskrift om gjødselvarer m.v., av organisk opphav. Som følgje av endringane i utsleppsrekneskapen og oppjusteringa av Noreg sine utslepp av ammoniakk, vil Regjeringa no sjå nærare på korleis ein kan redusere utsleppa av ammoniakk frå handtering av husdyrgjødsel ytterlegare gjennom å stimulere til bruk av nye metodar for lagring og spreing av gjødsla.

Avgiftspolitikken er òg viktig for å stimulere til reduserte utslepp til luft. Noreg har i fleire år hatt avgift på svovelinnhaldet i mineraloljer. Avgifta medverkar til å redusere svovelutsleppa. NO_x-avgifta og Miljøavtala mellom Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane av 2008 om reduksjon av NO_x-utsleppa er særleg viktige verkemiddel for å redusere desse utsleppa, sjå nærare omtale i boks 21.1. Miljøverndepartementet og næringsorganisasjonane har forlenga NO_x-avtala for perioden 2011–2017. Miljødirektoratet har som oppgåve å sjå til at organisasjonane overheld sine forpliktingar i NO_x-avtala. Direktoratet har stadfesta at organisasjonane oppfylte reduksjonsforpliktingane på 2 000 tonn for 2008, 4 000 tonn for 2009, 5 000 tonn for 2010, 10 000 tonn for 2011 og 2 000 tonn for 2012.

Boks 21.1 Avgifta på utslepp av NO_x og Miljøavtala om reduksjon av NO_x-utsleppa

I tråd med Stortingets vedtak sette Regjeringa 1. januar 2007 i verk avgift på utslepp av NO_x. For 2013 er avgifta sett til 17,01 kr/kg NO_x. Stortinget vedtok i samband med innføring av NO_x-avgifta at utsleppskjelder omfattar av miljøavtale med staten om gjennomføring av NO_x-reduserande tiltak i samsvar med eit fastsett miljømål kan få mellombels fritak for avgift. Den 14. mai 2008 vart det inngått ei slik avtale mellom staten ved Miljøverndepartementet og 14 organisasjonar. Det overordna målet for avtala er å redusere dei samla årlege NO_x-utsleppa frå kjelder som er omfattar av avtala til maksimalt 98 000 tonn. I følgje avtala tek næringsorganisasjonane på seg å redusere dei årlege NO_x-utsleppa med 30 000 tonn. Som følgje av endringar i utsleppsframskrivingane og i tråd med føresegnene i avtala, er denne forpliktinga nedjustert til 18 000 tonn, og av dette kan tiltak som reduserer dei årlege utsleppa med 7 000 tonn gjennomførast i løpet av 2011. Verksemdar som slutta seg til avtala fekk fritak for NO_x-avgift i tre år – 2008, 2009 og 2010. Dersom næringsorganisasjonane har oppfylt mindre enn 90 pst. av den årlege forpliktinga innan fristen, må verksemdene betale

avgift for det aktuelle året. Avgiftssatsen blir i så fall redusert med den prosentvise delen av forpliktinga som er oppnådd.

Miljøverndepartementet og 15 næringsorganisasjonar inngjekk 14. desember 2010 ei ny NO_x-avtale for perioden 2011-17. Den nye avtala omfattar dei same kjeldekategoriane som den første. I tillegg er utslepp frå avfallsforbrenning omfattar. EFTAs overvaksingsorgan (ESA) bestemte 19. mai 2011 å godkjenne vidare fritak for NO_x-avgift for åra 2011-17 på grunnlag av den nye avtala, då det ikkje var i strid med EØS-avtala.

Den nye avtala inneber at det skal gjennomførast tiltak som reduserer dei årlege NO_x-utsleppa frå kjeldekategoriane som er omfattar med 16 000 tonn, etter følgjande tidsplan: 2011: 3 000 tonn, 2012: 2 000 tonn, 2013-14: 4 000 tonn, 2015-16: 4 000 tonn og 2017: 3 000 tonn. Forpliktinga i den nye avtala for 2011 kjem i tillegg til tiltaka som skal gjennomførast dette året i medhald av den første avtala. Organisasjonane har òg forplikta seg til å oppretthalde effektane som er oppnådde gjennom den første avtala ut den nye avtaleperioden.

Regjeringa arbeider innanfor FN's sjøfartsorganisasjon IMO for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. Etter initiativ frå blant anna Noreg, fastsette IMO i 2008, gjennom endring i vedlegg VI til MARPOL-konvensjonen, nye krav til utslepp av NO_x. Frå 1. januar 2011 skal skip bygde og maskineri installert etter denne datoen ha 15-22 pst. lågare utslepp enn dei tidlegare krava. Det er òg vedteke krav til utslepp av NO_x frå eksisterande maskineri over 5 000 kW og sylindervolum over 90 liter installert på skip bygde i perioden 1990–1999. Regjeringa vurderer, saman med dei andre Nordsjølanda, å søkje IMO om å gi Nordsjøen status som spesiell region med strengare krav til utslepp av NO_x.

Gjennom MARPOL-konvensjonen, vedlegg VI, er det etablert eit svovelkontrollområde i Nordsjøområdet (sør for 62. breiddegrad, aust for 4. lengdegrad). Dette inneber at skip må nytte drivstoff med maksimalt 1,0 vektprosent svovel i dette området, mens den alminnelege grensa i MARPOL er 3,5 vektprosent svovel.

Det er vedteke at svovelkravet i svovelkontrollområda skal vere 0,1 vektprosent frå 2015 og at

kravet i andre havområde skal vere 0,5 vektprosent frå 2020. Svovelkrava for skipsfarten vil truleg medføre ein sterk reduksjon i bruken av tungolje samstundes som det vil stimulere til at fleire skip blir bygde med gassmotorar.

Ozonreduserande stoff

Noreg har oppnådd gode resultat i reduksjon og stans i bruk av ozonreduserande stoff. Vi oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen og vi har ei målsetjing om å utvikle dette avtaleverket vidare til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff både nasjonalt og internasjonalt. Bindande internasjonale avtaler er avgjerande for å løyse dei globale og grenseoverskridande miljøutfordringane.

Miljøstyresmaktene arbeider òg aktivt med å fase ut all bruk av ozonreduserande stoff i Noreg. Det er likevel framleis attståande utfordringar som må følgjast opp for at ozonlaget skal restituerast innan rimeleg tid. Blant anna gjeld

dette reduksjon i forbruket av gjenvunnen HKFK, og å sikre at stoff som ikkje lenger er i bruk blir forsvarleg tekne hand om og destruerte.

Montrealprotokollen er ei internasjonal avtale som forpliktar medlemslanda til utfasing av bruk og til betydelege reduksjonar i utslepp av gassar som er skadelege for ozonlaget. Utfasingsregimet er strengast for dei rikaste landa, som har stått for størsteparten av utsleppa. FNs miljøprogram, UNEP, har rekna ut at utan Montrealprotokollen ville mengda av ozonreduserande gassar i stratosfæren i år 2050 ha vore fem gonger større enn i dag.

Støy

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav til gjennomføring av utbetringstiltak for personar som er utsette for innandørs støy over 42 dB i gjennomsnitt over døgnet. Støy frå blant anna industri, motorsport og skytebaner kan regulerast gjennom konsesjonssystemet i forureiningslova, mens lov av 11. juni 1976 nr. 79 om produktkontroll med underliggjande forskrifter heimlar støykrav til ulike produkt.

Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere støyplager ligg utanfor Miljøverndepartementets myndeområde. Miljøverndepartementet har likevel ei pådrivarrolle i forhold til andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere støyplager.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er kanskje det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene. Norske styresmakter har sett eit mål om at støyplaga skal reduserast innan 2020. Mange av dei mest støyutsette bustadane har fått fasadeisolering og støyskjerming, men for å nå måla må vi i tillegg redusere støyen der den oppstår. Støyreduserande tiltak i trafikksamheng kan vere å leggje støysvake vegdekke på norske vegar, tiltak for auka sal av støyreduserande bildekk og køyretøy, lågare fartsgrenser med meir.

EU arbeider òg med å avgrense støy frå ulike kjelder som køyretøy, fly og flypassar, og frå ei rekkje maskiner til utandørs bruk. Gjennom EØS-avtala er det stilt krav til at Noreg blant anna skal utarbeide støykart og ein handlingsplan for å redusere støy (frist juni 2013).

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

10.1. Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO_2 , NO_x , VOC, ammoniakk eller partiklar.

Indikator:

- Areal med overskridingar av tolegrenser for forsureing.

Gjennom internasjonale avtaler er tilførsla av sur nedbør til Noreg vesentleg redusert. Etter dei nyaste berekningsmetodane har Norsk institutt for vassforskning anslått at tolegrensene for forsureing av overflatevatn var overskridne på om lag 29 pst. av arealet i Noreg i 1980. I 2010 var dette redusert til om lag 8 pst. Det er ingen tydelege reduksjonar i tilførslene dei siste åra, og overskridingane av tolegrensene er derfor truleg framleis like store som i 2005. Det er venta at tolegrensene for forsureing av vassdrag vil vere overskridne på store areal i Agder-fylka og Rogaland også i åra framover. Vasskvaliteten har betra seg dei fleste stader i landet i løpet av dei siste ti åra. Sjølv om tilførslene av forureiningar er reduserte, vil det ta tid før vasskvaliteten er tilfredsstillande til å oppretthalde levedyktige fiskebestandar. Det er framleis tydelege skadar på dyrelivet på grunn av sur nedbør. Sur nedbør vil framleis vere ein trussel mot det biologiske mangfaldet i ferskvatn i delar av Noreg. Sjå nærare omtale av luftforureiningane sine skadeverknader på økosystem under resultat-område 2 Livskraftige elvar og innsjøar.

Tabell 21.2 Del av Noregs areal der tolegrensene for forsureing av overflatevatn er overskridne (pst.)

Årstal	
1980	29
1990	16
2000	12
2005	10
2010	8

Talet for 2010 er berekna snitt for åra 2007–2011

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse problema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. Gøteborgprotokollen regulerer landa sine utslepp av svoveldioksid (SO_2), nitrogenoksid (NO_x), ammoniakk (NH_3) og flyktige organiske sambindingar

(VOC). Det er gjennomført evalueringar som viser at *Gøteborgprotokollen* har vore effektiv. Utsleppa er reduserte. Det er mindre fare for forsurening, overgjødsling og verknader av bakkenært ozon og partiklar.

Partane til Gøteborgprotokollen vedtok ein revidert protokoll i mai 2012. Den reviderte protokollen regulerer òg landa sine utslepp av partiklar (PM_{2,5}). Det er vidare lagt inn klimapolitiske omsyn gjennom å oppfordre partane til å redusere utsleppa av svart karbon som er ein del i partiklane.

Omfattande fagleg kunnskap, analysar og overvaking av forureiningsbelastninga og miljøtilstanden ligg bak arbeidet med det faglege grunnlaget for revisjon av protokollen. Det vil framleis vere store område i Europa som blir utsette for forureiningar som overstig kritiske belastningsgrenser sjølv med full effekt av den reviderte Gøteborgprotokollen. Store avsetningar av nitrogen vil framleis vere eit problem for Europas økosystem.

10.2. Dei årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂) skal framleis haldast under 22 000 tonn.

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av SO₂.

Utsleppa av svoveldioksid (SO₂) var 18 800 tonn i 2011, mens foreløpige tal presenterte av Statistisk sentralbyrå i mai 2013 syner at utsleppa av SO₂ var på om lag 17 900 tonn i 2012. Noreg overheld med det forpliktinga i Gøteborgprotokollen der dei årlege utsleppa frå 2010 må haldast under 22 000 tonn. Det er venta at Noreg vil overhalde utsleppsforpliktinga si for SO₂ i Gøteborgprotokollen med dei verkemidla som allereie er sette i verk.

10.3. Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) skal maksimalt vere 156 000 tonn.

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av NO_x.

Utsleppa av nitrogenoksid (NO_x) og som er omfatta av forpliktinga i Gøteborgprotokollen var 178 000 tonn i 2011. Foreløpige tal for 2012 syner at utslepp av NO_x då var 170 000 tonn. Utsleppa låg i 2011 om lag 22 000 tonn over forpliktinga Noreg har i Gøteborgprotokollen om eit maksimalt årleg utslepp på 156 000 tonn frå 2010. I 2012 var overskridinga redusert til 14 000 tonn.

Miljøverndepartementet har på grunnlag av tidlegare utsleppsframskrivingar anslått at Noreg

ville kunne overhalde dei internasjonale NO_x-forpliktingane frå 2012, jf. Prop. 1 S (2010–2011). Det er no klart at ein ikkje kan leggje desse utsleppsframskrivingane til grunn. Nye utsleppsframskrivingar er presenterte i Perspektivmeldinga 2013 og denne viser framskrive utslepp i 2020 som er omfatta av Gøteborgprotokollen på om lag 159 000 tonn NO_x. Det er i disse framskrivingane ikkje teke omsyn til effekten av NO_x-avtala for 2011–2017. Miljøverndepartementet vurderer no, saman med andre departement, korleis vi kan arbeide for å redusere NO_x-utsleppa, slik at vi overheld dei internasjonale forpliktingane snarast mogleg.

10.4. Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (VOC) skal framleis haldast under 195 000 tonn. Dei årlege utsleppa frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal framleis haldast under 70 pst. av nivået i 1989 (dvs. 189 000 tonn).

Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av VOC.

Noregs utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) var i 2006 for første gongen lågare enn forpliktinga i Gøteborgprotokollen om at dei samla årlege utsleppa av VOC skal haldast under 195 000 tonn innan 2010.

I 2011 var utsleppa av NMVOC 138 800 tonn. Foreløpige tal for 2012 viser at utsleppa då var 132 300 tonn. Frå 2001 til 2012 vart utsleppa reduserte med 66 pst. Noreg har i VOC-protokollen av 1991 ei særskilt forplikting til å redusere utsleppa av VOC frå fastlandet og den økonomiske sone sør for 62. breiddegrad. Vi overheld også denne forpliktinga i 2011 og 2012. Det er venta at Noreg vil overhalde utsleppsforpliktingane sine for VOC i dei to protokollane med dei verkemidla som allereie er sette i verk.

10.5. Dei årlege utsleppa av ammoniakk skal framleis haldast under 23 000 tonn.


Indikator:

- Utviklinga i nasjonale utslepp av ammoniakk.

Fram til 2013 viste utsleppsrekneskapan at Noreg overheld forpliktinga i Gøteborgprotokollen om å halde dei årlege utsleppa av ammoniakk på maksimalt 23 000 tonn. Ved revisjon av utsleppsrekneskapan i februar 2013 vart utsleppstala vesentleg oppjusterte. Dei nye berekningane viste at utsleppa av ammoniakk i 2011 var på 26 200 tonn

og at foreløpige tal for 2012 er 26 300 tonn. Dette er over 3 000 tonn meir enn det Noreg er forplikta til i Gøteborgprotokollen. Det er venta at utsleppa vil endre seg lite i åra framover utan nye tiltak. Landbruks- og matdepartementet og Miljøvernde-

partementet vil saman vurdere korleis vi kan arbeide for å redusere utsleppa av ammoniakk, slik at vi overheld dei internasjonale forpliktningane snarast mogleg.



Figur 21.1 Utslepp av langtransporterte gassar (tonn)

Tallene for 2012 er foreløpige.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

10.6. Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM_{10}) skal ikkje overskride $50 \mu\text{g}/\text{m}^3$ meir enn 7 dagar pr. år.

Indikator:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

Målingar som blir gjennomførte i fleire byar viser at svevestøvnivåa har gått ned. Årsaka er at utsleppa frå vegtrafikk og vedfyring går ned. Likevel har dei aller fleste byene ikkje nådd det nasjonale målet for svevestøv.

10.7. Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO_2) skal ikkje overskride $150 \mu\text{g}/\text{m}^3$ meir enn 8 timar pr. år.

Indikator:

- Utvikling i talet på overskridingar og dei stader dette i så fall skjer.

Målingar viser at NO_2 er eit problem i fleire byar. Det nasjonale målet vart overskride i dei største byane i 2012. Dette skuldast ein kombinasjon av eksos, særleg frå dieselkøyretøy, og periodar med kald, stillestående luft.

Nye framskrivingar for NO_2 viser at nivåa vil vere høgare i 2020 enn tidlegare antekte. Årsakene er auka trafikkmengd og overgang frå bensin- til dieselbilar. I tillegg er delen av NO_2 i NO_x ($\text{NO} + \text{NO}_2$) frå tunge kjøretøy auka betrakteleg i forhold til tidlegare utrekningar.

10.8. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere fasa ut innan 2010.

Indikator:

- Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK.

Det vart ikkje importert HKFK for bruk i Noreg i 2012, men små mengder av stoffet vart derimot importert til laboratorieføremål, og omlag 10 tonn

vart eksportert for destruksjon i Sverige. Import og eksport for desse formål er unnatekne frå forbodet i norsk og internasjonalt regelverk.

Det vart importert 50 kg ozonreduserande stoff i 2012 for bruk i laboratorium, og medfører ikkje utslepp av betydning. Vidare vart det importert 150 kg halon for bruk i luftfartøy. Dette bruksområdet er òg unntekte frå forbodet i norsk og internasjonalt regelverk.

Noregs og EUs mål er at bruken av HKFK skal vere fasa ut innan 2015.

10.9. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK).

Indikator:

- Reell reduksjon i bruk av KFK og halon.

I 2012 vart det ikkje importert KFK eller halon for bruk i Noreg, ut over bruksområde som er unntekte frå forbodet i norsk og internasjonalt regelverk (laboratorieføremål og for forsvarleg destruksjon).

10.10. Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999.

Indikator:

- Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder.

Ulike tiltak gjer at dei som var utsette for støy i 1999, var noko mindre plaga i 2011. Tilflytting til støyutsette område og befolkningsvekst gjer likevel at fleire totalt sett er utsette for støy.

Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Miljøstyresmaktene engasjerer seg, i samspel med sektorstyresmaktene, med sikte på at det blir utvikla meir støysvake køyretøy, bildekk og vegdekke. Miljøstyresmaktene har vidare eit ansvar for å medverke til redusert støyplage frå dei ulike kjeldene der miljøstyresmaktene sjølv har verkemiddel – konsesjonspliktig industri og næringsverksemd, skytebaner, motorsportsbaner og enkelte produkt.

Det er dei ulike sektordepartementa som har hovudansvaret for å sikre ein reduksjon av støyplaga innanfor sin samfunnssektor, og medverke til at det nasjonale resultatmålet for støy kan bli nådd. Skal ein nå målet er det behov for nye til-

tak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken.

10.11. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støyinnivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.

Indikator:

- Reell reduksjon i talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støyinnivå.

Same omsyn som for føregåande mål ligg føre òg for arbeidet med innandørs støyinnivå. Tala frå SSB for 2011 viser at talet på personar med innandørs støyinnivå over 38 dB aukar. Skal ein nå målet er det behov for nye tiltak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken.

10.12. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til at helse og miljø ikkje tek skade av luftforureining og at støyplagene blir reduserte.

Plansamarbeidet om areal- og transport i Oslo/Akershusregionen har utarbeidd planstrategi og planprogram. Planstrategien skal godkjennast av Miljøverndepartementet. Det er etablert eige plankontor for dette arbeidet. I alt 13 fylke hadde i 2012 regionale areal- og transportplanar.

Klima- og forureiningsdirektoratet har på oppdrag frå Miljøverndepartementet lagt fram retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga (T-1520). I tillegg har direktoratet gjennomført eit arbeid med revisjon av Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) i 2012. Retningslinjene blir nytta av kommunar og/eller utbyggjar ved planlegging av ny infrastruktur og nye utbyggingar inntil kjelder til forureining og støykjelder. Retningslinjene inneheld mellom anna utandørs grenser for støy, og kommunane har ansvar for at støy er tilstrekkeleg utgreidd og vurdert før vedtak blir fatta.

Kommunal planlegging er viktig for å gjere kommunen i stand til å gjennomføre samhandlingsreforma. Miljøverndepartementet tek del i arbeidet med opplæring og rettleiing til kommunane, mellom anna i rettleiar til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Sjå omtala av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging, Resultatområde 7 Godt bymiljø, og resultatområde 11 Stabilt Klima for nærare omtale.

22 Resultatområde 11 Stabilt klima

Forbrenning av fossile brensel og avskoging fører til ein varmare klode og vil få betydelege konsekvensar for måten vi er vane med å leve på. Auka temperatur gir utsikter til auka havnivå, meir ekstremvær i form av kraftig nedbør, flaum og tørke. Utan djupe kutt i klimagassutslepp, klimatilpassing og førebygging kan klimaendringane true utvikling i alle delar av verda. Fleire tiår med positiv utvikling i dei fattigaste landa vil kunne gå tapt. Økosystem og naturverdiar vi har eit globalt ansvar for å ta vare på kan gå tapt.

Utslepp av klimagassar blir spreidde utover heile atmosfæren, noko som gjer klimaendringar til eit problem som må løysast på globalt nivå. Nasjonale mål og verkemiddel må derfor utformast i lys av internasjonale mål og forpliktingar og internasjonalt samarbeid. I København i 2009 samla verdas leiarar seg om ei målsetjing om å halde den globale oppvarminga under 2 °C i forhold til førindustriell tid. Togradermålet vart stadfest og forankra gjennom klimaforhandlingane i Cancun og Durban i høvesvis 2010 og 2011. Sett under eitt er landa langt unna dette i praktisk politikk.

Sjølv ei oppvarming på opptil to grader vil få betydelege konsekvensar for natur og samfunn. Vi må setje i verk tiltak for at kommande generasjonar og andre delar av verda skal få like gode levekår som oss. Klimaproblemet kan berre løysast gjennom brei internasjonal samhandling. Det meste av den konkrete politikken vert likevel bestemt nasjonalt. Det enkelte land har eit ansvar for å føre ein aktiv nasjonal politikk for å redusere utsleppa av klimagassar. Derfor må vi redusere utsleppa i Noreg, samtidig som vi arbeider for ei internasjonal avtale som gir utsleppskutt i andre land òg. Vi må også tilpasse oss dei klimaendringane vi allereie ser og dei som vi veit vil komme.

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, under dette karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O), og fluorhaldige gassar (f-gassane HFK, PFK og SF₆). Departementet sitt arbeid med å redusere utslepp frå avskoging og utarming av skog i utviklingsland fell òg inn under

dette resultatområdet. Under resultatområdet høyrer òg dei klimarelaterte konsekvensane av menneskeskapte utslepp av kortliva partiklar som for eksempel svart karbon (sot).

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte. Til slutt i dette kapitlet blir det rapportert på måla frå budsjettproposisjonen i fjor.

Nasjonalt mål 11.1. Noreg skal vere karbonnøytralt i 2050.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar.

Nasjonalt mål 11.2. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar

Nasjonalt mål 11.3. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar

Nasjonalt mål 11.4. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 prosent av Noregs utslepp i 1990.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar

Nasjonalt mål 11.5. Noreg skal oppnå lågare utslepp av klimagassar gjennom redusert avskoging og skogforringing i utviklingsland, og medverke til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.

Nasjonalt mål 11.6. Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Indikatorar:

- Indikator for klimatilpasning er under utarbeiding.

Nasjonalt mål 11.7. Innan 2020 skal økosystema vere meir robuste, og naturmangfaldets bidrag til klimatilpassing og som karbonlager skal vere styrkt gjennom bevaring og restaurering.

Tilstand

Ifølgje FNs klimapanel er det større sikkerheit enn tidlegare om at meir enn halvparten av den observerte temperaturauken på jorda frå 1950 til 2010 skuldast menneskeleg påverknad. Dette har ført til oppvarming av havet, smelting av is og heving av det gjennomsnittlege globale havnivået. Klimaendringane vil halde fram i mange tiår, og kor mykje jorda varmast opp i 2100 vil i stor grad avgjerast av framtidens utslepp av CO₂ og andre klimagassar. Temperaturendringane vil ikkje vere like store i alle deler av verda. Oppvarminga over land vil verte større enn oppvarminga over hav, og oppvarminga vil skje raskast i Arktis. Klimaendringane er og venta å gi meir nedbør og kraftigare regnskyll i vår del av verda i framtida.

Togradermålet krev omfattande utsleppsreduksjonar. I fjerde hovudrapport frå FNs klimapanel vart det lagt til grunn at den globale utsleppsveksten må stansast seinast i 2015, og at utsleppa deretter blir reduserte. Denne konklusjonen tek utgangspunkt i ei rekkje føresetnader om kva som er mogleg å oppnå av globale utsleppsreduksjonar i perioden frå 2015 til 2050. Jo lenger utsleppsveksten får halde fram etter 2015, desto mindre truleg blir det at verda vil lykkast med å stabilisere global oppvarming i tråd med togradermålet. Ifølgje FNs klimapanel føreset eit slikt mål ein samla global reduksjon på 50–85 pst. innan 2050 i forhold til 2000-nivået. Utan nye tiltak er det venta at dei globale utsleppa av klimagassar vil auke med rundt 50 pst. fram mot 2050, ifølgje OECD, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling. Det er venta at samanhengen mellom framtidige klimaendringar og behovet for utsleppskutt vil bli nærmare

drøfta i den tredje delrapporten og synteserapporten frå FNs klimapanel som vert lagt fram i 2014.

Ei langsiktig stabilisering av den globale temperaturstigninga på under 2° C vil krevje ei stabilisering av dei globale CO₂-utsleppa på ein brøkdel av nivået i dag. For å nå togradermålet vil det òg vere viktig å rette større merksemd mot kortliva klimadrivarar som svart karbon (sot), metan og bakkenært ozon. Dette er partiklar og gassar med kort atmosfærisk levetid som også medverkar til oppvarming. Ein effektiv reduksjon i globale utslepp av kortliva klimadrivarar dei neste 20 åra vil kunne redusere den venta temperaturstigninga med om lag 0,5° C fram mot 2050, noko som vil kunne gjere det mogeleg å halde stigninga i den globale middeltemperaturen under 2° C ut hundreåret.


Reduksjon i utslepp av kortliva klimagassar som svart karbon og metan vil både redusere oppvarminga og ha ein positiv helseeffekt. Noregs arbeid med kortliva klimadrivarar har fått auka politisk prioritet nasjonalt og internasjonalt dei siste åra. Internasjonalt har Noreg medverka til å styrkje arbeidet på nordisk plan og innan Arktisk Råd. Under det nordiske miljøvernministermøtet på Svalbard i 2012 vart det vedteke å styrkje innsatsen for å redusere utslepp av kortliva klimadrivarar nasjonalt, regionalt og globalt. Under Arktisk Råd sitt ministermøte i Kiruna mai 2013 vart det vidare sett ned ei Arbeidsgruppe for å utvikle tiltaksplanar for ytterlegare reduksjonar i utslepp av svart karbon og metan i Arktis. Arbeidsgruppa vil rapportere til neste ministermøte i Canada, 2015.

Noreg tek også aktivt del i arbeidet under Climate and Clean Air Coalition (CCAC). Under CCAC sitt Høgnivåmøte i Oslo i september 2013 blei det frå Noreg annonsert støtte på om lag 110 mill. kroner for 2013 og 2014 til internasjonalt arbeid for å redusere utslepp av kortliva klimadrivarar, med hovudfokus på koalisjonen sitt arbeid i utviklingsland, i tillegg til styrkt nasjonal satsing.

Klimaendringane slår ulikt ut på jordkloden. Temperaturen aukar meir over landområde ved polane. I Arktis er temperaturauken det dobbelte av gjennomsnittet i verda. Dei siste ti åra er det observert dramatiske endringar i isdekket i Arktis. Både område som er dekte av sjøis og snødekke og kor lang tid dei er dekte minkar. Temperaturauken i nordområda er ekstra alvorleg – konsekvensane her medverkar til å forsterke den globale oppvarminga. Isen reflekterer sollyset. Når isen smeltar, blir det mindre refleksjon av sollys

og dermed meir oppvarming. Sot som legg seg på snø og is reflekterer ikkje sollyset. Nye resultat frå arbeid under Arktisk Råd viser at sot i vesentleg grad medverkar til nedsmeltinga av is i Arktis, og dermed òg til den globale oppvarminga. Temperaturar i permafrosten har auka med opp til 2°C. Om permafrosten tiner, kan store mengder av den sterke klimagassen metan bli frigjort frå bakken og ytterlegare forsterke og skunde fram

klimaendringane. Overvakinga av klimagassar på Svalbard viser ein markant auke i konsentrasjonen av metan dei siste fem åra. Det er foreløpig uvisst om dette har samanheng med smelting av permafrost. Forskarar anslår at ein temperaturauke på 3,5°C på Svalbard vil føre til introduksjon av om lag 80–100 nye plantearter, ein auke på 50–70 pst. Arter som er spesielt tilpassa polarklimaet vil få store problem.



Figur 22.1 CO₂ utslepp i 2011

CO₂-utslepp i 2011 (mill. tonn) og CO₂-utslepp pr. capita 1990–2011 (tonn CO₂/person), utvalte land. Tala omfattar berre utslepp av CO₂, andre klimagassar er ikkje inkluderte. Utslepp av CO₂ frå skog og arealbruksendring (LULUCF) er ikkje inkluderte.

Kjelde: Oliver JGJ, Janssens-Maenhout G and Peters JAHW (2012), Trends in global CO₂ emissions; 2012 Report, The Hague: PBL Netherlands Environmental assessment Agency; Ispra: Joint Research Centre.

Boks 22.1 Klimagassutslepp og klimaendringar

Klimagassutslepp samlar seg i atmosfæren. Der slepp dei gjennom det meste av energien frå sola, som kjem i form av kortbølgja stråling. Samtidig reduserer dei tilbakestrålinga frå jorda i form av infraraud langbølgja varme-stråling. Større konsentrasjonar av klimagassar fører derfor til auka temperatur i den nedre delen av atmosfæren, kalla troposfæren. Den naturlege drivhuseffekten er livsnødvendig for menneske og dyr på jorda. Utan denne ville gjennomsnittstemperaturen på jorda ha vore 18 kuldegrader. Verdhava ville ha vore dekte av is. Utslepp av klimagassar frå menneskeleg aktivitet har etter den industrielle revolusjonen medverka til eit menneskeskapt tillegg til den naturlege drivhuseffekten.

Klimaendringane påverkar ekstremvêr og fører til gradvise endringar som smelting av is, havnivåstigning og havforsuring. Dette kan få dramatiske konsekvensar for mattryggleiken i ei verd med aukande folketal, og gjere enkelte område umoglege å bu i. FNs klimapanel har gjennom rapporten om klimaendringar og ekstremvêr stadfest at klimaendringane allereie påverkar ekstremvêr som varmebølgjer og tørke. Nyare forskning knyter no enkelthendingar, som den ekstreme kulda og varmen Europa opplevde i 2011, til klimaendringane. Det same gjeld tørken i Aust-Afrika. Dette er konsekvensar av ei global oppvarming på under ei grad. Åtvaringa frå forskinga er klar. Ei global oppvarming over to grader kan bli ei for stor utfordring å handtere for verda. FNs klimapanel konkluderer òg i sine analysar at sjølv om den globale oppvarminga blir stabilisert vil òg ei gjennomsnittleg temperaturstigning på om lag to grader føre til alvorlege konsekvensar for natur og samfunn.

Den gjennomsnittlege årstemperaturen for fastlands-Noreg har auka med om lag 0,8 grader dei siste hundre åra, mens årsnedbøren har auka med knappe 20 pst. sidan 1900. I Noreg er temperaturen venta å stige ytterlegare med mellom 2,3 og 4,6°C fram til slutten av dette hundreåret, avhengig av kor mykje klimagassutsleppa blir reduserte. Det er òg venta ytterlegare auke i årsnedbøren på mellom 5 og 30 pst. Ei rekkje andre endringar vil òg ha innverknad på natur og samfunn: Stigande havnivå, lengre vekstsesong, endra risiko for ekstremhendingar som flaum og skred, høgare havtemperatur, eit surare hav og kortare snøsesong.

Det er venta endringar i alle naturtypar i Noreg som følgje av klimaendringar. Fragmentert natur og det at vi har mange truga artar med låg genetisk variasjon gjer tilpassing vanskeleg, spesielt då klimaendringane skjer relativt raskt. Særleg sårbare er artar og økosystem i Arktis og i høgjellet som ikkje kan tilpasse seg når leveområda deira blir endra. Eit eksempel er villreinen som er truga av varmare og fuktigare klima om sommaren som gir grobotn for sjukdommar og parasittar, og mildare vintrar med meir ising. Aukande nedbør fører til meir avrenning som påverkar vassdraga, og i ein del vassdrag kan sommartemperaturen bli så høg at artar som laks og aure får problem med å overleve. Endringar i nedbørsmønsteret påverkar forureiningssituasjonen, med auka tilførsel av miljøgifter, partiklar og næringssalt til mange vassdrag og sjøar. Auka CO₂-konsentrasjon i lufta gjer òg at CO₂ konsentrasjonen har auka, og havet blir surare. Havforsuring er eit tema der ein førebels ikkje veit sikkert kva konsekvensane vil bli, men undersøkingar syner at havforsuring kan ha stor negativ verknad på livet i havet.


Klimaendringane vil påverke heile samfunnet og kvar enkelt av oss, og vil forsterke utfordringar vi allereie har og gi nye. Samtidig kan klimaendringane òg gi gevinstar og opne for nye næringar. Endringar i flaum og skred kan føre til at stader der det tidlegare har vore trygt å byggje, kan bli meir utsette. Allereie utsette område kan bli endå meir utsette fordi flaumar kjem oftare enn før. Meir og meir intens nedbør kan føre til auka pro-

blem med overvatn, flaum og skred som samla kan auke kostnadane knytte til utbygging, sikring og vedlikehald. Eit fuktigare klima vil òg føre med seg auka fukt og røte i hus og bygningar. Samtidig vil meir nedbør kunne gi auka inntekter frå vasskraftproduksjon. Eit varmare klima kan påverke drikkevasskvaliteten og auke faren for sjukdommar som blir spreidde av flått og andre varmekjære artar. For landbruket og fiskeri og oppdrett vil eit endra klima gi andre føresetnader for produksjon og drift. Føresetnadene for fritidsinteresser utandørs og friluftsliv vil òg endrast, særleg aktivitetar knytte til snø og is. På viktige område vil klimaendringane endre føresetnader for næringsutvikling og samfunnsplanlegginga. Klima må derfor bli eit viktigare omsyn når planar blir lagt og avgjersler skal takast.

Klimaendringane skapar òg utfordringar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Det er venta at klimaendringane vil føre til at nedbrytinga av kulturminna går raskare. Varme og fukt stimulerer biologiske og kjemiske nedbrytingsprosessar og medfører auka risiko for røteskade på trebygningar. Om lag 80 pst. av den freda bygningsmassen er bygd i tre. Mange kulturminne vil òg vere utsette for ekstreme vêrhendingar som storm og flaum. På Svalbard vil tining av permafrosten skape utfordringar. Klimaendringane vil dermed kunne gi auka tap av kulturminne og kulturmiljø og større skadar. Når klimaet endrar seg blir òg bevaringsforholda endra, og forvaltninga må tilpassast desse endringane.

Påverknader

Den globale konsentrasjonen av klimagassar har stige frå 270 ppm før industriell tid til om lag 394 ppm i 2012, dvs. ein auke med 45 pst. Skal vi klare å halde den globale temperaturauken under 2°C, må konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren ifølgje FN's Klimapanel halde seg innanfor intervallet (445-490 ppm CO₂-ekvivalentar). Ifølgje FN's klimapanel må dei samla utsleppa i verda stabiliserast innan 2015 og deretter reduserast med 50-85 pst. innan 2050 for at temperaturauken skal halde seg under 2°C.



Figur 22.2 Globale utsleppstal

Truleg vil over to tredelar av utsleppsauken komme frå utviklingsland som endeleg står på terskelen av ei velstandsutvikling, noko som dessverre òg vil medføre auka utslepp. Kina har alleie gått forbi USA som landet med størst samla utslepp i verda, men det er framleis dei rike industrilanda som har størst utslepp pr. person. Klimapanelet ventar at utsleppa pr. innbyggjar i industriland vil vere tre gonger så høge som i utviklingslanda i 2030.

Snarlege tiltak mot avskoging er heilt nødvendig for å oppnå målet om at den globale middeltemperaturen skal halde seg under 2°C i forhold til før industrielt nivå. Siste IPCC-rapport viser at klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD) utgjer ifølgje Klimapanelets vurderingar om lag 10 pst. av dei årlege globale utsleppa av CO₂. Dette er noko lågare enn Klimapanelet la til grunn i 2007, men ein reduksjon i desse utsleppa er fortsatt eit viktig og føremålstenleg tiltak i innsatsen mot global oppvarming. Det er relativt sett kostnadseffektivt og kan gi store og relativt raske utsleppsreduksjonar. Klimaforliket frå 2008 etablerte ei brei politisk semje om ei norsk satsing på inntil 3 mrd. kroner årleg for REDD.

Noreg står for om lag 0,1 prosent av verdas klimagassutslepp. Utsleppa frå norsk territorium i 2012 var på 52,9 mill. tonn CO₂-ekvivalantar, ein reduksjon på 0,8 pst. frå 2011. Dette ifølgje dei foreløpige utsleppstala frå Statistisk Sentralbyrå (SSB). Bortsett frå i 2009, då utsleppa gjekk ned som følgje av låg økonomisk aktivitet, har ikkje utsleppa vore lågare sidan 1995. Nedgangen

frå 2011 til 2012 skuldast mellom anna at stor produksjon av vasskraft og dermed låge elektrisitetsprisar medverka til lågare etterspørsel etter fyringsolje til oppvarming. Låge elektrisitetsprisar medverka òg til lågare aktivitet ved gasskraftverka og til at klimagassutsleppa frå energiforsyning vart redusert med 24 pst. frå 2011 til 2012. Produksjonen av olje og gass gjekk opp med 3 pst. frå 2011 til 2012, mens utsleppa auka med 0,5 pst. I andre sektorar, som transport, industri og jordbruk var det òg berre små endringar i utsleppa frå 2011 til 2012.

Klimagassrekneskapan viser at skog og landområde i Noreg dei siste åra har teke opp mellom 22 og 27 mill. tonn CO₂ årleg. Det utgjer opp mot 50 pst. av dei totale norske utsleppa av klimagassar.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Nasjonal klimapolitikk

Klimautfordringa går på tvers av sektorar og krev derfor samordning og forpliktande samarbeid på tvers av sektorane. Miljøverndepartementet har eit overordna ansvar for gjennomføringa av miljøpolitikken i samsvar med vedtekne miljøpolitiske mål. I tråd med sektoransvaret har den enkelte sektor òg ansvar for implementeringa i sin sektor, men Miljøverndepartementet har ei viktig rolle som pådrivar og koordinator overfor andre sektorar og aktørar. Miljøverndepartementet har i tillegg ansvar for ei rekkje egne verkemiddel i miljøpolitikken. Forureiningslova og klimavotetlova er sentrale verkemiddel innanfor resultatområdet. Miljøverndepartementets viktigaste etat

innan resultatområdet er Miljødirektoratet. Regjeringas politikk på klimaområdet er i vesentleg grad basert på FN's klimapanel sine funn og vurderingar. Som industriland har vi saman med andre industriland eit felles ansvar for å føre an i arbeidet med å redusere utsleppa i verda. I tillegg til at vi bør arbeide for å redusere utslepp utanfor eigne landegrensar, bør vi redusere våre eigne utslepp. Eit fleirtal på Stortinget har stilt seg bak at det er eit langsiktig mål at Noreg skal bli eit samfunn med låge utslepp av klimagassar. Cancún-avtala slår fast at alle land, både u-land og i-land, bør lage planar for korleis dei skal utvikle seg mot å bli slike samfunn.

Gjennom mange år har Noreg derfor vore blant dei landa i verda som har brukt dei sterkaste klimapolitiske verkemidla. Vi har òg sett oss ambisiøse mål om å redusere dei nasjonale utsleppa og omstille Noreg til eit samfunn med låge utslepp fram mot 2050. Noregs mangeårige prioritering av klimapolitikk og vår samla innsats ute og heime, gir oss truverd som pådrivar og brubyggjar i det internasjonale klimaarbeidet. Vår prioritering av klimapolitikk skal òg medverke til å skape internasjonal semje om ei ambisiøs klimavtale.

Generelle økonomiske verkemiddel som CO₂-avgift og kvotesystem er sentrale i den nasjonale klimapolitikken. Sektorovergripande økonomiske verkemiddel legg grunnlag for desentraliserte, kostnadseffektive og informerte tiltak, der forureinar betaler. Desse verkemidla sett ein pris på utslepp av klimagassar og bidreg dermed til å endre produksjons- og forbruksmønster over tid. Avgifter og kvotar gir insentiv til at utsleppsreduksjonane blir gjennomførde til lågast mogleg kostnad for samfunnet. I tillegg til kvotar og avgifter blir det nytta andre verkemiddel, mellom anna direkte regulering, standardar, avtaler og subsidiar av utsleppsreducerande tiltak. Satsing på forskning og utvikling er òg viktig.

Etter utvidinga av EUs kvotesystem i 2013 er rundt 80 pst. av alle klimagassutsleppa i Noreg underlagt økonomiske verkemiddel. Om lag 30 pst. av dei samla utsleppa er berre pålagt CO₂-avgift. Avgifta omfattar i hovudsak drivstoff til transport og mineralolje til oppvarming. Frå 2013 er om lag 50 pst. av norske utslepp no omfatta av kvotesystemet. EU ETS er frå 2013 langt meir harmonisert enn det har vore tidlegare. Miljødirektoratet har ansvaret for kvoterekneskapen som held oversikt over innleverte kvotar og om dei kvotepliktige bedriftene held kvotepliktige si. Dei har òg ansvaret for å utferde utsleppsløyve og tildele kvotar til dei kvotepliktige verksem-

dene etter heimel i klimakvotelova og forureiningslova. I overkant av 20 pst. av dei samla utsleppa er berre pålagt kvoteplikt. Petroleumssektoren, som står for om lag 25 pst. av utsleppa, har både kvoteplikt og betaler CO₂-avgift.

Ein viser til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om CO₂-avgifta.

Det er innført ei avgift på produksjon og import av HFK og PFK. Ein viser til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om denne avgifta. Avgifta er supplert med ei refusjonsordning for brukt HFK og PFK som blir levert inn til destruksjon. Avgifta og refusjonsordninga skal saman medverke til at ozonreducerande gassar som blir fasa ut ikkje blir erstatta av klimagassane HFK og PFK, men av meir miljøvennlege alternativ. Sjå òg omtale under kapittel 1420 post 76 Refusjonsordningar.

EU har vedteke ei forordning (EF) nr. 842/2006 (F-gassforordninga) med underforordningar som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom blant anna importrestriksjonar og krav på lekkasjetesting og sertifisering av teknisk personell. Forordninga vart implementert i Noreg i 2010 og sertifiseringsorgan vart utnemnt i 2011. Ein siktar mot å ha alle relevante aktørar sertifiserte innan september 2013. EU-kommisjonen la hausten 2012 fram eit forslag til revidert forordning for dei fluorerte gassane. Denne stiller ytterlegare krav til å hindre utslepp. I tillegg er det foreslått eit regime for å redusere bruk av HFK-gassane med nærare 80 pst. fram mot 2030. Dette forslaget er no til politisk behandling i EU.

På område som er underlagt generelle verkemiddel, er Regjeringas utgangspunkt at ein som hovudregel skal unngå ytterlegare regulering. Samtidig vil Regjeringa vidareføre det høvet vi har i dag til å nytte andre verkemiddel i tillegg til kvotar og avgifter, også i desse sektorane. Petroleumssektoren er eit eksempel på dette då sektoren både er kvotepliktig og betalar CO₂-avgift.

I tillegg til CO₂-avgifta og kvotesystemet er det omfattande statlege støtteordningar, mellom anna i Enova, som medverkar med midlar til utsleppsreducerande prosjekt i industrien.

Regjeringa har etablert ei CO₂-kompensasjonsordning for industrien. Den nye ordninga er forvalta av Miljødirektoratet, og gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020. Etableringa av kvotesystemet i EU i 2005 har gitt auka kraftprisar i Noreg. EU har vedteke retningslinjer for statsstøtte som opnar for å gi kompensasjon for industrien sine indirekte kvotekostnader. Formålet er å hindre auke i globale utslepp ved å hindre karbon-

lekkasje frå industrien i Europa til land med mindre stram klimapolitikk. Den norske CO₂-kompensasjonsordninga vil bli knytt tett opp mot metoden for utrekning av støtte som er angitt i EUs retningslinjer. Den vil omfatte alle dei 15 sektorane som har krav på støtte i medhald av EUs retningslinjer. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling. Ordninga er avgrensa til å gjelde kraftavtaler inngått frå og med 2005, året då kvotesystemet vart etablert. Dette inkluderer kraftavtaler som er inngått før 2005, men som er selde vidare på marknadsvilkår f.o.m. 2005. I tillegg er omfatta andre kjøp av kraft i spotmarknaden. Industrien sin eigen kraftproduksjon skal komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga vart godkjend av EFTA sitt overvåkingsorgan ESA sept. 2013.

Vegtrafikk er ein av dei store bidragsytarane til norske utslepp av klimagassar. Utan nye tiltak er det venta ein vekst i CO₂-utsleppa frå vegtrafikken. Regjeringa held oppe fokus på å få ned trafikkveksten, på meir kollektivtrafikk, på drivstoffgjerrige bilar, på alternative motorteknologiar, og på dei som sykklar og går. Dette vart ytterlegare stadfesta gjennom Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal Transportplan 2014–2023.

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåing. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna leggje til rette for ein samordna areal- og transportpolitikk som medverkar til låge klimautslepp. Kommunal arealplanlegging medverkar til å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringa ved å integrere klimatilpassing i planlegginga, kartleggje risiko og sårbarheit, og setje fokus på førebyggjande og utbetrande tiltak. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Med heimel i plan- og bygningslova er det fastsett ei statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane. Denne pålegg kommunane å innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommuneplanen eller i eigen kommunedelplan. Kommunane er viktige aktørar på dette området fordi dei kan påverke utsleppa frå ei rekke sektorar, representere ei positiv drivkraft i klimaarbeidet, og vere ei viktig inspirasjonskjelde for innbyggjarane i kommunen.

Fylkeskommunen skal òg gjere denne typen planlegging innanfor sitt ansvars- og påverknadsfelt.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging går det fram at revisjon av dei kommunale og regionale klima- og energiplanane skal vurderast minst kvart fjerde år i arbeidet med dei regionale og kommunale planstrategiane.

Ei god areal- og transportplanlegging kan medverke betydeleg til å redusere utsleppa frå transport ved tettare utbygging og lokalisering av bustader, handel og offentleg og privat service og arbeidsplassar langs trasear og i knutepunkt på kollektivsystemet. Hovudprinsippa er til dømes brukt i arbeidet med regional planstrategi for Oslo og Akershus.

Klimapolitikken får òg konsekvensar for eksisterande og ny bygningsmasse. Potensialet for å spare energi i dei eksisterande bygningane er stort. Det er gjennomført fleire prosjekt relatert til dette, og arbeidet skal førast vidare. Det blir òg arbeidd med nye standardar for energirehabilitering, både i Noreg og i Europa, under leiing av Riksantikvaren.

Kampen mot klimaendringar og utfordringane med å dekkje energibehovet i verda er bakgrunnen for Regjeringas satsing på fangst og lagring av CO₂. Ei vellukka satsing vil kunne gjere CO₂-handtering til eit sentralt verkemiddel i klimapolitikken, jf. Meld. St. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk. Hovudmålet er å bidra til utvikling av framtidsretta, effektive teknologiar for CO₂-handtering slik at erfaring og teknologi utvikla gjennom dei norske prosjekta skal gi betydelege reduksjonar i CO₂-utslepp også utanfor Noreg. Regjeringa sin strategi for å gjere CO₂-handtering til eit kostnadseffektivt klimatiltak er ei helheitleg satsing på forskning, utvikling og demonstrasjon. Dette inkluderer ei betydeleg auka satsing på teknologisenter Mongstad og forsknings- og utviklingsprogrammet Climit. I tillegg vert det foreslått etablert eit CO₂-handteringsprogram som skal leggje til rette for at bedrifter kan realisere fullskala CO₂-handteringsprosjekter i Noreg, og Regjeringa vil sikre økonomiske og andre rammevilkår som kan utløyse minst eitt slikt prosjekt. Føresetnad er at det blir etablert ei formålsteneleg fordeling av risiko og kostnader mellom bedriftane og staten. Gassnova arbeidar også med å kartleggje og analysere mulighetsrommet for fullskala CO₂-handtering i Noreg utover Mongstad. I tillegg vert det lagt opp til å støtte utvikling av CO₂-handteringsprosjekter internasjonalt.

Aktuelle klimatiltak kan ha negative effektar for naturmangfald og andre viktige miljøverdiar. Det er etablert politikk at ein skal prioritere tiltak som har positiv effekt for å motverke klimaendrin-

gar og positiv eller akseptabel effekt for bevaring av naturmangfald og andre viktige miljøverdier. Internasjonalt er Noregs satsing på å bevare regnskog eit godt eksempel på eit slikt vinn-vinn-tiltak med positiv effekt både i klimasamanheng og for bevaring av naturmangfaldet. Også nasjonalt vil ein søkje å finne denne typen vinn-vinn-tiltak.

Oppfølginga av klimameldinga og klimaforliket

Klimameldinga (Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk) vart lagt fram 25. april 2012. Regjeringa foreslår her å forsterke bruken av verkemiddel i den nasjonale klimapolitikken. Klimameldinga vart følgt opp med eit nytt forlik i Stortinget med Høgre, Kristelig Folkeparti og Venstre.

Klimameldinga og klimaforliket frå 2012 viser til at basert på Statens forureiningstilsyn (no Miljødirektoratet) sin tiltaksanalyse, dei sektorvise klimahandlingsplanane, og eksisterande bruk av verkemiddel, vart det i den førre klimameldinga anslått som realistisk å ha eit mål om å redusere utsleppa i Noreg med 13-16 millionar tonn CO₂-ekvivalenter i forhold til referansebana slik den er presentert i Nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Dette inneber i tilfelle at om lag halvparten og opp mot to tredelar av Noregs samla utsleppsreduksjonar vert teke nasjonalt. Stortingets behandling av klimameldinga innebar ei ytterlegare opptopping av klimatiltaka (klimaforliket). Basert på ei skjønsmessig vurdering vart det lagt til grunn at dei nye tiltaka i klimaforliket gjer det realistisk å rekne med ytterlegare utsleppsreduksjonar i Noreg, og at intervallet for utsleppsreduksjonar kunne aukast til 15-17 millionar tonn CO₂-ekvivalenter i forhold til referansebana slik den er presentert i Nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Dette innebar i tilfelle at om lag to tredelar av Noregs samla utsleppsreduksjonar vert teke nasjonalt, jf. Innst. S. nr. 145 (2007–2008). Mindre framgang i utvikling av klimavennleg teknologi, høgare kostnader ved klimatiltak innalands, høgare innvandring og økonomisk vekst og større utslepp frå oljesektoren vil ha betydning for når klimamåla vert nådde. Men desse forholda endrar likevel ikkje behovet for å redusere dei nasjonale utsleppa.

Klimamåla slik dei er nedfelte i det første klimaforliket står fast. Dei føreslåtte tiltaka i klimameldinga og klimaforliket inneber ei sterkare klimasatsing på fleire område, men det er ikkje mogleg på sikkert grunnlag å anslå effekten av denne satsinga i 2020. Det er for eksempel usikkert når, kor sterkt og i kva sektor auka innsats på forskning

og teknologiutvikling vil gi resultat i form av reduserte utslepp.

Regjeringa har med utgangspunkt i Enova oppretta eit klima- og energifond til teknologiutvikling i industrien. Målet er teknologiutvikling som får ned klimagassutsleppa. I klimaforliket frå 2012, vart det semje om at fondet skal aukast gradvis til 50 mrd kroner i 2016. Enova skal følge opp satsinga i nært samarbeid med næringslivet, forskingsmiljø, Miljødirektoratet og andre offentlege etatar. Regjeringa har sett som mål å auke elektrifiseringa av olje- og gassutvinning offshore med kraft frå land. For å gi selskapa auka insentiv for elektrifisering auka Regjeringa CO₂-avgifta for petroleumsverksemda med 200 kroner pr. tonn ved inngangen av 2013. Det er nesten ei dobling av avgifta som no er tilbake på nivået frå før petroleumsverksemda vart ein del av kvotesystemet.

Regjeringa har som mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal skje ved kollektivtransport, sykkel og gange. Dette målet er stadfesta i Meld. St. 26 (2012–2013) Nasjonal Transportplan 2014–2023, der òg ei rekkje andre punkt i Klimaforliket er følgde opp. Mellom anna legg Regjeringa opp til ei gradvis utbygging av Inter-City-strekningane, slik at det innan 2024 vil vere samanhengande dobbelspor til Tønsberg, Seut/Fredrikstad og Hamar, og med ambisjon om ferdigstilling av heile Inter-City-triangelen innan 2030. I tillegg blir det innført ein ny måte å organisere transportpolitikken i byområda, gjennom heilskaplege bymiljøavtaler. Bilavgiftene skal framleis nyttast som verkemiddel for ei omlegging til ein meir miljøvennleg bilpark. I klimaforliket frå 2012 vart det semje om at det skal sikrast pengar til påskjøningsordninga for kollektivtransport, og at avgiftsfordelane for reine nullutsleppsbilar blir førde vidare ut neste stortingsperiode (2017).

Energikrava i byggjeforskrifta skal skjerpast til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenerginivå i 2020. Regjeringa arbeider med å fastsetje reglar som definerar passivhusnivå og nesten nullenerginivå. Avgjerd om kravnivå vert gjort på bakgrunn av utgreiingar av samfunnsøkonomiske og helsemessige konsekvensar og kompetansen i byggenæringa. Bruken av oljekjellar i hushald og til grunnlast skal fasast ut. Enova skal kunne gi tilskot til hushald som vil skifte ut oljefyren. I samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk bad Stortinget Regjeringa innføre forbod mot fyring med fossil olje i hushald og til grunnlast i andre bygningar i 2020.

Regjeringa vil halde ved lag eller auke karbonlageret gjennom aktiv, berekraftig skogpolitikk

blant anna gjennom styrkt innsats innan skogplan-
teforedling, auka plantetettleik og ved å gjeninn-
føre forbodet mot hogst av ungskog og styrking
av skogvernet. Regjeringa vil leggje fram ein stra-
tegi for auka skogplanting. Som underlag til dette,
har Miljødirektoratet, Statens landbruksforvalt-
ning og Norsk institutt for skog og landskap laga
ein rapport om aktuelle areal og miljøkriterium
der skogplanting kan vere aktuelt. Regjeringa vil
øg medverke til å utvikle biogass i Noreg. Det er
nedsett ei interdepartemental gruppe som arbei-
der med ein tverrsektoriell biogasstrategi.

Regjeringa vil arbeide for ei brei og ambisiøs
klimaavtale. Innanfor ei samla aukande bistands-
ramme vil Regjeringa etter ei evaluering vurdere å
styrkje klima- og skogprosjektet utover
3 mrd. kroner årleg som del av ein fleirnasjonal
mekanisme for betaling for verifiserte utsleppsre-
duksjonar om andre land òg aukar sine bidrag.

Regjeringa vil medverke til reduserte utslepp
av kortliva klimadrivarar som svart karbon (sot)
og metan gjennom eit styrkt internasjonalt enga-
sjement. Miljødirektoratet har i 2013 i samarbeid
med Statistisk Sentralbyrå laga eit nasjonalt
utleppsrekneskap for svart karbon. Eit utkast til
ein nasjonal handlingsplan for utsleppsreduksjo-
nar vil bli lagt fram i 2013.

Regjeringa vil òg medverke til at Det grøne
klimafondet kjem over i ei operasjonell fase.
Regjeringa vil trappe opp klimaforskninga vidare. I
klimaforliket frå 2012 vart det semje om at Regje-
ringa i dei kommande statsbudsjetta skal auke løy-
vingane til Forskingssentra for miljøvennleg
energi (FME) og at det blir oppretta eit FME-sen-
ter for geotermisk energi. Basert på erfaringane
med lovgiving og verkemiddelbruk i dag vil Regje-
ringa vurdere om det er føremålstenleg å utar-
beide ei eiga klimalov.

Internasjonalt klimaarbeid

FN sitt klimapanel la i september fram den nyaste
rapporten om det naturvitenskapelege kunn-
skapsgrunnlaget om klimaendringane. Det er
heva over tvil at det pågår ei oppvarming av klima-
systemet. De tre siste tiåra har vore varmare enn
noko tiår sidan 1850. Det er 95-100 prosent sikkert
at menneska har forårsaka over halvparten av
temperaturaukinga sidan 1950. Konsentrasjonane
av CO₂, metan og lystgass i atmosfæra er dei
høgaste på minst 800 000 år. Om utsleppa held
fram med å auke betydeleg i dette århundret, kan
temperaturen stige med meir enn 4 grader Cel-
sius fram mot 2100. Samtidig viser rapporten at

Boks 22.2 Kva er skilnaden mellom kvotesystemet og CO₂- avgifta?

Kvotesystem og CO₂-avgiftssystem er begge
effektive verkemiddel i klimapolitikken, men
med enkelte viktige skilnader. I eit kvotesys-
tem fastset styresmaktene den totale utslepps-
mengda av klimagassar som dei kvotepliktige
verksemdene har lov til å sleppe ut i ein viss
periode. Kvotemengda utgjør då eit øvre tak
for utsleppa, og prisen på kvotane blir bestemt
i marknaden. CO₂-avgifta gir ein føreseieleg
pris på utsleppa, men ein set ikkje eit øvre tak
for utsleppa på same måten som i eit kvotesys-
tem. Sidan Noreg tek del i det europeiske kvo-
tesystemet er det, til forskjell frå CO₂-avgifta,
ikkje sikkert at utsleppseffekten av kvotesys-
temet skjer i Noreg. Den kan like gjerne skje i
Polen eller Tyskland. Til gjengjeld veit vi den
totale utsleppseffekten i systemet, og det blir
lagt til rette for kostnadseffektive utsleppsre-
duksjonar på tvers i Europa. Kvotesystemet til
EU opnar i tillegg for ein avgrensa import av
kvotar frå utviklingsland. Dette inneber at det
samla ambisjonsnivået til ei viss grad kan opp-
fyllast også gjennom utsleppsreduksjonar
utanfor Europa. Kvotesystemet er relativt nytt
i faktisk bruk i Noreg og elles i verda. Vi må
derfor sjå på kvotesystemet som eit system
under utvikling med potensial til å bli eit endå
meir effektivt og viktig verkemiddel for å
reducere våre utslepp av klimagassar.

det er mogleg å hindre dei mest alvorlege conse-
kvensane om verdas land blir einige om raske og
kraftige kutt i klimagassutsleppa.

Partane til FN sin klimakonvensjon har sidan
partskonferansen i København i 2009 vore einige
om målet - at den globale gjennomsnittstempera-
turen ikkje bør stige meir enn to gradar Celsius
samanlikna med førindustrielt nivå. Øystatane og
dei minst utvikla landa held fast at 1,5 gradar tem-
peraturauking bør vere maksimum. Den globale
utsleppskurva bør ifølgje FN sitt klimapanel
vende nedover før 2020 dersom ein skal ha rime-
leg sikkerheit for å halde global oppvarming
under to gradar.

Berre ved å handle i fellesskap og meir mål-
retta kan vi unngå dei verste konsekvensane av
global oppvarming. I 2011 i Durban, Sør-Afrika,
bestemte ein under klimakonvensjonen å framfor-

handle ein ny klimaavtale innan 2015, som skulle gjelde for alle land og med verknad frå 2020. Dei rike industrilanda si samla andel av dei globale utsleppa er no under halvparten og andelen blir gradvis mindre, sjølv om få av landa har klart å redusere utsleppa vesentleg sidan 1990. Den største veksten i globale utslepp skriv seg no frå raskt voksende økonomiar, spesielt utviklingsland i Asia. Forhandlingane om ein ny avtale må vere basert på desse realitetane, samtidig med at ein tek tilstrekkeleg omsyn til at det står igjen betydelege utfordringar i arbeidet for ei berekraftig utvikling.

Noregs prioriterte område i forhandlingane er:

- Ambisiøse mål om utslippsreduksjonar for alle store utsleppsland, og ein samla innsats i tråd med togradarsmålet
- Finansiell støtte til utslippsreduksjonar og tilpassing i utviklingsland, slik at dette gir best moglege resultat for gjennomføring av utslippsreducerande tiltak og tilpassing til klimaendringar
- Vere leiande i arbeidet med å redusere avskoging i utviklingsland
- Gode og etterprøvbare system for at land held sine forpliktingar, inkludert felles internasjonale reglar for måling, rapportering og verifikasjon av klimagassutslepp
- Utvikling av fleksible gjennomføringsmekanismer og globale karbonmarknader

Klimaforhandlingane fram mot ei avtale i 2015 og styrkt innsats for å redusere utslepp fram mot 2020 blir avgjerande for om verda klarer å halde global oppvarming under to grader. Industrilanda har stått for dei største utsleppa av klimagassar til no og har økonomisk evne til å gå føre i kampen mot klimaendringar, og må derfor gå føre i å ta på seg forpliktingar om kraftige utslippsreduksjonar. Noreg vil halde fram med å vere ein pådrivar og konstruktiv partner i forhandlingane med sikte på å vere leiande i arbeidet med å styrkje det internasjonale klimaregimet under FN.

Noregs visjon er ei avtale som:

1. Er folkerettsleg bindande og som kan ratifiserast i form av ein protokoll under Klimakonvensjonen.
2. Er vitskapsdriven: Legg til grunn den beste vitskapelege kunnskapen. Klimapanelets femte rapport i 2014 vil gi eit avgjerande grunnlag for avtala.
3. Er effektiv for å sikre togradermålet.
4. Er inkluderande og sikrar brei deltaking.
5. Legg grunnlag for kostnadseffektiv verkemiddelbruk.

6. Blir oppfatta som rimeleg og rettferdig i utforming av forpliktingar og støtte til gjennomføring.
7. Forpliktar alle og sikrar integritet og openheit i gjennomføringa.
8. Etablerer eit minimum av felles internasjonale forpliktingar, rettar og reglar.
9. Er realistisk i forhold til korleis verda ser ut i 2020 og framover: Den må differensierast på basis av faktiske skilnader i økonomi, utslepp, m.v. og ikkje ei utdatert todeling av verda.
10. Er dynamisk og fleksibel slik at den kan tilpasse seg endringar over tid, under dette nye vitskapelege innsikter.
11. Medverkar til prising av klimagassutslepp.
12. Gir høve til bruk av fleksible mekanismar og legg til rette for velfungerande karbonmarknader.
13. Nedfeller klare og robuste rammer for landa sitt arbeid for å tilpasse seg klimaendringane og redusere klimasårbarheita si.

Finansiering er eit viktig element i å finne løysingar på klimautfordringa, og vil spele ei sentral rolle også for den nye avtala. Under klimatoppmøtet i København i 2009 forplikta i-landa seg til kollektivt å mobilisere 100 milliardar USD pr. år innan 2020 frå ulike typar finansieringskjelder, både offentlege, private og innovative. Det vil vere viktig å byggje vidare på det gode arbeidet som allereie er gjort, blant anna med å etablere institusjonar og mekanismar for finansiering under Klimakonvensjonen. Det grøne klimafondet vil kunne spele ei nøkkelrolle på dette feltet i åra framover. Noreg har spelt ei sentral rolle i opprettinga av fondet, og vil halde fram med å arbeide for ei rask og god operasjonisering av fondet slik at det kan medverke til omstillinga til lågutlepps-samfunn og klimarobuste samfunn som fondets styrande instrument beskriv.

I København i 2009 starta ein prosess som har resultert i innmelding av utslippsmål for 2020 frå om lag 90 land. Store i-land som USA, Canada, Japan og Russland, samt noko over 40 u-land, har presentert politisk bindande målsettingar for utslippsreduksjonar fram til 2020. Måla blei formelt bekrefta i FN-vedtak i Cancún i 2010, og det er etablert nye reglar for rapportering om framgang for å nå desse måla. Desse måla er ikkje juridisk bindande og innholdet i måla er ikkje einsarta og til dels uavklarte.

Den første perioden med utslippsplikter under Kyotoprotokollen vart avslutta i 2012, men endeleg oppgjer for denne perioden vil først finne stad i 2015. På FN's klimakonferanse i Doha i 2012

vart det vedteke ein ny periode med utsleppsforpliktingar under protokollen, for perioden 2013–2020. Landa som har påteke seg nye utsleppsplikter under Kyotoprotokollen er, i tillegg til Noreg, Australia, EU, Island, Kasakhstan, Kroatia, Kviterussland, Liechtenstein, Monaco, Sveits og Ukraina. For Noreg inneber vedtaket ei ny utsleppsforplikting som er konsistent med målet om 30 pst. utsleppsreduksjon innan 2020, i høve til 1990-utsleppa. Det var politisk semje på FN's klimakonferanse i Doha om at landa skulle starte gjennomføringa av andre forpliktingsperiode frå 1. januar 2013. Andre forpliktingsperiode under Kyotoprotokollen vert først rettsleg bindande når 144 land har gitt etterfølgjande samtykke til denne.

Noreg har òg på vilkår lagt fram eit mål om 40 pst. reduksjon frå 1990-nivå før 2020 dersom det kan medverke til semje om ei ambisiøs klimaavtale der dei store utsleppslanda tek på seg konkrete utsleppsforpliktingar.

Den innsatsen som er mobilisert er betydeleg, men likevel langt ifrå nok. Ifølge FN sitt miljøprogram, UNEPs «Emissions Gap Report» fra 2012, vil full gjennomføring av desse måla likevel ikkje levere meir enn om lag ein tredjedel av det som er nødvendig før 2020 for å hindre auka temperaturar over to grader. I Durban blei det derfor også vedteke å arbeide for større utslippsreduksjonar før 2020 og før ein ny avtale planleggast å ha effekt.

Meir enn 100 land har ikkje fastsett noko mål om utslippsreduksjonar eller -begrensningar før 2020. For å dekke utslippsgapet er det viktig at fleire land set seg mål, og moglegheitene til å auke dei noverande ambisjonane må vurderast.

I tillegg må ein utnytte internasjonale felles initiativ som kan bidra med betydelege, raske utslippsreduksjonar. Slike felles initiativ må spille saman med den innsatsen som allereie er i gang, og forsterke denne.

For å medverke til større utsleppsreduksjonar før 2020 prioriterer Noreg òg auka innsats på følgjande område:

- Redusert avskoging i utviklingsland, blant anna gjennom Regjeringas Klima- og skogprosjekt, uformelle partnerskap og REDD+ partnerskapet.
- Reduksjonar av utslepp av kortliva klimadrivarar, slike som sot, og raskare utfasing av HFK-gassar med høgt globalt oppvarmingspotensial.
- Verdsbankens «Partnership for market readiness», for utvikling og gjennomføring av karbonprising som verkemiddel i fleire land.

- Reform av subsidiar på fossile brensler.
- Fornybar energi.

På bakgrunn av eit norsk initiativ vedtok FN sin sjøfartsorganisasjon IMO i 2011 globale og juridisk bindande klimakrav til internasjonal skipsfart. Desse krava omhandlar krav til energieffektiv utforming av nye skip og krav til energieffektiv drift av alle skip. Krava trådte i kraft 1. januar 2013. Etablering av desse krava er eit svært viktig resultat i vanskelege forhandlingar, og det er eit første steg i arbeidet med å redusere utslepp frå skipsfarten. Arbeidet i IMO går vidare med sikte på vidare reduksjon av klimagassutslepp frå skipsfarten. Regjeringa vil halde fram med Noregs rolle som pådrivar i IMO sitt arbeid med reduksjon av klimagassutslepp frå internasjonal skipsfart.

Noreg si klima- og skogsatsing har blant anna vore viktig for å få ein internasjonal klima- og skogpartnerskap på plass som aktivt kan medverke til tiltak for få redusert avskoginga i mellomperioden fram til ny avtale. Regjeringas klima- og skogprosjekt er finansiert over løyvingar på Utanriksdepartementets budsjett. For nærare omtale sjå avsnittet Noregs klima- og skogsatsing seinare i kapitlet.

Skal verda lukkast med å redusere utsleppa i tråd med togradersmålet, må det etablerast ein internasjonal pris på karbon. Det betyr at vi treng omfattande og effektive karbonmarknader i åra som kjem. Dei fleksible mekanismane medverkar til å redusere klimagassutsleppa der det er minst kostnader knytte til å redusere utsleppa. Ein ny periode under Kyotoprotokollen sikrar òg at alle dei tre fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen vert førte vidare. Samtidig har Noreg arbeidd for at nye marknadsbaserte mekanismar skal etablerast som ein del av ei større klimaavtale. Nye fleksible mekanismar vil utvide karbonmarknaden og bringe inn utviklingsland med eigne insentiv til å redusere utslepp. I Durban vart det vedteke å definere ein ny marknadsbasert mekanisme under Klimakonvensjonen, og å starte arbeidet med å presisere denne nærare. I Doha vart det oppretta 3 arbeidsprogram, som tek omsyn til ulike syn på marknadsmekanismar. På COP 19 i Warszawa skal det takast avgjerder under kvart av desse 3 arbeidsprogramma. Noreg har blant anna argumentert for å opprette sektorbaserte mekanismar. Ei utvikling av slike nye marknadsbaserte mekanismar kan ha mange fordelar, blant anna ved å medverke til at utviklingslanda i større grad får kontroll på eigne utslepp og utviklar

eigne strategiar for utsleppsreducerande tiltak. I Durban vart det òg vedteke eit rammeverk for å utvikle meir generelle standardar eller prinsipp for internasjonale handel med utsleppsrettar. For å sikre reelle utsleppsreduksjonar og å unngå dobbeltteljing av karbonkredittar er det viktig å etablere felles reglar for måling, rapportering og verifikasjon av internasjonale marknadsbaserte mekanismar.

Gjennom det statlege kvotekjøpsprogrammet som er etablert i Finansdepartementet medverkar Noreg til å utvikle marknaden for kvotehandel, jf. Prop. 1 S (2013–2014).

Kunnskap og forskning

Klimautfordringane stiller samfunnet overfor store langsiktige utfordringar. Kunnskap om korleis konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren kan avgrensast, særleg forskning på utsleppsreducerande teknologiar og praksis, vil spele ei avgjerande rolle. Klimaforskinga er internasjonal, samtidig som kvart land treng tilpassa klimakunnskap for å møte klimautfordringa. Ein god nasjonal forskingsbasis set også Noreg i stand til å gi vesentlege bidrag til den internasjonale klimaforskinga.

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet under resultatområdet. Regjeringa går inn for å styrkje klimarelatert forskning, og vil prioritere overvaking av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringar i nordområda.

Det er gjort nærare greie for klimaforskinga i klimameldinga. Mykje av midlane til klimaforskinga er forvalta av Noregs forskingsråd gjennom forskingsprogrammet Norklima. Forskningsprogrammet NORKLIMA blir avslutta i 2013, og Forskningsrådet planlegg no ei ny klimasatsing. Innrettinga av den nye satsinga vil blant anna ta utgangspunkt i ei evaluering av klimaforskinga som vart lagt fram i juni 2012.

Klimatilpassing

Kunnskap som medverkar til eit heilskapeleg bilete av kva klimaendringane vil bety for Noreg er viktig for å kunne utvikle tilpassingsstrategiar og avgjere korleis vi best kan tilpasse oss. Regjeringa arbeider derfor for å få fram meir kunnskap om klimaendringane og klimatilpassing ved å utvikle og leggje til rette kunnskap om klimaendringane og effektar i Noreg, og å ta vare på omsy-

net til klimatilpassing i relevante forskingsprogram.

Noregs første offentlege utgreiing om konsekvensane av klimaendringane for Noreg «NOU 2010: 10 Tilpassing til eit klima i endring – samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringar» konkluderer med at Noreg har eit godt utgangspunkt for å møte dei utfordringane eit endra klima kan gi. Utgreiinga vart i 2013 følgt opp av ei Stortingsmelding, jf. Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge. Stortingsmeldinga gjer greie for konsekvensar av klimaendringar for natur og samfunn og legg fram dei felles rammene for korleis samfunnet best mogleg kan møte eit endra klima. Sjå boks 31.3 for omtale av meldinga.

I perioden 2008–2012 har det innan rammene av det nasjonale tilpassingsarbeidet vore gjort viktige framskritt, jf. Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge og Innst. S. 497 (2012–2013). Mange kommunar og fylkeskommunar har teke tak i utfordringa ved å kartleggje konsekvensar og vurdert korleis omsynet til framtidige klimaendringar kan takast vare på. Gjennom tilpassingsarbeidet under «Framtidens byer» har 13 av dei største byane etablert klimatilpassingsplanar. Sektorstyresmakter har gjennomført kartleggingar og endra krav og retningslinjer for å ta høgde for eit endra klima.

Heilskapeleg arbeid med tilpassing til klimaendringar

I tråd med ansvarsprinsippet har alle departement ansvar for å ivareta omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor.

Miljøverndepartementet har ansvaret for å leggje til rette Regjeringas heilskapelege arbeid med klimatilpassing.

Justis- og beredskapsdepartementet har, i tillegg til sitt sektoransvar, ei generell samordningsrolle for å sikre eit koordinert og heilskapeleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av sektorgrenser. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) understøttar departementet i denne rolla.

Miljødirektoratet vil vere den fagetaten som støttar Miljøverndepartementet i arbeidet med klimatilpassing. Miljødirektoratet vil blant anna ha eit ansvar for at Miljøverndepartementet har tilgang til det naturvitskapelege kunnskapsgrunnlaget gjennom nasjonal og internasjonal klimaforsking. Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast i gjennomføringa av departementet sitt arbeid med klimatilpassing.

Miljødirektoratet vil òg ha ei rolle i å støtte Miljøverndepartementets arbeid med klimatilpassing i internasjonale fora, som FNs klimakonvensjon og FNs klimapanel.

Det vil vere viktig å syte for involvering av aktuelle direktorat når Miljødirektoratet skal gi råd til Miljøverndepartementet i samband med oppfølging av Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge. Eksempelvis vil denne rolla vere aktuell når Miljødirektoratet skal gi innspel til Miljøverndepartementets arbeid med den statlege planretningslinja for klimatilpassing i regionale og lokale styresmakter si samfunns- og arealplanlegging. Når ei statleg planretningslinje om klimatilpassing er etablert vil Miljødirektoratet ha ansvaret for oppfølging av denne. Heilskap i statlege føringar er viktig då klimaendringane vil ha verknader på ei rekkje samfunnsforhold som det må takast omsyn til i den langsiktige samfunns- og arealplanlegginga. Ansvarsdeling på direktoratsnivå når det gjeld oppfølging av retningslinja på enkelte område vil bli avklart i samband med arbeidet med planretningslinja.

Miljødirektoratet vil ha ansvar for nettportalen www.klimatilpassing.no der kommunar og andre aktørar vil kunne finne samla informasjon om klimatilpassing frå ulike fagetatar og direktorat, som har ansvar innan klimatilpassing. Det vil nokre gonger vere mest praktisk med tydelege lenker til andre viktige informasjonskanalar frå andre direktorat. I samband med Miljødirektoratets ansvar for www.klimatilpassing.no og elles råd til Miljøverndepartementet vil det vere viktig at direktoratet samarbeider med *Senter for klimatjenester* og andre aktuelle fagetatar og styresmakter som har kompetanse og formidlingsansvar for reine klimadata som er grunnlaget for vurderingar av klimaendringane sine verknader.

DSB har eit overordna samordningsansvar for arbeidet med samfunnstryggleik, og skal i den samanhengen òg ta omsyn til klimaendringar gjennom:

- Lokalt: oppfølging av kommunane sitt arbeid
- Regionalt: arbeid retta mot fylkesmenn og fylkeskommunar
- Nasjonalt: tverrsektorielt arbeid mellom etatar og forvaltningsnivå

DSB gir råd og rettleiing til kommunane om korleis dei kan integrere klimatilpassing i ulike delar av planprosessen for å ivareta samfunnstryggleiken, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Direktoratet skal derfor ut frå dette ansvaret formidle kunnskap om klimaendringar, og utvikle rettleiarar, verktøy og metodikk til bruk i planlegging.

Dette inneber òg at DSB skal drive nettverksbygging og erfaringsutveksling, og arrangere og delta på klimatilpassingssamlingar med aktørar på ulike nivå. DSB får gjennom sitt analyse- og utgreiingsarbeid, og i kraft av verkemiddel som evalueringar, undersøkingar og tilsyn, kunnskap og kompetanse om samfunnets sårbarheit. Denne kompetansen blir nytta til oppfølging, læring og førebygging i det langsiktige arbeidet med samfunnstryggleiken, under dette klimatilpassing.

Kommunane vart 1. januar 2010 gjennom tidlegare sivilvernelova pålagt ei beredskapsplikt som gir tydelegare og skjerpa krav til kommunane. Kravet blei vidareført i ny sivilbeskyttelseslov som trådte i kraft 1. januar 2011. Kommunane skal utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse som skal omfatte heile risikobiletet, også konsekvensar for klimaendringar. Dette gir ei plikt til å kartleggje kva slag uønskte hendingar som kan inntreffe i lokalsamfunnet, vurdere kor sannsynleg det er at desse skjer, og korleis desse hendingane kan påverke lokalsamfunnet. Kommunen er med dette pålagt å ta omsyn til endra klima i si planlegging.

DSB har etatsstyringsansvar for fylkesmannen (FM) på samfunnstryggleiksområdet. Gjennom embetsoppdrag til fylkesmannen stiller DSB krav til FMs oppfølging av kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, under dette tiltak knytte til klimaendringar. DSB fører tilsyn med FM på dette området.

Mange etatar og fagmiljø er involverte med ulik spesialkompetanse når det gjeld framtidige endringar i havnivåstigning og stormflod. Dette gjeld blant anna NVE, Statens kartverk, Bjerknes-sentret, DSB, Meteorologisk institutt m.v. Miljødirektoratet får ansvaret for å samordne og gi samla råd til Miljøverndepartementet om kva prognosar for havnivåstigning som bør leggjast til grunn for planlegging i ulike delar av landet. Prognosar og råd må oppdaterast jamleg i samband med FNs klimapanel sine hovudrapportar, og alle aktuelle fagetatar vil bli involverte. Senter for klimatjenester vil ha ei viktig rolle i arbeidet med prognosar og med å utarbeide tal for havnivåstigning. DSB vil i tråd med si samordningsrolle for samfunnstryggleik ha som oppgåve å koordinere det førebyggjande arbeidet med klimatilpassing som trugar samfunnstryggleiken og vil i denne samanhengen gi råd om korleis prognosane for havnivåstigning skal brukast i kommunane sitt planarbeid. Direktoratet vil involvere aktuelle fagetatar.

Auka nedbørsintensitet vil føre til aukande problem med overvatn i byar og tettstader. Fleire styresmakter har ansvar for regelverk som har betydning for kommunane si handtering av over-

vatn. Miljødirektoratet er gitt ansvaret for å ha oversikt over regelverk og rammevilkår for kommunane si handtering av overvatn. Blant anna vil det vere viktig å gi forslag til heilskaplege føringar og informasjon om handtering av overvatn i den statlege planretningslinja om klimatilpassing. Miljødirektoratet vil involvere andre aktuelle fagetatar i dette arbeidet. Miljødirektoratet vil òg ha sekretariatsansvaret for lovutvalet som skal

utgreie og komme med eventuelle forslag til korleis kommunane sine rammevilkår for handtering av overvatn kan betrast. Andre aktuelle fagetatar vil òg bli involverte i arbeidet med lovutvalet.

NVE og Meteorologisk Institutt vil gjennom Senter for klimatjenester ha ei viktig rolle i å utvikle og formidle kunnskap og informasjon om ekstremnedbøren sine verknader på overvass- og flaumsituasjonar i byar og tettstader.

Boks 22.3 Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge

Noreg vert varmare og våtare. Klimaendringane vil få store konsekvensar for natur og samfunn, og planlegginga må ta omsyn til dette. I mai 2013 la regjeringa fram ei stortingsmelding om korleis vi skal tilpasse oss til klimaendringane i Noreg.

Stortingsmeldinga om klimatilpassing gjer greie for konsekvensane av klimaendringar i Noreg og legg fram felles rammer og verkemiddel for å ivareta klimatilpassing i planleggings- og avgjerdsprosessar.

I meldinga kjem det fram at Regjeringa vil styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom meir aktiv overvaking av klimaendringane, opptrapping av klimaforskinga og utvikling av det nasjonale senteret for klimatenester. Senteret skal gi meir presis og detaljert informasjon om korleis klimaet vil kunne endrast.

Klimaframskrivingar er eit viktig grunnlag for tilpassinga til klimaendringane. Ingen kan vite eksakt kor mykje temperaturen eller nedbøra kjem til å auke, men Regjeringa vil leggje dei høgaste alternativa til grunn når den skal vurdere konsekvensane av klimaendringane.

Kommunane er førstelinjeteneste i møtet med klimaendringar. Omsynet til eit endra klima må bli ein del av det daglege arbeidet i norske kommunar. Den statlege påverknaden på kommunane sitt arbeid med klimatilpassing vil bli samla i den eksisterande statlege planretnings-

linja for klima og energi. Det vil blant anna gjere det enklare å ta omsyn til klimatilpassing i planlegginga etter plan- og bygningslova. I kommuneplanens arealdel kan kommunen til dømes vedta føresegn som hindrar utbygging i skredutsatte område, syte for sikringsmargin i flaumutsatte område eller påleggje utbyggjar lokal handtering av overvatn.

Større og meir intense nedbørsmengder stiller store krav til byane, som må handtere overvatn og lokale regnflaumar. Meir nedbør i framtida kan forsterke desse utfordringane. Regjeringa vil opprette eit offentleg utval som skal vurdere dagens regelverk og komme med eventuelle forslag til betring av rammevilkåra for handteringa av overvatn.

Regjeringa har tidlegare omtalt klimatilpassing i statsbudsjettet for 2009 og i ei offentleg utgreiing frå 2010 – Tilpassing til eit klima i endring. Mange sektorstyresmakter og kommunar er no godt i gang med tilpassingsarbeidet. Forskinga er styrkt og kompetansen i kommunane er betra. Med denne stortingsmeldinga varslar Regjeringa auka merksemd om korleis Noreg skal handtere eit klima i endring.

Samla kunnskapsstatus, konsekvensar og tilpassingsbehov for Noreg skal oppdaterast i tilknytning til hovudrapportane frå FN's klimapanel, dersom det kjem fram vesentleg ny kunnskap der.

Noregs klima- og skogsatsing

Situasjonsbeskriving

Regjeringas klima- og skogsatsing vart lansert under FN's klimaforhandlingar på Bali i desember 2007, som eit bidrag til den internasjonale innsatsen med å redusere utslipp av klimagassar frå avskoging og skogforringing i utvi-

klingsland (REDD+). Initiativet var del av det første klimaforliket i Stortinget i 2008.

For ein grundig gjennomgang av klima- og skogsatsinga, sjå Utanriksdepartementets og Miljøverndepartementets budsjettproposisjonar frå og med St.Prop. nr. 1 (2008–2009), og Meld. St. 14 (2010–2011) – Mot en grønnere utvikling og Meld. St. 21. (2011–2012) – Norsk klimapolitikk.

Utviklinga av klimagassutsleppa globalt og konsekvensane av desse krev rask og målretta handling. Dersom ein skal ha høve til å avgrense den globale oppvarminga til 2 grader C i forhold til førindustrielt nivå innan 2020 må verda handle nå. Situasjonen i FN's klimaforhandlingar tilseier at frivillige initiativ som Noregs klima- og skogsatsing vil vere avgjerande i denne samanhengen.

FN sitt klimapanel har i ein rapport som vart lagt fram i september 2013 berekna at endringar i arealbruk (hovudsakleg avskoging) utgjer om lag 10 prosent av dei globale utsleppa av CO₂. Dette er lågare enn tilsvarande berekningar i klimapanelet si førre hovudrapport frå 2007. Endringa skuldast dels auka utslepp av CO₂ frå andre sektorar og dels nettoeffekten av redusert avskoging og auka skogreising siste tiår, samanlikna med førre tiår. Bevaring av tropisk skog er med andre ord svært viktig for å motverke klimaendringar. Skogen spelar òg ei anna sentral rolle ved å dempe skadeverknadene av klimaendringane, og er av stor betydning for mange lokalsamfunn si tilpassing til endra levekår. Skog hindrar erosjon og er essensiell for forsvarleg forvaltning av nedbørsfelt og kraftforsyning. Intakt skog har òg betydning for lokale klimaforhold.

Ifølgje anslag frå Verdsbanken er om lag 1,6 milliardar menneske heilt eller delvis avhengige av skogar for sitt livsopphald. Blant desse inngår meir enn 90 pst. av den milliarden menneske som lever i ekstrem fattigdom. Følgjeleg er tallause fattige lokalsamfunn direkte og indirekte truga av avskoging og global oppvarming. Dersom effektane av klimaendringane ikkje blir handterte, vil innsats for utvikling gjennom mange tiår bli sett tilbake, noko Verdsbankens rapport «Turn Down the Heat», utgitt hausten 2012, illustrerer. Ei negativ utvikling vil ramme dei minst utvikla landa mest, i tillegg til at nye og større grupper av verdsbefolkninga står i fare for å få forringa eller øydelagt livsgrunnlag sitt. Biologisk mangfald, globale og regionale nedbørsmønster, lokal vass- og matforsyning, og urfolk sitt sosiale og økonomiske livsgrunnlag avheng av intakt eller berekraftig forvalta skog. Avskoging og skogforringing trugar menneske sin tryggleik og helse for noverande og framtidige generasjonar.

REDD+ har ført med seg betydelege utviklingsgevinstar utover bevart skogdekke, som for eksempel investeringar i kapasitetsbygging og tiltak for styrkt dialog mellom styresmakter og lokalsamfunn. Auka fokus på styresett og openheit i det førebuande REDD-arbeidet har medverka til å fremje rettsstatsprinsipp og lokalt demokrati. REDD-agendaen har i fleire land med-

verka til viktige reformer i skog- og arealforvaltninga som kan resultere i meir rettvis fordeling av verdiar frå skog. REDD har òg medverka til å styrkje kampen mot illegal handel med tømmer og truga dyrearter som undergrev forvaltninga og økonomien, og i enkelte tilfelle sjølve det politiske systemet. Vidare har REDD lagt til rette for nye høve til investeringar og arbeidsplassar i ein grønare økonomi.

Eit viktig rammevilkår for satsinga er erkjenninga av at kampen mot klimagassutslepp frå avskoging er uløyselig knytt til kampen mot fattigdom og for ei berekraftig økonomisk utvikling. Det vil på lang sikt vere umogleg å oppnå varige globale reduksjonar i utslepp frå avskoging utan å syte for berekraftig utvikling for dei som bur i og rundt skogen. Av stor betydning for langsiktige resultat av skogsatsinga, og for utviklingslanda si eventuelle støtte til å inkludere skog i eit nytt klimaregime, er finansieringsmekanismer, mekanismer for fordeling av gode, avklaring av bruks- og eigedomsretter og retten til karbon bunden i skog, og produktiviteten i omkringliggjande landbruk.

Mål

- Utslepp frå avskoging og skogforringing i utviklingsland (REDD+) inngår i ei ny internasjonal klimaavtale
- Kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og skogforringing i utviklingsland
- Bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon

Desse måla skal vere styrande for tilnærmingar og prioriteringar, og vedtak om igangsetjing, videreføring eller endring av støtte. Det er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk å medverke til berekraftig utvikling og reduksjon av fattigdom. For norsk klimapolitikk er det eit overordna mål å medverke til å få på plass eit globalt, bindande og langsiktig regime for reduksjon i utslepp av klimagassar. Desse er difor naturlege overordna målsetningar for klima- og skogsatsinga. Langsiktig skogbevaring er avhengig av at resultat vert oppnådd også på andre områder enn reduserte utslepp av klimagassar. Klima- og skogsatsinga skal difor gjennom arbeidet sitt òg medverke til bevaring av naturskog, berekraftig utvikling og stryking av urfolk sine rettar. I arbeidet for å nå måla skal klimapolitikken og utviklingspolitikken underbygge kvarandre gjensidig. Dette er i samsvar med Regjeringa si hand-

lingsplan for miljøretta utviklingssamarbeid. Den føretrekte tilnærminga for landsatsingane er å etablere mekanismar der Noreg betaler for verifiserte utsleppsreduksjonar, mens utviklingslanda brukar denne betalinga til å finansiere sine nasjonale planar for berekraftig utvikling basert på låge klimagassutslepp.

Tiltak som kan finansierast over denne posten omfattar blant anna følgjande tiltak i dei tre hovudfasane av REDD+ (tiltak kan omfatte fleire fasar og det kan vere glidande overgang mellom fasane ettersom tiltaka blir utvikla):

- REDD+ fase 1 (REDD Readiness-fasen: innleiande førebuingar og klargjering – for at partnarlanda i siste fase skal kunne ta imot betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar).
Fasen blir hovudsakleg nytta til planleggings- og kartleggingsarbeid og kompetanse- og institusjonsbygging: Støtte til utforming av nasjonale strategiar, kartlegging av kapasitetsbehov, kompetansebygging, utarbeiding av analysar av drivkrefter for avskoging, kartlegging av skogressursar, etablering av referansebaner for avskoging (baselines), identifisering og utforming av planverktøy for måling/rapportering/verifisering (MRV), identifisering og utprøving av tiltak mot avskoging og gjennomføring av konsultasjonar.
- REDD+ fase 2 (Testfasen for REDD+).
Fasen blir i hovudsak nytta til framhalden kapasitets- og kompetansebygging, gjennomføring av planar og tiltak foreslått i fase 1: Investeringar i nasjonale tiltak mot drivkreftene bak avskoginga, gjennomføring av politiske reformer og i aukande grad betaling for resultat (i betydninga «stedfortredende» indikatorar for utsleppsreduksjonar) gjennom etablerte finansieringsmekanismer.
- REDD+ fase 3 (REDD+ fullt operativt).
Fasen føreset at tilstrekkeleg nasjonal kapasitet er etablert. Det blir betalt for resultat i form av verifiserte utsleppsreduksjonar. Midlar som er utbetalt/opptent for verifiserte resultat kan nyttast til tiltak som fremjar lågutsleppsbasert utvikling i medhald av avtalte prosedyrar.

Satsingsområde 2014

Regjeringas klima- og skogsatsing arbeider langs fire aksar for å nå sine mål: Forhandlingane under FNs klimakonvensjon, partnerskap med enkeltland, partnerskap med multilaterale program og støtte til det sivile samfunn.

For 2014 blir løyvinga med dette utgangspunktet blant anna foreslått brukt innan følgjande satsingsområde:

- Innsats for å etablere eit mest mogleg effektivt klimaregime under FNs klimakonvensjon, inkludert ein effektiv REDD+-mekanisme.
- Styrkje innsatsen for å systematisere og synleggjere arbeidet med å fremje utviklingseffekten ved innsatsen.
- Auka fleirnasjonal innsats, primært i form av auka betalingsvilje for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog, i perioden før 2020 og før den nye FN-avtala om globalt klimasamarbeid er operativ.
- Betaling for uavhengig verifiserte resultat i samarbeidsland, under dette Brasil, Etiopia, Guyana, Indonesia og Ecuador – potensielt også Colombia.
- Vidareføring av støtte til relevante multilaterale program: Spesielt viktig vil støtta til FNs REDD-program (samarbeid mellom FNs miljøprogram/UNEP, FNs mat- og landbruksorganisasjon/FAO og FNs utviklingsprogram/UNDP) og Verdsbankens Readiness-fond (FCPF Readiness) vere med fokus på eit utvida engasjement i land som har komme langt i sin innsats, og arbeidet i Verdsbankens Karbonfond (FCPF CF).
- Støtte til førebuande innsats og avgrensa investeringsprogram i andre land av relevans for klima- og skogsaka, spesielt Den demokratiske republikken Kongo (via multilaterale kanalar), Tanzania, Vietnam og Mexico. Det blir òg arbeid med moglege engasjement i Peru og i Myanmar.
- Vidareføring av innsatsen for å sikra sosiale og miljømessige sikringsmekanismer i internasjonal skogsatsing.
- Vidareføring av støtta til det sivile samfunnet kanalisert gjennom Norad.
- Støtte til informasjonstiltak, utgreiingar, analysar og kampanjar som kan medverke til å auke medvitet internasjonalt og nasjonalt om klimautfordringane og avskoging, skogforringing og rolla til REDD+ i handteringa av desse.
- Vidareføring av finansieringa av den uavhengige følgjevalueringa som vart initiert av klima- og skogsatsinga for å framskaffe uavhengig dokumentasjon av resultat og erfaringar.
- Andre REDD-relevante tiltak som er retta mot drivkreftene bak avskoging, og som samtidig fremmar grøn vekt, samt tiltak for å utvikle innovative finansieringsinstrument som kan mobilisere og handsame ei blanding av ulike

finansieringskjelder for å hindre avskoging, kan støttast.

Innanfor desse områda vil det bli arbeidd systematisk for å oppnå overordna mål, og for å minimere og handtere risiko knytt til korrupsjon, styresettutfordringar og sosiale- og miljømessige forhold. Kunnskapsoppbygging, erfaringsutveksling og internasjonal oppslutning om REDD+ er òg ein del av arbeidet.

Utanriksdepartementet har som oppfølging av Innst. 470 S (2012-2013) arbeida med korleis ein kan oppnå større grad av samsvar mellom tidspunkta når tilskota til Amazonasfondet vert løyva og utgiftsrekna i statsrekneskapet, og rapportert som bistand til OECD/DAC. Utanriksdepartementet har reforhandla avtalen med Brasilianske utviklingsbanken (BNDES) slik at bidrag til Amazonasfondet kan betalast ut når verifiserte resultat er oppnådd.

Ny avtale mellom Noreg og Den brasilianske utviklingsbanken (BNDES) om støtte til Amazonasfondet blei inngått 17. september 2013.

I vedtak 696 av juni d.å. ga Stortinget fullmakt til at Utanriksdepartementet i inneverande år kan fråvike stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalinga av tilskot før det er behov for å dekke dei aktuelle utgiftene for utbetaling av tilskot til Brasil sitt Amazonasfond (Fundo Amazônia). 2 785 535 000 kroner avsett på gjeldsbrev blei betalt ut i haust. Detter er pengar sett av på grunnlag av resultatata Brasil har oppnådd i redusert avskoging i skogåra 2008-2009, 2009-2010 og 2010-2011. I tillegg er det planlagt å gjennomføre ei utbetaling på opp til ein mrd. kroner i 2013. Storleiken på denne utbetaling vil avhenge av kva resultat Brasil oppnår på redusert avskoging for skogåret 2012, samt vurderingar i samsvar med tidlegare berekningar av støtte. Tilskota som vert betalt ut skal brukast på gode utviklingsprosjekt administrert av Amazonasfondet. Midla vil bli betalt ut direkte til BNDES i samsvar med stortingsvedtak 696.

Med desse utbetalingane vil ein nærme seg ei innfriing av tilsegna på opp til USD 1 mrd. til fondet, annonsert av statsminister Stoltenberg i 2008.

Utanriksdepartementet og Miljøverndepartementet har teke initiativ til å styrkje rapporteringa om klima- og skogsatsinga. Stortinget vil bli orientert gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

Prosjektorganisasjonen i Miljøverndepartementet vil levere ein årleg rapport som summerer opp og vurderer framdrifta i initiativet. Dette gjeld bidrag både til resultat i arbeidet med dei tre prosjektspesifikke, og dei overordna klimapolitiske og utviklingspolitiske måla. Norad og ambassadar

der vi har særskilte skogsatsingar vil medverke med innspel til den årlege rapporten. I denne samanhengen er det utarbeidd eigen instruks til særskilt aktuelle ambassadar, som bl.a. omfattar krav til rapportering på både klima- og utviklingseffekten ved initiativa i dei aktuelle landa og regionane.

Regjeringa legg opp til å vidareføre klima- og skogsatsinga fram til 2020 på minst dagens løyingsnivå basert på føringane i klimameldinga. Det vil bli gjennomført evalueringar og ei påfølgande politisk prosess fram mot meir detaljerte vedtak om omfang og innretting i 2014.

Rapport 2012

Nedanfor følgjer rapportering på klima- og utviklingseffekten av klima- og skogsatsinga sin innsats i forhold til mål for 2012:

Mål 1: Medverke til at utslepp frå avskoging og skogforringing i utviklingsland (REDD+) blir omfatta av ei ny internasjonal klimaavtale.

I 2012 vart det oppnådd ein viss framgang når det gjeld utvikling av metodar for etablering av referansenivå og finansieringskjelder for REDD+, som er sentrale område for Noreg. Resultat av arbeidet i Verdsbankens karbonfond (FCPF CF) har spela ei viktig rolle i etablering av prosessar, prosedyrar og standardar for REDD+ i klimaforhandlingane under FN's Klimakonvensjon (UNFCCC). Gjennom norsk støtte til FCPF CF har Noreg medverka til fondet sitt arbeid med å utvikle regelverk for transaksjonar av utsleppsreduksjonar frå skogsektoren. I 2012 vart 900 mill. kroner utbetalt til FCPF CF.

Mål 2: Medverke til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og skogforringing i utviklingsland.

Noreg har i 2012, gjennom aktiv deltaking i program under FN, Verdsbanken og regionale utviklingsbankar, medverka til å etablere ein robust internasjonal arkitektur for å yte støtte til skogland si planlegging og gjennomføring av REDD+. Viktige resultat er oppnådde i sentrale land og det har vore framdrift i politiske prosessar.

I Etiopia er REDD+ valt som eit sentralt verkemiddel i landet sin plan for klimarobust grøn vekst, og Noreg har valt å støtte dette arbeidet som del av eit større norsk bidrag til grøn økonomisk vekst i landet. Gjennom 2012 har det vore tett dialog mellom norske og etiopiske styresmakter om innretninga av den norske støtta for å sikre at sosiale sikringsmekanismer blir tekne vare på i REDD+ og at det er samsvar med nasjonal klim-

apolitikk og planverk. Støtta omfattar òg å fremje klimasmart landbruk og fornybar energi. Innsatsen er nært knytt til, og byggjer på, fleire års arbeid med etablering av system for deltakande lokal skogforvaltning. Noreg har samtidig støtta arbeidet med å utvikle eit vegkart for overvaking, rapportering og verifisering av avskoging og skogdegradering, og har delteke aktivt i arbeidet med etableringa av eit nasjonalt klimafond.

FNs REDD-program er ein sentral aktør i å bistå land med å etablere nasjonale strategiar og tiltak for REDD+. I 2012 medverka Noreg med 197 mill. kroner til programmet sine globale og nasjonale program. Med støtte frå FNs REDD-program har Vietnam testa ut retningslinjer for å utøve prinsipp for fritt og informert førehands-samtykke for urfolk og andre skogavhengige samfunn. Arbeidet involverte lokale tilretteleggjarar i meir enn 80 landsbyar som dreiv opplæring og informasjonsarbeid retta mot skogavhengige lokalsamfunn. Dette har medverka til auka openheit og styrkte demokratiske prosessar på lokalt nivå, i tillegg til å ha gitt verdifulle erfaringar til andre delar av regionen.

Med støtte frå FNs REDD-program har Den demokratiske republikken Kongo (DR Kongo) utvikla eit overvakingssystem for å betre forvaltninga av tropiske skogar. DR Kongos nasjonale skogovervakingssystem (National Forest Monitoring System/NFMS) er ein testversjon som tilfredsstillar dei nødvendige krav for REDD+-måling og rapportering, og som vil setje regjeringa i stand til å fatte kunnskapsbaserte avgjerder knytte til overvaking, forvaltning og vern av skog og naturmangfald. Verktøyet gir meir presis rapportering av klimagassutslepp frå skog og set dermed landet i stand til å ta imot betaling for utsleppsreduksjonar frå skog. Med dette verktøyet, som òg kan nyttast i andre land, kan DR Kongo sjåast på som føregangsland når det gjeld skogovervaking i regionen.

Gjennom norsk bilateral og multilateral støtte til kompetansebygging til målingar og rapportering på utslepp frå skogsektoren i utvalte land, og forskning og metodeutvikling gjennom sivilt samfunn, medverka Noreg til å styrkje forvaltningskapasiteten i skogsektoren og internasjonal forskning på området.

Mål 3: Medverke til å bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon.

I alle landpartnerskap og multilaterale program er bevaring av naturskog ein sentral komponent. I dei resultatbaserte partnerskapa med Brasil og Guyana blir norske bidrag berekna på bakgrunn av

brutto avskoging, noko som betyr at all avskoging, inkludert den som eventuelt blir kompensert gjennom skogplanting, medfører ein reduksjon i utbetalingane. I Indonesia er det, som eit sentralt element i samarbeidet med Noreg, etablert eit moratorium på å utferde nye konsesjonar til konvertering av primærskogar og torvmyrer. Noreg er òg pådrivar for å etablere miljømessige sikringsmekanismar for REDD+-mekanismen i klimakonvensjonen, under dette krav om at REDD+ ikkje skal medverke til konvertering av naturskog til plantasjar. Det har òg vore fokusert på mekanismar for å sikre urfolk og lokalsamfunn sine rettar i dei ulike tiltaka. Eitt av fleire døme er urfolkrepresentantar si deltaking i arbeidet med den nasjonale REDD-strategien i Tanzania. Dette er av stor betydning for å sikre sosial utvikling og rettferd, og for å medverke til ei berekraftig forvaltning av skogressursane og reduserte utslepp over tid.

Brasil

I 2012 reduserte Brasil avskoginga i Amazonas-regionen med 77 % samanlikna med årleg gjennomsnittleg avskoging i perioden 1996-2005 i fylgje det brasilianske romforskningsinstituttet (INPE). Anslag utført av Union of Concerned Scientists tilseier at dette tilsvarer ein reduksjon på ca. 1 mrd. tonn karbondioksid, i størrelsesorden samla årlege klimagassutslepp i Tyskland. Den betydelege reduksjonen i avskoging som Brasil har oppnådd er av stor betydning for arbeidet med å redusere effektane av dei globale klimændringane, og den har ein positiv utviklingseffekt for dei 25 millionar menneske som bur i Amazonas-regionen, spesielt for urfolk og lokalsamfunn i og nær skogområde. Bolsa Floresta-ordninga med betaling for økosystemtenester til familiar og småsamfunn som lever i området er eit eksempel på eit vellykka program utvikla innan ramma av nemnde fond.

Prosjekt som er finansierte gjennom Amazonasfondet blir godkjende som ein del av Brasils planar for å redusere avskoginga og fremje berekraftig utvikling i Amazonas-regionen. Sentralt for desse planane er eigedomsregulering, overvaking og handheving av miljøregelverk og utvikling av berekraftige produksjonsaktivitetar.

Forpliktingsgrada og utbetalingstakten i Amazonasfondet er stigande.

Indonesia

Noreg har i 2012 ført vidare støtte til Indonesias REDD+ Task Force. Viktige framsteg vart gjort

blant anna på oppfølginga av det toårige moratoriet på utdeling av nye konsesjonar i primærskog og torvmyrer og utviklinga av eit felles kart, betre arealplanlegging, gjennomgang av lovverk, juridisk gjennomgang av utferda konsesjonar og anerkjenning av urfolks- og lokalsamfunns rettar og deltaking. Urfolksgrupper kartla store landområde dei meiner dei har krav på og leverte inn dokumentasjon for å inkludere desse i det nye kartmaterialet. Gjennom støtta medverkar Noreg til reformer i skog- og arealforvaltninga som igjen kan medverke til å hindre brot på menneskerettar, løyse landkonfliktar og styrkje rettsstaten og demokratiet.

I 2012 var avgjerder på presidentnivå, som er sentrale for Indonesias oppfølging av første fase i intensjonsavtala med Noreg, ytterlegare forseinka. Verken REDD+ Agency, ein uavhengig institusjon for måling, rapportering og verifikasjon av utslepp, eller det nye fondet for REDD+ i Indonesia kom på plass. Seinkinga gir grunn til bekymring, først og fremst fordi innsatsen for å redusere klimagassutsleppa i landet blir forseinka. Ein annan konsekvens er at norske utbetalingar til Indonesia har vore svært avgrensa, då størstedelen av den norske tilsegna om finansiering er knytt til etterskotsvise utbetalingar for oppnådde utsleppsreduksjonar. Samtidig vart det gjort mykje godt arbeid, jamfør det som står over, som etter føresetnaden ikkje skulle setjast i gang før i andre fase.

Kongobassenget

Noreg har gjennom støtte til utarbeidinga av DR Kongos nasjonale REDD+-rammestrategi for 2012 medverka til å styrkje mottakarorienteringa og nasjonalt eigarskap, som er viktige prinsipp i norsk utviklingspolitikk. DR Kongos nasjonale plan skisserer innsats innanfor sju område som underbyggjer berekraftig naturressursforvaltning og økonomisk utvikling innanfor ramma av REDD+, og sikrar overgangen til investeringsfasen (fase 2) i DR Kongos klima- og skogarbeid. Norsk støtte er kanalisert via multilaterale kanalar – primært UNDP og Verdsbanken.

Norsk støtte til Kongobassengets skogpartnerskap (CBPF) og Kongobassengfondet (CBFF) har òg medverka til auka fokus på REDD+ i regionale afrikanske fora. Stortinget vart i Prop. 1 S (2012–2013) orientert om behovet for betydelege betringar i Kongobassengets administrasjon og resultatfokus. Noreg følgjer arbeidet med å styrkje forvaltninga av CBFF tett, i nær dialog og samforståing med Storbritannia. Det er ikkje aktuelt

med ytterlegare bidrag til fondet før nødvendige betringar er gjennomført.

Tanzania

Det vart i 2012 utbetalt 69,1 mill. kroner over budsjettposten for klima og skogtiltak (kap. post 166.73) frå ambassaden i Dar es Salaam.

I 2012 ferdigstilte landet sin nasjonale strategi og handlingsplan for REDD etter ein omfattande høyringsprosess, der både politikarar på nasjonalt nivå og lokale, frivillige organisasjonar deltok. Det vart gjennom norskstøtta pilotprosjekt og forskningssamarbeid etablert betydeleg kunnskap og erfaring som vil vere viktig for landet si deltaking i ei internasjonal finansieringsordning for REDD+. Det er brei erkjenning i den nasjonale, tverrdepartementale gruppa for REDD av at drivkreftene bak avskoginga, så som landbruk og energi, må adresserast for at skogane skal sikrast reelt vern. Betydninga av lokal deltaking, godt styresett og rettvise ordningar for fordeling av inntekter frå skogen er òg godt reflektert i nasjonal politikk. Tanzania har i 2012 fått støtte gjennom FNs REDD-program, og deira prosjekt er no godt integrerte og koordinerte i forhold til landet sine andre REDD-aktivitetar.

Det vart i 2012 avslørt mishald av kontrakten med ambassaden i to REDD-prosjekt, og utbetalingane til desse vart straks stoppa. Vurdering av vidare oppfølging vil bli gjort i 2013 når nye revisjonsrapportar m.m. er mottekne. Sakene frå 2011 om mishald i to prosjekt, vart avslutta i 2012 etter at misbrukte midlar vart tilbakebetalte i tråd med gjeldande praksis.

FNs REDD-program

FNs REDD-program skal bistå utviklingslanda innanfor følgjande prioriterte område: måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå avskoging og skogforringing (MRV), urfolk og lokalsamfunn sine rettar, biologisk mangfald, grøn økonomi, godt styresett og antikorrupsjon. I 2012 bidrog norsk støtte til openheit og lokal medbestemming i skogområde gjennom FNs REDD-programms lansering av retningslinjer for utøving og prinsipp for fritt, informert førehandssamtykke (FPIC) for urfolk og andre skogavhengige samfunn. FPIC er ei juridisk norm som pålegg statane forpliktingar og slår fast at urfolk har rett til effektiv deltaking, blant anna når skoglanda gjennomfører REDD +aktivitetar. FNs REDD-program spelte òg ei sentral rolle i arbeidet knytt til nasjonal koordinering, teknisk bistand og i arbeidet

med å hjelpe DR Kongo med å kartleggje og analysere drivkreftene bak avskoginga i landet.

Forbrukstakten i FNs REDD-program er god og regelmessig.

Sivilt samfunns aktivitetar

Noreg har gjennom si støtte til klima- og skogsatsinga si ordning til sivilt samfunn medverka til å styrkje sivilsamfunnsdeltakinga i nasjonale REDD-prosessar og finansierte tiltak på eit tidleg stadium. Dette går fram av følgjeevalueringa av støtta gjennom Norad til sivile samfunnsorganisasjonar for perioden 2008–2012.

I 2012 vart støtta til sivilt samfunn ført vidare med om lag 200 mill. kroner. I tillegg til å medverke til å styrkje sivilsamfunnet si deltaking i nasjonale REDD-prosessar, vart innretninga for støtta justert noko for perioden 2013–2015 ved at den òg medverkar til å styrkje kunnskapen om korleis ein kan redusere avskoginga på ein måte som sikrar urfolks og lokalbefolkninga sine rettar, mat- og energitryggleik, biologisk mangfald og grøn utvikling. Prosjekta er kategoriserte på følgjande måte: a) berekraftig arealplanlegging; b) berekraftig produksjon og handel med eksportva-

rer som palmeolje, kvegkjøtt, papir, tømmer, sukker og soya; c) ivaretaking av sentrale aspekt ved REDD+ som vern av urfolk sine rettar og landrettar, fremjing av likestilling, godt styresett og anti-korrupsjon, sikre lokalbefolkninga si deltaking i arbeidet med måling og overvaking av skogen og bevaring av biologisk mangfald; og d) måtar å oppnå finansiering av REDD+ på i perioden fram til 2020, og korleis redusert avskoging er del av eit land si grønne, økonomiske utvikling.

For å sikre at norske og internasjonale miljøarbeider med å redusere utslepp frå avskoging i utviklingsland tileignar seg denne forståinga, sette Norad i 2012 i gang eit arbeid for å styrkje kunnskapsforvaltninga av porteføljen.

Budsjett 2014


For 2014 er det foreslått løyvd 2 912,5 mill. kroner.

Statusrapportering på nasjonale mål i 2013

11.1. Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.

Indikator:

- Nasjonal utsleppsutvikling og bruk av fleksible mekanismar.



Figur 22.3 Noregs utslepp av klimagassar frå 1990 til 2012

Stipla linje viser Noregs Kyoto-forpliktingar (2008–2012).

* Førebelse tal for 2012, differansen mellom forplikting og utslepp blir dekt av norske bedrifter sine kvotekjøp.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB) og Miljødirektoratet

Utsleppsutviklinga og norske bedrifter sine kjøp av kvotar gjennom EUs kvotehandelssystem gjer at Noreg oppfyller sin utsleppsforplikting under Kyotoprotokollen for perioden 2008–2012 uten behov for statleg kvotekjøp. På frivillig basis har Noreg i tillegg overoppfyllt denne utsleppsforpliktinga med 10 pst. gjennom det statlege kjøpsprogrammet for kvotar. Det endelege oppgjeret skjer først i 2015, når utsleppsrekneskapen for heile første forpliktingsperioden er ferdig revidert internasjonalt.

Noreg underskreiv i 1998 Kyotoprotokollen som vart forhandla fram under FN's klimakonvensjon (UNFCCC). Der forplikta Noreg seg til at utsleppa i perioden 2008–2012 som eit gjennomsnitt ikkje skal overstige ein prosent meir enn 1990-nivå. Noreg har fått tildelt ei kvotemengd under Kyotoprotokollen på 250,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (i gjennomsnitt 50,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg) i Kyoto-perioden (2008–2012). Som eit supplement til innanlandske utsleppsreduksjonar er det i Kyotoprotokollen opna for at landa kan nytte dei såkalla Kyoto-mekanismane (ulike typar kvotehandel) til å oppfylle forpliktingane. Noreg vil finansiere utsleppsreducerande tiltak i andre land, i hovudsak i utviklingsland, som ein del av gjennomføringa av våre forpliktingar etter Kyoto-avtala.


Kyoto-mekanismane består av handel med utsleppskvotar, prosjektsamarbeid mellom industriland som har ratifisert protokollen (JI), og prosjektsamarbeid med utviklingsland (CDM). Regjeringa har i gjennomføringa lagt opp til ei brei tilnærming for å innfri Noregs utsleppsforplikting under Kyotoprotokollen. Regjeringas politikk er at utsleppsforpliktinga skal oppfyllast gjennom ein kombinasjon av nasjonale tiltak og bruk av Kyoto-mekanismane slik protokollen legg opp til, der ein betydeleg del av utsleppsre-

duksjonane skjer gjennom nasjonale tiltak, jf. St.meld. nr. 34 (2006–2007) Norsk klimapolitikk og Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk. Det er etablert eit statleg kjøpsprogram for kjøp av kvotar under Kyoto-mekanismane i Finansdepartementet, jf. Prop. 1 S. (2011–2012). Stortinget har i tillegg vedteke at Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga under Kyotoprotokollen med ti prosentpoeng, eit mål som skal oppfyllast gjennom bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen.

Utsleppa av klimagassar var i 2012 på 52,9 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Vel 80 pst. av utsleppa i 2012 skuldast dei tre hovudkjeldene petroleumsverksemd, industri og transport (sjå figur 22.3). Petroleumsverksemda stod for 26 pst. av utsleppa, mens industri og transport stod for høvesvis 22 og 33 pst. Av transportutsleppa dominerer vegtrafikken med vel ti mill. tonn CO₂-ekvivalentar eller 19 pst. av alle norske utslepp. Andre utsleppskjelder som er oppvarming av bygningar, energiforsyning, avfallsdeponi og jordbruk stod for 19 pst. av utsleppa av klimagassar i 2012.

Sida 1990 har samla norske utslepp auka med 5,1 pst., og det er vekst i utslepp knytte til vegtrafikk og petroleumsverksemda som har ført til denne auken. Drivkreftene bak dette har vore at i denne perioden har auka befolkning og velstand ført til større transportomfang, særleg for godstransport, mens petroleumsproduksjonen har auka betydeleg sidan 1990 og meir modne felt i slutten av perioden gir større utslepp pr. produsert eining.

I fastlandsøkonomien har utsleppa falle med 7,9 pst. frå 1990 og til i dag, mens utsleppa utanom fastlandsøkonomien har hatt ein betydeleg auke.



Figur 22.4 Klimagassar etter kilde

* Førebelse tal frå 2012.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Miljødirektoratet


11.2. Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.

Indikatorar:

- Nasjonal utsleppsutvikling.

- Nasjonal utsleppsstatistikk – fordelt på sektorrindelinga frå Klimameldinga.

I klimameldinga (Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk) vert foreslått ei lang rekkje nye klimatiltak som skal sikre at måla vert nådd.



Figur 22.5 Utslepp av klimagassar frå 1990 til 2012* med framskriving til 2030

* Førebelse tal for 2012

Kjelde: Perspektivmeldinga 2013/Miljødirektoratet, Statistisk sentralbyrå og Finansdepartementet

Noreg tok under partsmøtet i Doha i desember 2012 på seg ei ny utsleppsforplikting under Kyoto-protokollen for perioden 2013–2020. Det må foreligge samtykke frå Stortinget før dei vedtatte utsleppsforpliktingane kan tre i kraft, jf. Prop 173 S (2012–2013) *Samtykke til godkjenning av endringer av 8. desember 2012 i Kyoto-protokollen av 11. desember 1997*, som vart lagt fram for Stortinget 31. mai 2013. Det var politisk semje på FN's klimakonferanse i Doha om at landa skulle starte gjennomføringa av andre forpliktingsperiode frå 1. januar 2013.

Regjeringa legg kvart år fram eit klimagassbudsjett som har som mål å gi ei oversikt over klimagassutsleppa som følgjer av Regjeringas største satsingar i statsbudsjettet. Effekten av satsingane skal vurderast anten dei gir auka utslepp som for eksempel ved enkelte vegprosjekt, eller dei gir reduserte utslepp som for eksempel satsinga på karbonfangst og -lagring. I klimagassbudsjettet bør òg tiltak som skatte- og avgiftsendringsar og satsingar innan forskning og utvikling omtalast.

I tillegg er omtalt nokre saker som har verknad på klimautsleppa sjølv om desse ikkje er satsingar i budsjettet, slik som nye olje- og gassfelt som blir sette i drift.

Klimagassbudsjettet skal ha tal både for budsjettåret, for 2020 og for 2030, men det skal leggjast mest vekt på 2020. På den måten vil det bli tydeleg i kor stor grad satsingane bidreg til at Noreg når klimamåla.

Regjeringa har òg innført ei klimavurdering av alle større satsingar i budsjettprosessen der det er relevant. Dette inneber at ansvarleg departement for ulike satsingsforslag leverer til Miljøverndepartementet før budsjettkonferansane ei vurdering av effektar på klimagassutslepp der det er relevant. Dette arbeidet vil kunne gi vesentleg tilleggsmateriale om klimaeffektane av satsingane og vil derfor styrkje budsjettmaterialet på dette punktet og gi grunnlag for betre avgjerder.

Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av nokre sentrale endringar dei seinaste åra. For meir utfyllande informasjon viser ein til det enkelte departement sin budsjettproposisjon.

Meld. St. 21 (2011–2012) (Klimameldinga) la vekt på auka satsing på miljøvenleg transport. Satsinga vart på fleire område konkretisert i Nasjonal transportplan (Meld. St. (2012–2013) som vart lagt fram våren 2013.

Gjennom Stortingets behandling av Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk, har Enova fått eit utvida mandat, jf. Innst. 390 S (2011–2012). Blant anna skal Enova forvalte den nye satsinga til

Regjeringa på klimateknologi. Klimateknologiseringa skal ha som mål å redusere klimagassutslepp og gi varige energiinnsparingar i industrien gjennom å utvikle og ta i bruk teknologiar som kan medverke til dette. Det er lagt til grunn at satsinga blir retta inn mot utvikling av ny teknologi og støtte til teknologiar nær marknadsintroduksjon. Blant anna skal Enova kunne gi støtte til investeringar i fullskala produksjonslinjer.

Petroleumsverksemda stod for om lag 26 pst. av dei totale utsleppa av klimagassar i Noreg i 2012. I 2012–2013 har Olje- og energidepartementet godkjent fleire utbyggingsplanar. Ved utarbeiding av planane skal oljeselskapa finne utbyggingsløyser som gir lite utslepp av CO₂ samtidig som omsynet til kostnadseffektivitet må takast vare på.

11.3. Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp i 2030.

Målet vårt er at Noreg mot midten av dette hundreåret skal bli eit lågutsleppsland.

År 2020 er «berre» ein mellomstasjon fram mot det langsiktige målet om å stabilisere temperaturauken til mindre enn 2°C i forhold til før industriell tid. Dette krev ifølgje FN's klimapanel utsleppsreduksjonar frå 50-85 pst. innan 2050 i forhold til 2000-nivå. Ein rekkje av tiltaka i klimameldinga vil også verke utover 2020. Dette gjeld klima- og teknologifondet, det gjeld mange av transporttiltaka, det gjeld målet om å få til meir kraft frå land på sokkelen og det gjeld tiltaka knytte til byggjeforskrifter (passivhus i 2015 og nær nullenergihus i 2020).

11.4 Redusert avskoging og degradering av skog i utviklingsland skal gi lågare utslepp av klimagassar, og medverke til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.

For rapportering på målet sjå tekst under overskrifta Noregs Klima- og skogsatsing.

11.5. At samfunnet er mindre sårbart for klimaendringar og at Noregs tilpassingsevne er styrkt.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har sidan 2007 hatt eit tidsavgrensa ansvar for å koordinere statlege styresmakter sin innsats på dette området. Ansvarsfordelinga endres jf.

beskrivelse under overskriften Klimatilpassing tidligare i dette kapitlet. Sekretariatet i DSB har arbeidd spesielt med å leggje til rette for at kommunar og andre kan møte dei langsiktige utfordringane som følgjer med klimaendringane. Dette har blant anna skjedd gjennom informasjonsarbeid, kurs og utviklinga av ein nasjonal nettportal som er tilgjengeleg på Regjeringas nettsider. Her kan aktuelle styresmakter, bedrifter og andre som måtte vere interesserte finne relevant kunnskap om klimatilpassing, erfaringar frå praktisk tilpassingsarbeid og peikarar vidare til sentrale aktørar som kan gi råd og rettleiing innanfor ulike fagfelt. Sekretariatet i DSB har òg hatt koordinatoransvaret for klimatilpassing i det nasjonale prosjektet «Framtidas Byer» som omfattar dei 13 største byane i Noreg. Med utgangspunkt i finansieringsordningane under EØS-avtala har sekretariatet òg etablert samarbeid om klimatilpassing med Portugal, Latvia, Ungarn og Slovakia

11.6. Betydninga av robuste økosystem og naturmangfald som karbonlager skal vere styrkt i arbeidet med tilpassing og arbeid mot klimaendringar innan 2020, inkludert restaurering av minst 15 pst. av degraderte økosystem.

Det er aukande forståing globalt for robuste økosystem og naturmangfaldet si sentrale rolle i å motverke klimaendringar (gjennom opptak av karbon frå atmosfæren) og dempe verknadene (til dømes gjennom å redusere avrenning og dempe flaum). Ivarretaking av intakte økosystem med store populasjonar og store leveområde er naudsynt for å sikre robuste økosystem. Under både biologisk mangfaldkonvensjonen og klimakonvensjonen blir det no fokusert på økosystembasert tilpassing til klimaendringar. At norske økosystem er i stand til å avgrense negative verknader ved klimaendringar viser ein ny rapport frå Norsk institutt for naturforskning som trekkjer fram at både skogar og våtmark har, i tillegg til å lagre klimagassar, evne til å avgrense flaum og erosjon.

Det har blitt utarbeidd fleire utgreiingar og rapportar knytte til betydinga av norske økosystem i ein klimasamanheng, både økosystema si rolle som karbonlager og klimatilpassing og deira sårbarheit. Desse utgreiingane vil bli brukte som grunnlag for klimaarbeidet i Noreg. Både dei terrestriske og dei marine overvakingsprogramma er evaluerte med omsyn til klimaendringar og det er identifisert behov for justeringar, men det er

kostnadskrevjande å få etablert nødvendige endringar. Det må arbeidast vidare med å identifisere og prioritere kva slags økosystem som kan restaurerast. Dette vil blant anna bli vurdert i arbeidet med nasjonal handlingsplan om naturmangfold som skal ferdigstillast i 2014.

11.7. Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal leggje til rette for ein samordna areal- og transportpolitikk som medverkar til låge klimautslepp, og medverkar til å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringar.

I alt 13 fylke hadde i 2012 regionale areal- og transportplanar. Dei største byregionane utarbeider slike planar og strategiar som innspel til Nasjonal transportplan. Regionale arealplanar saman med eigne konseptvalutgreiingar er òg grunnlaget for utbygging av større samferdselstiltak.

Det er venta framhelden høg befolkningsvekst og stort bustadbehov i byområda i åra framover. Dette gir auka press på areal og transportsystem og utfordringar for miljø, helse og livskvalitet. Regionalt plansamarbeid er viktig for å møte desse utfordringane. Miljøverndepartementet ønskjer å medverke til meir heilskaplege, forpliktande og langsiktige plangrep. I tillegg til å følgje plansamarbeidet som er etablert mellom Oslo og Akershus fylkeskommunar støttar Miljøverndepartementet pågåande plansamarbeid for bustad-, areal- og transport i dei tre storbyregionane Bergenregionen, Trondheimsregionen og Stavangerregionen.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane vart fastsett i 2009, og nær alle kommunar har no ein klima- og energiplan. Ifølgje oversikta til Enova og KS hadde 410 kommunar vedteke ein klima- og energiplan pr. august 2012, mens 18 var i gang med planarbeidet. Over 99 pst. av kommunane har dermed, eller er i ferd med, å få på plass ein klima- og energiplan.

Planlegging er eit viktig verkemiddel for å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringar. Plan- og bygningslova vektlegg omsynet til samfunnstryggleik og stiller krav om risiko- og sårbarheitsanalysar ved utarbeiding av planar for utbygging.

Sjå òg omtalen av Planlegging for ei berekraftig utvikling under verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging.

Del IV
Organisasjonsendring,
fornyingsarbeid og likestilling

23 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling

23.1 Organisering

Miljøverndepartementet er overordna styresmakt for Statens kartverk, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitut, Norsk kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond. Frå 1. juli 2013 er Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet slått saman til Miljødirektoratet.

Direktoratet har avdelingar i Oslo og Trondheim. Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og sysselmannen på Svalbard. Etatar som Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Innovasjon Noreg har oppgåver innanfor miljøområdet som Miljøverndepartementet styrer.

Årsverksoversikt

Tabell 23.1 Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2013 under Miljøverndepartementet

Kapittel	Nemning	Tal årsverk
1400	Miljøverndepartementet	269
1427	Direktoratet for naturforvaltning ¹	330
1429	Riksantikvaren	151
1441	Klima- og forureiningsdirektoratet ¹	349
2465	Statens kartverk	804
1471	Norsk polarinstitut	149
1432	Norsk kulturminnefond	13
Sum		2065

¹ Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet vart 1. juli 2013 slått saman til Miljødirektoratet.

23.2 Oversikt over fornyingsarbeidet

Omorganisering av Miljøverndepartementet

Miljøverndepartementet har gjennomgått ein omorganiseringsprosess våren 2013 med verknad frå 1. juli. Omorganiseringa inneber at det er oppretta ei ny Hav- og forureiningsavdeling som fekk tilført oppgåver og personalressursar som har vore i Avdeling for internasjonalt samarbeid, Avdeling for klima- og forureining og Avdeling for naturforvaltning. Tverrgåande internasjonale oppgåver som har vore i Avdeling for internasjonalt samarbeid er fordelte mellom Hav- og forureiningsavdelinga, Klimaavdelinga og Naturforvaltningsavdelinga. Avdeling for internasjonalt samar-

beid er ikkje ført vidare i den nye strukturen. Endringa medførte at ei ekspedisjonssjefstilling fall bort.

Oppretting av Miljødirektoratet

Frå 1. juli 2013 vart Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet slått saman til Miljødirektoratet. Direktoratet har avdelingar i Oslo og Trondheim. Leiinga er plassert i Trondheim. Bakgrunnen for samanslåinga er å etablere ei meir robust, effektiv og gjennomføringedyktig miljøforvaltning. Tidligere ansvarsdeling i miljøforvaltninga har vore bestemt ut frå historiske årsaker, og vart etterkvart lite føremålstenleg med stadig meir komplekse miljøutfor-

dringar som grip inn i kvarandre. Ein føresetnad for ei meir heilskapleg og einskapleg miljøforvaltning er at det blei gjort organisatoriske grep. Folk fleist, bedrifter og kommunar skal kunne vende seg til miljøforvaltninga som éi forvaltning, sjølv om saksfeltet er vide og samansette. I tida framover vil oppgåver og organisering i Miljødirektoratet bli gjennomgått, og fram mot sumaren 2014 vil det bli utarbeida ein gevinstrealiseringsplan.

Lovendringar om miljøansvar

Miljøverndepartementet arbeider med naudsynte lovendringar for å gjennomføre miljøansvarsdirektivet (2004/35/EF) i Noreg. Foreldingsfristen for å krevje erstatning frå forureinar for oppryddingstiltak som han er ansvarleg for, vert utvida frå tre til fem år. Desse endringane er ikkje venta å ha vektige økonomiske eller administrative konsekvensar.

Informasjonsteknologi

Informasjonsteknologi støttar og medverkar til effektiv samhandling i miljøforvaltninga og med det offentlege publikum. Måla for miljøforvaltninga sin IKT-strategi for 2011–2015 er god kunnskapsforvaltning, tydeleg miljøinformasjon og god formidling. Miljøforvaltninga skal vere ei moderne forvaltning med solide fagsystem, god organisering og samordning av miljødataarbeidet. Miljøforvaltninga sikrar oppfølging av den nasjonale IKT-politikken gjennom fokus på samhandling, digitale tenester og verdiskapande data. Miljøforvaltninga skal ha ei koordinert IKT-utvikling som understøttar forvaltninga sine mål og det skal haldast eit tydeleg fokus på informasjonstryggleik.

Nettstader og portalar

Klima- og forureiningsdirektoratet etablerte i 2012–2013 ein ny nettstad som heiter Miljøkommune.no. Dette blir gjort i samarbeid med underliggjande etatar i Miljøverndepartementet. Nettstaden samlar og legg til rette rettleiinga frå etatane til kommunane, og skal medverke til miljøforbetring ved å hjelpe kommunane til å nytte miljømyndet og utføre pliktene på miljøvernområdet betre og meir effektivt enn i dag.

Miljødirektoratet drifter òg ein eigen nettstad om farlege forbrukarvarer – www.erdetfarlig.no. Her er det mogleg for forbrukar å finne informasjon om skadelege stoff og kva slag produkt dei finst i.

I løpet av dei siste åra har det komme mykje ny kunnskap om klimatilpassing frå forskning, statleg forvaltning og kommunar. Nettportalen Klimatilpassning.no har som mål å samle aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad. Portalen er laga hovudsakleg for dei som skal leggje planar og ta avgjerd lokalt og regionalt, men informasjonen skal òg vere lett tilgjengeleg og interessant for alle som er opptekne av kva klimaendringar vil bety for det norske samfunnet.

Nettstaden www.miljostatus.no er Noregs største informasjonsbank om miljø. Her blir informasjon om miljøtilstand og utvikling fortløpande oppdatert og tilpassa aktuelle utfordringar.

Miljøforvaltninga arbeider kontinuerleg med å tilpasse og leggje til rette informasjon for ulike brukarar ved hjelp av ny teknologi og i nye kanalar på nett. Miljøstatus.no har mellom anna gjort tilgjengeleg ei rekkje av karttenestene sine for smarttelefonar og nettbrett. Både Miljøverndepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

23.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskapsarbeidet er følgt opp internt gjennom årleg revisjon av krise- og beredskapsplanverket, og avdelingane sine ROS-analysar. Departementet har delteke på ei ekstern beredskapsøving. Delta-king i nasjonale øvingar og øving av interne beredskapsrutinar vil bli gjennomført neste år. I 2012 har departementet hatt tilsyn frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap. Departementet har følgt opp tilrådingane frå tilsynet. Vidare har departementet melde inn objekt i medhald av forskrift om objektryggleik. Departementet har lagt ned eit stort arbeid med eigen tryggleik i 2013. Departementet vil òg arbeide med samfunnstryggleik og beredskap i lys av tilrådingane frå 22. juli-kommisjonen og Regjeringas oppfølging. Vi vil ha spesiell vekt på leiarship og kultur.

23.4 Informasjonstryggleik

I desember 2012 vart det lansert ein ny nasjonal strategi for informasjonstryggleik med tilhøyrande handlingsplan. I strategien blir det slått fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ivareta tryggleiken i sektoren sin IKT-infrastruktur, og for at det førebyggjande arbeidet med informasjonstryggleik i sektoren er tilfredsstill-

lande. I arbeidet med å følgje opp strategi for informasjonstryggleik vil Miljøverndepartementet be underliggjande etatar rapportere på:

- Kritisk infrastruktur i eiga verksemd
- Førebyggjande tiltak i eiga verksemd
- Beredskapsplanar og behov for å setje i verk krisehandtering i eiga verksemd

Vidare vil departementet be underliggjande etatar starte arbeidet med å tilretteleggje dokumentasjon for å oppfylle krava til ISO 27001-standarden «Information Security Management System» og rapportere om framdrifta i dette arbeidet.

23.5 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 23.2, 23.3 og 23.4 viser kvinndelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittslønn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og mellombels stilling og fordeling av uttak av foreldrepermisjon for 2012. Norsk kulturminnefond har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i alle oversiktene.

Tabell 23.2 Oversikt over del kvinner i pst.

	Totalt	Topplei.	Mellomlei.	Høgtlønte rådg.	Saksbeh.	Kontor
MD	57,3	37,5	52,9	33,3	59,3	75,0
DN ¹	42,0	100,0	27,2	42,6	39,6	100
Klif ¹	64,8	62,5	63,0	59,4	71,5	77,8
NP	39,4	50,0	38,5	50,0	61,5	100
RA	61,0	65,0	56,0	46,0	70,0	66,6
SK	53,5	33,3	39,2	15,3	77,7	84,0
NKMF	75,0	50,0	0,0	0,0	83,0	100,0

¹ Tala i tabellen gjeld 2012. Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) vart 1. juli 2013 slått saman til Miljødirektoratet.

Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå). Høgtlønte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarande stillingar.

Tabell 23.3 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månadlege gjennomsnittslønn

	MD		DN ¹		Klif ¹		NP		RA		SK	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	91,9	100	96,3	100	96,7	100	93,9	100	92,7	100	83,1	100
Topplei.	93,2	100	100	0,0	100	92,4	99,1	100	64,5	100	100	90,4
Mellomlei.	100	97,3	100	97,4	98,5	100	95,7	100	100	99,6	96,7	100
Høgtlønte rådg.	95,2	100	97,6	100	97,0	100	97,8	100	97,2	100	96,1	100
Saksbeh.	97,8	100	100	99,4	100	98,5	96,4	100	90,1	100	98,1	100
Kontor	100	78,3	0	100	100	94,8	100	0	98,3	100	100	98,7

¹ Tala i tabellen gjeld 2012. Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) vart 1. juli 2013 slått saman til Miljødirektoratet.

Tabell 23.4 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og frávær fordelt på kvinner og menn

	MD		DN ⁴		Klif ⁴		NP		RA		SK	
	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	10,0	3,5	16,9	5,6	19,2	7,1	7,7	1,9	10,8	3,8	21,2	9,4
Mellombelse ²	6,8	3,9	7,7	4,6	9,4	7,1	12,3	16,1	12,1	3,8	7,1	5,6
Legem. fráv. 2012	2,7	1,7	3,9	2,0	3,5	1,2	0,8	0,4	1,9	2,9	7,5	2,7
Foreldreperm. ³	68,7	31,2	83,0	17,0	85,6	14,4	0	100	50,0	50,0	76,4	23,5

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling

³ Pst. del av det totale foreldrepermisjonsuttaket som blir teke ut av kvinner/menn

⁴ Tala i tabellen gjeld 2012. Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) vart 1. juli 2013 slått saman til Miljødirektoratet.

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Miljøverndepartementet

Det er små endringar i kjønnsbalansen i departementet i dei ulike stillingskategoriane. Kvinnedelen blant høgt lønna rådgivarar har blitt mindre, men lønnskilnadene har minska i denne stillingskategorien. I andre kategoriar har lønnskilnadene òg blitt mindre, med unntak av i mellomleiarstillingane der menn sin del av kvinner si lønn fell frå 99,4 pst. til 97,3 pst. På toppleiarnivå i departementet (departementsråd og ekspedisjonssjefar) er det tre kvinner og fem menn. Departementet har òg ansvar for tilsetjing av direktørane for underliggjande etatar, og blant desse er det tre kvinner og tre menn. Kjønnsfordelinga blant medarbeidarane i departementet sine avdelingar, og innan dei enkelte fagområda, er stort sett jamn, men det er eit fleirtal av kvinner i kontorstillingane. Rekruttering og ny organisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen, saman med tilbod om individuell kompetanse- og karriereutvikling. Ein gjennomgang av alle kunngjorde stillingar i 2012 (mars-desember) viser at av den totale søkjarmassen var 58,7 pst. kvinner. Av medarbeidarane som vart tilsette i desse stillingane var 60,3 pst. kvinner. Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. I løpet av 2012 vart det ført individuelle forhandlingar etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.4. Kvinnene sin del av lønnsauken var på 58,1 pst. Eitt av måla i Miljøverndepartementets rekrutteringsstrategi er å auke delane av medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og

medarbeidarar med redusert funksjonsevne. For å oppnå dette skal personar i målgruppene oppfordrast til å søkje på stillingar i departementet, og kvalifiserte søkjarar skal innkallast til intervju. Strategien inneheld òg tiltak for å finne fleire aktuelle kandidatar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, blant anna gjennom samarbeid med NAV og utlysning av stillingar på inkludi.no. Det skal òg satsast på haldningsskapande arbeid internt.

Miljøverndepartementet flyttet til nye lokal i august 2013. Tilgjenge i den nye bygningen i Kongensgate 20: Regelverk om universell utforming er lagt til grunn for prosjektering og gjennomføring.

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif)

Då fleirtalet av medarbeidarane er kvinner, har Klima- og forureiningsdirektoratet eit spesielt fokus i rekrutteringa på å auke delen av menn. Til trass for dette er det ein svak auke i delen kvinner i verksemda. Det er samtidig ei klar overvekt av kvinnelege søkjarar til ledige stillingar. I 2012 har direktoratet evaluert utviklinga på skilnader i lønn mellom kjønna, og funne ut at det ikkje er nokon forskjell mellom kjønna.

Klima- og forureiningsdirektoratet gjennomfører tilrettelegging av oppgåver der det er nødvendig for at tilsette med nedsett funksjonsevne skal kunne fungere i jobb. Klif har som mål å rekruttere minst 1-2 personar med redusert funksjonsevne kvart år. To medarbeidarar med nedsett funksjonsevne har fått praksisplass gjennom NAV. Det blir gitt skrivekurs og økonomisk hjelp til kurs i norskopplæring for medarbeidarar med behov for språkleg tilrettelegging. Ved graviditet

blir det tilbode tilpassing av kontorplass, trening og fysioterapi. I forhold til omsorgsoppgåver blir ein tilbode redusert arbeidstid og høve til heimekontor og fjernarbeid. Tilpassing for medarbeidarar med bakgrunn frå kulturelle/religiøse minoritetar skjer blant anna ved løyving av velferdspermisjonar og tilrettelagt kantineamat. Medarbeidarar over 62 år får 12 seniordagar pr. år. Seniorar får òg høve til redusert arbeidstid og heimekontor. I rekrutteringsprosessane skal det kallast inn til intervju minst ein søkjar med minoritetsbakgrunn, minst ein søkjar med redusert funksjonsevne og minst ein søkjar over 55 år, under føresetnad av at søkjarane er kvalifiserte.

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) har i fleire år hatt fokus på krava i Web Accessibility Initiative og har redaktøransvaret for blant anna nettstadene www.miljostatus.no og www.erdefarlig.no. Direktoratets eigen nettstad www.klif.no vart vurdert av Direktoratet for forvaltning av IKT (difi) i forhold til kvalitetskrava i 2011, og fekk der toppkarakter. Dei andre nettstadene held same standard.

Tilgjenge i den nye bygningen til Klima- og forureiningsdirektoratet i Grensesvingen 7: Nytt regelverk om universell utforming skal leggjast til grunn for prosjektering og gjennomføring, og NS 11001 skal generelt leggjast til grunn. Tilrådingar og forslag i standarden sitt vedlegg (5 stk. tillegg) skal òg leggjast til grunn ved planlegging og bygging. Alle krav og tilrådingar i standarden skal generelt oppfatast som skal krav. Eventuelle avvik frå dette skal avklarast med Klima- og forureiningsdirektoratet.

Riksantikvaren (RA)

Kvinner utgjer eit fleirtal (61 pst.) av RAs medarbeidarar. Det er ei forholdsvis stabil kjønnsfordeling innanfor dei fleste stillingskategoriane. Innanfor kategorien av mellomleiarar er det ei lita endring ved at delen menn har auka frå 44 pst. til 47 pst. og ved ein nedgang av delen kvinner frå 56 pst. til 53 pst. Framleis har Riksantikvaren ein stor del kvinnelege toppleiarar (67 pst.). Den har vore stabilt høg dei siste 3 åra.

Tala for 2012 viser at det har blitt ein meir markert forskjell i lønn for toppleiarar mellom kvinner og menn enn føregåande år. Gjennomsnittleg månadslønn for kvinner var i 2012 61 000 og for menn 95 000. For kvinner er snittet auka med kr. 4 000 frå føregåande år, mens det for menn er ein auke på 18 000 frå føregåande år. Det er ein viss auke i forskjell også for saksbehandlarstillingar, der gjennomsnittslønn for kvinner i 2012 var

kr. 34 000, mens den for menn var på kr. 38 000. Det er ein nedgang i snittet for kvinner på kr. 1 000, mens det for menn er ein auke på kr. 1 000. Innanfor begge stillingskategoriane har det vore noko turnover og utskifting. I toppleiargruppa har fleire nyttilsetjingar ført til større forskjell i lønn mellom kjønna. Endringane innanfor saksbehandlarstillingane er ikkje betydeleg og heng òg saman med endringar i samband med nyttilsetjingar.

Etaten gir kvinner og menn like moglegheiter for kompetanseutvikling, og fleire kvinner enn menn har delteke på større, individuelle kompetansetiltak. I lokale forhandlingar vil ein vere merksam på forholdet mellom menn og kvinner si gjennomsnittslønn. Det blir arbeidd systematisk og målretta for at kjønnsmessige ulikskapar i lønn blir utjamna. Det er blitt sett i verk tiltak for å sikre at gravide kan stå lengre i arbeid. Det er blitt laga ein eigen handlingsplan for IA i 2012. Blant måla her er halde fram med minimum ein IA-plass og auka tilsetjing av personar med nedsett funksjonsevne. I rekrutteringa er lagt vekt på at verken nedsett funksjonsevne eller framandspråk skal vere hinder for tilsetjing, så lenge vedkommande er kvalifisert. Personar med nedsett funksjonsevne blir oppfordra til å søkje stillingar og det blir lagt til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan fungere optimalt (100 pst.) i stillinga. Innanfor HMS-arbeidet satsar etaten spesielt på førebygging gjennom ergonomisk vurdering av arbeidsplassar og trimtilbod. RA har òg tett samarbeid med NAV Arbeidslivssenter og hjelpemiddelsentral, det er òg blitt laga ei lett tilgjengeleg elektronisk HMS-handbok med faste rutinar. RA har fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Mangfald er etterstreva, og personar med innvandrarbakgrunn blir oppfordra til å søkje på stillingar, vurderte særskilt og kalla inn til intervju om dei innfrir krava til utdanning og praksis. Kompetanseutvikling for seniorar og kompetanseoverføring blir prioritert. Samtidig er det lagt vekt på å tilpasse arbeidssituasjonen til behova for den enkelte medarbeidaren. Frå året ein fyller 62 får alle tilsette 8 ekstra tariffesta fridagar. Gjennomsnittleg pensjoneringsalder er 68 år.

Direktoratet for naturforvaltning (DN)

I direktoratet er 42 pst. av dei tilsette kvinner. Av eksternt utlyste stillingar i 2010 vart det tilsett kvinner i 62,5 pst. av tilfella. Av utlyste leiarstillingar i 2012 vart det tilsett 1 mann. Ved høve vil moderat kvotering av kvinner bli gjennomført.

Over den siste treårsperioden frå 2010–2012 har delen kvinner i leiarstillingar variert utan at noko klar utvikling har utkrystallisert seg. Likevel har delen kvinner som har komme i gruppa høgt lønna rådgivarar auka frå 32 til 42,6 pst. i same periode, samtidig som kjønnsbalansen har vore nær uendra.

I direktoratet utgjer kvinner si årslønn 96,3 pst. av menn si årslønn. Direktoratet utarbeider jamleg kjønnsdelt lønnsstatistikk for dei ulike stillingsnivåa. Denne viser at det blant mellomleiarar er ei relativ jamn fordeling av lønn mellom kvinner og menn. I seniorrådgivargruppa tener menn i snitt noko meir enn kvinner. For rådgivergruppa er situasjonen motsett. I løpet av 2012 vart det gjennomført individuelle lønnsforhandlingar for 6 menn og 12 kvinner etter HTA pkt. 2.3.4 og for 10 menn og 4 kvinner etter HTA 2.3.8. nr. 3. Ved dei lokale lønnsforhandlingane etter HTA pkt. 2.3.3 hausten 2012 fekk kvinner 40,7 pst. av forhandlingspotten. Ser ein dette over tid har lønnsforskjellane mellom menn og kvinner i perioden 2010–2012 skrumpa inn frå 4,8 pst. i favør menn i 2010 til 3,8 pst. i 2013. DN tilbyr kvinner og menn same type opplæring og kompetanseutvikling. Ved kunngjering av ledige stillingar skal minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne innkallast til intervju, under føresetnad av at vedkommande er kvalifisert. I 2010 hadde DN to avtaler om praksisplassar for personar med nedsett funksjonsevne, men ingen i 2012 grunna manglande kontor plassar. Mange medarbeidarar har omsorg for barn, og ein aukande del har omsorgsoppgåver for eldre eller sjuke familiemedlemmer. Desse blir tilbodne blant anna fleksibel arbeidstid og velferdspermisjon. Gjennomsnittleg pensjonsalder er 64 år. I DN's senior-/livsfasepolitikk er det etablert tiltak for å heve pensjonsalderen ytterlegare, under dette rett til 14 fridagar for medarbeidarar over 62 år.

Statens kartverk (SK)

Statens kartverk har i dag ein kvinneandel på ca. 53,5 pst. (52 pst. i 2011) Ved kunngjering av stillingar har SK som personalpolitisk mål å oppnå ein balansert arbeidsstyrke med omsyn til alder, bakgrunn, funksjonsevne og kjønn. I etaten sin strategiske personalplan er understreka leiarane sitt ansvar for å ta vare på omsynet til likestilling. I lønnspolitikken er det lagt vekt på å honorere ansvar og kompetanse uavhengig av kjønn, og det blir forsøkt å rette opp eventuelle misforhold i avlønning mellom kvinner og menn. Likelønnsomsyn blir følgde opp ved lokale lønnsforhandlingar

og det er gjort analysar som viser at Kartverket i stor grad har lik lønn for likt arbeid. Lønnsnivåa mellom kvinner og menn er på linje med tidlegare år.

Det er avtalt 4 ekstra seniordagar i tillegg til dei 8 tariffbestemte dagane. Bygningsmassen på Ringerike er i stor grad tilrettelagt for funksjonshemma, bl.a. toalett, dørstokkar og heve-/senkebord etc. Vi har òg gjennomgått interne rutinar innan brannevakuing (med intern opplæring av kollegaer) for å sikre forsvarleg evakuering av bevegelseshemma. Det ligg føre planar i 2012 og 2013 for totalrenovering av den eldste bygningsmassen på Ringerike.

Kartverket har i 2012 utarbeidd ein handlingsplan for Universell utforming. Dette er det òg teke omsyn til i framtidige prosjekt, og i opplæring av våre tilsette.

Kartverket har god erfaring frå leggje til rette ved graviditet, foreldrefrånver og omsorgsoppgåver. Dette speglar seg i stor fleksibilitet når det blir innvilga permisjon knytt til omsorg, amming etc. Mange medarbeidarar har redusert stilling utover permisjonar som dei har rett til. Kartverket på Ringerike har avtale om bedriftshelseteneste (Unicare) med bl.a. jordmor med god kompetanse på tilrettelegging for å redusere sjukefrånver blant gravide. Vi tillet heimkontor for ein periode for personar med omsorgsplikter. Kartverkets reglar for intern varsling inneheld rutinar og tiltak ved mobbing eller trakassering. Framandspråklege medarbeidarar får arbeidsfri og økonomisk støtte for å delta i norskundervisning.

Norsk Polarinstittutt (NP)

Talet menn i Norsk Polarinstittutt har auka med 3 pst. frå 2011 til 2012 (etterspurte stillingskategoriar). Vidare viser tala at forskjellen på gjennomsnittleg lønn mellom kvinner og menn i perioden har auka i menn sin favør. NP vil forsøke å kartlegge grunnen til at kvinner i gjennomsnitt har lågare inntekt og at denne forskjellen aukar, for å kunne jobbe målretta med funn både ved rekrutteringar og i lokale forhandlingar. Eventuelle kjønnsbetinga lønnsforskjellar på alle nivå skal kartleggjast og søkjast utjamna ved dei lokale lønnsforhandlingane. Ny lønnspolitisk plan er utarbeidd i 2012, og likestillingselementet er vektlagt i utforminga av planane.

Etaten har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert del av verksemda. Likestillingsutvalet ved NP har i 2011 utarbeidd reviderte handlingsplanar for likestilling og mot trakassering, og ein

intern likestillingskontakt arbeider aktivt for likestilling på alle plan. NP skal delta med to deltakere på kurs i intensiv likestillingsarbeid som Kif-komiteen arrangerer i 2013. Tema er Kjønnsbalanselansé i forskning. I samband med dette kurset skal deltakarane utarbeide ei problemstilling. Temaet NP arbeider med er «Hvordan beholde kvinnelige forskere». Ved rekruttering skal både ein mannleg og ein kvinneleg kontaktperson oppgavast i kunngjeringsteksten, og begge kjønn skal vere representerte i utvelgingsprosessen. Kvinner/menn blir oppfordra til å søkje om det finst mindre enn 40 pst. av eit kjønn i ein type stilling. Det blir gjennomført utviklingssamlingar for medarbeidarane med fokus på intern kommunikasjon, språk, samspel og relasjonar. NP har laga ein plan for universell utforming, med intensjon om å vere ein arbeidsplass som fremjar like moglegheiter til samfunnsdeltaking og hindrar diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. NP har inngått samarbeidsavtale med INN Tromsø for å integrere utanlandske medarbeidarar i det norske samfunnet på best mogleg måte. I tillegg blir det tilbode norskkurs, både grunnkurs og kurs for vidarekomne. Ved foreldrepermisjon blir det lagt til rette for at mannlege medarbeidarar kan ta ut meir enn fedrekvoten. Tidspunkt for møte og tilstellingar i verksemda blir tilpassa tider for henting av barn i skule og barnehage. Gravide får etter førespurnad tilpassa arbeidsplassen. For permisjonar som er lengre enn 4 månader blir det gjennomført ein obligatorisk medarbeidersamtale. Eventuelle lønnskilnader som følgje av kjønn blir kartlagde på alle nivå og forsøkt utjamna ved lokale forhandlingar.

23.6 Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda

Offentlege verksemdar er i likestillingslova § 1a pålagt å arbeide for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Dette inneber blant anna å vurdere kjønns- og likestillingsperspektivet på departementets fagbudsjettområde der det er relevant og føremålstenleg.

Naturmangfald og friluftsliv

Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltningsområdet. For å få velfungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessantar for det

arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar blir bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Det blir lagt inn krav i tildelingsbrevet til Miljødirektoratet og til Fylkesmannen om å sikre at likestillingslova blir følgt ved oppnemning til og nyoppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller Fylkesmannen har ansvar for.

I følgje TNS Gallups Natur- og miljøbarometer (siste tal frå 2004) betyr kjønn lite for nordmenn si interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er her godt ivareteke. Vi ser òg at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Noregs jeger- og fiskarforbund auka, og det er etablert eigne kvinnettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Miljødirektoratet disponerer innanfor sitt verkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nytast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er bl.a. nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1420 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde og post 78 Friluftslivsformål (Tidlegare kap. 1427 postane 30, 74 og 78)

Desse postane har indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn.

Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkinga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

23.7 Oppfølging av IA-avtala

I styringsdialogen med etatane har Miljøverndepartementet lagt opp til tett oppfølging av måla i den nye avtala om eit inkluderande arbeidsliv. I samsvar med IA-avtala er det lagt vekt på behovet for førebyggjande tiltak og systematisk HMS-arbeid. IA-måla blir i stor grad utforma av kvar enkelt etat og tilpassa lokale forhold. Miljøverndepartementet har laga ein eigen handlingsplan for oppfylging av måla i IA-avtala.

Resultatutvikling og tiltak

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå viser at verksemdene i miljøforvaltninga hadde eit samla legemeldt fråvær i 2012 på 2,4 pst. Det legemeldte sjukefråværet gjekk dermed ned i forhold til 2011 (3,5 pst.). Eigemeldt sjukefråvær er ikkje inkludert i tala.

Verksemdene i miljøforvaltninga har sett i gang fleire tiltak for å førebyggje sjukefråvær, spesielt er vektlagt tiltak for å fremje fysisk aktivitet blant medarbeidarane. Andre førebyggjande tiltak omfattar blant anna fysioterapi og tilpassing av arbeidsplassar. I forhold til IA-mål 2 og 3, rekruttering av personar med redusert funksjonsevne og auke i pensjonsalder, har verksemdene sett individuelle mål og sett i verk eigne tiltak, for eksempel tilbod om praksisplassar og karriereutvikling for seniormedarbeidarar.

Miljøverndepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2013–2014) om statsbudsjettet for år 2014 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Miljøverndepartementet blir i Prop. 1 S (2013–2014) statsbudsjettet for budsjettåret 2014 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 1400–1474, 2465, 4400–4471 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
1400	Miljøverndepartementet			
	01	Driftsutgifter	265 914 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	130 875 000	
	61	Framtidas byar og berekraftig byutvikling, <i>kan overførast</i>	37 000 000	
	62	Den naturlege skulesekken	3 500 000	
	65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	47 000 000	
	70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	58 005 000	
	71	Internasjonale organisasjonar	52 760 000	
	74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 000 000	
	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	36 050 000	
	79	Tilskot til kulturminneforvaltning	14 993 000	
	81	Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>	12 557 000	662 654 000
1406	Miljøvennleg skipsfart			
	21	Spesielle driftsutgifter	4 132 000	4 132 000
1407	Miljøomsyn i offentlege innkjøp			
	21	Spesielle driftsutgifter	10 000 000	10 000 000
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø			
	01	Driftsutgifter	12 599 000	12 599 000
1410	Miljøvernforskning og miljøovervaking			
	21	Miljøovervaking og miljødata	182 171 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	50	Basisløyvingar til miljøforskinsinstitutta	169 738 000	
	51	Forskingsprogram m.m.	214 718 000	
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	6 794 000	
	54	Artsprosjektet m.m.	30 000 000	
	70	Nasjonale oppgaver ved miljøforskinsinstitutta	34 288 000	
	72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	13 900 000	
	73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	9 433 000	661 042 000
		Sum Fellesoppgaver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		1 350 427 000
		Klima, naturmangfald og forureining		
1420		Miljødirektoratet		
	01	Driftsutgifter	719 049 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	163 224 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	174 700 000	
	25	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	430 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	44 080 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	60 693 000	
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	164 528 000	
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	331 091 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	19 558 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	39 845 000	
	70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	20 800 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	150 755 000	
	73	Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, <i>kan overførast</i>	64 600 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	243 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	346 320 000	
	76	Refusjonsordninger, <i>overslagsløyving</i>	57 000 000	
	77	Diverse organisasjonar og stiftelsar m.m.	7 149 000	
	78	Friluftformål, <i>kan overførast</i>	103 588 000	
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under postane 39 og 69</i>	1 264 000	
	81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, <i>kan</i> <i>overførast, kan nyttast under post 21</i>	24 100 000	
	82	Tilskot til prioriterte arter og utvalde naturtypar, <i>kan overførast, kan</i> <i>nyttast under post 21</i>	28 089 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	1 434 000	
	85	Nasjonalparksenter og andre natur- informasjonssenter, <i>kan overførast</i>	52 700 000	2 817 997 000
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	15 000 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	30 600 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	11 500 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	27 600 000	84 700 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		2 902 697 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	135 348 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	41 735 000	
	50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 307 000	
	60	Kulturminnearbeid i kommunane	2 000 000	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	30 005 000	
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	120 402 000	
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	58 821 000	
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	41 997 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	51 712 000	
	75	Tilskot til fartøyvernsepter, <i>kan overførast</i>	6 726 000	
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	8 264 000	
	79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	49 202 000	
	80	Tilskotsordning for avgiftskompensasjon	7 000 000	556 519 000
1432		Norsk kulturminnefond		
	50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	63 590 000	63 590 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		620 109 000
		Kart, geodata og eigedomsinformasjon		
1465		Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur		
	01	Driftsutgifter	222 699 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	487 334 000	
	30	Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund, <i>kan overførast</i>	65 000 000	775 033 000
2465		Statens kartverk		
	24	Driftsresultat:		
		1 Driftsinntekter	-1 112 033 000	
		2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	1 093 449 000	
		3 Avskrivningar	16 674 000	
		4 Renter av statens kapital	1 910 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 288 000	15 288 000
		Sum Kart, geodata og eigedomsinformasjon		790 321 000
		Nord- og polarområda		
1471		Norsk Polarinstitut		
	01	Driftsutgifter	205 903 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	69 542 000	
	50	Stipend	498 000	275 943 000
1472		Svalbard miljøvernfond		
	50	Overføringar til Svalbard miljøvernfond	12 320 000	12 320 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>		4 298 000	
	50 Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>		20 000 000	
	70 Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>		28 000 000	52 298 000
	Sum Nord- og polarområda			340 561 000
	Sum departementets utgifter			6 004 115 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
4400	Miljøverndepartementet			
	02 Diverse inntekter		383 000	
	03 Refusjon frå Utanriksdepartementet		1 576 000	1 959 000
	Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			1 959 000
	Klima, naturmangfald og forureining			
4420	Miljødirektoratet			
	01 Oppdrag og andre diverse inntekter		1 363 000	
	02 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar		567 000	
	04 Gebyr, forureiningsområdet		29 759 000	
	06 Gebyr, fylkas miljøvernnavdelingar		27 000 000	
	07 Gebyr, kvotesystemet		10 600 000	
	08 Gebyr, naturforvaltningsområdet		4 298 000	
	09 Internasjonale oppdrag		29 084 000	102 671 000
	Sum Klima, naturmangfald og forureining			102 671 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Kulturminne og kulturmiljø				
4429	Riksantikvaren			
	02 Refusjonar og diverse inntekter		4 020 000	
	09 Internasjonale oppdrag		1 139 000	5 159 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø			5 159 000
Kart, geodata og eigedomsinformasjon				
4465	Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur			
	01 Gebyrinntekter tinglysing, burettslag		57 900 000	
	02 Gebyrinntekter tinglysing, fast eigedom		320 000 000	377 900 000
	Sum Kart, geodata og eigedomsinformasjon			377 900 000
Nord- og polarområda				
4471	Norsk Polarinstitut			
	01 Sals- og utleigeinntekter		10 038 000	
	03 Inntekter frå diverse tenesteyting		55 327 000	
	21 Inntekter, Antarktis		12 358 000	77 723 000
	Sum Nord- og polarområda			77 723 000
Skattar og avgifter				
5578	Sektoravgifter under Miljøverndepartementet			
	70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond		12 320 000	
	71 Jeger- og fellingsavgifter		75 200 000	
	72 Fiskaravgifter		18 000 000	105 520 000
	Sum Skattar og avgifter			105 520 000
Sum departementets inntekter				670 932 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1420 post 01	kap. 4420 postane 01, 04, 06, 08 og 09
kap. 1420 post 25	kap. 4420 post 02
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1465 post 01	kap. 4465 post 01
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

2. overskride løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, med eit beløp som tilsvarer rekneskapsførte inntekter frå sal av anleggsmidlar under kap. 5465 Statens kartverk, post 49 Sal av anleggsmidlar. Unytta inntekter frå slikt sal kan takast med ved utrekning av overført beløp.

III

Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan omdisponere inntil 15 mill. kroner mellom kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur, post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter, og kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

IV

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan fråvike spesifikasjonane under kap. 2465 Statens Kartverk, post 24 Driftsresultat, ved bruk av reguleringsfondet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan foreta bestillingar:

1. av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	40,0 mill. kroner
1420		Miljødirektoratet	
	31	Tiltak i verneområder	3,0 mill. kroner

2. av kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 1465 Statens kartverk, arbeid med tinglysing og nasjonal geografisk infrastruktur, post 21 Spesielle driftsutgifter, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 50 mill. kroner.

VI

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	55,0 mill. kroner
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar	3,9 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern	116,4 mill. kroner
	78	Friluftsmål	18,0 mill. kroner
	85	Nasjonalsenter og andre naturinformasjonssenter	2,0 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	30,0 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10,0 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	12,0 mill. kroner

VII


Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2014 kan ta på seg forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 182,2 mill. kroner.

VIII

Kostnadsramme for prosjektet «Jordobservatorium i Ny-Ålesund»

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet kan gjennomføre prosjektet «Jordobservatorium i Ny-Ålesund» innanfor ei kostnadsramme på 355 mill. kroner.



Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Oslo AS – 10/2013

